

Frå individuell aggresjon til sosiale prosessar

Mobbeforskingas etablering og utvikling i skjeringspunktet
mellom vitskap og politikk

Cecilie Boge



Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d)
ved Universitetet i Bergen

2016

Dato for disputas: 9. desember 2016

Abstract

The history of bullying research.

Establishment and development in the intersection point between science and politics

In 1969 the Swedish school physician Peter-Paul Heinemann published an article in a Swedish journal about a certain behaviour he had observed in the schoolyard where he worked. He named the behaviour 'mobbing' from the English word 'mob', later translated back into English as 'bullying'. Heinemann explained bullying as group harassment and/or isolation of a single child due to some sort of deviancy. Bullying as a phenomenon was old, but the concept was new.

Since the 1970s, psychologists and educationalists have tried to find out what causes school bullying, what can be done to prevent it and what one can do when it is already a problem. This research has led to numerous books and articles on the subject, and a number of prevention programmes. Traditionally, research on bullying has been carried out by psychologists and educationalists and the last decade also by sociologists and philosophers, among others. So far, research on bullying has not been an issue for historians. As research on bullying is uncharted land for the history of science, the thesis takes a rather broad approach to the field. Several different theories and methods have been used to analyse different approaches to the bullying problem.

The first part of the thesis discusses the problem of problematisation and consolidation of the concept and its content. Why did Heinemann problematise this specific behaviour in 1969 and not earlier or later? The image of children and childhood changed profoundly during the 20th Century, as did society itself. Swedish children around 1970 spent more time with their peers in kindergarten and school than ever before and children's relations became increasingly interesting for researchers. In addition, Heinemann linked bullying to contemporary Swedish problems such as the growth of suburban areas and big schools, immigration and xenophobia. The concept of bullying captured many of these modern concerns in contemporary Sweden and might explain why the concept caught on so quickly in schools, the media and society as a whole.

The concept's content changed during the 1970s, when the Swedish psychologist Dan Olweus entered the scene. Heinemann had originally defined bullying as an 'all against one'-

behaviour, but Olweus' main focus was on individual aggressive boys and the stability of aggression over time. To make bullying fit his existing research on aggressive boys, he also included individual bullying in the concept and succeeded with this subtle reformulation of the concept. Olweus was the first researcher that published an empirically based study on bullying and he is normally regarded as the founding father of bullying research. His work has had a profound impact on Scandinavian and international research on bullying. Several researchers describe it as paradigmatic, with reference to Thomas Kuhn.

During the 1970s, bullying came to be regarded as one of the major social problems in Norwegian schools. Media and many researchers considered the decennium a break with the past, as the modern way of life was profoundly different from the traditional rural life. Many, especially politicians on the right, saw bullying as a symptom of a "moral recession" due to the Norwegian Labour party's unsuccessful educational policy, according to the same politicians.

In 1983 bullying was to become even more politicised when three Norwegian children aged 10-13 committed suicide after being bullied. The newly elected Minister of education from the Conservative Party was eager to show initiative and initiated a nationwide anti-bullying campaign and survey. Both Dan Olweus and the Norwegian educationalist and researcher Erling Roland were members of the campaign committee, and Olweus was responsible for the survey and analysis of the data. A few years later, both Olweus and Roland developed bullying prevention programmes based on the same campaign, and these programmes are among the most used programmes in Norwegian schools today.

In his book, *Ways of knowing. A New History of Science, Technology and Medicine* (2001), the British historian of science John Pickstone presented five different ways of knowing. One of these ways is *technoscience*, described by Pickstone as "a way of *knowing* and a way of *making*". This is a fruitful perspective that enhances the different interests connected to the development of prevention programmes: research on bullying, (political) preventive action and evaluation of the prevention programmes.

The thesis' analysis shows that one of the reasons for Dan Olweus' success as a supplier of terms within the research field of bullying, was the fact that he was the first to publish empirical studies on the problem. Since his was the first study in the field, more or less all findings in the early studies on bullying were compared with Olweus' results. In

addition, the nationwide campaign and survey in 1983 provided him with a huge empirical material that hardly any other study could match. Besides, in several studies he found about 50 % reduction of bullying related problems by using his prevention programme. Put together, this led to what has been called a paradigmatic position within the research field.

In Norway both Dan Olweus and Erling Roland dominated the research on bullying in different ways. First as developers of prevention programmes and second as advisors for politicians in repeated efforts to deal with the problem of bullying in Norwegian schools. Politicians needed the researchers' competence and at the same time the researchers benefitted from this relationship as the national school authorities recommended all Norwegian schools to use an approved prevention programme, among these, Olweus and Roland's prevention programmes.

These close ties with the political power enhanced Olweus and Roland's dominant position in the research field of bullying. Since the turn of the millennium it has been more and more obvious that the research centre at the University of Stavanger founded by Erling Roland is the centre of gravity in Norway when it comes to developing new theories on bullying. In spite of this, Norwegian bullying research is limited to a rather narrow field of interest compared to the development in Sweden and Denmark. In Sweden research on bullying has been more critical to the existing bullying research and at the same time has broadened the field by introducing sociological perspectives. Danish research on bullying claims to produce research within a second paradigm of bullying research by presenting new theories and new perspectives. Time will show whether these new perspectives are fruitful.

Forord

Denne avhandlinga hadde aldri blitt noko av, hadde det ikkje vore for tre personar.

Tusen takk til Jan Oldervoll for at du oppmoda meg til å setja i gang med ein ph.d., for å lufta ideen for Astri og sist og ikkje minst for leggja alt til rette for at arbeidet var mogeleg å gjennomføra ved sidan av dei daglege pliktene for Kark: tilrettelegging av arbeidstid, økonomiske midlar og frikjøp av tid. Tusen takk for støtta, som sjef, kollega og ven gjennom heile perioden og særleg takk for uvurderlege tilbakemeldingar i innspurten.

Tusen takk til Svein Kåre Sture, "verdast greiaste kollega", som utan å blunka har delt forskingstida si med meg og som har utført mine plikter og mitt arbeid slik at eg har fått samanhengande tid til å arbeida med avhandlinga.

Og sist, men ikkje minst, tusen takk til Astri Andresen, for ideen om å skriva om mobbeforskning og for at du tok på det arbeidet med å rettleia meg utan at eg formelt var tatt opp på forskarutdanninga. Takk for tallause samtalar og diskusjonar, for timevis med lesing, for hyggelege konferansereiser og for stødige rettleiing. Det har vore ei stor glede.

Takk til alle i forskargruppa Helse, velferd og vitskapshistorie for gode, inspirerende, kritiske og konstruktive tilbakemeldingar på seminara. Særleg takk til alle som deltok på sluttseminaret mitt 2. mars 2016, først og fremst Svein Atle Skålevåg som "ekstern" lesar og som fekk meg inn på eit konstruktivt teorispor, og takk til Tore Grønlie som ekstra "støttekontakt" i innspurten.

Tusen takk til gode og nære kollegaer gjennom mange år: Jan, Svein, Frode, Arne, Camilla, Svein Atle, Sven-Erik, Deirdre, Anne Mailin og Dunja. Takk for kvar og ein av dei fantastiske og daglege lunsjane i 3. etasje i Dokkeveien 2b om sykling og dromedarar, om historie, mat og politikk. Og tusenvis av andre tema. Takk til Britt Holsen og Jan Heiret ved AHKR for tilrettelegging og frikjøp av forskingstid og takk til Kjersti G. Berg som stødige vikarierte for meg.

Til slutt: takk til mamma og pappa, Hallgjerd og Finn Magne, for uendeleg støtte, hjelp og tallause barnevakter. Takk til Eldbjørg og Harald for barnevakter og ikkje minst ei stor takk til Eldbjørg for språkkorrektur.

Men den største takka går til dei som står meg nærast: Hallvard, Ivar og Elsa.

1. Innleiing	7
Problemstillingar	8
Teori og metode.....	11
Kjeldematerialet.....	18
<i>Forskingslitteratur</i>	18
<i>Politiske dokument, rapportar, aviser og tidsskrift</i>	21
<i>Avgrensingar</i>	23
Litteratur om mobbeforsking.....	23
Disposisjon	26
2. Psykologisering og institusjonalisering av barndomen	29
Nye forklaringsmodellar – frå arv til miljø	30
<i>Morstilknytning og morssentrisme</i>	31
Endringar i synet på barnet – frå det universelle til det spesielle.....	34
<i>Frå "det sårbare barnet" til "det medverkande barnet"</i>	36
Utbygginga av den offentlege skulen.....	40
Auka institusjonalisering og endra familiestrukturar.....	41
Ny interesse for relasjonar mellom barn	44
<i>Konklusjon</i>	46
3. 'Mobbing' – kampen om eit nytt omgrep	49
Mobbing som isolasjon og aggresjon	51
<i>Aggresjonsteoriar</i>	53
<i>Heinemann si aggresjonsforståing og den svenske historiske konteksten</i>	55
Mobbing på den svenske nasjonale agendaen	57
Omgrepet blir vitenskapleggjort	60
<i>Gruppa vs. individet: Mobbing eller hakkekylling/skulebølle-problematikk?</i>	63
<i>Nye vitenskaplege "sanningar" om mobbing</i>	66
<i>Medisin mot mobbing</i>	69
" Når skoledagen blir et helvete"	71
<i>"Mobbing – det angår skolen"</i>	72
<i>Alvoret aukar</i>	74
<i>"Øker vi mobbingen ved å gi den navn?"</i>	76
Profesjonsdisputt om mobbing og metode	78
<i>Konklusjon</i>	81
4. Det problematiske skulemiljøet.....	83
Sosiale problem.....	85
Skulepolitikken i etterkrigstidstida: Frå semje til opprør	86
<i>Ungdomsutvalet</i>	88
Normoppløysing, mobbing og uro i skulen	91
<i>Det farlege læraryrket</i>	92
<i>Feila utdanningspolitikk?</i>	95
<i>Politisk høgrevind</i>	98
<i>Kvifor normkrise?</i>	100
Skulemiljøet som politisk tema	104
<i>Om skulemiljøet</i>	105
<i>Skolans arbetsmiljö</i>	108

"Skolegårdene er skreddersydd for slagsmål"	109
Mobbing som sosialt problem?	114
Tal på mobbing	116
Konklusjon	118
5. 1983: Handlingsplan mot mobbing	121
Nyttårsstorm i massemedia	122
Sjølvmord i media	124
Olweus lanserer handlingsprogram i ni punkt	127
Erling Rolands strategi	133
Ministeren tar affære	135
Eit skjema til bry	136
Kampen om kampanjen: felles behov – motstridande interesser	141
Aksjon mot mobbing	145
Sjølvreleksjon og etterpåkløskap	147
"Sjokkrapporten"	149
Bergensundersøkinga: kraftig reduksjon i mobbing	152
Janusprosjektet: auke i mobbing	153
Konklusjon	156
6. Konsolideringa av mobbeforskinga	159
Olweus sin metode	160
Sjølvrappoteringskjema	163
Vitskapleg legitimering	165
Olweus Bullying Questionnaire	167
Tidlege norske mobbestudiar	170
Nordisk mobbeforsking	173
Mobbeforskinga blir internasjonal: mobbekonferanse i Stavanger	175
Mobbing på den internasjonale agendaen	177
Ein internasjonal bestseljar og framveksten av eit tiltaksprogram	180
Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial adferd	183
Organisering av programmet	183
Evalueringsforsking og suksesshistoria om Olweusprogrammet	185
Konklusjon	191
7. 1995-2005: Ny politisk giv og Manifest mot mobbing	193
Ny normkrise og mobbelov	194
Mobbeføresegn og elevane sitt arbeidsmiljø	196
Nytt forskingssenter og ny nasjonal satsing mot mobbing	201
1996-aksjonen – forløparen til ZERO	203
Mobbingsens psykologi	207
Foreldrerettleiing og forskingsstønad	208
Nye tiltak, men verka dei?	210
Manifest mot mobbing	213
Manifesteffekt	217
Ein programmetta skule?	219
Konklusjon	221

8. Paradigmeskifte?	223
Ny svensk vitenskapelig interesse for mobbing	224
<i>Mobbing som uttrykk for makt</i>	226
<i>Triggermekanismer og sosiale system</i>	229
<i>Mobbing som sosial konstruksjon?</i>	230
Skolverket som generator for ny mobbeforskning	233
Forskarane møtest	234
eXbus	239
Internasjonal mobbeforskning	244
<i>Mobbeforskinga blir teoretisert</i>	246
Tiltak mot mobbing – verkar, verkar ikkje?	248
<i>Utværdering av metoder mot mobbing</i>	249
<i>"Den store norske mobbekrigen"</i>	251
<i>Campbell-rapporten</i>	253
Ny norsk tiltaksdebatt og Djupedalutvalet	256
<i>Felles fokus</i>	259
<i>Å høre til</i>	261
<i>Djupedalutvalet om mobbeomgrepet</i>	263
<i>Partnerskap mot mobbing</i>	266
<i>Konklusjon</i>	267
9. Konklusjon	269
<i>Forminga av eit problemfelt</i>	270
<i>Handlingsplan mot mobbing: felles behov og motstridande interesser</i>	273
<i>Tiltaksprogram og teknovitskapleg mobbeforskning</i>	276
<i>Eit nytt paradigme?</i>	279
10. Kjelder og litteratur	281
Forkortingar i notane	281
Utrykte kjelder	281
<i>Riksarkivet (RA)</i>	281
Trykte kjelder og litteratur	282

Kapittel 1:

Innleiing

Ein dag i andre halvdel av 1960-talet sat den svenske kirurgen og skulelegen Peter-Paul Heinemann på ein flaggbalkong heilt oppunder taket på skulen der han arbeidde. Frå balkongplassen sin kunne han observera skuleelevane si åtferd på skuleplassen i friminuttane utan å bli sett.¹ Ettersom det ikkje var vanleg i svenske skular på denne tida at lærarane gjekk inspeksjon, fekk elevane stort sett vera uforstyrra i friminuttane, men frå lærarrommet på skulen hadde lærarane utsikt over halve skuleplassen. Åtferda til elevane på den delen av skuleplassen lærarane kunne sjå vekte lite merksemd. I blindsonen til lærarane hadde derimot Heinemann oppdaga at elevane oppførte seg heilt annleis. I skjul frå flaggbalkongen observerte Heinemann korleis ei gruppe barn gjekk fysisk til åtak på eit enkelt barn. Det utsette barnet hadde gjerne eit ytre avvik av eitt eller anna slag, og skulelegen Heinemann hadde sett den same åtferda før, men då mot sonen som var adoptert frå eit afrikansk land. Seinhaustes 1969 publiserte Peter Paul Heinemann ein artikkel i det svenske tidsskriftet *Liberal Debatt* der han presenterte denne åtferda og sette eit namn på problemet: *mobbing*.²

Knappe 50 år seinare gir eit kjapt Google-søk på ordet "mobbing" rundt 10 millionar treff, medan det engelske ordet for mobbing, "bullying", gir svimlande 109 millionar treff.³ Mobbing er eit stort og dagsaktuelt problem i skulen, både i inn- og utland. Norske aviser inneheld nesten dagleg artiklar om mobbing og om kva tiltak ein bør setja inn for å få bukt med problemet. Frå å vera eit nyord i ein svensk artikkel i 1969, er mobbing i 2016 tema for eit stort internasjonalt forskingsfelt. Tiltak mot mobbing er ein viktig del av dette feltet, ikkje berre for forskarar, men også for skulefolk og politikarar.

Denne avhandlinga handlar om mobbeforskingas etablering, forming og utvikling, frå årestaden Sverige, via Noreg og ut i verda. Skulelegen Peter-Paul Heinemann sette ord på eit fenomen blant barn som på ingen måte var noko nytt i 1969, det nye var at han problematiserte og namngav fenomenet. Heinemann såg på åtferda som eit forstadium til

¹ Heinemann 1972: 165.

² Heinemann 1969: 13.

³ Juni 2016.

apartheid, og i tillegg kopla han mobbing til aggresjon og til samtidige samfunnsproblem i Sverige, som urbanisering og framandfrykt. Denne sistnemnte koplinga skulle bli viktig for spreininga av omgrepet i offentlegheita gjennom media, medan koplinga til aggresjon skulle bli viktig for kva retning mobbeforskinga skulle ta. I 1972 gav Heinemann ut boka *Mobbning – gruppvåld bland barn och vuxna* som fekk stor merksemd, men det var ei anna bok som skulle danna presedens innan mobbeforskinga, boka *Hackkycklingar och översittare – forskning om skolmobbing* frå 1973.⁴ Denne boka var skriven av ein annan svenske, psykologen og aggresjonsforskarer Dan Olweus, som i 1970 blei tilsett som professor i personlegdomspsykologi ved Universitetet i Bergen. *Hackkycklingar og skolebøller*, som boka heiter på norsk, blir rekna å verda verdas første empiriske mobbestudie, og boka blir sett på som så viktig for forskingsfeltet at Dan Olweus blir kalla "mobbeforskinga far".⁵

Mobbeforsking var dei første ti åra eit utelukkande svensk-norsk felt og den historiske konteksten, og dermed den geografiske avgrensinga for avhandlinga, er først og fremst Noreg, men med stadige austvendte blikk mot Sverige og i det siste kapitlet også sørover til Danmark. Utover på 1980-talet spreidde interessa for mobbing og dermed mobbeforskinga seg til Finland og frå slutten av 1980-talet, også ut i Europa og resten av verda. Vi skal følgja mobbeforskinga, frå det vitskaplege og politiske grunnlaget blir lagt i tida etter andre verdskrigen, og heilt fram til i dag.

Problemstillingar

I 2002 kom rapporten *Skolan – en arena för mobbning. En forskningsöversikt och diskussion kring mobbning i skolan*, utgitt av det svenske Skolverket.⁶ Rapporten var skriven av fire svenske forskarar innan sosialt arbeid og sosiologi som hadde analysert 116 vitskaplege artiklar om mobbing for å skaffa ei oversikt over forskinga på feltet.⁷ Resultatet av analysane

⁴ Heinemann 1972 og Olweus 1973a. Boka til Heinemann kom på norsk i 1973 (Heinemann 1973) og boka til Olweus kom på norsk i 1974 (Olweus 1974a).

⁵ Koops 2012: 517, *American Psychologist* 2011 66 (8), s. 814 og *American Psychologist* 2012, 67 (8), s. 673. Sjå også Smith and Morita 1999: 2, Juvonen and Graham 2001: xiv, Eriksson mfl. 2002: 19, Smith 2014: 13.

⁶ Skolverket er forvaltningsmyndigheit for skulane, førskulane, samt anna pedagogisk verksemd i Sverige og har det nasjonale ansvaret for tilsyn, kontroll, oppfølging, evaluering og utvikling av skulen etter dei måla og retningslinjene som regjeringa og Riksdagen gir. Sjå <http://www.skolverket.se>.

⁷ Forfattarane Björn Eriksson, Odd Lindberg, Erik Flygare og Kristian Daneback analyserte artiklane ut frå desse sju spørsmål:

viste at nesten all forskning om mobbing var gjort innanfor disiplinane psykologi og pedagogikk, og dessutan fann dei at forskinga nesten utelukkande var basert på det dei kallar eit "individualistisk perspektiv".⁸ Dette betyr at forskarane finn årsakene til mobbing i individet sine aggressive disposisjonar, noko som kan forsterkast eller dempast av bestemte faktorar i omgivingane, som til dømes manglande kjærleik frå foreldra i tidlege barneår, fysisk straff og toleranse for aggressiv åtferd.⁹ Den fremste representanten for dette perspektivet er Dan Olweus, som i følge dei svenske forskarane har hatt ein betydeleg påverknad: tre av fem artiklar var baserte på Dan Olweus si individualpsykologiske forståing av mobbing. I tillegg nytta to av fem studiar eit spørjeskjema utvikla av Olweus, *The Olweus Bullying Questionnaire*, for å kartleggja omfanget av mobbeproblematikken. Dette skjemaet inneheld mellom anna Olweus sin definisjon av mobbing, noko som vidare legg premisser for kva som blir undersøkt. Dei svenske forfattarane konkluderer med at

Olweus forskningsinsatser utgör ett mönsterexempel som styr forskningen i fråga om vad som är problem och hur dessa löses. Detta paradigm talar om vad mobbning är (ontologi), den anvisar vägen till giltig kunskap (epistemologi) och lämpliga tillvägagångssätt för datainsamling (metod).¹⁰

I kva grad Olweus si forskning kan seiast å vera paradigmatisk i betydninga "mønsterexempel" er ikkje eit spørsmål eg kjem til å diskutera i denne avhandlinga. Det forfattarane av rapporten først og fremst slår fast, er at Olweus si forståing av problematikken har stått svært sterkt innan mobbeforskinga.

Den overordna tematikken for avhandlinga er altså å drøfta etableringa, forminga og utviklinga av mobbeforskinga. Kvifor blei mobbing problematisert av Heinemann i 1969, og ikkje før eller etter? Korleis blei mobbeomgrepet endra når forskarane kom på banen og korleis var deira oppfatning av problemet samanlikna med oppfatninga i offentlegheita, media og skuleverket? Eit viktig spørsmål i denne tidlege fasen er å drøfta korleis

-
- Vilken definition av mobbning används i artikeln?
 - Vad har artikeln för syfte?
 - Vilken forskningsdesign använder författarna?
 - Vilket/a urval har gjorts?
 - Vilken/a datanivåer används?
 - Vilka analysmetoder har använts?
 - Vilka resultat uppnås? (Eriksson mfl. 2002: 25.)

⁸ Eriksson mfl. 2002: 10.

⁹ Eriksson mfl. 2002: 13.

¹⁰ Eriksson mfl. 2002: 98.

mobbeforskinga utvikla seg i lys av at mobbing blei problematisert og definert som eit sosialt problem. Korleis gjekk mobbing frå å vera noko ingen hadde høyrte om til eitt av dei største sosiale problema i norsk skule på berre ti år?

Nettopp anerkjenninga av mobbing som eit stort sosialt problem, meiner eg var ein heilt avgjerande premis for den politiske interessa for mobbing i første halvdel av 1980-talet. Politikarane trong hjelp for å finna løysingar på mobbeproblemet, og mobbeforskarar som Dan Olweus og Erling Roland, dåverande høgskolelektor ved Stavanger lærerhøgskole, stod klare med kunnskap og løysingar.¹¹ Politikarane og forskarane hadde felles behov, men var ikkje alltid einige om vegen fram til gode løysingar. Eit viktig tema i avhandlinga er å drøfta korleis dette samspelet mellom forskarane og politikarane utspelte seg i praksis – korleis var dynamikken? Og kva blei resultatet av dette samspelet?

Det forskarane kunne tilby politikarane var ikkje berre *kunnskap* om mobbing, men også *tiltak* mot mobbing. Mobbing kan få svært alvorlege konsekvensar for dei som blir utsette for det, og dette underliggjande moralske ansvaret for å hjelpa dei det gjeld, har vore ein integrert del av forskingsfeltet heilt sidan Heinemann introduserte omgrepet. Mange av forskarane har, i tillegg til å forska på sjølve mobbeproblematikken, også utvikla eigne tiltaksprogram mot mobbing som blir selt til kommunar og skular i både inn- og utland. I dag finst det eit tal slike tiltaksprogram i bruk i norsk skule, nokre spissa direkte mot mobbeproblematikken, andre med ei breiare tilnærming for å betra det sosiale miljøet på skulen.¹² To av dei mest brukte tiltaksprogramma mot mobbing i norsk skule, *Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd* og *Zero*, er til dømes utvikla av dei to mest markante mobbeforskarane i landet, Dan Olweus og Erling Roland. Begge desse programma har sitt utgangspunkt i ein politisk initiert kampanje mot mobbing frå hausten 1983, der både Olweus og Roland var med i handlingsgruppa for kampanjen.

Skolverket-rapporten frå 2002 slår fast at Olweus sitt perspektiv har dominert mobbeforskinga i over 30 år. Dette leier oss vidare til den siste samlinga av problemstillingar: Korleis gjekk det til at forskingsfeltet blei så dominert av dette bestemte perspektivet, bygd på Olweus si forskning? Kva ligg det i dette såkalla individualistiske perspektivet? I kva grad

¹¹ Dan Olweus er i dag professor emeritus/forskingseiar I ved Olweusgruppen, Uni Research Helse – RKBU (Regionalt kunnskapssenter for barn og unge) i Bergen, medan Erling Roland er professor i spesialpedagogikk ved Læringsmiljøsentret, Universitetet i Stavanger.

¹² Sjå Rapport 2000, Nordahl mfl. 2006, Farrington & Ttofi 2009, Lødding og Vibe 2010, Utdanningsdirektoratet 2012 og Eriksen mfl. 2014.

har symbiosen mellom politikarane og utviklarane av tiltaksprogramma spelt ei rolle for denne dominansen? Kva kjenneteiknar forskingsfeltet metodisk og teoretisk, og korleis blei forskinga spreidd ut i verda?

Dei svenske forskarane bak rapporten frå 2002 etterlyste alternative perspektiv på mobbing, og særleg ønskte dei å få sosiologane på banen. Kva har skjedd innan forskingsfeltet dei 14 åra som har gått sidan rapporten kom? Er mobbeforskning i dag også prega av andre fagfelt enn psykologi og pedagogikk og korleis ser forskingsfeltet ut i Sverige og Danmark, samanlikna med Noreg?

Som hjelp til å strukturera dei ulike diskusjonane i avhandlinga, har eg funne fram til eit sett ulike teoriar. Nokre av teoriene blir kopla til fleire diskusjonar, andre til enkeltdiskusjonar. Felles er at teoriene har vore nyttige som reiskapar for å framheva det eg meiner er viktige aspekt ved utviklinga av mobbeforskinga.

Teori og metode

Eksisterte mobbing før Peter-Paul Heinemann fann opp ordet mobbing? Kvifor problematiserte kirurgen nettopp denne åtferda blant barn? Den franske vitkapsfilosofen Michel Foucault held i 1983 eit seminar på University of California, Berkeley, der han mellom anna drøfta nettopp problematisering. I seminaret framheva han viktigheita av å *analysera problematiseringsprosessen*, altså finna ut korleis og kvifor spesielle ting (åtferd, fenomen, prosessar) blei eit problem.¹³ Og det er særleg relasjonen mellom det som blir problematisert og problematiseringsprosessen som er viktig for Foucault: "The problematization is an answer to a concrete situation which is real. (...) a given problematization is not an effect or consequence of a historical context or situation, but is an answer given by definite individuals."¹⁴ Foucault er altså tydeleg på at problematisering er eit svar på ein konkret situasjon, ikkje ein konsekvens av ein kontekst. Overført til Heinemanns problematisering av relasjonar mellom barn i 1969, var altså denne problematiseringa eit svar på ulike situasjonar som oppstod og ikkje ein konsekvens av

¹³ Foucault 1988: 17.

¹⁴ Foucault 1988: 17.

konteksten. I kapittel 2 skal eg drøfta om desse finare distinksjonane lar seg skilja, eller om problematiseringa av mobbing kan tilskrivast fleire ulike faktorar.

Ein viktig premis for avhandlinga er at eg ser mobbing som eit *sosialt problem*. Den svenske idéhistorikaren Anna Larsson har i fleire artiklar argumentert for at mobbing nettopp blei etablert som eit sosialt problem i Sverige tidleg på 1970-talet.¹⁵ Kva som til ei kvar tid blir definert som eit sosialt problem varierer med tid og rom, og Larsson viser korleis etableringa av mobbing som sosialt problem nettopp er kopla til problematiseringa av relasjonar mellom barn på slutten av 1960-talet. Anna Larsson skriv seg inn både i ein objektivistisk og ein konstruktivistisk tradisjon ved å sjå på fenomenet mobbing som noko som eksisterte før det blei sett ord på problemet, samstundes som ho peikar på at formuleringa og namngivinga av problemet også påverkar opplevinga og oppfatninga av fenomenet mobbing, både hos mobbeoffer, myndigheiter og offentlegheit.¹⁶ Dette er ein posisjon eg deler med Larsson og som vil vera eit utgangspunkt for avhandlinga. Mobbing som fenomen er gammalt, men etableringa av mobbing som problem og omgrep har ikkje berre påverka oppfatninga av mobbing, men også kva retning *forskinga* på mobbing skulle ta.

Ein variant av denne posisjonen er det den kanadiske vitenskapsfilosofen Ian Hacking kallar "making up people": "Sometimes, our sciences create kinds of people that in a certain sense did not exist before."¹⁷ I artikkelen "Making up people" hevdar han at klassifisering av menneske (t.d. gjennom diagnostisering) påverkar dei menneska som er klassifiserte, som igjen endrar klassifiseringa, heilt på linje med den objektivistiske og konstruktivistiske tradisjonen Anna Larsson og denne avhandlinga skriv seg inn i.

Sosiale problem har vore ein del av det sosialkonstruktivistiske perspektivet innanfor sosiologien heilt sidan 1950-talet.¹⁸ Det finst ikkje ein felles definisjon på sosiale problem og to svenske forskarar i sosialt arbeid, Anna Meeuwisse og Hans Swärd, har difor gått gjennom etablerte definisjonar og litteratur på feltet, og gjennom dette arbeidet kom dei fram til sju ulike moment dei meiner kjenneteiknar sosiale problem:

- 1) Sosiale problemer har med samfund og struktur at gøre
- 2) Stor afstand mellem det ønskede og det uønskede, altså en uacceptabel situation

¹⁵ Larsson 2008a, 2010b.

¹⁶ Larsson 2010b: 137.

¹⁷ Hacking 2006: 23.

¹⁸ Den tverrfaglege foreininga, *The Society for the Study of Social Problems*, blei etablert i 1951 og har sidan starten arbeidd med spørsmål knytt til sosiale problem. Foreininga gir også ut tidsskriftet *Social Problems*. Sjå <http://www.sssp1.org> (lasta ned 16.03.2016).

- 3) Problemer har med den "sociale sfære" at gøre
- 4) Et signifikant antal personer eller noget der vokser
- 5) Problemerne er synlige
- 6) Indsatser er mulige og nødvendige
- 7) Samfunnmessigt ansvar for at forandre situationen.¹⁹

Desse aspekta dannar også grunnlaget for Larsson sin diskusjon om etableringa av mobbing som sosialt problem i Sverige. Meeuwisse og Swärd fann i litteraturgjennomgangen sin at bruken av omgrepet *sociale problem* i Norden i større grad er knytt til visse delar av sosialforvaltningas arbeidsoppgåver og klientgrupper, samanlikna med til dømes USA.²⁰ Dette heng saman med at den nordiske velferdsmodellen er karakterisert ved staten si sterke stilling, noko som også inkluderer at staten har ansvar for å førebygga sosiale problem:

Krav om offentlige løsninger, universalisme og solidaritet har medført at markedets, familiens og frivillige organisationers betydning i det sociale arbejde er mindre end i andre velfærdssystemer. (...) Statens stærke stilling i de nordiske lande har bl.a. givet sig udtryk i en interventionstilbøjelighed der savner sidestykke i mange andre lande.²¹

Og nettopp denne koplinga til velferdssystema i Sverige og Noreg er eit viktig bakteppe for å forstå problematiseringa av mobbeåtferda på slutten av 1960-talet og ikkje minst for etableringa av mobbing som sosialt problem. Med desse sju aspekta til Meeuwisse og Swärd som utgangspunkt, kjem eg i kapittel fire til å drøfta korleis mobbing blei etablert som eit sosialt problem utover på 1980-talet.

Ein annan viktig premis for diskusjonen min, er at eg forstår mobbeforskning som ei særeigen kunnskapsform, ein eigen måte å *vita* på. Denne vitemåten er mellom anna kjenneteikna av at forskinga produserer noko. Eit avgjerande poeng blir dermed å forstå *kva slags kunnskapsform* mobbeforskning er og kva den produserer.

Den britiske vitenskapshistorikaren John Pickstone presenterte i boka *Ways of knowing. A New History of Science, Technology and Medicine* frå 2001, eit kart til å forstå vitenskap, teknologi og medisin. Her forsøkte han å bryta opp det altomfattande vitenskapsomgrepet gjennom å presentera fem ulike måtar å *vita* på; *world readings, natural history, analysis, experimentalism* og *technoscience*.²² Til forskjell frå til dømes Thomas Kuhns paradigmeomgrep, opptre ikkje desse vitemåtane berre suksessivt, men også transhistorisk

¹⁹ Meeuwisse og Swärd 2004: 32-34 (dansk utgåve).

²⁰ Meeuwisse og Swärd 2004: 35.

²¹ Meeuwisse og Swärd 2004: 43.

²² Pickstone 2001: 3.

eller parallelt, uavhengig av disiplinær og av ulike historiske epokar. Dette opnar for å sjå det "store biletet" og ikkje minst for analyse og komparasjon, hevdar Pickstone.²³

I følgje John Pickstone er *naturhistorien* som vitemåte kjenneteikna av ei trong til å samla, beskriva og klassifisera kunnskap. Kjernen i denne vitemåten handlar om sortering, eit ord Pickstone nyttar i mangel på eit betre.²⁴ Delar av den etablerte mobbeforskinga er prega av denne vitemåten, der mykje av forskinga handlar nettopp om å undersøkje kva som kjenneteiknar individa som er mobbar og/eller mobbeoffer – altså ei form for klassifisering gjennom dualismen mobbar/offer. Eit anna viktig aspekt ved denne forståinga av mobbeproblematikken handlar om å finna identifiserande trekk ved mobbingas vesen, samt å få oversikt over utbreiinga og omfanget av mobbing, på same måten som epidemiologien gjer det. Mange av desse studiane nyttar også kvantitative metodar, nettopp for å kunna utnytta konvensjonelle statistiske metodar i analysen av data.²⁵

Men mobbeforsking er i stor grad også prega av det Pickstone kallar ein *analytisk* vitemåte. I følgje Pickstone, er denne vitemåten kjenneteikna ved at ein deler studieobjektet opp i mindre delar for så å studera desse. Som eksempel på ein slik vitemåte, viser Pickstone innleiingsvis i analysekapitlet i boka til alle dei ulike måtane kroppen blir undersøkt på eit sjukehus:

(...) by post-mortem anatomies or microscopical specimens, by chemical analysis of blood and solid tissues, by immunological testing for antibodies, by electrical sensors such as electrocardiograms (ECGs) and electroencephalograms (EEGs), or by imaging techniques from X-rays to magnetic-resonance scanners.²⁶

Kroppens mange delar kan bli undersøkt og analysert med eit uttal ulike metodar og innfallsvinklar. Pickstone framhevar gong på gong at fleire av vitemåtane kan opptre samstundes og parallelt, og slik ser eg det også innanfor mobbeforskinga.

Dersom analysen handlar om å dela opp i mindre delar, handlar *eksperimentet* om setja saman delar, altså korleis ein set saman ulike element i kontrollerte former for å koma fram til nye fenomen, til dømes i eit laboratorium. Både denne vitemåten og den Pickstone kallar *world readings*, eller hermeneutikk, er lite relevante for dette arbeidet. Sistnemnte

²³ Pickstone 2001: 5.

²⁴ Pickstone 2011: 237.

²⁵ Sjø t.d. Olweus 1974a: 32ff.

²⁶ Pickstone 2001: 106.

referer til ulike "forståingar" og tolkingar av verda, på same som vi tolkar tekstar, kunst eller naturen.²⁷

Men det som først og fremst skil Pickstones teori frå andre teoriar om vitskapens framvekst, er måten han koplpar desse vitemåtane med ulike måtar å produsera eller laga ting på:

I am interested in the ways in which knowledge is built into commodities or other products, such as new pharmaceuticals or new weapons. I use the term *technoscience* for technological projects which are heavily dependent on science (or vice versa).²⁸

Pickstone sitt hovudpoeng var altså å flytta fokuset frå vitskapens argumentasjon til vitskapens produksjon, for dermed å få eit anna blick på vitskaphistoria enn ein tradisjonelt har hatt. Og det er nettopp denne delen av teorien eg koplpar til utviklinga av mobbeforskinga.

Teknovitskap blei av John Pickstone brukt om teknologiske prosjekt og om materielle handelsartiklar eller handelsvarer, men i denne samanhengen nyttar eg altså omgrepet for å få eit grep om utviklinga av tiltaksprogram mot mobbing. Her er det viktig å poengtera at eg ser bort frå det reint teknologiske i teorien og knyter i staden avhandlingsarbeidet an til den delen av teorien som handlar om *produksjon*.²⁹

I ein artikkel frå 1993 skreiv Pickstone at han hadde henta termen frå den franske vitskapssosiologen Bruno Latour, "but [I] give it a specific historical meaning for fields where knowledge and practice and the economy were intimately related, where knowledge was saleable".³⁰ Pickstone såg nemleg på teknovitskap som noko syntetisk og dynamisk som knyter saman interessa til *politikarane, forskarane og kommersielle krefter*. Sistnemnte treng ikkje nødvendigvis vera kommersielle bedrifter og liknande, det kan også vera forskingsinstitutt som sel tenester, i denne avhandlinga forstått som tiltaksprogram mot mobbing.³¹ Denne koplinga av dei tre interessepartane er det som er det nye med Pickstone sin teori og som er den delen av teorien eg dreg mest nytte av. Koplinga blir dessutan ekstra tydeleg når Pickstone understreka at vi kan sjå "technoscience as a way of *knowing and a*

²⁷ Pickstone 2001: 15.

²⁸ Pickstone 2001: 3.

²⁹ Om vi nyttar eit utvida teknologiomgrep, kan vi sjå på *Olweus Bullying Questionnaire* som ein form for styringsteknologi.

³⁰ Picstone 1993: 438.

³¹ Pickstone 2001: 13-15.

way of making".³² Ei viktig avgrensing knytt til denne drøftinga, er at eg ikkje kjem til å vurdera betydinga av dei økonomiske interessene knytt til tiltaksprogramma, men berre konstatera at dei har spelt ei rolle for utviklinga.

Ein ting er å få grep på samanhengen mellom vitskapen, politikken og utviklinga av tiltaksprogramma, men korleis blei forskinga og tiltaksprogramma spreidd? Den amerikanske historikaren Harold J. Cook argumenterer i boka *Matters of Exchange. Commerce, Medicine, and Science in the Dutch Golden Age*, at den sterke koplinga mellom handel og vitskap var den viktigaste drivkrafta bak den nederlandske gullalderen på 1600-talet. Som eksempel, refererer Cook til den medisinske handelsplassen der denne kunnskapen om objekta (fysiske varer) blei kopla med handel – til dømes korleis medisinsk kunnskap knytt til eksotiske medisinske planter flytta seg mellom ulike kontinent.³³ Cook nyttar ordet "'objectivity" as a term referring to matters that pertain to the knowledge of objects without reference to intuition or innate knowledge, the corporeal knowledge of things that can be experienced by the bodily senses, information from which can be exchanged."³⁴ Det sentrale i denne teorien er altså at det *følgjer med ein gitt kunnskap som er knytt til objektet som blir spreidd*.

I avhandlinga knyter eg an til ein modifisert variant av Cook sin teori, der det er nettopp denne *inkluderte kunnskapen* som er det viktige. Gjennom spreininga av *Olweus Bullying Questionnaire* – eitt av dei mest brukte verktøya for å undersøkje omfanget av mobbing på – følgjer det med eit bestemt perspektiv på mobbing og ein bestemt definisjon, som eg meiner har vore avgjerande for spreininga av Olweus si forskning. Dersom ein i tillegg tar i bruk Olweusprogrammet, er det ein heil *pakke* (eit objekt) som blir spreidd, ikkje berre ein bestemt metode som målar omfanget av problemet, men også ein bestemt definisjon og dermed eit bestemt forskingsperspektiv og eit tilhøyrande tiltaksprogram som skal løysa problemet.

Ei tilnærming til sirkulasjon av kunnskap som kan utfylla dette perspektivet, finn vi hos den kanadiske historikaren Pierre-Yves Saunier i boka *Transnational History* frå 2013. Innleiingsvis utdjuvar han kva han meiner er dei tre viktigaste utfordringane ("big issues") historikarar som arbeider med transnasjonal historie bør ha i mente:

³² Pickstone 2001: 163.

³³ Cook 2007: 2-3.

³⁴ Cook 2007: 19, sjå også Cook 2012: 124.

First is the historicisation of contacts between communities, polities and societies. (...) Secondly, the transnational perspective acknowledges and assesses foreign contributions to the design, discussion and implementation of domestic features within communities, polities and societies (...). Thirdly, transnational history deals with trends, patterns, organisations and individuals that have been living between and through these self-contained entities that we see as units of historical research.³⁵

I denne sammenhengen er det særleg det Saunier skriv om sirkulasjon av objekt, kunnskap, teknologiar og liknande, som er mest relevant. Korleis spreidde mobbeforskinga seg utanfor dei skandinaviske landa? Saunier framhevar at sirkulasjon ikkje er så ukomplisert som det ser ut til, og manar til å ha desse tre poenga i bakhovudet når ein arbeider med sirkulasjon: For det første er det viktig å hugsa at folk, idear og objekt ofte må endrast for å bli flytta, eller dei blir forandra *fordi* dei flyttar. Ulik kontekst fører ofte til ulik bruk og ulik forståing av det som blir flytta frå ein stad til ein annan. Det andre ein må hugsa på, i følge Saunier, er at sirkulasjon ikkje er ei rett fram-rørsle frå A til B, men at objekt eller kunnskap (manifisert i bøker eller artiklar) like gjerne kan vera tilgjengeleg både i A og B samstundes. Det tredje poenget er at sirkulasjonen definerer eit eige rom, der den sirkulære rørsle på mange måtar er konteksten.³⁶ Eg forstår denne konteksten som *forskarane sine møtestader*, til dømes ein konferanse eller workshop på eit universitet eller, i mobbeforskingssamanheng, seminar på ein skule.

Sirkulasjon av vitskap går først og fremst føre seg i vitskaplege publikasjonar, som tidsskrift og bøker. I tillegg er konferansar viktige møtepunkt for både forskarar, lærarar og innimellom også politikarar der forskingsfunn blir delt og drøfta. Denne innfallsvinkelen til kunnskapsspreiing dannar grunnlaget for kapittel 6, der eg drøftar nettopp korleis mobbeforskinga blir konsolidert og spreidd.

³⁵ Saunier 2013: 3.

³⁶ Saunier 2013: 62-64.

Kjeldematerialet

Utvalet av kjelder eg har nytta i dette avhandlingsarbeidet, heng saman med dei teoretiske innfallsvinklane eg nettopp har gått gjennom. Kjeldematerialet kan grovt delast inn i fire delar: forskningslitteratur (om mobbing), rapportar, politiske dokument og aviser og tidskrift.

Forsningslitteratur

Mobbeforskning er i 2016 eit stort internasjonalt forskingsfelt med eit stadig veksande tal publikasjonar kvart år. Dei fleste av desse publikasjonane er artiklar, bøker og antologiar som ofte følgjer ei bestemt oppskrift om *årsakene* til mobbing, kva som *kjenneteiknar* mobbing, kor stort problemet er og ikkje minst kva *tiltak* mot mobbing som har vist seg effektive. Etersom forskingsfeltet er klart tidsavgrensa bakover i tid med lanseringa av mobbeomgrepet i 1969, er det enkelt å få oversikt over publikasjonar om mobbing på 1970- og eit godt stykke ut på 1980-talet. Deretter eksploderer talet på publikasjonar, og i dag vil det vera nesten umogeleg å laga ei samla oversikt over litteratur om mobbing på verdsbasis. Brorparten av denne litteraturen er skriven av psykologar og pedagogar, men først på 1990- og særleg 2000-talet kjem det forfattarar med andre bakgrunnar som skriv om mobbing, først og fremst i Sverige og Danmark.

Eg har valt å gå gjennom all norsk litteratur om mobbing eg har funne frå 1970- og tidleg 1980-tal og i tillegg har eg lese mesteparten av litteraturen av Dan Olweus og Erling Roland, då dei er dei mest markante norske mobbeforskarane. Det finst ikkje ein samla bibliografi over Olweus sine publikasjonar, men han har vore ein særskild aktiv forskar med ein stor produksjon bak seg.³⁷ Eg har identifisert godt over 50 artiklar og bøker der han er eineforfattar og eit titals artiklar og hefte der han er medforfattar.³⁸ Dei mest sentrale bøkene hans er den allereie nemnte *Hakkekyllinger og skolebøller. Forskning om skolemobbing* (1974), *Aggression in the Schools. Bullies and Whipping Boys* (1978) og *Mobbing i skolen. Hva vi vet og hva vi kan gjøre* (1992), engelsk tittel *Bullying at School*.

³⁷ Publikasjonsoversikten i Cristin (Current Research Information System In Norway) går berre tilbake til 1991, sjå <https://www.cristin.no/as/WebObjects/cristin.woa/wo/17.Profil.29.25.2.3.20.1> (lasta ned 13.06.16).

³⁸ For å finna desse, har eg søkt i BIBSYS/Oria, Wordcat, Web of Science, Google Scholar og Google. Sjå litteraturlista heilt til slutt.

What we know at what we can do (1993). Sistnemnte bok er, i følge Olweus sjølv, omsett til over 25 språk, og er trykt i stadig nye opplag.³⁹

Erling Roland har både vore ein sær produktiv forskar, men også ein markant institusjonsbyggjar og grunnleggjar av Senter for atferdsforskning (no Læringsmiljøsentret) ved Universitetet i Stavanger.⁴⁰ Roland og Olweus samarbeidde i 1983 i samband med ein nasjonal kampanje mot mobbing, men der Olweus finn årsakene til mobbarens aggressivitet i barnets personlegdom og oppvekstvilkår, er Roland meir påverka av sosialpsykologien, på same måte som Heinemann. Rolands mest sentrale bøker er *Strategi mot mobbing* (1983), *Elevkollektivet* (1995), *Mobbing. Håndbok til foreldre* (1997), *Mobbingens psykologi* (2007, ny utgåve 2014), samt den relativt ferske antologien han har redigert, *Problemløsningsmodeller*. Han var i tillegg medredaktør av den første internasjonale antologien om mobbing, *Bullying – an International Perspective*.

I Sverige gav Peter-Paul Heinemann som nemnt ut boka *Mobbning – gruppvåld bland barn och vuxna* i 1972 og tre år seinare kom pedagogen Anatol Pikas med ei tiltaksbok, *Slik stoppar vi mobbning! Rapport frå en antimobbingsgrupps arbete*. Begge desse bøkene blei raskt omsette og utgitte i Noreg.⁴¹ Pikas bygde arbeidet sitt på Heinemann si forståing av mobbing som eit gruppefenomen og innanfor eit sosialpsykologisk perspektiv, og markerte uttalt avstand til Olweus sitt individualpsykologiske perspektiv. Seinare utvikla han Gemensamt Bekymmer Metoden (GBM), som han gjorde greie for i ei bok frå 1998.⁴²

På 1990-talet dukka det opp nye stemmer innanfor mobbeforskningsfeltet. Først ut var den svenske psykologen Zelma Fors som disputerte i 1993 med ei doktoravhandling der ho, med utgangspunkt i Olweus sitt individualpsykologiske perspektiv, drøfta maktrelasjonane mellom mobbar og offer og såleis tok eit steg bort frå Olweus.⁴³ Eit par år seinare skreiv landskvinnna Gunilla Björk ei doktoravhandling i sosialt arbeid. Ho ser på mobbing som uttrykk for eit spel om makt. Medan Fors byggjer vidare på den etablerte forskinga, tar Björk klart avstand frå etablert forskning. Andre svenske forskarar som har

³⁹ <http://www.clemson.edu/olweus/history.html> (lasta ned 05.09.2014). I den engelske utgåva (Olweus 1993a) mi står det at boka blei trykt i nytt opplag i 1994, to gongar i 1995, ein gong i 1996, to gongar i 1999, tre gongar i 2000, to gongar i 2001, fire gongar i 2002, to gongar i 2003, tre gongar i 2004 og ein gong i 2005, men ho er trykt opp fleire gongar etter dette. Olweus 1993a.

⁴⁰ Sjå litteraturlista heilt til slutt og Rolands profil ved Uis for liste over publikasjonar: <https://www.uis.no/om-uis/kontakt-oss/finn-ansatt/roland-erling-georg-article73408-11198.html> (lasta ned 17.03.2016).

⁴¹ Heinemann 1972 og 1973, Pikas 1975 og 1976.

⁴² Pikas 1998, sjå også Pikas 1989.

⁴³ Fors 1993, 1994 og 2007.

presentert alternative perspektiv på mobbing, og då særleg i retning av sosiale forklaringsmekanismer på problematikken, er pedagogane Solveig Hägglund, Gunn Marie Frånberg, Marie Wrethander Bliding, Robert Thornberg, Paul Horton og Camilla Forsberg, samt forskarar innan sosialt arbeid og sosiologi, Björn Eriksson, Odd Lindberg, Erik Flygare og Ola Agevall.⁴⁴

I 2007 starta det eit nytt mobbeforskningsprosjekt ved dåverande Danmarks Pædagogiske Universitetsskole (i dag DPU), ved Aarhus Universitet kalla *eXbus - Exploring Bullying in Schools*. eXbus hadde som mål å undersøkje kva prosessar som fører til mobbing, og prosjektet var sett saman av ei tverrfagleg gruppe forskarar, dei fleste med bakgrunn innan psykologi, filosofi, jus og samfunnsvitenskap. Prosjektet var frå starten tydeleg på at dei ville presentera heilt andre perspektiv på mobbing, og særleg ville dei bidra med nye teoriar på kva som genererer mobbing i sosiale kontekstar. Det mest handfaste resultatet av forskningsprosjektet er tre solide antologiar: *Mobning - sociale processer på afveje* (2009), *Mobning gentænkt* (2013) og den oppsummerande og utvida engelskråklege boka *School Bullying – New Theories in Context* (2014). I desse tre antologiane presenterer forskarane funna sine frå dei fem åra med forskning under eXbus-prosjektet. Dei har undersøkt mobbing frå mange ulike innfallsvinklar og gjennom eit stort og mangearta empirisk materiale, samt nytta både kvalitative og kvantitative metodar.

For forskarane i Århus har det vore viktig å sjå på mobbing som "en proces, der finder sted mellem almindelige børn (ikke patologiske, antisociale afvigere) i almindelige (ikke dysfunktionelle) grupper".⁴⁵ I innleiinga til boka *School Bullying – New Theories in Context*, stiller redaktørane av boka, Robin May Schott og Dorte Marie Søndergaard, opp to ulike paradigme innan mobbeforskinga. *Paradigme ein* er dominert av arven etter Dan Olweus, som definerer mobbing i form av individuelle personlegdomstrekk.⁴⁶ I følgje Schott og Søndergaard, representerer eXbus-prosjektets forskningsbidrag eit skifte over til *paradigme to*, som fokuserer på mobbing som uttrykk for sosiale dynamikkar og som eit svært komplekst fenomen som krev ulike teoriar og tilnæringsmåtar:

⁴⁴ Björk 1995, 1999; Hägglund, 1996, 2007; Frånberg 2003; Frånberg og Wrethander 2009, 2011, 2012; Bliding 2004, 2007, Wrethander 2007; Thornberg 2011; Thornberg 2015a; Thornberg 2015b; Horton 2011, Horton 2016; Horton & Forsberg 2015; Eriksson 2001, Lindberg 2002, 2007a, 2007b; Flygare 2002 og Agevall 2007a. Marie Wrethander Bliding skriv seg først for Marie Bliding (2004, 2007), deretter Marie Wrethander Bliding (2007) og til slutt for Marie Wrethander (2007, Frånberg og Wrethander 2009, 2011 og 2012). For å gjera det enkelt for lesaren nyttar eg begge etternamna hennar i teksten.

⁴⁵ Schott 2009: 256.

⁴⁶ Schott and Søndergaard 2014: 2.

Instead of approaching bullying as a phenomenon that can be explained and defined in terms of one factor (e.g. aggression), the authors in this anthology focus on a range of different forces that are central in bullying.⁴⁷

Eksempel på slike krefter er lærarar, rektorar og foreldre, klasseromkultur, samt elevane sine virtuelle erfaringar, både digitale, gjennom media og i lek og spel. I tillegg drøftar dei korleis sosiale faktorar relatert til kjønn, rase og klasse kan gjera mobbeprobatikken forståeleg.⁴⁸

Politiske dokument, rapportar, aviser og tidsskrift

Ettersom det ikkje finst noko forskning om mobbeforskinga i Noreg, starta eg for ein del år sidan på bar bakke og med blanke ark. I tillegg til å gå gjennom forskingslitteraturen om mobbing, var eg interessert i å finna ut korleis mobbeomgrepet og mobbeprobatikken blei tatt i bruk i norsk offentlegheit, i norske media og blant norske pedagogar på 1970-talet. Eg starta difor med søk i mediedatabasen Atekst Retriever etter saker om mobbing i dei største riksavisene frå 1970 og utover. Søkorda har vore "mobbing", "Dan Olweus" og "Erling Roland" (i ulike kombinasjonar), samt enkelte søk dersom eg har vore på jakt etter enkelthendingar. Dessverre er det berre VG som er digitalisert tilbake til 1970 i Atekst, men *Aftenposten* er digitalt tilgjengeleg via Nasjonalbiblioteket tilbake til 1860.⁴⁹ *Dagbladet* er ikkje digitalt tilgjengeleg før i 1996 og eg har difor valt ut enkelte årgangar og månader for å avgrensa tida framføre mikrofilmapparatet.⁵⁰ Avisene har vore viktige for å gi eit innblikk i kva grad mobbing blei sett på som eit sosialt problem i offentlegheita og i kva grad problemet blei sett på som aktuelt, men dei fortel også mykje om forholdet mellom forskarar og politikarar og om ei aukande politisering av mobbeprobatikken.

For å undersøka resepsjonen av mobbeprobatikken og mobbeomgrepet blant lærarar og pedagogar på 1970-talet, har eg gått gjennom alle årgangane av dei mest leste

⁴⁷ Schott and Søndergaard 2014: 10.

⁴⁸ Schott and Søndergaard 2014: 10.

⁴⁹ Universitetsbiblioteket i Bergen har fire datamaskiner med tilgang tilsvarende lesesalen på Nasjonalbiblioteket.

⁵⁰ Eg har gått gjennom fire årgangar av *Dagbladet*, 1971-1974 (men hoppa grovt over halve juni, juli og halve august då det ikkje er skule og avisene "gløymer" skulerelaterte problem). I tillegg har eg gått gjennom *Dagbladet* på mikrofilm november og desember 1982, samt januar, februar og mars 1983 og januar, februar og mars 1995. Eg har også gått gjennom regionavisene *Tromsø* og *Nordlys* og *Bergens Tidende* i desember 1982, januar og februar 1983 på mikrofilm, samt enkelte utgåver der eg har funne referansar til bestemte saker.

pedagogiske tidsskrifta i Noreg. Eg har plukka ut alt som omhandlar mobbing i perioden 1970-1984 for å finna ut korleis mobbeomgrepet blei drøfta då det blei introdusert i Noreg. 1984 er valt som slutt punkt på grunn av den nasjonale handlingskampanjen mot mobbing som blei gjennomført hausten 1983. I tillegg har eg lese enkeltsaker frå andre år som eg har funne referansar til i litteraturen. Nokre av tidsskrifta har gode samleregister sortert etter tema og søkeord, andre har eg bladd meg gjennom. Tidsskrifta eg har lese er *Norsk skoleblad*, *Skoleforum*, *Praxis – tidsskrift for skole og samfunn*, *Skolepsykologi* og *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*. Eg fann overlegent flest saker om mobbing i *Norsk skoleblad*, som dessutan var det tidsskriftet som kom oftast ut.

For å finna ut meir om ein nasjonal handlingsplan mot mobbing, initiert av kyrkje- og undervisningsministeren hausten 1983, gjekk eg gjennom det relativt mangelfulle arkivet etter Kyrkje- og undervisningsdepartementet (KUD) som i dag er plassert på Riksarkivet. Her fann eg mellom anna rundskriv frå handlingsgruppa/statssekretæren til alle landets skular, brev frå mellom anna Dan Olweus til KUD, frå Erling Roland til KUD, samt ei rekkje brev frå lærarar, rektorar og skulesjefar rundt i landet med tilbakemeldingar på spørjeundersøkinga og på sjølve kampanjen og kampanjematerialet.⁵¹

Det har dei siste åra blitt svært mykje enklare å følgja ulike saker gjennom dei ulike politiske prosessane. Nasjonalbiblioteket sin nye digitale portal *Statsmaktene* inneheld digitaliserte dokument frå regjering, storting og domstolane, der det er mogeleg å søkja på enkeltord.⁵² Eg har mellom anna søkt etter "mobbing" for å sjå i kva samanhengar ordet blei brukt politisk, og dei første treffa er ikkje uventa frå Stortingets spørjetime, der stortingsrepresentantar tar opp aktuelle saker. I tillegg til *Statsmaktene*, er det også mogeleg å søkja i dei historiske arkiva på nettstadene til stortinget og regjeringa, der den aktuelle saka er lenka saman med aktuelle NOU-ar, proposisjonar og stortingsforhandlingar.⁵³ På [regjeringa.no](http://www.regjeringa.no) finn ein i tillegg lenke til talar og pressemeldingar frå sitjande regjeringar

⁵¹ Etter heimel i forvaltningslova § 13 d-e, fekk eg innvilga innsyn i følgjande mapper:

S-1500 Foreldreutvalet for grunnskolen

Eske D 11, mappe 7: Aksjonsgruppen mot mobbing

Eske D 22, mappe 4: Vedrørende mobbing

S-6148 KUD, Skoleavdelingen

Eske Da 158, mappe 3: Mobbing

S-6143 KUD, Grunnskoleavdelingen

Eske Da 259, mappe 4: Mobbing.

⁵² <http://www.nb.no/statsmaktene>.

⁵³ <http://www.stortinget.no> og <http://www.regjeringa.no>.

tilbake til 1995. I samband med at eg nøstar opp dei politiske prosessane fram mot Opplæringslova av 17. juli 1998, der mobbing er omtalt i § 9a-3, *Det psykososiale miljøet*, har eg nytta Lovdata Pro. I motsetnad til gratisversjonen av Lovdata, kan ein i Pro-versjonen mellom anna henta ut historiske versjonar av lovene og nye rettsavgjersler.

Rapportar skrivne av oppdragsforskarar utgjer også eit viktig kjeldemateriale for dette arbeidet. Dei fleste av desse rapportane er utført på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet i Noreg og det tilsvarende Skolverket i Sverige. Andre rapportar er grunnlagsrapportar utført på oppdrag frå departement i samband med til dømes offentlege utgreiingar.

Avgrensingar

Ei viktig avgrensing i avhandlninga er at eg har valt å konsentrera undersøkinga mi om utelukkande *skriftlege kjelder*. Dette botnar i eit val om å sjå utviklinga av mobbeforskinga frå eit prosessanalytisk perspektiv. Eg er interessert i kva som påverkar prosessane og ikkje minst få eit grep om dei lange linjene sett i forhold til ein skandinavisk kontekst.

Eit utfyllande og særst interessant alternativ til dette avhandlingsarbeidet, kunne vore å sjå utviklinga av mobbeforskinga i lys av eit aktørperspektiv. I eit slikt prosjekt ville intervju med dei sentrale partane, til dømes Dan Olweus, Erling Roland, tidlegare statsrådar og statssekretærar, samt svenske forskarar og politikarar, vore viktige som kjelder. Skulle eg nytta dette perspektivet i denne avhandlninga, ville rammene for PhD-arbeidet blitt sprengt lenge før eg var halvvegs.

Litteratur om mobbeforsking

Det er hittil ikkje skriva særleg mykje om mobbeforsking frå eit utanforfagleg perspektiv, det er stort sett psykologane sjølve som har skriva om mobbeforskingas historie. Unntaket er eit par svenske undersøkingar. Den svenske idéhistorikaren Anna Larsson har publisert ei rekkje artiklar om mobbingas omgrepshistorie og om mobbing som eit tidsbunde sosialt problem.⁵⁴ Mellom anna har Larsson undersøkt det svenske tidsskriftet *Barn i hem, skola, samhälle* for å

⁵⁴ Larsson 2008a, 2008b, 2010a, 2010b, 2010c og 2012.

finna ut i kva grad barns sosiale liv blei tematisert i perioden 1947-1998. Undersøkingane hennar viste at fram til slutten av 1960-talet blei ikkje relasjonar mellom jamgamle barn diskutert, men rundt 1970 skjedde ei endring.⁵⁵ Brotet skuldast lanseringa av mobbeomgrepet og den påfølgjande mediepanikken i svensk media vinteren 1970, hevdar Larsson.⁵⁶

Også ein annan svenske, sosiologen Ola Agevall har gjort omgrepstudiar av mobbeomgrepet. I ein artikkel frå 2007/2008 viser han korleis Dan Olweus i sine tidlege publikasjonar endra på det etablerte mobbeomgrepet som hadde utvikla seg i kjølvatnet av artiklane i *Dagens Nyheter* for å få det til å passa med hans eigen aggresjonsforskning.⁵⁷ Denne snuoperasjonen oppsummerer Agevall slik: "Olweus acted as a conceptual entrepreneur: he all but usurped the existing concept, permanently altering its meaning."⁵⁸ Bidraget frå Agevall gir eit interessant perspektiv på "kampen" om omgrepet, som vi skal drøfta i kapittel 3.

Det svenske Skolverket har vore ein viktig bidragsytar til å sjå mobbeforskinga utanfrå, først med rapporten *Skolan, en arena för mobbning?* frå 2002. Rapporten er først og fremst ei litteraturgjennomgang av mobbeforskinga. I det siste kapitlet av rapporten presenterer dei fire forfattarane eit nytt perspektiv på mobbing ved å referera til sosiologen Björn Erikssons sosiologiske perspektiv på mobbing, publisert i ein artikkel i 2001.⁵⁹ Denne rapporten er altså på ei og same tid både ei oversikt over fagfeltet, og eit bidrag til mobbeforskinga. Björn Eriksson var også ein av dei fire forfattarane av rapporten, noko som utgjør eit kompliserande element, ettersom agendaen til forfattarane blir uavklart.

I 2009 kom så ein ny rapport frå Skolverket, *På tal om mobbning – och det som görs*, denne gongen var bestillinga ei kunnskapsoversikt. Forfattarane var tre pedagogar og ein historikar og det er særleg kapitlet skrive av den svenske historikaren Kenneth Nordgren som er interessant i denne samanhengen.⁶⁰ Bidraget frå Nordgren handlar om ulike måtar å snakka om mobbing på, sett i eit historisk perspektiv. Han har identifisert fem diskursar som representerer ulike måtar å omtala barn og vald på, og etter 1969 også mobbing. Den første

⁵⁵ Larsson 2010a: 244.

⁵⁶ Larsson 2010a: 251-252.

⁵⁷ Agevall 2007b: 31. Eit kompliserande element er at også Agevall har publisert ein artikkel om mobbing frå eit sosiologisk perspektiv (Agevall 2007a), men den er altså nemnt ovanfor.

⁵⁸ Agevall 2007b: 39.

⁵⁹ Eriksson 2001.

⁶⁰ Dei tre pedagogane var Gun-Marie Frånberg, Peter Giil og Marie Wrethander. Skolverket 2009: 11. Nordgren er den einaste historikaren eg kjenner til som har skrive om mobbeforsking.

av desse, den *moralske diskursen*, dominerte i perioden fram til 1945 – altså lenge før omgrepet var fødd. Og det han fann, var at diskursen mellom anna er kjenneteikna ved at forholdet mellom barn og vaksne er prega av formell distanse, der det å slå barn var akseptert som straff.⁶¹ I løpet av 1900-talet og etter andre verdskrigen blei den moralske diskursen erstatta av ein *behavioristisk diskurs*, sterkt påverka av psykologien. Det var innanfor denne diskursen at barns vilkår og rettar blei diskutert, noko som i følge Nordgren er ein føresetnad for at mobbing kunne bli problematisert eit par tiår seinare.⁶² Rundt 1970 blei den behavioristiske diskursen erstatta av det Nordgren kallar den *individualpsykologiske og sosialpsykologiske diskursen*. Her diskuterer Nordgren det påtakelege paradokset at samfunnet og særleg politikken rundt 1970 var prega av sosialpsykologien, medan Dan Olweus sitt vitskapelege bidrag til mobbeforskninga er sterkt influert av individualpsykologien og dermed bryt med denne diskursen. Rundt 1990 blei derimot denne diskursen også erstatta, først av en *ny moralsk diskurs*, deretter ein *juridisk diskurs* der krenkingsomgrepet overtar for mobbeomgrepet.⁶³ Kenneth Nordgren baserer desse diskursane på eit svensk materiale og det er interessant å finna ut i kva grad desse diskursane passar med utviklinga i Noreg.

I 2011 gav pedagogane Frånberg og Wrethander Bliding ut boka *Mobbning – en social konstruktion?*, på mange måtar ei vidareføring av arbeidet dei utførte for Skolverket i samband med rapporten frå 2009. Boka gir ei oversikt over kunnskapen om mobbing, sortert etter dei to innfallsvinklane på mobbeproblematikken: som aggressiv åtferd og som sosiale prosessar. I tillegg drøftar dei med eit kritisk blikk ulike etablerte metodar for å få bukt med mobbing, stort sett basert på tidlegare arbeid med Skolverket-rapportane frå 2009 og 2011. Trass i gode ansatsar i forsøket på å skriva ei kritisk tilnærming til mobbingas kunnskapshistorie, som til dømes når forfattarane drøftar kategoriseringa av mobbar/offer ut frå eit sosialkonstruktivistisk perspektiv, blir boka fragmentarisk og overflatisk.⁶⁴ Likevel er boka eit viktig bidrag ved at ho opnar opp for meir kritisk tenking rundt eit stort og dels kommersielt forskingsfelt, som både er prega av måtar å vita på, men også måtar å laga på.

⁶¹ Nordgren 2009: 49.

⁶² Nordgren 2009: 53.

⁶³ Nordgren 2009: 75.

⁶⁴ Frånberg & Wrethander 2011: 53ff.

Disposisjon

Avhandlinga er stort sett strukturert kronologisk og **kapittel 2** handlar om tida etter 1945 og fram til ca. 1970. Kapitlet danner grunnlaget for å forstå kvifor kirurgen Peter-Paul Heinemann problematiserte ei åtferd som fram til då hadde blitt sett på som noko normalt, som ein naturleg del av det å veksa opp. Kva endringar hadde skjedd i Skandinavia og Europa som førte til at synet på barnet skifta? Kva rolle spelte den aukande vitskapelege interessa for barnet utover på 1900-talet for at Heinemann problematiserte nettopp denne åtferda?

Sett i lys av eit konstruktivistisk perspektiv eksisterte ikkje mobbing før omgrepet kom. Og det er nettopp mobbeomgrepets fødsel og framvekst som står i sentrum for **kapittel 3**. Definisjonen av vitskapelege omgrep er viktig ettersom den som sit med definisjonsmakta også kontrollerer kva som fell innanfor og utanfor omgrepet, og ikkje minst, korleis det kan målast. Korleis definerte Peter Paul Heinemann og Dan Olweus mobbing og kva følgjer fekk det for forskingsfeltet at Heinemann definerte mobbing som ein underkategori av aggresjon? Kva aggresjonsforståing låg til grunn for Heinemann og Olweus sine forståingar av mobbing? Korleis blei omgrepet spreidd ut i den svenske og seinare norske offentlegheita og korleis blei det tatt i mot?

I forlenginga av at mobbeomgrepet blei spreidd både innanfor akademia og i offentlegheita utover på 1970-talet, vaks kjensla av at mobbing var eit aukande problem. Ein viktig premis for at mobbing blei løfta opp på politisk nivå på 1980-talet er at mobbing blei definert som eit sosialt problem. I **kapittel 4** skal vi finna ut kva som kjenneteiknar eit sosialt problem og ikkje minst korleis mobbing blei definert som eit. Korleis blei mobbing omtalt og aktualisert i norske aviser og pedagogiske tidsskrift utover på 1970-talet?

Kapittel 5 handlar om dei alvorlege hendingane vinteren 1982/83 som førte til politisk handling mot mobbing. For å få til ein handlingsplan mot mobbing, trong politikarane hjelp frå mobbeforskarane, og Olweus og Roland stod klare med kunnskap om mobbing og forslag til tiltak. Politikarane og forskarane samarbeidde for å få bukt med problemet, men vi skal sjå at stridande interesser gjorde samarbeidet utfordrande. Kva resulterte dette samarbeidet i og korleis har samarbeidet påverka mobbeforskinga?

Kapittel 6 drøftar korleis mobbeforskinga blei så dominert av eitt bestemt perspektiv. Korleis blei forskinga konsolidert og spreidd? Og kva rolle har *Olweusprogrammet mot mobbing og antisosialt arbeid* spelt i utviklinga?

Etter ein dryg tiårs-periode utan særleg politisk interesse for mobbeproblemet, kom mobbing igjen på den norske politiske dagsorden frå midten av 1990-talet. I **kapittel 7** skal vi på ny drøfta den tette bindinga mellom vitenskap og politikk og ikkje minst finna ut kva dette nye samarbeidet førte med seg.

I **kapittel 8** skal vi kartleggja den nye og dels alternative retninga mobbeforskinga tok 2000-talet. Kva skil dei alternative perspektiva frå den etablerte forskinga, og kva meiner dei om bruken av tiltaksprogram i skulen? Kor står mobbeforskinga i dag?

Kapittel 2:

Psykologisering og institusjonalisering av barndomen

Den britiske barndomshistorikaren Hugh Cunningham hevdar at ei av dei viktigaste endringane i barndomens historie kom som følgje av avviklinga av barnearbeidet i vestlege land mot slutten av 1800-talet, då barna i følgje han, gjekk frå å ha ein økonomisk verdi for foreldra til å få ein emosjonell verdi.⁶⁵ På den same tida vaks det fram ein ny og grunnleggjande idé om at barnet skulle ha rett på ein barndom, rett til å vera avhengig av vaksne. Den norske pedagogen Harald Thuen framhevar korleis barna sine rettar på denne tida var bygd på ei forståing av at barna hadde rett til hjelp, tilrettelegging og vern.⁶⁶ Rundt 1900 utvikla det seg oppfatningar om at det var det *offentlege* som skulle sikra barna desse rettane, noko som passa som hand i hanske med ei anna oppfatning i samtida, nemleg at nasjonens velstand bygde på ein sunn og frisk befolkning.⁶⁷ Utover på 1900-talet blei barnet sett i sentrum for det stadig aukande offentlege helsearbeidet. Sunne, friske og velfødde barn skulle bli gode demokratiske borgarar av demokratiet og i Noreg blei dette gjort gjennom utbygging av helsestasjonar, skulehelsetenesta og ikkje minst ein overordna kamp mot epidemiske sjukdomar. Ei vitskapleg og politisk interesse for barnet var fødd.

I dette kapitlet skal eg med relativ brei pensel mala eit bilete av korleis denne vitskaplege interessa for barnet auka og endra seg utover på 1900-talet, med særleg fokus på tida etter 1945. Eit tyngdepunkt vil vera å drøfta korleis vitskapen såg på stadig nye sider ved barnet, frå den fysiske til den mentale helsa og frå ei interesse i mor-barn-relasjonar til relasjonar mellom jamgamle barn. Korleis har desse endringane i synet på barnet vore medverkande til at Peter-Paul Heinemann problematiserte mobbing akkurat i 1969? Kvifor blei mobbing – ei åtferd som tidlegare blei sett på som ein naturleg, "normal" del av det å veksa opp – brått sett på som ei avvikande, "unormal" åtferd?

Michel Foucaults "On problematization" handlar, som nemnt i innleiinga, om å analysera problematiseringsprosessen gjennom å finna ut korleis og kvifor til dømes ei

⁶⁵ Cunningham 1996: 191, Thuen 2008: 154.

⁶⁶ Thuen 2008: 116.

⁶⁷ Andresen mfl. 2011: 17.

bestemt åtferd som mobbing blei sett på som eit problem.⁶⁸ I seminarinnlegget framhevar Foucault at problem oppstår som følge av ein konkret situasjon og ikkje som ein konsekvens av ein kontekst. Kjeldematerialet (forskiingslitteratur og avisartiklar) fortel derimot mykje meir om den historiske konteksten enn om den konkrete situasjonen Heinemann var oppi då han skreiv artikkelen "Apartheid" i 1969. I tillegg koplar Heinemann sjølv problematiseringa av mobbefenomenet til samtidige problem – eller historisk kontekst – for oss i 2016. Stikk i strid med Foucaults poeng, vil eg difor undersøka om vi kan setja dette skiftet i synet på mobbeåtferd, frå noko "normalt" til noko "unormalt", inn i ein breiare historisk og vitskapleg kontekst.

I andre halvdel av 1900-talet blei også dei viktigaste institusjonelle arenaene for barna kraftig utbygd, først gjennom obligatorisk niårig skulegong, deretter gjennom utbygginga av barnehagane. Mobbing blei, og blir den dag i dag, først og fremst knytt til problemåtferd i skulesamanheng, og det er difor viktig å drøfta kva denne utviklinga kan ha hatt å seia for at mobbefenomenet blei tematisert på slutten av 1960-talet. Hovudvekta vil først og fremst liggja på norske forhold, men i siste delen av kapitlet skal vi også sjå kva Anna Larsson fann ut då ho undersøkte nettopp tematiseringa av barns relasjonar i Sverige på denne tida.

Nye forklaringsmodellar – frå arv til miljø

Den norske historikaren Knut Kjelstadli har kalla perioden frå slutten av 1800-talet og fram til 1940-talet for "biologismens storhetstid" og forklarar uttrykket med at biologisk tenking gjennomsyra store delar av samfunnet og at arvelæra blei brukt som forklaringsmodell for alt frå klasse og nasjon til kjønn og sjukdom.⁶⁹ Andre verdskrigen skulle markera ein bråstopp for biologismens tidsalder, ettersom arvelæra raskt blei forkasta som politisk ideologi etter nazismens samanbrot i 1945. I tomrommet som oppstod kasta mange blikket på *mentalhygien*, som hadde fått eit oppsving i mellomkrigstida med psykoanalysen sitt inntog i Noreg.⁷⁰ Mentalhygienerørsla hadde starta i USA rundt 1900 og fekk mellom anna

⁶⁸ Foucault 1988.

⁶⁹ Kjelstadli 1999: 150.

⁷⁰ Psykoanalysen blei først og fremst gjort kjend i Noreg med utgivinga av boka *Det underbevisste. Fra sjælslivets grænseområder* (1925) av Harald Krabbe Schjelderup, Noregs første professor i psykologi.

utslag i opprettinga av såkalla *Child guidance*-klinikkar i USA og i fleire europeiske land. Desse klinikkane blir av mange rekna som banebrytande for endringar i synet på barnet ved at problema hos barna ikkje lenger utelukkande blei forklart som følge av arv og degenererte kår.⁷¹ Det nye ved desse klinikkane var at ein såg på heilskapen rundt barnet, korleis barnet var behandla av vaksne, korleis oppveksten hadde vore og ikkje minst, kva miljø hadde barnet vakse opp i.⁷²

På 1950-talet var det altså den mentale helsa som skapte størst uro, trass i at det framleis fanst alvorlege epidemiske sjukdomar som truga den norske befolkninga, som til dømes poliomyelitt, tyfus og tyfoidfieber.⁷³ Den danske sosialhygienikaren Poul Bonnevie skreiv i ein artikkel frå 1952 at "mentala helseproblem inte bara ledde till sinnessjukdom utan även till kriminalitet, prostitution, alkoholism, problem med att behålla ett fast arbete – samt inte minst till neuroser".⁷⁴ Nye teoriar som la vekt på *miljøets* viktighet vann stadig nytt terreng, og mentalhygienien stod fram som ein god måte å førebyggja problem av den typen Bonnevie skildra. Samanlikna med mellomkrigstida, fekk mentalhygienien i kjølvatnet av andre verdskrigen ein ny dimensjon; målet var ikkje lenger berre å skapa lukkelege barn, ein skulle også sikra det vestlege demokratiet ved å laga sunne, friske og *sjølvstendige* menneske.⁷⁵

Morstilknytning og morsentrisme

Barnets oppvekstmiljø var ein naturleg stad å starta for å oppnå dette målet, og i Storbritannia var ein oppteken av å finna ut kva krigen hadde hatt å seia for den mentale helsa til krigens barn. Den britiske legen og psykoanalytikaren John Bowlby fekk i oppdrag av WHO å utarbeida ein rapport om barn som var blitt institusjonaliserte som følge av krigen.

Schjelderup sitt prosjekt var å kopla psykoanalytiske teoriar med meir generelle psykologiske teoriar, men det som var psykoanalysens viktigaste bidrag til barnepsykologien, var ideen om "barndommens betydning som en formende kraft på sjelslivet." Thuen 2008: 122.

⁷¹ Sommerschild og Moe 2005: 43-44, Thuen 2008: 195-196, Ludvigsen og Seip 2009: 7, Andresen mfl. 2011: 328.

⁷² På 1930-talet besøkte fleire norske psykiatrar *child guidance*-klinikkar både i USA og i Storbritannia, og i 1947 opna Mentalhygienisk Forening ein eigen poliklinikk for barn i Oslo. Den unge psykologen Åse Gruda Skard var på denne tida tilbake i Noreg etter eit studieopphald i USA og ho behandla i løpet av ein treårsperiode barn etter *child guidance*-modellen ved denne poliklinikken. I 1950 opna barnepsykiatrisk avdeling på Rikshospitalet og tre år etter det opna psykiateren og psykoanalytikaren Nic Waal sitt eige barnepsykiatriske institutt, Nic Waals institutt. Sommerschild og Moe 2005: 61.

⁷³ Andresen mfl. 2011: 326.

⁷⁴ Gjengitt i Andresen mfl. 2011: 327.

⁷⁵ Andresen mfl. 2011: 332, Rudberg 1983: 213.

Rapporten hans, *Maternal Care and Mental Health* frå 1951, skulle bli skjelsetjande for synet på morsrolla.

Bowlby fann at barn som i tidleg alder blei skilde frå mora (maternal deprivation) kunne få varige skadar på personlegdomsutviklinga. På bakgrunn av funna til Bowlby, konkluderte WHO med at daginstitusjonar kunne resultera i varige emosjonelle skadar for barna.⁷⁶ WHO tok ikkje omsyn til at Bowlby faktisk ikkje hadde undersøkt barn på daginstitusjonar, han hadde gjort undersøkingane på fastbuande barn på barneheimar og sjukehus, ofte underbemanna. Men ettersom undersøkinga var initiert av WHO, fekk rapporten stort gjennomslag internasjonalt. 1950- og 60-talets husmorideal blei styrka og far blei ståande på sidelinja: "Etter Bowlbys oppfatning lå det til farens oppgave å gi moren "økonomisk og følelsesmessig støtte", utover denne "stiltiende forudsætning" var ikke farens rolle av interesse for Bowlby", skriv Harald Thuen.⁷⁷ Det var ingen andre enn mor som kunne gi barnet den morskjærleiken det trong for å bli eit trygt og godt menneske, og berre mor kunne kjenna barnet sitt så godt at det fekk den optimale oppveksten.

Ei openberr inspirasjonskjelde for Bowlby er psykoanalysen og Sigmund Freuds idear om morstilknytning, ei anna var etologien. Etologi er ei grein av zoologien som studerer dyrs åtferd i deira naturlege miljø, og særleg utviklingspsykologien var påverka av dette feltet. Etologane hadde vore opptekne av korleis ulike typar stimuli som kom frå foreldra kunne føra til ei binding mellom dei og ungene, som til dømes preging blant fuglar (det at nyklekte fugleungar vil følgja etter det første objektet dei ser som rører seg).⁷⁸

Internasjonalt var barnepsykologien i 1950- og 60-åra sterkt prega av denne tankegangen, ein diskurs Thuen omtalar som "det sårbare barnet".⁷⁹ Barnet skulle berre ha ein omsorgsperson i starten av livet og først gradvis kunne andre personar bli introduserte for barnet. Far si oppgave var først og fremst som støtte for mor og først når barnet var eldre skulle far bli deltakar i barnets liv. "Den kulturelle praksis ble en psykologisk lov for det gode liv", skriv Hanne Haavind om denne perioden.⁸⁰ Dette synet modererer den norske historikaren Bjørnar M. Vik noko i ei doktoravhandling om barneoppsettingslitteratur i Noreg, der han viser korleis Åsa Grude Skard pragmatisk tona ned Bowlbys einsidige fokus på

⁷⁶ Thuen 2008: 164.

⁷⁷ Thuen 2008: 164.

⁷⁸ Saugstad 2009: 591.

⁷⁹ Thuen 2008: 155ff.

⁸⁰ Haavind 1987: 50.

mora: "Selv om det generelt var enighet om at mødrene var de viktigste omsorgspersonene for barna de første årene, framhevet de fleste norske ekspertene hvor viktig det var at fedrene deltok i barnestellet", utdjuar Vik.⁸¹

I følge den svenske psykologen Karin Zetterqvist Nelson var dette eit enno tydelegare trekk i Sverige. Nelson viser til svenske forskarar og barneekspertar som på midten av 1950-talet uttalte seg svært kritisk til Bowlbys einsidige syn på relasjonen mellom barn og mor, og som var særleg skeptisk til den moraliserande undertonen i teorien hans.⁸² Svenske barnepsykologar og barnepsykiatrikarar var dessutan mykje meir positivt innstilt til institusjonar for barn enn Bowlby, og viste til samtidige svenske undersøkingar som "motsäger bilden av institutioner som ett hot mot barns psykiska utveckling", skriv Nelson.⁸³

Her i Noreg blei ikkje Bowlby sitt syn for alvor utfordra før på 1970-talet, først og fremst av kvinnelege forskarar og kvinneaktivistar, deretter av omfattande forskning som motsette seg synet om at berre mor kan vera den primære omsorgspersonen i den tidlege barndommen.⁸⁴ Men trass i at det i løpet av dei siste 30-40 åra har skjedd store endringar i kvinnas rolle i familien og i samfunnet, er denne tradisjonelle morssentrismen svært djupt forankra både i kultursynet vårt og ikkje minst i barnepsykologisk forskning. Som eg skal visa seinare, forklarar også Dan Olweus aggressivitet blant gutar med manglande mors kjærleik i tidlege barneår. I heimar der hovudomsorgspersonens (i hovudsak mor) emosjonelle grunninnstilling er negativ og prega av mangel på varme og engasjement, aukar risikoen for at barnet skal bli aggressivt og fiendtleg innstilt mot omgjevnadene sine.⁸⁵

⁸¹ Vik 2014: 143.

⁸² Nelson 2009: 276.

⁸³ Nelson 2009: 276.

⁸⁴ Sommer 2003: 178, Vik 2014: 149ff.

⁸⁵ Olweus 1992a: 40.

Endringar i synet på barnet – frå det universelle til det spesielle

Ideen om at mennesket (barnet) følgjer bestemte utviklingsmønster eller stadium, er eit djupt forankra syn som nådde sitt høgdepunkt i tida etter andre verdskrigen. Stadietenkinga er eitt av hovudkjenneteikna ved utviklingspsykologien og opphavet til denne tankegangen finn vi i Charles Darwin sine evolusjonsstudiar om menneskets utvikling.

I følgje den amerikanske utviklingspsykologen Sheldon H. White blei desse utviklingstankane spreidd utover i psykologiske og pedagogiske miljø i tre bølger: den første på slutten av 1800-talet, den andre på 1920-talet og den tredje på 1960-talet, då utviklingspsykologien fekk si endelege form.⁸⁶

Av dei som vidareutvikla stadietenkinga under den første bølga rundt 1900, finn vi mellom anna den amerikanske psykologen Granville Stanley Hall og filosofen og den pedagogiske teoretikaren John Dewey. Dewey er mest kjent for sin pragmatisme og som opphavsmannen til uttrykket *learning by doing*. I botnen av Dewey sitt arbeid ligg ideen om at barnet er under utvikling og at det er ufullstendig samanlikna med vaksne.⁸⁷ Dewey sin pragmatisme har hatt stor påverknad innan pedagogisk tenking og særleg i oppsedingslitteraturen og i skulevesenet. White hevdar at den andre bølga mangla det teoretiske fundamentet som seinare har vore utviklingspsykologiens varemerke.⁸⁸ I staden peikar han på at det på 1920- og tidleg 1930-talet fanst ei rekkje parallelle forskingsprogram som vidareutvikla stadietankane, mellom desse dei psykoanalytiske studiane av barnet og Child guidance-rørsla.

Dei store utviklingspsykologiske teoriene dukka først opp med den tredje bølga, i tida etter andre verdskrigen, då store profilar som John Bowlby, Jean Piaget og Erik H. Erikson kom på banen. Også desse teoretikarane såg på barnet som eit uferdig menneske under utvikling, på veg til å bli eit fullkomment vakse menneske og dei to sistnemnte utvikla også teoriar om ulike stadium mennesket gjennomgår gjennom heile livsløpet.

Piaget og Erikson sine stadieteoriar har dominert vestleg forståing av barn og barndom på ein så grunnleggjande måte at sosiologane Allison James og Alan Prout kallar forståinga for "the dominant framework" og viser til at dette rammeverket har dominert

⁸⁶ White 2003: 213f.

⁸⁷ White 2003: 213-214.

⁸⁸ White 2003: 217.

tenkinga i Vesten heilt fram til slutten av 1970-talet.⁸⁹ Den danske psykologen Dion Sommer brukar nemninga "store teoriar" og "teoretisk universalisme" om den same forståinga og hevdar det kom eit paradigmeskifte som skil 1960-talet frå 1970- og 80-talet.⁹⁰

De såkaldte "store teorier" før og under 1960'er-æren har på trods af meget betydelige indbyrdes divergenser det fællestræk, at de søger at fortolke omfattende aspekter af barnets udvikling ved hjælp af et begrænset antal generelle principper og lovmæssigheder.⁹¹

Sjølv om det er ulike oppfatningar om når endringane begynte å skje, har det i løpet av dei siste 25-30 åra blitt tydeleg for forskarane at desse altomfattande teoriane er vanskelege å bruka på eit empirisk materiale, noko som i følgje Sommer har ført til at ein

(...) i en vis udstrækning har nedtonet bestræbelserne på at lede efter universelle lovmæssigheder bag børns udvikling. Samtidig er der sket en stærk forøget specialisering, hvilket har ført til, at et væld af såkaldte mini-teorier er dukket op. Disse har i modsætning til almenpsykologiske teorier kun ambitioner om at forklare specifikke sider af børns udvikling.⁹²

Etterkrigstida var altså dei store, altomfattande teorians epoke, men frå slutten av 1960-åra begynte ein i staden å problematisera *ulikskapane* hos barn, det vera seg forskjellar i etnisk og sosioøkonomisk bakgrunn, ulike familiestrukturar, samt auka bruk av daginstitusjonar, noko eg skal koma tilbake til snart. Samstundes som ein begynte å få auga opp for det Sommer kallar eit meir "nyansert barn", viser han korleis barnepsykologien etter 1960 var prega av ny tverrfagleg kunnskap, påverka av disiplinær som historie, sosiologi, etnologi og antropologi.⁹³ Sommer meiner ein ikkje kan sjå barnets utvikling isolert frå oppvekst i tid, samfunn, kultur og kvardagsliv, og for å dekkja dette tverrfaglege perspektivet på barnet, vel han å bruka omgrepet 'barndomspsykologi' om faget i staden for det etablerte omgrepet 'barnepsykologi'.

Kanskje var det som Foucault hevda i seminarinnlegget, ein eller fleire konkrete hendingar på slutten av 1960-talet som førte til at den svenske skulelegen Peter-Paul Heinemann problematiserte åtfærdinga han kalla mobbing. Men sett i lys av den nye forståinga av barnet, er det forståeleg at han problematiserte nettopp korleis desse ulikskapane hos

⁸⁹ Prout and James 1997: 10.

⁹⁰ Sommer 2003: 29-31

⁹¹ Sommer 2003: 30.

⁹² Sommer 2003: 30.

⁹³ Sommer 2003: 32.

barn kunne utløysa problematiske relasjonar mellom dei. Heinemann knytte det nye mobbeomgrepet til det å vera annleis, anten det var pga. utsjånad, etnisitet, dialekt eller andre grunnar til at eit barn skil seg ut. I artikkelen *Apartheid* frå 1969, der Heinemann første gong nyttar mobbeomgrepet, ser han på mobbing som eit forstadium til apartheid.⁹⁴ Seinare skulle innhaldet i omgrepet bli endra, men sett i lys av endringane innan barnpsykologien i denne perioden, avspeglar Heinemanns uro for problematiske relasjonar mellom jamgamle barn eksisterande tankar i samtida.

Frå "det sårbare barnet" til "det medverkande barnet"

Dette skiftet innan barnpsykologisk teori og forskning, førte til ei endring i synet på barnet frå slutten av 1960-talet til tidleg på 1970-talet. Harald Thuen deler historia om barnet inn i fem ulike epokar, avgrensa og kjenneteikna ved eit sett dominerande diskursar.⁹⁵ Som nemnt kallar Thuen etterkrigsdiskursen "det sårbare barnet", medan Sommer brukar omgrepet "det skrøpelige barnet". Sjølv om det er mindre forskjellar i synet deira på perioden, refererer begge til barnpsykologiens dominerande påverknad for korleis ein såg på barnet i etterkrigstida. Men der Sommer berre viser til barnpsykologisk forskning som såg på det "skrøpelige barnet" som avhengig, sårbart og særleg utsett i ei farleg verd, dreg Thuen også inn det politiske aspektet og argumenterer for at diskursen om det "sårbare barnet" blei utmeisla i skjeringspunktet mellom den nye barnpsykologien og velferdspolitikken.⁹⁶

Dei to viktigaste profilane innan norsk barneoppseding, psykiateren og psykoanalytikaren Nic. Waal og psykologen Åse Gruda Skard, ivra for at barneoppsedinga skulle vera mindre autoritær og meir medmenneskeleg, og idealet i politikken var barneomsorg til "barnets beste". Både innan barnevernet og innan barneomsorg generelt skulle ein leggja til rette for at barnet skulle kjenna seg trygt og få auka sjølvtilitt gjennom å leggja vekt på barnets psyke, miljø og dei nære relasjonane, slik Bowlby tok til orde for. Dette synet heldt altså stand til rundt 1970, då ein begynte å diskutera om barnet var så sårbart som barnpsykologien framstilte det.

⁹⁴ Heinemann 1969: 12.

⁹⁵ Thuen definerer diskurs som "et meningsrammeverk rundt vårt sosiale liv og de sosiale fenomener. (...) diskursen trekker grenser for hva som kan sies og tenkes om et fenomen, og for våre handlinger og vår sosiale praksis." (Thuen 2008; 13).

⁹⁶ Sommer 2003: 36, Thuen 2008: 160.

Dion Sommer viser til undersøkingar på 1960-talet som avdekka at barn generelt hadde mykje større kapasitetar enn det ein tidlegare hadde kome fram til, og ikkje minst fann dei at barn hadde ein mykje større evne til å kompensera for tidlege utviklingsskadar enn det ein lenge hadde trudd.⁹⁷ Psykologen Lars Smith og pedagogen Stein Erik Ulvund formulerer denne overgangen slik, i *Spedbarnsaldere* frå 1999:

Tradisjonelt har det vært en klar tendens til å fokusere mer på sårbarhet og psykopatologi og det har vært liten interesse for den store andelen av risikobarn som klarer seg bra til tross for dårlig omsorg. I de senere årene er man blitt mer opptatt av faktorer som kan beskytte utviklingen. Dette kan øke forståelsen av robusthet, det vil si barnets evne til å normalisere utviklingen, til tross for uheldige miljøpåvirkninger.⁹⁸

Men trass i at epoken for "det sårbare barnet" var over på 1970-talet, har altså ideane frå denne tida sett djupe spor etter seg i oppsodingsideal, utdanningstenking og ikkje minst innan barneomsorg.⁹⁹ Den nye oppfatninga av barnet, som overtok etter "det sårbare barnet", var kanskje mindre eintydig enn diskursen i den føregåande perioden. Dion Sommer framhevar særleg to endringar, overgangen frå "det skrøpelige" til "det resiliente" barnet og overgangen frå "novisebarnet" til "kompetansebarnet".¹⁰⁰ Resiliens betyr at noko er elastisk eller smidig og omgrepet viser til den nye forståinga av at barnet er meir motstandsdyktig og tilpassingsdyktig enn forskarane tidlegare trudde. Når det gjeld "kompetansebarnet", refererer Sommer til forskning som fann at barn både har perseptuell, emosjonell, kognitiv og sosial kompetanse. Desse funna har endra oppfatninga av barnets psykososiale kapasitetar og ikkje minst oppfatninga av i kva grad barn sjølv kan påverka sitt eige liv, hevdar Sommer:

Accepten af barnet som aktiv deltager i sin egen udviklingsproces gør det vanskelig at beskrive udviklingen som udelukkende et resultat af et ydre miljøes påvirkning (...) udvikling opstår derimod i den gensidige proces mellem aktører.¹⁰¹

Og nettopp det individualiserte barnet som deltakar i si eiga utvikling og i kommunikasjon med andre, er det Harald Thuen framhevar i det han kallar diskursen om "det medverkande barnet". Utover på 1970- og 80-talet skjedde det ei dreiging i sosialpolitikken som flytta tyngdepunktet frå gruppa til individet; frå det forpliktande kollektivet til det sjølvstendige

⁹⁷ Sommer 2003: 37.

⁹⁸ Smith og Ulvund 1999: 19-20.

⁹⁹ Thuen 2008: 207.

¹⁰⁰ Sommer 2003: 38 og 42.

¹⁰¹ Sommer 2003: 43.

individet. Skiftet innebar også ei endring i prinsippa bak velferdsstaten, frå størst mogeleg likskap til størst mogeleg valfridom.¹⁰² Dette påverka vidare synet på barnet, der det mellom anna blei eit krav om at også institusjonane måtte leggja til rette for behova til det enkelte barn og ikkje minst at barn og unge skulle få ta del i utforminga av sitt eige liv. Det viktigaste referansepunktet i diskursen om "det medverkande barnet" var FN's barnekonvensjon frå 1989, hevdar Thuen: "Konvensjonens prinsipper om barns rett til medvirkning (art. 12, 13 og 14) skulle ikke bare virke som en internasjonal juridisk forpliktelse, den skulle også formidle en allmenn ideologi om barns og unges medborgerskap".¹⁰³

Den svenske barndomshistorikaren Bengt Sandin peikar på eit anna utviklingstrekk i samanheng med at barnet fekk mange av dei same rettane som vaksne – nemleg auka integritet over eigen kropp.¹⁰⁴ Fysisk straff blei forbode i den svenske skulen frå 1957, i den norske allereie med Folkeskolelova av 1936.¹⁰⁵ Forboda gjaldt naturleg nok berre for vaksne, men kanskje førte dei også til eit auka medvit rundt negativ fysisk åtferd frå medelevar?

Ideologien om barnets medverknad og individuelle rettar kom til uttrykk både i skuleverket, i barnehagane og ikkje minst i familiane, der barna etter kvart fekk så mykje å seia at forskarar begynte å snakka om "forhandlingsbarnet". Utviklinga frå slutten av 1960-talet har vore tydeleg – barnas stemme har blitt meir og meir framtrudande – i tillegg til at den tradisjonelle rolledeinga mellom den autoritære vaksne og det underordna barnet har blitt stadig meir utydeleg. Samstundes med at foreldra blei meir emosjonelt engasjerte i barna sine, minska avstanden i relasjonane. Dion Sommer argumenterer for at det i løpet av 1900-talet skjedde ei *humanisering* av barndommen ved at ein i dag set omsynet til barnas behov for vern og omsorg høgare enn i tidlegare periodar.¹⁰⁶

Eg vil hevda at problematiseringa av mobbeåtferda nettopp bør sjåast i skjeringspunktet der diskursen om "det sårbare barnet" møter diskursen om "det medverkande barnet". På den eine sida framhevar Heinemann det sårbare ved barnet, på den andre sida anerkjenner han barnet som eit individ med integritet til å beskytta sin eigen kropp. I tillegg ser han korleis barn kan opptre aggressivt mot andre og at relasjonane mellom barn kan vera både gode og dårlege. I boka *Child Welfare* frå 2003 presenterer den

¹⁰² Thuen 2008: 213-214.

¹⁰³ Thuen 2008: 215.

¹⁰⁴ Sandin 2011: 120-121.

¹⁰⁵ Sandin 2011: 121, Kjus 2011: 27. I 1979 blei det også forbode for svenske foreldre å slå ungane sine, medan eit tilsvarande norsk lovforbod kom i 1987.

¹⁰⁶ Sommer 2003: 89.

britiske barndomshistorikaren Harry Hendrick tre sett rettleiande dualismar som fangar denne spenninga på ein fruktbar måte:

(...) mind/body, victim/threat, normal/abnormal – in order to provide a compass with which measurements of a kind may be taken to help navigate a way through the various currents of social policy in search of attitudes, practices, goals, and perceptions of children (as people) and of childhood (as structural form).¹⁰⁷

For å illustrera kva han meiner med dualismen *kropp/sinn*, viser Hendrick til overgangen frå fokuset på å disiplinera kroppen (betra hygiene og kontroll med epidemiske sjukdomar) til interessa for barnets psyke som blei så markant etter 1945.¹⁰⁸ For å eksemplifisera den andre dualismen, *offer/trussel*, framhevar han korleis barnet blei framstilt som offer i argumentasjonen i samband med lovendingane som forbaud barnarbeid i fabrikkane. Samstundes blei barnet rundt 1900 sett på som ein trussel mot demokratiet, noko som utløyste disiplinering av barna i form av hygienetiltak, skulegang og rettleiande oppseding.¹⁰⁹ Den siste dualismen, *normal/unormal*, er i følge Hendrick ein meir overordna dualisme som fangar fleire ulike bekymringar i løpet av 1800- og 1900-talet, mellom anna uro knytt til sosiale problem, rase, fattigdom og degenerasjon.¹¹⁰

Om vi overfører desse dualismane til Heinemanns problematisering av mobbeåtferda rundt 1970, kan vi seia at Heinemann såg barnet som eit offer *og* som ein trussel, både for seg sjølv og for andre. Dualismen offer/mobbar passar dessutan også som parallell til normal/unormal, samstundes som Heinemann framhevar det "unormale" (ytre kjenneteikn) ved offeret som gjer at det ikkje passar inn i gruppa. Men det som er det tydelegaste trekket, er at i den grad Heinemann blei påverka av endringar i synet på barnet, handlar det om *overgangen* mellom desse ulike diskursane, ikkje som følge av anten den eine eller den andre.

Ettersom Heinemann problematiserte mobbing i skulekonteksten, må vi også sjå litt på utviklinga innan den arenaen, då tida rundt 1970 på mange måtar også markerte eit skifte der.

¹⁰⁷ Hendrick 2003: 1. Sjå også Hendrick 1994.

¹⁰⁸ Hendrick 2003: 1-6.

¹⁰⁹ Hendrick 2003: 7.

¹¹⁰ Hendrick 2003: 13.

Utbygginga av den offentlege skulen

Noreg fekk lovfesta obligatorisk skule i 1739, men først med folkeskulelovene av 1889 fekk alle barn, uavhengig av sosial status same skulegong.¹¹¹ Men om skulen var den same uavhengig av kva sosialt lag barna høyrte til, var det ulikt tilbod for barn på bygda og i byane. På bygdene gjekk ungane på skulen annankvar dag, i byane kvar dag.¹¹² Med folkeskulelova av 1959 blei fellesskulen gjennomført med det same talet undervisningstimar for bygd og by. Kvardagsskulen blei norma i heile landet og i tillegg blei fagkrinsen den same for både gutar og jenter.¹¹³ Heilt på slutten av 1960-talet blei det innført obligatorisk niårig einskapsskule med den nye *Lov om grunnskulen av 1969*, mot sju år tidlegare. Einskapsskule betyr at alle elevane følgjer det same utdanningsløpet i staden for parallelle løp. I europeisk samanheng var sjølv sju år lenge, i mange land var regelen at etter 4. eller 5. klasse måtte elevane velja parallelle løp.¹¹⁴

Også Sverige innførte på denne tida niårig einskapsskule. Reformene var gjennomført i heile Sverige i 1972 og i Noreg i 1975. Ideane bak desse reformene var å auka den sosiale utjamninga, altså at alle born i størst mogeleg grad skulle ha dei same sjansane etter enda skulegong. Dei norske pedagogane Alfred Oftedal Telhaug og Odd Asbjørn Mediås framhevar i boka *Grunnskolen som nasjonsbygger* at dette likskapsmotivet hadde fleire dimensjonar i Noreg. For det første var det ein geografisk dimensjon – alle i heile landet skulle ha dei same rettane til lik utdanning.¹¹⁵ I tillegg var det ein sosioøkonomisk dimensjon, der målsetjinga var at alle born, uavhengig av sosial bakgrunn, skulle få lik utdanning dei første ni åra, mot tidlegare sju år. Elevar som hadde vanskeleg for å følgja med, fekk rett til ekstraundervisning med *Læreplan for forsøk med 9-årig skole* av 1960. Elevar med tyngre handikap var framleis underlagt *Spesialskolelova av 1951*. Først etter ein kritisk diskusjon rundt spesialskulane i andre halvdel av 1960-talet, blei *Spesialskolelova av 1951* oppheva i 1975 då Stortinget vedtok eit tillegg til *Lov om grunnskolen av 1969*.¹¹⁶

Telhaug og Mediås ser denne aukande skepsisen til segregering og institusjonalisering som eit uttrykk for det dei kallar *den norske nyradikalismen*, som fekk sitt

¹¹¹ Schrupf 2007: 65.

¹¹² Barna på bygdene gjekk på skulen berre 60-70 % av tida samanlikna med barn i byane. Telhaug 1982: 56.

¹¹³ Schrupf 2007: 67.

¹¹⁴ Telhaug 1982: 46.

¹¹⁵ Telhaug og Mediås 2003: 167-168.

¹¹⁶ Thuen 2008: 187, Telhaug og Mediås 2003: 168.

gjennombrøt i siste halvdel av 1960-talet.¹¹⁷ Nyradikalismen forfekta på ei og same tid både konserverande, restaurerande og radikale haldningar. Retninga var *konserverande* fordi forkjemparane gjekk i mot utviklinga av store institusjonar og store bedrifter, og ikkje minst kjempa nyradikalismen mot sentraliseringa, spesialiseringa og den auka byråkratiseringa som hadde kjenneteikna etterkrigstida. Vidare var retninga *restaurerande* fordi klasseomgrepet igjen blei sett på dagsordenen, noko som førte til ein brei politisk og samfunnsvitskapleg debatt om klasseomgrepet. Men, i følgje Telhaug og Mediås var nyradikalismen først og fremst *radikal* ved at retninga var dominert av ei antiautoritær haldning, t.d. kvinneopprøret og sameopprøret. Nyradikalismen sine talspersonar forkasta etterkrigstida sin likskapspolitikk, som dei meinte hadde ført til ei standardisering, og talte i staden varmt for mangfaldet og variasjonen i samfunnet.¹¹⁸ Debatten kring spesialskulane var altså ein del av dette opprøret.

Eit anna kjenneteikn ved den nyradikale retninga var at sosiologiske perspektiv i aukande grad overtok som forklaringsmodell i staden for individualpsykologiske: Menneskeleg åtferd måtte sjåast på som ein konsekvens av samfunnet, ikkje individet.¹¹⁹ I tida etter andre verdskrigen blei interessepunktet flytta frå biologiske forklaringsmodellar over på sosiale teoriar. Denne auka interessa for sosiale spørsmål finn vi att i samfunnet generelt, blant fagfolk og ikkje minst gjennom utviklinga av sosiologi som eige fag, både i Noreg og Sverige.

Auka institusjonalisering og endra familiestrukturar

Av meir praktiske samfunnsmessige endringar for skandinaviske småbarn rundt 1970, var nok mor sitt inntog i arbeidslivet og det at det offentlege blei ein enno viktigare bidragsytar til barneomsorga dei viktigaste. Etterkrigstida var som nemnt husmora sin glansperiode og kombinasjonen av store barnekull og eit ideal som tilsa at mor skulle vera heime for å ta seg av hus og ungar, heldt i stor grad gifte kvinner utanfor arbeidslivet i mange år. Utover på 1960-talet begynte det å skje endringar på dette feltet, små endringar i Noreg, større

¹¹⁷ Telhaug og Mediås 2003: 207.

¹¹⁸ Telhaug og Mediås 2003: 207-209.

¹¹⁹ Telhaug og Mediås 2003: 210.

endringar i Sverige. Den norske historikaren Gro Hagemann forklarar desse skilnadene med tradisjonelle kjønnsverdiar i Arbeiderpartiet, som sat ved makta i store delar av etterkrigstida. Trass i at det også i Noreg, som i Sverige, var stor etterspurnad etter arbeidskraft i etterkrigsåra, valde likevel Arbeiderpartiet utelukkande å satsa på husmopolitikk til langt ut på 1960-talet.¹²⁰ Fleire forskarar peikar på at pietistiske og lågkyrkjelege verdiar tradisjonelt har stått mykje sterkare i Noreg samanlikna med Sverige, og at dette kan vera ei av årsakene til at norske kvinner kom seint ut i arbeidslivet.¹²¹

Sverige låg altså godt framføre Noreg både når det gjaldt gifte kvinners yrkesaktivitet og likestilling. I Sverige auka talet på gifte småbarnsmødrer som var i arbeid med rundt 40 % frå 1960 til 1964 og på midten av 1960-talet var kvar tredje gifte kvinne i Sverige i jobb.¹²² I andre halvdel av 1960-talet var det ikkje lenger moralsk tvilsamt for svenske mødrer å arbeida, for å bruka idéhistorikaren Peter Antmans ord.¹²³ Men barna måtte ha ein stad å vera medan mor var på jobb, og dermed måtte ein samstundes byggja ut barneomsorga. Allereie i 1938 kom det ei svensk offentleg utgreiing som skulle bli viktig for korleis barneomsorga utvikla seg i Sverige.¹²⁴ I denne utgreiinga blei barneomsorga definert som eit allmenngyldig spørsmål som ikkje berre skulle gjelda dei fattige einslege mødrene, men alle samfunnslag. Barneomsorga skulle vera eit *tilllegg* til oppsedinga i heimen, ikkje eit alternativ:

Men om omsorg skulle äga rum utanför hemmet borde samhället stödja denne därför att den tidiga pedagogiska fostringen var av så utomordentlig vikt för barnets fortsatta utveckling och därmed också för samhället.¹²⁵

Heildagsomsorg var til mors beste, medan halvdagsomsorg var til barnets beste, i følge rapporten frå 1938. Som eg var inne på tidlegare i kapitlet, møtte Bowlby sin tilknytningsteori sterk motstand i Sverige på 1950-talet, noko som er forståeleg sett i denne konteksten.¹²⁶ Og ettersom barna blei betrakta som nasjonen si framtid, konkluderte utgreiarane med at det er kommunane som bør driva denne barneomsorga. Då ville ein få kontroll både med pedagogikken og personalet som skulle arbeida der. Grunnlaget for den offentlege

¹²⁰ Hagemann 2005: 95.

¹²¹ Hagemann 2005: 95, Rønsen 1997: 54

¹²² Antman 1996: 126.

¹²³ Antman 1996: 127.

¹²⁴ SOU 1938: 20 *Betänkande angående barnkrubbor och sommarkolonier m. m.*, omtalt i Antman 1996.

¹²⁵ Antman 1996: 117.

¹²⁶ Nelson 2009: 275ff.

barneomsorga i Sverige var altså lagt allereie på slutten av 1930-talet, men det var ikkje før rundt 1970, då mødrene for alvor tok lønna arbeid, at utbygginga av den offentlege barneomsorga skaut i veret.¹²⁷

Samanlikna med Sverige kom auken i yrkesaktiviteten blant norske gifte kvinner om lag ti år seinare. I 1970 var i underkant av 25 % av dei gifte kvinnene i Noreg yrkesaktive, mot 40 % i Sverige.¹²⁸ Barnehagetala avspeglar det same mønsteret, rundt 1970 gjekk mindre enn 3 % av norske barn i førskulealder i barnehage, men ti år seinare har det skjedd ein dramatisk auke.¹²⁹

Då barneomsorga blei overtatt av barnehagar og dagmammaer, mista familien fleire av dei viktigaste oppgåvene knytte til omsorga for barna. Denne funksjonstømminga førte til at den primære sosialiseringa ikkje lenger utelukkande skjedde i familien, i staden blei den fordelt på fleire ulike arenaer. Mange har sett på denne endringa som ei svekking av familien, noko historikar Jan Eivind Myhre ikkje er einig i. I boka *Barndom i storbyen* frå 1994, argumenterer Myhre for at familien faktisk blei styrka etter denne overgangen på 1970- og 80-talet, ved at familien fekk nye oppgåver: "Den ble det organiserende midtpunktet i barnas vandring mellom mange arenaer, og den ble en omfattende forbrukerenhet. Familien kunne lignes med en travel "bedrift"."¹³⁰

Myhre argumenterer vidare for at barna si deltaking på stadig nye arenaer var eit uttrykk for ei organisering av barnets tilvære, og at det nettopp er *organiseringa* som kom i sentrum for merksemda: "Barnet ble stadig mer trukket fram som et problem, ikke bare som tidligere ved at det var vanartet eller vanskjøttet, men ved at det representerte en organisatorisk vanskelighet."¹³¹ Trass i dette avspeglar det nye barnesynet om "det kompetente barnet" det komplekse samfunnet barnet faktisk møtte på 1970-talet. Eit kompliserande element var organiseringa av barnet sitt institusjonaliserte liv og fritidsaktivitetar, eitt anna var endra familiestrukturar.

På 1950- og 60-talet var skilsmissetala relativt låge, berre rundt tre prosent av alle ekteskap blei oppløyste i første halvdel av 1960-talet.¹³² Frå 1970-talet og utover auka talet på skilsmisser radikalt, samstundes som talet på sambuande par auka kraftig og særleg blant

¹²⁷ Sjå diagram 3.1. i Antman 1996: 190.

¹²⁸ Eeg-Henriksen 2005: 68.

¹²⁹ Eeg-Henriksen 2005: 72.

¹³⁰ Myhre 1994: 140.

¹³¹ Myhre 1994: 140.

¹³² Noack og Mamelund 1997: 21.

dei unge. Kjernefamilien frå 1950- og 60-talet kom under press, og familieomgrepet fekk utvida innhald. For skilsmissebarn kunne kvardagen bli mykje meir komplisert, med delt samværsrett mellom foreldra, nye steforeldre og stesøsken og kanskje nye halvøsken i tillegg. Barna måtte kanskje forhalda seg til ein sosial familie og ein biologisk familie. Rundt 1970 var denne utviklinga så vidt i gang, men problema barna møtte med skilsmisser blei tematisert både i media og blant fagfolk.

Jan Eivind Myhre meiner at når barndomen kom på dagsordenen rundt 1970, så er det det same som å seia at "*det offentlige* overtok mye av initiativet i forvaltningen av barn".¹³³ Mange ville meina noko om kva som best tente barnas interesser og ikkje minst kva desse interessene eigentleg omfatta: "Frå nå av [1970-tallet] ble spørsmålet om hva som var best for barn, en slagmark med politikere og profesjoner som deltakere."¹³⁴ Framveksten til mobbeomgrepet fall altså saman med at ein i mykje større grad begynte å diskutera barnets interesser i det offentlege rom, og kanskje var det nettopp ein av grunnane til at mobbeomgrepet fekk så mykje merksemd då den svenske riksavisa *Dagens Nyheter* presenterte ein artikkelserie om mobbing seinhaustes 1969.¹³⁵ Som eg skal visa seinare, fekk vi også den same debatten i Noreg, men først eit par år seinare.

Ny interesse for relasjonar mellom barn

Idéhistorikaren Anna Larsson har i fleire studiar vist korleis relasjonar mellom jamngamle barn sjeldan var eit tema i svensk oppsedingslitteratur før mot slutten av 1960-talet.¹³⁶ I litteraturen Larsson har gjennomgått, var det først og fremst relasjonane mellom barn-foreldre, barn-lærarar eller barn-andre vaksne som blei tematiserte, berre sjeldan blei også søskenrelasjonar diskuterte.¹³⁷ Først etter at mobbeomgrepet blei introdusert i den svenske offentlege debatten hausten 1969, finn ho at relasjonane jamngamle barn imellom blir eit tema i denne litteraturen. Frå og med 1970-årgangen av tidsskrifta ho har gjennomgått, får barn-barn-relasjonane ei heilt ny merksemd: "Det är påtagligt hur det nya ordet bidrog til

¹³³ Myhre 1994: 141.

¹³⁴ Myhre 1994: 141.

¹³⁵ Sjå kap. 3.

¹³⁶ Sjå Larsson 2008, Larsson 2010a, Larsson 2010b og Larsson 2012.

¹³⁷ Larsson 2010a: 245.

denne oppmärksamhet. (...) Termen tycks ha satt ord på ett problem i barns sociala samspel, ett problem som många kände till och som det med den nya termed blev lättare att tala om.”¹³⁸ Kva er det i samtida som kan forklara at folk omfamna det nye mobbeomgrepet slik dei gjorde tidleg på 1970-talet? Kvifor kom det akkurat då?

Larsson peikar på tre endringar som kan vera med å forklara skiftet: endringar i skulen, åtferdsvitskapens ekspansjon og endra syn på barnet.¹³⁹ Vi har allereie sett på korleis barnepsykologien og barneoppsedinga gjekk hand i hand alt frå mellomkrigstida, og ikkje minst korleis dei store teoriane på 1960-talet blei erstatta av mindre og meir spesifikke teoriar som også var forankra i tid og rom. Interessa for relasjonane mellom barn er tydeleg ein del av denne utviklinga. Dette paradigmeskiftet innan barnepsykologien, for å bruka Dion Sommer sin terminologi, påverka vidare det generelle barnesynet i den same perioden. 1950- og 60-talet sitt ideal var eit fritt og bekymringslaust barn med mykje fritid. På 1970-talet utvikla det seg eit mykje meir nyansert bilete av barnet, noko som i stor grad reflekterte dei mange nye teoriane innan barnepsykologien. Det nye, individualiserte barnet var meir motstandsdyktig enn det ein tidlegare trudde, og i tillegg auka medverknaden deira, både i familien og i skulen.

Anna Larsson argumenterer for at innføringa av ein niårig ”enhetsskola” i Sverige etter krigen og integrasjonen av barn med ulike funksjonshemmingar i den offentlege skulen i løpet av 1960-talet, førte til tettare kontakt mellom ulike sosiale grupper. I tillegg auka arbeidsinnvandringa i løpet av 1960-åra og fleire barn med andre morsmål enn svensk skulle integrerast i den svenske skulen. Resultatet blei ei aukande interesse for korleis barn oppførte seg i skulesituasjonen, samstundes som undervisingsmetodane stadig blei oppmjuka ved at elevane i større grad deltok aktivt i undervisinga og kommuniserte med *kvarandre*, t.d. gjennom gruppearbeid. Larsson skriv at relasjonane barna imellom var usynlege så lenge det ikkje fanst samhandling mellom elevane i klassesituasjonen, men då elevane begynte å samarbeida i klasserommet, auka samstundes interessa for relasjonane dei imellom.¹⁴⁰

Eit anna interessant funn Larsson har gjort i analysen av tidsskrifta, er at årsaksforklaringane for barn som kom skeivt ut i stor grad endra seg rundt 1970. Tidlegare

¹³⁸ Larsson 2010a: 251-252.

¹³⁹ Larsson 2010a: 260.

¹⁴⁰ Larsson 2010a: 260-261.

var det stort sett mor som fekk skulda for alt som gjekk gale, etter 1970 fann Larsson at "(...) by far and away the most common explanatory factor was school's (deficient) social and physical environment".¹⁴¹

Om vi igjen koplår Harry Hendricks teori om barnet som offer/trussel på denne nye interessa for relasjonane mellom jamngamle barn, er det tydeleg at barnet representerte *både* offer og trussel på same tid. Barnet er eit potensielt mobbeoffer, men samstundes ein potensiell trussel mot andre barn. Og ikkje minst, med lengre dagar på skulen, auka institusjonalisering og fleire mødrer i arbeidslivet, er barnet utanfor foreldra sin kontroll og opptrer i situasjonar der foreldra ikkje har noko påverknad. Tidlegare blei det forventa at barna skulle løysa alle problem og konflikhtar seg imellom, men den nye interessa for potensielle problematiske relasjonar og åtferd, førte til at det vaks fram eit behov for å hjelpa barna på rett veg.

Eit anna poeng, framheva av Bengt Sandin i artikkelen "Children and the Swedish Welfare State" frå 2011, er at auka institusjonalisering fører til ei form for åtferdsmodifisering: "emotional control, punctuality, adapting to large groups (...)"¹⁴², noko som også kan forklara fokuset på relasjonar i samband med den auka institusjonaliseringa.

På mange måtar er det interessant at ei av årsakene til at mobbing som fenomen blei belyst og problematisert nettopp på denne tida, var at sosiologien som vitenskap engasjerte seg i barndomen og la meir vekt på relasjonar og sosialt samspel barna imellom. Som eg skal visa i neste kapittel, var det paradoksalt nok individualpsykologen Dan Olweus som var den første som forska empirisk på mobbing, og han forklarar mobbing med individuelle kjenneteikn, stikk i strid med det som i utgangspunktet utløyste interessa for fenomenet. Den svenske historikaren Kenneth Nordgren har karakterisert diskursen på 1970-talet som både individualpsykologisk og sosialpsykologisk, nettopp for å få fram denne spenninga mellom dei to retningane.

Konklusjon

Innan barndomsforskning har det blitt ein klisjé at 1900-talet var barnets hundreår, men som klisjear flest, er dei blitt det nettopp fordi mange meiner dei skildrar noko på ein treffande måte. Barnet, og seinare barndommen, blei som vi har sett, sentrum for aukande interesse

¹⁴¹ Larsson 2012: 130

¹⁴² Sandin 2011: 122.

frå politikken og vitskapen gjennom heile hundreåret. Den første delen av hundreåret var det særleg barns fysiske helse som var gjenstand for særleg medisinarane og politikarane sitt søkelys. Skulen var ein naturleg stad å kontrollera ungane si helse og hygiene, og skulen var ein god stad å arbeida for å få kontroll med epidemiske sjukdomar. I mellomkrigstida, og særleg i tida etter andre verdskrigen, blei interessa gradvis flytta over til barnas mentale helse. John Bowlbys tilknytningsteori førte til auka interesse for relasjonane mellom foreldre og barn – og særleg mellom mor og barn. Denne ideen om mors nærvær passa som hand i hanske med det rådande idealet i den vestlege verda på 1950- og dels 1960-talet om den heimeverande husmora. Barnet blei sett på som sårbart og det trong vern av familien og særleg av mor. Etter kvart som det moderne samfunnet endra karakter utover på andre halvdel av 1960-talet med fleire mødrer i arbeid, urbanisering og auka arbeidsinnvandring, blei synet på barnet gradvis endra. Desse endringane skjedde tidlegare i Sverige enn i Noreg og kanskje er det difor ikkje så underleg at det var der barna sine relasjonar seg imellom blei problematisert først.

Det svenske barnet rundt 1970 brukte meir tid med jamgamle vener i institusjonaliserte omgivnader enn tidlegare generasjonar, mange starta i barnehage som små barn og deretter følgde niårig skulegang. Venner var bra og viktige, men kunne samstundes utgjera eit problem for barn som blei utestengt frå gruppa. Barnet utgjorde som vi har sett, både ein trussel og eit offer. Tida rundt 1970 markerte på ulike måtar ein overgang frå etterkrigstida, som på mange vis hadde vore lys og optimistisk. Barndomsdiskursen endra seg, og Heinemann si problematisering av mobbefenomenet peikar både bakover til diskursen om "det sårbare barnet", men også framover mot diskursen om "kompetansebarnet", som særleg skulle få fotfeste på 1980-talet. Det moderne livet skulle dessutan visa seg å innehalda mange ulike problematiske sider, noko som skulle bli eit stadig tilbakevendande tema i dei offentlege diskusjonane utover på 1970- og 80-talet.

'Mobbing' – kampen om eit nytt omgrep

För mig har det småningom blivit uppenbart att det som oframkomligt eller normalt betraktade mobbeteendet hos barn är ett av de första tecknen på senare förmåga till apartheid.(...) Apartheid, med sitt förstadium av mobbing, är däremot en form av masspsykopati eller sinnessjukdom, som ständigt kostar stora mängder människor livet och visat sig kunna utrota hela folk.¹⁴³

Dette skreiv Peter-Paul Heinemann i artikkelen "Apartheid" i tidsskriftet *Liberal debatt* hausten 1969. I artikkelen drøftar han problematiske haldningar til det han kalla isoleringsmekanismer som han meinte gjennomsyra det svenske samfunnet. På 1960-talet hadde Sverige eit stort behov for arbeidskraft, og arbeidsinnvandringa auka kraftig utover i tiåret, noko som førte til ei auka frykt for dei som var annleis. Heinemann argumenterte for at framandfrykta i det svenske samfunnet kunne sjåast på som eit forstadium til apartheid, og ikkje minst at det var viktig å problematisera og setja søkjelys på isoleringsåtferda han hadde observert blant barn.

På bakgrunn av denne og fleire avisartiklar om mobbing i *Dagens Nyheter* seinhaustes 1969, oppstod ein offentleg mediedebatt om mobbeproblematikken vinteren 1970, og i dette kapitlet skal eg drøfta korleis mobbeomgrepet blei forma i kjølvatnet av den svenske og seinare norske debatten om mobbing. Utgangspunktet for drøftinga er studiar av dei to svenske forskarane Anna Larsson og Ola Agevall, som har gjennomført ulike, men utfyllande studiar på mobbeomgrepet. Larsson sin studie er ein omgrepshistorisk analyse der ho drøftar opphavet til omgrepet, medan Agevall sin studie handlar om korleis mobbeomgrepet blei forma i skjeringpunktet mellom ein offentleg lekmanndiskurs og ein profesjonell vitenskapleg diskurs, representert ved Peter-Paul Heinemann og Dan Olweus.

Kampen om innhaldet i mobbeomgrepet utspelte seg på to ulike frontar. For det første var det ein kamp mellom dei to første bidragsytarane innan mobbeforskninga, Heinemann og Olweus. Heinemann representerte eit syn som såg på mobbing som eit gruppefenomen, medan Olweus i denne tidlege fasen, representerte eit syn som såg på mobbing som eit individuelt fenomen. For det andre, som Agevall viser, var kampen om

¹⁴³ Heinemann 1969: 11-12.

omgrepet også ein kamp mellom ein lekmanndiskurs i offentlegheita og ein vitskapleg diskurs.

Kva var premissane for denne omgrepskampen og korleis utspelte kampen seg i dei vitskaplege publikasjonane? Korleis forma omgrepsdiskusjonane den vidare utviklinga av mobbeforskinga? Og korleis utspelte denne offentlege diskusjonen seg i det norske kjeldematerialet eg har gjennomgått, nemleg aviser og pedagogiske tidsskrift?

Kjeldematerialet for dette kapitlet er dei tidlege publikasjonane til Heinemann og Olweus, samt eit temahefte om mobbing frå *Dagens Nyheter* i 1969. I tillegg har eg gått gjennom dei fem største og mest leste pedagogiske tidsskrifta i Noreg i perioden frå 1970 til 1984.

Fleire av tidsskrifta var også medlemsblad for ulike fagforeiningar. Tidsskriftet som publiserte flest saker om mobbing i denne perioden var *Norsk Skoleblad*, tidsskrift og fagforeiningsblad for Norsk Lærerlag. Eit anna tidsskrift er *Skolepsykologi*, forum for psykologar i kommunar og fylkeskommunar. I *Skoleforum*¹⁴⁴, organ for Norsk undervisningsforbund, har eg funne svært få saker om mobbing i denne perioden. Det er ikkje så overraskande, i og med at medlemmene i denne organisasjonen først og fremst var lektorar på gymnasen, og skulemobbing stort sett blei sett på som eit problem i grunnskulen. *Praxis – tidsskrift for skole og samfunn*, var eit relativt kortlevd tidsskrift som eksisterte frå 1972 til 1979 og som retta seg mot lærarar og pedagogar. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* er eit forskingstidsskrift utan redaksjonelt stoff. I dette tidsskriftet fann eg dessutan den mest fagleg interessante debatten; ein disputt om mobbing og mobbeforsking mellom kriminologen Ragnar Hauge og Dan Olweus i 1974/1975.

I tillegg har eg søkt på ordet "mobbing" i dei digitaliserte utgåvene av VG og Aftenposten og eg har gått gjennom fire årgangar av *Dagbladet* (1971-74) på mikrofilm for å finna saker om mobbing i denne perioden.¹⁴⁵ *Aftenposten* publiserte flest saker om mobbing, VG ligg på andreplass og i *Dagbladet* fann eg svært få saker som omhandla mobbing, men så har eg jo heller ikkje finkjemt brødteksten på same måten som eit digitalt ordsøk opnar for.

Som eit hjelpemiddel i omgrepsdiskusjonen har eg valt å knyta an til Reinhard Kosellecs omgrephistorie, først og fremst dei metodiske diskusjonane i artikkelen

¹⁴⁴ *Skoleforum* skifta namn i 1976, fram til då heitte tidsskriftet *Den høgre skolen. Tidsskrift for Norsk Lektorlag*.

¹⁴⁵ I dei månadane det ikkje er undervising, har eg berre sjekka fram- og baksidene av *Dagbladet*, altså har eg grovt hoppa over halve juni, juli og halve august desse åra.

“Begrebshistorie og socialhistorie”.¹⁴⁶ Eit av dei viktige poenga til Koselleck i denne artikkelen er at eit omgrep *både* er ein indikator og ein faktor – omgrepet fortel oss noko om den historiske konteksten det blei forma i, i tillegg til at det er med på å forma den same konteksten.¹⁴⁷ Koselleck skil dessutan mellom *ordet* og *omgrepet*. Den norske kulturhistorikaren Helge Jordheim utdjuar nettopp denne distinksjonen hos Koselleck i boka *Lesingens vitenskap. Utkast til en ny filologi* frå 2001:

Et begrep er alltid et ord, men et ord er ikke alltid et begrep. Begge er meningsbærende dels i kraft av sitt intenderte innhold, dels i kraft av sin talte eller skrevne kontekst, altså den historiske situasjonen, og er dermed nødvendigvis flertydige. Men mens ordet kan gjøres entydig gjennom fortolkning, må begrepet – for å kunne være et begrep – forbli flertydig. Ordet blir til begrep ”når den politisk-sosiale betydningssammenhengen som ordet henviser til – og anvendes i – i sin helhet inngår i ordet.”¹⁴⁸

Dette kjem eg meir inn på seinare i kapitlet, men det viktige i denne samanhengen er å ha klart for seg dette skiljet mellom ordet ‘mobbing’ og omgrepet ‘mobbing’. Men først skal vi altså tilbake til mobbeomgrepet sin fødsel i 1969.

Mobbing som isolasjon og aggresjon

I artikkelen “Apartheid”, der Peter-Paul Heinemann presenterte mobbeomgrepet for første gong, kom han ikkje med nokon eksakt definisjon på mobbing, men knytte fenomenet til særleg to forhold som skulle bli viktig for omgrepet si vidare utvikling. Det eine forholdet handla om at mobbing var eit forstadium av apartheid, kjenneteikna av isolasjon av enkeltbarn fordi dei ikkje passa inn i gruppa. Barn som av ein eller annan grunn skilde seg ut frå dei andre, anten det var på grunn av hudfarge, dialekt, utsjånad eller klede, blei utfrosne og fekk ikkje ta del i fellesskapen. Heinemann såg på “mobbing, mobbvåld, isolering, apartheid, folkemord som en logisk räcka skeenden efter samma koordinat.”¹⁴⁹ Og særleg innan barneoppseding hevda han at det svenske samfunnet kom til kort – barn må først og fremst læra respekt, kjærleik og toleranse mot medmenneske, *deretter* kan dei læra om respekten for eigen eigedom. Nettopp denne problematikken hadde Heinemann personleg

¹⁴⁶ Koselleck 2007, dansk utgåve.

¹⁴⁷ Koselleck 2007: 72, Jordheim 2007: 79.

¹⁴⁸ Jordheim 2001: 162-163.

¹⁴⁹ Heinemann 1969: 13.

kjennskap til ettersom han sjølv var far til ein svart son, adoptert frå Afrika. I tillegg var Heinemann sjølv innvandrar, han var son i ein jødisk familie som flykta til Sverige frå Tyskland då han var sju år gammal.

Det andre forholdet Heinemann knyter til mobbeomgrepet, er at mobbing er ei form for aggresjon, inspirert av den austerriske etologen Konrad Lorenz si bok *Das Sogennante Böse, Zur Naturgeschichte der Aggression*. Boka kom opphavleg ut på tysk i 1963 og blei omsett til engelsk i 1966 og til svensk i 1967.¹⁵⁰ I etologien blir mobbing brukt om ei åtferd i dyreverda der ei gruppe dyr eller fuglar angrip ein potensiell fiende eller trussel. I den svenske og engelske utgåva av boka blir mobbing også brukt i ein annan samanheng, nemleg om menneska. Lorenz argumenterte for at menneska sitt sosiale samspel i stor grad består av ritualiserte gestar og manerar, og dersom nokon i ei gruppe bryt med desse sosiale ritane, kan det førekomma mobbing:

Aggression elicited by any deviation from a group's characteristic manners and mannerisms forces all its members into a strictly uniform observance of all these norms of social behaviour. The nonconformist is discriminated against as an 'outsider' and, in primitive groups, for which school classes or small military units serve as good examples, he is mobbed in the most cruel manner.¹⁵¹

Fleire har seinare vist at Lorenz sjølv ikkje nytta ordet "mobbing" i den originale tyskspråklege utgåva, i staden snakka han om "ausstieszen" (utstøyting).¹⁵² I tillegg til varierende ordval finst det to variantar av boka, ei lang og ei litt forkorta. I den kortaste versjonen er nettopp desse sidene om dei ritualiserte gestene blant menneske utelatne, uvisst av kva grunn. Anna Larsson skriv at den eldste tyskspråklege utgåva av *Das sogennante Böse* ho har funne i Sverige er ei forkorta utgåve frå 1965.¹⁵³ Den norske omsetjaren Brynjulf Valum nytta den forkorta tyske utgåva som utgangspunkt, medan den svenske og den engelske omsetjaren nytta den lange versjonen frå 1963 som grunnlag.

¹⁵⁰ Den svenske utgåva (Lorenz 1967) er omsett av den svenske etologen Sverre Sjölander. Boka kom også ut på norsk i 1968 (Lorenz 1968). Etologi er som tidlegare nemnt, ei grein av zoologien om studerer dyrs åtferd i deira naturlege miljø og Konrad Lorenz blir rekna som grunnleggjaren av den moderne etologien. I 1973 fekk Konrad Lorenz, saman med Nikolaas Tinbergen og Karl von Frisch *Nobelprisen i fysiologi og medisin* for innsatsen dei hadde lagt ned i studiet av dyrs åtferdsmønster. Sjå http://www.nobelprize.org/nobel_prizes/medicine/laureates/1973/ (lasta ned 01.02.2016).

¹⁵¹ Lorenz 2002: 76.

¹⁵² Lagerspetz et al. 1982: 23, Larsson 2008b: 24.

¹⁵³ Larsson 2008b: 24 (sjå note 1).

Uansett blei samankoplinga av mobbing blant fuglar og menneskeleg utstøyttingsåtfærd enno tydelegare i dei omsette utgåvene på svensk og engelsk enn i den tyske originalutgåva.¹⁵⁴

Heinemann var altså djupt inspirert av Konrad Lorenz sin aggresjonsteori, som handla om at aggresjon er ein nedarva artsbevarande og artsbeskyttande eigenskap eller kapasitet, der nettopp instinktets spontanitet er det som gjer aggresjonen så farleg og uberekeleg.¹⁵⁵ I følgje Lorenz ligg aggresjonen lagra som ei energikjelde i oss alle og dirigert riktig blir aggresjonen drivkrafta bak entusiasmen, men motsett kan denne aggresjonen få utløp som vald og destruksjon. Ola Agevall påpeikar i si omgrepsanalyse at denne koplinga til Lorenz si aggresjonsforståing naturleggjorde mobbeomgrepet ved at mobbing ganske enkelt var ein underkategori av aggresjon og dermed interessant for vitskapen.¹⁵⁶ Anna Larsson peikar dessutan på at denne forståinga av mobbing som ein instinktiv refleks ikkje blei den dominerande forståinga når omgrepet blei kjent i offentlegheita, snarare blei denne delen av forklaringa gløymt. Som eg skal visa i det neste, er dette kanskje ikkje så overraskande ettersom Lorenz sin aggresjonsteori stort sett var avskriven då Heinemann publiserte artikkelen sin i 1969.

Aggresjonsteoriar

Det finst grovt sett tre aggresjonsteoretiske hovudperspektiv: instinktteoriar, driftsteoriar og læringsteoriar. Konrad Lorenz og Sigmund Freud blir vanlegvis trekte fram som representantar for det første perspektivet, *instinktteoriane*. Felles for Freud og Lorenz er at teorien er bygd på ein “hydraulisk motivasjonsmodell som bygger på antakelsen om en medfødt disposisjon for at aktivitet skyldes oppsamling av energi som er spesielt innrettet på denne aktiviteten”.¹⁵⁷ Freud hevda at det var energien i spenningsforholdet mellom dødsinstinkt (Thanatos) og livsinstinkt (Eros) som måtte få utløp, enten i form av aggresjon eller gjennom livsdrifta (Libidos). Som eg viste ovanfor, meinte Lorenz derimot at både destruktiv og konstruktiv aggresjon hadde same energikjelde og at det gjaldt å få kanalisert denne energien på rett måte.

Kritikken mot instinktteoriane har først og fremst gått ut på at det er svært vanskeleg å testa teoriane empirisk innanfor eit naturvitskapleg design, i tillegg til at det finst fleire

¹⁵⁴ Larsson 2008b: 25.

¹⁵⁵ Lorenz 2002: 47.

¹⁵⁶ Agevall 2007b: 14.

¹⁵⁷ Bjørkly 2001: 65.

studiar som avviser ideen om at instinkthandlingar skulle ha eit grunnlag i ei indre energikjelde.¹⁵⁸ I ein artikkel frå 1972 argumenterer Dan Olweus mot denne teorien og viser at andre etologar var kritiske til Lorenz si aggresjonsforståing.¹⁵⁹ Andre aggresjonsforskarar påpeikte at Lorenz sin teori om ei indre energikjelde var utdatert allereie då boka kom ut første gong, ettersom studiar allereie på 1950- og 60-talet hadde avvist ei slik indre kjelde.¹⁶⁰ Men trass i at det fanst sterke argument mot Lorenz sin aggresjonsteori, fekk teorien hans stor innverknad i enkelte psykologiske og psykoanalytiske miljø som ignorerte alle dei andre biologiske forklaringane på aggresjon.¹⁶¹

Driftsteoriane oppstod med den kjende boka *Frustration and Aggression* av den såkalla Yale-gruppa (Dollard, Doob, Miller, Mowrer og Sears) frå 1939. Opphavet til denne teorien var at ein ville prøva å finna empirisk støtte til Freuds aggresjonsteori innanfor ein kontrollert laboratoriekontekst, men resultatet blei i staden ein heilt ny aggresjonsteori.¹⁶² Yale-gruppa sin frustrasjon-aggresjonsteori går ut på at frustrasjon *alltid* fører til aggresjon og at aggresjon *alltid* stammar frå frustrasjon: “Frustration is independently defined as *that condition which exists when a goal-response suffers interference*. Aggression is independently defined as *an act whose goal-response is injury to an organism (or organism-surrogate)*.”¹⁶³

Mange aggresjonsforskarar har seinare moderert denne teorien – den mest omfattande og mest veletablerte revisjonen blei presentert av den amerikanske sosialpsykologen Leonard Berkowitz i 1969. I følge Berkowitz refererer aggresjon alltid til ei form for åtferd, anten fysisk eller symbolsk, som er utført med ein intensjon om å skada nokon.¹⁶⁴ Vidare delte han aggresjonen inn i ein “tosystems-aggresjonsteori” (two systems aggression theory): reaktiv (hostile) og instrumentell aggresjon. Reaktiv aggresjon refererer til den medfødde og ibuande trongen mennesket har til å skada eller uskadeleggjera aversjonskjelda. Instrumentell aggresjon betyr at vi brukar aggresjonen for å nå eit bestemt mål, men det å skada nokon eller noko er ikkje målet i seg sjølv, derimot er det eit middel for

¹⁵⁸ Bjørkly 2001: 72, 74, Archer 1988: 3, Saugstad 2009: 206.

¹⁵⁹ Olweus 1972b: 274.

¹⁶⁰ Bandura 1973: 18.

¹⁶¹ Archer 1988: 3.

¹⁶² Bjørkly 2001: 65.

¹⁶³ Dollard et al. 1939: 11.

¹⁶⁴ Berkowitz 1993: 11.

å skaffa seg noko anna.¹⁶⁵ Både Dan Olweus og Erling Roland koplar seg opp mot denne forståinga av aggresjon, men dei er også inne på det tredje hovudperspektivet på aggresjonsteoriane, nemleg *læringsteoriane*.

Som namnet tilseier er fellesnemnaren for læringsteoriane at aggressiv åtferd er ei spesiell form for sosial åtferd. Desse teoriane bryt altså både med instinktteoriane og med drifftteoriane ettersom læringsteoretikarane fornekta instinktet og forkasta ideen om frustrasjon som einaste årsak til aggresjon. Dei to største profilane innan denne retninga er psykologane Arnold Buss og Albert Bandura. For Buss er aggresjonen så godt som alltid instrumentell ved at aggressiv åtferd blir lært, oppretthalden og endra gjennom prinsippa om straff og lønn.¹⁶⁶ Albert Bandura sin teori er ein kognitivt orientert sosial læringsteori der forventninga om ein positiv konsekvens er det som fører til aggressiv åtferd.¹⁶⁷ Bandura ser på aggresjon som ei åtferd som resulterer i fysisk og/eller psykisk personleg skade, i tillegg til fysisk øydelegging av gjenstandar. Eit anna svært viktig poeng for Bandura er at han meiner at observasjonslæring er ei grunnleggjande læringsform hos menneska.

Heinemann si aggresjonsforståing og den svenske historiske konteksten

Går vi etter dette aggresjonsteoretiske sveipet tilbake til Heinemanns forståing av aggresjon, var det altså etologen og instinktteoretikaren Lorenz som var inspirasjonskjelda hans.

Overført til barneåtferd og kontekstualisert til ein svensk forstad på slutten av 1960-talet, såg dermed Heinemann sin argumentasjon slik ut:

Såvitt jag förstår är barnmobbing en företeelse av våldsnatur i ett läge där en omorientering inte ger aggressionen eller entusiasmen utlopp på ett acceptabelt sätt. Sovstädernas och stenöknarnas barn har inte tillgång till de flyktmöjligheter som glesbygd eller landsbygd erbjuder. Detta garanterar lättfångna offer för mobbing – de kan helt enkelt inte undkomma. Stadssamhället erbjuder inte barn den rikedom av lek- och arbetsprojekt, som landsbygd eller glesbygd ger. De har därmed inte heller möjligheter att dämna bäckar, trötta ut sig fysiskt i gemensamma projekt av typen kojbyggen eller eljest leka på ett konstruktivt eller entusiastiskt sätt.¹⁶⁸

Lorenz sin terminologi skin tydeleg gjennom her, aggresjonen og entusiasmen er to sider av same sak, og det er situasjonen som avgjer om det tippar eine eller andre veggen. Heinemann

¹⁶⁵ Berkowitz 1993: 11, Bjørkly 2001: 79.

¹⁶⁶ Bjørkly 2001: 84-85.

¹⁶⁷ Bjørkly 2001: 88.

¹⁶⁸ Heinemann 1969: 10-11.

framheva at kombinasjonen av denne oppsamla aggresjonsenergien og urbanisering var blant hovudårsakene til at barn mobbar andre. Det urbane samfunnet tilbød ikkje barn det same mangfaldet av fysiske utfordringar som landsbygda, og bybarna blei på ei og same tid understimulerte med omsyn til rørslefridom og overstimulerte med tanke på alle barna som var stua saman på eit lite område for å leika. Resultatet, i følgje Heinemann, var at den oppsamla aggresjonen hos bybarn gjekk ut over andre barn fordi det var det så få stader i forstadene der barna kunne gøyma seg for å unngå plagarane, samanlikna med landsbygda. Denne aggresjonen mot andre barn ville først og fremst bli retta mot dei som av ein eller annan grunn blei definerte som avvikarar, heilt i tråd med Lorenz si framstilling av barn og soldatar som bryt gruppa sine sosiale ritar.

I tillegg til å vera djupt inspirert av Konrad Lorenz si bok, var Heinemann openbert påverka av den samtidige samfunnsrørsla vi såg på i førre kapittel, nemleg nyradikalismen og den konserverande haldninga som var eitt av kjenneteikna på retninga som slo gjennom i andre halvdel av 1960-talet. Han var svært negativ til den aukande urbaniseringa i Sverige og særleg til dei nye forstadane som vaks opp utanfor dei store svenske byane på 1950- og 60-talet. I tekstutdraget ovanfor ser vi korleis han romantiserte barndomen på landsbygda, der barna kunne demma opp dammar, byggja hytter og elles springa rundt i naturen og få ut den oppsamla aggresjonsenergien gjennom entusiasme, snarare enn gjennom destruktiv mobbing av andre barn. Motsett omtala han forstadane som “sovstäder” og “stenöknar” og hadde lite til overs for dei store forstadsskulane som blei bygde i andre halvdel av 1960-talet.

Som dei fleste andre vestlege land, var Sverige i rask endring i etterkrigstida. Grunnlaget for dei store materielle og dels sosiale endringane låg i den eventyrlege auken i produksjonen og konsumet i industrilanda. Sverige var ikkje noko unntak, og den auka produksjonen fekk konsekvensar for arbeidsmarknaden då etterspørselen var større enn tilbodet. Resultatet var at bustadsmønsteret endra seg ettersom både industrien og tenestesektorane drog til seg arbeidskraft frå inn- og utland. Folk flytta frå rurale område prega av jordbruk, anten det var frå distrikta i Sverige, Sørøst-Europa eller Finland, til område som var meir industrielt utvikla i områda rundt dei store byane i Sør-Sverige. I snitt kom det årleg rundt 20 000 innvandrarak til Sverige på 1960-talet, dei fleste av desse var arbeidsinnvandrarak frå Finland, men også svært mange frå Jugoslavia og Hellas kom til

Sverige for å søkja arbeid.¹⁶⁹ I tillegg til at industrien ekspanderte i denne perioden, auka offentleg sektor i Sverige med over 600 000 personar frå 1950 til 1975 og i den same perioden gjekk nærare 500 000 kvinner frå å vera husmor til å gå ut i arbeid.¹⁷⁰

Kombinasjonen av auka innvandring, auka urbanisering og store barnekull på 1940-talet gjorde at det blei eit enormt press på bustadmarknaden rundt dei store byane. I 1965 bestemte difor Riksdagen at det skulle byggjast ein million husvære innan 1975, og med denne storstilte utbygginga blei det også bygd store skular.¹⁷¹

Ola Agevall viser at det i Sverige på slutten av 1960-talet var ein uttrykt otte og skepsis til urbanisering og bygging av "storskolor" og at denne skepsisen var allment uttrykt i offentlegheita.¹⁷² På landsbygda frykta ein fråflytting og nedbygging av offentlege tilbod og i dei nye forstadane frykta ein anonymitet og framandgjerjing. Ved å knyta mobbefenomenet til desse to høgaktuelle og kontroversielle temaa, blei mobbing svært aktuelt i samtida. Når mobbeomgrepet i tillegg var så vidfamnande at dei aller fleste kunne relatera hendingar frå eigen barndom til det, er dette ei av hovudforklaringane på kvifor mobbeomgrepet så raskt kom i omløp i det offentlege rom.

Mobbing på den svenske nasjonale agendaen

Hausten 1969 plukka to journalistar i den svenske riksavisa *Dagens Nyheter* opp tråden i Heinemann sin artikkel om mobbing. I ei rekkje artiklar sette dei mobbespørsmålet på den svenske dagsordenen, og denne artikkelserien skulle bli heilt avgjerande for mobbeomgrepets vidare liv. Anna Larsson kallar reaksjonane på DN-artiklane for ein medial panikk og viser korleis debatten i etterkant fekk store samfunnsmessige og vitskaplege følger:

Den mediala paniken över mobbning skapade ett intellektuellt arv med begreppet, olika förklaringsmodeller och så småningom ett forskningsområde. Den efterlämnade också ett arv av institutionellt och professionellt slag i och med att uppgiften att hantera mobbningsproblem i skolan formaliserades i policyplaner och lagstiftning och hamnade under olika professionella grupperns ansvarsområden.¹⁷³

¹⁶⁹ Lundh og Ohlsson 1999: 31-32.

¹⁷⁰ Schön 2012: 377 og 379.

¹⁷¹ Schön 2012: 391.

¹⁷² Agevall 2007b: 19.

¹⁷³ Larsson 2010a: 259, sjå også Agevall 2007b: 10.

Artikkelserien i *Dagens Nyheter* opna med eit intervju med Heinemann der han stort sett gjentok hovudpoenga frå artikkelen om at mobbing blant barn kunne føra til rasehat og apartheid når dei blei vaksne. Det at barn plaga og ropte kallenamn til barn som skilde seg ut, var på ingen måte noko nytt, og Heinemann appellerte til lesaren om å minnst sin eigen barndom der ord som “pissruska, oäkting, glasögonorm, halteboling, morot, fläskberg eller bara fantasilöst i brist på bättre, unisona utbölningar av typen plugghäst, skitstöve, tösapåg”, blei ropt.¹⁷⁴ Dette kunne alle kjenna seg att i og var eksempel på mobbing, fortalde Heinemann i intervjuet. Det at vaksne ikkje greip inn, var for Heinemann eit teikn på at alle var blitt innordna i ein apartheidsituasjon, lært opp til å godta at framandfrykt og framandforakt var noko naturleg. Heinemann gjentok og tydeleggjorde også koplinga til dei samtidige problema når han uttalte at mobbing auka i proporsjon i tettbygde område og poengterte at framandgjeringa og anonymiteten på dei nye storskulane var problematisk.¹⁷⁵

Den underliggjande tonen i sakene er at mobbing er ei åtferd som alle kjenner til og som ein tidlegare berre delvis hadde problematisert. Tidlegare blei det å erta, ropa stygge ord, slåssing og plaging framstilt som ein naturleg del av det å veksa opp, men no blei denne åtferda problematisert i lys av mobbeomgrepet. I mange av eksempla blir ikkje mobbing nemnt eksplisitt i teksten, men ettersom sakene var ein del av ein artikkelserie om mobbing, blei dei ståande som eksempel på kva mobbing var for noko. Seinare skal vi sjå at ei liknande samling eksempel var tilfelle då mobbeomgrepet for alvor begynte å bli omtalt i norske medium.

Dagens Nyheter fekk til og med eit intervju med Konrad Lorenz og kona Margrethe, som var barnelege. Dei var i Stockholm som deltakarar på Nobelsymposiet på Lidingö i september 1969.¹⁷⁶ I intervjuet med Lorenz kjem det fram at han ikkje var einig med Heinemann i at store skular og urban trengsel provoserte fram mobbing, mobbing fanst også

¹⁷⁴ Mobbing 1970: 4.

¹⁷⁵ Mobbing 1970: 4.

¹⁷⁶ Konrad Lorenz var deltakar på det fjortande Nobelsymposiet, *The Place of Value in a World of Facts*, 15.-20. september 1969. Ein annan deltakar på symposiet var økonomen Jan Tinbergen, bror til Lorenz sin gode ven og etologikollega Nikolaas Tinbergen. I desember 1969 var Jan Tinbergen og nordmannen Ragnar Frisch dei aller første vinnarane av *Sveriges Riksbanks pris i økonomisk vitenskap til minne om Alfred Nobel*. Fire år seinare skulle Konrad Lorenz og Nikolaas Tinbergen sjølve få ein Nobelpris, *Nobelprisen i fysiologi og medisin* saman med Karl von Frisch. Sjå http://www.nobelprize.org/nobel_organizations/nobel/foundation/symposia/complete-list.html (lasta ned 01.02.2016).

på små skular, hevda Lorenz. Det viktige poenget i samband med mobbing var, i følge Lorenz, at ei gruppe barn (eller dyr) som kjenner kvarandre godt nesten alltid vil mobba ein nykommar. Trass i dette resonnementet blei overskrifta på intervjuet “Kamratgruppen är farligast – Mängden inverkar starkt”, noko som tyder på at DN på førehand hadde bestemt seg for å satsa på Heinemann si samfunnstilpassa forklaring om mobbing som eit urbant problem.¹⁷⁷ Kampen om innhaldet i omgrepet var alt i gong.

Nettopp problematiseringa av det tronge og framandgjorte urbane, kopla med “alle mot ein avvikar”-agresjon, var det som skulle bli ståande som dei viktigaste kjenneteikna på mobbing etter Heinemann. I 1972 gav han ut boka *Mobbning – gruppvåld bland barn och vuxna*, den første boka som handla om mobbing. Boka er ei samling sjølvopplevde og andrehands hendingar knytte til mobbing, filosofiske betraktningar rundt problematikken, samt ulike forslag til observasjonsteknikkar for å avdekka mobbing. Han tydeleggjorde at mobbing var eit gruppefenomen og at det handla om vald mot avvikande barn. Innleiingsvis reflekterte han sjølv over omgrepet han hadde konstruert:

Det kan tyckas alldeles onödigt att skapa ett nytt ord och begrepp för att kunna diskutera företeelser, som är så gamla och så välkända. Men mobbning har jag gjort till ett modeord, ett slags alarmsignal för att framtvinga studier av och eftertanke kring ett beteende som tycks mig värre och fulare än det mesta som vi har för oss. Upptäcker man en fiende eller en fara måste man ge den ett namn. Det föråldrade ordparet pöbel och pöbla har tjänat ut och uppfattas av de flesta som ett uttryck för klassförakt. Mobba och mobbning fyller syftet bättre och fungerar redan på avsett vis i språket.¹⁷⁸

I 1972 var mobbeomgrepet uansett for lengst eit etablert omgrep i den svenske offentlegheita. Ola Agevall viser at allereie i 1970 var mobbing lista i boka *Svenske modeord*, og *Dagens Nyheter* rapporterte i slutten av februar same år om premieren på det som mest sannsynleg var verdas første skodespel om mobbing.¹⁷⁹ Mobbeomgrepet festa seg altså i den svenske offentlegheita i løpet av eit par månader. Heinemann presenterte aldri nokon eksakt definisjon på kva han meinte med mobbing, i staden viste han til ei rekkje eksempel på kva mobbing kunne vera. Eksempla i boka hans frå 1972 sprikte i ulike retningar, noko som førte til at omgrepet blei svært ullent og vidt: “The concept of mobbing proved very susceptible to contagion: if a problem was ‘in the air’, it was likely to be linked up with

¹⁷⁷ Mobbing 1970: 5, Sjå også Agevall 2007b: 28-19.

¹⁷⁸ Heinemann 1972: 9-10.

¹⁷⁹ Agevall 2007b: 24, 10.

mobbing”, konkluderer Ola Agevall.¹⁸⁰ Gjennom denne prosessen, der nye eksempel støtt blei knytte til mobbeomgrepet, blei innhaldet i omgrepet stadig litt endra etter kvart som nye eksempel kom til. I følge Reinhard Koselleck er dette eit kjenneteikn på utviklinga av eit omgrep:

Et begreb må derimod forblive flertydigt for at være et begreb. Et ord bliver til et begreb, når mængden af en politisk-social betydnings- og erfaringsammenhæng, i hvilken og om hvilken et ord bliver brugt, i sin helhed indgår i ordet.¹⁸¹

Vidare argumenterer Koselleck for at eit omgrep samlar saman dette mangfaldet av erfaringar til ein samanheng som berre kan forståast og erfarast gjennom omgrepet. Helge Jordheim viser dessutan at dette mangfaldet av erfaringar, meiningar og historiske realitetar som formar eit omgrep, ikkje kan tidfestast til eit bestemt historisk situasjon, men er i stadig utvikling etter kvart som tida går. I følge Koselleck er omgrep både ein indikator og ein faktor som fortel oss noko om den historiske konteksten, men det er samstundes ein del av den same konteksten.¹⁸² Mobbeomgrepet sin fødsel kan tidfestast til publiseringa av Heinemann sin artikkel i 1969, men *innhaldet* i omgrepet var, som Agevall argumenterer for, i stadig endring. Men, som eg skal visa i den neste delen, skulle Dan Olweus sin publikasjon *Hakkekyllinger og skolebøller* bli så avgjerande for mobbeomgrepet si vidare utvikling at Ola Agevall kallar utgivinga eit vasskilje i mobbeomgrepet sin historie.

Omgrepet blir vitenskapleggjort

I 1969, same år som mobbing kom på dagsordenen i Sverige, disputerte den svenske psykologen Dan Olweus ved Umeå universitet med avhandlninga *Prediction of aggression. On the basis of a projective test*. Studien handlar om aggresjon blant unge gutar der han forsøkte å berekna aggresjon i mellommenneskelege situasjonar på grunnlag av aggressive svar på ein spesielt utforma projektiv test.¹⁸³ I perioden frå 1962 og fram til 1969, var

¹⁸⁰ Agevall 2007b: 20. To og eit halvt år seinare kunne *Aftenposten* rapportera at det same teaterstykket, *Hvem er redd for Uffe* av Ingrid Sjøgren, var ein formidabel suksess då det blei sett opp på Gamlebyen Folkehøyskole i Fredrikstad. *Aftenposten* 15.06.1973.

¹⁸¹ Koselleck 2007: 71.

¹⁸² Jordheim 2007: 79.

¹⁸³ Ein projektiv test er ei psykologisk undersøking der personen blir presentert bilete/ufullstendig historie og beden om å gi ei skildring eller fortelja ein historie ut frå det ho ser. Ideen bak dei projektive testane er at

Olweus rektor ved Ericastiftelsen i Stockholm, ein frittstående institusjon som tilbyr høgskuleutdanning av kliniske barnepsykologar i tillegg til barne- og ungdomspsykoterapeutisk verksemd.¹⁸⁴

I 1970 blei han tilsett som professor i personlegdomspsykologi ved Universitetet i Bergen og samstundes starta han ei stor undersøking utanfor stockholmsområdet der han undersøkte mobbing blant ca. 1000 12-16-årige gutar. Resultatet blei det som er rekna som den første vitenskaplege boka om mobbing, *Hakkycklingar och översittare*, som kom ut på svensk i 1973 og på norsk i 1974 med tittelen *Hakkekyllinger og skolebøller*. Olweus hadde sjølv følgt den svenske mobbedebatten tidleg på 1970-talet og framheva at denne boka var eit vitenskapleg og empirisk basert bidrag til mobbedebatten, noko han meinte hadde mangla så langt. Boka fekk stor merksemd då ho kom ut, ikkje minst fordi Olweus så tydeleg braut med Heinemanns oppfatningar av mobbing, noko vi skal sjå nærare på om litt.

Det er svært imponerende at Olweus klarte å gjennomføra ei så stor og omfattande empirisk undersøking om mobbing berre få år etter at omgrepet blei gjort kjent. Grunnen til at dette let seg gjera, var at tematikken for den nye undersøkinga låg tett opp mot doktorgradsarbeidet han akkurat hadde ferdigstilt. I avhandlinga hadde han utvikla det teoretiske og metodiske verktøyet han trong for å gjennomføra undersøkinga, noko som gjorde at han hadde eit godt grunnlag for å koma raskt i gang. Som i avhandlingsarbeidet, nyttar han mellom anna projektive metodar i mobbestudiane frå 1970-72, i tillegg til ei rekkje andre metodar og undersøkingsteknikkar, som spørjeskjema av ulike slag, samt lærar- og kameratvurderingar.¹⁸⁵ Grunnen til dette mangfaldet av metodar er at han ville unngå såkalla metodevarians, altså at det oppstår systematisk samanheng som følgje av at dei ulike undersøkingprosedyrane inneheld felles eller liknande element.¹⁸⁶

testpersonen projiserer sin eigen personlegdom (eller drifter og kjensler) i tolkingane av dei fleirtydige bileta/materialet. Dei mest kjende projektive testane er Rorschachmetoden, tematisk appersepsjonstest (TAT) og Make-a-PictureStory (CAT-test). Egidius 2008: 404. Olweus utarbeidde i doktoravhandlinga si fire ufullstendige historier som dei undersøkte gutane skulle fortsetja, og ut frå gutane sine historier ville han prøva å sjå openberr aggresjon på førehand. Olweus 1975a: 4.

¹⁸⁴ <http://www.ericastiftelsen.se> (lasta ned 01.02.2016).

¹⁸⁵ Kameratvurderingane gjekk ut på at ein elev etter eit spørsmål blei beden om å plassera eit kort med medelevane sitt namn på (til slutt også seg sjølv) på ei pappskive med ein skala frå ein til sju (frå "svært sjeldan" til "svært ofte"). På denne skalaen kunne eleven til dømes bli beden om å vurdere ein medelev sin tendens til å starta slåsskampar. Olweus 1974a: 38-39.

¹⁸⁶ Olweus 1974a: 34.

I tillegg til at Olweus er oppteken av å grunngi og utdjupa dei metodiske utfordringane med studiane, argumenterer han med at det er metodevalet som er hovudgrunnen til at han berre undersøker aggresjon blant gutar:

I tidligere prosjekter var det allerede prøvet ut flere instrumenter og fremgangsmåter som kunne anvendes direkte eller med små forandringer på gutter i den aktuelle alder. Hvis man også skulle ta med piker som forsøkspersoner, ville det kreve et omfattende arbeid med å konstruere og utprøve passende undersøkeleseteknikker. Videre kan man hevde at det generelt finnes mer kunnskap om aggresjonproblematikk hos gutter enn hos piker, resultatene av undersøkelser blant gutter kan altså settes inn i en større kunnskapssammenheng. Dette gjelder særlig påvirkningen av tidligere foreldre-barn relasjoner. Endelig kan det formodes at hakkekylling-skolebølleproblematikken er vanligere blant gutter og har alvorligere uttrykksformer på grunn av innslag av fysisk vold.¹⁸⁷

Det var altså Olweus sin bakgrunn som aggresjonsforskar som var utgangspunktet for undersøkingane hans: “Det almene og overordnede mål for de forskjellige undersøkelser kan sies å ha vært å studere kameratrelasjoner i skolemiljø, med spesiell vekt på aggressivitet og aggresjonshemninger.”¹⁸⁸

Som aggresjonsforskar tar Olweus klar avstand frå alle teoriar der aggresjon blir sett på som eit instinkt, som til dømes Lorenz sin aggresjonsteori.¹⁸⁹ I *Hakkekyllinger og skolebøller* gir Olweus berre ei svært generell forståing av aggresjon som “adferd og reaksjoner som tilføyer og/eller har til formål å tilføye et individ skade eller ubehag”¹⁹⁰, men presenterer ein meir utfyllande definisjon på aggressive reaksjonar i ein fotnote:

An aggressive response is then defined as any act or behavior that involves, might involve, and/or to some extent can be considered as aiming at, the infliction of injury or discomfort: also manifestations of inner reactions such as feelings or thoughts that can be conceived to have such an aim are regarded as aggressive responses. This definition thus includes instrumental aggression (“involves, might involve”) and hostile aggression (“aiming at the infliction”) as well as combinations of these two forms.¹⁹¹

Hugsar vi tilbake til det aggresjonsteoretiske sveipet tidlegare i kapitlet, ser vi i definisjonen til Olweus at han er farga av Berkowitz sin aggresjonsteori ved at intensjonen bak aggresjonen er å skada noko(n), og ikkje minst ser vi igjen Berkowitz sin “tosystems-aggresjonsteori”. Ola Agevall argumenterer for at Olweus si forkasting av Lorenz sin

¹⁸⁷ Olweus 1974a: 30-31.

¹⁸⁸ Olweus 1974a: 37.

¹⁸⁹ Olweus 1974a: 30 (note 1), Olweus 1972b: 273-274.

¹⁹⁰ Olweus 1974a: 30.

¹⁹¹ Olweus 1974a (note 1), Olweus 1972b: 270-271.

instinktteori førte til at metaforen om det avvikande barnet ikkje gav meining utanfor forståingsramma om oppsamla energi i mennesket. Resultatet blei at Olweus måtte forandra på innhaldet i mobbeomgrepet for å få det til å passa med si eiga aggresjonsforskning. Dermed skulle han med *Hakkekyllinger og skolebøller* koma til å motseia nesten alle dei etablerte kjenneteikna på mobbing.¹⁹²

Gruppa vs. individet: Mobbing eller hakkekylling/skulebølle-problematikk?

Interessa for personlegdomen har særleg manifestert seg i eit fokus på dualismen Olweus definerer som hovudpartane i ein mobbekonflikt: skolebøllen (mobbaren) og hakkekyllingen (offeret). I boka viser dessutan Olweus skepsis og motvilje til å bruka mobbeomgrepet, noko som heng saman med at det engelske ordet "mob" lenge hadde vore i bruk innan sosialpsykologien. Ein mobb i denne samanhengen er eit uttrykk for ei gruppe som tilfeldig er komen saman og som berre eksisterer som gruppe ei kort tid. Mobben har liten felles identitet og oppstår i bestemte situasjonar fordi dei er saman om ein eller annan aktivitet. Dessutan opptrer mobben meir irrasjonelt og mindre fornuftig enn dei enkelte individa ville gjort kvar for seg.¹⁹³

Heinemann hadde knytt omgrepet mobbing dels til det engelske ordet "mob" i denne tydinga, dels i tydinga henta frå etologien. Denne koplinga stiller Dan Olweus av fleire grunnar, spørsmålsteikn ved. For det første er han skeptisk til Heinemanns kopling av ordet mobb til "alle mot ein"-situasjonar, noko Olweus meiner avvik frå bruken av mobb innan sosialpsykologien, der ein mobb er ei anonym masse.¹⁹⁴ Vidare stiller han spørsmål ved om den etablerte bruken av mobbing som "alle mot ein"-situasjonar eigentleg dekkjer den åtferda ein vil skildra med mobbeomgrepet: "Kanskje er det til og med slik at den *vanlige bruk av uttrykket i debatten – gruppevold mot en avviker* – kan føre til visse formålstjenlige forventningar om fenomenene og til at man overser visse viktige sider ved problematikken", spør Olweus retorisk.¹⁹⁵

Olweus hevdar nemleg at det ikkje berre er gruppa som kan mobba, også enkeltindivid kan mobba og ved å leggja for mykje vekt på gruppa kan ein risikera å missa "skolebøllens" aktive rolle av syne, hevdar han. Eit anna aspekt Olweus er skeptisk til,

¹⁹² Agevall 2007b: 31.

¹⁹³ Olweus 1974a: 10.

¹⁹⁴ Olweus 1974a: 13.

¹⁹⁵ Olweus 1974a: 13, kursiv i original.

er mobbens tilfeldige og situasjonsbestemte forhold. For Olweus er mobbing noko meir alvorleg enn tilfeldige angrep frå medelevar – han er oppteken av den gjentakande åtferda (aggresjonen) over tid og som går ut over dei same elevane om og om igjen. Dette tidsaspektet blir seinare eit svært viktig premis i definisjonen av mobbing, nemleg mobbing som ei negativ åtferd gjentatt over tid.¹⁹⁶ Det tredje aspektet han er skeptisk til, er i kva grad mobbeofferet, "hakkekyllingen", har eit avvik som utløyser mobbinga. Kan denne vektlegginga av ytre avvik ha ført til at andre og mindre tydelege kjenneteikn hos mobbeofra er komne i bakgrunnen, og kva er dessutan avvik og kva er normalutsjånad, spør Olweus seg.¹⁹⁷

Konklusjonen er at Dan Olweus føretrekkjer å nytta dualismen "hakkekylling" og "skolebølle" snarare enn mobbeoffer/mobbar, men framhevar at han beheld uttrykket mobbing i undertittelen av boka ettersom mobbeomgrepet allereie var blitt kjent i offentlegheita då boka kom ut i 1973/74. I den vidare analysen min brukar eg omgrepet "mobbing" sidestilt med omgrepsparet "hakkekylling/skolebøller". Grunnen er at Olweus sjølv sidestiller omgrepsparet med mobbing, og etter kvart går han bort frå å snakka om "hakkekylling/skolebølleproblematikk" og over til det ålment nytta mobbeomgrepet. I boka blir hakkekylling og skulebølle definert som:

Med *utpreget hakkekylling* mener vi en gutt som i ganske lang tid er blitt og kanskje fremdeles blir utsatt for andres aggresjon, dvs. at gutter eller eventuelt piker fra hans egen eller kanskje fra andre klasser ofte bråker og slåss med ham eller erter og håner ham.¹⁹⁸

Med *skolebølle* mener vi en gutt som ganske ofte undertrykker eller plager noen annen eller andre, gutter eller piker, fysisk eller psykisk.¹⁹⁹

Gjennom ulike personlegdomstestar kom han fram til kva faktorar som kjenneteiknar desse to personlegdomstypane. Som eg skal visa seinare, tok andre forskarar utgangspunkt i den same dualismen og var på den måten med å vidareføra det individualpsykologiske perspektivet.

Olweus presenterer ingen eksakt definisjon av mobbing, men i problemstillinga for boka ligg det også ein implisitt definisjon av kva han meiner med mobbing:

¹⁹⁶ Olweus 1974a: 14.

¹⁹⁷ Olweus 1974a: 15, kursiv i original.

¹⁹⁸ Olweus 1974a: 50, kursiv i original.

¹⁹⁹ Olweus 1974a: 51.

”Det [utgangspunktet for forskningen] har vært å studere *den eventuelle forekomst av og mekanismene bak forskjellige former for aggresjon og undertrykkelse som er rettet mot individuelle barn/ungdommer av andre barn/ungdommer over en lengre tidsperiode.*”²⁰⁰

Her ser vi konturane av det som seinare skulle blir ein slags fellesdefinisjon på mobbing, først og fremst handlar det om at mobbing er ulike former for aggresjon og undertrykking mot barn, utført av andre barn, gjentatt over tid.²⁰¹ Det same tidsaspektet er også med i definisjonane Olweus presenterer av hakkekyllingar og skulebøller. I tråd med Lorenz sitt syn på det spontane aggresjonsinstinktet, hugsar vi korleis Heinemann argumenterte med at mobbande barn kunne kasta seg over offeret sitt dersom dei ikkje fekk utløp for den oppsamla energien sin på ein konstruktiv måte. For Olweus er slike tilfeldige mobbar absolutt alvorleg nok, men han framhevar at han personleg er mykje meir bekymra for dei barna som systematisk blir utsett for vald og undertrykking over lang tid, noko som kjem tydeleg fram i definisjonane ovanfor. Dette individperspektivet på mobbeåferda passa dessutan mykje betre med hans instrumentalistiske og intensjonsbaserte aggresjonssyn, samt at han forska på (stabile) aggressive personlegdomar blant gutar.

Olweus introduserer altså noko heilt nytt i *Hakkekyllinger og skulebøller*, nemleg *individuell mobbing*. Dette var jo som vi hugsar stikk i strid med den opphavlege tydinga Heinemann la i omgrepet, nemleg ”alle mot ein”-åtferd. Aggresjonsforskarer Olweus forskar på ulike individuelle mekanismar som fører til aggresjon, der han først og fremst trekkjer fram faktorar som opptre uavhengig av gruppeåferd, til dømes genetiske føresetnader, foreldre-barn-relasjonar, tidlegare erfaringar osv.²⁰² Dermed argumenterer han for at mobbeomgrepet må snevras inn:

Det forekommer imidlertid ofte undergrupper i klassen – klikker – og en aggressiv undergruppe kan sannsynligvis undertrykke og plage andre barn ganske intenst og i stort omfang. Også slike foreteelser har man lett for å overse når man betoner de kollektive sider ved skolemobbing alt for sterkt. Hvis denne type av ”mobbing” – fra meget små grupper eller til og med enkeltindividers sider – er mer vanlig i våre skolemiljøer, kan den gjengse bruk av begrepet kanskje medføre at f.eks. lærere har vanskelig for å oppdage fenomenene i sine nærmeste omgivelser.²⁰³

²⁰⁰ Olweus 1974a: 16, kursiv i original.

²⁰¹ Sjå Olweus og Roland 1983.

²⁰² Olweus 1974a: 22.

²⁰³ Olweus 1974a: 14. Hermeteikn i original.

Denne snuoperasjonen kallar Ola Agevall for ei "subtil definisjonsendring" som på ei og same tid *utvidar* mobbeomgrepet ved å inkludera individuell mobbing og *innsnevrar* omgrepet ved å presisera at mobbing er negativ åtferd gjentatt over tid.²⁰⁴ Agevall ser på Olweus som ein "omgrepsentreprenør" som nesten klarte å monopolisera omgrepet ved å endra innhaldet for alltid.²⁰⁵

Ein som var heilt ueinig i denne "individualiseringa" av omgrepet, var den svenske pedagogen Anatol Pikas, som i 1975 gav ut boka *Så stoppar vi mobbing!*: "Bare i et ureflektert språk kan man høre at "individ A mobber individ B". Skulle man akseptere en slikt språkbruk, kunne ordet "mobbing" like gjerne erstattes av "aggresjon", "trakasseri", "slagsmål", "konflikt" osv.", skriv Pikas.²⁰⁶ Men, som vi skal sjå seinare, var kampen om mobbeomgrepet i realiteten over alt i 1975.

Nye vitskaplege "sanningar" om mobbing

Det som verkeleg skulle skapa overskrifter etter publiseringa av *Hakkekyllinger og skolebøller*, var ikkje dei små definisjonsendringane, det var funna Olweus presenterte i boka, ettersom dei fleste av desse avkrefta det Ola Agevall kallar dei etablerte "offentlege sanningane" om mobbing. Desse "lekmannssanningane" hadde festa seg i den svenske offentlegheita i tida etter artikkelserien i *Dagens Nyheter* og var blitt ein del av den svenske diskursen om mobbing.²⁰⁷ Som vi har sett er desse sanningane dels baserte på Heinemann sine mobbeeksemplar og dels på eksempla *Dagens Nyheter* presenterte. Først og fremst handla dei om at mobbing har to hovudforklaringar: mobbeofferet har eit fysisk avvik av eit eller anna slag, og store klassar og store skular aukar faren for mobbing. Ettersom desse forklaringane alt hadde fått så stort gjennomslag i offentlegheita tidleg på 1970-talet, blei Olweus tvinga til å testa desse forklaringane på sitt eige empiriske materiale.

Resultatet av Olweus si studie, presentert i *Hakkekyllinger og skolebøller*, viser at kartet ikkje stemmer heilt med terrenget. Dan Olweus finn ikkje noko i materialet sitt som støttar hypotesen om at skulestorleik og klassestorleik fører til auka mobbing. Han finn nemleg mobbing både i små og store klassar, og talet på gutar i klassen har heller ikkje noko

²⁰⁴ Agevall 2007b: 38.

²⁰⁵ Agevall 2007b: 39.

²⁰⁶ Pikas 1975: 13.

²⁰⁷ Agevall 2007b: 40f.

å seia.²⁰⁸ Det som er meir avgjerande for om det er mobbing i ein skuleklasse, er det Olweus kallar “interpersonlige forbindelser” eller gruppeklimaet blant gutane i klassen. Desse personlege forholda er dessutan relativt stabile over tid, noko som er med på å forsterka mobbinga dersom gruppeklimaet i klassen er dårleg.²⁰⁹ Olweus finn også at mobbing først og fremst skjer blant elevar i den *same* klassen, berre unntaksvis finn han mobbing på tvers av klassar.

Det andre oppsiktsvekkjande funnet Olweus presenterer i boka, er at han ikkje finn fysiske avvik hos hakkekyllingane, altså blant gutane som blir mobba. Dei er ikkje tjukkare, har ikkje fleire fysiske handikap enn kontrollgruppa, og dei er heller ikkje kledd i meir merkelege klede enn gutar generelt. Men ein forskjell finn han – hakkekyllingane er fysisk *svakare* enn kontrollgruppa og motsett er skulebøllene fysisk *sterkare* enn kontrollgruppa. Olweus avviser ikkje at visse former for fysiske avvik kan vera med på å auka risikoen for å bli mobba, men det er altså ikkje eit generelt funn. Verken innvandringuten eller nykomlingen blir meir mobba på dei skulane Olweus undersøkte, og han konkluderer dermed med at forklaringa om ytre avvik blant hakkekyllingar hadde vore betydeleg overdriven i den allmenne mobbedebatten.²¹⁰

Etter å ha avkrefta dei mest kjende “offentlege sanningane” om mobbing, går Olweus til sakens kjerne, nemleg si eiga forskning. Han finn som sagt ingen ytre kjenneteikn på hakkekyllingane, men kjem i staden fram til at *individuelle, psykologiske faktorar* kjenneteiknar hakkekyllingar og skulebøller. Generelt finn han at skulebøllene er kjenneteikna av eit hissigare temperament og sterkare aggressive tendensar enn hakkekyllingane og at dei har ei langt meir positiv innstilling til vald og bruk av valdelege middel. “Hakkekyllingenes ikke-aggressive adferd var i stor utstrekning bestemt av manglende evne til eller redsel for aggressiv adferd mot kameratene, til og med i selvforsvar, i en situasjon som var preget av hån og angrep fra andre gutter”, skriv Olweus.²¹¹ I tillegg til at hakkekyllingane blir skildra som meir engstelege og nervøse, har dei jamt over eit mykje nærare forhold til foreldra enn skulebøllene. Foreldra til hakkekyllingane er dessutan sjølv meir engstelege og meir beskyttande enn foreldra til skulebøllene.

²⁰⁸ Olweus 1974a: 85.

²⁰⁹ Olweus 1974a: 93.

²¹⁰ Olweus 1974a: 109-110.

²¹¹ Olweus 1974a: 132, 153.

Mot slutten av boka diskuterer Olweus kva det er som disponerer enkelte gutar til å bli ei skulebølle, og det viktigaste momentet i denne diskusjonen gjeld nettopp forholdet til foreldra. Olweus viser til ei rekkje undersøkingar som viser korleis personlege trekk som kjenneteiknar aggressive gutar er stabile over svært lang tid. Vidare konkluderer han med at det særleg er to mekanismar som kan føra til at guten får aggressive trekk og dermed bli ei potensiell skulebølle:

- a) En negativ avvisende grunnholdning fra foreldrene (eventuelt forbundet med fysisk straff) er en svær frustrasjon for gutten og skaper sterke aggressive tendenser og fiendtlighet.
- b) På samme måte som andre foreldre, står fiendtlige og aggressive foreldre "modell" for sin sønn.²¹²

Ettersom mobbestudien til Olweus ikkje var ferdig avslutta då han skreiv *Hakkekyllinger og skulebøller*, var ikkje data som omhandla barndomen til skulebøllene ferdig analyserte.²¹³ Dei funna som var klare på dette tidspunktet relaterte han difor til eksisterande studiar av aggressive barn frå 1960-talet. Som vi såg i førre kapittel var 1960-talet perioden der særleg forholdet mellom foreldre og barn blei tematisert, noko desse studiane er eit godt eksempel på. Jamvel om Olweus sjølv ikkje referer til John Bowlby i denne boka, ser vi korleis ideane om den nærverande mora ligg bak argumenta. Heilt i tråd med utviklingspsykologiske perspektiv, hevdar Olweus at den mest avgjerande faktoren for om barnet utviklar ein aggressiv personlegdom ligg i karakteren av det tidlege og (seinare) barn-foreldre-forholdet.²¹⁴ Det var forska svært lite på ikkje-aggressive gutar på denne tida, så Olweus har lite å referera til når det gjeld kva som disponerer enkelte gutar til å bli hakkekyllingar. I tillegg har han funn som tydar på at tendensen til å bli hakkekyllingar ikkje er like stabil som tendensen til å bli skulebølle. For at ein gut skal bli ein hakkekylling er ein dessutan avhengig av at det finst ein potensiell skulebølle i klassen eller på skulen.²¹⁵

²¹² Olweus 1974a: 178.

²¹³ Olweus 1974a: 179.

²¹⁴ Olweus 1974a: 178.

²¹⁵ Olweus 1974a: 187.

Medisin mot mobbing

Avslutningsvis tar Dan Olweus opp tråden etter Heinemann og diskuterer kva som kan gjerast for å motverka mobbing i skulen. Men ettersom dei to har ulikt utgangspunkt for kva som er problemet, blir nødvendigvis tiltaka ulike. Heinemann forklarte mobbing med det å vera annleis og å ikkje passa inn i gruppa. Tiltaka han foreslår sirkla seg kring integrering av dei som skil seg ut samt praktiske tiltak for å gjera skuleplassane mindre anonyme og stopp i bygginga av store skular.²¹⁶ Olweus presenterer ikkje konkrete tiltak, men idear til “prinsipielle retningslinjer”, som han kallar det.²¹⁷ Felles for både Heinemann og Olweus er at dei begge framhevar det moralske ansvaret vi som medmenneske og samfunnsborgarar har for å få slutt på denne åtferda. Og nettopp dette ansvaret forskarane tar på seg for å finna løysingar på problemet, skulle bli eit av dei viktigaste kjenneteikna på mobbeforskinga. Grunnlaget for denne vitemåten, som Pickstone kallar teknovitskap (“ways of knowing and ways of doing”), blei altså lagt i dei første publikasjonane av Heinemann og Olweus.

I avslutningskapitlet relaterer Olweus sine karakteristikkar av skulebøllene til studien *Deviant Children Grown Up: A Sociological and Psychiatric Study of Sociopathic Personality* frå 1966, skriven av den kjende amerikanske psykiatriske epidemiologen Lee N. Robins.²¹⁸ I denne lengdesnittstudien av 524 personar, som i tenåra hadde vore tilviste til ein barnepsykiatrisk klinikk (Child Guidance Clinic), undersøkte Robin korleis det gjekk med dei same personane 30 år seinare. Då fann ho at særleg barn med antisosiale symptom fungerte dårleg som vaksne: “høyere frekvens av psykiatriske sykdommer og forskjellige forbrytelser, betydelig alkoholmisbruk, høyere skilsmissemfrekvens, sosial isolasjon, dårligere resultater i arbeidslivet og ikke minst overføring av tilpasningsproblemane til egne barn.”²¹⁹

Trass i openberre forskjellar, argumenterer Olweus med at tenåringane i Robins sin studie og skulebøllene i Olweus sin studie har fleire fellestrekk: tenåringane i USA var, som skulebøllene i Sverige, svært aggressive mot kameratar, og i tillegg stemmer skildringa av dei kjenslemessige reaksjonane til dei asosiale barna i Robins sin studie godt med biletet av skulebøllene, skriv Olweus.²²⁰ Han har dessutan grunn til å tru at skulking og tjuveri vil vera vanlegare blant skulebøllar enn blant gutane i kontrollgruppa. Konklusjonen blir dermed klar

²¹⁶ Heinemann 1972: 176-177, 182-183.

²¹⁷ Olweus 1974a: 191.

²¹⁸ Olweus 1974a: 196.

²¹⁹ Olweus 1974a: 197.

²²⁰ Olweus 1974a: 198.

– for å hindra dei svenske skulebøllene i å følgja same potensielle kriminelle løpebane som dei amerikanske gutane, må ein setja inn tiltak tidleg. Dan Olweus er derimot ikkje fullt så pessimistisk på hakkekyllingane sine vegner dersom dei etter ei stund slepp unna mobbinga. Dei som ikkje får hjelp vil kunna bli plaga av “engstelighet i sosiale situasjoner og endel indre konflikter”, fortset Olweus. Uansett veit han for lite på dette tidspunktet i undersøkinga og vel difor å la dette spørsmålet liggja til seinare.²²¹

Men kva tiltak kan ein setja inn for å motverka mobbing? Olweus støttar seg på tidlegare studiar som viser at skulebølleproblematikk er svært vanskeleg å behandla klinisk. Heller ikkje studiar som har nytta det han kallar “moderne sosialomsorgmetodikk (casework og counseling)” har vist seg å fungera.²²² Etter å ha sett seg inn i ulike studiar av behandlingsteknikkar blir konklusjonen på sett og vis nedslåande, det finst ingen enkel medisin mot mobbing. I staden må tiltaksarbeidet mot mobbing byggjast på sunn fornuft og moral, hevdar Olweus: “Det trengs en økt sosial kontroll, helst utøvd av både voksne og kamerater; det er ønskelig at denne kontrollen er på same tid vennlig, bestemt og konsekvent.”²²³

Alle, både foreldre, lærarar og kameratar må ta klar avstand frå gjentatt fysisk og psykisk mishandling, men det er først og fremst dei vaksne som må ta dette ansvaret på vegne av dei barna som blir utsett for denne åtferda. Både Heinemann, Olweus og Pikas er einige om at ignorering av problemet er det absolutt verste ein kan gjera mot dei barna som blir utsett for mobbing.

Olweus skisserer kort korleis alle kan spela på lag – skulepsykologen, læraren, elevane og foreldra gjennom merksemd på problemet. Vaksne må engasjera seg meir i barnas liv og eitt av tiltaka vil vera å auka kontakten mellom heim og skule. Avslutningsvis poengterer han kor viktig det er å setja inn tiltak lenge før skulestart, ettersom det er “overordentlig sannsynlig at grunnlaget for hakkekylling-skulebølleproblematikken er lagt lenge før skolegangen begynner”.²²⁴ Olweus let likevel dette spørsmålet liggja til seinare, men avsluttar med kor viktig det er at ein set i gang dette arbeidet med det same.

Hakkekyllinger og skulebøller blei ein viktig milepæl i utviklinga om mobbeomgrepet. Ikkje berre vitskapleggjorde han omgrepet ved å koplare det til ein eksisterande vitskapleg

²²¹ Olweus 1974a: 188, 199.

²²² Olweus 1974a: 201-202.

²²³ Olweus 1974a: 204.

²²⁴ Olweus 1974a: 217.

disiplin, nemleg aggresjonspsykologien, i tillegg var han den første som gjennomførte empiriske studiar på mobbing. Boka var det første steget på vegen til mobbeforsking som eit eige forskingsfelt innan psykologien og pedagogikken. Før eg drøftar korleis denne boka blei motteken i den norske offentlegheita, vil eg sjå på korleis mobbeomgrepet blei brukt då dei første spora etter mobbing dukka opp i den norske aviser tidleg på 1970-talet.

”Når skoledagen blir et helvete”²²⁵

Ein av dei tidlegaste omtalane av mobbing i ei norsk avis var ein artikkel i VG i 1972. Saka handlar om ein sjuårig gut som blei piska med piggråd av eldre gutar fordi han ikkje ville gi frå seg eit kronestykke. Avisa skriv at

politiet som kjenner Oslos drabantbyer er klar over at slik barneterror er i ferd med å bli et problem. I Sverige er man meget opptatt av fenomenet. ”Mobbing” – som man kaller det når større barn overfaller mindre, er etter hvert blitt et problem som må tas meget alvorlig.²²⁶

I saka blir mobbing relatert til korleis omgrepet var blitt brukt i den offentlege debatten i Sverige, det er i drabantbyane det skjer, og det er eit aukande problem som samfunnet må ta på alvor. I tråd med Heinemann si oppfatning av fenomenet ser vi at mobbing blir brukt om store barn som plagar mindre barn. Interessant nok er det ikkje skulemobbing som blir omtalt i denne saka, då hendinga skjedde ein søndag utanfor skuletid.

Mobbing er ikkje eit svært hyppig tema i norske aviser i desse åra, men det er aukande interesse for fenomenet frå 1971 og utover. Aftenposten har desidert flest saker om mobbing frå 1972 og framover, med VG på ein god andreplass.²²⁷ Ein fellesnemnar for desse sakene er at dei, så godt som alle, er prega av det moralske og etiske ansvaret vaksne har for å hindra mobbing blant barn. Sjølv om det ofte blir nemnt at mobbing ikkje er eit nytt

²²⁵ Tittel på sak i VG 14.12.1973.

²²⁶ VG, 10.10.1972.

²²⁷ VG og Aftenposten er digitaliserte og søkbare og dermed kunne eg søkja på ordet ”mobbing” i heile denne perioden. I 1972 får ein fire treff på ”mobbing” i Aftenposten, mot eitt treff i VG. I 1973 er tala høvesvis 19 (Aftenposten) og fem (VG), og i 1974 finn ein 25 treff i Aftenposten og 16 VG. Som nemnt i innleiinga til kapitlet har eg også gått gjennom Dagblad-årgangane 1971 til og med 1974 på mikrofilm, men har skumma overskriftene for å gjera arbeidet overkommeleg. Eg fann ingen større saker i Dagbladet der dei omtalte mobbing i tittelen, eg fann berre ordet brukt i samband med andre saker som handla om generelle ungdomsproblem i drabantbyane utanfor Oslo, td. i Dagbladet 23.02.1973.

fenomen, blir det svært ofte knytt til det moderne, til drabantbyane, og generelt blir mobbing framstilt som eit bilete på det moralske forfallet i samfunnet:

Det er elever i norske skoler som føler skoledagen som et helvete. De blir plaget fysisk og psykisk i klassen. De blir terrorisert i skolegården og de får juling på hjemveien. Dette forholdet kan foregå i årevis. Det er ikke noe nytt fenomen. Forskjellen fra tidligere er at metodene blir stadig råere og mer utspekulerte. Nå heter det "mobbing". Det er blitt et meget alvorlig problem.²²⁸

Dette utdraget er frå den eine av to artiklar under vignetten "Mobbing i skolen" som blei publisert i desember 1973. VG hadde tidlegare hatt eit par sensasjonsoppslag om mobbing av barn, men i denne artikkelen har dei intervjuet leiaren i Norsk Lærarlag om problemet. Den neste artikkelen i serien blei publisert ei veke seinare og då har dei snakka med Olweus om funna hans i *Hackkycklingar og översittare*. Berre eit par veker tidlegare hadde Dan Olweus halde eit føredrag på årsmøtet til Norges almenvitenskapelige forskningsråd, der han også la fram funna frå boka si.²²⁹

Men trass i at Olweus tidleg presenterte funna sine i norsk riksmmedia, held dei etablerte sanningane (jmf. Ola Agevall) om mobbing seg forbausande godt i dei avisene eg har sett på. Desse sanningane blei altså direkte importert frå den offentlege debatten i Sverige, trass i at Olweus tidleg var ute i media for å prøva å korrigera synet på mobbing.²³⁰ Det er påfallande kor stor gjennomslagskraft Heinemann si forståing av mobbeomgrepet fekk på den generelle oppfatninga av omgrepet også her i Noreg. Mange av avissakene omtalar mobbing som eit gruppefenomen, og mange av sakene handlar om større barn som mobbar mindre barn, mobbing blir framstilt som eit storbyfenomen, og ikkje minst blir avvika hos mobbeofferet framheva, alt i tråd med Heinemann sitt syn på mobbing.

"Mobbing – det angår skolen"

I desse tidlege sakene er det ikkje overraskande at det er fleire referansar til Peter-Paul Heinemann enn til Dan Olweus. Heinemann si bok *Mobbing – gruppevold blant barn og voksne* kom ut på norsk våren 1973, eitt år før Olweus si bok, og mesteparten av den auka merksemda omkring mobbeproblematikken kan nok tilskrivast denne utgivinga.

²²⁸ VG, 14.12.1973.

²²⁹ Lerche 1973, *Aftenposten* 15.11.1973.

²³⁰ *Aftenposten* 15.11.1973, VG 21.12.1973, *Aftenposten* 21.05.1974.

I samband med utgivinga av boka *Mobbing – gruppevold blant barn og voksne*, heldt Heinemann eit foredrag på Pedagogisk Senter i Oslo om mobbing. Der fortalte han det norske publikummet at mobbing var eit stort problem i svenske skular, og som vi hugsar frå tidlegare i kapitlet, forklarte han også i Oslo mobbinga med mellom anna auka anonymitet og mangel på kontakt i dei nye svenske storskulane.²³¹ Den norske juristen Anders Bratholm var også deltakar på møtet og plasserte oppblomstringa av mobbing inn i ei generell valdsauke i mange vestlege land, noko han forklarte med endringar i samfunnsstrukturen, urbanisering, konkurransementalitet, stress og frustrasjon.²³² Sjølv om observasjonar tyda på at mobbing ikkje var eit stort problem i den norske skulen dette året, slo Bratholm fast at førebygging var viktigare enn behandling og ikkje minst var det viktig at vaksne greip inn. Han viste til at dette arbeidet alt var kome langt i Sverige og at Noreg låg langt etter på dette feltet.

På mange måtar låg Sverige lenger framme i løypa enn Noreg også når det gjaldt urbanisering, forstadsutbygging og auka arbeidsinnvandring på 1970-talet, og i Noreg var det vanleg å skjela til kva som skjedde hos storebror i aust. I følgje den finske samfunnsvitaren Pauli Kettunen er slike komparasjonar som spelar på "the horizon of expectations" på tvers av landegrensene eit typisk trekk ved utviklinga av dei nordiske velferdsstatane på 1900-talet.²³³ Denne samanlikninga var ikkje berre motivert av å imitera velutvikla nabostatar, vel så mykje var det eit spørsmål om å koma forventa sosiale problem i forkjøpet ved å overføre kunnskap og erfaringar. Ved å læra av andre statar si prøving og feiling kunne mindre land som Noreg, der utviklinga ikkje var kome like langt, utnytta det den russiske historikaren Alexander Gerschenkron har kalla "the benefits of backwardness".²³⁴

Og nettopp slike faktorar som skilde Noreg frå Sverige blei framheva både i avisene og i tidsskrifta. For det første fanst det ikkje norske skular av same storleik som det fanst i Sverige. Anonymiteten og framandgjeringa var difor markant lågare, noko ein håpa ville føra til mindre mobbing i Noreg.²³⁵ For det andre var det i den norske skulen vanleg med lærarinspeksjon i friminuttane, noko som også gav håp om at ein skulle klara å unngå

²³¹ *Norsk Skoleblad* nr. 36, 1973, s. 1492-1493, *Aftenposten* 14.03.1973.

²³² *Norsk Skoleblad* nr. 36, 1973, s. 1493.

²³³ Kettunen 2006: 35.

²³⁴ Gjengitt i Kettunen 2006: 37.

²³⁵ *Norsk Skoleblad* nr. 36, 1973, s. 1492-1495, *Norsk Skoleblad* nr. 52, 1973, s. 2209.

mobbing også i framtida.²³⁶ Desse forskjellane fann ein ikkje berre på det institusjonelle planet, men også på det personlege. Dan Olweus uttalte til *Aftenposten* i samband med lanseringa av *Hakkekyllinger og skolebøller* på norsk, at

Nordmenn virker mer barnevennlige enn svenskene. Større omtanke for de yngre i samfunnet har kanskje sammenheng med at nordmenn også er mindre materialistisk innstillet enn andre vesteuropeiske folk? Jeg tror ikke at skolemobbing er så utbredt her som i Sverige (...)²³⁷

Ti år seinare skulle det visa seg at mobbetala for Noreg var så godt som identiske med Sverige, noko eg kjem tilbake til i det neste kapitlet. Samanlagt er inntrykket frå dei aller første avisartiklane og tidsskriftartiklane at mobbing blei framstilt som eit problem som enno ikkje hadde slått til for fullt i Noreg. Samstundes var det eit forsiktig håp om at ein ved å læra av Sverige, kanskje ville klara å hindra at problemet blei så omfattande som det allereie var blitt hos svenskane. Unntaket frå dette generelle inntrykket er artiklane i avisa *VG* som gjennom heile perioden var prega av tabloide kriseoppslag om mobbing.

Alvoret aukar

I 1974 kom tidsskriftet og medlemsbladet for Norsk Lærerlag, *Norsk Skoleblad*, med eit dobbelt temanummer om mobbing der hovudbodskapen var “handling og konsekvens”.²³⁸ Temanummeret inneheld godt over 20 sider med saker som omhandlar mobbing, og tonen i bladet er prega av eit meir tyngjande alvor samanlikna med sakene om mobbing frå året før. Mobbing var ikkje lenger eit potensielt framtidig problem i den norske skulen, i dette nummeret blei mobbing skildra som eit allereie eksisterande problem. Alvoret blei understreka ved at det blei presentert utdrag frå tidlegare publisert materiale om mobbing, m.a. utdrag frå den norske kriminologen Ragnar Hauge sin artikkel “Mobbing” frå 1973, som eg kjem tilbake til om litt, samt ei grundig gjennomgang av Dan Olweus si forskning på feltet.

I tillegg til slike fagleg informerte artiklar om mobbinga sitt vesen og alvor, publiserte bladet mange små eksempel om barn som var blitt mobba og ikkje minst saker om korleis ein kjempa mot mobbing ulike stader i Skandinavia. *Norsk Skoleblad* trykte saker frå både norske og skandinaviske aviser, tidsskrift, rapportar o.l. Dei små historiene er trykte på

²³⁶ *Norsk Skoleblad* nr. 36, 1973, s. 1493.

²³⁷ *Aftenposten* 21.05.1974.

²³⁸ *Norsk Skoleblad* nr. 14/15, 1974, s. 646.

originalspråket og gir lesaren eit innblikk i korleis mobbing er eit problem over heile Skandinavia. Ofte er det snakk om små utdrag og notisar, som denne notisen som stod i *Norsk Skoleblad* i 1974:

**SJU-ÅRING BLE FORFULGT:
Turde ikke gå på skolen mer**

Dette er historien om en sju år gammel pike som måtte slutte sin vanlige skolegang fordi hun ble forfulgt. Hun turde ikke lenger gå på skolen. Om kvelden gråt hun og ba moren pent om å få være hjemme neste dag. Til slutt fant moren ut at det var bare en ting å gjøre: Ta sju-åringen ut av skolen og søke om plass på Steinerskolen. Der var hun så heldig å komme inn, og i dag er hun alt blitt et lykkeligere og gladere barn.

B.T.²³⁹

Ordet mobbing blir ikkje brukt i notisen, men sidan *Norsk Skoleblad* plasserte dette utdraget midt i ein større artikkel om mobbing, fungerer saka som eksempel på kva mobbing kan vera. Som vi hugsar frå tidlegare i kapitlet, så var nettopp slik akkumulasjon av eksempel og erfaringar eitt av Reinhard Kosellecks kjenneteikn på eit omgrep. Ved å publisera alle desse små eksempla understreka redaksjonen dessutan viktigheita og omfanget av mobbeproblematikken. Men sjølv om det var viktig for tidsskriftredaksjonane å formidla breidda i problematikken, var det kanskje ikkje alle som hadde det heilt klart for seg kva mobbing eigentleg var for noko og resultatet var at mobbeomgrepet blei brukt svært vidt. Ein artikkel med tittelen "Mobbing" frå tidsskriftet *Praxis* er eit godt eksempel på omgrepsforvirringa som til dels rådde på 1970-talet:

Å lære er bra. Skolen kunne vært bare et sted å lære. Men der hvor to eller flere er forsamlet, blir det ofte en taper i blandt dem. Det vakreste ved mennesket er kanskje dets evne til å *bry seg om*. Men medaljen har en bakside, å *bry seg*. En felles fiende kan skape samhold. Truer ikke fienden, kan han trues: en "trussel" blir provosert fram. Liten trussel kan være god nok, og for mange er rollen som offer den siste mulige relasjon til Fellesskapet. Vi har *glemt*. Mange av oss har mye å glemme fra vår skoletid. De som har mest å glemme, ser vi ofte ende opp med å *ikke bry seg*, - og gi "Fellesskapet" fritt spill.²⁴⁰

Teksten er svevande, uklar og på mange måtar ufullstendig. Resten av artikkelen handlar først og fremst om redsel og skrekk hos elevar og ikkje mobbing. I tillegg er artikkelen krydra med eksempel på mobbing henta frå Peter-Paul Heinemann si bok *Mobbing – gruppevold*

²³⁹ *Norsk Skoleblad* nr. 14/15, 1974, s. 667.

²⁴⁰ *Praxis*, nr. 5, 1974, s. 23.

blant barn og unge, samt utdrag frå ein artikkel frå det svenske tidsskriftet *Pockettidningen R*.²⁴¹ Som lesar blir eg ikkje særleg opplyst om kva mobbing er for noko, i staden sit eg att med mange fleire spørsmål enn svar; her er ingen definisjonar, ingen diskusjon, berre syensing omkring raseri og redsel i skulesituasjonar.

”Øker vi mobbingen ved å gi den navn?”

På mange måtar får vi, gjennom artiklane og lesarbreva i temanummeret om mobbing i *Norsk Skoleblad*, inntrykk av at Noreg i 1973/74 stod ovanfor ein smittsam epidemi. I leiaren i dette nummeret frå 1974 kan vi lesa at: “Om ein ikkje har det ennå, kan ein kome til å få det. For å hindre at mobbing skal oppstå og breie seg, må skolen vere budd på førebyggjande og hjelpande tiltak.”²⁴² Også andre drog parallellar til medisinen, men då med motsett argumentasjon. I 1973 skreiv fungerande leiar ved Skolepsykologisk kontor i Oslo, Janikke Vedeler, eit lesarbrev i *Norsk Skoleblad* om mobbeomgrepet. Vedeler hadde også halde eit innlegg på møtet i Pedagogisk senter i mars 1973, og begge stader framheva ho viktigeita av førebyggjande arbeid i form av byplanlegging og tilrettelegging av nye bustadsamfunn.²⁴³ Framandgjerung fremja aggresjon, og for å førebygga dette måtte ein leggja til rette for at folk i slike nyetablerte samfunn kunne bli kjend med kvarandre.²⁴⁴ Vedeler avslutta med å kopla mobbing til medisinen:

Det er viktig å se på disse forhold istedenfor å danne et nytt begrep for gamle fenomener, for så å fordype seg i måter å takle eller behandle denne “diagnostiserte” gruppeatferden på. Man tror man har å gjøre med et entydig fenomen når man har satt navn på det, har diagnostisert det.

I verste fall har man da *skapt et nytt problem* og er lenger enn noensinne fra å kunne behandle det.²⁴⁵

Psykologen Vedeler var altså redd for at auka interesse ville skapa auka problem. Men ved å kopla mobbing til medisinen kan ho sjølv ha bidrege til å spreia inntrykket av mobbing som ein alvorleg sjukdom ved å bruka ord som “diagnostisering”. Vi kan sjå for oss at ei slik

²⁴¹ “Utklassad? – Rapport från grundskolan”, nr. 5, 1972. Referert i Praxis nr. 5, 1972.

²⁴² *Norsk Skoleblad* nr. 14/15, 1974, s. 646.

²⁴³ *Aftenposten*, 14.03.1973.

²⁴⁴ *Norsk Skoleblad*, nr. 36, 1973, s. 1494-1495.

²⁴⁵ *Norsk Skoleblad*, nr. 36, 1973, s. 1495.

medikalisering av mobbeproblemet auka bekymringa og alvorret i mobbeomgrepet og dermed også auka frykt for mobbing.

Først og fremst var Vedeler skeptisk til å koma med nye omgrep på allereie eksisterande fenomenen:

Man oppdager en del former for atferd med visse fellestrekk, som man ikke liker. Så navsetter man dette "fenomen", og retter derved oppmerksomheten mot det – og stiller forventninger til denne atferd – og dermed har man *skapt seg* en fiende og det *er blitt* en fare.²⁴⁶

Ved å gi det eit nytt namn vil det dessutan vera lett å tenkja at ein har med eit nytt fenomen å gjera, utan at dette er tilfelle. I verste fall vil barn og unge føla at det blir forventa ei viss aggressiv åtferd av dei. Opplysning og kunnskap får ofte motsett effekt enn den tilsikta, fenomenet spreier seg i staden for at det minkar, skriv Vedeler.

Men det var ikkje berre leiaren ved Skolepsykologisk kontor i Oslo som var skeptisk til det nye mobbeomgrepet, også skulestyrar Erling Rundstrøm ved Ruseløkka skole i Oslo var skeptisk. I eit intervju med *Norsk Skoleblad* i temanummeret om mobbing i 1974 uttalte han:

Mobbing er i dag blitt en betegnelse på nesten enhver uoverensstemmelse, et sekkebegrep som vi nå bruker nærmest i tide og utide. Vi har da gode norske ord som i langt større grad får fram nyansene i det som skjer; for eksempel plaging, erting, tyrannisering. Jeg er faktisk personlig litt redd for slike nye betegnelser på gamle begreper. For dette er jo ikke noe nytt problem. Ved å gi fenomenene et nytt navn, skaper vi et slags motebegrep – fokusere [sic] oppmerksomheten for sterkt mot ett bestemt felt. Men når det er sagt, vil jeg selvsagt understreke at vi må se problemet – for det er der. Og vi må ta det opp.²⁴⁷

Det interessante her er det paradoksale i at skulestyrar Rundstrøm på den eine sida var bekymra for at mobbeomgrepet skulle føra for ein-sidig interesse for eitt bestemt problemfelt, samstundes som han argumenterer for at det allereie blei brukt som eit sekkeomgrep – nærast om alt og ingenting. Som vi har sett hadde han rett i at mobbeomgrepet blei brukt om svært ulike typar åtferd i norske aviser, akkurat slik Agevall hevdar skjedd i Sverige. Men verken Agevall eller Larsson nemner noko om at det fanst ein svensk motvilje mot sjølve ordet, snarare viser dei korleis omgrepet svært raskt blei omfamna av det svenske samfunnet og blei ein del av det svenske språket. Og nettopp det at

²⁴⁶ *Norsk Skoleblad*, nr. 36, 1973, s. 1494.

²⁴⁷ *Norsk Skoleblad* nr. 14/15, 1974, s. 666.

omgrepet famna så breitt, slik at så godt som alle kunne relatere enkelthendingar til omgrepet, kan forklara mobbeomgrepet sin raske popularitet.

Profesjonsdisputt om mobbing og metode

I 1973 skreiv den norske juristen og kriminologen Ragnar Hauge ein artikkel i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* om det nye mobbeomgrepet, men i motsetnad til Janikke Vedeler i *Norsk Skoleblad*, var ikkje Hauge redd for at eit nytt omgrep på eit gammalt fenomen skulle auka merksemda, snarare tvert om:

Men selv om det ikke er noe nytt fenomen – og selv om det kanskje var like vanlig før som nå – er det liten trøst i det. At mobbing eksisterer er et faktum – og det gjør det ikke bedre for den som er utsatt for det, at andre har vært utsatt for det samme.²⁴⁸

Hauge slår i artikkelen fast at mobbing er eit gruppefenomen og peikar på tre faktorar som lett kan føra til mobbing, nemleg tingleggjering, ansvarspulverisering og fiktivt gruppepress.²⁴⁹ Desse faktorane er også i tråd med dei tankane Heinemann gjorde seg om årsakene til mobbing, og i tillegg støttar Hauge seg på forskning mellom anna av nestoren i norsk kriminologi, professor Nils Christie. Hauge hadde sjølv forska på ungdomskriminalitet og alkoholvanar samt på gjengkriminalitet og ungdomskultur.²⁵⁰ Han var dermed godt kjent med problematikken og relaterte eiga forskning til Heinemann sine publikasjonar. I januar 1973 heldt mellom anna Hauge eit foredrag for eit foreldremøte ved Karlsrud ungdomsskole der han nettopp snakka om det nye mobbeomgrepet, om Heinemann si bok og gjengkriminalitet.²⁵¹

To år seinare, i 1975, skreiv Ragnar Hauge ei bokmelding av Dan Olweus si bok *Hakkekyllinger og skolebøller*, ““Skolebøllen” – realitet eller myte?”, også den blei publisert i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*. Hauge var ikkje vidare imponert. Først og fremst framhevar han kor problematisk det er at Olweus brukar mobbeomgrepet synonymt med hakkekylling/skulebølle-problematikk, “(...) for mobbing og “hakkekylling –

²⁴⁸ Hauge 1973: 315. Utdrag frå denne artikkelen blei også trykt i *Norsk Skoleblad* nr. 14/15, 1974, s. 668.

²⁴⁹ Hauge 1973: 316.

²⁵⁰ Sjå t.d. Hauge 1968.

²⁵¹ *Aftenposten* 23.01.1973, *Aftenposten* 25.01.1973.

skolebølleproblematikk” er to forskjellige ting”.²⁵² På same måte som i den første artikkelen definerer han også her mobbing som eit gruppefenomen. Det at Olweus hadde vridd mobbeomgrepet frå å handla om mange mot ein-handlingar til å gjelda ein til ein-handlingar var i følgje Hauge, “(...) å trekke slutninger langt utover det tillatelige”.²⁵³

I tillegg var han svært kritisk til måten Olweus rekna ut tala sine på. Hauge var ikkje nådig og meinte Olweus både brukte ein dårleg metode og ikkje minst dårlege tal:

Olweus’ bok er på mange måter et eksempel på hvordan samfunnsvitenskap ikke skal være. Han gir inntrykk av at han tar opp et bestemt problem – mobbing – til tross for at det er noe annet han behandler. Han trekker til dels konklusjoner som ligger utenfor det dataene skulle tilsa, og overdimensjonerer de resultater som passer inn i hans argumentasjon.²⁵⁴

Men verst av alt, i følgje Hauge, var at “gamle dagers ertekroker og rampeunger er blitt langt farligere og mer fryktinngytende – de er blitt til “skolebøllene” som mishandler andre fysisk og psykisk”.²⁵⁵ Tonen hos Hauge meir enn antyda at han meinte Olweus hadde hausa opp mobbefenomenet: “Så stor oppmerksomhet har det fått, at skal man dømme etter aviser og tidsskrifter er det vokst frem til å bli et av de mest sentrale problemer i norsk skole.”²⁵⁶

Ragnar Hauge var i utgangspunktet positiv til det nye omgrepet fordi det sette søkelyset på eit gammalt fenomen som ikkje tidlegare hadde vore særleg synleggjort i samfunnet. Men det som fekk han til å stegla, var at Olweus endra innhaldet i mobbeomgrepet for å få det til å passa til si eiga aggresjonsforskning. Kan henda kan kritikken frå Hauge lesast som eit uttrykk for at Olweus sitt psykologiske individperspektiv på mobbeproblematikken harmoniserte så dårleg med den generelle ideologiske klimaet (nyradikalismen) som rådde tidleg på 1970-talet.

Dan Olweus let ikkje ein slik krass kritikk stå usvart og i same nummeret blei svarartikkelen hans, “Öppna ögonen, Ragnar Hauge!” trykt:

Låt mig göra det klart redan från början! Enligt min mening är Huges artikel om min bok “Hakkekyllinger og skolebøller” ett beklämmande dokument. Den är i de flesta avseenden ett exempel på hur man **inte** skal bedriva fackkritik: Hauge tycks vara så styrd av sin egen inställning att han inte ens kan läsa rätt innantill – många av hans uppgifter och påståenden

²⁵² Hauge 1975: 197.

²⁵³ Hauge 1975: 197.

²⁵⁴ Hauge 1975: 207-208.

²⁵⁵ Hauge 1975: 208.

²⁵⁶ Hauge 1975: 195.

är direkt felaktiga eller klart vilseledande – och han har tolkat mitt material och mina konklusioner på ett synnerligen tendensiöst sett. Dessutom tycks han på väsentliga punkter ha otillräckliga metodologiska kunskaper för att göra adekvata bedömningar.²⁵⁷

Olweus tilbakeviser alle innvendingane som handla metode og talmateriale. Som eg skal visa seinare i avhandlinga, har Dan Olweus vore særleg oppteken av å utvikla og evaluera ulike metodar for å måla aggressivitet og mobbing, og når han blei kritisert for nettopp metodikken, blei han rasande. Når det gjaldt definisjonen av mobbeomgrepet, peika han på at verken Heinemann eller Hauge sjølv hadde presentert ein eksakt definisjon på mobbing:

Och ser man på hur uttrycket mobbing kommit att användas i vardagsspråket blir variationerna ännu mer påtagliga: såväl tämligen oskyldiga, snabbt övergående kamratkonflikter som långvarigt, systematiskt trakasserande och "passiv" utfrysning betecknas här med samma term. För min del anser jag denna vaga och ospecifica användning av mobbingbegreppet ha olyckliga konsekvenser på flera sätt och det är uppenbart att man inte kan bedriva meningsfull forskning om ett fenomen som inte är klarare definierat än så.²⁵⁸

Deretter viser han til den implisitte definisjonen han presenterte i problemstillinga for studien, der han framhevar at det er den alvorlege forma for mobbing han har undersøkt, gjentatt over tid.²⁵⁹

Uansett blei resultatet på sikt at mobbeomgrepet i kvardagsspråket – også etter at boka hans var godt kjent – *både* blei brukt om gruppeåtfærd og individuell åtfærd, noko som er svært tydeleg både i avisene og i tidsskrifta eg har gått gjennom frå 1970-talet. Seinare skal vi sjå at også Olweus modererer definisjonen slik at mobbing både omfattar gruppa og individet.²⁶⁰

Medan avisene jamt og trudd publiserte større og mindre saker om mobbing utover heile 1970-talet, var det meir stille om mobbing i tidsskrifta. Unntaket er *Skolepsykologi* som i 1977 kom med eit temanummer om mobbing som handla om antimobbearbeidet som hadde vore gjennomført i Bærum kommune sidan 1975/76. Leiaren for *Aksjonsgruppen mot mobbing i Bærumsskolen* var pedagogisk konsulent Oddbjørn Fure, og i ein artikkel i dette nummeret fortel han om arbeidet dei hadde gjort så langt. Overraskande nok nemner ikkje Fure med eitt ord kva dei faktisk la i omgrepet mobbing, sjølv om han seier at eitt av måla

²⁵⁷ Olweus 1975b: 209.

²⁵⁸ Olweus 1975b: 214.

²⁵⁹ Olweus 1974a: 16.

²⁶⁰ Olweus og Roland 1983: 3.

med arbeidet var å prøva å bevisstgjera kva uttrykket mobbing innebar.²⁶¹ Derimot refererer han til andre synspunkt på kva mobbing kan vera:

Enten en mener mobbing er “naturens lov som en ikke skal tukle med”, at det “er noe som alltid har vært og alltid vil være slik” eller det “er et resultat av industrialisering og urbanisering”, så vil jeg hevde at alle som har med mennesker å gjøre, i særlig grad pedagoger, psykologer, sosionomer og klubbledere bør sette seg inn i det som er blitt skrevet om dette problemet, og de som synes mobbing er ille, og som dessuten mener det er noe en kan gjøre noe med, bør ta skrittet over fra teoretisering til handling. Arbeidet mot mobbing bør være et viktig ledd i arbeidet for integrering.²⁶²

Ved å merka utsegnene som sitat markerer Fure her avstand til desse utsegnene, men vi må lesa rapporten *Mobbing blant skoleelever i Bærum* frå 1978 for å finna ut at aksjonsgruppa ser på mobbing som eit gruppefenomen.²⁶³ Det same gjer psykologen Wenche Fjeldstad i foredraget “Gruppevold i skolen – populært kalt mobbing” publisert i det same temanummeret av *Skolepsykologi*. Fjeldstad var tidlegare skulepsykolog i Bærum kommune og hadde arbeidd mykje med mobbeproblematikk.²⁶⁴ I artikkelen definerer ho mobbing som “gruppens vold mot den enkelte”, ein definisjon ho hadde henta frå Peter-Paul Heinemann. Ho refererer også til Olweus si bok *Hakkekyllinger og skolebøller* i foredraget, men tar liten notis av at han ikkje definerer mobbing som gruppevold. Fjeldstad skriv mykje om gruppevold, gruppepress og korleis ansvarskjensla lett kan smuldrast opp internt i ei gruppe, poeng ho mest sannsynleg hadde henta frå Hauge sin første artikkel om mobbing i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*.

Konklusjon

Kampen om innhaldet i omgrep som er av vitskapleg interesse er viktig ettersom den som sit med definisjonsmakta også sit med det vitskaplege hegemoniet. I dette kapitlet har eg vist korleis mobbeomgrepet oppstod i eit lite svensk tidsskrift og etter kort tid blei kasta ut i den svenske offentlegheita i kjølvatnet av artikkelserien til *Dagens Nyheter* i 1969. Sjølv om mobbeomgrepet allereie tidleg blei brukt om mange ulike typar åtferd, var det Heinemann si forståing av mobbing (gruppa mot ein avvikar) som låg til grunn for den tidlege bruken av

²⁶¹ Fure 1977: 4.

²⁶² Fure 1977: 5.

²⁶³ Aksjonsgruppen mot mobbing i Bærumsskolen 1978.

²⁶⁴ Fjeldstad 1977: 7f.

omgrepet. Heinemann presenterte ikkje sjølv noko avgrensa definisjon på mobbing, og resultatet blei at stadig nye "sanningar" blei knytt til omgrepet, i tråd med Koselleck si forståing av korleis omgrep utviklar seg. Dan Olweus sitt forsøk på å reformulera omgrepet til å handla om individuell mobbing, lukkast ikkje heilt i første omgang. Snarare ser vi at i materialet eg har undersøkt, norske aviser og pedagogiske tidsskrift, var det lite medvit og refleksjon rundt bruken. Unntaket var diskusjonen mellom Ragnar Hauge og Dan Olweus, der Hauge tydeleg heva fana til fordel for Heinemann si forståing og meinte Olweus si reformulering omgrepet var uholdbar.

Seinare skal vi sjå at det likevel var Olweus si forståing av mobbing som etter kvart skulle bli den dominerande både innan forskingsfeltet og i politikken. Denne definisjonen inkluderer både individet og gruppa, samstundes som Olweus si forståing plasserer årsakene til mobbing hos individet. I dei neste to kapitla skal vi mellom anna sjå at offentlegheita definerte mobbing mykje breiare enn forskarane, noko som heng saman med utviklinga av det Ola Agevall kallar "lekmannssanningane" om mobbing tidleg på 1970-talet. Samstundes blei mobbing etablert som eit så alvorleg samfunnsmessig problem at politisk handling blei nødvending.

Kapittel 4:

Det problematiske skulemiljøet

Skolen er blitt et av de alvorlige problemområder i samfunnet. Det er uro i den og uro omkring den. Protester, demonstrasjoner og streiker hører til dagens orden. Nær sagt alt som lanseres av omlegginger og nyordninger, kan vente å møte en mur av mistenksomhet og uvilje. Mange er kommet i alvorlig tvil om hele retningen i det skolepolitiske reformarbeid etter krigen, og om de sosiale og kulturelle virkninger det etter hvert får. Forsikringer om at vi allikevel har "det beste skoleverk i verden" faller på stengrunn.²⁶⁵

Med disse krasse orda opnar Høgre-politikaren Lars Roar Langslet boka *Uro i skolen*, som kom ut i 1977. Boka var eit kritisk oppgjer med det han kalla "reformiveren i norsk utdanningspolitikk" og eit grundig forsvar av Høgres slagord "Ro i skolen", som blei lansert til valkampen 1977. Men denne uroa for skulen gjaldt ikkje berre dei strukturelle omveltingane som den norske skulen hadde gjennomgått i tida etter 2. verdskrigen, det var også ei uro for innhaldet i skulen. I løpet av andre halvdel av 1970-åra utvikla det seg ein stor debatt om det problematiske skulemiljøet. Vald, uro og mobbing var i følge media daglegdags for mange norske skuleelevar, noko som vidare førte til eit svært dårleg arbeidsmiljø for lærarane.

Både i media og i den pedagogiske litteraturen var det delte oppfatningar om årsakene til denne uroa, men som eg skal visa i dette kapitlet, var dei fleste einige om at det var ei krise. Dei som i første rekkje profitterte på denne kriseoppfatninga var dei konservative politiske partia, ettersom Arbeiderpartiet hadde sete ved makta i store delar av etterkrigstida. Høgrebølga som vaks fram mot slutten av 1970-åra var ikkje berre eit særnorsk fenomen, men eit uttrykk for ein generell tendens i heile den vestlege verda: Velstandsauke og høgare utdanningsnivå i befolkninga generelt førte mellom anna til endringar i livsvilkåra, samstundes som forventningane til folk endra seg. Dei politiske skiljelinjene følgde ikkje lenger dei same regionale grensene som tidlegare, og Høgre tente på at fleire folk busette seg i urbane strøk.²⁶⁶ Samstundes hugsar vi frå kapittel 2 at fleire forskarar peika på korleis auka individualisering på slutten av 1970-talet overtok for den kollektive tankegangen som hadde prega store delar av etterkrigstida. Til saman førte desse endringane til ein skjelsetjande normdebatt som handla om overgangen frå eit kollektivt

²⁶⁵ Langslet 1977: 9.

²⁶⁶ Notaker 2012: 14-15.

prega etterkrigssamfunn til eit velståande og moderne 1980-talssamfunn tilsynelatande prega av individualisme. Høgrebølgja blir ofte kopla med auka individualisme og jappetid, men paradoksalt nok var det nettopp i forsvaret av det etablerte at det verdikonservative Høgre samla stor oppslutting på denne tida.²⁶⁷

Det problematiske skulemiljøet segla opp som ein gjengangar i den offentlege debatten i andre halvdel av 1970-talet og første del av 1980-talet, og i dette kapitlet skal eg først drøfta den skulepolitiske konteksten desse debattane om skulemiljøet utspelte seg i. Deretter skal eg drøfta korleis debatten om ei påstått normkrise i den norske skulen blei løfta opp på det politiske planet, og ikkje minst korleis mobbing blei framstilt som eit symptom på denne normkrisa. Den overordna tematikken for kapitlet er å drøfta korleis mobbing i løpet av denne perioden blei definert og etablert som eit sosialt problem både i samfunnet generelt gjennom debattar i norske aviser og pedagogiske tidsskrift, men også i politikken. Eit nyttig utgangspunkt for kapitlet er artiklane til Anna Larsson der ho drøftar korleis mobbing blei etablert som eit sosialt problem i Sverige.²⁶⁸

For å finna fram i den politiske debatten har eg nytta Nasjonalbiblioteket sin søkeportal *Statsmaktene*. Denne portalen gjer det mogeleg å gjennomføra ordsøk i alle digitaliserte dokument knytt til Stortinget, regjeringa og domstolane. Eg har difor søkt på ordet "mobbing" og funne treff i alt frå stortingsdiskusjonar, NOU-ar, stortingsmeldingar og anna materiale som er tilgjengeleg i denne tenesta.²⁶⁹

Når det gjeld dei andre kjeldene, har eg søkt i dei to riksavisene som er digitaliserte og dermed søkbare, nemleg *VG* og *Aftenposten*. Eg har gått gjennom alle treff ordet "mobbing" gav i desse to avisene i perioden 1975-1983. Andre aviser har eg berre lese når eg har funne direkte referansar til artiklar i dei. I tillegg har eg gått gjennom alle saker som handla om mobbing eller skulemiljøet i *Norsk skoleblad* og *Norsk pedagogisk tidsskrift* i perioden 1971-1984, ved å bruka registeret som er sortert etter tematikk og saker.

²⁶⁷ Notaker 2012: 30.

²⁶⁸ Larsson 2008a og Larsson 2010b.

²⁶⁹ <http://www.nb.no/statsmaktene/> (lasta ned 08.02.2016).

Sosiale problem

Kva som til ei kvar tid blir oppfatta som eit samfunnsproblem vil variera over tid og i ulike samanhengar. Det var på ingen måte sjølvstøtt at problemet som blei formulert av Peter-Paul Heinemann i 1969 i løpet av eit tiår skulle bli etablert som eit stort problemfelt innan skule og arbeidsliv. I ein artikkel frå 2010 argumenterer Anna Larsson for at mobbing passar med bestemte kriterium som definerer sosiale problem, og at mobbing blei etablert som problem då mobbeomgrepet fekk fotfeste i den svenske offentlegheita.²⁷⁰ Det finst mange ulike definisjonar av kva eit sosialt problem er og Larsson støttar seg på dei sju kriteria til Anna Meeuwisse og Hans Swärd, frå boka *Perspektiver på sociale problemer*.²⁷¹

Det første kriteriet henta frå denne boka er at eit sosialt problem må høyra til den sosiale sfæren. Mobbing handlar jo først og fremst om sosialt samspel og passar dermed inn her. For det andre er eit sosialt problem noko som samfunnet ser på som uakseptabelt, og igjen passar mobbing godt med dette kriteriet. Det tredje kriteriet Anna Larsson diskuterer går på at eit sosialt problem ikkje handlar om *individuell* uro og bekymring, men er noko kollektivt som har med samfunn og struktur å gjera, slik mobbing er eit problem knytt til skule og arbeidsliv. Det fjerde kriteriet slår fast at sosiale problem må omfatta ein god del menneske, og det blir gjerne framstilt som noko som aukar på. Eitt femte aspekt ved sosiale problem er at tiltak for å motverka problemet blir sett på som nødvendige. Igjen passar dette godt med mobbeproblematikken. Det sjette kriteriet handlar om at ansvaret for desse tiltaka ligg hos samfunnet, noko som igjen heng saman med dei føregåande aspekta. Og til slutt drøftar Larsson det sjuande kriteriet som handlar om at sosiale problem på ein eller annan måte er synlege i kvardagen, noko Larsson meiner var tilfellet for mobbingsproblematikken på 1970-talet.²⁷²

Larsson drøftar også forholdet mellom manifeste og latente problem. Frå ein konstruktivistisk ståstad er alle problem på eit gitt tidspunkt latente, det er først når sjølve problemet blir formulert at det blir manifest. Innanfor denne forståinga, er det sjølve formuleringa av problemet som er det viktige, altså prosessen der noko blir sett på som

²⁷⁰ Larsson 2010b: 136.

²⁷¹ Meeuwisse og Swärd 2004. Andre liknande definisjonar av sosiale problem inneheld færre kriterium: 1) samfunnet må sjå på problemet som noko uakseptabelt 2) samfunnet er uroa for dette problemet 3) samfunnet meiner at tiltak for å betra problemet er nødvendig. Sjå Goode & Ben-Yehuda 2009: 151.

²⁷² Larsson 2010b: 136.

problematiske, skriv Larsson.²⁷³ Denne posisjonen er, som vi hugsar frå dei to første kapitla, også på linje med Michel Foucaults seminarinnlegg om problematisering.²⁷⁴ Larsson poengterer at vi aldri kan skilja ut dei objektive, reelle grunnane for sosiale problem, men gjennom formuleringa av problema formar vi oppfatninga og gir innhald til problema.²⁷⁵ Sjølve problematiseringa påverkar altså problema gjennom denne prosessen, på same måte som Ian Hacking argumenterer for at klassifisering av menneske påverkar dei som er klassifiserte, som igjen påverkar klassifiseringa.²⁷⁶ Det same blir påpeika av dei svenske pedagogane Gun-Marie Frånberg og Marie Wrethander i boka *Mobbing – en social konstruktion?*, der dei drøftar framveksten av mobbeforskinga med utgangspunkt i ein annan publikasjon av Ian Hacking, boka *The Social Construction of What?* frå 1999:

(...) barn som kategoriseras som mobbare eller offer kommer att börja se sig själva utifrån de egenskaper som utmärker kategorin och kommer på så sätt att bli en del av deras identitetsskapande. Kategorierna ligger också till grund för den behandling som barnet utsätts för.²⁷⁷

Ein annan variant av ein slik sirkulær påverknadsprosess hugsar vi frå førre kapittel, der eg viste korleis Koselleck såg på omgrep som både ein indikator og ein faktor i den same konteksten.²⁷⁸ Finn vi nokre av dei same gjensidige påverknadsmekanismane uttrykt i det norske materialet?

Skulepolitikken i etterkrigstidstida: Frå semje til opprør

Skulepolitisk var etterkrigstida kjenneteikna av dei store skulereformene, der krona på verket var Grunnskolelova av 1969 som sikra alle obligatorisk niårig skulegong. Forut for dei store reformene på 1950- og 60-talet, skjedde ei storstilt utbygging av talet på skular for i det heile tatt å få plass til dei store barnekulla som blei fødd rett etter krigen. Som eg viste i kapittel 2 gjennomgjekk landsfolkeskulen på 1950-talet ei kvalitetsheving ved at ein heva talet på undervisningstimar til same nivå som byfolkeskulen. 1960-talet var prega av forsøka

²⁷³ Larsson 2010b: 137, Goode & Ben-Yehuda 2009: 151.

²⁷⁴ Foucault 1988.

²⁷⁵ Larsson 2010b: 137.

²⁷⁶ Hacking 2006: 23.

²⁷⁷ Frånberg & Wrethander 2013: 11.

²⁷⁸ Sjå kap. 3 og Jordheim 2007: 79.

og bygginga av ungdomsskulen, og tiåret blei altså avslutta med ei heilt ny grunnskulelov. Grunnskulelova blei revidert allereie i 1975, då Spesialskulelova av 1951 blei oppheva og alle med funksjonsnedsetting skulle integrerast i den vanlege skulen. Året før, i 1974, kom dessutan ein ny læreplan for grunnskulen, Mønsterplan 1974 (M74), som i tråd med integrasjonstanken sette sosialpedagogiske omsyn i sentrum og som elles spegla dei radikale politiske og pedagogiske strøymingane som rådde på 1970-talet. M74 fremja desentralisering av makt og opna for lokale initiativ på fleire område, særleg når det gjaldt læraren sin påverknad på eiga undervising, både i form og innhald.²⁷⁹ Det mest kontroversielle punktet i planen, som både då og seinare blei kraftig kritisert av høgrepolitikarar, var den store valfridomen kvar lærar fekk når det gjaldt lærestoffet. Læraren skulle, i følgje utdanningshistorikar Liv Kari B. Tønnessen, velja ut stoff som tok omsyn til eller kritiserte "skolens grunnleggende verdier, hva som er sentralt og grunnleggende stoff, kulturarven, nyttehensyn og elevenes personlige utvikling"²⁸⁰. M74 var dessutan ein milepæl for andre samtidsaktuelle kampsaker: likestilling mellom kjønna, integrering av funksjonshemma og ikkje minst auka interesse for undervising av samane på eige morsmål.²⁸¹

Fleire har peika på at det i dei første 25-30 åra etter krigen var stor politisk semje om at utbygging av skuleverket var ei god investering for nasjonen – eit høgare utdanningsnivå skulle utjamna sosiale og geografiske forskjellar, i takt med aukande velstand og konsum.²⁸² Dei få konfliktlinjene som kom til overflata følgde dei tradisjonelle politiske skiljelinjene og handla om kristendomsfagets posisjon og kyrkja si påverknad i skulen samt debatten rundt innføringa av einskapsskulen.²⁸³

Mot slutten av 1960-talet vaks ny-radikalismen fram blant den yngre generasjonen, uttrykt gjennom studentopprør og ei ny politisk venstreside. Ny-radikalismen fekk stor gjennomslagskraft og innverknad i samfunnet generelt: klassetenkinga fekk ein renessanse og generelt auka interessemotsetjingane i samfunnet. Samfunnsdebatten og den politiske debatten var dominert av steile frontar i diskusjonen rundt store spørsmål som prega 1970-

²⁷⁹ Rust 1989: 268f, Thuen 2008: 239.

²⁸⁰ Tønnessen 2011: 84.

²⁸¹ Thuen 2008: 239.

²⁸² Telhaug 1978: 23, Rust 1989: 281, Slagstad 1994: 223.

²⁸³ Telhaug 1982: 75. Helsvig 2005: 136-137.

åra: EF-medlemskap, sentrum-periferidebatten, kvinnekamp, miljøsaaka og Vietnamkrigen, for å nemna nokre.

Skulekritikken blei farga av den krasse tonen i den generelle samfunnsdebatten, og pedagogen Alfred O. Telhaug framhevar korleis dette førte til uforsonlege fagoppgjær i dei pedagogiske fagmiljøa. Ein yngre garde av akademikarar markerte seg i skulespørsmål og skapte dels oppheta ordskifte, som til dømes Erling Lars Dale, Eva Nordland, Nils Christie, Hans Tangerud, Stieg Mellin-Olsen og Edvard Befring.²⁸⁴ Fleire av desse analyserte den norske skulen ut frå eit marxistisk perspektiv, og skulen sitt forhold til samfunnet blei dermed ei sentral problemstilling på denne tida.

Ungdomsutvalet

Frå kapittel 2 hugsar vi at sosiologien og sosiale forklaringsmodellar vann stadig nytt terreng rundt 1970, noko som både påverka psykologien og pedagogikkfaget. Den etablerte pedagogikken, som tradisjonelt berre hadde studert individet og skulen, blei i løpet av desse åra utfordra av sosialpedagogikken. Sosialpedagogikken framheva individet sitt forhold til samfunnet og ikkje berre til skulen. Eitt av dei tydelegaste uttrykka for ny-radikalismen og sosiologiens påverknad på skuledebatten var kriminologen Nils Christie si bok *Hvis skolen ikke fantes*, som kom ut i 1971. Boka skapte store overskrifter og blei omsett til fleire språk. Christie sitt hovudargument var at skulen si hovudoppgåve var å skapa trivsel og glede for elevane, og samarbeid var noko av det viktigaste elevane skulle læra, tydeleggjort gjennom det kjente sitatet frå boka hans: "I vår sammenheng betyr dette at grunnskolen først og fremst må bli et sted å være, deretter et sted å lære."²⁸⁵

Pedagogen Eva Nordland stod for den tydelegaste sosialpedagogiske røysta på 1960- og -70-talet. Nordland var særleg oppteken av at skulen var ein viktig og god danningsarena for barn og ungdom, der det å gjera barna til vellukka samfunnsborgarar var like viktig som å læra dei fag og kunnskapsferdigheiter.²⁸⁶ Som kvinne i eit mannsdominert miljø ved Pedagogisk forskningsinstitutt (PFI), Universitetet i Oslo, måtte ho kjempa ein hard kamp for å bli høyrte med sine alternative perspektiv.²⁸⁷ Pedagogisk forskningsinstitutt blei i fleire tiår

²⁸⁴ Telhaug 1982: 83.

²⁸⁵ Christie sitert i Telhaug 2008b: 292.

²⁸⁶ Jarning 2004: 326.

²⁸⁷ Eva Nordland tok magistergraden ved PFI i 1947, dr.philos. i 1955 og blei, etter eit mellomspel som universitetslektor, dosent ved same stad frå 1963. Jarning 2004: 322.

leia av professor i pedagogikk Johs. Sandven, og under Sandven hadde Nordland store problem med å få gjennomslag for sine faglege synspunkt. Tidleg på 1970-talet blei ho forbigått i tilsetjinga av tre ulike professorat ved instituttet.²⁸⁸ Til gjengjeld blei Nordland i 1973 den første vitskaplege leiaren for det då relativt radikale sosialpedagogiske studiealternativet ved Universitetet i Oslo. Opprettinga av studiet var eit resultat av ein opprivande strid ved Pedagogisk forskingsinstitutt som både hadde handla om kritikk mot den etablerte pedagogikken og mot den praktiske lærarutdanninga, som Nordland mellom anna meinte var for teoretisk innretta.

Men hovudgrunnen til at Nordland var den viktigaste sosialpedagogiske stemma på 1960- og -70-talet var hennar lange fartstid som "faglig premissleverandør og skole- og utdanningspolitisk ideolog", for å bruka historikaren Kim B. Helsvig sine ord.²⁸⁹ Ho var ein personleg ven av statssekretær og seinare statsråd Helge Sivertsen i Kyrkje- og undervisningsdepartementet og hadde ein finger med i utforminga av mesteparten av skulepolitikken som blei gjennomført på 1950- og 60-talet: "Gjennom Eva Nordlands sentrale rolle og innflytelse i både politiske og faglige sammenhenger kom det ikke minst til å utvikle seg et utstrakt samarbeid mellom det nye sosialpedagogiske studiet ved UiO og Arbeiderpartiets skole- og utdannings- og ungdomspolitik", skriv Helsvig.²⁹⁰

I 1971 blei Nordland oppnemnt av regjeringa Bratteli som leiar av det såkalla Ungdomsutvalet.²⁹¹ Mandatet til utvalet var personleg utforma av statsminister Trygve Bratteli, som uttrykte ei stor uro for korleis aukande konkurranse prega den oppveksande generasjonen.²⁹² Utvalet skulle mellom anna "bidra til en mer samlet offentlig politikk når det gjelder å se ungdommenes situasjon i utdanning, arbeid og fritid i sammenheng."²⁹³ Resultatet av utvalet sitt grundige arbeid var to innstillingar, først den over 300 sider lange NOU 1977: 6 *Ein samla offentlig politikk for oppvekstmiljøet* og året etter NOU 1978: 1 *Utredning om lov om oppvekstmiljø*. Som utvalsleiar er det tydeleg at Nordland var ein

²⁸⁸ Helsvig 2005: 270.

²⁸⁹ Helsvig 2001: 35.

²⁹⁰ Helsvig 2001: 38.

²⁹¹ Ungdomsutvalet hadde tolv medlemmer og var opprinneleg samansett av professor Eva Nordland, lærar Målfrid Belbo, magister Brit Bergersen Lind, teologistudent Kjell Magne Bondevik, lektor Asbjørn Folkvord, husmor Dagrun Grande, journalist Tone Jamholt, sekretær Rolf Lasse Lund, generalsekretær Oddvin Lundanes, jusstudent Eva Mohn, avdelingssjef Asbjørn Tenmann og cand. mag. Johs. Wike. Undervegs blei Bondevik erstatta av landsungdomssekretær Anfin Skaaheim, medan Mohn, Tenmann og Folkvord gjekk ut av utvalet undervegs utan å bli erstatta. NOU 1977: 6, s. 13.

²⁹² Jarning 2004: 331, Helsvig 2005: 278.

²⁹³ NOU 1977: 6, s. 13.

sentral aktør – ikkje berre fungerte kontoret til Nordland på UiO som sekretariat for utvalet, i tillegg var delar av grunnlagsmaterialet for utgreiinga basert på studentarbeid utført ved det sosialpedagogiske studiet, fleire av dei med Nordland som rettleiar.²⁹⁴

Som vi skal sjå i den neste delen av kapitlet blei ulike sosiale problem i skulen kraftig debattert i andre halvdel av 1970-talet. Vedlegg 2 i utgreiinga frå 1977 drøftar nettopp dette og definerer sosiale problem i skolen som "(...) de forhold i skolen som synes å skape en kontinuerlig destruktiv situasjon, ikke bare for elevene, men også for lærere og foreldre".²⁹⁵ Mobbing blir eksplisitt nemnt som eitt av dei aktuelle sosiale problema norske skular sleit med på denne tida. Utvalet poengterer at mobbing ikkje var noko nytt i skulesamanheng, "mobbing", eller systematisk plaging av medelever, er et forhold som har forekommet i skolen tidligere".²⁹⁶ Vidare blir det framheva at mobbaren ikkje har bestemt sosial bakgrunn eller mistrivst spesielt mykje på skulen, men at det heller dreier seg om "bestemte negative personlighetstrekk".²⁹⁷ Her er det tydeleg at utvalet har henta definisjonane av mobbing frå Dan Olweus si forskning, utan at han er nemnt i teksten eller i litteraturlista.

I andre del av NOU-vedlegget presenterer forfatarane ulike årsaker til desse disiplinproblema skulen opplevde på 1970-talet. Hovudforklaringane meinte dei låg i endra samfunnsforhold og endra ungdomsrolle. Ungdomstida i det moderne samfunnet var blitt utvida på grunn av utdanning, og dette kunne lett føra til ei kjensle av tomrom og passivitet i forhold til samfunnet.²⁹⁸ I tillegg opplevde mange problem med heimemiljøet grunna urbanisering, auka flytting og anonyme og hendelsesfattige bumiljø i byane.²⁹⁹ Som vi skal sjå seinare er dette ei av Eva Nordland sine viktigaste forklaringar på dei sosiale problema som oppstod på denne tida og den same forklaringa finn vi att i seinare offentlege utgreiingar, ettersom Nordland få år seinare på nytt blei oppnemnt som utvalsmedlem av KUD. Men først skal vi sjå korleis debatten rundt det problematiske moderne livet utfalda seg utover på 1970-talet.

²⁹⁴ NOU 1977: 6, s. 13, NOU 1978: 1, s. 7, NOU 1978: 1, vedlegg 5, s. 85 og Jarning 2004: 331

²⁹⁵ NOU 1977: 6, vedlegg 2, s. 71. Vedlegget er ei av fem delutgreiingar utarbeidd av Ungdomsutvalet og blei publisert som temahefte på Universitetsforlaget, første opplag i 1974, andre opplag 1976. Temahefta blei mellom anna brukt som diskusjonsmateriale i skulen og i høgare utdanningsinstitusjonar. NOU1977: 6, s. 16.

²⁹⁶ NOU 1977: 6, vedlegg 2, s. 73.

²⁹⁷ NOU 1977: 6, vedlegg 2, s. 73.

²⁹⁸ NOU 1977: 6, vedlegg 2, s. 73-74.

²⁹⁹ NOU 1977: 6, vedlegg 2, s. 74.

Normoppløysing, mobbing og uro i skulen

I andre halvdel av 1970-talet blei mobbing i aukande grad kopla til ei kjensle av at det vestlege samfunnet stod midt oppe i ei normkrise og eit moralsk forfall. I kapittel 2 såg vi ein kime til den same diskusjonen då mobbeomgrepet kom til Noreg i 1973/74, men ikkje så eksplisitt som mot slutten av tiåret.³⁰⁰ 1. mars 1976 kunne *Aftenposten* melda at dåverande parlamentarisk leiar i KrF, Lars Korvald, hadde tatt spørsmålet om normoppløysing opp i ein generaldebatt i Nordisk Råd, ettersom han meinte dette var eit fellestrekk ved alle dei nordiske landa: "Ulrike former for vold, "mobbing" og vinningsforbrytelser brer seg. Vi ser også den oppløsning av ekteskapsituasjonen som foregår i våre nordiske land. Stort sett har samfunnet til idag vært interessert i ordnede ekteskapsforhold, og det av mange grunner."³⁰¹ Mobbing blei her kopla til oppløysinga av familiestrukturar, noko som skulle bli ein gjengangar i åra som kom. Samstundes som tala på inngåtte ekteskap var fallande, steig tala på skilsmisser, og dette var naturlegvis noko som blei diskutert i samtida.³⁰² I jakta på årsaker som kunne forklara denne normoppløysinga var det nærliggjande å sjå etter endringar i samfunnet. Auken i skilsmisser var dermed ei taknemleg forklaring for politiske parti som hegna om ekteskapet, familien og dei kristne verdiane.

Andre stadig like aktuelle problemstillingar på 1970-talet, var urbaniseringa og sentraliseringa som hadde prega landet ei god stund allereie. I etterkrigstida skjedde det i Noreg, som i så mange andre vestlege land, ein kraftig folkevekst og byvekst som kuliminerte rundt 1974. Ettersom det var tettstadane, og særleg dei industrialiserte tettstadane som vaks i denne perioden, skjedde det ei kraftig byspreiing ved at dei fysiske skilnadene mellom by og land i stor grad blei utviska.³⁰³ Mange av tettstadane fekk klåre urbane trekk og utvikla også ein del av dei same sosiale problema som storbyane sleit med.

På 1970-talet auka dessutan kritikken mot den offentlege politikken som gjekk ut på at "desentralisert konsentrasjon" skulle skapa større balanse mellom by og land.³⁰⁴ Historikaren Ola Svein Stugu viser korleis sentraliseringsmotstandarane fann ein naturleg allianse i Nei til EF-rørsla, samstundes som ei internasjonal anti-autoritær rørsla mot

³⁰⁰ Jmf. Utsegnene til Anders Bratholm på møtet på Pedagogisk Senter i 1973 i kap. 2.

³⁰¹ *Aftenposten* 01.03.1976.

³⁰² SSB, Historisk statistikk, tabell 3.24 *Inngåtte og oppløste ekteskap*.
<https://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/3-24.html> (lasta ned 02.03.2015)

³⁰³ Stugu 2006: 448.

³⁰⁴ Stugu 2006: 459.

kapitalismen fekk eit særnorsk uttrykk i nettopp denne anti-sentraliseringsrørsla som romantiserte landsbygda. Men kritikken mot urbaniseringa kom ikkje berre frå distriktforkjemparane, skriv Stugu:

Arkitekter og sosiologer som hadde undersøkt bomiljøet i enkelte nye drabantbyer, kom med knusende kritikk mot så vel miljøet som den politikken som lå bak drabantbyutviklingen. Ammerud i Groruddalen i Oslo, (...) ble et symbol på en byutvikling som det ble hevdet gav magre viklår for trygghet, menneskelige fellesskap og identifikasjon.³⁰⁵

Som eg viste i førre kapittel var det Heinemann som først kopla mobbing med den problematiske drabantbyen, og denne oppfatninga held stand gjennom heile 1970-talet. I andre del av 1970-åra var mange norske avislesarar opptekne av problematikken og peika i lesarinnlegg på at anonyme drabantbyar skapte aggressive og passive barn, noko som igjen kunne føra til mobbing.³⁰⁶ Men først og fremst blei mobbing knytt til uro og manglande disiplin i skulen, noko som ofte blei forklart med ei stadig friare barneoppseding. Vinteren 1976 kunne *Aftenposten* melda at Tårnåsen skole i Oppegård hadde sett i gang ein kampanje for "mer høflighet". Skulen inviterte også foreldra til å vera med å diskutera problematikken, ettersom skulen også opplevde manglande høflegheit frå foreldra si side.³⁰⁷ Denne manglande høflegheita, og den aukande kjensla av eit samfunn i normkrise, handla altså ikkje berre om skulemiljøet til den oppveksande generasjonen, i aller høgste grad gjaldt det også arbeidsmiljøet til dei som omgjekk barna kvar einaste dag på skulen, nemleg lærarane.

Det farlege læraryrket

Under talen til landsmøtet i Norsk Lærarlag i 1979, uttalte formannen, Kari Lie:

Det er et faktum at mange lærere i dagens skole nærmest kjemper for å overleve fra dag til dag. I enkelte klasser og skolemiljøer er det så tøffe forhold at de som ikke selv har opplevd det, vanskelig kan forstå det fullt ut.³⁰⁸

Lærarane sitt arbeidsmiljø var dei siste åra blitt ei "hard psykisk belastning", utdjupa leiaren vidare, og hevda at lærarane i stadig aukande grad måtte ta seg av elevar med store åtferdsproblem.

³⁰⁵ Stugu 2006: 462.

³⁰⁶ Sjå t.d. *Aftenposten* 17.03.1976 og leiaren i *Aftenposten* 30.11.1976.

³⁰⁷ *Aftenposten* 20.03.1976.

³⁰⁸ *Aftenposten* 09.10.1979.

To månader seinare blei ein lærar i Gøteborg knivstukken og drepen av ein 15-årig elev.³⁰⁹ Hendinga skapte ei ny bølge av interesse rundt det utfordrande skulemiljøet både i avisene og i tidsskrifta. Ikkje uventa var særleg *Norsk skoleblad* og *Norsk pedagogisk tidsskrift* opptekne av problematikken og gjentok temaet i fleire leiarar utover på 1980-talet. I løpet av våren 1980 blei arbeidsmiljøet i skulen eitt av dei tydelegaste redaksjonelle temaa i *Norsk skoleblad*, og heile fire leiarartiklar tok opp problema knytt til arbeids- og læringsmiljøet.³¹⁰ *Norsk pedagogisk tidsskrift* tok opp temaet med skulemiljøet kvart år i første halvdel av åttitalet, då dette tydelegvis var noko som både redaktørar og lesarar var opptekne av.³¹¹

Formannen i Norsk Lærarlag gav i fleire intervju uttrykk for manglande folkeskikk blant samtidas elevar, og ikkje minst framheva ho at lærarane stadig vekk blei utsette for alvorleg psykisk terror. Elevane mangla disiplin i skulen, og Lie hevda at denne utviklinga skuldast den frie barneoppsedinga, som ho meinte hadde breidd om seg på 1970-talet.³¹² I eit intervju med *Aftenposten* i januar 1980 varsla dessutan lærarlagsleiaren at Kyrkje- og undervisningsdepartementet i løpet av våren hadde planar om å setja ned ei gruppe som skulle sjå på arbeidsforholda i skulen, noko eg kjem tilbake til seinare.³¹³ *Norsk skoleblad* hevda at denne saka blei fanga opp av nordiske politikarar:

Ein finsk riksdagsmann tok saka opp i Nordisk råd på Island. Statsråd Førde fortalde her at i Noreg ville ein setje ned eit eige utval til å greie ut kva for tiltak ein bør setje i verk for å betre arbeidsmiljøet i skolen. Leiinga i Norsk Lærarlag hadde då alt vori i fleire møte med Kyrkje- og undervisningsdepartementet om saka.³¹⁴

I tillegg hadde svenske styresmakter sett ned ein eigen rikskomité som skulle drøfta arbeid mot vald i skulen. Den samtidige oppfatninga var altså at normoppløysinga i skulen ikkje berre var eit særnorsk fenomen, men eit fellestrekk i heile Norden. Rett nok er framstillinga av normoppløysinga prega av ulike agendaer, til dømes er sakene i *Norsk skoleblad* og *Norsk pedagogisk tidsskrift* farga av at dei var tidsskrift for og av lærarar og pedagogar. *Norsk skoleblad* var dessutan fagforeningsblad og etterlyste betre arbeidsvilkår for lærarane, både fagleg og i forhold til arbeidsvilkåra.

³⁰⁹ VG 14.12.1979.

³¹⁰ *Norsk skoleblad* nr. 2, 12, 25 og 26 1980.

³¹¹ *Norsk pedagogisk tidsskrift* nr. 2 og 8 1979, nr. 2 1980, nr. 1 1981, nr. 2 og 6 1982, nr. 6 1983, nr. 5 1984.

³¹² *Aftenposten* 26.01.1980 og *Arbeiderbladet* 28.07.1980.

³¹³ *Aftenposten* 26.01.1980.

³¹⁴ *Norsk skoleblad* nr. 12, 1980.

Men den som kanskje hausta mest mediemerksemd rundt den uttalte normkrise i skulen på denne tida var den dåverande skulesjefen i Bærum, Thorleif Øisang. På nyåret 1980 sendte han ut eit langt brev til alle lærarar og tilsette ved bærumsskulane, samarbeidsutval, foreldreråd og elevråd. Brevet handla om Øisangs bekymring for ungdommens åtfærd og haldningar. Han meinte dei unge viste manglande respekt for skule og styresmakter:

De mangler vanlig folkeskikk og alminnelig høflighet. Og hva som kanskje er langt verre, de viser en slapphet og likegyldighet overfor oppgaver de blir pålagt. (...) I tillegg foregår det direkte mobbing både av lærere og medelever. Det begås hærverk, og antall innbrudd forvoldt av elever øker (...).³¹⁵

Det interessante med denne saka er at dette altså skjedde i Bærum, kommunen med pengesterke Høgre-veljarar, og ikkje i ein drabantby på austkanten, der ein gjerne skulle forventa slike problem. Dette var nok også grunnen til at Øisang fekk så mykje merksemd – saka bryt med oppfatningane av korleis skuletilhøva i Bærum var.

VG plukka opp saka og gav Øisang god spalteplass under tittelen "De må lære folkeskikk". I saka blei sjefpsykolog Johs. Hovden ved den pedagogisk-psykologiske rådgivingstenesta i Bergen intervjuet, og Hovden kopla det nye "pøbelveldet" med at dåtidens ungdom ikkje var i stand til å ta ansvar for alle goda dei fekk opp i nevane.³¹⁶

Reaksjonane på brevet til Øisang let ikkje venta på seg. Ei gruppe lærarar og foreldre i bærumsskulen kritiserte skulesjefen kraftig i eit offentleg brev der dei hevda han gjorde vondt verre. For å få til ein god dialog med ungdommen må ein møta dei med respekt og gjensidig tillit, uttalte gruppa. Å dømma ein heil generasjon ville ikkje føra noko godt med seg.³¹⁷

Øisang sjølv tok kritikken med knusande ro og var klar over at han hadde "trampet på et sant klaver av ømme tær", som *Aftenposten* skreiv i eit intervju med han litt seinare.³¹⁸ For Thorleif Øisang var ingen kven som helst i den norske pedagogiske debatten. Han var ein kjend skulehistorikar, lærebokforfattar og ivrig samfunnsdebattant. Få år tidlegare hadde Øisang publisert boka *En skole mellom ytterpunkter*, som var ei samling artiklar frå skuledebatten i 1970-åra. I boka markerer han seg som pragmatikar, mykje var bra i skulen

³¹⁵ VG, 07.02.1980.

³¹⁶ VG, 07.02.1980.

³¹⁷ VG, 14.02.1980.

³¹⁸ *Aftenposten* 16.02.1980.

og mykje kunne betrast, men det viktigaste var å finna balansepunktet mellom ytterpunktta i venstre- og høgreretorikken.

Innspelet til Øisang om at elevane den gong mangla respekt og alminneleg folkeskikk er på mange måtar klassisk høgreretorikk. Men Øisang var ingen Høgre-mann, snarare tvert om. Han hadde bakrunn i arbeidarrørsla og var mellom anna tidlegare formann i Sosialistisk Skolelag. Tilsetjinga av han som skulesjef i Høgre-bastionen Bærum hadde vore kontroversiell. Den kommunale leiinga hadde først gått inn for ein annan kandidat, men etter ein klage overprøvde Kyrkje- og undervisningsdepartementet tilsetjinga og Øisang fekk stillinga.³¹⁹

Feila utdanningspolitikk?

Som vi såg innleiingsvis i kapitlet gav høgrepolitikaren Lars Roar Langslet ut boka *Uro i skolen* i 1977. På same måte som boka til Øisang, er også denne boka ei oppsummering av eigne synspunkt på skulespørsmål som hadde stått sentralt i den offentlege debatten på 1970-talet. Langslet drøftar først og fremst kor reformtrøtte skuleverket og lærarane var på slutten av 1970-talet, etter tiår med reformiver frå Arbeiderpartiet si side. Reformene hadde fått vidtgående konsekvensar, hevdar Langslet vidare. Mellom anna kjende mange foreldre seg tilsidesette i eit framandgjerande møte med den nye og reformerte skulen.³²⁰ I det heile er det få lyspunkt i samtidas skule, sett med Langslet sine auge: reformarbeidet hadde gått for langt, innhaldet var dårlegare, fagnivået var fallande og Arbeiderpartiets likskapstanke hadde slått feil. Løysinga hans var medisin for eit konservativt normforsvar: større arbeidsro, betre samarbeid, fastare former og fastare normer.³²¹

Kjensla av at samtida var moden for noko nytt var også temaet for eit nummer av *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* vinteren 1979. Dåverande redaktør, Alfred Oftedal Telhaug, skreiv i leiaren at "nå skjer imidlertid det uvante og nærest oppsiktsvekkende at arbeiderbevegelsen selv gjør partiets skolepolitikk til gjenstand for en hardhendt prøving og kritikk" og redaktøren stilte spørsmålet "har Arbeiderpartiets utdanningspolitikk spilt falitt?"³²² Bidraga i temanummeret var sprikande i svara på spørsmålet, ettersom

³¹⁹ *Aftenposten* 16.02.1980, Ness 1979: 2-3.

³²⁰ Langset 1977: 17-18.

³²¹ Langset 1977: 99-100.

³²² *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, nr. 2, 1979, s. 50.

bidragsytarane var ei blanding av lærarar, skuleleiarar, politikarar, pedagogar og andre forskarar.

Ei av bidragsytarane til nummeret var Eva Nordland. I artikkelen sin peika ho på samtidas oppvekstmiljø og samfunn som dei viktigaste årsakene til at mange elevar ikkje treivst i skulen og som difor laga bråk og tull for dei andre. På same måte som i NOU 1977: 6 *Ein samla offentleg politikk for oppvekstmiljøet* hevda ho at samtidas bumiljø var fattige på hendingar og ikkje minst nyttige og verdifulle aktivitetar. All produksjon var forsvunne ut av familien, varer og tenester blei i aukande grad kjøpt av andre, "til og med ferdiglaget underholdning, fra ukeblad til kassettmusikk".³²³ Barna gjekk dermed glipp av praktiske og sosiale ferdigheiter – ferdigheiter som skulen bygde vidare på:

Barn og tenåringer som har lite samvær med voksne utenom skolen, har fått mindre erfaring med samarbeid, orden, utholdenhet og i mindre grad lært en naturlig disiplin, rett og slett fordi arbeidet som fenomen forsvinner fra deres liv.³²⁴

For Nordland var *arbeidet* kjerneaktiviteten og ved å desentralisera arbeidsplassar for både kvinner og menn tilbake til bumiljøa gjennom barnehagar, grendaskular, helse- og kulturtilbod, butikkar o.l., var ønsket at foreldra skulle få meir tid til barna sine. 2000-talets tidsklemme var allereie eit faktum på slutten av 1970-talet. Ettersom Nordland sjølv hadde vore svært så delaktig i utforminga av Arbeiderpartiets utdanningspolitikk i etterkrigstida, er det ikkje å forventa at ho skulle kritisera utviklinga, noko ho heller ikkje gjer i artikkelen. I staden kritiserer ho elevane si mangel på påverknad på eigen skulekvardag og ansvar for eigen læringssituasjon. Altså motsett av det Høgre-politikarane hevda.

Mykje av den same argumentasjonen finn eg også i ei anna bok, men med eit heilt anna perspektiv. I 1979, i FN's barneår, gav ekteparet Magne og Tora Raundalen saman ut boka *Er du på vår side! Rapport fra barnemiljøet, intervju med 4000 barn, foreldre og lærere*. Magne Raundalen var alt rundt 1980 ein av landets mest markante barnepsykologar og kona Tora Raundalen var journalist med lang fartstid som lærar i barneskulen. Boka var først og fremst eit forsøk på å formidla barnas egne stemmer. Korleis var det å vera barn i Noreg på slutten av 1970-talet? Hadde dei det så bra som den materielle utviklinga skulle tilseia? Svara ekteparet Raundalen fann overraska dei. Svært mange norske barn, godt over

³²³ Nordland 1979: 64.

³²⁴ Nordland 1979: 64.

halvparten av 7-åringane, kjende seg utrygge og plaga, dei var redde for mykje og særleg for eldre barn og for trafikken.³²⁵ Undersøkinga viste dessutan at mange barn mistreivst og var utan aktivitetar utanom skuletid. Halvparten av barna såg på TV i rundt to timar per dag og var mykje heime åleine utan foreldra.

Det totale inntrykket gjennom media, tidsskrift og bøker, er at det var dystre tider for barn på slutten av 1970-talet, både på heimebane og i skuleverket. Som vi hugsar frå kapittel 2, framheva Jan Eivind Myhre korleis barnet på denne tida i stadig aukande grad blei trekt fram som ei utfordring ved at det representerte eit organisatorisk problem. Ekteparet Raundalen forklarar først og fremst utviklinga med industrialiseringa og urbaniseringa av samfunnet: Rekordmange barnefamiliar var på flyttefot i 1970-åra, noko som førte til at mange blei buande langt frå besteforeldre, familie og slekt. I dei store forstadane kjente mange barn seg framandgjorte, og dei mangla naturleg kontakt med andre vaksne enn sine egne foreldre, hevdar forfattarane. Avslutningsvis gjer Magne og Tora Raundalen opp status:

Sammenlignet med tidligere generasjoner kan vi si at vår tids barn har opplevd sosiale eksperimenter av ukjent størrelse og konsekvens:

1. Barna idag er den første generasjon uten besteforeldre.
2. For første gang er barna uten far som en arbeidende modell.
3. Barna lever mer og mer i nesten barnløse familier.
4. De er den første generasjon uten arbeid.
5. Barneomsorgen er for første gang i hovedsak overlatt til en eneste ressurs, nemlig den hjemmearbeidende mor.
6. For å fylle tomrommene har menneskene funnet opp et nytt familiemedlem, fjernsynet.³²⁶

Fellesnemnaren for dei ulike bøkene, tidsskriftsartiklane og avisartiklane eg har gått gjennom i denne delen, er at 1970-talet var ei brytningstid der store samfunnsmessige og sosiale endringar førte til normkrise og moralsk forfall. Men eit forfall må nødvendigvis stå i relasjon til noko, og den underliggjande grunnforteljinga er at ting var betre før. Samfunnet hadde hardna til, skuleelevane mangla høflegheit og folkeskikk, elevane mobba kvarandre og det var blitt farlegare å vera lærar. Kontrasten til glansbiletet av samfunnet ”i gode gamle dagar” var slåande i mykje av argumentasjonen: I det gamle bondesamfunnet tok folk seg av kvarandre, og den sosiale kontrollen hindra at nokon fall utanfor. Dei nye urbaniserte områda fungerte ikkje slik – barna hadde mista meningsfylt arbeid, den heimeverande

³²⁵ Raundalen og Raundalen 1979: 132.

³²⁶ Raundalen og Raundalen 1979: 219.

husmora hadde meir eller mindre eineansvar for oppsedinga av barna i familien, og anonymiteten i desse nye buområda gjorde at andre vaksne ikkje fanga opp dersom noko var gale i familien.

Mobbing blei sett på som eitt av fleire symptom på denne samfunnsutviklinga – heilt i tråd med dei etablerte "sanningane" om mobbing som hadde utvikla seg i den svenske offentlege debatten eit lite tiår tidlegare. Denne stadige koplinga av mobbing til denne påståtte normkrise, og ikkje minst framstillinga av at dette var eit aukande problem er, som eg skal visa seinare, eitt av kjenneteikna på at mobbing var blitt etablert som sosialt problem.

Politisk høgrevind

Usikkerheita om korleis det var å veksa opp på slutten av 1970-talet blei utnytta av den politiske høgresida som skulda på Arbeiderpartiet sin lange og dominerande regjeringssperiode. Lars Roar Langslet si bok var den første av fleire bøker i samtida som sette an tonen for det stemningsskiftet som kom mot slutten av 1970-åra. Også ein annan Høgre-politikar gav ut ei skulepolitisk bok. Våren 1981 kom boka *En skole for alle*, av skulemannen og dåverande formann i kyrkje- og undervisingskomiteen, Tore Austad. På same måte som Langslet si bok, var også denne boka eit klårt innlegg i Høgre-valkampen, der ei av hovudsakene deira var "Ro i skolen".³²⁷ Ei av fleire løysingar på utfordringa, var å setja kunnskapen i sentrum igjen. "Back to Basics" var ei internasjonal rørsle i opposisjon til reformpedagogikken, og i følgje Austad ville rørsla "gjenreise respekten for tilegnelsen av kunnskaper, ferdigheter og gode arbeidsvaner som skolens praktiske hovedoppgave".³²⁸ Mønsterplanen av 1974 hadde gitt lærarane for stor valfridom i kva fagstoff dei skulle undervisa i, og Høgre ivra for å innføra såkalla "kjernestoff", eit grunnleggjande pensum som alle skulle gjennomgå. Det same argumentet brukte også Austad om miljøproblema i skulen: "Noe av den beste hjelp vi kan gi skolen i dens arbeid for å bedre sitt miljø, er å la skolen få konsentrere seg om det som gjør skolen til skole: å formidle kunnskaper og ferdigheter."³²⁹

³²⁷ *Norsk pedagogisk tidsskrift* nr. 6, 1983, s. 225.

³²⁸ Austad 1981: 39.

³²⁹ Austad 1981: 52.

Reformpedagogikken frå 1970-talet var på vikande front. Sjølv "eventyrprinsen"³³⁰ i nyare norsk pedagogisk vitskap, Erling Lars Dale, stod fram som ein angrande pedagogisk syndar i samband med lanseringa av boka *Hva er oppdragelse?*. "Barneoppdragelsen bør bli strengere. Barna skal ikke være underdanige. Men ingen har vondt av å underkaste seg disiplin", uttalte han til VG.³³¹ Som lærar hadde Dale erfart at teorien ikkje heldt mål i praksis: "Det nytter ikke å være så idealistisk. De som forsøker å være frie, demokratiske og radikale, sliter seg ut når de skal omsette sin lære", utdjupa han til avisa. Den politiske høgresida brukte denne omvendinga for det det var verdt, men Alfred Oftedal Telhaug modererer inntrykket av Dale som ny-omvendt pedagog og viser i ein artikkel i *Norsk pedagogisk tidsskrift* at Dale allereie i 1972 argumenterte mot den frie pedagogikken, noko høgresida altså valde å sjå bort frå.³³² I seinare utgivingar modererte Dale seg sjølv og tok avstand frå den tradisjonelle kunnskapsskolen.³³³

Denne høgre vendinga innan pedagogikken, ofte kalla anti-progressivismen, var del av ein internasjonal trend frå USA og England. Retninga var ein reaksjon på den kunnskaps- og miljømessige nivåsenkinga som faktisk hadde funne stad i skulen i mange vestlege land, hevdar Telhaug i ein artikkel frå 1980. Men Telhaug er ikkje udelt positiv til anti-progressivismen, og han formulerer to spørsmål han meiner dei konservative hadde gløymt å stilla seg: Vil det norske samfunnet auka kunnskapane og det faglege nivået for einkvar medmenneskeleg pris og er den kunnskapsmessige opprustinga løysinga på dei sosiale problema samtida stod ovanfor?³³⁴ I staden for steile frontar mellom høgre- og venstresida i skulepolitikken, manar Telhaug til forsoning. Berre ved å stå saman i kampen mot øydelegginga av miljøet og det moralske forfallet, vil ein lukkast. Tradisjonalismen eller høgresida mangla evne til å innsjå den store pedagogiske betydninga av samfunnsstrukturane, avsluttar Telhaug:

Den [tradisjonalismen] forholder seg nesten utelukkende moralistisk overfor det moralske forfall uten å ville se at det bl. a. henger sammen med urbaniseringen, avskaffelsen av tette sosiale nettverk og automatiseringen av arbeidslivet som fører med seg at barna mer blir en belastning enn til avlastning for foreldrende. Dette begrensede perspektiv blir kanskje til syvende og sist tradisjonalismens alvorligste handicap.³³⁵

³³⁰ Alfred Oftedal Telhaug om Dale i Telhaug 1981: 39.

³³¹ VG 09.07.1980.

³³² Telhaug 1980: 341 og Telhaug 1981a: 44-46.

³³³ Telhaug 1986: 10.

³³⁴ Telhaug 1980: 342.

³³⁵ Telhaug 1980: 343.

Her ser vi altså at Telhaug legg seg på linje med Eva Nordland når det gjeld å forklara årsakene til det problematiske skule- og oppvekstmiljøet, sjølv om han kanskje ikkje var heilt samd med henne i metodane for å oppnå ein betre skule.

Kvifor normkrise?

I 1981 gav Alfred Oftdal Telhaug og Svein Egil Vestre ut artikkelsamlinga *Normkrise og oppdragelse*. Boka inneheld artiklar av lærarar og pedagogar, samt namn vi allereie kjenner til; skulesjefen i Bærum Thorleif Øisang og Dan Olweus, i tillegg til redaktørane sjølve.

Thorleif Øisang gjentok i artikkelen sin poenga frå brevet han hadde sendt ut til alle lærarane i Bærum om at dåtidas elevar mangla folkeskikk og høflegheit. I følgje Øisang, hadde pendelen svinga for langt når det gjaldt individuell fridom, og løysinga han presenterte var fastare struktur og mindre skuledemokrati.

Telhaug var også einig i at det var behov for ei moralsk opprusting av undervisinga og oppsedinga. I artikkelen viser han til at talet på sjølv mord hadde stige kraftig i etterkrigstida, misbruket av alkohol og narkotika hadde auka, og i tillegg peikar han på at det hadde funne stad ein auke i mishandling av barn og generelle valdshandlingar. Telhaug søkjer forklaringar til denne utviklinga i den aukande individualiseringa som prega samtida, der solidariteten med andre i aukande grad måtte vika for kravmentalitet og egoisme. I tillegg viser han til Erling Lars Dale, som hevda at "oppdragelsen i dag knyttet lite til virksamheter som er nødvendige for å opprettholde livet, og følgelig er det vanskeligere i dag enn tidligere for barna å se det fornuftige og rimelige i atferdsregler som settes opp for dem".³³⁶ Igjen kjenner vi att dei sosialpedagogiske argumenta Eva Nordland fremja i artikkelen i *Norsk pedagogisk tidsskrift* frå 1979, som eg har omtalt tidlegare. At Nordland og Dale hadde samanfallande synspunkt er kanskje ikkje så overraskande, ettersom dei to pedagogane var kollegaer på det sosialpedagogiske studiealternativet ved Universitetet i Oslo. Til grunn for denne tankegangen ligg altså ein kritikk av det moderne livet der familien ikkje lenger er ei produksjonseining. Familien blir tømmt for verdifulle oppgåver og dermed forsvinn dei normgivande retningslinjene for barna, eit argument vi også såg att i oppsummeringa til ekteparet Raundalen ovanfor.

³³⁶ Telhaug 1981b: 48.

Telhaug viser også til Nils Christie som hevda at problemåtferda aukar fordi den primære kontrollen i dagens samfunn er så svak. Christie meinte dette skuldast at det moderne samfunnet i mykje større grad enn tidlegare er dominert av store einingar der menneska blir anonyme og usynlege for kvarandre og dermed blir sosiale avvik vanskelegare å fanga opp.³³⁷ Igjen er den underliggjande forteljinga draumen om ei svunnen tid – eit tapt paradís. I det norske samfunnet anno 1981 levde barn og vaksne i mykje større grad enn tidlegare separate liv og som ein konsekvens meiner Telhaug at kontrollen med moralen blei svekka.

Eit anna viktig poeng for Telhaug var den aukande valdspåverkinga frå massemedia, dels i fjernsynet, men først og fremst i det han kallar underhaldningspressa og i den pornografiske litteraturen.³³⁸ Telhaug utdjuar ikkje dette punktet noko vidare, men pornoen blei for alvor gjort tilgjengeleg i norske vekebladhyllar på midten av 1970-talet, og i følge historikar Trine Rogg Korsvik var marknadsføringa i samband med lanseringa av tre nye pornoblad massiv. Dette resulterte i ein årelang kamp mot pornografien, ofte illustrert med brenninga av pornoblad i dei såkalla pornobåla mot slutten av 1970-talet.³³⁹

Avslutningsvis er Telhaug tydeleg på at ei tilbakevending til ein "hard pedagogikk" ikkje er vegen å gå for å løysa normproblema. For å lukkast med den moralske oppsedinga, manar han til dialog mellom elevar og foreldre, samstundes som læraren må stå fram som eit godt eksempel og rettleia elevane som sjølve bør utforma eigne normer og reglar. Dermed vil elevane bli gjort ansvarleg for eigne handlingar, samstundes som det er elevane sjølve som passar på at alle i gruppa følgjer reglane dei har utarbeidd.

I kapittel 2 viste eg at Dan Olweus sitt perspektiv på mobbing var i utakt med dei sosiologiske forklaringsmodellane som var dei dominerande tidleg på 1970-talet. Dette hadde endra seg ti år seinare. I 1981 passar Olweus si forskning mykje betre med den samtidige tidsanda som var prega av ei aukande individualisering, som mellom anna Telhaug refererte til.³⁴⁰ Og Olweus sin artikkel i *Normkrise og oppdragelse* handlar nettopp om kva som skapar aggressive barn. Innleiingsvis i artikkelen hevdar han at talet på aggressive barn hadde auka sidan 1960-talet. Som vi hugsar frå tidlegare, finn Olweus årsakene til aggresjon hos barn i oppsedinga av barnet. Artikkelen er basert på ein studie av 127 Stockholmsgutar

³³⁷ Telhaug 1981b: 48-49.

³³⁸ Telhaug 1981b: 47-48.

³³⁹ *Klassekampen* 30.12.2013, *forskning.no*, 16.01.2014.

³⁴⁰ Sjå også Thuen 2008: 211ff.

mellom 13 og 16 år i 1972 og 1976, og desse funna publiserte Olweus i ein artikkel i *Developmental Psychology* eitt år tidlegare.³⁴¹ I analysane av dataa fann Olweus fire faktorar som er avgjerande for om eit barn kan utvikla seg til å bli aggressiv eller ikkje. Dei to viktigaste faktorane er hovudomsorgspersonens emosjonelle grunninnstilling til guten dei første fire leveåra (i alle dei 127 tilfella hans var dette mor). Den andre viktige faktoren handlar om i kva grad mor er ettergivande når barnet er aggressivt. Ein tredje faktor er i kva grad foreldra nytta fysisk straff som del av oppsedinga, og til slutt nemner Olweus barnets eige temperament, som delvis er arveleg bestemt.³⁴²

Eit anna interessant poeng i denne samanhengen er korleis Olweus forklarar *auken* i aggressive barn frå 1960-talet og fram til tidleg på 1980-talet. Fekk barna dårlegare oppseding på 1980-talet samanlikna med 15 år tidlegare, spør Olweus retorisk? På denne tida fanst det knapt forskning på barneoppseding og verken Olweus eller andre hadde data som kunne gi han svar på spørsmålet. Han leitar difor etter forklaringar knytt til dei fire faktorane nemnt ovanfor. Denne problematikken hadde Olweus lufta eitt år tidlegare, i eit større intervju med *Norsk skoleblad* våren 1980.³⁴³

For det første framhevar Olweus at dåtidens foreldre hadde mindre tid til barna sine som følgje av kvinnene sitt inntog på arbeidsmarknaden og auken i barn som blei tekne hand om av sekundære omsorgspersonar (dagmamma, barnehage, praktikant, osv.). Når begge foreldra kjem seint heim frå arbeid og både barn og vaksne er slitne, kan barnet få inntrykk av at det er ein belastning for foreldra, skriv Olweus.³⁴⁴ Dette kan vidare få følgjer for hovudomsorgspersonens emosjonelle grunninnstilling til barnet, som altså er ein avgjerande faktor for om eit barn kan utvikla seg til å bli aggressivt eller ikkje. Det er sannsynleg at Olweus baserer faktagrunnlaget om utarbeidande mødre på svenske forhold, for som eg viste i kapittel 2, låg dei norske gifte mødre om lag ti år etter sine svenske medsøstre, som allereie tidleg på 1970-talet var deltakande i arbeidslivet. I Noreg var det først mot slutten av 1970-åra at gifte kvinner for alvor kom ut i arbeidslivet, og dermed ville vi ikkje sjå eventuelle konsekvensar av dette før frå midten av 1980-åra, då desse barna begynte på

³⁴¹ Olweus 1980b: 646.

³⁴² Olweus 1981a: 68-69.

³⁴³ *Norsk skoleblad* nr. 17 og 18, 1980.

³⁴⁴ Olweus 1981a: 70-71.

skulen. I 1980 var 19 % av norske barn i alderen 1-5 år i barnehage og berre 7 % av barna i aldersgruppa 1-2 år.³⁴⁵ Dei svenske tala var betydeleg høgare på det same tidspunktet.³⁴⁶

For det andre hevdar Olweus at barn som går i barnehage eller er hos dagmamma o.l., møter ein meir ueinsarta normstruktur enn om dei hadde vore med foreldra i den same perioden. Det vil dessutan vera mange færre vaksne per barn i ein institusjon enn i heimen, som igjen kan føra til at dei vaksne blir meir ettergivande når barnet blir aggressivt, fortset Olweus. Dette kan føra til at barnet tolkar den manglande korreksjonen som ei stadfesting på at aggressiv åtferd er ok. I tillegg viser han til at konsekvensane av fri oppseding blei meir ettergivande og mindre kontrollerande foreldre.³⁴⁷

Olweus meiner altså at årsaka til denne auken i aggressive barn han har funne, skuldast kvinnene sitt inntog på arbeidsmarknaden. Når mor ikkje lenger er heime med barna, men dei er hos dagmamma eller i barnehage, kan det i ytste konsekvens føra til aggressive barn, hevdar han. Men Olweus hevdar at også skulen må ta sin del av skulda for utviklinga, for verken lærarane eller skulen har vore villige til å ta i bruk effektive metodar mot elevar som bråkar og er aggressive. Resultatet av manglande sanksjonar er mindre respekt for lærarane og skulen sine reglar.

Også hos Olweus ser vi at grunnforteljinga er at det er endringane frå det kjente og kjære som har ført til auken i aggressive gutar og mobbing. Barnehagar, mindre kontakt med mor og "mjukare pedagogikk" har ført til denne auken. 1970-talets kvinnekamp og sosialpedagogikkens høgdepunkt var over i 1981, og forslag til tiltak er basert på mange av dei same tankane Olweus hadde presentert i *Hakkekyllinger og skolebøller* knappe ti år tidlegare. Forskjellen var at desse tiltaka no passa betre inn og kanskje fekk dei dermed større støtte: tydelegare grensesetjing og kontroll frå foreldre og vaksne generelt, og negative sanksjonar mot uakseptabel åtferd i skulen. Men det aller viktigaste er at samfunnet må ta klar avstand frå mobbing og den tydelegaste måten å markera det på, er ved å få ei lov mot mobbing: "Barn har rätt till att inte behöva utsättas för fysiska och/eller psykiska övergrepp från andra barn", hevdar Olweus.³⁴⁸ Denne ideen om ei lov mot mobbing hadde Dan Olweus lufta i offentlegheita eitt år tidlegare.

³⁴⁵ Kitterød og Bringedal 2012: 3.

³⁴⁶ Eeg-Henriksen 2005: 70, sjå figur 6. *Barnehagedekning i Norge og Sverige. 1975-2003*.

³⁴⁷ Olweus 1981a: 72.

³⁴⁸ Olweus 1981a: 78.

29. august 1980 meldte *Dagbladet* at ein 14-år gammal skulegut etter mange års mobbing hadde tatt sitt eige liv rett etter skuleslutt første skuledag etter ferien. Saka var djupt tragisk, og avisa hadde intervjuet foreldra og rektor, som hadde motstridande inntrykk av omfanget av mobbinga mot den avlidne guten. Dagen etter blei Olweus intervjuet av same avis og då lanserte han ideen om ei lov mot mobbing. Etter år med forskning på skulemobbing uttrykte han stor frustrasjon over manglande tiltak frå styresmaktene si side og hevda at den einaste løysinga ville vera ei lov mot mobbing. Olweus meinte at ei slik lov ville markera at mobbing ikkje kunne tolererast, samstundes som ei slik lov ville tvinga sentrale skulestyresmakter til handling.³⁴⁹

Saka førte til ein debatt om mobbing i *Dagbladet*, og eit par dagar seinare snakka avisa med Eva Nordland og dåverande statssekretær Grethe Knudsen i Kyrkje- og undervisningsdepartementet om utspelet til Dan Olweus. Begge hevda at ei lov mot mobbing ikkje ville løysa mobbeproblemet, i staden måtte ein sjå på årsakene. Nordland gjentok dei kjente argumenta om at barna var blitt til overs i samfunnet fordi arbeids- og produksjonslivet støtte bort barna. Knudsen oppfatta forslaget om ei lov mot mobbing som "en lettvinnt og utvendig løysning" og viste til at departementet i mars same år hadde sett ned eit skulemiljøutval som skulle sjå på problemet kring vald i skulen.³⁵⁰

Skulemiljøet som politisk tema

Dette skulemiljøutvalet som blei omtalt i *Dagbladet* var tidlegare same år også omtalt i *Aftenposten* og av kyrkje- og undervisningsminister Einar Førde i Nordisk råd. Utvalet hadde elleve medlemmer og formann var Grunnskolerådets representant, Gunnar Hvattum. Eva Nordland sat som Kyrkje- og undervisningsdepartementets representant i gruppa, og elles sat det tre elevar, tre lærarar og tre foreldre i utvalet.³⁵¹

Departementet var openbert interessert i å visa stor handlekraft i denne saka, og i eit intervju med *Norsk skoleblad* våren 1980 gav statssekretær Grethe Knudsen lærarane æra

³⁴⁹ *Dagbladet* 30.08.1980.

³⁵⁰ *Dagbladet* 02.09.1980.

³⁵¹ Elevrepresentantar: Marit Erlandsen, Tove Sigstad og Eric Steira
Lærarrepresentantar: Synnøve Fossum, Kjellbjørg Lunde og Nicolai Torstensen
Foreldrerepresentantar: Ottar Berge, Karin-Marie Flo og Brit Jørgensen. NOU 1981: 37, s. 5.

for at utvalet var blitt eit faktum: ”Det var til dels de mange signaler fra lærerhold som var årsaken til at den politiske ledelsen i departementet tok initiativet til å oppnevne utvalget.”³⁵² Debatten rundt det problematiske skulemiljøet hadde, som eg har vist, gått føre seg i fleire år allereie, men det var særleg mot slutten av 1979 at debatten tok seg opp. Kva var så grunnen til at statsråd Einar Førde handla akkurat i 1980? Lærarorganisasjonane hadde klaga over arbeidssituasjonen til lærarane i mange år, utan at noko blei gjort. Ei nærliggjande årsak er å tolka handlekrafta som eit forsøk på å demma opp mot den stadig veksande høgrebølga som kom rullande inn over landet. I tillegg begynte tida å nærma seg nytt stortingsval. Hausten 1977 fekk venstresida fleirtalet i Stortinget med knappast mogleg margin – ein attgløymt konvolutt med stemmer i Narvik gjorde at SV-representanten Hanna Kvanmo fekk behalda plassen sin på Stortinget, og dei borgarlege måtte sjå seg slått på målstreken.³⁵³ Arbeiderpartiet og Einar Førde kjente korleis Høgre pusta dei i nakken og handla deretter. Skulemiljøet var komme på den politiske dagsordenen.

Om skulemiljøet

Skulemiljøutvalet fekk følgjande mandat av Kyrkje- og undervisningsdepartementet:

1. Å drøfte og foreslå hvordan en på den enkelte skole kan utvikle et miljø som lærer, elever og foreldre er fornøyd med, spesielt
2. å vurdere hvordan en kan komme fram til samværs- og samarbeidsformer som kan skape arbeidsro, trivsel, trygghet og åpenhet, og
3. å utforme forslag til arbeidsprogram og hjelpemidler som trekker alle i skolesamfunnet inn i en løsning av egne miljøproblemer.³⁵⁴

Resultatet av arbeidet var NOU 1981: 37 *Om skulemiljøet*, som låg klar 17. juni 1981.

Innleiingsvis i utgreiinga, refererer utvalet til den intense offentlege debatten om skulemiljøet som hadde funne stad tidleg i 1980. ”Barneleger, psykiatere, psykologer og pedagoger innenfor skolen, tar opp noe de kaller for ”den nye sykелighet” hos norske barn: med symptomer som angst, uro, skolevanskeligheter, depresjon og aggresjon.”³⁵⁵ Denne aggresjonen og uroa kunne, i følgje utvalet, føra til alvorlege konflikhtar mellom barn og vaksne. Lærarar blei utsette for både fysisk og psykisk vald, og mobbing, hærverk og

³⁵² *Norsk skuleblad* nr. 14, 1980.

³⁵³ Notaker 2012: 13.

³⁵⁴ NOU 1981: 37, s. 5.

³⁵⁵ NOU 1981: 37, s. 9.

kriminalitet var aukande og kosta samfunnet store summar. Korleis kunne denne utviklinga forklarast?

Eva Nordland var altså KUD sin representant i skulemiljøutvalet og trass i manglande litteraturreferansar er det mykje som tyder på at det er ho som har ført pennen i *Kapittel 3: Skoleproblemer: Miljø og samfunnsutvikling*. Dette er kanskje ikkje spesielt overraskande i og med at Nordland var den einaste forskaren i utvalet.³⁵⁶

Mykje av ordlyden i kapitlet kjenner vi igjen frå Vedlegg 2 til NOU 1977: 6 *Ein samla offentleg politikk for oppvekstmiljøet*, samt frå Nordlands artikkel i *Norsk pedagogisk tidsskrift* frå 1979. Igjen ser vi korleis Nordland i denne sentrale posisjonen fungerer som eit bindeledd mellom vitskap og politikk. Argumenta har vi høyrte før – barnas bumiljø var endra og tappa for ressursar og arbeidsoppgåver: "Både eldre og nyere bomiljøer er i stigende grad blitt sosialt hendelsesfattige."³⁵⁷ Barn i 1981 hadde ikkje lenger ansvar eller omsorg for andre medmenneske, noko som medverka til at barna fekk ei kjensle av at det ikkje var bruk for dei. "Bruk og kast"-samfunnet hadde ført til at barn ikkje lenger deltok i det daglege produksjonslivet, ettersom varer og tenester blei kjøpt inn eller utført av vaksne.

Mantraet om at samfunnet skulle vera prega av likeverdig fellesskap og medansvar blei ikkje opplevd slik av barna – dei stod utanfor og opplevde i praksis det motsette: "ulikhet, rangordning, ensomhet og hjelpeløshet".³⁵⁸ Diskrepansen mellom ideal og røynd kunne føra til konfliktar for store grupper av barn og ungdom, utkrystallisert som aggresjon gjennom t.d. hærverk og mobbing. Løysinga utvalet foreslo var å

gjenskape det sosiale miljø som læremiljø der vaksne og barn, gamle og unge, samarbeider om å løse egne og felles problemer. (...) Barn vil gjerne gjøre et arbeid. Barn vil gjerne ta seg av dem som er yngre eller svakere enn dem selv. Men de trenger de voksnes hjelp til å organisere dette arbeidet. De trenger de voksnes påskjønnelse.³⁵⁹

Som vi har sett i fleire av innlegga rundt diskusjonen om normkrise og skulemiljøproblema, er også denne teksten prega av den underliggjande puritanske idéen om at ansvar og arbeid er det som gir mennesket ei meining med livet. Sjølv om norske barn materielt og

³⁵⁶ Leiaren, Gunnar Hvattum, står oppført som kontorsjef, men seinare blei han skuledirektør i Oppland (NSD, Forvaltningsdatabasen, Gunnar Hvattum, NSD-id nr. 1060). Resten av utvalet bestod av lærar-, foreldre- og elevrepresentantar.

³⁵⁷ NOU 1981: 37, s. 10.

³⁵⁸ NOU 1981: 37, s. 10.

³⁵⁹ NOU 1981: 37, s. 10.

helsemessig sett hadde det betre i 1981 enn nokon gong tidlegare i historia, var det som om sjølve meininga med livet hadde falle bort.

I *Kapittel 10: Elevenes medvirkning og ansvar*, blir mobbing eksplisitt diskutert. Det er tydeleg at skulemiljøutvalet har plukka forklaringar både frå Dan Olweus og Peter-Paul Heinemann si forskning på feltet, utan at forfatarane er refererte.³⁶⁰ Sett i samband med omgrepdiskusjonen eg var inne på i kapittel 3, er det dessutan interessant at utgreiarane vel å nytta omgrepa "plaging og vold" i staden for "mobbing", fordi mobbeomgrepet "er så mangetydig og misbrukt at vi velger å ikke bruke det", på same måte som vi såg det hos ekteparet Raundalen i boka *Er du på vår side!* frå 1979.³⁶¹

Den andre halvdelen av *Om skulemiljøet* er ein presentasjon av ei rekkje konkrete tips og idear til kva som kan betra skulemiljøet. Skulemiljøutvalet sendte 16. oktober 1980 ut eit brev til alle skuledirektørane om å medverka til innsamling av forslag som kunne betra skulemiljøet. Resultatet blei ei rekkje innsendte eksempel på korleis skulane rundt om i landet hadde arbeidd med denne problematikken. I denne delen av utgreiinga finst detaljerte og svært konkrete skildringar av korleis ein kan byggja benkar til skuleplassen av kløyvde telefonstolpar, tips for å hindra ruteknusing, tips for å hindra at elevane plagar kvarandre under do-besøk (dersom det finst toalettbåsar utan tak), korleis ein billig og greitt kan laga eigne bordtennisbord, klatrestativ, tennisnett osv. Dei fleste av tiltaka er basert på dugnad med elevar og foreldre, og det er lagt stor vekt på tiltak som skal kosta skulen minst mogeleg. Fellesarbeid og fellesinnsats skal aktivisera elevane og foreldra og bidra til at dei får eigarskap til sitt eige skulemiljø.³⁶²

Andre eksempel i utgreiinga handlar om skular som har delt opp klassane i mindre grupper og dermed redusert talet på disiplinsaker, hærverk og andre øydeleggingar. Både elevar og lærarar forklarte nedgangen med at lærarane hadde fått meir tid til kvar enkelt elev, noko som førte til eit roligere klassemiljø, betre læringsmiljø og at både lærarar og elevar blei meir kjent med kvarandre.³⁶³ Som eg var inne på i kapittel tre, fann ikkje Olweus at klassestorleik kunne føra til auka mobbing. Desse funna opprørte mange lærarar, for dei sat med heilt motsette erfaringar, noko som også kom fram i denne utgreiinga.

³⁶⁰ NOU 1981: 37, s. 27.

³⁶¹ NOU 1981: 37, s. 27.

³⁶² NOU 1981: 37, s. 34-40.

³⁶³ NOU 1981: 37, s. 42.

Kva kan så denne utgreiinga fortelja oss om den offentlege haldninga til mobbeproblematikken tidleg på 1980-talet? Først og fremst er det tydeleg at mobbing var eit svært aktuelt problem i skuleverket i denne tida. Mobbing blir nemnt allereie på den første sida i utgreiinga, der utvalet tydeleggjer korleis dei har tolka mandatet dei har fått:

Skolen med alle dens oppgaver og funksjoner er et vidt og komplisert arbeidsfelt. Det er således mange og til dels ulike faktorer som virker inn på og er avgjørende for skolens miljø. Utvalget har derfor ikke funnet det riktig å begrense sitt arbeid til enkelte spesielle problemområder, som f.eks. mobbing og disiplin i skolen, men har forsøkt å gi arbeidet en større bredde.³⁶⁴

Utvalet slår altså fast at mobbing var eit problemområde i den norske skulen i 1981, men ikkje eit så stort problem at dei vil seia noko om det isolert sett. Litt av det same finn vi også i Stortingsmelding nr. 62 *Om Grunnskolen*, godkjent i statsråd 25. mars 1983. Mobbing er på ingen måte eit sentralt tema i meldinga, men er nemnt heilt til slutt i det siste kapitlet "Aktuelle spørsmål", underpunkt "F. Tiltak mot mobbing". Allereie i første setninga blir det slått fast at mobbing og mishandling av barn har vore framme i den offentlege debatten og at det er skulane sitt ansvar å sikra elevane eit trygt og verna miljø.³⁶⁵ Det blir vidare understreka kor viktig det er at skulen, lærarane, foreldre og medelevar tar klart avstand frå all form for mobbing og ikkje minst blir førebyggjande arbeid vektlagt. For å hjelpa skulane med å motarbeida mobbing, viser departementet til at det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeida ein handlingsplan mot mobbing.³⁶⁶ Denne handlingsplanen kjem eg tilbake til litt i det neste kapitlet, men først skal vi ta ein liten sving innom Sverige for å sjå korleis mobbing blei sett på den politiske dagsordenen der og ikkje minst korleis mobbing blei etablert som eit sosialt problem.

Skolans arbetsmiljö

Som med så mykje anna, var svenskane tidlegare ute med si offentlege utgreiing om skulemiljøet. SOU 1974: *Skolans arbetsmiljö* inneheld nærare 1000 sider om skulemiljøet i vid forstand, frå sosiale og læringsmessige utfordringar i skulen til personal- og ressursproblem. Gjennom 1950- og -60-talet blei "enhetsskolan" innført i Sverige, og mot

³⁶⁴ NOU 1981: 37, s. 5.

³⁶⁵ St.meld. nr. 62 (1982-83), s. 121.

³⁶⁶ St.meld. nr. 62 (1982-83), s. 122.

slutten av 1960-talet blei den nye læreplanen Lgr69 vedteken for grunnskulen. Den svenske skulen hadde, som eg viste i kapittel 2, vore gjennom ei storstilt utbygging både kvantitativt og kvalitativt. Mange hadde vore skeptiske til bygginga av desse store skulane, og mot slutten av 1960-åra auka kritikken i takt med uroa for skulemiljøet.

Eitt av utrykka for denne uroa var ei problematisering av den asfalterte skuleplassen.³⁶⁷ Under bygginga av dei store sentralskulane på 1960-talet hadde økonomien vore stram og anbefalinga var å halda nede kostnadene på alle felt. Ettersom asfalt var rimeleg og grøntareal var fordyrande, blei skulegardane i mange tilfelle bygd utan grønne vekstar.³⁶⁸ Anna Larsson viser i ein artikkel frå 2010 korleis diskusjonen om skulegården tidleg på 1970-talet blei koplå til mobbediskusjonen ved at skulegården var ein stad der det var vanskeleg for dei vaksne å ha full kontroll på elevane, noko som gjorde mobbing mogeleg. I ei bok frå 1973 skildra forfattaren Anna-Lena Wik-Thorsell det slik:

Skolgårdar utan aktivitetsmøjligheter bäddar för mobbning. Man mobbar när man har tråkigt och när man kan vara anonym. Alltså mobbar man mest på stora skolgårdar där det inte finns något roligt och vettigt att ta sig för.³⁶⁹

Dette var jo på ingen måte nytt – ideane var henta frå Peter-Paul Heinemann, og dei blei forsterka i den svenske offentlege debatten utover på 1970-talet. Larsson meiner at denne debatten førte til at skulane som blei bygde på slutten av 1970- og 1980-talet gjennomgåande var mindre og skuleplassane blei meir tilrettelagt for lek og samhandling barna imellom.³⁷⁰

Også i Noreg finn eg spor etter den svenske debatten kring skuleplassar og mobbing. Og ikkje kor som helst, men blant dei folkevalde politikarane på Stortinget.

”Skolegårdene er skreddersydd for slagsmål”

Første gong mobbspørsmålet blei debattert i Stortinget var allereie 13. mars 1974. Ikkje overraskande var det høgrepolitikaren Lars Roar Langslet som stilte kyrkje- og undervisningsminister Bjartmar Gjerde frå Arbeiderpartiet eit spørsmål om kva

³⁶⁷ Larsson 2010c: 206.

³⁶⁸ Larsson 2010c: 204.

³⁶⁹ Anna-Lena Wik-Thorsell, *Rast med ro: En bok om skolmiljö* (1973). Sitert i Larsson 2010c: 208.

³⁷⁰ Larsson 2010c: 2013.

styresmaktene ville gjera for å hindra mobbing i skulen.³⁷¹ I grunngevinga av spørsmålet til statsråden, uttalte Langslet at ”dystre skolegårder med gold asfalt minner mest om fengselsgårder, og er skreddersydd for slagsmål”.³⁷² Dette ekkoet frå Wik-Thorsells bok viser korleis slike aktuelle tema raskt flytta på tvers av landegrensene.

Det fulle svaret frå statsråd Gjerde blei mellom anna trykt i *Norsk Skoleblad*, og der peikar han på to område der ein kunne setja inn tiltak: strengare lærartilsyn og innføring av tiltak som skulle betra det sosiale miljøet i skulen. Eksempel på slike tiltak var å innføra såkalla rammetal til klasseforstandar, rådgivar og sosiallærar. Desse timane skulle brukast for å styrka det sosialt-pedagogiske arbeidet på skulen og i klassen. I tillegg fortalde Gjerde at departementet heldt på å utvikla eit etterutdanningskurs for skuleleiarane, med vekt på sosialpedagogiske oppgåver dei måtte løysa i kvardagen.

I motsetnad til Dan Olweus, som vi hugsar ikkje fann nokon samanheng mellom karakterpress og mobbing, peika statsråden på at konkurranse og karakterpress ikkje var spesielt bra for det sosiale klimaet i skulen og som eit ledd i å betra det sosiale miljøet, ville departementet minska talet på karakterar i ungdomsskulen: ”Vurdering og faglige krav må basere seg på den enkelte elevs forutsetningar og på gjensidig kontakt og forståelse mellom lærer, elev og foreldre.”³⁷³ Utsegna ber preg av den sosialpedagogiske tankegangen som var dominerande på venstresida og særleg innan Arbeiderpartiet på denne tida. Det viktigaste for Arbeiderpartiet var skulen som ein sosialt utjamnande faktor og det sosiale fellesskapet i skulen. Dermed kunne ikkje krava til prestasjonar i teoretiske fag vera for høge.³⁷⁴

Som Høgre-politikar er det liten grunn til å tru at Langslet var spesielt nøgd med svaret frå statsråden. Som vi hugsar var Langslet og Høgre sin medisin mot den aukande uroa i skulen ikkje færre karakterar og lågare teoretiske krav, snarare tvert om. Kampen for å behalda karakterane i ungdomsskulen skulle dessutan utvikla seg til å bli ei av dei store symbolsakene til Høgre utover på 1970-talet.

Denne ”sosialdemokratiske, liberalt progressive” ideologien innan skuletenkinga, for å bruka Telhaug sine ord, var ikkje berre dominerande i Arbeiderpartiet, men også tydeleg i delar av forvaltninga, som t.d. Forsøksrådet for skoleverket og Grunnskolerådet. Forsøksrådet blei oppretta i 1954 for å hjelpa departementet med ”råd, initiativ og tilsyn” og særleg

³⁷¹ *Norsk Skoleblad* nr. 14/15, 1974, s. 656, *Aftenposten* 13. og 14.03.1974.

³⁷² *Aftenposten* 14.03.1974.

³⁷³ *Norsk Skoleblad* nr. 14/15, 1974, s. 658.

³⁷⁴ Telhaug 2008a: 99.

arbeida med reform- og utviklingsoppdrag i skulen.³⁷⁵ Utover på 1960-talet blei Forsøksrådet i aukande grad sett på som ein representant for eit "ekspertvelde" eller eit "fagstyre" som fremja fagets eller profesjonens interesser, uavhengig av den politiske leiinga.³⁷⁶ I ei kortfatta bok skrivt til Kunnskapsdepartementets 200-årsjubileum i 2014, understrekar forfattar Kim G. Helsvig det same: "Forsøksrådet står fram som selve kroneksempelen på hvordan Kirke- og undervisningsdepartementet nå mer aktivt trakk inn en sakkyndig ekspertise gjennom skole- og utdanningspolitiske råd."³⁷⁷

I 1966 blei Folkeskolerådet oppretta, og frå 1969 fekk det namnet Grunnskolerådet. Dette var eit rådgivande organ direkte underlagt Kyrkje- og undervisningsdepartementet som mellom anna arbeidde for å betra arbeidsmiljøet i skulen og deira tiltak var nye og alternative samarbeidsformer, auka lærar-elevkontakt samt endring av utforminga av skulebygg og skulen sine leikeplassar. Som i Sverige fekk dette konsekvensar for skulestorleiken – i spørjetimen meldte statsråd Bjartmar Gjerde at departementet hadde foreslått å setja ei maksimumsgrense på 600 elevar per gymnas.³⁷⁸

Det skulle gå over fem år til neste gong mobbing blei tatt opp i Stortingets spørjetime. I 1979 var det stortingsrepresentant Anne-Olaug Ingeborgrud frå KrF som spurte dåverande kyrkje- og undervisningsminister Kjølvs Egeland frå Arbeiderpartiet kva tiltak departementet ville setja i gang for å betra forholda for dei 30 000 elevane som dagleg blei mobba på skulen.³⁷⁹ Statsråden svarte med å stadfesta at problemet var aukande, men åtvare samstundes mot å gjera problemet større enn det var "ved å bruke det sterkt ladede ord også om barns ofte ureflekterte, men ikke alltid ondsinnede adferd mot hverandre".³⁸⁰

Vidare viste Egeland til antimobbe-arbeidet Grunnskolerådets referansegruppe av foreldre hadde sett i gang i 1978, eit arbeid som skulle munna ut i eit hefte om mobbing han håpa skulle vera klart til skulestarten i 1979. Det er usikkert om denne faldaren faktisk blei klar til skulestarten dette året, men det som er sikkert, er at denne referansegruppa

³⁷⁵ Helsvig 2014: 41.

³⁷⁶ Helsvig 2005: 189, Grønlie og Flo 2009: 37. Helsedirektoratet under helsedirektør Karl Evang blir sett på som sjølve kroneksempelen på eit "fagstyre", sjå Grønlie og Flo 2009: 29f.

³⁷⁷ Helsvik 2014: 39.

³⁷⁸ *Norsk Skoleblad* nr. 14/15, 1974, s. 679.

³⁷⁹ *Aftenposten* 28. og 31. mai 1979, *Norsk skoleblad* nr. 21, 1979, s. 1., St.forh. 1978/79 del 7c, s. 3822. Eit par år seinare skulle Ingeborgrud, då som statssekretær i KUD, bli leiara for ei handlingsgruppe mot mobbing hausten 1983.

³⁸⁰ St.forh. 1978/79 del 7c, s. 3822.

hausten 1978 presenterte eit nystarta arbeid for å utgreia tiltak mot mobbing i skulen.³⁸¹ I fleire riksaviser bad dei om tilbakemeldingar frå lærarar og skulefolk som hadde erfaringar i kampen mot mobbing.³⁸² Leiaren i gruppa var lektoren Karin-Marie Flo frå Bergen. Flo blei seinare medlem av skulemiljøutvalet som stod bak nemnte NOU 1981: 37 *Om skulemiljøet*, og ho var ein av bidragsytarane til artikkelsamlinga *Normkrise og oppdragelse* som også kom ut i 1981. I 1984 gav ho dessutan ut boka *Samarbeid i grunnskolen* saman med Svein-Erik Grøndahl. Bakgrunnen for referansegruppa sitt arbeid var naturlegvis debatten om det problematiske skulemiljøet som rasa på andre halvdel av 1970-talet. Referansegruppa utarbeidde også eit hefte om folkeskikk og høfleg åtferd i skulen, "Folkeskikk et tema til debatt", utgitt i 1982.³⁸³

Mobbing kom altså på den politiske dagsordenen i samband med problematiseringa av skulemiljøet og då særleg dei dystre skulegardane i byskulane. I etterkant av spørjetimen i 1974 dukkar temaet sporadisk opp, først i *Aftenposten* i 1977. Under overskrifta *Flere av Oslos skolegårder ligner golve fengselsgårder*, kjem det i artikkelen fram at ei gruppe lærarstudentar ved Oslo Lærerskole hadde undersøkt kor lett det var å få leika i skulegardane i Oslo. Resultatet var nedslåande, hevda lærarstudentane – asfalt, mur, forbod mot å gå på graset og passiviserte skuleelevar prega osloskulane. Lærarstudentane hadde snakka med elevar, lærarar og rektorar og på bakgrunn av ønska og tilbakemeldingane utarbeidde dei mange konkrete forslag.³⁸⁴

Sannsynlegvis blei få av desse forslaga realiserte, for berre to år seinare dukkar spørsmålet atter opp i *Aftenposten* sine spalter. I samband med FNs barneår i 1979 uttalte dåverande kommunalbyråd og leiar for grunnskulekomiteen i Oslo kommune, arbeiderpartipolitikar Tove Heggen Larsen, at utemiljøet i osloskulane var under ein kvar kritikk og foreslo for skulestyret ein "aksjon for triveligere skolegårder".³⁸⁵ Om denne blei noko av er uvisst, men ho var "særleg opptatt av at et bedret skolegårdsmiljø i høy grad kunne anspore elevene til positive aktiviteter, og at en opprustning av skolegårdene ikke minst kunne være et positivt virkemiddel i arbeidet med å forhindre mobbing".³⁸⁶

³⁸¹ I arkivet etter KUD fann eg eit udatert utkast til ein planlagt faldar om mobbing utgiven av Referansegruppa av foreldre under Grunnskolerådet (RA/S-1500/D/L0011/0007).

³⁸² *Aftenposten* 04.10.1978 og VG 06.10.1978.

³⁸³ RA/S-1500/D/L0011/0007.

³⁸⁴ *Aftenposten* 01.06.1977.

³⁸⁵ *Aftenposten* 20.02.1979.

³⁸⁶ *Aftenposten* 23.03.1979.

Skulesjef Helge Sivertsen i Oslo kommune tok i alle fall oppmodinga alvorleg og bad alle grunnskulane i kommunen om å kartleggja behova for oppgradering av skulegarden. I følgje *Aftenposten* fekk dessutan skulane utdelt eit idéhefte som skulle hjelpe dei med å få oversikt over kor dei kunne få økonomisk og praktisk hjelp til oppussinga av uteområda.³⁸⁷

Men eit par år seinare, dukkar problemet enno ein gong opp igjen i Stortingets spørjetime. 4. februar 1983 leverte KrF-representanten Jakob Aano ein interpellasjon til kyrkje- og undervisningsministeren som handla om å betra arbeidsmiljøet i skulen. Interpellasjonen blei levert vinteren 1983, men blei ikkje drøfta før 11. november same år. Då hadde KUD allereie lansert ein handlingsplan mot mobbing, noko eg skal drøfta i neste kapittel. Aano er i interpellasjonen svært bekymra for mobbeproblemet, men ettersom det alt var sett i gang tiltak mot mobbing, ville han særleg drøfta dei sosiale utfordringane i skulegardane: "Altfor mange elevar utover heile landet opplever miljøet i skolegården som både utrygt og skremmande, ja, dei opplever friminutta som eit dagleg mareritt."³⁸⁸

Det er fleire ting som er særleg interessant med denne interpellasjonen frå Jakob Aano. Først og fremst viser debatten at mobbing og skulemiljøet i 1983 blei sett på som så alvorleg at dei folkevalde diskuterte problemet i over ein og ein halv time på Stortinget denne føremiddagen i november. Jakob Aano presenterer eit nytt syn på problemet, eit syn som ikkje passar inn i den grunnforteljinga vi har sett dominerte både den offentlege og politiske debatten på 1970-talet. Aano uttalte at det ikkje lenger einsidig nytta å skulda på samfunnet som forklaring på uønskt oppførsel: "Å ta ansvaret frå individet for eigne handlingar og einsidig skulda på sosiale tilhøve, familiebakgrunn, personlege taparopplevingar osv. er i grunnen å ta menneskeverdet frå eit individ."³⁸⁹

Storingsrepresentanten frå KrF viste vidare til forskning av Dan Olweus og Erling Roland som framheva det individuelle perspektivet eg drøfta i kapittel 3.

Det politiske klimaet var endra, og Eva Nordland si sosialpedagogiske forteljing fann ikkje like god klangbotn i Stortinget. Olweus og Roland sine individualiserte forklaringar passa betre med politikken til den nye koalisjonsregjeringa mellom Høgre, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet. Rett nok hadde Olweus framheva at oppvekstmiljøet var avgjerande for om eit barn kunne bli ein potensiell mobbar eller ikkje, og han hadde forklart

³⁸⁷ *Aftenposten* 23.03.1979.

³⁸⁸ St.forh. 1983/84 del 7a, s. 695-696.

³⁸⁹ St.forh. 1983/84 del 7a, s. 695.

auken i aggressive barn med fleire arbeidande mødrer, men hovudforklaringa ligg hos individet og ikkje i miljøet rundt. I debatten var det ikkje uventa ulike forklaringar på kva mobbe- og skulemiljøproblematikken skuldast, alt etter kva politisk parti debattantane hørte til. Representantane frå Arbeiderpartiet og SV såg problemet som eit større sosialt problem, medan Høgre- og KrF-representantane framheva oppvekstmiljøet og manglande verdigrunnlag som del av forklaringa.³⁹⁰ Ei felles uro på tvers av dei politiske skiljelinjene, var mediesituasjonen med auka TV- og video-titting blant dagens unge.

Statsråd Kjell-Magne Bondevik kunne visa til fleire tiltak i svaret sitt, viktigast var handlingsplanen mot mobbing som Kyrkje- og undervisningsdepartementet hadde lansert hausten 1983, som er temaet for det neste kapitlet. I tillegg viste han til eit skulegardsprosjekt som Kyrkje- og undervisningsdepartementet i samarbeid med Forbrukar- og administrasjonsdepartementet og Miljøverndepartementet hadde arbeidd med eit par tre år. Dette arbeidet var, i følgje statsråden, først og fremst konsentrert om det fysiske miljøet i skulen.³⁹¹ Planen var at det i 1984 skulle sendast ut rettleiingsstoff til skulane, men det er usikkert om dette faktisk blei gjennomført.³⁹²

Mobbing som sosialt problem?

I kva grad blei mobbing sett på som eit sosialt problem i Noreg på 1970-talet? Som eg har vist i dette kapitlet var mobbing eit heitt diskusjonstema på andre halvdel av 1970-talet og tidleg 1980-tal. Både aviser og tidsskrift skreiv jamleg om mobbeproblematikken, men særleg avisene utmerkar seg med eit jamt tal på saker i denne perioden. På same måte som Anna Larsson påpeikar i analysen av mobbing som sosialt problem i Sverige, blei mobbing også her til lands framheva som eit stadig aukande problem, og først og fremst er det skuleverket og staten som er adressatar for den aukande uroa. I perioden mellom 1974 til 1982 fann eg i snitt 15 små og store saker om mobbing per år i *Aftenposten*, mot nokon færre i VG.

³⁹⁰ Ranja Hauglid og Tom Thorsen (AP), Kjellbjørg Lunde (SV), Thea Knutzen, Merete Johnson, Wenche Lowzow og Hallgrim Berg (H), Hans Olav Tungesvik (KrF) og Ragnhild Queseth Haarstad (SP) deltok saman med statsråd Bondevik i debatten, som varte i over 1,5 timar. Sjå St.forh. 1983/84 del 7a, s. 694-707.

³⁹¹ St.forh. 1983/84 del 7a, s. 697.

³⁹² Eg har søkt på nettsidene til Regjeringa og i ATEKST utan å finna noko om dette prosjektet.

Eit gjennomgåande inntrykk av desse sakene er at avisene og lesarane tar problematikken alvorleg, og ikkje minst blir mobbing stadig knytt til nye samfunnsområde og samfunnsproblem. Som eg allereie har vore inne på, blei mobbing først og fremst knytt til disiplinproblema og normkrise i den norske skulen i den andre halvdel av 1970-talet og tidleg på 1980-talet. I 1982 fann eg fleire saker der mobbeomgrepet blei brukt om nye sosiale grupper – om innvandrarar og personar med nedsett funksjonsevne.³⁹³ Gjennom heile perioden finn eg saker som handlar om enkeltpersonar som var utsette for grov vald, mobbing og plaging, i tillegg til lesarinnlegg om personlege erfaringar som offer for mobbing.

Mobbing engasjerte både vaksne og unge. Avisene melder om radio- og TV-program der mobbing blei drøfta, og i 1976 var mobbing temaet i eitt av skodespela som vann ein skodospelkonkurranse utlyst av NRK.³⁹⁴ To år seinare sendte NRK Radio musikalen "Hvorfor akkurat meg?", skriven av lærar Ivar Dyrhaug ved Snarøya skole. Musikalen handla om mobbing og blei framført av elevar frå den same skulen.³⁹⁵ Syngespelet blei ein så pass stor suksess at musikalen året etter var blitt til ein rockopera og utgitt på plate med profesjonelle musikarar, og i tillegg blei den utgitt som bok.³⁹⁶ Vinteren 1979 meldte *Norsk Skoleblad* at den norske filmen "Unni – Unna" var sendt ut i 20 eksemplar til skulefilmsentralane for vising på skulane. Filmen handlar om kvifor Unni blir mobba, men gir ingen endelege svar på korleis problemet for Unni kan ta slutt. I følgje regissøren ønska han med dette å opna for diskusjon rundt mobbeprosjektet.³⁹⁷

Mobbing var også eit diskusjonstema blant vaksne, mellom anna var mobbing tematikken for "VGs Landsting" i 1978. Avisa arrangerte årleg eit såkalla landsting der 100 kvinner og menn frå heile landet blei inviterte til å delta på eit to-dagars seminar for diskutera samfunnsaktuelle spørsmål. Avisa betalte for reise og opphald og valde ut forsamlinga ut frå søknader. Kvart år blei ein tredjedel av forsamlinga bytt ut.³⁹⁸ I for- og etterkant av desse landstinga publiserte dei fleire saker knytte til tematikken.

Denne samla mediemerksemda rundt mobbeprosjektet førte til at problemet stadig blei aktualisert og manifestert. Det at mobbing blei sett på som ein del av eit større og meir overordna problemfelt, det urolige skule- og ungdomsmiljøet, var også viktig for

³⁹³ *Aftenposten* 12.02.1982 og 18.08.1982.

³⁹⁴ *Aftenposten* 30.04.1976.

³⁹⁵ *Aftenposten* 02.06.1978.

³⁹⁶ *Aftenposten* 24.03.1979.

³⁹⁷ *Norsk skoleblad* nr. 8, 1979, s. 26.

³⁹⁸ *VG* 14.04.1978.

posisjonen mobbeproblematikken fekk i offentlegheita. Gjennom ein sirkulær påverknadsprosess der desse to problemfelt påverka og definerte kvarandre, fann det, på same måte som i Sverige, også i Noreg stad ein kollektiv definisjonsprosess som stadfesta mobbing som eit aukande sosialt problem. Men sjølv om mobbing jamleg blei omtalt i aviser og i tidsskrift som eit stort problem, kva veit vi om kor utbreidd mobbeproblemet var i den norske skulen på denne tida?

Tal på mobbing

Olweus sine funn frå den svenske Solna-studien som blei publisert i *Hakkekyllinger og skulebøller*, viste at om lag 5 % av desse gutane var typiske hakkekyllingar og 5 % av gutane var typiske skulebøller. Justert ned til 3 % på landsbasis i Sverige, kjem Olweus fram til at om lag 15 000 gutar var typiske hakkekyllingar og om lag 15 000 gutar var typiske skulebøller – altså var totalt 30 000 gutar innblanda i mobbing i Sverige i 1973. Om talet hadde inkludert jenter og elevar med mindre mobbeproblematikk, ville det i følgje Olweus vore betydeleg høgare, opp mot 100 000.³⁹⁹

Ettersom dette var ein svensk studie, var Olweus på midten av 1970-talet forsiktig med å overføra tala til norske forhold. Tvert i mot uttalte han i *Norsk skoleblad* i 1974 at det var eit meir barnevennleg og omsorgsfullt klima i Noreg samanlikna med Sverige.⁴⁰⁰ VG overførte likevel tala i ein artikkel frå slutten av 1973 og kom fram til at rundt 50 000 norske elevar ville vera innblanda i mobbing om ein brukte dei på norske forhold. Men ”praktisk erfaring sier imidlertid at vi ennå ikke har fått ”svenske” tilstander i Norge. Tallet på elever som er berørt av mobbing, er derfor neppe så høyt”, skreiv VG-journalisten.⁴⁰¹

Det er vanskeleg å seia noko sikkert om omfanget av problemet i norsk skule på 1970-talet, ettersom det finst få kjente studiar på nettopp dette. Men det finst eit par unntak. Tveita skole i Oslo gjennomførte i 1974 ei undersøking blant elevane som viste at av 586 elevar kjende 43 barn seg truga eller plaga fleire gongar i veka.⁴⁰² Dette utgjorde vel 7 % av elevane og stemmer relativt godt med tala Olweus kom fram til i Sverige. I etterkant av denne undersøkinga melde Aftenposten at også mange andre skular var interesserte i å gjennomføra liknande undersøkingar, men eg har ikkje funne desse omtalt i dei avisene og

³⁹⁹ Olweus 1974a: 72-73.

⁴⁰⁰ *Norsk skoleblad* nr. 22, 1974, s. 1018.

⁴⁰¹ VG, 14.12.1973.

⁴⁰² VG 10.12.1974 og 27.04.1976, *Aftenposten* 04.02.1975 og 29.09.1975.

tidsskrifta eg har gjennomgått.⁴⁰³ Derimot melder same avis ein måned seinare at skuledirektøren i Møre og Romsdal hadde gjennomført ei undersøking om mobbing.⁴⁰⁴ Konklusjonen frå denne undersøkinga var at det var mest mobbing ved byskulane i fylket, noko som førte til at lærarane blei meir merksame på dette problemet.

I den same artikkelen uttalte byråsjef Tor Holtan-Hartwig i Kyrkje- og undervisningsdepartementet at dei hadde registrert mobbing i grunnskulen som eit problem, og at det hadde vore drøfta om "plaging av medelever skal gjøres til gjenstand for forskning". I Oslo hadde skuleinspektør Olav Røthe året før gjennomført ei munnleg undersøking blant alle "skolebestyrerne" der det kom fram at "enkelte skoler har mye elevterror mens andre har sluppet det".⁴⁰⁵ I kva grad desse undersøkingane er samanliknbare er ikkje godt å seia, då kjeldene mine utelukkande er redaksjonell omtale av undersøkingane i avisene.

Hausten 1975 sette Bærum kommune ned ein komité som skulle arbeida med mobbeproblema i bærumsskulen.⁴⁰⁶ Denne komiteen blei seinare kalla *Aksjonsgruppen mot mobbing i Bærumsskolen*, som i februar 1977 gjennomførte ei undersøking av omfanget av mobbeproblemet i alle ungdomsskulane i kommunen. I utgangspunktet trudde ikkje aksjonsgruppa at mobbing var eit særleg stort problem i Bærumsskulen, men undersøkinga viste at rundt ein tredjedel av elevane hadde vore utsett for mobbing, anten i barne- eller ungdomsskulen.⁴⁰⁷

Også i Rogaland og i Hordaland blei det gjennomført eit par undersøkingar, ei av Erling Roland og ei av Reidar Mykletun. Roland gjennomførte ei undersøking på Strand ungdomsskule i Rogaland (ca. 400 elevar) og fann at heile 5,3 % av elevane blei mobba kvar dag. I tillegg fann han at 13,1 % av elevane blei mobba fleire gongar i veka.⁴⁰⁸ Mykletun gjennomførte ei undersøking på to ungdomsskular i Hordaland og fann at 10 % av elevane blei plaga (som var omgrepet han brukte) av andre, medan 11,2 % plaga medelevar.⁴⁰⁹ Begge desse undersøkingane viste altså høgare prosenttal enn dei Olweus hadde funne i Sverige, men begge undersøkingane inkluderte jenter, medan Olweus sine tal på denne tida berre inkluderte gutar.

⁴⁰³ *Aftenposten* 13.03.1975.

⁴⁰⁴ *Aftenposten* 03.04.1975.

⁴⁰⁵ *Aftenposten* 03.04.1975.

⁴⁰⁶ *Skolepsykologi* nr 5, 1977 blei gitt ut som eit temanummer om mobbing, basert på arbeidet til aksjonsgruppa i Bærum. Sjå også VG 14.11.1978.

⁴⁰⁷ *Aksjonsgruppen mot mobbing i Bærumsskolen* 1978: 35.

⁴⁰⁸ Roland 1980: 20.

⁴⁰⁹ Mykletun 1979: 31.

Trass i at det finst lite data om mobbeomfanget på 1970-talet, viser desse undersøkingane to ting: For det første blei mobbing oppfatta som eit så pass alvorleg problem i skulen at mange skular valde å undersøkje det nærare. Om ein ser bort frå at tala er metodisk usikre, viser dei at andelen barn som var rapportert innblanda i mobbing stemmer relativt godt overeins med Olweus sine funn frå Sverige.

I 1980 var heller ikkje Olweus like optimistisk på Noreg sine vegner som han hadde vore i 1974. I eit intervju med *Norsk skuleblad* uttalte han at han hadde grunnlag for å hevda at det var meir mobbing enn før.⁴¹⁰ Olweus hadde ingen nye data å presentera, det var framleis tala frå Solna-undersøkinga som blei henta fram og denne gongen blei dei direkte overført til norske forhold: "Ca. 5 prosent av guttene var utpregete hakkekyllinger, og ca. 5 prosent var aggressive mobbere eller skolebøller. Det vil si at i det miste 30 000 elever i Norge er berørt av denne problematikken."⁴¹¹ Tre år seinare skulle han få svaret på i kva grad desse overførte tala stemte med reelle norske tal.

Konklusjon

1970-talet var på fleire måtar eit tiår prega av brot med fortida, brot med tradisjonar og haldningar samt brot med det kollektive idealet som i så stor grad hadde prega tidsanda i tiåra etter 1945. Den oppveksande 1970-talsgenerasjonen blei flaska opp på aukande framheving av individet og stadig større velstand, samstundes som mange etablerte haldningar og normer stod for fall.

I dette kapitlet har eg vist korleis normkrise i skulen blei etablert som eit problemfelt i fleire nordiske land og korleis mobbing blei sett på som ein del av desse overordna miljøproblema som prega både barndomen og norsk skule. Inntrykket av ein skule i krise spreidde seg raskt i media, og presset for at politikarane skulle koma på banen auka. Merksemda rundt det problematiske skulemiljøet og mobbing bana vegen for at mobbing i aukande grad blei oppfatta som eit stort sosialt problem i norsk skule. Dessutan påverka problemfelta kvarandre og gjennom dette samspelet blei både mobbe- og skulemiljøproblematikken kollektivt definert og konsolidert. Eit opposisjonsparti i medvind var også ein viktig faktor for at skulemiljøet og mobbing blei løfta opp på eit politisk nivå,

⁴¹⁰ *Norsk skuleblad* nr. 17, 1980, s. 9.

⁴¹¹ *Norsk skuleblad* nr. 17, 1980, s. 9.

sjølv om det i første omgang ikkje førte til noko form for handling. Men dette skulle endra seg eit par år seinare, noko vi skal sjå på i det neste kapitlet.

Kapittel 5:

1983: Handlingsplan mot mobbing

”Mobbing i skolen bak tragedier i Tromsø: 3 barn begikk selvmord – flere hindret ”

Denne overskrifta lyste mot alle lesarane av avisa *Tromsø* 28. desember 1982. Trass i at kombinasjonen mobbing og sjølvord ikkje var heilt ukjent her til lands, skulle denne framsida bli starten på ein mediestorm som kom til å vara i fleire veker utover nyåret i 1983. Bakgrunnen for artikkelen var at tre Tromsø-gutar i 10-12-årsalderen hadde tatt sitt eige liv i løpet av hausten 1982, og mobbing blei oppgitt å vera den utløyssande årsaka for alle tre. I tillegg kunne avisa rapportera at fleire andre sjølvord var blitt hindra i siste liten.

Saka blei raskt plukka opp av alle dei store riks- og regionsavisene og blei førstesidestoff i fleire dagar. Medan mediestormen stod på som verst, kom det krav om at noko måtte gjerast, og det blei etterlyst handling både lokalt og sentralt. Resultatet kom i form av ei regjeringsinitiert handlingsgruppe der mellom anna Dan Olweus og Erling Roland sat som medlemmer.⁴¹² Handlingsgruppa under Kyrkje- og undervisningsdepartementet utarbeidde ein nasjonal handlingsplan i to delar: den første delen var ei landsdekkjande undersøking der alle landets elevar skulle svara på eit spørjeskjema for å undersøka omfanget av mobbing i skulen. Den andre delen var ein nasjonal kampanje/aksjon mot mobbing som alle grunnskulane i landet skulle delta i.

I dette kapitlet skal eg drøfta kva som skjedde i tida etter at sjølvordssakene eksploderte i media, og som enda med at departementet sette ned denne handlingsgruppa. Korleis var samarbeidet mellom politikarane og forskarane i gruppa, og i kva grad var dei avhengige av kvarandre? Korleis utspelte interessekonfliktane seg i dette samarbeidet og korleis agerte forskarane og ikkje minst politikarane når tida var knapp for å finna gode løysingar på problemet?

For å finna svar på dette har eg gått igjennom pedagogiske tidsskrift i perioden frå januar 1983 til januar 1986 og eg har søkt i digitalt tilgjengelege aviser i perioden. I tillegg

⁴¹² Gruppa blei også kalla arbeidsgruppe.

har eg gått gjennom dei bevarte sakspapira etter KUD-arbeidsgruppa i det noko mangelfulle arkivet etter Kyrkje- og undervisningsdepartementet som i dag er på Riksarkivet.⁴¹³

Nyttårsstorm i massemedia

Det er usikkert kven som tipsa journalistane i *Tromsø* om dei alvorlege hendingane, men avisa presenterte same dag eit intervju med to psykologar ved Barne- og ungdomspsykiatrisk Poliklinikk (BUP) i Tromsø, Brit Wallin og Harald Valen, som stadfesta opplysingane. Dei to psykologane kjente også til fleire andre sjølvmordsforsøk: ”- Det er et rop om hjelp, men denne hjelpen kan vi ikke gi i stort omfang fordi hjelpeapparatet er alt for lite i forhold til behovet.”⁴¹⁴ Wallin og Valen nytta sjansen til å få blest om manglande ressursar og gjentar i intervjuet gong på gong kor få behandlingssassar dei har, kor underbemanna dei er og kor lite kapasitet dei har til å hjelpa alle barna som treng hjelp:

Behandlingssystemet er så dårlig utbygd at vi bare har kapasitet til å ta oss av de mest ekstreme tilfellene, og selv med disse er det tilfeldig hva hjelp som blir tilbudt, det kommer an på hvor i landsdelen de bor. Og for oss ved BUP føler vi at situasjonen er så presset at vi tvinges til å gjøre en dårlig jobb.⁴¹⁵

Dagen etter følgde avisa opp saka med eit intervju med Rolv Jørgensen, inspektør ved Prestvannet skole i Tromsø, som etterlyste tettare samarbeid mellom skulen og det han kallar hjelpeapparatet (BUP, Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), sosialkontora og legane): ”Skolen møter rett og slett på en mur av taushet [sic] det eksisterer vanntette skott mellom den og de instanser som skal være til støtte for eleven og hans familie.”⁴¹⁶ Også Jørgensen nytta høvet til å få litt publisitet rundt manglande løyvingar i skulen og klaga på for mange elevar per klasse og at læraren hadde fått auka omsorgsfunksjon i tillegg til auka faglege krav. Og nettopp dei strukturelle problema rundt skulen, det sosiale hjelpeapparatet og samarbeidet mellom desse, var saker bladet *Tromsø* fokuserte på i dei påfølgjande

⁴¹³ Dette er først og fremst og departementale rundskriv og noko korrespondanse, dessverre er ikkje møtereferata frå handlingsgruppa bevarte.

⁴¹⁴ *Tromsø*, 28.12.1982.

⁴¹⁵ *Tromsø*, 28.12.1982.

⁴¹⁶ *Tromsø*, 29.12.1982. Manglande teiknsetjing i kjelda.

dagane.⁴¹⁷ Det var mange problem som kom til overflata i desse artiklane, men særleg to alvorlege manglar blir framheva: mangelen på kommunikasjon og samhandling mellom dei ulike aktørane som møtte skuleelevane og den aukande utfordringa det var å vera lærar på denne tida.

Tromsø kommune sette raskt i gang eit arbeid med å drøfta korleis desse tragediane kunne skje og ikkje minst kva tiltak dei kunne setja inn for å hindra at fleire barn skulle hamna i den same situasjonen. To dagar etter at *Tromsø* første gong skreiv om saka, meldte avisene at skulesjefen i Troms hadde kalla inn til eit møte 7. januar for å drøfta saka med den politiske leiinga, representantar frå helse- og sosialsektoren, utekontakten, pedagogisk/psykologisk teneste samt Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk.⁴¹⁸

Resultatet frå dette møtet var at det blei sett ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe som skulle laga retningslinjer for å få i stand større tverrfagleg samarbeid mellom dei ulike offentlege instansane for å betra kommunikasjonen dei imellom. I tillegg blei det, i god politisk tradisjon, "besluttet å danne ei prosjektgruppe som skal være behjelpelig med å utforme tiltak som skal settes i verk i skolene".⁴¹⁹ Tiltaka skulle først og fremst setjast inn på tre felt: lærarar, elevar og foreldre.

Ut frå oppslaga i avisene verkar det som om kommunikasjonen mellom skulen og det sosiale hjelpeapparatet lenge hadde vore dårleg. I fleire saker blir dette gjentatt, og lærarane klagar over teieplikta til helse- og sosialarbeidarane som gjer at dei ikkje får vita det om noko er gale med elevane. Vidare klagar lærarane over at dei i aukande grad må fungera som sosialarbeidarar for elevane utan at dei blir kompenserte for tapet av undervisningstid.⁴²⁰ Kyrkje- og undervisningsminister Tore Austad frå Høgre blei intervjuva i *Tromsø* 12. januar og der er nettopp dette eit av temaa som blir tatt opp. Austad forsikra lesarane om at problemet med manglande samarbeid og aukande miljøproblem var noko som ville bli tatt opp i stortingsmeldinga om grunnskulen som skulle koma same vår.⁴²¹

Av dei to avisene i Tromsø er det ikkje overraskande bladet *Tromsø* som brukte mest spalteplass på denne saka, i og med at det var "deira" sak. Men også konkurrenten *Nordlys* skreiv om problematikken, om enn i mykje mindre skala. Som nemnt plukka alle dei store

⁴¹⁷ *Tromsø*, 29.12.1982, *Tromsø* 30.12.1982, *Tromsø* 31.12.1982.

⁴¹⁸ *Nordlys* 30.12.1982, *Tromsø* 30.12.1982, *Aftenposten* 30.12.1982.

⁴¹⁹ *Tromsø* 08.01.1983.

⁴²⁰ *Tromsø* 29.12.1982 og 30.12.1982, *Nordlys* 12.01.1983.

⁴²¹ St.meld. nr. 62 (1982-83) *Om Grunnskolen*.

riks- og regionsavisene saka raskt opp, og diskusjonen føregjekk samstundes på to plan – både nasjonalt og lokalt i Tromsø. I riksavisene var det særleg *Dagbladet* og *Aftenposten* som brukte spalteplass på denne saka. Allereie dagen etter det første oppslaget, kunne skulesjefen i Oslo melda at også to skuleelevar i Oslo hadde tatt sitt eige liv i løpet av 1982.⁴²² Mest sannsynleg var alvorleg mobbing også medverkande årsak til desse to sjølvorda, skriv avisene.

Sjølvord i media

Eit særtrekk ved norsk presse var lenge at sjølvord ikkje blei omtalt i det heile. Bakgrunnen for denne praksisen blei lagt då dei første etiske retningslinjene for norsk presse, *Vær Varsom-plakaten*, blei vedtekne i 1936. I desse første retningslinjene var ordlyden at "selvmord, selvmordsforsøk og sinnssjukdom bør ikkje omtales uten i helt ekstraordinære tilfeller".⁴²³ 20 år seinare blei regelen revidert då ein fjerna vedtaket om sinnsjukdom. I 1975 blei regelen enno ein gong revidert: "Selvmord eller selvmordsforsøk skal som hovedregel ikkje omtales." 1975-ordlyden blei ståande heilt fram til 2006, då det kom retningslinjer som opna opp for omtale av sjølvord i media.

Ein av grunnane til at ein ikkje ville omtala sjølvord eller sjølvordforsøk var frykta for spreing. I 1986 tok den dåverande Miss Ungarn sitt eige liv med hjartemedisin, noko som utløyste ein serie av sjølvord blant unge kvinner med same type medisin. På same måte auka talet på sjølvord i USA markant etter at Marilyn Monroe tok sitt eige liv i 1962. Studiar frå 1990- og tidleg 2000-tal har vist at det er særleg stor spreingseffekt dersom media omtalar *korleis* sjølvordet blei utført.⁴²⁴ På bakgrunn av denne nye kunnskapen utarbeidde Verdas helseorganisasjon (WHO) i 2000 eit sett med retningslinjer for medieomtale av sjølvord. Eitt viktig poeng i desse retningslinjene er at media bør unngå å omtala metoden for sjølvordet. Sjølvordforskar Lars Mehlum poengterer at når norske media i dag går over streken, er det som oftast fordi dei ikkje følgjer rådet om å ikkje omtala sjølvordsmetoden.⁴²⁵

Eit eksempel på at Pressens Faglige Utvalg (PFU) slo ned på nettopp denne problematikken, fann eg i *Aftenposten* i 1974. Avisa melder at PFU tok sterk avstand frå

⁴²² *Aftenposten* 29.12.1982, *Dagbladet* 30.12.1982.

⁴²³ Nybø 2007: 21.

⁴²⁴ Nybø 2007: 33-35.

⁴²⁵ I Nybø 2007: 43.

måten biletbladet *NÅ* i detalj skildra korleis ein 14 år gamal namngiven gut tok sitt eige liv etter å ha blitt mobba av kameratane sine.

Utvalget sier at det er enig med *NÅ*'s redaktør i at mobbing er et samfunnsproblem som pressen må kunne rette søkelyset mot. Men utvalget vil ta sterk avstand fra at *NÅ* valgte å ta for seg en bestemt tragdie i detalj og til med beskrev hvordan en navngitt gutt tok seg av dage. Utvalget kan ikke se at det i dette tilfellet var sterke nok grunner til å fravike regelen om at selvmord ikke skal omtales.⁴²⁶

PFU sa seg i tillegg enig med klagaren, psykolog Magne Raundalen, i at det i reportasjen låg ei direkte skulding mot guten sine skulekameratar for å vera medskuldige i at 14-åringen døydde.

Også VG omtalte dette sjølv mordet, men fokuserte mest på mobbinga og plaginga som årsak til den tragiske hendinga. Likevel meir enn antyder dei korleis guten tok sitt eige liv ved å fortelja at det blei funne eit salonggevær ved sida av han.⁴²⁷ Eg har ikkje funne at saka i VG blei klaga inn til PFU, mest sannsynleg fordi avisa omtalte sjølv mordet i forsiktige ordelag.

Som eg var inne på i førre kapittel var mobbing og sjølv mord også tema for ei rekkje artiklar i *Dagbladet* hausten 1980. Igjen var det ein 14-årig skulegut som tok sitt eige liv som følge av langvarig mobbing. Foreldra gav sjølv tydeleg beskjed om kva som hadde skjedd i dødsannonsen til guten og også denne artikkelen framhevar både bakgrunnen og måten guten valde å ta sitt eige liv.⁴²⁸

Kort tid etter at denne saka stod på trykk, publiserte bladet *Se og Hør* ei liknande sak der ei mor i Løten stod fram og klaga på skulen for ikkje å ha gjort nok for å hindra at den 13-årige sonen hennar tok sitt eige liv på grunn av mobbing. PFU meinte *Se og Hør* braut god presseskikk i saka, ikkje fordi dei tok opp mobbeproblematikken og sjølv mordet, men fordi skulen og lærarane ikkje fekk uttala seg mot dei grove skuldingane.⁴²⁹

Omtale av sjølv mord og mobbing var altså langt frå noko nytt i Noreg. *Dagblad*-saka hausten 1980 skapte ein viss debatt rundt mobbeproblematikken, men eg har ikkje funne

⁴²⁶ *Aftenposten* 12.12.1974.

⁴²⁷ *VG* 28.09.1974.

⁴²⁸ *Dagbladet* 29.08.1980.

⁴²⁹ *Aftenposten* 27.02.1981.

spor etter den same diskusjonen i andre aviser.⁴³⁰ Kva var det så med Tromsø-sakene som gjorde at desse sakene fekk så massiv mediemerksemd, samanlikna med dei tidlegare hendingane? Avisene gir inntrykk av at desse hendingane blei opplevd som så alvorlege og så ekstraordinære at omtale blei eit viktig poeng i seg sjølv. I 1974 blei mobbing sett på som isolerte enkelthendingar og ikkje som ein tendens på noko større. Hausten 1980 blei mobbing oppfatta som eit reelt og svært viktig problem, og *Dagbladet* tok opp saka tre dagar på rad. I 1982 var det heile *tre* svært unge gutar som hadde tatt sitt eige liv, noko som førte til at graden av alvor aldri hadde vore høgare. Mobbing var dessutan i mellomtida etablert som sosialt problem med svært alvorlege følgjer som både offentlegheita og skulane måtte ta på alvor. Det at det ikkje kom inn ein einaste klage til PFU på desse sakene frå vinteren 1982/83 viser at samtida oppfatta sakene som viktige og riktige, trass i den openberre faren for smitteeffekt, som eg kjem inn på nedanfor.⁴³¹

Svært få av avisartiklane diskuterte eksplisitt i kva grad ein burde omtala desse sakene, trass i at dei handla om barn og sjølv mord. Unntaket er skulesjefen i Troms, Alf Johan Karlsen, som etter eit tverrfagleg møte om mobbing på nyåret 1983, uttalte til avisa *Tromsø* at "det var de [på møtet] som mente at det var uheldig på grunn av omgivelsene til de tre barna som nå er borte. Men stort sett var det en positiv holdning til at problemet ble skikkelig belyst".⁴³²

I avisoppslaga finn eg ingen saker som problematiser skuldspørsmålet – altså kven som stod bak den langvarige mobbinga som skal ha vore skuld i at dei tre gutane tok sine eige liv. Dei fleste artiklane fokuserer heller ikkje på *korleis* gutane døydde, men kva som førte til den desperate situasjonen dei var i før dei tok sine eige liv. Unntaket er *Dagbladet* som 29. desember 1982 presenterte overskrifta "Slik ble de tre mobbet til døde" på førstesida av avisa. I sjølve saka kjem det fram at den eine guten, etter lang tids mobbing, tok sitt eige liv ved hjelp av medikament han hadde fått fatt i.⁴³³ Dagen etter følgde dei opp med saka "Mobbet 12-åring gikk i skogen og hengte seg", der dei fortel historia til ein av dei

⁴³⁰ Etter den første saka 29. august 1980, følgde *Dagbladet* opp saka 30. august og 2. september. I tillegg blei det publisert eit lesarinnlegg av Dan Olweus knytt til den same saka 24. september.

⁴³¹ Organisasjonssekretær Kjell Nyhuus i Pressens Faglige Utvalg sjekka protokollane til PFU frå 1983 og opplyste per telefon 08.10.13 at det ikkje er registrert innkomne klagesaker på avisene *Tromsø*, *Nordlys*, *Dagbladet* eller *Aftenposten*.

⁴³² *Tromsø* 08.01.1983. Min klammeparentes.

⁴³³ *Dagbladet* 29.12.1982.

andre gutane i Nord-Troms.⁴³⁴ Guten skreiv eit brev til mora før han tok med seg eit tau ut i skogen. Hovudbodskapen i artikkelen blir i tillegg forsterka med eit illustrasjonsfoto der vi ser silhuetten av ein ung gut ved foten av eit tre.

Faren for negativ påverknad ved desse *Dagbladet*-sakene verkar innlysande, i alle fall sett med dagens auge og i relasjon til PFU-dommen i 1974. Den einaste avisartikkelen som i det heile kommenterer smittefaren ved sjølv mord er ein artikkel i *Bergens Tidende* 29. desember 1982, der sjefspsykolog Johs. Hovden ved Skoleseksjonen i Bergen kommune kjem med ei mogleg forklaring på sjølv mordssakene i Tromsø. I artikkelen uttalar dessutan han at det ligg ein smitteeffekt i sjølv mordsfenomenet og at det lett kan spreia seg, men han knyter det ikkje opp mot smitteeffekten i media.⁴³⁵

I perioden frå 1968 til 1988 skaut sjølv mordstala i Noreg i veret og sjølv mordsfrekvensen blei dobla for dei heilt unge.⁴³⁶ Blant unge gutar i aldersgruppa 15-19 år auka sjølv mordsraten frå 8,3 til 20,3 per 100 000 i perioden frå 1973-74 til 1993-94.⁴³⁷ For barn under 15 år, er tala så låge og så usikre at det ikkje er utarbeidd statistikk for denne gruppa. I følgje Retterstøl, Ekeberg og Mehlum både var og er det svært sjeldan at så unge barn tar sitt eige liv. Den låge alderen på gutane understreka det store alvorret i saka og var nok ein av dei viktigaste grunnane til at desse sjølv mordssakene i Tromsø fekk så stor merksemd, ettersom gutane berre var mellom 10 og 12 år gamle. Hendingane blei ein vekkjar for alle – for skulemyndigheiter, lærarar, elevar og foreldre.

Olweus lanserer handlingsprogram i ni punkt

Dan Olweus sitt syn på mobbing representerte som vi veit ei vriding bort frå Peter-Paul Heinemanns sosiale forklaringsmekanismane til meir individualpsykologiske, åtferdsbaserte forklaringar. Olweus tilbakeviste at det var ein samanheng mellom store skular og mobbing, då han ikkje fann noko i materialet sitt som støtta det inntrykket. Han fann heller ingen samanheng mellom store klassar og mobbing, og han avviste at karakterjag kunne vera ein faktor i mobbeproblematikken. I følgje Olweus er det mobbaren sin aggressive

⁴³⁴ *Dagbladet* 30.12.1982.

⁴³⁵ *BT* 29.12.1982.

⁴³⁶ Retterstøl, Ekeberg og Mehlum (2002): 8.

⁴³⁷ Retterstøl, Ekeberg og Mehlum (2002): 119-120.

personlegdom i kombinasjon med tidlege oppvekstforhold, særleg forendra si grunninnstilling og oppseding, som avgjer om ein gut blir ein mobbar eller ikkje.⁴³⁸ Skulesystemet kan dermed ikkje stillast ansvarleg for mobbeproblematikken, hevdar Olweus.⁴³⁹ Som eitt av tiltaka for å motverka mobbing manar Olweus til tettare kontakt mellom vaksne og barn, og ikkje minst det han kallar for auka sosial kontroll – nemleg at både vaksne og barn tar klart og tydeleg avstand frå gjentatt fysisk og psykisk mishandling.⁴⁴⁰ Dette er tiltak som det er realistisk å få gjort noko med, utgiftene er relativt små og krev heller ikkje store logistiske og administrative utfordringar. I tillegg, hugsar vi korleis desse forklaringane, i mykje større grad enn tidleg på 1970-talet, passa inn i det generelle ideologiske klimaet på 1980-talet.

På nyåret 1983 blei Olweus invitert til Tromsø for å halda eit foredrag for lærarar, pedagogar og psykologar, der han mellom anna tilbakeviste seks myter om mobbing: 1) mange lærarar trur at mobbing ikkje eksisterer i sin eigen klasse, 2) lærarane veit ikkje kva som skjer blant elevane, 3) problema er så kompliserte at ein ikkje kan ta dei opp, 4) karakterjag i skulen forårsakar mobbing, 5) det er mindre mobbing i små klassar og 6) ein må ta omsyn til mobbaren fordi han mobbar på grunn av eigne problem. I følgje avisa hevda tvert i mot Olweus at mobbaren "er en person som er positivt innstillet til vold, har ubetydelig skyldfølelse, er selvsikre og tøffe [sic]".⁴⁴¹ Vi ser elles av desse punkta at Olweus legg mykje av ansvaret for problema på lærarane, noko som ikkje skulle gå heilt upåakta hen.

Etter å ha tilbakevist desse mytene, presenterte Dan Olweus eit handlingsprogram i ni punkt.⁴⁴² Handlingsprogrammet og appellen Olweus heldt i Tromsø blei veka etter publisert i eit temanummer om mobbing i *Norsk skoleblad*:

1. Danne en gruppe av lærere som kommer sammen regelmessig, f.eks. en gang pr. uke til å begynne med. Diskuter problemene i deres klasser, deres egne holdninger (ovenfor) og prøv å komme frem til en felles handlingsplan.
2. Skjerp elevtilsynet i friminuttene.
3. Samtal med de antatt innblandede elevene, hver for seg og sammen.
4. Ta opp aktuelle problemer til diskusjon i klassen.
5. En annen mulighet for å påvirke barnas foreldre og derved barna er å arrangere *klasse møte(r) angående mobbing*, eventuelt også med barna tilstede.

⁴³⁸ *Norsk skoleblad* nr. 17, 1980 s. 8.

⁴³⁹ Olweus 1974a: 185.

⁴⁴⁰ Olweus 1974a: 207, *Norsk skoleblad* nr. 18, 1980, s. 19.

⁴⁴¹ *Tromsø* 29.01.1983.

⁴⁴² *Nordlys* 28.01.1983.

6. Hvis ikke mobbingsproblemene i klassen blir bedre, *informér foreldrene til mobberen/ne og mobbeofferet* via skriftlig melding eller telefonsamtale.
7. Hvis heller ikke dette fører fram, kan læreren *kalle inn til møte med mobberen/ne, mobbeofferet og deres foreldre*.
8. I mer alvorlige tilfeller kan det også være aktuelt å arrangere *konfrontasjonsmøter hvor rektor eller undervisningsinspektøren også er tilstede* – bl.a. for å markere hvor alvorlig skolen ser på saken.
9. I kompliserte og vanskelige tilfeller av mobbing vil det være naturlig for læreren/skolen også å ta kontakt med den *pedagogisk-psykologiske tjenesten*, eventuelt med en barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk eller tilsvarende.⁴⁴³

Dei aller fleste punkta i handlingsplanen er relativt sjølvsagte og fornuftige tiltak som lærarane sjølve kunne kome fram til om dei hadde sett seg ned og diskutert kva handling som måtte til for å få bukt med mobbinga. Olweus poengterte viktige av at desse punkta baserte seg på allereie eksisterande ressursar ved skulen eller i tilknytning til skulemiljøet. Han var skeptisk til eigne mobbeterapeutar og viste til forskning som hadde gitt dårlege resultat når det gjeld psykoterapi for å dempa aggressiv åtferd.⁴⁴⁴ Det var først og fremst haldninga til dei vaksne Olweus ville til livs og framheva kor uhyre viktig det var å visa at ein ikkje tolererte mobbing og aggressiv åtferd generelt. For å oppnå resultat, provoserte han i følgje eige utsegn, lærarane bevisst for passivitet.⁴⁴⁵ Og reaksjonane let ikkje venta på seg.

I tillegg til å avvise mytar om mobbing, uttalte Olweus at mobbeproblema ikkje automatisk ville bli redusert med auka økonomiske ressursar til skulen. Oppslaga i Tromsø-avisene med lærarar som dels forklarte dei alvorlege hendingane med manglande ressursar, blei av Olweus omtalt som "dårlig skjult fagpolitikk" som ikkje overraskande førte til kraftige reaksjonar frå skulefolket i salen.⁴⁴⁶ Som vi har sett, hadde lærarorganisasjonane i fleire år klaga over manglande ressursar for å få betre tid til det sosiale arbeidet, som å snakka med elevane, ha samtalegrupper og få tid til den oppfølginga som var nødvendig. At Olweus talte lærarane midt i mot, fall mange tungt for brystet. På mange måtar kan vi sjå desse utsegnene som eit teikn på at Olweus posisjonerte seg strategisk på den andre sida av forhandlingsbordet, saman med politikarane som sat på pengesekken. Ettersom ingen av desse tiltakspunkta kravde noko særleg ekstraressursar og var lite kontroversielle, må denne "pakken" frå Olweus ha framstått som ei god og rimeleg løysing for politikarane. For

⁴⁴³ *Norsk skoleblad* nr. 5, 1983, s. 7 og 40.

⁴⁴⁴ *Norsk skoleblad* nr. 5, 1983, s. 40.

⁴⁴⁵ *Norsk skoleblad* nr. 9, 1983, s. 48.

⁴⁴⁶ *Tromsø* 29.01.1983.

lærarane derimot, ville kostnaden bli ei heilt anna, ettersom Olweus meinte tiltaksarbeidet skulle koma på toppen av ordinære arbeidsoppgåver.

Resultatet av denne kontroversen var ein relativ massiv kritikk mot Olweus i vekene etter møtet i Tromsø. Lærarane kritiserte Olweus for å ha drive med "skjemaforsking" fordi han sendte ut spørjeskjema til elevar og lærarar i staden for å vera ute i skulen og observera korleis ting føregjekk i praksis. Det var særleg pedagogane og sosiologane som var kritiske til Olweus sine metodar, men på den andre sida var Olweus sjølv kritisk til deira metodar. Som eit ekko av ordskiftet mellom Olweus og Hauge frå ti år tidlegare, dukka konflikten mellom individualpsykologen Olweus og sosiologane også opp i debatten i Tromsø: "Mobbing er det ekstreme av den hverdagsvold barna omgis av på skolen og på skoleveien. Det er lite fruktbart å se mobbing som atskilt fra all annen atferd. Aggresjon er et individuelt fenomen, mobbing er et sosialt fenomen", uttalte amanuensis Tone Skiningsrud frå skuleforskningsgruppa på Institutt for samfunnsvitenskap ved Universitetet i Tromsø til Nordlys.⁴⁴⁷

Olweus fekk også reaksjonar på appellen og handlingsplanen etter at den blei publisert i *Norsk skoleblad*. Alle var einige om at noko måtte gjerast, men ikkje alle var einige i metodane og i kva mobbinga skuldast. I eit lesarbrev til bladet uttrykkjer pedagogisk-psykologisk rådgivar Carl Hernes stor skepsis til Olweus sine funn om den manglande samanhengen mellom skulestorleik og mobbing.⁴⁴⁸ Han grunngir dette med at små skular i svensk målestokk svarer til ein stor skule i distrikts-Noreg, og i hans tid som ppt-rådgivar hadde han berre opplevd mobbing på store skular (etter norsk målestokk). Den store skrekken hans var difor at Olweus sine påstandar om at skulestorleik ikkje var avgjerande kunne bli tatt til inntekt for å slå saman mindre grendaskular.

Også Tom Tiller, leiar for avdeling for praktisk-pedagogisk utdanning ved Universitetet i Tromsø, var ueinig med Olweus, både med omsyn til skulestorleik og utsegna om at lærarane gjer for lite: "Gi ikke lærerne skylda for mobbeproblemene i skolen – gi dem heller støtte til å bekjempe dem!", sa Tiller til *Norsk skoleblad*.⁴⁴⁹ Utan ekstra ressursar ville det ikkje vera mogeleg å løysa mobbeproblema, fortsette Tiller, for lærarane hadde verken tid eller krefter til å handtera mobbing på toppen av ein vanleg skulekvardag. Mindre skular,

⁴⁴⁷ Nordlys 29.01.1983.

⁴⁴⁸ Norsk skoleblad nr. 12, 1983, s. 25.

⁴⁴⁹ Norsk skoleblad nr. 14, 1983, s. 23.

ekstra ressursar til skulen og auka fokus på å handtera mobbeproblema i lærarutdanninga var nokre av løysingane Tiller foreslo.⁴⁵⁰

Høgskulelektor ved Tromsø Lærarhøgskole, Hansjørg Høhr, var også svært skeptisk til den dominansen Olweus hadde fått innanfor skulemobbing, ei retning innan psykologien Høhr kalla "positivistisk orientert, kvantitativ psykologi" der analysen av det sosiale fenomenet mobbing først og fremst gjekk ut på å telja talet på mobbarar og mobbeoffer.⁴⁵¹ Høhr hadde også vore på møtet i Tromsø, og i ein artikkel i *Norsk pedagogisk tidsskrift* kritiserte han både Olweus si forskning og handlingsprogrammet. Sett på spissen og ikkje heilt utan ironi samanfattar Høhr Dan Olweus sine synspunkt slik:

Mobbing skyldes "negative" og "permissive" mødre og en lærerstand som mangler medmenneskelighet og kontrollerer for lite. Når man så tar i betraktning at lærerstanden på barnetrinnet i høy grad består av kvinner, så er verden i lage igjen. Var det ikke det vi visste? KVINNFOLK.⁴⁵²

Høhr meinte at mobbing var eit omgrep som kjenneteikna svært ulike og komplekse sosiale situasjonar som mobbeforskninga så langt ikkje hadde klart å fanga. Olweus sitt individperspektiv førte til at strukturelle tiltak ovanfor skulen, klassen og smågrupper kom utanfor rekkjevidda til mobbeforskarane og dermed ville ikkje mobbeproblemet bli løyst. Høhr var i tillegg djupt ueinig i Olweus sin forskingsmetode:

Et annet viktig moment er de selvplagte metodologiske begrensninger. Som en konsekvens av disse bannlyses alt som uvitenskapelig og som spekulasjoner som man ikke kan sette tall på. Denne type tallmagi virker som et effektivt kvelertak på det teoretiske og praktiske arbeidet med mobbing.

Den vitenskapelige produksjonen om mobbing som foreligger i Norge er preget av en teoretisk engstelighet som ligger nært opp til et tenkeforbud. Det er bra med vitenskapelig tankedisiplin. Men når den brukes som teoretisk/politisk munnekurv er vi lite tjent med den.⁴⁵³

Dessverre utdjuvar han ikkje nærare kva han siktar til med den siste setninga, kan hende refererer han til ein fagleg disputt under møtet i Tromsø. Etter denne tiraden presenterer Høhr sitt eige syn på korleis han oppfattar mobbing, nemleg som spenningar i dei hierarkiske strukturane som kjenneteiknar elevgrupper i skulen. Desse strukturane er relativ kortvarige

⁴⁵⁰ *Norsk skoleblad* nr. 14, 1983, s. 24.

⁴⁵¹ Høhr 1983: 327.

⁴⁵² Høhr 1983: 328.

⁴⁵³ Høhr 1983: 328.

og ustabile, noko som fører til at medlemmene av gruppa er redde for å bli utstøytt frå gruppas indre krets. Mobbing fungerer som avlastningstiltak for desse spenningane og mobbeofferet som ein slags lynavleiar. Når gruppa mobbar, stadfestar gruppa sin eigen identitet.⁴⁵⁴ Seinare skal vi sjå at også svenske forskarar på slutten av 1990-talet kom fram til eit liknande perspektiv på mobbeproblematikken.⁴⁵⁵

Ein annan lesar av *Norsk skoleblad*, læraren Bjarne Tveiten, delte Hohrs skepsis til Olweus si forskning, i tillegg til at han var skeptisk til sjølv mobbeomgrepet.⁴⁵⁶ Skepsisen grunngir han med at elevane ofte var verre før og at det er ei myte at det stort sett berre finst "snille barn". Den underliggjande tonen i lesarinnlegget er at ekspertane ikkje veit kva som føregår ute i felten og at modellane og teoriane deira ikkje stemmer med terrenget. Tveiten skisserer fire ulike typar gutar som mobbar, der fleire av desse fell innanfor det Olweus sjølv definerer som myter: den svake guten som sjølv hadde vore mobba, han som kjem frå ein vanskeleg heim, han som ikkje er skuleflink og han som kjem frå ein "fin" og ressurssterk familie.

Som eg viste i kapittel 3, blei mobbeomgrepet brukt og forstått ulikt av lekfolk og forskarar. Denne diskrepansen var tydeleg på 1970-talet, men også utover på 1980-talet. Ettersom Olweus på fleire punkt gjekk mot det etablerte synet på mobbing, var det mange som ikkje heilt kjende seg att i synspunkta hans og kritiserte han for manglande kontakt med lærarens kvardag.⁴⁵⁷ Bjarne Tveiten sitt lesarinnlegg "Kjetterske tankar om eit alvorleg problem" er ein del av denne motreaksjonen, han er tydeleg skeptisk til Olweus og hans funn. Samstundes er han eksplisitt på at han forventar å få reaksjonar av fagmiljøet på synspunkta sine, for han kallar synspunkta sine for "pedagogisk fjerting" og "pedagogisk juling".⁴⁵⁸

⁴⁵⁴ Hahr 1983: 331.

⁴⁵⁵ Sjå kap. 8.

⁴⁵⁶ *Norsk skoleblad* nr. 14, 1983, s. 24-25.

⁴⁵⁷ Jmf. møtet med Olweus i Tromsø på nyåret 1983.

⁴⁵⁸ *Norsk skoleblad* nr. 14, s. 24-25

Erling Rolands strategi

Lesarane av *Norsk skoleblad* vinteren 1983 møtte ikkje berre ein opprørt og provoserande Dan Olweus, dei fekk også stifta kjennskap med han som skulle bli den andre store profilen innan norsk mobbeforskning.⁴⁵⁹ Erling Roland var forskar ved Stavanger Lærerhøgskole og gav ut boka *Strategi mot mobbing* samstundes med at sjølv mordssakene eksploderte i media. Roland hadde allereie i fleire år arbeidd med mobbeproblematikk, men dette var hans første bok.

På same måte som Olweus, hadde også Roland behov for å tilbakevisa eit par etablerte sanningar om mobbing, for å nytta Ola Agevall sin terminologi. Heller ikkje Roland meiner ytre kjenneteikn er avgjerande for om eit barn blir mobba eller ikkje, i staden framhevar han at det er dei redde og dei som blir sinte det ofte går utover, til dømes barn som blir sinte "på en slik måte at sinnet egentlig bare vitner om maktesløshet".⁴⁶⁰ Han framhevar også, som Olweus, at det er ei myte at skuletparane blei mobbarar og heller ikkje Roland finn forskjellar i omfanget av mobbeproblematikk når det gjeld by og land.

I *Strategi mot mobbing* seier Roland seg stor grad einig med Olweus sine funn, og saman danna dei dermed eit felles ekspertsyn på årsakene til mobbing. Eit viktig poeng er at Roland på dette tidspunktet ikkje hadde forska så mykje på mobbing, unntaket var den nemnte undersøkinga ved Strand ungdomsskule. Han var difor avhengig av å støtta seg på Olweus si forskning. Dette ekspertsynet stod i sterk kontrast til korleis mobbing blei forklart i media og blant folk generelt, sjølv ti år etter at Olweus første gong tilbakeviste desse lekmannsmytane, eller sanningane. Like sikkert som at mobbeforskarane gang på gang tilbakeviste dei same sanningane, like sikkert levde dei vidare hos ålmenta.

Og nettopp dette er tydeleg i fleire av sakene som omhandlar mobbing i *Norsk skoleblad* vinteren 1983. I eit temanummer om mobbekampen i februar 1983, blir lesarane presentert for mobbeofra sine eigne historier. Den eine av desse var ein tjukkfallen gut som flytta og dermed måtte byta skule. På den nye skulen starta mobbeproblema. Det kjem ikkje eksplisitt fram kvifor han blei mobba, men den usagte forklaringa er at det var fordi han var tjukk. Han var ikkje av dei sterkaste gutane i klassen og var ikkje spesielt god i idrett. Men han var skuleflink. Mange av dei gamle sanningane om ytre avvik og at skuleflinke elevar blir

⁴⁵⁹ *Norsk skoleblad* nr. 5, 1983, s. 8

⁴⁶⁰ *Norsk skoleblad* nr. 13, 1983, s. 6.

mobba blir stadfesta i denne saka. Det same gjeld for den andre historia som blir presentert i dette nummeret. Her møter vi innflyttaren på 13 år som snakkar ein annan dialekt og som ikkje passar inn på den nye skulen. Han funderer over kvifor han blir mobba og trur sjølv det handlar om at han kjem nordfrå, snakkar annleis, har andre interesser og "[ikke] gidder å gå i sånne moteklær heller. Men det er jeg jo ikke aleine om på skolen, så jeg veit ikke...".⁴⁶¹

Barna sine egne tankar om mobbing var dei same som blei forvalta av offentlegheita, og avisene hadde gjennom heile 1970-talet og ut på 1980-talet gjentatt og stadfesta desse sanningane gjennom saker som handla om mobbeofferet som skilde seg ut med rar dialekt, rar kroppsfasong eller umoderne klede.⁴⁶² Forskarane påpeika at sett i ein større samanheng var det ikkje teikn til at ytre karakterar var avgjerande, i staden var det meir ulne og usynlege kjenneteikn som "redde", "dei som ikkje tar igjen" og "litt engstelege" som var fellesnemnaren for mobbeoffera.

Strategi mot mobbing var på mange måtar eit supplement til Olweus si forskning og tankar om tiltak. Roland støttar seg primært på Olweus si forskning når det gjeld årsakene til mobbeproblematikken og dels på Anatol Pikas si bok *Slik stopper vi mobbing* når det gjeld tiltak. Men først og fremst handlar boka om å koma mobbinga til livs, basert på Erling Rolands egne erfaringar som skulepsykolog og som forskar på feltet.

I boka presenterer han ein "tiltaksmeny" av metodar og tiltak som kan stoppa mobbing. Ideen hans går ut på at mobbing er eit samansett problem som vil variera frå situasjon til situasjon. Ved å presentera eit sett av metodar som kan nyttast i kampen mot mobbing, kan ein etter ei vurdering velja det av tiltaka som høver best i ein gitt situasjon.⁴⁶³ I tillegg presenterer han ein tre-trinns strategi som fokuserer på tre viktige område: vaksenmiljøet, barnemiljøet og mobbesituasjonen. Denne strategien handlar om tydelege vaksne, gode samtalar og tett oppfølging av både mobbeproblematikken og situasjonar der mobbing oppstår. På linje med Heinemann, Olweus og Pikas, skriv Roland med denne tiltaksboka seg inn i eit forskingsfelt som er prega av teknovitskap. Og denne kunnskapen skulle koma godt med når politikarane kalla inn til aksjon mot mobbing.

⁴⁶¹ *Norsk skoleblad* nr. 5, 1983, s. 9.

⁴⁶² Sjå t.d. *Aftenposten* 29.09.1975, *A-Magasinet* 14.02.1976, *VG* 06.10.1978, *VG* 11.09.1981.

⁴⁶³ Roland 1983: 22.

Ministeren tar affære

17. februar 1983 blei mobbeproblematikken heva opp på regjeringsnivå, då kyrkje- og undervisningsminister Tore Austad inviterte til eit rådgivingsmøte om mobbing i departementet. Olweus blei beden om å presentera handlingsplanen mot mobbing han hadde presentert i Tromsø og i *Norsk skoleblad* tidlegare same månaden.⁴⁶⁴ Eit stort pressekorps dekkja hendinga, og *Norsk Skoleblad* rapporterte frå møtet at det hadde vore stor einigheit om hovudtrekkja i Olweus sin handlingsplan.⁴⁶⁵ Det blei sett ned ei styringsgruppe som skulle utarbeida ei programpakke med praktisk og skuleretta materiale for å motarbeida mobbing. I tillegg blei det planlagt å utarbeida eitt eller fleire spørjeskjema for å kartleggja problemet, samt avslutta med ei grundig evaluering av dei tiltaka som var blitt gjennomført.⁴⁶⁶ To månader seinare, i april 1983, melde *Norsk skoleblad* at KUD hadde oppnemnd ei arbeidsgruppe som skulle utarbeida eit konkret handlingsprogram mot mobbing i skulen. Arbeidet var alt i gang og departementet tok "sikte på å følgje opp tiltaka med forskning".⁴⁶⁷

I ein rapport om langtidsverknadene av aksjonen skriv Erling Roland at det var uvanleg at denne aksjonen mot mobbing låg i hendene på den politiske leiinga i departementet: "En slik praksis er uvanlig i vårt land, der det normalt er Grunnskolerådet som har det utøvende ansvaret for slike tiltak."⁴⁶⁸ Faren ved den tette politiske koplinga var at saka blei for sterkt prega av den sitjande Høgre-regjeringas politikk og at opposisjonspartia og venstresidas aviser ville kritisera framgangsmåten, men dette skjedde ikkje, skriv Roland.⁴⁶⁹ Ein av grunnane til at det ikkje kom kritikk mot Austad si avgjersle, kan ha vore det moralske aspektet ved det aktuelle problemet: det er politisk svært vanskeleg å vera ueinig i tiltak som kan hindra at 10-12-åringar tar sitt eige liv.

Ei anna plausibel forklaring på at departementet ville ha kontroll med aksjonen, var den relativt ferske Høgre-regjeringas ønske om å få auka påverknad på utdanningspolitikken, mellom anna ved å avvikla Forsøksrådet for skoleverket. Som vi hugsar frå førre kapittel blei både Forsøksrådet og Grunnskolerådet sett på som ein fristad for "ny-radikalisme", og i

⁴⁶⁴ Brev frå Dan Olweus til KUD 12.10.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁶⁵ Roland 1989a: 152, *Norsk skoleblad* nr. 9, 1983, s. 48.

⁴⁶⁶ *Norsk skoleblad* nr. 9, 1983, s. 48.

⁴⁶⁷ *Norsk skoleblad* nr. 15, 1983, s. 4.

⁴⁶⁸ Roland 1989a: 152.

⁴⁶⁹ Roland 1989a: 152-153.

følgje Alfred Oftedal Telhaug såg dei borgarlege partia på Forsøksrådet som ein pådrivar for "progressiv pedagogikk" og "sosialistisk skolepolitikk".⁴⁷⁰ I 1982 blei Forsøksrådet vedtatt avvika med verknad frå 1984, medan Grunnskolerådet overlevde til 1992. Historikar Tore Grønlie ser denne avvika som del av eit større utvikling innan statsforvaltninga, nemleg som eit oppgjer med "fagstyret".⁴⁷¹ Mot dette bakteppet var det ikkje uventa at departementet sjølv ville ha kontroll i ei så viktig markerings sak som handlingsplanen mot mobbing var.⁴⁷²

No blei ikkje Grunnskolerådet sett heilt på sidelinja, ettersom formannen i Foreldregruppa under Grunnskolerådet, Karen-Marie Flo, var medlem av arbeidsgruppa Austad sette ned. Sjølvskrivne fagekspertar av gruppa var Dan Olweus og Erling Roland. Andre medlemmer var Gunnar Hvattum, skuledirektør i Oppland, Karl Østrem, rektor ved Hole ungdomsskole og Ingrid Vadla, førstekonsulent i KUD. Formannen i arbeidsgruppa var Olav Svartdal, statssekretær i KUD.⁴⁷³ Svartdal blei bytt ut undervegs, ettersom den reine Høgre-regjeringa under Kåre Willoch blei utvida til ei koalisjonsregjering mellom Høgre, Kristelig folkeparti og Senterpartiet 8. juni 1983. Kjell-Magne Bondevik frå KrF overtok kyrkje- og undervisningsministerposten og ny statssekretær i KUD blei Anne-Olaug Ingeborgrud frå KrF, som samstundes overtok som formann i gruppa.

Eit skjema til bry

29. april 1983 sende Kyrkje- og undervisningsdepartementet ut eit rundskriv til alle kommunane, skulestyra og skuledirektørane i landet, der det blei informert om arbeidsgruppa som skulle utarbeida eit konkret handlingsprogram mot mobbing i skulen. I tillegg skulle det gjennomførast ei undersøking for å kartleggja omfanget av mobbing ved alle landets skular. Denne undersøkinga skulle gjennomførast i ei og same veke i september 1983 for alle skulane.⁴⁷⁴ I følgje Erling Roland hadde denne landsdekkjande undersøkinga to hovudformål: For det første skulle undersøkinga vera ein integrert del i den landsdekkjande aksjonen ved at skulane kunne bruka sine egne resultat i det vidare tiltaksarbeidet med

⁴⁷⁰ Sitert i Grønlie og Flo 2009: 37.

⁴⁷¹ Grønlie og Flo 2009: 29. I tillegg til avviklinga av Forsøksrådet, blei også andre representantar for "fagstyre" omorganisert på denne tida. Helsedirektoratet i 1982/83 og Statens Ungdoms- og Idrettskontor i 1982/1984. Sjå Grønlie og Flo 2009: 29ff.

⁴⁷² I 1992 blei dei fire siste råda underlagt Kyrkje- og undervisningsdepartementet lagt ned: Grunnskolerådet, Rådet for videregående opplæring, Brevskolerådet og Voksenopplæringsrådet. Helsvig 2014: 52.

⁴⁷³ Rundskriv F-57/83. RA/S-1500/D/L0011/0007.

⁴⁷⁴ Rundskriv F-57/83. RA/S-1500/D/L0011/0007.

mobbing, då ein rekna med at undersøkinga ville auka fokuset på mobbing som problem. For det andre skulle undersøkinga nyttast til forskingsformål.⁴⁷⁵

I følgje Olweus sjølv var det han som foreslo for KUD å utarbeida eit spørjeskjema for å undersøka omfanget av mobbing:

På det sättet skulle man kunna få data om mobbing från hela landet och också göra återkommande registreringar med vissa mellanrum för att kartlägga eventuelle förändringar över tid (systematiska sådana data saknas för närvarande). Jag nämnde också på mötet att jag redan kommit långt i utarbetandet av ett tänkbart skjema, som nu var under utprovning i Bergen. Dessutom underströk jag starkt betydelsen av att göra en forskningsmässig evaluering av de intensifierande insatser mot mobbing som nu uppenbarligen var aktuella.⁴⁷⁶

Seinare skal vi sjå at Olweus hadde forska på nettopp slike spørjeskjema i fleire år allereie, men det viktige i denne samanhengen er at han allereie hadde eit ferdig skjema som var tatt i bruk i samband med eit forskingsprosjekt i Bergen våren 1983. Dette må ha vore særslagleg for departementet, som allereie 20. mai kunne senda ut registreringsskjemaet (spørjeskjemaet) for den planlagde undersøkinga saman med eit nytt rundskriv.⁴⁷⁷ Det blei sendt ut to ulike registreringsskjema, eitt for 2.-4. klassetrinn og eitt for 5.-9. klassetrinn. I tillegg blei det lagt ved to samleskjema; eitt for den enkelte klasse/skule og eitt for dei ulike klassetrinna ved skulen.⁴⁷⁸ Departementet instruerte skulane om å ta vare på dei utfylte samleskjemaa i eitt år, då eit representativt utval, 15 % av skulane, ville bli trekt ut til å delta i undersøkinga.

Dan Olweus fekk ansvaret for å gjennomføra utvalet og for å analysera materialet. I eit brev til departementet datert 10. mai 1983 opplyser Olweus at ved hjelp av Statistisk sentralbyrå (SSB) og Norsk Samfunnsvitenskaplige Datatjeneste (NSD) vil han tilfeldig plukka ut ca. 530 skular som skal vera med i den landsdekkjande undersøkinga. I tillegg til desse 530 skulane vil han få til ein overrepresentasjon frå skular i dei tre største byane, Oslo, Bergen og Trondheim, for å undersøka nærare påstandane om at det er meir mobbing i byane enn på bygda. Det totale talet på skular vil difor bli på rundt 600 skular, oppsummerer Olweus i brevet.⁴⁷⁹

⁴⁷⁵ Roland 1989a: 18.

⁴⁷⁶ Brev frå Dan Olweus til KUD 12.10.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁷⁷ Rundskriv F-67/83. RA/S-1500/D/L0011/0007.

⁴⁷⁸ Rundskriv F-129. RA/S-1500/D/L0011/0007.

⁴⁷⁹ Brev til statssekretær Olav Svartdal i KUD frå Dan Olweus, 10.05.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

Spørreskjemaet omfatta 16 spørsmål, som ifølgje opphavsmannen omhandla "ulike sider ved mobbing og det omgivende miljøet – læreres, medelevers og foreldres – kjennskap til problemene og beredskap til å motvirke dem".⁴⁸⁰ Skjemaet var nokså omfattande og prega av mykje tekst, og i arkivet etter KUD fann eg eit 20-tals brev frå lærarar, rektorar og skulesjefar rundt om kring i landet som var svært kritiske til at departementet kunne senda ut eit så komplisert og dårleg utforma skjema. Svært mange av desse meldte samstundes frå om at dei ikkje ville delta i undersøkinga nettopp på grunn av dette skjemaet.

Kritikken gjekk først og fremst på utforminga av spørsmåla, som mange meinte var for vanskelege og for teoretiske for barn i barneskulen. Lærarrådet ved Vassbonn skole i Kolbotn hevda dessutan at det var vesentlege forskjellar i svaralternativa, og dei sette spørsmålsteikn ved validiteten av ein statistikk basert på desse spørsmåla:

Vil vi være med på å utforme en statistikk som ikke svarer til de faktiske realiteter? Vi mener at problemet mobbing er av en slik karakter at det ikke egner seg til å bli tatt opp i spørreskjema-form. Vi tror at de som rammes av dette kan nettopp oppleve en slik undersøkelse som en stor belastning. (...) En del av spørsmålene er i tillegg svært nærgående og hensynsløse.⁴⁸¹

Vidare klagar dei på at skrifta var lita, spørsmåla rotete og dei yngste elevane hadde vanskar med å forstå omgrepa og ikkje minst tidsforståinga.⁴⁸² I fleire av spørsmåla blei elevane bedne om å svara på kor ofte dei blei mobba eller plaga heime, på skulevegen og på skulen. Lærarane ved Ellingsrundåsen skule klagar på at omgrepet "plaging" ikkje blei brukt konsekvent, medan skulesjefen i Kristiansand hevda at ordet "plaget" var svært vanskeleg å definera for 2.-4. årstrinn.⁴⁸³ I tillegg framheva skulesjefen at det var vanskeleg for elevane å velja svaralternativ. Kva er til dømes forskjellen mellom svaralternativa "nesten aldri" og "en sjelden gang"? Andre skular påpeikar at skjemaet ikkje blei sendt ut på nynorsk og at det var så godt som umogeleg for framandspråklege elevar å kunna svara på spørsmåla.⁴⁸⁴

⁴⁸⁰ *Norsk skoleblad* nr. 2, 1985, s. 18. Eg har berre funne skjemaet for 5.-9. klasstrinn.

⁴⁸¹ Brev til KUD frå lærarrådet ved Vassbonn skole, 26.09.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁸² Brev til KUD frå lærarrådet ved Vassbonn skole 26.09.1983, frå Valberg skole 30.09.1983, frå Dysjaland skule 13.10.1983, frå skulesjefen i Kristiansand 19.10.1983, frå Ellingsrudsåsen skole 24.10.1983, frå Skarpsno skole 27.10.1983, frå Volla skole (udatert) og frå Veidholmen skole 27.10.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁸³ Brev til KUD frå skulesjefen i Kristiansand 19.10.1983 og frå Ellingsrudsåsen skole 24.10.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁸⁴ Brev til KUD frå Dysjaland skule 13.10.1983, frå skulesjefen i Drammen (udatert) og frå Lia skolestyre (udatert). RA/S-6143/D/Da/L0259/0004. Erling Roland skriv i rapporten *Tre år senere. Langtidsvirkninger i KUDs landsomfattende aksjon mot mobbing* at skjemaet var utforma på både på bokmål og nynorsk. Roland 1989a: 20. Om dei blei sendt ut på korrekt målform, er usikkert.

Gjellerås skole i Skjetten ville ikkje delta i undersøkinga fordi dei var ueinige med formålet for gjennomføringa:

Ved å fokusere på mobbing i form av sentralt tilrettelagte registreringer, kan vi medvirke til forsterkning av problemer snarere enn hjelp til løysning. (...) Faren for normalisering av begrepet "mobbing" er også tilstede ved at det settes i verk landsomfattende tiltak, hvor sannsynligvis massemedier vil involveres.⁴⁸⁵

Liknande argument såg vi også gjorde seg gjeldande då mobbeomgrepet blei introdusert i Noreg gjennom utgivinga av bøkene til Olweus og Heinemann på norsk tidleg på 1970-talet.

Fleire av avsendarane er opptekne av personvern, men her deler kritikken seg i to leirar; dei som meiner personvernet på små skular er for dårleg sikra gjennom undersøkinga og dei som meiner at undersøkinga er verdiløus fordi ho er anonym.⁴⁸⁶ I eit rundskriv frå departementet som blei sendt ut 26. september 1983, opplyste Ingeborgrud at "det utsendte skjema materiale har vært forelagt Datatilsynet som ikke har innvendinger mot bruken av skjemaene".⁴⁸⁷ Trass i dette måtte KUD i november 1983 svara på spørsmål frå Datatilsynet om nettopp dette, etter at ein far hadde klaga til Datatilsynet på gjennomføringa av undersøkinga. Departementet svara at dei generelle retningslinjene hadde vore gode nok, men at læraren i det aktuelle tilfellet hadde gjort ein feil.⁴⁸⁸

Den siste kategorien klagar handlar om tidsbruk; at tida for gjennomføring var for knapp, at informasjonen om gjennomføringa ikkje var god nok og ikkje minst at spørjeundersøkinga førte til meirarbeid for lærarane.⁴⁸⁹ Styret i Ullensvang lærarlag gjekk så langt at dei oppmoda medlemmene sine om å boikotta mobbeundersøkinga før det låg føre ein plan for korleis lærarane skulle kompenseras for meirarbeid. Sekse og Oppedal skule ville ikkje senda inn svar på undersøkinga før dette var klart.⁴⁹⁰

Det viktigaste vi kan trekkja ut av alle innvendingane mot skjemaet og kampanjen er at aksjonsgruppa hadde det travelt. Ved å presentera eit ferdig skjema for handlingsgruppa, var det enklare for Olweus å få det godkjent utan merknader og innblanding. Samstundes

⁴⁸⁵ Brev til KUD frå Gjellerås skole (udatert). RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁸⁶ Brev til KUD frå Valberg skole 30.09.1983 og brev frå Sagdalen skole 14.09.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁸⁷ Rundskriv F-129/83. RA/S-1500/D/L0022/0004.

⁴⁸⁸ Brev til Datatilsynet frå KUD 16.11.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁸⁹ Brev til KUD frå Grimstad ungdomsskole, 24.10.1983, brev frå Veidholmen skole, 27.10.1983 og brev frå Torp skole (udatert). RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁹⁰ Brev til KUD frå Ullensvang lærarlag (udatert). RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

hadde departementet det travelt med å visa handlekraft, og var takknelege for at Olweus heiv seg rundt og fekk laga skjemaet. Resultatet blei at Olweus fekk definert spørsmåla og dermed kva som blei målt i undersøkinga, medan skulane kjende seg overkjørte av departementet på grunn av utforminga av skjemaet, meirarbeidet og tidsnauda.

Eit drygt år seinare, i ein artikkel om funna etter mobbeundersøkinga, kommenterer Dan Olweus dei metodiske problema rundt spørjeskjemaa:

Av praktiske årsaker var det ikke mulig å gi spørreskjemaet en helt hensiktsmessig utforming for elevene på de laveste klassetrinnene. Det har derfor – med god grunn – hersket tvil om hvorvidt besvarelsene fra elever i klasse 2 og 3 er like pålitelege som fra elever i høyere klasser.⁴⁹¹

Olweus gjennomførte difor ei rekkje såkalla psykometriske analysar av materialet og kom, litt overraskande i følge han sjølv, fram til at svara frå andre- og tredjeklassingane var like pålitelege som for eldre elevar.⁴⁹² Trass i at resultatata var tilfredsstillande, utvikla psykologiprofessoren ein ny og meir elevvennleg variant av spørjeskjemaet, med større bokstavar og færre svaralternativ, som i følge Olweus blei vel mottatt av ”både elever og lærere i en større undersøking i Bergen”.⁴⁹³

Seinare vidareutvikla Dan Olweus nettopp dette spørjeskjemaet som ein del av *Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd*. Den engelskspråklege namnet på spørjeskjemaet, *Olweus Bullying Questionnaire*, er i dag eit registrert varemerke og eit av dei mest brukte skjemaa på verdsbasis for å avdekkja mobbing.⁴⁹⁴ Interessant nok prøvde Olweus allereie i 1983 å få copyright på spørjeskjemaa han hadde utvikla, men arbeidsgruppa under leiing av dåverande statssekretær i KUD, Olav Svartdal, sette foten ned og bestemte at materialet skulle definerast som gruppas arbeid, trass i at det var Olweus som hadde utvikla spørsmåla. Dermed kunne departementet, kommunane og skulane disponera spørjeskjemaa slik dei ville i arbeidet mot mobbing.⁴⁹⁵

⁴⁹¹ *Norsk skoleblad* nr. 2, 1985, s. 23.

⁴⁹² *Norsk skoleblad* nr. 2, 1985, s. 23. I *Psykologisk leksikon* blir psykometri definert som "(...) teori og metoder for måling av psykiske egenskaper, holdninger, interesser, kunnskaper og ferdigheter." Egedius 2008: 417.

⁴⁹³ *Norsk skoleblad* nr. 2, 1985, s. 23.

⁴⁹⁴ Jacobson 2013: 11, Smith 2014: 43.

⁴⁹⁵ Utgreiing frå Olav Svartdal til KUD og Dan Olweus, 01.11.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

Kampen om kampanjen: felles behov – motstridande interesser

Vi ser altså her korleis spenninga i symbiosen mellom forskarane og politikarane bobla opp i dagen i samband med arbeidet i handlingsgruppa våren 1983. I handlingsgruppa fekk Olweus sjansen til å få testa ut skjemaet han hadde utvikla på alle landets skular, noko som ville generera store datamengder. Ikkje uventa likte statssekretæren dårleg at Olweus prøvde å ta copyright på spørjeskjemaet til eiga vinning, men departementet var samstundes avhengig av forskaren sidan han (og Roland) sat på kunnskap om og ei mogeleg løysing på problema statsråden hadde sett seg føre å løysa.

Departementet og forskarane hadde felles interesser, og om kampanjen lukkast ville det oppstå ein vinn-vinn-situasjon for begge partar: statsråden og regjeringa ville få demonstrert handlekraft i svært opprørande sak og Olweus og Roland ville få demonstrert forskinga og tiltaka sine i praksis. Men alt tidleg i prosessen skulle det visa seg at det ikkje var heilt enkelt å samla troppane.

I mai 1983 hadde Dan Olweus sett i gang ein detaljert studie av mobbing i bergensområdet. Studien omfatta totalt rundt 3000 elevar, 1200 foreldre og fleire hundre skuleleiarar og lærarar ved 28 barneskular og 14 ungdomsskular.⁴⁹⁶ Denne studien verkar å ha vore planlagt ei stund før KUDs arbeid med den landsdekkjande undersøkinga hausten 1983 tok til, i alle fall argumenterer Olweus i eit brev til statssekretær Svartdal frå mai med at det vil vera verdifullt å kopla den landsdekkjande undersøkinga med detaljstudien i Bergen.⁴⁹⁷

Olweus sitt forslag om å kopla den landsdekkjande undersøkinga mot den lokale undersøkinga i Bergen, hadde to openberre fordelar for han sjølv. Den *økonomiske fordel* var at ved å kopla bergensundersøkinga med den nasjonale kampanjen, kunne Olweus få økonomisk stønad til å vidareføra forskingsprosjektet sitt i Bergen, noko ministeren hadde antyda i *Norsk skoleblad* etter eit møte i april.⁴⁹⁸ Den *faglege fordel* med å kopla dei to undersøkingane saman var at han kunne måla effektane av kampanjen. Den første undersøkinga i Bergen blei nemleg gjennomført om lag fire månader før den nasjonale kampanjen mot mobbing. Eitt år etter, i mai 1984, gjennomførte han ei ny undersøking i Bergen. Etter å ha analysert materialet, fekk lærarkollegiet ved kvar av dei deltakande

⁴⁹⁶ *Norsk skoleblad* nr. 35, 1985, s. 20.

⁴⁹⁷ Brev frå Dan Olweus til KUD, 10.05.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁴⁹⁸ *Norsk skoleblad* nr. 15, 1983, s. 4.

Bergensskulane munnleg tilbakemelding om resultatet i januar 1985, samstundes som innhaldet i funna og tiltak mot mobbing blei diskutert.⁴⁹⁹ Til slutt blei det gjennomført ei tredje undersøking i mai 1985, to år etter den første undersøkinga. Resultatet var eit stort og svært viktig datamateriale som på mange måtar dannar ryggraden i Olweus si mobbeforskning og i utviklinga av *Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd*.

Det er tydeleg at professoren oppfatta arbeidet med handlingsplanen mot mobbing og den landsdekkjande undersøkinga om mobbing som "sitt" prosjekt, noko som også er forståeleg tatt i betraktning alt arbeidet han hadde lagt ned i det. I eit brev frå Olweus til Ingeborgrud datert 12. oktober 1983, kjem det dessutan fram at han meinte han hadde fått personleg lovnad frå forgjengaren hennar, Olav Svartdal, om at han skulle få forskingsmidlar for å gjennomføra ein oppfølgingsstudie i Bergen hausten 1984:

När det gäller den landsomfattande delen av undersökningarna, är det alltså jag som har kommit med idén, som hela tiden har haft hand om den (undersökningen), som har gjort allt planerings- och förberedelsearbete, som har utarbetat samleskjemaer + tillhörande instruktioner, som har antytt vilken budget jag räknar med för 1983 och för 1984 (utan att den senare specificerats). Ingen annan person har överhuvudtaget varit inkopplad på den forskningsmässiga delen av den landsomfattande registreringen eller har blivit nämnd av KUD's ledelse v/Svartdal.⁵⁰⁰

Dan Olweus si rolle i arbeidsgruppa var nok på fleire måtar problematisk for statssekretæren. På den eine sida sat han med sær s mykje og viktig kompetanse om mobbeproblematikken, på den andre sida kunne departementet risikera at han tok for stor plass i gruppa og at prosjektet blei sterkt kopla til han som person og ikkje til KUD. Dette var sjølv sagt ikkje noko KUD kunne godta ettersom dei var avhengige av å synleggjera sin eigen innsats i gruppa.

I det same brevet kjem det fram at det særleg er to forhold som har opprørt Olweus. For det første er det tydeleg at han er skuffa over at han på dette tidspunktet ikkje har fått tildelt fleire pengar til den såkalla Bergensstudien, der han altså ville analysere konsekvensane av mobbeaksjonen. For det andre, og desto meir alarmerande for Olweus, var at den nye leiinga i KUD ikkje hadde bestemt seg for *kven* som skulle gjennomføra denne oppfølgingsstudien. I brevet argumenterer Olweus for at det heile tida hadde vore "en klar förutsättning att det landsomfattande materialet, som ju bara baserar sig på det korta frågeformuläret, måste sättas i nära relation till den mer ingående studien i Bergen för att

⁴⁹⁹ *Norsk skoleblad* nr. 35, 1985, s. 20.

⁵⁰⁰ Brev frå Dan Olweus til KUD 12.10.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

kunna tolkas på ett meningsfullt sätt”.⁵⁰¹ Olweus hadde hatt eineansvar for den forskingsmessige delen av undersøkinga, og han hadde heller ikkje fått signal frå KUD eller statssekretæren om at dei ønska nokon andre inn i prosjektet:

Mot denna bakgrund anser jag att det föreligger en helt bindande överenskommelse mellan den tidigare KUD-ledelsen v/statssekretær Svartdal og mig angående forskningsmässig analys av det frågeformulärsmaterial som insamlas i september (oktober) 1983 på landsbasis. Jag går ut från att den nuvarande politiska ledelsen känner sig förpliktad att följa denna överenskommelse.⁵⁰²

Olweus framhevar at han på ingen måte ville brukt så mykje av si eiga forskingstid på prosjektet om han hadde visst at han ikkje kom til å få oppfølgingsansvar for studien. I følge professoren hadde fordelinga av arbeidsoppgåver i liten grad vore diskutert i sjølve arbeidsgruppa, dette var noko Olweus og Svartdal hadde diskutert gjennom brev og personlege samtalar. Det kjem ikkje fram i brevet frå Dan Olweus, men mykje tydar på at Erling Roland kan ha vore nemnt frå KUD si side som ein mogeleg kandidat til å få ansvaret for oppfølgingsundersøkingane. Olweus avsluttar nemleg brevet slik: ”Då konsulent Vadla kan antas ha ett partsinteresse i den här saken genom sin släktskap med Erling Roland, vill jag anhålla om att hon hålls utanför handläggningen av ärendet (möjligen med undantag för enkla sakupplysningar, om detta skulle vara nödvändigt).”⁵⁰³

Med alle breva frå skulane og lærarane rundt omkring i landet friskt i minne, var det kanskje ikkje så rart om departementet ville satsa på meir enn ein hest. Roland forska også på mobbing og hadde i boka lansert gode idear rundt tiltak mot mobbing – og ikkje minst – tilnærminga hans var prega av personlege erfaringar som lærar og spesialpedagog. Han snakka med andre ord lærarane sitt eige språk i større grad enn Olweus. Ting tyder dessutan på at Roland alt hadde motteke finansiering frå departementet for arbeidet med tiltaksboka si. I innleiinga til *Strategi mot mobbing* skriv Erling Roland at arbeidet ”er et sidespor til et større forskningsprosjekt om mobbing som er finansiert av Kirke- og undervisningsdepartemetet”.⁵⁰⁴

⁵⁰¹ Brev frå Dan Olweus til KUD 12.10.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁵⁰² Brev frå Dan Olweus til KUD 12.10.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁵⁰³ Brev frå Dan Olweus til KUD 12.10.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004. Konsulent Ingrid Vadla i KUD hadde vore sekretær i arbeidsgruppa.

⁵⁰⁴ Forord i Roland 1983.

Svartdal blei beden om å skriva ei utgreiing til KUD og Olweus for å svara på påstandande om lovnader om vidare engasjement og finansieringsstønad. Den tidlegare statssekretæren sitt syn på saka var, kanskje ikkje heilt overraskande, noko avvikande frå Olweus si framstilling. Svartdal påpeikar at ettersom prosjektet både var initiert og finansiert av KUD, var det heva over all tvil at den forskingsmessige oppfølginga, inkludert bruken av spørjeskjemaa, ikkje var ein rett tildelt ein bestemt person. Men, trass i dette, synest Svartdal Olweus sine planar om oppfølgingsundersøkinga var så interessante at han håpa dei ville bli gjennomført.⁵⁰⁵ Og som vi veit blei Olweus si oppfølgingsundersøking gjennomført – og finansiert av KUD.

Erling Roland fekk også midlar til ei oppfølgingsundersøking av mobbeaksjonen. Som ein av to hovuddelar i det såkalla *Janusprosjektet* finansiert av KUD, skulle han vurdere langtidssverknadane av KUDs mobbeaksjon i Rogaland. Det blei gjennomført ei ny spørjeundersøking hausten 1986, altså tre år etter den landsdekkjande undersøkinga. Det same spørjeskjemaet blei brukt på 40 skular som også hadde delteke i den nasjonale undersøkinga. Den andre delen av Janusprosjektet gjekk ut på å gi ei generell kartlegging av ulike former for sosiale avvik blant førskulebarn og skulebarn, med særleg fokus på framandspråklege og funksjonshemma barn. Mobbing var eitt av fleire avvikstypar Janusprosjektet skulle undersøkjia.⁵⁰⁶

I brevet til KUD understrekar Svartdal at den nasjonale handlingsplanen hadde eit breitt siktemål og refererer frå protokollen til arbeidsgruppa sitt andre møte, datert 5. april 1983:

Tiltak mot eksisterende mobbing. Under dette må det presiseres at arbeidet mot mobbing er en del av en større helhet som omfatter skolens overordnede mål og verdigrunnlag. Tiltakene må således være et ledd i skolens arbeid med oppdragelse til medmenneskelighet og skolens miljøarbeid.⁵⁰⁷

Denne målsetjinga var nokså samanfallande med målsetjingane i den då ferske stortingsmeldinga om grunnskulen, St. meld. nr. 62 (1982-83) *Om grunnskolen*, som handla om skulen sine oppgåver, skulemiljøet, skulen sin nye omsorgsfunksjon og om å halda på

⁵⁰⁵ Utgreiing frå Olav Svartdal til KUD og Dan Olweus, 01.11.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁵⁰⁶ Roland 1986: 3-4.

⁵⁰⁷ Utgreiing frå Olav Svartdal til KUD og Dan Olweus, 01.11.1983. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004. Som nemnt i innleiinga, finst dessverre ikkje protokollane etter handlingsgruppa sitt møte i arkivet etter KUD.

den kristne og moralske oppsedinga i skulen.⁵⁰⁸ Den planlagde handlingsplanen mot mobbing blir også nemnt i denne samanhengen i meldinga.⁵⁰⁹

Erling Roland hevdar dessutan i rapporten frå 1989 at aksjonsgruppa valde å tona ned dei *samfunnsmessige* forklaringane på mobbeproblematikken av to grunnar. For det første fanst det på det dåverande tidspunkt lite empirisk forskning som peika på dette – Dan Olweus sitt perspektiv er, som vi veit, utprega individualpsykologisk. For det andre ønskte gruppa å få så brei politisk støtte som mogeleg for ikkje å ”utløse en så kraftig partipolitisk strid at aksjonen kunne ha mistet sin tverrpolitiske ryggdekning”, utdjuvar Roland.⁵¹⁰

Aksjon mot mobbing

KUDs aksjon mot mobbing blei lansert 1. oktober 1983 av kyrkje- og undervisningsminister Kjell Magne Bondevik. Departementet hadde utvikla ein ”mobbepakke” som mellom anna inneheldt lærarheftet *Mobbing – bakgrunn og tiltak* av Dan Olweus og Erling Roland og ein foreldrebrosjyre som klargjorde kva aksjonsgruppa la i mobbeomgrepet og ikkje minst gav råd om kva foreldra kunne gjera for å få slutt på mobbinga.⁵¹¹ I tillegg hadde KUD laga videofilmen *Mobbing. Scener fra barns hverdag*, som skulle danna grunnlag for diskusjonar til bruk på foreldremøte, lærarmøte og i klassen.⁵¹²

Departementet fekk brei pressedekning på saka, i følgje Erling Roland var rundt eit 30-tals journalistar frå aviser, TV og radio til stades på pressekonferansen. I tillegg hadde aksjonsgruppa i forkant av pressekonferansen hatt eit møte med NRK der dei presenterte aksjonen generelt og viste videofilmen som var laga til aksjonen.⁵¹³ Dagsrevyen rydda plass til eit intervju med Anne-Olaug Ingeborgrud same kveld og viste samstundes utdrag frå videofilmen.

Heftet *Mobbing- bakgrunn og tiltak* er todelt og i den første delen presenterer Olweus og Roland gjeldande forskning på feltet. Innleiingsvis definerer forfattarane mobbing som ”det er mobbing når ett eller flere individer, gjentatte ganger og over tid, blir utsatt for

⁵⁰⁸ St.meld. nr. 62 (1982-1983), s. 37ff.

⁵⁰⁹ St.meld. nr. 62 (1982-1983), s. 47.

⁵¹⁰ Roland 1989a: 293.

⁵¹¹ *Norsk skoleblad* nr. 34, 1983, s. 48, *Norsk skoleblad* nr. 2, 1985, s. 23.

⁵¹² *Norsk skoleblad* nr. 36, 1983, s. 4, Olweus og Roland 1983: 19.

⁵¹³ Roland 1989a: 153.

negative handlingar fra ett eller flere andre individer”.⁵¹⁴ Vi kjenner igjen tidsdimensjonen ved definisjonen, altså at mobbinga må ha føregått over tid for å skilja mobbing frå negative enkelthandlingar. Mobbing kan bli utført av enkeltindivid eller av ei gruppe, og i utdjupinga av definisjonen legg forfattarane til at personen som blir utsett for plaging ikkje har så lett for å forsvare seg, fordi han eller ho er hjelpelaus: ”Vi snakker ikke om plaging når det er krangel eller slåssing mellom omtrent like sterke individer.” Som vi skal sjå seinare i avhandlinga, blei ubalansen i makt mellom mobbar og offer seinare ein del av både Olweus og Roland sin standarddefinisjon av mobbing.⁵¹⁵ Definisjonen som blei utforma til aksjonen i 1983 dannar, som vi hugsar, ryggraden i dei fleste definisjonane av mobbing i dag.⁵¹⁶

Som eg alt har vist fleire gongar tidlegare blir mobbeforskarane om og om igjen tvinga til å ta stilling til det Ola Agevall kalla ”dei etablerte sanningane”. Så også her. Heftet tar for seg omfang av problemet, kjønnsforskjellar, stabilitet, skulen og klassen sin storleik, mobbing som følgje av karakterjag, viktigheita av ytre avvik og fysisk styrke, samt kjenneteikn ved mobbar/plagar og offer.⁵¹⁷ I heftet presenterer forskarane individualpsykologiske forklaringar på mobbeåtferd, først og fremst problematiske heimeforhold: Manglande kjærleik og varme i tidleg barndom, foreldre som tillèt aggressiv åtferd hos barnet og maktorienterte oppsedingsmetodar.⁵¹⁸ Dette er som vi ser, basert på tidlegare forskning av Dan Olweus. Men også ulike gruppemekanisar kan forklara mobbing, hevdar forfattarane, og framhevar til dømes sosial smitte og svekking av hemningar mot aggressive tendensar når ein er mange saman i ei gruppe.

Den andre delen av heftet handlar om ulike tiltak mot mobbing. Det som nødvendigvis blir hovudutfordringa for forfattarane er at det er vanskeleg å koma med tiltak i skulen når dei har presentert problematiske heimeforhold som hovudårsaka til aggressiv åtferd hos barn. Rett nok blir foreldra trekte fram som viktige støttespelarar i kampen mot mobbing, men det er jo strengt tatt for seint når barna allereie har starta skulen. Hovudbodskapen er at både lærarar, vaksne og elevar klart må ta avstand frå mobbeåtferd og særleg viktig er konsekvente haldningar.⁵¹⁹

⁵¹⁴ Olweus og Roland 1983: 3.

⁵¹⁵ Roland og Vaaland 2006: 8, Olweus 1999a: 10-11

⁵¹⁶ Smith 2014: 14-15

⁵¹⁷ Olweus og Roland 1983: 5ff.

⁵¹⁸ Olweus og Roland 1983: 11-12.

⁵¹⁹ Olweus og Roland 1983: 28f.

Heftet har naturleg nok flest referansar til Olweus sine studiar når dei skal forklara kva som kjenneteiknar mobbinga, mobbaren og offeret samt kva faktorar som skapar aggressive barn og mobbesituasjonane. I tiltaksdelen er det vanskelegare å sjå kva som kom frå kor fordi den er svært generell og allmenngyldig – mange av forslaga er tiltak som dei fleste innan skuleverket uansett ville kome opp med utan å revidere med mobbeforskning bak seg. Mange av tiltaka finn vi både i Rolands *Strategi mot mobbing* og i handlingsprogrammet Dan Olweus presenterte på møtet i Tromsø i januar 1983. Dette er allmenne råd som handlar om å tydeleggjera kva normer som gjeld i klassen, samla saman til eit klasseforeldremøte, drøfta litteratur som tar opp problematikken, rollespel, fadderordning og liknande. Mange av desse råde finn vi seinare også att i Olweusprogrammet og i Zero.

Sjølvsrefleksjon og etterpåklokskap

I den nemnde rapporten frå 1989 om langtidsverknadene av aksjonen i Rogaland, kommenterer Erling Roland dette lærarheftet. I retrospekt framhevar han at dei to delane ikkje var heilt i samsvar innhaldsmessig:

I del II legges det vekt på både individrettede tiltak og på systemendringer i klassen og på skolen. I del I finnes det lite teoretisk bakgrunn og begrunnelse for slike systemtiltak. Dette skyldes som nevnt mangel på forskning om betydningen av sosiale systemer blant voksne og barn når det gjelder mobbing. De systempregede tiltakene som foreslås i del II bygger derfor på mer generelle kunnskaper og praktiske erfaringer hos forfatterne og medlemmene av aksjonsgruppen.⁵²⁰

Det er ikkje så vanskeleg å seia seg einig med Roland i at det er lite samanheng mellom del ein og to i heftet. Heftet kan likevel ha vore til god nytte i situasjonar med heilt konkrete mobbesaker, ettersom det blir presentert gode råd om korleis ein kan gå fram for å snakka med dei involverte, foreldra deira og forslag til ulike sanksjonsmåtar. I tillegg framstår sjølve kampanjen som noko uklar, både i form og innhald, mellom anna var kommandolinjene i gjennomføringa av kampanjen uklare: Kven skulle vera ansvarleg for gjennomføringa av kampanjedelen av aksjonen – var det opp til kvar enkelt lærar, eller var det rektor? Og kor mykje tid skulle dei bruka på aksjonen? I rundskriva frå departementet er det tydelege instruksar og ansvarslinjer for *undersøkingdelen* av aksjonen, men det er ingen instruksar

⁵²⁰ Roland 1989a: 147.

om kven som er ansvarleg for den *førebyggjande* aksjonsdelen.⁵²¹ Samanlikna med spalteplassen KUD nyttar på å informera om den landsdekkjande undersøkinga, verkar aksjonsdelen klart underkommunisert, både til skulane og til media. Eitt av argumenta for å gjennomføra undersøkingsdelen, var at skulane skulle få ein overblikk over omfanget av problemet på dei enkelte skulane, og deretter skulle tiltaksarbeidet ta utgangspunkt i det aktuelle problemet. Det er svært usikkert i kva grad dette blei gjort ved dei enkelte skulane.

I tillegg til at kampanjen bar preg av å vera uavklart og kanskje ikkje heilt ferdigstilt, var både Kyrkje- og undervisningsdepartementet og aksjonsgruppa utydeleg i omgrepsbruken. Omgrepa "handlingsprogram", "kampanje", "aksjon" og "aksjonsplan" blir brukt om kvarandre i rundskriva og pressemeldingane. I førre kapittel hugsar vi at Olweus sjølv brukte nemninga "handlingsprogram" om dei ni punkta han lanserte på møtet i Tromsø vinteren 1983.⁵²² Når den endelege "mobbepakken" frå KUD var klar i oktober 1983, er det likevel lite i pakken som var så konkret at det på noko vis kunne karakteriserast som eit handlingsprogram.

I eit lesarinnlegg i *Norsk skoleblad* på nyåret 1986 kommenterer to lesarar akkurat dette problemet: "*Har det i det hele tatt vært en kampanje?*", spør dei retorisk.⁵²³ Dei konkluderer med at spørjeundersøkinga blei gjennomført på ein god og ryddig måte og med klare ansvarlinjer. Når det gjeld den haldningsskapande delen av kampanjen, derimot, framhevar dei at ansvaret ikkje var uttalt:

Men mellom linjene kunne vi lese en velkjent strofe: "Det er du, lærer, som har ansvaret for at dette følges opp." Altså enda en oppgave der vi lærere kan få lov til å ha dårlig samvittighet? (...) Tror de ansvarlige i KUD virkelig at de setter i gang en kampanje ved å sette sammen "en pakke" og sende den ut til den enkelte skole? Er det så enkelt? Nei, det er *ikke* så enkelt!⁵²⁴

Dei to forfattarane etterlyser evaluering av aksjonen og ikkje minst at den psykologisk-pedagogiske rådgivingstenesta (PPT) burde vore trekt med inn i det førebyggjande arbeidet retta mot mobbing: "I og med at dette av KD blir sett på som et så alvorlig problem, burde PPT være ganske sentrale i den lokale utforminga av en slik aksjon."⁵²⁵

⁵²¹ Rundskriv F-57/83, F-67/83, F-110/83 og F-129/83. Ra/S-1500/D/L0011/007.

⁵²² *Norsk skoleblad*, nr. 5, 1983, s. 6-7.

⁵²³ *Norsk skoleblad*, nr. 2, 1986, s. 16.

⁵²⁴ *Norsk skoleblad*, nr. 2, 1986, s. 16-17.

⁵²⁵ *Norsk skoleblad*, nr. 2, 1986, s. 17.

Den departementsstyrte gruppa, som i utgangspunktet skulle utarbeida ein *handlingsplan* mot mobbing, enda altså opp med å bruka vel så mykje tid og krefter på å gjennomføra ei undersøking for å avdekka *omfanget* av problemet. I kva grad planleggingsarbeidet av den nasjonale kampanjen leid under dette er vanskeleg å seia. Men det kan verka som om det blei litt knapt med tid til å få utforma begge delar godt nok, i tillegg til at det blei sendt ut ulike signal frå departementet i samband med praktisk gjennomføring i skulane. Det at den landsdekkjande undersøkinga blei gjennomført, kan kanskje også sjåast på som ein siger for forskarane, ettersom statsråden i utgangspunktet berre hadde antyda "en handlingsplan mot mobbing hvor lærerne må bli krumtappen og skolens prinsipper om menneskeverd står i fokus".⁵²⁶ Resultata av undersøkingane var sjølv sagt svært relevante for politikarane, men først og fremst var dataa nyttige for forskarane sjølve, på fleire måtar, som vi snart skal sjå. Tala som kom ut av undersøkinga var nemleg alt anna enn uklare, slik kampanjen hadde vore.

"Sjokkrappen"⁵²⁷

17. desember 1984 presenterte statssekretær Ingeborgrud resultata frå den landsomfattande mobbeundersøkinga på ein pressekonferanse i KUD.⁵²⁸ Resultatet var nedslåande: Godt og vel 80 000 elevar, 15 % av elevmassen, var innblanda i mobbing, anten som offer eller som mobbar. Mellom 25 000 og 30 000 av desse blei sjølv plaga eller plaga andre ein gong i veka eller oftare. Som eg var inne på i kapittel 4, trudde Olweus i 1980 at rundt 30 000 norske barn var innblanda i mobbing – tal basert på svenske undersøkingar.⁵²⁹ No viste det seg altså at dei norske tala var nesten tre gongar så høge, noko som blei slått stort opp i avisene.⁵³⁰

I tillegg til det høge talet på elevar som var innblanda i mobbing, var den store overraskinga at undersøkinga hadde avdekt minst like mykje mobbing i små, fådelte skular på bygda som i byane.⁵³¹ Tala viste dessutan at mobbing var eit større problem blant gutar enn blant jenter.

⁵²⁶ *Norsk skoleblad*, nr. 8, 1983, s. 4.

⁵²⁷ *VG*, 15.12.1984.

⁵²⁸ Pressemelding 120-84, KUD (datert 13.12.1984). RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁵²⁹ *Norsk skoleblad*, nr. 17, 1980, s. 9.

⁵³⁰ *VG*, 15.12.1984, *Aftenposten* 17. og 18.12.1984.

⁵³¹ Pressemelding 120-84, KUD (datert 13.12.1984). RA/S-6143/D/Da/L0259/0004, *VG*, 15.12.1984, *Aftenposten* 17. og 18.12.1984. Ein fådelt skule er ein skule der elevar frå fleire trinn går i same klasse.

På nyåret 1985 publiserte Dan Olweus ein artikkel i *Norsk skoleblad* der han presenterte desse funna grundig. Hovudpunkta frå pressemeldinga i desember blei repeterte: vel 83 000 elevar i den norsk grunnskulen var innblanda i mobbing, og mobbinga på barnetrinnet var mykje meir omfattande enn det forskarane tidlegare hadde trudd. I tala frå Bergensstudien, som eg kjem inn på om litt, fann dessutan Olweus at ein stor del av mobbinga blei utført av eldre elevar og at dei yngste elevane var dei mest utsette.⁵³² Dette var kanskje også forklaringa på at det tilsynelatande var minst like mange som mobba i fådelte skular, der det er elevar med ulik alder i ein og same klasse. Fleire av funna hans samsvarer med tilsvarande funn i Sverige, mellom anna at mobbinga minkar etter kvart som elevane blir eldre. I tillegg hadde undersøkinga vist at lærarane berre innimellom greip inn for å stoppa mobbinga og at om lag halvparten av elevane som blei mobba hadde fortalt det til foreldra sine.

Delar av forskingsresultata sparte Olweus til ei pressemelding 31. januar 1985, då han skulle halda eit foredrag om resultatata frå den landsdekkjande undersøkinga i Det Norske Videnskaps-Akademi.⁵³³ Funna som var blitt spart til dette var for det første at dobbelt så mange elevar blei mobba på skulen som på skulevegen. For det andre hadde han funne at mobbing på ingen måte var eit storbyfenomen, faktisk viste det seg at talet på mobba elevar var noko lågare i Oslo, Bergen og Trondheim enn på bygdene. For det tredje viste undersøkinga at lærarar i storbyane i større grad snakka om mobbing samanlikna med lærarar på landsbygda, noko som mest sannsynleg forklarte forskjellen mellom by og land. Men trass i oppløftande funn i byane, peika Olweus på at ein ikkje måtte tolka resultatata som om alt stod bra til i storbykulane. Berre i osloskulen hadde 5000 elevar svart at dei var innblanda i mobbing "av og til eller oftere". *Aftenposten* gav Olweus godt med spalteplass og repeterte alle punkta i pressemeldinga. I tillegg intervjuar dei dåverande skulesjef i Oslo kommune, Steinar Riksaasen, om saka. Skulesjefen meinte at kanskje dei mange organiserte aktivitetane med vaksne leiarar som bybarna fekk tilbod om kunne forklara denne forskjellen mellom by og land.⁵³⁴

Først eit drygt halvår seinare, 3. september 1985, sendte Kyrkje- og undervisningsdepartementet ut eit rundskriv til alle skuledirektørane, skulestyra og

⁵³² *Norsk skoleblad*, nr. 2, 1985, s. 19.

⁵³³ Pressemelding frå Dan Olweus, Institutt for personlighetspsykologi, UiB, 31.01.1985. RA/S-6143/D/Da/L0259/0004.

⁵³⁴ *Aftenposten*, 01.02.1985.

grunnskolane med informasjon om resultatata frå den landsdekkjande undersøkinga. Dan Olweus sine konklusjonar blei gjentatt i rundskrivet, i tillegg til at skulane fekk praktisk informasjon om tilgang til materiell i kampen mot mobbinga.⁵³⁵ Statssekretær Ingeborgrud nytta samstundes høvet til å framheva at resultatata frå undersøkinga berre understreka behovet for kampanjen hausten 1983, og ikkje minst peika ho på viktigheita av å fortsetja arbeidet.

Politisk blei det ikkje gjort noko særleg rundt mobbeproblematikken den næraste tida etter dette, anna enn at undervisningsmaterialet frå kampanjen blei trykt opp på nytt og var tilgjengeleg for alle skular.⁵³⁶ Dette blei også gjentatt under Stortingets spørjetime 4. desember same år. Stortingsrepresentanten Astrid Fagernes frå Høgre spurde statsråd Bondevik om korleis departementet ville følgja opp Olweus sitt omfattande kartleggingsarbeid om mobbing i skulen.⁵³⁷ Bondevik svarte med å visa til det forskingsmessige oppfølgingsarbeidet av Olweus og Roland, som var under arbeid på dette tidspunktet. Når resultatata frå Olweus sine studiar var venta å liggja føre våren 1986, hadde departementet planar om å arrangera ein konferanse "(...) med deltakere som har spesiell kunnskap og erfaring på dette feltet. På konferansen vil de forskningsmessige sider bli drøftet sammen med konkrete tiltak mot mobbing."⁵³⁸ Bondevik var altså ikkje like ivrig etter å ha full kontroll med prosessen som forgjengaren sin, i dette svaret legg han ansvaret for den vidare utviklinga i armene på ekspertane.

I mai 1986 blei det arrangert ein konferanse i Oslo der mellom anna Olweus og Roland presenterte funna sine så langt. Her kom det for første gong klart fram at dei to hadde valt to ulike innfallsvinklar til mobbeproblematikken. Medan Olweus først og fremst hadde forska på individuelle mekanismar, hadde Roland tatt for seg sosialpsykologiske og gruppemessige mekanismar.⁵³⁹ Under kampanjen stod Roland og Olweus fram som ei felles stemme, men no tre år etter, ser vi at Roland er på veg til å definera ein eigen plass innan mobbeforskinga, som er eit stykke unna Olweus sin posisjon. Dette gav naturlegvis ulike tilnærmingar til tiltak mot mobbing, noko vi skal sjå nærare på om litt. I veka etter konferansen blei det nok ein gong stilt spørsmål i Stortingets spørjetime, og den heilt ferske

⁵³⁵ Rundskriv F-123/85 frå KUD, RA/S-D/L0022/0004.

⁵³⁶ Sjå *NTBtekst* 27.09.1985. Pressemelding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

⁵³⁷ St.forh. 1985/86 del 7b, s. 1276.

⁵³⁸ St.forh. 1985/86 del 7b, s. 1276.

⁵³⁹ *Aftenposten*, 21.05.1986.

kyrkje- og undervisningsministeren Kirsti Kolle Grøndahl (Ap) svarte nokså generelt og lite forpliktande – noko anna er heller ikkje å venta for ei som hadde sete i stolen i mindre enn tre veker.⁵⁴⁰ Mellom anna viste ministeren til at departementet jamleg hadde sendt ut rundskriv med påminningar om at 1983-aksjonen ikkje var eit eingongsfenomen, at forskingsdata ville bli sett i samheng med skulane sine pedagogiske mål og metodar og at arbeidet med å hindra mobbing ”er en del av den helhet som omfatter skolens overordnede mål og verdigrunnlag”.⁵⁴¹

Bergensundersøkinga: kraftig reduksjon i mobbing

Dan Olweus si studie i Bergen var utforma med eit såkalla alderskohort-design, som betyr at Olweus gjorde målingar på tre ulike tidspunkt over ein periode på 2,5 år. Det viktige her er at det ikkje er dei same elevane (individua) som blir målte, men *trinnet*. Første gong elevane svarte på spørjeskjemaet var i mai 1983 (fire månader *før* KUDs aksjon mot mobbing), andre gong mai 1984 og tredje gong mai 1985 (8 og 20 månader *etter* KUD-aksjonen). Hausten 1983 deltok også desse skulane i KUDs aksjon mot mobbing. Eit svært viktig supplement var som nemnt at lærarane ved desse skulane i januar 1985 fekk ei munnleg tilbakemelding frå prosjektleiinga om resultatata frå undersøkingane på eigen skule, samt repetisjon av tiltaka mot mobbing.⁵⁴² Innhaldet i tilbakemeldinga var samla i fem bolkar: ”A. Omfang av plaging ved skulen”, ”B. Skule og heim sin måte å ta opp problemet på når einskildelevar er innblanda i plaging”, ”C. Skule og heim sin vilje til å ha kontakt med kvarandre når einskildelevar er innblanda i plaging”, ”D. Drøfting av resultatata” og ”E. Tiltak mot plaging”.⁵⁴³

Resultata forbløffa alle. Talet på elevar som var innblanda i mobbing, anten som mobbarar eller offer, blei redusert med rundt 50 %. I tillegg målte Olweus ein reduksjon i det han kalla ”generell asosial åtferd”: hærverk, tjuveri og skulking.⁵⁴⁴ Ettersom desse tala var så pass overraskande, sjølv for Olweus, tok han ein ekstra runde med tala for å avdekkja eventuell underrapportering av mobbing frå den første til den andre undersøkinga. Mellom

⁵⁴⁰ Kåre Willochs mindretalsregjering (H, KrF og SP) blei felt av Carl I. Hagen (FrP) på eit kabinettsspørsmål om auke i bensinprisane og regjeringa gjekk av 9. mai 1986. Gro Harlem Brundtland (Ap) danna si andre regjering og overtok roret.

⁵⁴¹ St.forh. 1985/86 del 7c, s. 2865. Stortingsrepresentant Magnar G. Huseby frå Høgrefrø stilte spørsmålet.

⁵⁴² *Norsk skoleblad* nr. 35, 1985, s. 20. I tillegg til Olweus var cand.polit. Terje Manger knytt til prosjektet for å gi lærarane ved kvar medverkande skule ei munnleg tilbakemelding om resultatata.

⁵⁴³ *Norsk skoleblad* nr. 35, 1985, s. 20.

⁵⁴⁴ Olweus 1991b: 438.

anna undersøkte han om det hadde skjedd ei endring i haldningane til mobbeproblematikken og han sjekka om resultatane kunne vera ein konsekvens av repeterande måling, då desse elevane måtte svara på spørjeskjemaet relativt ofte.⁵⁴⁵ Ingen av ekstraundersøkingane kunne forklara den markante nedgangen, og Olweus konkluderer med at "the reductions in bully/victim and associated problems are likely to be mainly a consequence of the intervention program and not of some other "irrelevant" factor".⁵⁴⁶

Parallelt med gjennomføringa av den landsdekkjande studien i Noreg, gjennomførte han ein studie av 17 000 elevar fordelt på 60 skular i Göteborg, Malmö og Västerås der han nytta det same spørjeskjemaet.⁵⁴⁷ Funna frå den svenske studien stemmer nokså bra med det han fann i Noreg – prosentdelen elevar som var innblanda i mobbing var om lag som i Noreg – rundt 15 % av elevmassen. Men Olweus hevdar likevel at mobbeproblema i Sverige både var meir omfattande og meir alvorlege samanlikna med Noreg. Mellom anna fann han at svenske elevar både var meir utsette for indirekte mobbing, isolasjon og einsemd, samt meir utsette for direkte mobbing. Særleg var tala for ungdomsskulen høgare enn dei norske tala.⁵⁴⁸

Som i tidlegare publikasjonar hevdar Olweus også at "mobbningsproblematik till betydande del har sin rot i förhållanden som ligger utanför skolan", men at skulen kan bidra med motverkande faktorar.⁵⁴⁹ Mellom anna viser Olweus til at han i Bergensstudien fann at det var ein klar samanheng mellom lærartettleik på skuleplassen i friminuttane og mobbing.

Janusprosjektet: auke i mobbing

Janusprosjektet i Rogaland skulle vurdere effektane av KUDs aksjon mot mobbing på litt lengre sikt enn Bergensundersøkinga. Som ein del av kampanjen oppmoda departementet alle skulane om å fortsetja arbeidet mot mobbing, med utgangspunkt i materialet frå 1983. Det same spørjeskjemaet blei nytta i alle desse undersøkingane, men til forskjell frå skulane som var med i Olweus sin studie i Bergen, fekk ikkje rogalandsskulane noko spesiell form for oppfølging eller repetisjon av tiltak.⁵⁵⁰ Og resultatane viste store forskjellar.

⁵⁴⁵ Olweus 1991b: 440.

⁵⁴⁶ Olweus 1991b: 443.

⁵⁴⁷ Olweus 1985: 1.

⁵⁴⁸ Olweus 1985: 4.

⁵⁴⁹ I følge Olweus planla dessutan Göteborgs skolförvaltning i 1985 ein aksjon mot mobbing etter modell frå Noreg. Olweus 1985: 7.

⁵⁵⁰ Roland 1989a: 183.

Erling Roland samanlikna tala frå den landsdekkjande undersøkinga i september 1983 med tala frå ei re-undersøking i oktober 1986. Eksakt same spørjeskjema blei brukt i begge undersøkingane. Roland fann at talet på elevar som mobba hadde *auka* i perioden, og aller mest blant dei yngste elevane, i 2. og 3. klasse.⁵⁵¹ I tillegg fann han at mobbinga auka mest ved skular som ikkje følgde opp mobbekampanjen. Elevane som gjekk i 2. og 3. klasse i 1986, deltok ikkje i aksjonen hausten 1983, då dei då enno ikkje hadde begynt på skulen. Roland trur at dersom aksjonen ikkje blei følgt opp på skulen der dei gjekk, kan dette vera forklaringa på auken.⁵⁵²

I tillegg til at elevane i Rogaland svarte på det same spørjeskjemaet tre år seinare, intervjuar Roland skuledirektørar, rektorar og lærarar ved dei utvalde 40 skulane. Der kom det fram at svært få av skulane hadde følgt opp aksjonen i det heile.⁵⁵³ Nesten ingen skular hadde følgt anbefalingane i heftet *Mobbing – bakgrunn og tiltak* av Olweus og Roland, der dei råda skulane til å dela kollegiet inn i planleggingsgrupper som skulle arbeida med ulike tema som var viktige for skulen, som t.d. mobbing. Derimot fann Roland at skular som allereie hadde etablert slike "utviklingsstrukturer", planleggingsgrupper, o.l. før aksjonen, var dei som i størst grad hadde følgt opp KUD-aksjonen i åra etterpå.⁵⁵⁴ Trass i dette fann ikkje Roland noko mønster i langtidseffektane av aksjonen på store versus små skular.⁵⁵⁵ Eitt lyspunkt var at Erling Roland fann ein tydeleg samanheng mellom engasjement og oppfølging av aksjonen og nedgang i mobbing i perioden, men ettersom dei fleste skulane ikkje hadde følgt opp aksjonen i det heile, auka mobbeproblematikken totalt sett.⁵⁵⁶

Dette var jo på ingen måte eit forventa resultat, særleg med tanke på dei svært gode resultatane Olweus fann då han målte korttidseffekten i Bergen. Forskjellane var jo dessutan openberre, skulane i Bergen fekk ei anna oppfølging enn skulane i Rogaland, og fordi dei var del av eit større forskingsprosjekt var dei kanskje over snittet aktive under sjølve aksjonen hausten 1983. Desse forskjellane har Olweus fleire gongar framheva i sterke ordelag:

In a relatively recent publication (Roland 1989, p. 28), it has been claimed that an intervention study parallel to the one in Bergen was conducted in the County of Rogaland (by Roland) with partly negative results when outcome data were collected after three years, in

⁵⁵¹ Roland 1989a: 169-170, *Norsk skoleblad* nr. 29, 1990, s. 12-13.

⁵⁵² Roland 1989a: 190.

⁵⁵³ Roland 1989a: 196.

⁵⁵⁴ Roland 1989a: 210.

⁵⁵⁵ Roland 1989a: 251.

⁵⁵⁶ Roland 1989a: 237.

1989. In several respects this is grossly misleading. Owing to space limitations, it is not possible to resent in reasons for my critique of Roland's presentation. However, in summary, it can be shown that the studies in Bergen and Rogaland were two completely different projects in terms of planning, data quality, times of measurement, and contact with the schools, and accordingly, also in terms of expected results. In line with these arguments, I am anxious to emphasize that the positive and extensive changes registered in the Bergen project were a consequence of the intervention program *as it was introduced and developed in Bergen*.⁵⁵⁷

For Olweus er studien til Roland eit bevis for at metoden hans faktisk verkar: ekstra oppfølging av skulane og lærarane førte til redusert mobbeprobatikk. På lik linje med resten av landets skular, fekk ikkje skulane i Rogaland ei slik ekstra oppfølging.

Roland poengterer at utan KUDs aksjon mot mobbing, ville det mest sannsynleg vore ein mykje større auke i mobbeprobatikk enn den han fann, kanskje opp mot 40 % frå 1983-1986.⁵⁵⁸ Kampanjen makta å skapa ein kortsiktig reduksjon, men ikkje eit langvarig engasjementet, skriv Roland. Han drøftar vidare kvifor mobbing auka så pass mykje i denne perioden og presenterer forklaringar som ikkje handlar om personlege trekk, men om samfunnsmessige endringar, generell uro i skulen, tap av respekt for læraryrket, samt endring i barnekulturen med auke i TV- og videotitting. Roland spør:

Fikk dermed de rett som hevdet at KUD's [sic] aksjon ble for snever uten et samfunnsmessig perspektiv på de tiltakene som ble anbefalt? Aksjonens ledelse valgte å utelate dette perspektivet i tiltaksprogrammet. Et slikt perspektiv kunne etter gruppens mening utløse en så kraftig partipolitisk strid at aksjonen kunne ha mistet sin tverrpolitiske ryggdekning. Også på skolene kunne ballen blitt lagt død på grunn av partipolitiske overtoner i aksjonen.⁵⁵⁹

Roland har eit forklaringsproblem når han skal forklara kortsiktige og langsiktige effektar av 1983-kampanjen, for på den eine sida seier han at dei kortsiktige effektane var gode (tiltak basert på individperspektiv), men på den andre sida funderer han på om dei dårlege langtidseffektane har samanheng med eit manglande samfunnsmessig perspektiv. Han har heller ikkje noko svar på kvifor individperspektivet i kampanjen berre verkar kortsiktig og ikkje langsiktig.

Sjølve kampanjen møtte relativt lite kritikk i offentlegheita, noko Erling Roland forklarar med moral: " Dette moralske aspektet er antakelig svært viktig når en skal forstå

⁵⁵⁷ Olweus 1999b: 39, kursiv i original. Sjå også Olweus & Limber 2010: 383.

⁵⁵⁸ Roland 1989a: 291.

⁵⁵⁹ Roland 1989a: 293.

hvorfor aksjonen som sak møtte så liten kritikk i media, blant politikere og i lærerorganisasjonene.”⁵⁶⁰ Eitt unntak har eg likevel funne. I ein leiar frå *Norsk pedagogisk tidsskrift* seint i 1983 var dei to redaktørane Lars Monsen og Trond Ålvik særskilte kritiske til det forenkla individualpsykologiske fokuset kampanjen hadde:

Når det gjelder mobbekampanjen tror vi forenklingen fører til at noen problemer i barns hverdag rives ut av sin sammenheng, og gjøres om til en slags modell-forståelse av en rekke andre problemer som bør gripes an på andre måter enn korrigerende av personlighetstrekk.

Det kan til og med tenkes at i kampanjens kjølvann kan problemer som mer har sammenheng med forhold i lokalsamfunnet og storsamfunnet bli sett på som mobbefenomener. For vår del tror vi at mange av de problemene som fører til at barn trakasseres hverandre også må ses i sammenheng med forhold som boligmiljø, trafikkmiljø, mediavold, m.m. (...)

I denne iveren må vi ikke forenkle problemene slik at vi gir inntrykk av at hovedproblemet er barn som er ”dårlig” oppdratt. Da er det god grunn til å spørre: Hvorfor oppfører barn seg slik? Kan det tenkes at også alle vi prektige voksne har en rem av huden? Moralsk fanatisme, selv om den er kledd i vitenskapelige gevanter, har ikke gjort verden til et bedre sted å leve i for dem som har det vanskelig fra før.⁵⁶¹

Denne kritikken handlar nettopp om det manglande samfunnsperspektivet som Roland også lufta i rapporten. Roland hadde alt presentert sosialpsykologiske perspektiv på mobbeproblematikken, og utover på 1990-talet skulle det bli tydelegare at dei to forskarane hadde ulike innfallsvinklar til mobbeproblematikken. I kva grad desse ulike forskarperspektiva kom til uttrykk i arbeidsgruppa veit vi ikkje, ut frå rapporten ser vi at det var diskutert. Men det var Olweus sitt perspektiv som blei det dominerande i kampanjen.

Konklusjon

1983 blei et vendepunkt i mobbeforskingas historie, og den utløysande årsaka til denne vendinga var dei tre Tromsø-gutane som tok sitt eige liv hausten 1982 etter langvarig mobbing. Hendinga førte til ein mediestorm som etter kort tid pressa politikarane til handling. Mobbeforskarane Dan Olweus og Erling Roland stod klare med forskingsbasert kunnskap og allmenngyldige forslag til tiltak då kyrkje- og undervisningsminister Tore Austad kalla inn til krisemøte om mobbeproblematikken. Ministeren gjekk med på å gjennomføra ei landsdekkjande undersøking for å kartleggja mobbeproblemet si utbreiing i den norske

⁵⁶⁰ Roland 1989a: 156.

⁵⁶¹ Leiarene i *Norsk pedagogisk tidsskrift*, hefte 10, 1983, s. 386.

grunnskulen, og både undersøkinga og den landsdekkjande kampanjen mot mobbing skulle bli heilt avgjerande for kva retning mobbeforskinga tok vidare.

Politikarane og forskarane utnytta ei gjensidig avhengigheit som oppstod i det krisa var eit faktum. Den relativt ferske Høgre-regjeringa stod fram som handlekraftig på skulefeltet, eit område dei hadde investert mykje krefter på, og forskarane fekk prøvd ut teknovitenskapen sin i praksis på alle grunnskulane i landet. Utan politisk handling i 1983 hadde kanskje mobbeforskinga sett annleis ut i dag. Som den dominerande premissleverandøren i handlingsgruppa greip Olweus sjansen til å få kopla den landsdekkjande undersøkinga på eit eksisterande forskingsprosjekt i Bergen, og resultatet blei på sikt *Olweus Bullying Questionnaire* og *Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd*. Men også Erling Roland nytta høvet til å posisjonera seg innan feltet, med gjennomføringa av Janusprosjektet i Rogaland, som igjen danna grunnlaget for det seinare ZERO-programmet. Og dermed opna det seg eit nytt spenningsfelt mellom dei to profilerte mobbeforskarane: individualpsykologisk perspektiv sett opp mot eit meir sosialpsykologisk perspektiv på mobbing.

Kapittel 6:

Konsolideringa av mobbeforskinga

2.-7. august 1987 samlast rundt 40 deltakarar frå 12 europeiske land ved Solhaug Folkehøgskole i Stavanger for å prøva å skaffa ei samla oversikt over mobbeproblematikken og ikkje minst kva forskning som fanst om mobbing i Europa. Denne konferansen blir ofte rekna som startpunktet for den internasjonale mobbeforskinga. Erling Roland var leiaren for konferansen, medan grunnleggjaren av fagfeltet, Dan Olweus, sjølv ikkje var til stades på Solhaug desse dagane i 1987. Trass i dette var det først og fremst Olweus si forståing av problematikken som blei spreidd ut i Europa i åra etter konferansen.

Den første delen av dette kapitlet handlar om korleis mobbeforskinga blei etablert som eit eige forskingsfelt. Korleis blei mobbeforskinga konsolidert og spreidd i inn- og utland i eit slikt omfang at Olweus si forståing av mobbeproblematikken blei dominerande innan forskingsfeltet i over 30 år?

Den andre delen av kapitlet handlar om utviklinga av det første tiltaksprogrammet mot mobbing, *Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd*. I kva grad kan Olweus sin suksess som nestor innan mobbeforskinga tilskrivast utviklinga av Olweusprogrammet og Olweus sitt standardiserte spørjeskjema? Korleis blei denne "pakken" med spørjeskjema (inkludert definisjon), forskning og tiltak spreidd ut i verda? Som utgangspunkt for denne diskusjonen knyter eg an til Harold Cook sin teori om at alle objekt er inkludert ein gitt kunnskap, og denne kunnskapen blir spreidd saman med objektet.⁵⁶² I denne samanhengen kan vi sjå føre oss at eit bestemt perspektiv på mobbeproblemet følgjer med når Olweusprgrammet blir tatt i bruk i skular i inn- og utland. Eit utdjupande perspektiv på kunnskapsspreiing står historikaren Pierre-Yves Saunier for. I boka *Transnational History* skriv han mellom anna om sirkulasjon av kunnskap, objekt og teknologiar. Eit viktig poeng knytt til Sauniers bok er korleis kunnskap oppstår i eigne rom, i denne samanhengen forstått som konferansar, seminar og tidsskrift.

⁵⁶² Cook 2012: 124.

Olweus sin metode

Ein sentral del av personlegdomspsykologien er å måla og testa ulike sider av personlegdomen. Målet med denne testinga er dels å avdekkja ulikskapar i personlege trekk og dels å finna fram til meir generelle trekk og "universelle lover" ved personlegdomen.⁵⁶³ Aggresjon er eit slikt personlegdomstrekk, og det er altså innanfor denne greina av personlegdomspsykologien at mobbeforskinga vaks fram.

Tradisjonen med personlegdomstesting har røtter tilbake til intelligenstestane som blei utvikla av Theophile Simon og Alfred Binet tidleg på 1900-talet. Desse intelligenstestane blei laga som svar på eit uttalt differensieringsbehov, der elevar med spesielle behov i fransk skule skulle skiljast ut for å gå i spesialklassar med tilpassa undervising.⁵⁶⁴ For mange representerte intelligenstestane sikker vitskap som kunne erstatta læraren sine skjønnsbaserte vurderingar.⁵⁶⁵ IQ blei oppfatta som ein konstant og Binet-Simon-testane blei raskt ein suksess og tatt i bruk i store delar av den vestlege verda, også i Noreg.⁵⁶⁶ Amerikanske personlegdomspsykologar såg nytteverdien i intelligenstestane og vidareutvikla dei for å finna dei best eigna personane til militæret, men også, i tråd med samtidas dominerande ideologi, å til dømes identifisera mentalt tilbakeståande immigrantar som kom til Ellis Island.⁵⁶⁷

Personlegdomstestane vaks altså fram i kjølvatnet av intelligenstestinga, og slike personlegdomstestar kan grovt delast inn i to ulike typar: projektive testar og sjølvrapporteringstestar. Dan Olweus har med si forskning bidrege til å vidareutvikla begge desse testtypane. Etter at han i 1970 blei tilsett som professor i personlegdomspsykologi ved Universitetet i Bergen, markerte han seg raskt som ein aggresjonsforskar av rang. I 1972 blei han invitert til den prestisjefylte konferansen *Nebraska Symposium on Motivation*, som sidan 1953 har arrangert årlege konferansar om psykologirelaterte tematikkar. Dan Olweus var ein av seks forfattarar av den årlege publikasjonen som blei utgitt etter kvart symposium,

⁵⁶³ Karl Halvor Teigen og Ingunn B. Skre om personlighetspsykologi i *Store norske leksikon*. <https://snl.no/personlighetspsykologi> (lasta ned 09.05.2016).

⁵⁶⁴ Gregory 1992: 12, Thuen 2008: 140.

⁵⁶⁵ Ravneberg 2000: 5.

⁵⁶⁶ Thuen 2008: 140.

⁵⁶⁷ Gregory 1992: 18, Saugstad 2009: 437.

representert med artikkelen "Personality and Aggression".⁵⁶⁸ I den første delen av artikkelen presenterer han delar av doktoravhandlinga si frå 1969, *Prediction of aggression. On the basis of a projective test*. Avhandlinga hans handla, som vi hugsar frå kapittel 3, nettopp om prediksjon av aggresjon gjennom bruk av projektive testar. Ein av dei leiande forskarane på projektive testar, den amerikanske psykologen Albert I. Rabin, gav seinare Olweus svært god tilbakemelding på dette arbeidet:

"... a highly sophisticated attempt, methodologically and theoretically, to introduce a semistructured projective method specially devised or tailor-made to assess aggression as a personality trait ... [it] is an exemplary effort that may be emulated by future workers in the new area of projective technology."⁵⁶⁹

I følgje Olweus var denne metoden både utprøvd og velkjent innan aggresjonsforskinga, men trass i at slike projektive testar hadde vist seg effektive og gode, var ei av ulempene ved metoden at han er arbeidskrevjande og lite brukbar i store undersøkingar.⁵⁷⁰ I den andre delen av artikkelen frå symposiet i Nebraska vidarefører han denne forskinga og vil prøva ut andre metodar for å måla såkalla openberr aggresjon (*overt aggression*) blant unge gutar gjennom "multifaceted aggression inventories", spørjeskjema eller sjølvrapporterings skjema på norsk.⁵⁷¹ Tidleg på 1970-talet var sjølvrapportering som metode for å avdekkja mogeleg aggresjon rekna for å vera ein svært usikker metode. Studiar frå 1960-talet hadde vist at data frå sjølvrapportering viste lågt samanfall med andre typar data, noko som gjerne blei forklart med at mange var uvillige til å svara ærleg og truverdig på spørsmål om eiga åtferd. "Are boys of this age able and willing to describe their behaviors and reactions accurately in the area of aggression?", spør Olweus.⁵⁷²

For å undersøkje dette utvikla Olweus eit sjølvrapporterings skjema som han prøvde ut på to grupper unge stockholmsgutar (høvesvis 98 og 86 gutar med ein snittsalder på 13 år). I skjemaet måtte gutane ta stilling til 62 ulike påstandar (*items*) som var delt inn i fem

⁵⁶⁸ Denne artikkelen blei også publisert i serien *Reports from the Institute of Psychology*, University of Bergen, Norway, No. 1, 1972. I følgje den amerikanske psykologen Charles D. Spielberg fekk dessutan Olweus i 1976 ein pris for denne artikkelen, "Outstanding aggressive research" av International Society for Research on Aggression (ISRA). Charles D. Spielberg i forordet til *Aggression in the Schools* (Olweus 1978: ix), *American Psychologist*, 66 (88): 815, <http://www.clemson.edu/olweus/history> (lasta ned 28.01.15). Dan Olweus var også president i ISRA i 1995-1996.

⁵⁶⁹ A. I. Rabin sitert i forordet i *Aggression in the Schools*, skriven av Dr. Charles D. Spielberger. Olweus 1978; ix.

⁵⁷⁰ Olweus 1975: 3.

⁵⁷¹ I den norske utgåva av *Hakkekyllinger og skolebøller* (1974) er omgrepet *bedømmelsesskalaer* brukt om slike testar.

⁵⁷² Olweus 1972b: 304.

ulike kategoriar: "Verbally aggressive responses (Ex. When an adult is unfair to me, I get angry and protest)", "Physically aggressive responses (Ex. When a boy teases me, I try to give him a good beating)", "Aggressive impulses (Ex. I am often so upset that I feel like smashing things)", "Aggression-inhibitory responses (Ex. When an adult is annoyed with me, I mostly feel that I am at fault)" og til slutt "Positive self-reports (Ex. The boys at school never say nasty things about me)".⁵⁷³

Som samanlikningsgrunnlag blei dessutan eit par av gutane i kvar klasse beden om å gjennomføra såkalla kameratvurdering (peer rating) med ein sjupunkts vurderingsskala av dei andre gutane i klassen. Denne metoden for å avdekkja aggresjon var vel etablert i fagmiljøet, og var ein metode Olweus var godt kjent med frå tidlegare arbeid. Her blei gutane, i fire ulike variablar, beden om å rangera i kva grad medelevane viste tendensar til aggresjon: "tendency to start fights", "tendency to give verbally aggressive responses", "to which extent a boy tended to be the target for other boy's physical attacks" og den siste var "popularity with peers". Olweus konkluderer undersøkinga slik:

This implies that the present inventory scales – without utilization of multiple correlation techniques – could predict overt aggressive behavior as accurately as school grades or college marks can usually be predicted on the basis of intelligence tests. These results thus compare favorably with the "validity" coefficients typically reported in the field of psychology in general and in the personality sphere in particular. On the basis of the results obtained it may be generally maintained that boys of this age are both able and willing to describe their behaviors and reactions with considerable accuracy in the area of aggression. At least under given conditions.⁵⁷⁴

Tatt i betraktning at tidlegare forskning på slike sjølvrapporteringskjema var nok så nedslåande, var dette svært oppløftande resultat. I ein artikkel frå 1975 presenterte han denne studien enno grundigare.⁵⁷⁵

Deltakinga på Nebraska Symposium of Motivation og publiseringa i konferanserapporten verkar å ha vore ein reell døroppnar for Dan Olweus. I 1973 deltok han på ein konferanse i Monte Carlo, arrangert av vitskapsavdelinga under NATO.⁵⁷⁶ Innlegget, "Personality factors and aggression: With special reference to violence within the peer group", blei publisert i antologien *Determinants and Origins of Aggressive Behavior* frå

⁵⁷³ Olweus 1972b: 306.

⁵⁷⁴ Olweus 1972b: 314.

⁵⁷⁵ Olweus 1975.

⁵⁷⁶ Scientific Affairs Division (Human Factors), North Atlantic Treaty Organization. de Wit and Hartup 1974.

1975. Artikkelen er interessant fordi dette mest sannsynleg var første gong Olweus presenterte mobbeforskinga for eit internasjonalt publikum.⁵⁷⁷ Den første delen av artikkelen omhandlar omgrepsmessige og metodologiske problem knytt til aggresjonsforskinga, medan den andre delen er ein presentasjon av mobbeforskinga hans, den same studien som han publiserte i boka *Hackkycklingar och översittare: Forskning om skolmobbing* same år.

Sjølvrapporteringskjema

Hakkekyllinger og skolebøller var som kjent den første vitenskaplege boka om mobbing, og på same måte som i artiklane Olweus publiserte i same periode, vigde han stor plass til metodologiske problem. I tillegg til eit eige metodekapittel der han gjer grundig greie for alle dei ulike innsamlings- og analysemetodane han har nytta i undersøkingane sine, presenterer han eigne metodekommentarar etter kvart som han gjennomgår dei empiriske funna utover i boka. Desse tekniske og metodiske forklaringane er sett med mindre skrift i boka, for å understreka at dette er for meir spesielt interesserte.

Boka er basert på fem ulike studiar han har gjennomført i Stockholmsområdet, som totalt omfatta om lag 1000 gutar. Bakgrunnen for desse studiane var tredelt, forklarar Olweus. For det første var det "ønskelig å få med flere formodede betydningsfulle *faktorer eller variabler fra teoriskissens forskjellige sektorer.*"⁵⁷⁸ Faktorane han refererer til er faktorar i skulemiljøet, gutane sitt ytre og psykologiske karakteristika, samt bakgrunnen deira og familieforhold. For det andre var det "ønskeleg å få "opplysninger" eller data fra flere hjemmelmenn", t.d. fleire lærarar eller fleire kameratar.⁵⁷⁹ Til slutt ønskte han å studera problematikken med "*flere forskjellige metoder eller undersøkelsesteknikker.*"⁵⁸⁰ Dette var for å hindra såkalla "metodevarians", "dvs. at det oppstår systematisk sammenheng bare eller overveiende som følge av at de forskjellige undersøkelsesprosedyrer inneholder felles eller likeartede elementer".⁵⁸¹

⁵⁷⁷ Charles D. Spielberger nemner i forordet til *Aggression in the Schools*, at oppsummeringa av mobbestudien i denne artikkelen frå 1975 var det einaste som fanst på engelsk før boka kom ut i 1978. Olweus 1978: x.

⁵⁷⁸ Olweus 1974a: 32.

⁵⁷⁹ Olweus 1974a: 33.

⁵⁸⁰ Olweus 1974a: 34.

⁵⁸¹ Olweus 1974a: 34.

Olweus nytta eit breitt spekter av ulike metodar i desse undersøkingane, som ulike typar spørjeskjema:

Spørreformularer av forskjellig slag, både i mer konvensjonell utforming og i en spesiell variant, en såkalt Q-sortering; bedømmelsesskalaer hvor forsøkspersonene skal plasere [sic] seg selv og/eller sine klassekamerater langs skalaer som vanligvis har syv trinn; sosiometrisk teknikk som f. eks. går ut på at forsøkspersonen får velge ut et bestemt antall kamerater i klassen som han helst ville være sammen med i friminuttene; projektiv metodikk – med mangetydig stimulumateriale – som vanligvis antas å måle mindre bevisste sider av personligheten.⁵⁸²

Fire av dei fem undersøkingane var av såkalla ikkje-eksperimentell type, som betyr at data var samla inn utan at det var arrangert særlege ordningar for ei eller fleire undergrupper av forsøkspersonar.⁵⁸³

Vurderingane kan delast inn i to kategoriar; lærarvurderingar og kameratvurderingar. Førstnemnte brukte Olweus for å identifisera kva gutar som var hakkekyllingar og/eller skulebøller i ein klasse. Kameratvurderingane brukte Olweus for å få opplysingar om typisk åtferd blant gutane og for å få eit inntrykk av kameratrelasjonane i ein skuleklasse. Ei slik kameratvurdering gjekk ut på å plassera eit kort med namnet til ein medelev på ei pappskive markert med ulike variablar, t.d.

”Han begynner slagsmål med andre gutter i skolen”⁵⁸⁴

1	2	3	4	5	6	7
svært sjelden	sjelden	ganske sjelden	iblant	ganske ofte	ofte	svært ofte

Men sjølv om Olweus bevisst brukte mange ulike innsamlingsmetodar, poengterer han at det var viktig å nytta kvantitative metodar for at han i dataanalysane kunne bruka statistiske metodar. Kvantitative undersøkingar har dessutan den fordelan at dei lettare kan kopierast til andre studiar for å samanlikna funna. Som eg viste i kapittel 3, handla desse funna først og fremst om frekvensen av mobbeproblematikken, kva faktorar som påverkar problematikken og ikkje minst karakteristika ved mobbaren (skolebøllen) og mobbeofferet (hakkekyllingen).

⁵⁸² Olweus 1974a: 34.

⁵⁸³ Olweus 1974a: 36.

⁵⁸⁴ Olweus 1974a: 39.

I 1978 kom det som kjent ein engelskspråkleg versjon av boka, med tittelen *Aggression in the Schools: Bullies and whipping boys*. Den engelske versjonen er noko revidert og utvida, men datamaterialet frå Solna- og Stockholm-undersøkingane frå tidleg på 1970-talet er det same som i originalen. Også denne, som den svenske og norske utgåva, er empiri- og metodetung, og ikkje heilt lett tilgjengeleg for den allmenne lesar.

Vitskapleg legitimering

I tillegg til Dan Olweus si faglege interesse i metodologiske utfordringar knytt til å avdekkja aggresjon og mobbing, er det også grunn til å tru at dette fokuset på metoden var knytt til ei vitskapleg legitimering av mobbestudiane. Mobbing som eit eige forskingsfelt var heilt nytt, og med desse publikasjonane tar Olweus kraftig avstand frå Peter-Paul Heinemann sine publikasjonar nettopp med omsyn til vitskaplegheita. Der Heinemann primært baserer sine innsamlingar og analysar på observasjonar og personlege erfaringar, nyttar Olweus som vi såg ovanfor, mange ulike kvantitative metodar samt avanserte analyseteknikkar.⁵⁸⁵

Utover på 1970- og 80-talet blei Olweus sitt ry som ein aggresjonsforskar av internasjonalt format styrka. Han deltok på store psykologikonferansar i utlandet, gjerne som ein av fleire inviterte hovudtalarar, og han fekk publisert i påfølgjande antologiar. I tillegg publiserte han mange av konferanseinnlegga i fulltekst i Psykologisk institutts eigen skriftserie.⁵⁸⁶ Årleg hadde han dessutan artiklar på trykk i tidsskrift som *Child Development*, *Psychological Bulletin*, *Zeitschrift für Entwicklungspsychologie und Pädagogische Psychologie*,

⁵⁸⁵ Olweus 1974a: 32-34. Olweus skriv innleiingsvis om analysemetodane: "Data er i regelen blitt analysert med konvensjonelle statistiske metoder som enveis variansanalyse (*F*- og *t*-test), χ^2 (Chi-to), produktmoment *I*, korrelasjon og phikorreasjon." For grundigare innføring, sjå Olweus 1974a: 46-47.

⁵⁸⁶ Dan Olweus publiserte seks artiklar i skriftserien frå Psykologisk institutt ved UiB: "Aggression from the perspective of personality psychology" i nr. 2, 1970 (Olweus 1970). Innlegg på konferansen 1st Nordic Conference on Social and Political Psychology, Godøysund, Bergen, 1970), "Personality and Aggression" i nr. 1, 1972 (Olweus 1972a). Innlegg på Nebraska Symposium on Motivation, Lincoln, USA, i 1972, også publisert i Cole and Jensen 1972; "Personality factors and aggression: With special reference to violence within the peer group" i nr. 4, 1973 (Olweus 1973b). Innlegg på konferanse i Monte Carlo 1974, også publisert i deWit and Hartup 1974; "Development of a multi-faceted aggression inventory for boys" i nr. 6, 1975 (Olweus 1975); "'Modern' interactionism in personality psychology and the analysis of variance components approach. A critical examination" i nr. 6, 1976 (Olweus 1976b). Innlegg på Symposium on Interactional Psychology, Saltsjöbaden, Sverige, 1975. Ein kortare versjon av artikkelen blei også publisert i Magnusson and Endler 1977; "Longitudinal studies of Aggressive reaction patterns in males: A review" i nr. 2, 1977 (Olweus 1977c). Artikkelen basert på to inviterte innlegg Olweus heldt på International Conference on Psychological Issues in Changing Aggression i Warszawa, Polen, juli 1976 og på International Congress of Psychology i Paris, Frankrike, juli 1976.

British Journal of Social and Clinical Psychology, Developmental Psychology og Psychosomatic Medicine, for å nemna nokon.

Fellesnemnaren for alle desse artiklane og konferanseinnlegga er at dei handlar om metodar for kartlegging og i kva grad det er mogeleg å føreseia aggresjon blant unge gutar. Utover på 1970- og 1980-talet var sjølvrapportering som metode, anten gjennom spørjeskjema eller intervju, for å undersøkje kriminelle handlingar, eit aktuelt diskusjonstema blant kriminologar og psykologar. I innleiinga til konferanserapporten og antologien *Self-Report Methodology in Criminological Research* frå 1989, skriv kriminologen Malcolm W. Klein:

Self-report crime is "admitted" crime, derived from interview and questionnaire responses obtained from adults and juveniles (regardless of whether or not they have been arrested) concerning their own illegal behaviors. Growing awareness of the limitations of official crime statistics has led to the development of self-report procedures. Despite the lack of standardization, these procedures are coming to be used widely, and this is an opportune time to take stock of the state of the art and foster improvement.⁵⁸⁷

Antologien var resultatet av ein workshop i Nederland med tittelen *Self-Report Methodology in Criminological Research*. 40 inviterte forskarar frå heile verda var samla for å drøfta nettopp sjølvrapportering som metode. Olweus var ein av dei inviterte og fekk dessutan innlegget publisert i antologien. I artikkelen skisserer han mellom anna korleis han utvikla sjølvrapporteringsskjemaet i samband med Bergens-studien frå 1983-1985. I tillegg til fleire ulike spørjeskjema som handla om mobbing, utvikla han også eit sjølvrapporteringsskjema for å kartleggja asosial åtferd.⁵⁸⁸ Dette sjølvrapporteringsskjemaet skil seg frå dei andre spørjeskjemaane ved at elevane anonymt blei bedne om å svara på spørsmål av meir personleg karakter og som ikkje nødvendigvis hadde direkte med mobbing å gjera. Olweus skriv at spørsmåla var delt inn i to hovudkategoriar: den første omhandla disiplinærproblem og anna åtferd relatert til regelbrot i skulen, den andre kategorien spørsmål handla meir generelt om åtferd og handlingar *utanfor* skulen, som hærverk, tjuveri, innbrot og svindel.⁵⁸⁹

Avslutningsvis slår Olweus fast at resultatane frå analysane av dette materialet frå Bergens-undersøkinga viste at sjølvrapporteringsskjemaet han utvikla var

⁵⁸⁷ Klein 1989: 1.

⁵⁸⁸ Olweus 1989: 195.

⁵⁸⁹ Olweus 1989: 196.

quite encouraging, indicating that the scales had satisfactory [sic] or good reliability, stability, and validity as well as theoretical relevance. As a preliminary conclusion, it can be stated that the self-report instrument described is likely to be useful in the study of the developmental course, correlates, and antecedents of antisocial behavior.⁵⁹⁰

I dag er slike sjølvrapporteringskjema ein vanleg metode for å kartleggja personars eigenskapar og karakteristiske reaksjonsmåtar.⁵⁹¹ Då Olweus utvikla spørjeskjemaet som blei brukt i den store nasjonale undersøkinga om mobbing hausten 1983, hadde han altså over ti års forskning på metoden bak seg. Men som vi hugsar frå førre kapittel, er det likevel ikkje så lett å overføra teoribasert kunnskap til praksis, og Olweus fekk mykje kritikk for at spørjeskjemaet var for vanskeleg utforma for dei yngste elevane.

Olweus Bullying Questionnaire

I 1986 var den første versjonen av *Olweus Bullying Questionnaire* klar, og ti år seinare blei skjemaet revidert. Det inneheldt då 39 spørsmål om mobbing og trivsel i skulen.⁵⁹² Sidan 2005 har skjemaet også blitt utvida med eit spørsmål om såkalla "cyber bullying" – om mobbing via internett eller mobiltelefon.⁵⁹³ Skjemaet finst i dag i to versjonar, eitt for 1.-4. trinn og eitt for 5.-9. trinn eller høgare, og svara er anonyme.

Spørjeskjemaet startar med eit par innleiande spørsmål om generell trivsel på skulen, kjønn og tal på gode vener klassen. Deretter kjem ein utførleg definisjon på kva som blir forstått som mobbing. Denne definisjonen blir lest høgt for dei yngste elevane, medan dei eldste les han sjølv:

We say a student is being bullied when another student or several other students

- say mean and hurtful things or make fun of him or her or call him or her mean and hurtful names
- completely ignore or exclude him or her from their group of friends or leave him or her out of things on purpose
- hit, kick, push, shove around, or threaten him or her
- tell lies or spread rumors about him or her or send mean notes and try to make other students dislike him or her
- and do other hurtful things like that.

⁵⁹⁰ Olweus 1989: 200.

⁵⁹¹ Egedius 2008: 383. Eit eksempel på eit slikt spørjeskjema er *Minnesota Multiphasic Personality Inventory (MMPI)*.

⁵⁹² Solberg and Olweus 2003: 242.

⁵⁹³ Olweus 2012: 523.

When we talk about bullying, these things happen **more than just once**, and **it is difficult for the student being bullied to defend himself or herself**. We also call it bullying when a student is teased more than just once in a mean and hurtful way.

But we **do not call it bullying** when the teasing is done in a friendly and playful way. Also, it is not bullying when two students of about equal strength or power argue or fight.⁵⁹⁴

Skjemaet deler spørsmåla om mobbing inn i tre ulike kategoriar: fysisk, verbal og indirekte mobbing, og svaralternativa handlar først og fremst om frekvens:

- It has not happened to me in the last couple of months
- Only once or twice
- 2 or 3 times a month
- About once a week
- Several times a week⁵⁹⁵

Det avgjerande her er å skilja mobbing frå meir eller mindre tilfeldig problemåtferd som ikkje skjer ofte eller systematisk nok. I ein studie frå 2003 argumenterer Mona Elin Solberg og Olweus for at brytepunktet (*cut-off point*) i svaranalysane for kva som fell innanfor mobbing, bør liggja på "to eller tre gongar" i månaden. Ved å bruka dette svaralternativet som brytepunkt, vil det på best mogeleg måte bli avdekt kven av elevane som er involverte og kven som ikkje er involverte i mobbing, anten det er som mobbar eller offer, hevdar dei.⁵⁹⁶ Dei aller fleste spørsmåla i skjemaet omhandlar *frekvens* og *prevalens*, kor ofte ein blir mobba eller mobbar andre og kor stor utbreiinga av problemet er.⁵⁹⁷ I tillegg er det ein del spørsmål som t.d. omhandlar kor mobbinga føregår, på skulen, skulevegen eller andre stader, samt spørsmål om mobbarens kjønn og kor mange elevar som mobbar, kor lenge mobbinga har føregått og i kva grad lærarane og foreldra hadde fått vita om mobbinga og eventuelt i kva grad dette var blitt tatt hand om.

Olweus Bullying Questionnaire® (OBQ) er på verdsbasis eitt av dei mest brukte spørjeskjemaa for å undersøkje omfanget av mobbing og er oversett til mange ulike språk.⁵⁹⁸ I spørjeskjemaet blir Olweus sin definisjon på mobbing presentert for alle som skal svara på

⁵⁹⁴ Utheving i original. *Olweus Bullying Questionnaire* er kopibeskytta og må kjøpast frå Dan Olweus. Men det finst ein scanna versjon på nettsidene til McMurray Middle School i Washington state, USA: <http://www.vashonsd.org/mcmurray/science/justin/Resources/OlweusBullyingQuestionnaire.pdf> (lasta ned 22.06.2015).

⁵⁹⁵ <http://www.vashonsd.org/mcmurray/science/justin/Resources/OlweusBullyingQuestionnaire.pdf> (lasta ned 22.06.2015).

⁵⁹⁶ Solberg and Olweus 2003: 263.

⁵⁹⁷ 15 av 40 spørsmål handlar om dette. Dei resterande spørsmåla lar seg ikkje klassifisera i same grad.

⁵⁹⁸ Jacobson 2013: 11, Smith 2014: 43, Olweus 1999b: 33 .

skjemaet og dermed kan det vera nærliggjande å anta at den omfattande bruken av akkurat dette skjemaet vil vera med å spreia og stadfesta ei gitt forståing av kva mobbing er – nettopp gjennom den grundige definisjonen innleiingsvis.

Mange skular, og i alle fall dei som brukar Olweusprogrammet, brukar Olweus sitt spørjeskjema for å undersøkje mobbing rundt ein gong i året, noko som fører til at nettopp denne definisjonen blir repetert for elevar og lærarar årleg. Ein annan stor fordel ved å bruka akkurat dette skjemaet, er at det har vore i bruk lenge og i mange ulike land, og samanlikningsgrunnlaget er difor stort. I boka *The Nature of School Bullying. A Cross-National Perspective* frå 1999, er dette svært tydeleg. I dei 21 ulike kapitla som rapporterer om status for mobbeforskinga i landet, finn eg at 18 av desse 21 kapitla refererer til ein eller fleire studiar som anten har brukt Olweus sitt spørjeskjema i originalversjon eller i ein omarbeidd versjon, samt undersøkingar som har tatt utgangspunkt i definisjonen hans når dei har undersøkt omfanget av mobbing.⁵⁹⁹

Grunnlaget for det formidable arbeidet Olweus har utretta som mobbeforskar meiner eg blei lagt på 1970 og -80-talet, då han stadfesta posisjonen sin som aggresjonsforskar parallelt med at han forska på mobbing, som er ein underkategori av aggresjon. Kombinasjonen av ein allereie etablert forskar med velprøvde metodar for å kartleggja aggresjon blant unge, gjorde at han kunne utnytta potensialet i det landsdekkjande datamaterialet han fekk ansvar for i 1983 til fulle, men enno viktigare, det legitimerede mobbeforskinga hans innan psykologifaget. Gjennom reising og deltaking på seminar og konferansar i utlandet, samt eit høg tal på publikasjonar i ulike psykologiske tidsskrift, stod han ikkje berre fram som grunnleggjaren av mobbeforskinga, men blei samstundes ein leiande internasjonale kapasitet innan feltet.⁶⁰⁰

⁵⁹⁹ Desse 18 kapitla er: Noreg, Sverige, Danmark, Finland, England og Wales, Skotland, Irland, Italia, Spania, Portugal, Belgia, Nederland, Tyskland, Sveits, USA, Canada, Japan, New Zealand. I kapitla om Polen og Australia blir Olweus sitt arbeid nemnt, men det er usikkert om definisjonen har vore brukt i ei undersøking. Berre Frankrike verkar å vera heilt utan innverknad frå Olweus sitt arbeid. Smith et al. 1999.

⁶⁰⁰ I tillegg til prisen han fekk i 1976 av ISRA, blei han 20 år seinare dessutan valt som president for den same organisasjonen. Frå sommaren 1986 til hausten 1987 var han invitert "fellow" ved Center for Advanced Study in the Behavioral Sciences ved Stanford University (*Norsk skoleblad* nr. 33, 1986, s.36). Sjøå også http://www.casbs.org/sites/default/files/docs/Applied_research.pdf, s. 3. (lasta ned 01.10.14). På 2000-talet fekk Dan Olweus ei rekkje utnemningar for den livslange innsatsen sin i arbeidet mot mobbing, til dømes Spirit of Crazy Horse-prisen frå US Reclaiming Youth International Organization i 2000, Den nordiske Folkehelseprisen 2002 frå Nordisk råd, Distinguished Contributions to Public Policy for Children i 2003 frå Society for Research in Child Development (SRCD), i 2011 fekk han Distinguished Contributions to the International Advancement of Psychology Award frå the American Psychological Association (APA) og som om ikkje det var nok, fekk han året

Tidlege norske mobbestudier

Olweus var ikkje åleine om å utføra mobbestudier i Noreg rundt 1980. Korleis ser dei andre studiane ut? I 1979 gav ekteparet Tora Synnøve og Magne Raundalen ut boka *Er du på vår side!* som både drøfta meir vidfemnande og problematiske sider ved barns oppvekstmiljø, men også meir spesifikke problem som mobbing. Som eg viste i kapittel 3, var forfattarane skeptiske til å bruka mobbeomgrepet og brukte heller ordet "plaging" for å undersøka trivsel og skulemiljøet blant skulebarn i tre ulike kommunar. Metoden dei nytta var sjølvrapporteringskjema fylt ut av elevar, foreldre og lærarar i dei utvalde skulane. Unntaket var førsteklassingane, som blei intervjuva av Tora Synnøve eller Magne Raundalen. Heilt til slutt i boka har dei eit metodekapittel der dei mellom anna drøftar metodiske problem knytt til at dei yngste barna skulle kategorisera kor ofte dei blir plaga – det viste seg at det var stor spreining i kva barna la i om noko hende "ofte" eller "av og til".⁶⁰¹ Også her var det frekvensen av plaging (mobbing) dei ville undersøka.

Heile 54 % av førsteklassingane som blei intervjuva svarte at dei blei plaga "nokongongar" eller "ofte", medan tala for kategorien "svært ofte" var 15%.⁶⁰² Det første talet var overraskande høgt, medan det andre talet var meir på linje med Olweus sine funn frå dei tidlege svenske studiane. Forskjellen kan skuldast at førsteklassingane i undersøkinga til Raundalen og Raundalen blei intervjuva munnleg, medan Olweus brukte sjølvrapporteringskjema på tilsvarande aldersgruppe i studiane frå tidleg på 1970-talet.⁶⁰³

Ettersom denne studien undersøkte trivsel og miljø i eit mykje breiare perspektiv enn dei reine mobbeundersøkingane, er det vanskeleg å seia noko om studien var utforma med tanke på komparasjon med Olweus sine funn. Hovudinteressa til forfattarane var å få barna i tale – korleis hadde barna det og kva plaga dei – ikkje å utføra ei mobbestudie. Likevel blei ei samanlikning mogeleg nettopp fordi delar av metodane og vitemåtane er felles, trass i at omgrepsbruken er noko ulik. Uansett kjende ekteparet Raundalen godt til Olweus sitt arbeid, for i boka brukar dei mykje plass på å presentera Olweus si bok *Hakkekyllinger og skolebøller*.

Våren 1976 gjennomførte dåverande spesialpedagog Reidar J. Mykletun ved Stavanger Lærarhøgskole ei mobbeundersøking ved to ungdomsskular i Hordaland.

etter the American Psychological Associations (APA) award for Distinguished Contributions to Research in Public Policy.

⁶⁰¹ Raundalen og Raundalen 1979: 230.

⁶⁰² Raundalen og Raundalen 1979: 15.

⁶⁰³ Raundalen og Raundalen 1979: 13.

Undersøkinga, *Plaging i skolen: En undersøkelse av endel personlighetstrekk, bakgrunnsvariabler og tilpasning hos ungdomsskoleelever som plager andre eller selv plages i skolen*, inneheld svar frå 903 elevar.⁶⁰⁴ På same måte som Olweus i *Hakkekyllinger og skolebøller*, drøftar Mykletun metodeproblematikken eksplisitt, ein annan likskap er at Mykletun også nytta kvantitative metodar i form av sjølvrapporterings skjema. På linje med Raundalen og Raundalen valde Reidar Mykletun å nytta ordet "plaging" heller enn "mobbing", men sidestiller dei to omgrepa. Mobbing/plaging definerer han som:

- a) interaksjon preget av aggresjon (psykisk eller fysisk)
- b) rettet mot en eller noen få personer av en eller flere personer som er tilsynelatende fysisk og/eller psykisk sterkere enn den/de som utsettes for aggresjon, og
- c) som gjentas gang på gang, i det minste en gang pr. uke⁶⁰⁵

Innhaldsmessig ser vi at definisjonen til Mykletun er bygd på Olweus si forståing av mobbing, det same er dualismen mobbar(plagar)/offer. Begge delar forsterkar og vidarefører Olweus forståing av mobbing innanfor forskingsfeltet. Mykletun sin studie stadfesta dei fleste av Olweus sine funn, samt at det dukka opp nokre nye. Av dei mest interessante nye funna kan det nemnast at han fann ei relativ stor overlapping mellom elevar som rapporterte at dei både blei utsette for mobbing i tillegg til at dei også sjølve mobba andre.⁶⁰⁶ Heile 25 % av elevane rapporterte om denne overlappinga i Mykletun sin studie, noko han dels forklarar med ulike metodar, samanlikna med Olweus. I tillegg fann han at både plagarane og offera treivst dårlegare på skulen enn kontrollgruppene, noko Olweus ikkje fann teikn på. Vi ser her korleis felles metode, relativt like definisjonar og ei felles grunnforståing av kva mobbeproblematikken går ut på, er avgjerande faktorar for å samanlikna funna med Olweus sine empiriske studiar.

Då Erling Roland kom til Stavanger Lærarhøgskole, hadde han med seg fleire års sosialpedagogisk erfaring frå tida som lærar og rådgivar i Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).⁶⁰⁷ På slutten av 1970-talet gjennomførte også han ei stor undersøking om mobbing, denne gongen ved Strand ungdomsskule. Resultata frå denne undersøkinga er publisert i rapporten *Terror i skolen. Mobbing – ei empirisk undersøking* frå 1980. Denne rapporten er interessant i denne samanhengen fordi det også her er tydeleg korleis andre forskarar ikkje

⁶⁰⁴ Mykletun 1979: 24.

⁶⁰⁵ Mykletun 1979: 9.

⁶⁰⁶ Mykletun 1979: 63.

⁶⁰⁷ Sunnanå og Helgesen 2009: 16.

kan unngå å ta stilling til Olweus si forskning, nettopp fordi det var det første empiriske arbeidet innan feltet. I tillegg liknar metodane Roland nytta i denne undersøkinga på dei Olweus og Mykletun hadde nytta. På same måte som Olweus, nytta Roland eit spørjeskjema som blei kombinert med to ulike projektive testar der elevane blei bedne om å ta stilling til i kva grad 15 utsegn passa på dei sjølv eller ikkje.⁶⁰⁸ Deretter analyserte han funna sine og samanlikna fortløpande med funna Olweus hadde publisert i *Hakkekyllinger og skolebøller*. Andre vidareføringar av Olweus si forskning er at undersøkinga tar utgangspunkt i dualismen mobbar/offer. Rolands definisjon av mobbing i denne rapporten var heller ikkje heilt ulik Olweus sin: "mobbing er systematisk vald – psykisk og eller fysisk – retta mot eit offer og utført av einskildpersonar eller grupper".⁶⁰⁹ Men sjølv om Roland si undersøking stort sett støtta funna til Olweus, bidrog undersøkinga hans til å ta mobbeforskinga eitt steg vidare ved å kopla dualismen mobbar/offer med nye variablar som sosiale motiv og sosiologiske tilnærmingar (t.d. sosial lagdeling og foreldras yrke). I denne studien inkluderte Roland også jenter. Interessant nok fann Roland visse kjønnsforskjellar, mellom anna at gutar er meir utsette for mobbing enn jenter og at aggresjonstendensen går sterkare ned med aukande alder for jenter enn for gutar.⁶¹⁰ Ved å akkumulera ny kunnskap til den etablerte forskinga, bidrog Mykletun og Roland til å ytterlegare stadfesta Olweus sin posisjon innan mobbeforskinga.

I 1986 kom boka *Alene eller sammen. Håndbok i forebygging av mobbing og vold* ut, skriven av amanuensis Svein Otto Aarland ved Pedagogisk seminar, Universitetet i Bergen. Aarland er svært kritisk til Olweus sine kvantitative tilnærmingar til mobbeproblematikken og talar for at kvart enkelt mobbetilfelle må sjåast på som eit unikt problem. "Vi må konstruere en helt spesiell teori for hvert enkelt mobbetilfelle, og handle ut fra dette. Empiriske resultater kan gi oss ledetråder men aldri noe mer", skriv Aarland.⁶¹¹

I boka går Aarland gjennom Olweus sine funn i *Hakkekyllinger og skolebøller* (klassestorleik, avvik, forholdet mellom lærar elev, osv.), og peikar på at kvantitative undersøkingar kan gi oss eit bilete av "gjennomsnittsvirkeligheten", som ikkje fangar opp mange av dei praktiske problema som oppstår i kvardagen.⁶¹² Det viktigaste er å tenkja sjølv,

⁶⁰⁸ Roland 1980: 131.

⁶⁰⁹ Roland 1980: 18.

⁶¹⁰ Roland 1980: 102.

⁶¹¹ Aarland 1986: 10. Manglande teiknsetjing i original.

⁶¹² Aarland 1986: 17-18.

oppmodar Aarland, og viser med ei rekkje eksempel at Olweus sine funn ikkje er dekkjande for lærarens kvardag i klasserommet. Boka er personleg, direkte og praktisk for lærarar som møter mobbeproblematikk i skulen. Aarland er ikkje ueinig med Olweus i at tidlege oppvekstforhold er det som er med på å forma aggressive barn, men han har ei heilt anna tilnærming til skulen si rolle og presenterer ei rekkje tips til kva ein som lærar bør sjå etter for å oppdaga mobbing.⁶¹³ Ettersom han meiner kvar enkelt mobbetilfelle må behandlast unikt, er han også svært open på at mobbing kan vera uttrykk for mange ulike typar mekanismar: gruppeprosessar, avreageringsbehov, fastlåste gruppekonstellasjonar, endringar i den sosiale balansen i eit miljø og lærarrolla, for å nemna nokre.⁶¹⁴ Ettersom det ikkje finst nokon fasit, er det viktigaste for Aarland å presentera mange ulike forklaringar på problematikken.

I den andre delen av boka presenterer han ulike strategiar for å skapa eit positivt læringsmiljø i klassen, og ein av dei viktigaste er å skapa grupper for god læring. Dersom elevane blir opptekne av læring og fag, vil dette ta bort fokuset på mobbeproblematikken, skriv Aarland.⁶¹⁵ *Alene eller sammen* blir knapt nemnt eller referert til av andre norske mobbeforskarar, men Aarland skriv tydeleg på lærarens språk, og ikkje minst er boka basert på eigne erfaringar frå læraryrket og frå jobben som rettleiar av framtidige lærarar på Pedagogisk seminar ved UiB. På sett og vis representerer boka eit motstykke til skrivebordsforskinga Olweus blei skulda for å utføra, som vi hugsar frå møtet i Tromsø vinteren 1983.⁶¹⁶ I eit intervju med Aarland i 1996 kjem det dessutan fram at han på slutten av 1980-talet reiste rundt og heldt kurs for skuleverket over heile landet der han snakka om strategiar for å få bukt med vald og mobbing i skulen.⁶¹⁷

Nordisk mobbeforsking

Men Olweus sette ikkje berre spor etter seg i den tidlege norske mobbeforskinga, også i den nordiske forkinga ser vi påverknaden frå *Hakkekyllinger og skolebøller*. Dei første finske bidraga innan feltet er to ulike finske studiar publisert i *Scandinavian Journal of Psychology* i

⁶¹³ Aarland 1986: 30.

⁶¹⁴ Aarland 1983: 52-71.

⁶¹⁵ Aarland 1983: 87-88.

⁶¹⁶ Sjå kap. 5.

⁶¹⁷ Intervju i *BT*, 29.09.1996.

1982, skrivne av fire finske psykologar.⁶¹⁸ I den første av desse artiklane blir mobbing definert som: "*physical and/or verbal group aggression, often including ostracism, directed repeatedly towards the same individual(s)*".⁶¹⁹ Lagerspetz og kollegane valde altså å definera mobbing som gruppeaggresjon på linje med Heinemann og Pikas, men valde samstundes å nytta fleire av dei same metodane Olweus hadde nytta i *Hakkekyllinger og skolebøller*, t.d. sosiometriske teknikkar, lærar- og kameratvurderingar samt tilpassa versjonar av to ulike spørjeskjema som Olweus hadde nytta, eit såkalla Q-sortert og eit skjema kalla "Vår klasse".⁶²⁰ Som eit uttalt teoretisk rammeverk nytta dei dualismen mobbar/offer, også henta frå Olweus.⁶²¹

Resultata av den finske undersøkinga stemte godt med Olweus sine tal, berre at dei var litt høgare. I overkant av 13 % av gutane og rundt 5 % av jentene var involvert i mobbing. Dei fann dessutan svært høgt samsvar mellom elev- og lærarvurderingane av kven som var mobbarar og kven som var offer.⁶²² Det mest avvikande funnet, samanlikna med funna til Olweus, var at dei finske forskarane fann ei viss grad av fysiske avvik hos mobbeoffera: Det var fleire overvektige barn og barn med ei eller anna form for funksjonshemming blant mobbeoffera samanlikna med dei såkalla veltilpassa barna.⁶²³

Den andre artikkelen er ei undersøking om korleis mobbaren ser på seg sjølv. Ved hjelp av kameratvurderingar plukka dei ut gutar og jenter som blei peikte ut som mobbarar og mobbeoffer av medelevarane sine, og saman med ei kontrollgruppe svarte gruppene på ein test som inneheld "a five point semantic differential with 21 bipolar adjective or sentence pairs".⁶²⁴ Resultatet av undersøkinga viste at mobbarane er individ som ser på seg sjølv som dominerande, dei har høge tankar om dominerande åtferd og dei trur slik åtferd er påkravd

⁶¹⁸ Ei av forfattarane, psykologen Kirsti Lagerspetz, var dessutan ei av grunnleggjarane av International Society for Research on Aggression (ISRA), som altså i 1976 gav ein pris til Dan Olweus for "outstanding research on aggression".

⁶¹⁹ Lagerspetz et al. 1982: 47, kursivert i originalen.

⁶²⁰ Lagerspetz et al. 1982: 48. Olweus forklarar Q-sortering slik: "en spesiell spørreskjemateknikk, hvor forsøkspersonen etter visse regler skal ta stilling til hvordan hver enkel påstand i en rekke påstander stemmer når det gjelder ham selv". (Olweus 1974a: 41). "Vår klasse" er eit spørjeskjema som måler haldningar, konstruert av professor Ingvar Johannesson i 1966. Etter avtale med Johannesson, brukte Olweus ein forkorta versjon av skjemaet i sine studiar. (Olweus 1974a: 78-79). Lagerspetz et al. brukte Olweus sin variant, men endra det litt. Lagerspetz et al. 1982: 48.

⁶²¹ Lagerspetz et al. 1982: 47.

⁶²² Lagerspetz et al. 1982: 49.

⁶²³ Lagerspetz et al. 1982: 52.

⁶²⁴ Björkqvist, Ekman & Lagerspetz 1982: 309.

som sosial norm i gruppa.⁶²⁵ Det som overraske forskarane, var at denne åtferda var lik for begge kjønn, altså både for gute- og jentemobbarar. Mobbeoffera hadde derimot eit svært dårleg sjølvbilete, og resultatata tyda på at mobbeoffera var personar som kjente seg underlegne innanfor fleire av livets område.⁶²⁶

Også her ser vi korleis alle som forskar på mobbing blir tvinga til å ta stilling til den allereie eksisterande forskinga, for så å utfordra og dermed utvida forskingsfronten litt etter litt. Interesse for mobbing var nokså laber utanfor Norden fram til 1987, då det som mest sannsynleg var verdas første internasjonale mobbekonferanse blei arrangert i Stavanger.

Mobbeforskinga blir internasjonal: mobbekonferanse i Stavanger

Konferansen "Bullying in Schools", som blei arrangert i Stavanger i august 1987, var Noregs bidrag til Europarådets *Council for Cultural Co-operation's Teacher Bursaries Scheme* i 1987, og bak konferansen stod Europarådet, Statens Lærerkurs og Stavanger Lærarhøgskole.⁶²⁷ I løpet av dei fem dagane konferansen varte, blei situasjonen i dei ulike landa diskutert, Erling Roland presenterte strategiar mot mobbing og resultat frå KUD-kampanjen, i tillegg til at deltakarane diskuterte vidare samarbeid og handling.⁶²⁸ Ikkje uventa var den største delegasjonen frå Noreg, som stilte med ni deltakarar i tillegg til arrangementskomiteen ved Stavanger Lærarhøgskole. Dan Olweus deltok ikkje, truleg fordi han frå sommaren 1986 til hausten 1987 var gjesteforskar ved Center for Advanced Study in the Behavioral Sciences ved Stanford University.⁶²⁹ Deltakarlista i konferanserapporten seier ikkje noko om kva yrkesbakgrunn deltakarane hadde, men det er grunn til å tru at dei fleste var lærarar og pedagogar.

Hovudtalar og representant for Europarådet var den irske psykologen Mona O'Moore som gav eit kritisk blikk på mobbeproblematikken i Storbritannia og Irland. Interesse for mobbing var på dette tidspunktet nokså liten skriv O'Moore i rapporten til Europarådet. Den

⁶²⁵ Björkqvist, Ekman & Lagerspetz 1982: 313.

⁶²⁶ Björkqvist, Ekman & Lagerspetz 1982: 313.

⁶²⁷ *Norsk skoleblad* nr. 26, 1987, s. 10 og O'Moore 1988: 3. The Council for Cultural Co-operation (CDCC) blei oppretta under Europarådet i 1961 og skulle arbeida for å fremja handling innanfor felte utdanning, kultur, media, sport og ungdom. <http://www.culturalpolicies.net/web/coe.php> (lasta ned 01.10.2014).

⁶²⁸ O'Moore 1988: 35-36 (Appendix 1).

⁶²⁹ *Norsk skoleblad* nr. 33, 1986, s.36. Sjå også

http://www.casbs.org/sites/default/files/docs/Applied_research.pdf, s. 3, (lasta ned 01.10.14).

mest aktuelle problemstillinga blant skulefolk, lærarar, psykologar og sosiologar i Irland og Storbritannia, var det ho kalla for disiplinproblem ("disruption") i klasserommet. Til *Norsk skoleblad* uttalte O'Moore at det i Storbritannia og Irland tradisjonelt hadde vore vanleg å akseptera mobbing som "noko gutar veks på", eit syn som var særleg artikulert i kostskulemiljøa der det var akseptert at dei eldre og sterkare elevane hadde rett til å plaga dei yngre og svakare elevane. Til forskjell frå norske mobbarar, meinte ho at britiske mobbarar var upopulære i klassen og at dei oftare hadde psykiske problem.⁶³⁰ Som Olweus og Roland meinte også ho at årsakene til mobbeproblematikken låg i problematiske heimemiljø, men til forskjell frå dei norske undersøkingane hevda ho det var ein samanheng mellom mobbing og familiens sosialøkonomiske situasjon.⁶³¹

På denne tida fanst det svært få britiske og irske undersøkingar om mobbing, men dei få som fanst, viste at mobbing var eit problem i britisk skule.⁶³² Ei av undersøkingane O'Moore refererte til, er ein studie ved 15 britiske skular i 1974, utført av den britiske psykologen C. F. Lowenstein. Utgangspunktet for studien var å finna ut kven som var den typiske mobbaren (Lowenstein brukar omgrepet "bully").⁶³³ Resultatet av studien blei publisert i *Bulletin of The British Psychological Society* i 1978. Det som er mest interessant med artikkelen til Lowenstein, er det relativt store samanfallet av metodar, definisjonar og formulering av problematikken (karakteristikk av mobbaren) med Olweus si forskning – heilt utan ein einaste referanse til Olweus sitt arbeid. Lowenstein brukte ulike metodar i studien sin, intervju, observasjon, lærarvurderingar, to ulike sjølvrapporterings skjema, personlegdomstest, IQ-test, samt ein lesetest. Alle desse metodane er kjente og svært vanlege metodar innan psykologien og er kanskje eit eksempel på det Thomas Kuhn kallar "fellesskapets paradigmer", at to forskarar gjer det same til same tid.⁶³⁴

I følgje rapporten var det, ikkje overraskande, også lite mobbeforskning elles i Europa på denne tida, men fleire av deltakarane meldte ut frå eigen observasjon at det mest sannsynleg fanst mykje mobbing. Det var derimot vanskeleg å samanlikna mobbing mellom ulike land, då innhaldet i omgrepet ikkje nødvendigvis var det same på tvers av land og språk,

⁶³⁰ *Norsk skoleblad* nr. 26, 1987, s. 12.

⁶³¹ *Norsk skoleblad* nr. 26, 1987, s. 12.

⁶³² O'Moore 1988: 11.

⁶³³ Lowenstein 1978a og 1978b.

⁶³⁴ Kuhn 2007: 63.

mellom anna kom det fram på konferansen at det ikkje fanst noko ord for mobbing på spansk og portugisisk.⁶³⁵

På konferansen presenterte Roland den skandinaviske forskinga på feltet, som på dette tidspunktet framleis stort sett var basert på Olweus si forskning, men med bidrag frå Roland sjølv: Mobbeofferar var meir usikre og engstelege enn kontrollgruppa, i tillegg til at dei var meir einsame og isolerte. Mobbarane var på den andre sida sjølvsikre, tøffe og med eit godt sjølvbilete. Dei var litt under gjennomsnittet populære, men litt over snittet aggressive.⁶³⁶ O'Moore poengterer i rapporten at den skandinaviske forskinga portretterte mobbarane som ei svært homogen gruppe, og at funna til Lowenstein og Lagerspetz et al. i stor grad fall saman med funna til Olweus og Roland. Dette blei også stadfesta av deltakarane på konferansen, som kunne relatere funna til eigne, personlege erfaringar.⁶³⁷

Konferansen i Stavanger blir av mange rekna for å vera startskotet for den internasjonale mobbeforskinga, då fleire av deltakarane reiste heim igjen med felles definisjonar og metodar for å undersøkje mobbing i heimlandet sitt. Utan at Olweus sjølv var til stades, var forskinga hans no på veg ut i verda.

Mobbing på den internasjonale agendaen

Som eit direkte resultat av konferansen i Stavanger kom antologien *Bullying – An International Perspective* ut i 1989. Erling Roland og Elaine Munthe var redaktørar, sistnemnte var på denne tida forskingsassistent på JANUS-prosjektet som Erling Roland var ansvarleg for. Antologien er todelt – den etter kvart klassiske strukturen for bøker om mobbing. Den første delen handlar om forskingsstatus og internasjonale perspektiv på mobbing, medan den andre delen handlar om tiltak for å motverka mobbing.

Dei fleste av bidragsytarane i antologien hadde vore deltakarar på konferansen to år tidlegare, men laget var forsterka med ekstra mannskap, mellom anna Anatol Pikas og den britiske psykologen Peter K. Smith – sistnemnte skulle seinare bli ein av dei store internasjonale profilane innan mobbeforskinga.⁶³⁸ Saman med forskingsassistenten sin, Colin Yates, hadde Smith gjennomført ei mobbeundersøking ved to ungdoms- og vidaregåande skular i to engelske industribyar. Dei nytta ein lett tilpassa versjon av Olweus sin definisjon

⁶³⁵ O'Moore 1988: 17.

⁶³⁶ O'Moore 1988; 17-18.

⁶³⁷ O'Moore 1988: 22.

⁶³⁸ Sjå t.d. Smith and Thompson 1991, Sharp and Smith 1994, Smith et al. 1999, Smith, Pepler & Rigby 2004.

og spørreskjema og fekk til saman inn 234 svar frå 13- og 15-åringar.⁶³⁹ Forfattarane var overraska over kor samstemte deira funn var med Olweus sine funn i Noreg og Sverige, men dataa skilde seg på eitt viktig punkt; frekvensen av mobbing (talet på elevar som var innblanda i mobbing anten som mobbar eller offer) var over dobbelt så høg samanlikna med dei norske tala.⁶⁴⁰ 22 % av elevane svarte at dei blei mobba "no og då", 12 % sa dei mobba andre "no og då". Tilsvarande norske tal frå Olweus var 6 % og 7 %.⁶⁴¹

I følgje Smith førte desse tala til store overskrifter i britiske aviser. 28. september 1989 melde *The Guardian* at "Britain is the bullying capital of Europe", medan *The Sheffield Star* brukte overskrifta "Bullying in our schools is worst in Europe – claim".⁶⁴² Denne mediedekninga førte i følgje Smith til at mobbeforskinga for alvor tok av i Storbritannia med påfølgjande finansiering frå myndigheitene.⁶⁴³ I eit intervju med *The Psychologist* frå 2000 fortel Smith at han blei interessert i mobbeforsking etter ein ferietur med familien i Noreg i 1988. Før dei skulle ta englandsbåten heim frå Bergen til Newcastle, tok han kontakt med Olweus, som han hadde møtt tidlegare.⁶⁴⁴ Som psykolog hadde Smith i mange år forska på leikeåtfærd hos barn. På kontoret til Olweus i Bergen fekk han høyra om den nasjonale kampanjen mot mobbing hausten 1983 og den påfølgjande Bergensstudien som viste 50 % reduksjon i mobbing etter gjennomføringa av kampanjen. Dette gav Smith inspirasjon til å setja i gang eigne studiar i Sheffield, og resultatet blei altså publisert i boka frå 1989.⁶⁴⁵ I Sheffield-studien nytta Smith ein moderert versjon av *Olweus Bullying Questionnaire*, nettopp for å kunna samanlikna direkte med dei skandinaviske funna.⁶⁴⁶ I tillegg nytta dei ein definisjon som låg tett opp til Olweus sin definisjon, noko som også gjaldt fleire av dei andre forfattarane.

Dei ulike kapitla i *Bullying – An International Perspective* tar for seg forskingsstatus i dei fleste av landa som var representerte på konferansen. I kapitlet om den iberiske halvøya kjem det fram at første spanske mobbeundersøkinga blei gjennomført blant 1200 elevar fordelt på ti skular i tre ulike område av Madrid. Med så mange elevar er det ikkje

⁶³⁹ Yates and Smith 1989: 23.

⁶⁴⁰ Yates and Smith 1989: 32.

⁶⁴¹ Yates and Smith 1989: 32.

⁶⁴² Whitney and Smith 1993: 5.

⁶⁴³ *The Psychologist*, 13 (7), 2000, s. 348.

⁶⁴⁴ Mellom anna var både Smith og Olweus deltakarar på ein konferanse i Monte Carlo, Monaco i juli 1973. Sjå deltakarliste i deWit and Hartrup 1974: xiii-xiv.

⁶⁴⁵ *The Psychologist*, 13 (7), 2000, s. 348-349.

⁶⁴⁶ Yates and Smith 1989: 23.

overraskande at dei nytta eit anonymt spørjeskjema, og definisjonen er inspirert av Olweus og Roland sine definisjonar: "[Bullying is] repetitive violence, both physical and mental, executed by an individual or group towards a subject who is not capable of defending himself in such a situation and who hence becomes a victim."⁶⁴⁷

Resultata av undersøkinga viste at rundt ein femtedel av elevane blei utsette for mobbing og at verbal mobbing var mest utbredt. Som vi hugsar, blei det i konferanserapporten påpeikt av dei spanske og portugisiske deltakarane at det ikkje fanst eit ord for mobbing i desse språka (to av dei tre artikkelforfattarane var deltakarar på konferansen). Artikkelen problematiserer likevel ikkje terminologibruken og det er difor vanskeleg å seia korleis mobbing blei omtalt i undersøkinga. Men i og med at dette var den første spanske studien som blei gjennomført, er det nærliggjande å tru at dei neste studiane ville bli samanlikna denne første studien, og med det kanskje spreia den skandinaviske forståinga av problematikken og ikkje minst metoden for å undersøka problemet.

I tillegg til artiklane om mobbeforskinga i Storbritannia, Irland og den iberiske halvøya, var det tre artiklar om mobbeforskinga i Skandinavia, Nederland og Italia. Forskingsassistent på JANUS-prosjektet, Elaine Munthe, gjorde greie for den skandinaviske forkinga, medan rektoren Niek de Kruif gjorde greie for situasjonen i Nederland. Ikkje uventa fanst det ingen nederlandske mobbeundersøkingar, men fleire nederlandske forskarar hadde gjort undersøkingar knytt til syndebukk-teoriar. Syndebukk-fenomenet blei då definert som "[a] hostile and aggressive action towards an innocent and helpless victim, when there is no clear frustration, cause or when there is no reason to attack somebody".⁶⁴⁸ Som vi ser, minner dette om definisjonen på mobbing, men skil seg på eit par område, mellom anna manglar punktet om at desse hendingane må vera gjentatt over tid. I tillegg er det uklart om desse aggressive hendingane er reine fysiske hendingar eller om det også inkluderer psykiske overgrep, slik mobbedefinisjonar normalt gjer. Heller ikkje den italienske læraren Sergio Basalisco kunne visa til mobbeundersøkingar i Italia, i staden vinkla han artikkelen inn på barns rettar mot å bli utsette for vald, både frå vaksne og andre barn.⁶⁴⁹

Konferansen genererte også andre bøker om mobbing. Same året som *Bullying – An International Perspective* kom ut, blei den første britiske antologien om mobbing publisert.

⁶⁴⁷ Vieira da Fonseca, Garcia and Pérez 1989: 44.

⁶⁴⁸ de Kruif 1989: 55.

⁶⁴⁹ Basalisco 1989: 61f.

Boka *Bullying in Schools* var redigert av læraren og forskaren Delwyn P. Tattum – ein av deltakarane på konferansen i Stavanger to år tidlegare – og læraren og psykologen David Lane, som ikkje var i Stavanger, men som skreiv forordet til *Bullying – An International Perspective*.⁶⁵⁰ Med unntak av ein artikkel av Roland om den skandinaviske mobbeforskingstradisjonen, er alle dei andre bidraga skrivne av britiske pedagogar.⁶⁵¹ Dei fleste artiklane handlar om aggressivitet blant skulebarn knytt til mobbing, men ettersom det på dette tidspunktet nesten berre fanst skandinavisk forskning på feltet, er dei fleste av studiane utført under andre merkelappar enn ”mobbing”.

Ein annan deltakar på konferansen, utdanningspsykologen Valerie Besag, blei også inspirert av konferansen og gav ut boka *Bullies and Victims in Schools*. På same måte som Peter K. Smith, er også ho influert av Olweus og Roland si tilnærming til mobbeproblematikken. Første delen av boka gir ein god og svært grundig gjennomgang av forskingsstatus, og ho samanliknar systematisk dei ulike funna som er gjort innan feltet, utan at ho har gjort egne studiar. Hennar bidrag til forskingsfeltet er innan tiltaksdelen, der ho kjem med praktiske råd til lærarar for å motverka mobbing.

Ein internasjonal bestseljar og framveksten av eit tiltaksprogram

Forskingsperspektivet til Olweus blei altså spreidd i antologiane som kom ut i kjølvatnet av konferansen i Stavanger, trass i at han sjølv ikkje bidrog i nokon av dei. Derimot publiserte Olweus jamt og trudd i internasjonale psykologiske tidsskrift og antologiar utover på 1980-talet. I 1986 gav han dessutan ut boka *Mobbning. Vad vi vet och vad vi kan göra* i Sverige. Boka byggjer på heftet Olweus og Roland skreiv til den nasjonale kampanjen mot mobbing i 1983, men er i følge forfattaren sterkt utvida. Samanlikna med *Hackkycklingar og översittare* frå 1973 er den nye boka openbert skriven for å nå eit breiare publikum og kanskje spesielt lærarar. I denne boka er metodediskusjonen så godt som utelaten, ein får berre vita at han har nytta eit spørjeskjema der elevane fekk oppgitt ein definisjon av mobbing og kor mange elevar i Noreg og Sverige som hadde delteke i undersøkinga.

Fem år seinare kom ei ny og omarbeidd utgåve av boka ut på svensk. Den nye utgåva fekk tittelen *Mobbning i skolan. Vad vi vet och vad vi kan göra* og kom ut på norsk året etter. I den norske utgåva frå 1992 skreiv dåverande kyrkje- utdannings- og forskingsminister

⁶⁵⁰ Lane 1989.

⁶⁵¹ Roland 1989b.

Gudmund Hernes forordet. Hernes framhevar mellom anna korleis den landsdekkjande KUD-aksjonen og Olweus si forskning hadde "vakt betydelig internasjonal interesse" og at "det [nå] er kjent at det aktuelle tiltaksprogrammet mot mobbing blir brukt i flere andre land, blant annet Canada, USA og Sverige".⁶⁵²

Som eg snart skal visa var det ikkje berre tiltaksprogrammet til Olweus som blei spreidd utover landegrensene, den engelske versjonen av boka frå 1993 skulle lenge bli hovudreferanseverket innan mobbeforskinga, omsett til over 25 språk og stadig trykt i nye opplag.⁶⁵³ Boka er delt i fire delar – i den første delen drøftar Olweus kva ein på veit om mobbing og del to presenterer tiltak mot mobbing. Lærarheftet frå 1983 var utgangspunktet for desse delane, men med omfattande endringar og tillegg.⁶⁵⁴ Del tre av boka drøftar verknadene av tiltaksprogrammet basert på funna i Bergen, og i den fjerde delen kjem forfattaren med praktiske råd og presentasjon av eit kjerneprogram mot mobbing.

Samanlikna med *Hakkekyllinger og skolebøller er Mobbing i skolen* skriven i eit mykje meir tilgjengeleg og lettfatta språk, i mykje større grad tilpassa foreldre og lærarar som treng råd og vink om mobbeproblematikken. Olweus er tydeleg i årsakene til kva som skapar aggressive barn (vanskelege oppvekstforhold), men har også med litt om at mobbing kan vera eit gruppefenomen og viser til ulike mekanismar som kan påverka mobbinga: sosial smitte, ansvarspulverisering og det han kallar "svkkelse av hemningar eller sperrer mot aggressive tendenser" – altså at ei form for gruppesuggesjon svekkjer barnas vanlege sperrer mot aggresjon.⁶⁵⁵ Til slutt kan det i langvarige mobbesituasjonar finna stad ei gradvis redusering av medelevane sitt syn på mobbeofferet.⁶⁵⁶ Dette siste poenget var noko Erling Roland framheva i si forskning, noko eg kjem inn på seinare.

Den populærvitskaplege sjangeren gir også Olweus rom for å ha med eit avsnitt der han kort kjem inn på andre samfunnsmessige faktorar som kan bidra til auka aggressivitet blant barn, som til dømes TV- og videovald. Han peikar dessutan på at det alltid vil vera motverkande krefter som kan vippe potensiell mobbeproblematikk anten den eine eller den andre vegen: "Visse forhold eller faktorer har en tendens til å skape eller forsterke

⁶⁵² Forord av Gudmund Hernes, Olweus 1992a.

⁶⁵³ <http://www.clemson.edu/olweus/history.html> (lasta ned 05.09.2014).

⁶⁵⁴ Olweus 1992a: 11.

⁶⁵⁵ Olweus 1992a: 42.

⁶⁵⁶ Olweus 1992a: 42-43.

mobbingsproblemer, mens andre har en kontrollerende eller dempende effekt.”⁶⁵⁷ I den første kategorien nemner han dårlige oppvekstforhold, visse typer barneoppsetting og familieproblem, medan det særleg er skulen og lærarane sine haldningar, rutinar og åtferd som kan fungera som motkrefter. For Olweus er det ein demokratisk rett at barn skal kunna kjenna seg trygg på skulen og å sleppa å bli utsett for overgrep og mobbing – dette er eit poeng han skulle koma til å gjenta i så godt som alle artiklar på 1990-talet.

Tiltakskapitla i boka kan brukast som direkte hjelp for lærarar som slit med mobbing i klassen. Her er praktiske råd om tiltak på ulike nivå: skulen, klassen og individ. Det uttalte hovudmålet er ”å redusere eller fjerne eksisterende mobbingsproblemer fullstendig både i og utenfor skolemiljøet og å forebygge oppkomsten av nye slike problemer”.⁶⁵⁸ I følgje Olweus er føresetnadene for å få dette til medvit om og engasjement rundt problemet. Men denne målsetjinga er negativt formulert – målet er å redusera mobbing. Difor stiller han i tillegg opp såkalla ”positive mål”:

å få til bedre kameratrelasjonar i skolen og skape forhold som gjør det mulig for mobbede og mobbende elever å trives og fungere bedre i og utenfor skolemiljøet.

For de mobbede elevene skulle dette blant annet innebære større trygghet i skole, sterkere selvtillit og at de følte seg godt likt og godtatt av i det minste én eller noen få medelever. Med hensyn til mobberne skulle ”å fungere bedre” vise seg i mindre aggressive reaksjoner mot omgivelsene, og i at de kunne gjøre seg gjeldende i sosialt mer akseptable former. Det er altså her spørsmål om å dempe mobbernes negative og fiendtlige oppførsel samtidig som deres positive sider styrkes.⁶⁵⁹

Det som er interessant i dette avsnittet er korleis Olweus argumenterer for at betre kameratrelasjonar kan verka dempende på individuelle aggressive trekk. Og nettopp dette er kjernen i tiltaksprogrammet Olweus utvikla.

⁶⁵⁷ Olweus 1992a: 44.

⁶⁵⁸ Olweus 1992a: 57, kursiv i original.

⁶⁵⁹ Olweus 1992a: 59. Kursiv i original.

Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial adferd

Innleiingsvis i den engelskspråklege lærarrettleinga til Olweusprogrammet frå 2007 poengterer forfattarane at den første versjonen av Olweusprogrammet blei prøvd ut hausten 1983 under den nasjonale kampanjen mot mobbing.⁶⁶⁰ Deretter blei tiltaksprogrammet raffinert, ekspandert og ytterlegare evaluert gjennom fleire ulike storskalastudier i Noreg og Sverige. På 1990-talet starta Olweus eit nært samarbeid med den amerikanske psykologen Susan P. Limber, i dag tilsett ved Clemson University i Sør-Carolina. Saman tilpassa dei tiltaksprogrammet for amerikansk skule, og Limber var dessutan den som gjennomførte den første implementeringa og evalueringa i stor skala av Olweusprogrammet i amerikansk skule.⁶⁶¹ Men sjølv om delar av innpakkinga og namnet på programmet var ny på 1990-talet, var innhaldet basert på del 2 i boka *Mobbing i skolen*. I den neste delen skal vi sjå korleis Olweusprogrammet er oppbygd og drøfta i kva grad dette tiltaksprogrammet, og ikkje minst forskinga rundt programmet, kan ha bidrege til å spreia Olweus sitt perspektiv på mobbing.

Organisering av programmet

Første del av programmet handlar om å skaffa ei oversikt over mobbeproblematikken ved deltakaraskulen ved å la elevane svara på det anonyme Olweus-spørjeskjemaet (*Olweus Bullying Questionnaire*). For å halda eit auge med utviklinga, bør denne undersøkinga deretter gjennomførast med jamne mellomrom, normalt ein gong i året. Alle skulane som deltek i programmet får tilgang til Olweus-spørjeskjemaet som inneheld Olweus sin definisjon av mobbeomgrepet. Denne definisjonen er dessutan del av diskusjonsmaterialet for bruk i klassen.⁶⁶²

Olweusprogrammet har eit såkalla "whole-school approach", i tillegg til fokus på klassen og individet. Programmet formulerer fire kjerneprinsipp som skal fungera som retningslinjer for utviklinga av miljøet ved skulane som er del av programmet:

- warmth, positive interest, and involvement by adults
- firm limits to unacceptable behavior

⁶⁶⁰ Olweus and Limber 2007: 5.

⁶⁶¹ http://www.hazelden.org/OA_HTML/hazAuthor.jsp?author_id=6839 (lasta ned 23.06.2015).

⁶⁶² Olweus and Limber 2007: 45-46.

- consistent use of nonphysical, nonhostile negative consequences when rules are broken
- adults who function as authorities and positive role models⁶⁶³

Gjennomgangsmelodien i desse punkta er ein tydeleg og omsorgsfull vaksen som set grenser for elevane. Olweusprogrammet er, på same måte som vi seinare skal sjå det i Roland sitt program, basert på eit såkalla autorativt vaksen-elev-forhold som ikkje må forvekslast med eit autoritært forhold. Hovudansvaret for gjennomføringa av programmet ligg på dei vaksne i skulen og ikkje på elevane, men alle elevar må involverast – ikkje berre dei som er involverte i mobbinga. Dei fleste tiltaka i *Olweusprogrammet* blei utprøvd gjennom den nasjonale kampanjen i 1983, og dei same tiltaka er skildra i boka *Mobbing i skolen*. Det som først og fremst var nytt i det endelege programmet er relativt omfattande komponentar som omfattar både skulen og miljøet rundt.⁶⁶⁴

Først og fremst har alle skular som deltek ein såkalla samordningskomité som skal ha det overordna ansvaret for innføringa av programmet av skulen.⁶⁶⁵ I tillegg skal det veljast ut ein person frå skulen sitt personale som skal vera koordinator for programmet, til dømes ein lærar, rådgivar eller sosiallærar. Denne koordinatoren skal ha ansvar for å planleggja og samordna arbeidet med programmet på skulen, tilretteleggja og gjennomføra spørjeundersøkinga og vera sekretær for samordningskomiteen. Vedkommande skal også vera eit bindeledd mellom skulen, instruktøren og Olweusgruppa (programeigar).

Dessutan skal det etablerast såkalla pedagogiske samtalegrupper ved skulen, der heile personalet deltek, inkludert leiinga ved skulen og dei tilsette på Skulefritidsordninga (SFO). I programmet er det vurdert kor ofte desse ulike gruppene og komiteane skal møtast, men normalt er det eitt 90 minutts møte annankvar veke der dei gjennomgår tiltaksprogrammet i detalj. Kvar skule har dessutan ein eigen olweusinstruktør, personar som

⁶⁶³ Olweus and Limber 2007: 31-32.

⁶⁶⁴ Nettopp desse komponentane er ulike frå t.d. den amerikansk tilpassa varianten av *Olweusprogrammet* samanlikna med den norske.

⁶⁶⁵ Samordningskomiteen består av:

- "en representant for skolens ledelseskordinator
- (minst to av) nøkkelpersonene
- ytterligere én representant for lærerne
- sosiallærer/rådgiver
- helsesøster, eller representant for skolehelsetjenesten
- to representanter for de foresatte (FAU)
- en eller to representanter for elevene (fra Elevrådet)
- representant(er) for skolefritidsordningen",

<http://uni.no/nb/uni-helse/hva-er-olweusprogrammet/#Organisering> (lasta ned 01.06.20015). Engelskspråkleg versjon av lista i Olweus og Limber 2007: 38.

har fått særskilt opplæring i bruk av Olweusprogrammet. Desse instruktørane har denne jobben i minst 3,5 år og hjelper skular med gjennomføringa av programmet. Det kan vera ein eller fleire slike instruktørar per kommune, eller fleire kommunar kan dela på ein instruktør, og dei får opplæring direkte av Olweusgruppa mot mobbing ved Uni Research Helse i Bergen.⁶⁶⁶

Utan å ha empirisk belegg for det, er det ein nærliggjande tanke at denne tette oppfølginga og ikkje minst det intensive arbeidet med å gjennomføra programmet i skulane, har ført til at både Olweus sine definisjonar, dei viktigaste forskingsresultata og sjølv sagt tiltaka i Olweusprogrammet, har blitt spreidd og dels konsolidert med innføringa av programmet i norske og utanlandske skular. Både elevar, lærarar og foreldre er aktive deltakarar i tiltaksprogrammet og drøftar jamleg mobbeproblematikken, kva mobbing er for noko og korleis mobbing kan motverkast. Innbakt i dette arbeidet ligg ei bestemt forståing av problemet, eit bestemt perspektiv og bestemte tiltak. Legg vi til den omfattande bruken av Olweus sitt spørjeskjema rundt omkring i verda, kan vi sjå på spørjeskjemaet og programmet som ein slags felles metode som har blitt spreidd gjennom konferansar og publikasjonar i den vestlege verda.

Evalueringforsking og suksesshistoria om Olweusprogrammet

Den suksessfulle gjennomføringa av Olweusprogrammet under den første Bergensstudien i 1983-85 fekk mykje merksemd innan psykologifaget internasjonalt, og Olweus publiserte i løpet av 1990-talet rundt 20 artiklar om nettopp gjennomføringa og resultata frå denne og andre studiar. Felles for alle desse publikasjonane er ei "standardforteljing" som underbyggjer og konsoliderer Olweus sitt vitenskaplege prosjekt. Denne standardforteljinga inneheld ei *fast* oppskrift som først inkluderer ei oversikt over mobbeproblematikken sett frå Olweus sitt perspektiv, deretter ei oversikt over Olweus si forskning og til slutt suksesshistoria om *Olweusprogrammet*, som altså førte til 50 % reduksjon av mobbing i 42 bergensskular.

Den første artikkelen eg har funne der denne forteljinga om Olweusprogrammet blir presentert, er artikkelen "Bullying Among School Children" frå ei artikkelsamling med utgangspunkt i nettverket og konferansen *Prevention and Intervention in Childhood and*

⁶⁶⁶ <http://uni.no/nb/uni-helse/hva-er-olweusprogrammet/#Organisering> (lasta ned 01.06.20015).

Adolescence ved Universität Bielefeld i Tyskland.⁶⁶⁷ Forteljninga startar med eit historisk tilbakeblikk på mediestormen 1982/83, den nasjonale kampanjen og undersøkinga av mobbing, før Olweus avsluttar med oppfølginga ved 42 skular i Bergensområdet. Deretter presenterer han hovudfunna frå den nasjonale undersøkinga i Noreg og ei undersøking i Göteborg, Malmö og Västerås. Her får lesaren presentert omfanget av mobbing, korleis mobbeproblematikken fordeler seg med omsyn til alder og kjønn, by og land, og mellom Noreg og Sverige.⁶⁶⁸

Etter å ha skissert omfanget av problematikken, går Olweus over på å drøfta dualismen mobbar/offer. Først ved å avliva to myter om at mobbing skuldast dårlege karakterar og ytre karakteristika, deretter ved å skissera personlegdomstrekk til eit typisk mobbeoffer og ein typisk mobbar og kva utviklingstrekk i barndomen som potensielt kan skapa eit aggressivt mønster.⁶⁶⁹ Dette er kunnskap frå tidlegare studiar og representerer såleis ikkje noko nytt, men er viktig bakgrunnsinformasjon for lesarane. Denne første delen av artikkelen blir avslutta med ei drøfting av mobbeproblematikken i eit breiare samfunnsmessig perspektiv. Kvifor er det slik at enkelte skular har meir mobbing enn andre skular? Olweus meiner delar av forklaringa ligg i det han kallar "bullying- or aggression-generating factors" – altså dårlege oppvekstvilkår for barn. I enkelte område vil mange barn få lite tilfredsstillande oppseding, og dette kan føra til auka aggressive trekk hos barn, hevdar Olweus. Han går ikkje særleg i djupna på kva han meiner med slike område, og avsnittet er svært generaliserande, mest sannsynleg fordi dette ikkje er noko han har empirisk grunnlag for.⁶⁷⁰ Derimot har han i Bergensstudien funne at enkelte faktorar kan motverka slike aggresjonsgenererande faktorar (som også kan verka dempende på mobbing). Dette handlar om haldningane til dei vaksne på skulen, om rutinar og åtferd, i tillegg til lærartettleiken i skulen.⁶⁷¹ Å arbeida mot mobbing i skulen handlar først og fremst om å sikra skulebarn grunnleggjande demokratiske rettar, hevdar Olweus:

Every individual should have the right to be spared oppression and repeated, intentional humiliation in school as in society at large. No student should be afraid of going to school for

⁶⁶⁷ "Preface" i Hurrelmann and Lösel 1990.

⁶⁶⁸ Olweus 1990: 270.

⁶⁶⁹ Olweus 1990: 274-278.

⁶⁷⁰ Olweus 1990: 279.

⁶⁷¹ Olweus 1990: 279.

fear of being harassed or degraded, and no parent should need to worry about such things happening to his or her child.⁶⁷²

Dette er eit viktig poeng for Olweus og eit viktig poeng i historia om Olweusprogrammet. Her trer det moralske aspektet ved mobbeforskninga fram ved at Olweus framhevar korleis forskinga er viktig for dei barna som kvar dag kvir seg for å gå på skulen og som kvar dag blir utsette for mobbing. Og løysinga på problemet, i følgje artikkelforfattaren, er programmet han utvikla på bakgrunn av den nasjonale kampanjen i 1983. I denne andre delen av artikkelen presenterer han først hovudintensjonane med kampanjen, deretter korleis handlingsplanen blei utforma og gjennomført, og til slutt dei endelege dataa som viste opp til 50 % reduksjon i mobbing i dei 42 bergensskulane som var med i oppfølgingsstudien hans.

Artikkelen frå 1990 var som nemnt den første i ei rad publikasjonar som alle følgjer eit gitt mønster. Seinare same år blei artikkelen "Bully/Victim Problems Among Schoolchildren: Basic Facts and Effects of a School Based Intervention Program" trykt i ei artikkelsamling som kom i stand etter 75-årsjubileet til EarlsCourt Child and Family Centre i Toronto, Canada i 1988. Også denne artikkelen inneheld to delar; den første tar føre seg mobbeproblematikken og kunnskapen om dette som Olweus har samla gjennom 20 års forskning. Standardforteljinga blir underbygd ved at relativt store delar av tekstane er like og innimellom samanfallande.⁶⁷³ Det same gjeld for ein artikkel Olweus bidrog med i antologien *Targets of Violence and Aggression* frå 1991, redigert av den amerikanske psykologen Ronald Baenninger. I følgje innleiinga hadde Baenninger samla "a group of authors whose research work has emphasized the aggression-eliciting characteristics of people and other animals, the traits that make them targets of aggressive behavior."⁶⁷⁴

Året etter, i 1992, kom ei artikkelsamling etter *Banff International Conference on Behavioural Science 1990*. Temaet for konferansen var "Aggression and violence throughout the life span" og Olweus var ein av bidragsytarane. Artikkelen hans "Bullying Among Schoolchildren: Intervention and Prevention", er også ein variant av forteljinga om Olweusprogrammet. Eit nytt moment i akkurat denne artikkelen er ei drøfting om kvifor handlingsprogrammet hadde vore så vellukka i Bergen. Suksessfaktorane, i følgje Olweus, er først og fremst at programmet er forskingsbasert, deretter at det har eit direkte fokus på

⁶⁷² Olweus 1990: 280.

⁶⁷³ Olweus 1990: 281-295 og Olweus 1991b: 427-446.

⁶⁷⁴ Baenninger 1991: 2-3.

den relevante åtferda (mobbing) og assosierte normer (og ikkje indirekte, som t.d. *Zero*, seinare utvikla av Erling Roland og Senter for atferdsforskning). For det tredje framhevar Olweus at deltakarane er oppmoda til å ta eit klart standpunkt mot mobbing i tillegg til at Olweusprogrammet har fokus på heile skulen ("whole-school approach") og at arbeidet skjer parallelt på ulike nivå (skule, klasse, individ).⁶⁷⁵ Eit femte poeng er at programmet ikkje berre er utvikla for å ta hand om akutte mobbeprosblem, men også førebygging av nye problem, og til slutt framhevar han som fordel at programmet fokuserer på mobbar/offer-problematikk, framfor aggressiv eller antisosial åtferd. Fordelen med å nytta dualismen mobbar/offer er mellom anna at offeret får stor merksemd og ikkje minst offerets lidningar, skriv Olweus. Dette direkte fokuset på dualismen mobbarar/offer i programmet har hatt som positiv sideeffekt at det sosiale klimaet på evalueringskulane betra seg, samt at hærverk og andre former for asosial og destruktiv åtferd blei redusert, avsluttar Olweus.⁶⁷⁶

Utover på 1990-talet gjentek Olweus hovudtrekka i forteljninga i ulike variantar i mange artiklar i bøker og i psykologiske og pedagogiske tidsskrift.⁶⁷⁷ Undersøkingane, datagrunnlaget og metodane varierer litt frå artikkel til artikkel, men den overordna forteljninga ligg fast.

Eitt av bidraga som skil seg litt ut, er Olweus sitt kapittel i artikkelsamlinga *Aggressive Behavior: Current Perspectives*, redigert av den amerikanske psykologen L. Rowell Huesmann.⁶⁷⁸ Huesmann hadde samla ei gruppe av verdas leiande aggresjonsforskarar, og boka var tileigna den amerikanske aggresjonsforskaren Leonard Eron, mest kjent for sine langtidsstudiar av aggresjon hos barn relatert til TV-titting.⁶⁷⁹ I kapittelet diskuterer Olweus først *langtidsutfall* av å vera mobbeoffer over tid, før han presenterer Olweusprogrammet og effektane av det. For å evaluera langtidsfølgjene av det å vera mobbeoffer, gjennomførte han ei oppfølgingsstudie av 87 unge menn på 23 år der nokre av desse hadde vore mobba i minimum tre år medan dei gjekk på skulen (mellom 6. og 9. klasse).⁶⁸⁰ Desse gutane hadde delteke i ei undersøking av Olweus både i 6. og 9. klasse, og i denne gruppa var det mellom

⁶⁷⁵ Olweus 1992b: 120.

⁶⁷⁶ Olweus 1992b: 122.

⁶⁷⁷ Olweus 1992a: 98 (norsk utgåve), Olweus 1993a: 127 (engelsk utgåve). Olweus 1994a, Olweus 1994b, Olweus 1995a, Olweus 1995b, Olweus 1996a, Olweus 1996b, Olweus 1996c, Olweus 1997a, Olweus 1997b, Olweus 1997c, Olweus 2004a, Olweus 2004b, Olweus 2005a, Olweus 2010a, Olweus and Limber 2010.

⁶⁷⁸ Olweus 1994b..

⁶⁷⁹ Huesmann 1994: x (Preface).

⁶⁸⁰ Olweus 1994b: 101.

anna 17 tidlegare mobbeoffer og 17 tidlegare mobbarar.⁶⁸¹ Interessant nok fann Olweus at trass i stabile trekk i skuletida (dei som var utsette for mobbing i 6. klasse var det også i 9. klasse), var det få av dei tidlegare mobbeofra som rapporterte om at dei blei utsette for mobbing eller sosial eksklusjon som ung vaksen.⁶⁸² Derimot hadde dei mykje høgare nivå av depresjonar, eller depressive tendensar, og generelt eit meir negativt sjølvbilete samanlikna med kontrollgruppa.⁶⁸³ Trass i dette fann Olweus resultatet av studien oppløftande, ettersom desse tidlegare mobbeofra scora likt som kontrollgruppa på fleire såkalla "internaliserande" faktorar: "They were no longer particularly anxious, inhibited, introverted, or nonassertive in interactions with others, nor were there indications that they had elevated stress levels."⁶⁸⁴

Dette forklarar Olweus med at mobbinga i skuletida er bestemt av ein gitt situasjon – nemleg møtet med dei aggressive medelevane (mobbarane), noko som vidare tyder på at mobbeofra ikkje nødvendigvis manglar sosiale ferdigheiter fordi dei altså viser at dei innehar desse seinare i livet. For Olweus er ein naturleg konsekvens av dette at tiltaka mot mobbing dermed må setjast inn for å betra "the behavior and attitudes of the social environment, in particular the aggressive bullies".⁶⁸⁵ Her kjem Dan Olweus sitt individualpsykologiske perspektiv tydeleg fram. Der ein sosiolog ville vore interessert i sjølve den sosiale situasjonen og spenningane i den, vender Olweus merksemda si mot dei aggressive mobbarane for å betra det sosiale klimaet på skulen.⁶⁸⁶

Som vi har sett i denne delen blei suksesshistoria om Olweusprogrammet spreidd gjennom omfattande publisering og deltaking på internasjonale konferansar. Evalueringsforskinga var god reklame for Olweusprogrammet og Olweus kunne tilby ein ferdig pakke med tiltaksprogram som inneheldt eit forskingsbasert, kvantitativt spørjeskjema, ein tiltakspakke som delvis var utprøvd gjennom den nasjonale kampanjen og ikkje minst svært gode resultat å visa til. Inkludert i denne pakken blei altså Olweus sitt perspektiv på mobbeforskinga spreidd, noko som førte til at dette bestemte perspektivet på mobbing blei etablert i både inn- og utland.

⁶⁸¹ Olweus 1994b: 102.

⁶⁸² Olweus 1994b: 103-104.

⁶⁸³ Olweus 1994b: 105.

⁶⁸⁴ Olweus 1994b: 110.

⁶⁸⁵ Olweus 1994b: 111.

⁶⁸⁶ Sjø Flygare 2002: 67.

Gjennom involveringa av forskarane i handlingsgruppa i 1983, la Kyrkje- og undervisningsdepartementet indirekte grunnlaget for utviklinga av Olweusprogrammet og seinare ZERO-programmet, som eg kjem inn på i det neste kapitlet. Få har stilt spørsmålsteikn ved denne koplinga mellom dei politiske, kommersielle og vitskaplege interessene i denne prosessen. Opphavet var altså ein statleg finansiert kampanje og forskarane var på dette tidspunktet offentleg tilsette forskarar. Tiltaksprogramma som blei utvikla på bakgrunn av kampanjen blei deretter kommersialisert gjennom distribusjon og sal til offentlege skular som skulle prøva å koma mobbeproblemet til livs. Overført til John Pickstones terminologi ser vi dermed at forskinga på tiltaksprogramma kan kallast teknovitskap ("a way of *knowing* and a way of *making*").⁶⁸⁷

Ei sentral utfordring for mobbeforskning og andre teknovitskapar, er at mobbeforskinga, programutviklinga og evalueringsforskinga er tett vevd saman. På toppen kjem dei politiske og kommersielle interessene, ved at politikarane løyver pengar til forskningssentra og oppmodar skulane til å kjøpa antimobbeprogram. Det er ikkje vanskeleg å sjå for seg at mobbeforskarane lett kan bli fanga i sitt eige intellektuelle garn, noko som kan føra til at ein ikkje ser opplagte problem eller utfordringar ved forskinga eller tiltaksprogramma. Eit ekstra kompliserande element er sjølvstøtt at mobbing er ei grufull åtferd for dei som blir utsette for det, og at vi som medmenneske ikkje kan la vera å prøva å hjelpa. Dette er eit svært viktig og interessant problemfelt som ingen enno har diskutert grundig, og som heller ikkje vil bli drøfta her, då eg ikkje veit *omfanget* at dei kommersielle interessene, eller *i kva grad* offentleg finansiering har påverka forskinga. Likevel er det viktig å peika på dei problematiske aspekta ved denne typen forskning. Dilemmaet er på ingen måte unikt for mobbeforskinga, men er ein del av eit overordna problem i forholdet mellom offentleg forskning, oppdragsforskning, utvikling av patenterte forskingsbaserte tiltak som til dømes medisin, kommersialisering gjennom sal og til slutt evalueringa av effektane.⁶⁸⁸

⁶⁸⁷ Sjå også Pickstone 2001: 163.

⁶⁸⁸ Som ein parallell nemner Pickstone problematikken rundt utviklinga av penicillin, som blei oppdaga av offentlege britiske legar, men vidareutvikla og patentert av amerikansk legemiddelindustri. Pickstone 2001: 201.

Konklusjon

Gjennom hardt arbeid og eit høgt tal internasjonale publikasjonar opparbeidde Olweus seg i løpet av 1970-åra status som ein av dei leiande aggresjonsforskarane internasjonalt. Dette meiner eg har vore utslagsgivande for gjennomslagskrafta han seinare fekk då han publiserte dei første mobbestudiane sine. Ikkje minst har bakgrunnen hans som personlegdomspsykolog vore heilt avgjerande for måten forskinga hans har blitt etablert som det leiande perspektivet innan mobbeforskinga. Under arbeidet med doktorgraden forska han på ulike metodar for å kartleggja aggresjon blant unge gutar, eit arbeid som la grunnlaget for utviklinga av *Olweus Bullying Questionnaire*. Objektiviseringa av mobbeforskinga gjennom spørjeskjemaet og seinare Olweusprogrammet, har vore viktige for at dette perspektivet blei så dominerande som det blei. Inkludert i denne pakken var definisjonar og ei individualpsykologisk tilnærming til problematikken gjennom dualismen mobbar/offer. Dette vitenskaplege prosjektet blei også underbygd og konsolidert ved å gjenta suksesshistoria om Olweusprogrammet på eit stort tal konferansar og i mange vitenskaplege publikasjonar.

Ved å arrangera den første internasjonale konferansen om mobbing, var det Erling Roland som la til rette for at Olweus sitt perspektiv skulle bli spreidd ut i verda. Deltakarane tok med seg definisjonen og spørjeskjemaet heim og spreidde også på den måten Olweus og dels Roland sitt perspektiv.

På 1990- og tidleg 2000-talet var det mange som trudde ein kunne bli kvitt heile mobbeproblemet ved hjelp av ulike tiltaksprogram. Denne nullvisjons-optimismen er i dag erstatta av ei meir nøktern innstilling, der "nullvisjon" er bytta ut med "nulltoleranse".⁶⁸⁹ I det neste kapitlet skal vi sjå på kva politiske tiltak som blei sett i gang på andre halvdel av 1990-talet og 2000-talet og kva dei har hatt å seia for utviklinga av mobbeforskinga.

⁶⁸⁹ Intervju med Roland i *SPOR* nr. 2, 2010, s. 14, http://www.korusnord.no/Global/Publikasjoner/Spor/Spor_2_10_LoRes.pdf (lasta ned 16.11.2015).

Kapittel 7:

1995-2005: Ny politisk giv og Manifest mot mobbing

Nyttårsaftan 2002 innleia kong Harald nyttårstalen til det norske folk ved å sitera frå eit brev han hadde fått av ei jente på ni år som synest det var så mykje mobbing og slåssing i friminuttane på skulen sin. I nyttårstalen fortalte kongen at mobbing, vald og kriminalitet var eit stort problem for mange i Noreg, men at det no blei arbeidd for å kjempa mot mobbing. Han mana til auka respekt for kvarandre og for oss sjølve, og å føra tilbake ordet "medfølelse" til den oppveksande generasjonen.⁶⁹⁰ Dagen etter følgde dåverande statsminister Kjell Magne Bondevik opp tematikken, og også han brukte mykje tid i sin nyttårstale til å snakka om mobbing og aukande valdskriminalitet i samfunnet.⁶⁹¹

Hovudgrunnen til denne auka merksemda rundt mobbing var at statsministeren, saman med barneombodet og representantar frå Kommunenes Sentralforbund, Utdanningsforbundet og Foreldreutvalget for grunnskolen hadde signert det såkalla *Manifest mot mobbing* 23. september 2002. Manifestet forplikta partane til å arbeida for å motverka mobbing i skulen, og signeringa av manifestet var viktig av fleire grunnar. Først og fremst den auka mediemerksemda som følgde i kjølvatnet, men også at mobbeproblemet på nytt blei anerkjent av politikarane, illustrert ved at både konge og statsminister snakka om mobbing i nyttårstalane sine. Signaleffekten av desse talane var særskild viktig, men enno viktigare var tiltaka som blei kopla på manifestarbeidet. Det norske mobbeforskingstiljøet var stort sett avgrensa til miljøa rundt Dan Olweus og Erling Roland, og som tidlegare, var det desse miljøa politikarane vende seg til då det skulle setjast i gang nye tiltak. Og som ein parallell til hendingane på 1980-talet var politikarane avhengig av vitskapen og forskarane for å setja i gang tiltak. Kva kom ut av samarbeidet denne gongen?

Manifestarbeidet tidleg på 2000-talet hadde røter tilbake til ein politisk offensiv mot mobbing og arbeid for betre arbeidsmiljø for elevane frå midten av 1990-talet. Offensiven mot mobbing kom som følgje av ein ny runde mediemerksemd om problemet, medan arbeidsmiljøarbeidet først og fremst var eit resultat av førebuaende arbeid i samband med

⁶⁹⁰ H.M. Kongens nyttårstale 2002, NTBTEKST, 31.12.2002.

⁶⁹¹ Statsministerens nyttårstale 2003,

https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/tale_ved_nyttarsskiftet/id266510/ (lasta ned 27.10.15).

innføringa av 10-åring grunnskole for alle (Reform 97). Arbeidet førte dessutan til eit anna vendepunkt i forholdet mellom vitskapen og politikken, nemleg den såkalla ”mobbelova”, paragrafen som blei lagt til den nye Opplæringslova av 1998 i 2002 (§ 9a-3). Korleis kom denne paragrafen på plass, og kva for forståing av problematikken ligg til grunn for utforminga av lovparagrafen?

Ny normkrise og mobbelov

I gymnastikktimen til ein niandeklasse ved Skedsmovollen ungdomskole 9. januar 1995 knivstakk ein 15-årig gut ein medelev med ein brødkniv på grunn av langvarig mobbing.⁶⁹² Som eit ekko av hendingane i Tromsø i 1983, fekk knivstikkinga mykje mediemerksemd og førte til ein ny mediedebatt om mobbing spesielt, men også meir generelt om auka vald og ei ny normkrise i den norske skulen.

Knivstikkinga blei framstilt som det siste i ei rekkje eksempel på at bruk av rå vald i skulen var eit aukande problem og saka fekk høg prioritet i dei fleste riksavisene.⁶⁹³ Fleire av avisene laga artikkelseriar med topptekstar av typen ”Den rå skolevolden” presentert over fleire dagar. VG oppmoda alle lesarar om å ta kontakt på den døgnopne reportertelefonen deira for å tipsa dei om eigne erfaringar med skulemobbing eller tilfelle ein kjente til.⁶⁹⁴ Dan Olweus og Erling Roland fekk spalteplass og peika på at både den generelle valdsutøvinga i samfunnet og mobbing hadde auka dei siste åra, utan at noko blei gjort med problemet.

Hendinga på Skedsmovollen ungdomsskole skjedde nokså nøyaktig to år etter at ein 16-årig elev ved Hersleb skole i Oslo døydde etter å ha blitt knivstukken av ein medelev i klasserommet. Både gjerningsmannen og offeret på Hersleb gjekk i ein såkalla mottaksklasse med elevar som nyleg var komne til Noreg, og 15-åringen som stakk hadde store psykiske problem.⁶⁹⁵ Også dette drapet hadde ført til oppheta debattar i media, der lærarane skulda politikarane for manglande handlekraft og vilje til å ta valdsutfordringane i osloskulen på

⁶⁹² VG 10.01.95.

⁶⁹³ VG 11.01.1995 og 12.01.1995, *Dagbladet* 11.01.1995 og 12.01.1995, *Aftenposten* 11.01.1995 og 12.01.1995, *BT* 12.01.1995.

⁶⁹⁴ VG 12.01.1995.

⁶⁹⁵ *Aftenposten* 16.02.1993.

alvor.⁶⁹⁶ Hendinga i 1995 blei på mange måtar sett på som ei stadfesting av at lite og ingenting var gjort for å betra forholda i skulen.

Det som først og fremst skilde knivstikkinga på Skedsmovollen ungdomsskole frå fleire tidlegare hendingar, var at forklaringa blei hevda å vera langvarig mobbing. Hovudfokuset i media var dermed spesifikt på mobbeproblematikken. To dagar etter knivstikkinga foreslo Dan Olweus ei lov mot mobbing på linje med lova Sverige hadde fått året før.⁶⁹⁷ Forslaget var på ingen måte noko nytt, som vi hugsar frå kapittel 4 var dette noko Olweus alt hadde lansert i 1980/81. Forskjellen var at denne gongen blei tråden plukka opp. Allereie dagen etter at Olweus hadde gjentatt ideane sine frå 1980-talet, foreslo leiaren i Arbeiderpartiet Torbjørn Jagland nettopp ei lov mot mobbing i eit intervju med *Dagbladet*.⁶⁹⁸ Lova skulle sikra alle barn rett til ein skulegang fri for mobbing, hevda Jagland, og eit par dagar seinare stod KrFs nestleiar Jon Lilletun fram og støtta saka. Den såkalla mobbelova blei diskutert i avisene utover vinteren og meiningane var delte om framlegget, til dømes var Lærarlagsleiar Helga Hjetland skeptisk grunna usikkerheit om i kva grad lærarane kunne bli strafferettsleg ansvarleg for eventuell mobbing på skulen.⁶⁹⁹ I *Dagbladet* dukka det opp ein kronikkserie om mobbing i skolen, der mellom anna mobbelova blei diskutert. Innvendingar mot lova var at ein eigen paragraf mot mobbing kunne fungera som ei sovepute for både politikarar og lærarar, og at ei lov mot mobbing ikkje var nødvendig fordi eksisterande læreplanar og lover allereie dekkja problematikken godt nok.⁷⁰⁰

Same dag som Jagland i *Dagbladet* foreslo ei lov mot mobbing, sendte dåverande kyrkje-, utdannings- og forskingsminister Gudmund Hernes frå AP brev til det såkalla opplæringslovutvalet, som sidan 1993 hadde arbeidd med "å gjennomgå opplæringssektorens styringsordning og til å foreslå et nytt og bedre opplæringsvedtak".⁷⁰¹ I brevet spesifiserte statsråden utvalets mandat ytterlegare:

⁶⁹⁶ *Aftenposten* 17.02.1993, VG, 18.02.1993.

⁶⁹⁷ *Aftenposten* 11.01.1995, sjå også VG 14.01.95.

⁶⁹⁸ *Dagbladet* 12.01.1995.

⁶⁹⁹ *BT*, 31.01.1995.

⁷⁰⁰ *Dagbladet* 18.01, 21.01, 25.01 og 28.01.1995.

⁷⁰¹ NOU 1995: 18, s. 2. Utvalet var sett ned ved kongeleg resolusjon 10.11.93 av regjeringa Brundtland III.

Jusprofessor ved UiO Eivind Smith var leiar i utvalet, som i tillegg hadde desse medlemmene: utdanningsdirektør i Finnmark Kari Berg, leiar i Lærarforbundet Anders Folkestad, avdelingsdirektør i Administrasjonsdepartementet Eva Hildrum, rådgivar i Kommunal- og arbeidsdepartementet Christine Hjortland, advokat Harald Hove frå Bergen, ekspedisjonssjef i Kyrkje-, forskings- og utdanningsdepartementet Hanna Marti Jahr, rådgivar i Finansdepartementet Lars Loe, rektor ved S. Sunniva skole Sr. Marie-Kristin Riosianu, leiar i Kommunenes Sentralforbund Halvdan Skard, universitetslærer ved UIT Kristin Solberg, advokat

Den svenske skolelov har fra sommeren 1994 følgende formulering i sin skolelov: "Særskilt skall den som verkar inom skolan bemöda sig om att hindra varje försök från elever att utsätta andra för kränkande behandling." Jeg vil be om at utvalget vurderer forarbeidene til denne paragrafen og en tilsvarende formulering i den nye norske opplæringsloven.⁷⁰²

I tillegg til debatt i media og handling frå kyrkje-, utdannings- og forskningsministeren, blei diskusjonen løfta inn i Stortinget då stortingsrepresentant Øystein Djupedal frå SV veka etter knivstikkinga stilte Hernes følgjande spørsmål:

Gjennom media den siste tiden er det kommet fram at omfanget av elever som bærer våpen på skolen, er økende, og at vold i skolemiljøet har blitt mer vanlig. Hvilke tiltak kan settes i verk for å motvirke denne alarmerende utvikling?⁷⁰³

Statsråden innleia svaret med å visa til at kriminalstatistikken frå 1969 til 1995 viste nedgang i aldersgruppa opp til 15 år, medan tala for gruppa 16-17 år viste ein auke. I tillegg framheva han at i følgje Grunnskolelovas § 16 om arbeidsmiljøet i skulen skulle kvar skule ha eit reglement som handla om elevanes rettar og plikter, føresegnar om åtferd samt tiltak dersom elevane braut reglementet. Vidare viste han til at den nasjonale kampanjen mot mobbing i 1983 seinare var blitt følgt opp av stadige påminningar frå departementet, mellom anna var rettleiingsmateriellet og videokassetten revidert og sendt ut på nytt i 1992.⁷⁰⁴ Departementet ville senda ut eit rundskriv til skulane for å understreka at vald ikkje kunne akseptast, utdjupa Hernes vidare: "departementet [har] bedt Lovutvalget – som gjennomgår hele utdanningslovgivningen – å vurdere hvor vidt det er hensiktsmessig å ha en egen bestemmelse i skolelovene mot mobbing".⁷⁰⁵

Mobbeføresegn og elevane sitt arbeidsmiljø

Eit halvt år seinare, 4. juli 1995, la opplæringslovutvalet fram resultatet av arbeidet i form av NOU 1995: 18 *Ny lovgiving om opplæring "... og for øvrig kan man gjøre som man vil"*, der dei foreslo ei ny felles opplæringslov for å avløysa fleire av dei eksisterande

i Landsforeningen for bygg og anlegg Johan Sverdrup, professor ved Bedriftsøkonomisk Institutt Rune Sørensen, leiar i Norsk lærerlag Per Wøien og rektor ved Arbeiderbevegelsens folkehøgskole Knut Aagesen. NOU 1995: 18, s. 20.

⁷⁰² NOU 1995: 18, s. 17.

⁷⁰³ St.forh. 1994/95 del 7b, s. 1901.

⁷⁰⁴ Heftet *Mobbing – bakgrunn og tiltak* av Olweus og Roland frå 1983 blei revidert og omskrive av tidlegare formann i Foreldregruppa under Grunnskolerådet, læraren Karen-Marie Flo. Sjå Flo 1992.

⁷⁰⁵ St.forh. 1994/95 del 7b, s. 1902.

opplæringslovene.⁷⁰⁶ På bakgrunn av statsrådets bestilling hadde utvalet studert forarbeida til den svenske skulelova frå 1994, og i utgreiinga konkluderer dei med at ei lovføresegn på linje med den svenske ville vera dekkjande også i Noreg. Utvalet meinte lovføresegna om mobbing burde inkluderast i formålsparagrafen i den nye opplæringslova, samstundes som forslaget blei avgrensa til å gjelda krenkande ord og handlingar ovanfor elevar, heilt på linje med den svenske teksten.⁷⁰⁷

På grunn av stortingsval og påfølgjande regjeringsskifte hausten 1997, der Thorbjørn Jaglands regjering (AP) blei erstatta med den første regjeringa til Kjell Magne Bondevik (Krf, SP og V), skulle det gå tre år før sjølve lovteksten var ferdig. Våren 1997 blei Ot.prp. nr. 36 (1996-97) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)* fremja på grunnlag av innstillinga frå utvalet og over 500 tilbakemeldingar frå høyringsrunden, men lovproposisjonen blei ikkje behandla av Stortinget før etter valet hausten 1997. Etter regjeringsskiftet blei det utarbeidd ein ny proposisjon, Ot.prp. nr. 46 (1997-98) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Dei to proposisjonane (36 og 46) er så godt som identiske i dei delane som gjeld arbeidsmiljøet for elevane i skulen og mobbing, som er dei to underkapitla som omhandlar mobbing.

Bakgrunnen for at også elevane sitt *arbeidsmiljø* (og derunder mobbing) blei diskutert i proposisjonen, var eit forslag frå stortingsrepresentanten Sigurd Manneråk (SP). 1. desember 1995, eit halvt år etter at opplæringslovutvalet la fram NOU 1995: 18, foreslo Manneråk at det blei lagt fram ei stortingsmelding om arbeids- og læringsmiljøet for elevar og lærarar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen.⁷⁰⁸ Kyrkje, utdannings- og forskingskomiteen behandla forslaget og kom med ei innstilling i mars 1996. Fleirtalet i komiteen tilrådde at Stortinget bad regjeringa utarbeida føresegner i lovverket for å ivareta det fysiske arbeidsmiljøet for elevar, på linje med dei føresegnene som gjeldt for vanlege arbeidstakarar.⁷⁰⁹ I innstillinga refererte komiteen til svarbrevet kyrkje-, undervisnings- og forskingsminister Reidar Sandal (AP) skreiv til Manneråk 2. februar 1996. Sandal var ikkje overtydd om at det var behov for ei eiga stortingsmelding om elevane sitt arbeidsmiljø og

⁷⁰⁶ Utvalet foreslo å slå saman grunnskulelova, lov om vidaregåande opplæring, fagopplæringslova, privatskulelova, lærarutdanningslova og delar av vaksenopplæringslova til ei felles lov om grunnskule og vidaregåande opplæring (opplæringslova). Pressemelding nr. 059-95, 04.07.95, KUF.
https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/offentlig_utvalg_foreslar-ny_felles/id235305/ (lasta ned 17.09.15).

⁷⁰⁷ NOU 1995: 18, s. 229.

⁷⁰⁸ Dokument 8:14 S (1995-96), St.forh. 1995/96 del 9 s. 31.

⁷⁰⁹ Innst. S. nr. 144 (1995-96).

viste mellom anna til at opplæringslovutvalet i NOU 1995: 18 hadde foreslått å la arbeidsmiljølova gjelda for elevar, eventuelt at særreglar blei tatt inn i opplæringslovgivinga.⁷¹⁰

Statsråden framheva dessutan regjeringas arbeid for å betra læringsmiljøet, mellom anna gjennom handlingsplanen "Trygghet og nærhet i hverdagen" frå 1993, revidert to år seinare. Saman med Justisdepartementet gjennomførte elles Kyrkje, utdannings- og forskningsdepartementet (KUF) eit "omfattande forsøksprogram med skulemekling etter modell av konfliktråda", påpeikte Sandal i brevet.⁷¹¹ Avslutningsvis viste ministeren til ei anna innstilling som handla om ny læreplan for tiårig grunnskole i samband med at seksåringane skulle inn i skulen. I denne sistnemnte innstillinga meinte komiteens fleirtal (medlemmene frå AP, SP, SV og Krf) at:

retten til mobbefritt miljø må lovfestes og retningslinjer for skolens virksomhet utformes slik at kampen mot mobbing og krenkende oppførsel blir en kontinuerlig prosess i skolens daglige virksomhet. Ansvaret må gjelde hele skolens personale – lærere, assistenter, administrasjon og helsepersonale og vaktmestere. Kravet om mobbefritt miljø må også gjelde skolevei og transport til og fra skolen.⁷¹²

Proposisjonane om opplæringslova drøftar begge desse innstillingane, men konkluderer med at arbeidet med å inkludera føresegner om elevane sitt arbeidsmiljø i lovverket var for omfattande til at det kunne bli tatt med i samband med ny opplæringslovgiving. I den siste av dei to proposisjonane (Ot.prp. nr. 46), melder departementet at dei har oppretta ei arbeidsgruppe som skal vurdere lovreguleringa av arbeidsmiljøet for elevane: "Arbeidsgruppa vurderer kva som er dei faktiske og rettslege avgrensingane i det gjeldande regelverket, og vil på denne bakgrunnen gjere framlegg om eventuelle lovendingar."⁷¹³ Fram til denne utgreiinga var klar, valde departementet å venta på eventuelle endringar i lovverket med omsyn til dette spørsmålet.

Heller ikkje retten til eit mobbefritt miljø blei tatt direkte inn i lovverket, trass i tilrådinga frå fleirtalet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Stortinget slik vi såg det uttrykt i Innst. S. Nr. 15 (1995-1996). Grunnen til dette var at departementet fann det vanskeleg å knyta prinsippet til ein lovesta individuell rett: "Departementet viser i den

⁷¹⁰ Reidar Sandal overtok ministerposten etter Hernes 22.12.1995. Vedlegg til Innst. S. Nr. 144 (1995-96).

⁷¹¹ Vedlegg til Innst. S. Nr. 144 (1995-1996), s. 3.

⁷¹² Innst. S. nr. 15 (1995-96), s. 8.

⁷¹³ Ot.prp. nr. 46 (1997-98), s. 80.

samanhengem til at slike rettar ikkje har nokon realitet fordi mobbing også kjem av forhold som skolen ikkje fullt ut kan kontrollere, til dømes åtfærd til andre elevar.”⁷¹⁴

Her er det tydeleg at departementet legg seg på linje med Olweus, som forklarar aggressiv åtfærd med dårlege oppvekstforhold. Men som vi skal sjå i det neste kapitlet, er det no fleire mobbeforskarar som ser på mobbing som ein type åtfærd som oppstår nettopp i skulesamanhengar, der elevar er samla i administrativt samansette grupper, mot elevane sin eigen vilje.⁷¹⁵

Heile denne krunglete utgreiingsrunden enda til slutt med at mobbing berre indirekte blei tatt med i den nye *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) av 17. juli 1998*. Sjette ledd i § 1-2. *Formålet med opplæringa*, handlar om læringsmiljøet i skulen:

Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar, mellom lærlingar og bedrifter, mellom skole og heim, og mellom skole og arbeidsliv. Alle som er knytte til skolen eller til lærebedriftene, skal arbeide for å hindre at elevar og lærlingar kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.⁷¹⁶

Omgrepet mobbing blei altså ikkje brukt i 1998-versjonen av Opplæringslova, og det er berre i formålsparagrafen at problematikken er tematisert. Fleire reagerte på at formuleringane i lova var svært vage og for lite forpliktande for skulane, både når det gjaldt barnas fysiske og psykososiale læringsmiljø.⁷¹⁷ Og det skulle ikkje gå så lang tid før det kom nye krav om endringar i lovverket. 18. mai 2000 diskuterte Stortinget regjeringas utdanningspolitikk då SV kom med følgjande forslag: ”Stortinget ber Regjeringen i løpet av høsten 2000 å fremme et forslag om å lovfeste arbeidsmiljøbestemmelser for elever og studenter.”⁷¹⁸ Forslaget resulterte i Ot.prp. nr. 72 (2001-02) *Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*.

I Ot.prp. nr 72 (2001-02) finn vi mellom anna eit heilt nytt kapittel om elevane sitt skulemiljø, derunder ein paragraf om det psykososiale miljøet i skulen. Departementet hadde i høyringsrunden avgrensa høyringsutkastet til berre å gjelda det fysiske miljøet, men

⁷¹⁴ Ot.prp. nr. 46 (1997-98), s. 81.

⁷¹⁵ Sjå t.d. Eriksson 2001, Schott 2009.

⁷¹⁶ *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 1998*. Historisk versjon gjeldande frå 01.01.1999. <https://lovdata.no/pro/#document/HIST/lov/1998-07-17-61-19990101?from=NL/lov/1998-07-17-61/> (Lasta ned 06.10.15).

⁷¹⁷ *Dagbladet* 18.08.1998, *Nordlys* 10.03.1999, *Aftenposten* 29.01.2000.

⁷¹⁸ St.forh. 1999/00, del 7d, s. 3161.

på bakgrunn av innspel i høyringsrunden, kom dei fram til at den gjeldande formuleringa i Opplæringslova (§ 1-2, siste ledd) også burde supplerast med meir utfyllande føresegner. Departementet hevda framleis at det ikkje ville vera realistisk å lovfesta "ein individuell rett til eit skulemiljø fritt for mobbing, vald, rasisme og anna krenkjande åtferd".⁷¹⁹

I den nye føresegna, som er gjeldande i dag, er skulen pliktig å gripa inn dersom dei får kjennskap til at elevar blir utsette for krenkjande ord eller handlingar. Skulen sin reaksjon skal reknast som eit enkeltvedtak sjølv om tiltak ikkje blir sett i verk.⁷²⁰ Det er også høve til å klaga på manglande handling frå skulen si side etter føresegnene for enkeltvedtak i forvaltningslova § 28.⁷²¹

Eit interessant poeng i proposisjonen er at i departementets merknader til dei ulike paragrafane er det Olweus sin definisjon av mobbing som blir brukt for å grunngi ordlyden i lovteksten. Departementet poengterer at dette er ein internasjonalt brukt definisjon av mobbing og at lovutkastet omfattar både direkte og indirekte mobbing.⁷²²

20. desember 2002 blei så endeleg *Kapittel 9a Elevane sitt skulemiljø* lagt til *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17. juli 1998*. Mobbing er omtalt i § 9a-3. *Det psykososiale miljøet*:

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.⁷²³

Det skulle altså gå nesten åtte år å få på plass ei føresegn mot mobbing i lova, frå arbeidet starta vinteren 1995 med statsråd Hernes sitt spesifiserte mandat til opplæringslovutvalet.

⁷¹⁹ Ot.prp. nr. 72 (2001-2002), s. 22.

⁷²⁰ I følge *Lov om behandlingssmåten i forvaltnings saker (forvaltningsloven) av 10. februar 1967*, Kapittel I. Lovens område. Definisjoner. § 1. (lovens generelle virkeområde), er eit enkeltvedtak "et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer". https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL_1 (lasta ned 06.10.15).

⁷²¹ Ot.prp. nr. 72 (2001-2002), s. 35.

⁷²² Ot.prp. nr. 72 (2001-2002), s. 34.

⁷²³ Lovdata, https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_9 (lasta ned 18.09.15).

Men parallelt med arbeidet for å få på plass ein lovtekst, var det stor politisk aktivitet for å betra skulemiljøet, noko vi skal sjå på i det følgjande.

Nytt forskingssenter og ny nasjonal satsing mot mobbing

Det var, som vi veit, ikkje berre Dan Olweus som utarbeidde eit tiltaksprogram basert på 1983-kampanjen, Erling Roland lanserte også eit eige program basert på erfaringane han fekk med oppfølgingsstudien – Janus-prosjektet – i Rogaland i åra etter 1983. Programma har altså felles utgangspunkt, men skil seg på eit par område, mellom anna byggjer Roland sitt program på det han kalla ein "systemorientert strategi" mot mobbing. Dei første ideane til programmet presenterte han i artikkelen "A System Oriented Strategy Against Bullying" i antologien *Bullying. An International Perspective* (1989), som kom ut i kjølvatnet av konferansen i Stavanger i 1987. I denne artikkelen framhevar Roland at hovudintensjonen med denne skissa til eit nytt tiltaksprogram var å

(...) create a system of social integration between parents, pupils and the teacher. By social integration, I mean social systems where members act in mutual dependency according to agreed norms. When these norms are governed by the demand for prosocial behaviour, one would expect this to inhibit and limit bullying and that any bullying episodes would be easier to detect and handle.⁷²⁴

Dei direkte tiltaka Roland skisserer i den korte artikkelen handlar om teknikkar lærarar kan nytta ved tilfelle av mobbing og er igjen bygd på tiltaka han presenterte i *Strategi mot mobbing* frå 1983.⁷²⁵

I eit kapittel i antologien *Understanding and Managing Bullying* frå 1993, utdjupar Roland kva dette nye programmet gjekk ut på. Programmet skil seg frå 1983-kampanjen ved at det har eit fokus på "'the good start' principle and also the 'system' principle", skriv Roland.⁷²⁶ Den viktigaste erfaringa han sat att med etter 1983-aksjonen var at engasjement døyr raskt ut. Eit sentralt moment i det nye tiltaksprogrammet var difor å få lærarane til å oppretthalda interessa for tiltak mot mobbing. Eit anna viktig poeng var at Roland tok eit steg bort frå individfokuset i kampanjen frå 1983: "bullying is not conceptualised simply as

⁷²⁴ Roland 1989c: 147.

⁷²⁵ Sjå kap. 5.

⁷²⁶ Roland 1993: 26.

the number of bullies and victims that result from particular home-class conditions but as a pattern of interaction between the bullies and between the bullies and the victim".⁷²⁷

Roland ville altså fokusera meir på *situasjonen og relasjonane mellom barna*, og han plasserer seg dermed ein stad midt mellom Heinemann og Olweus si forståing av mobbeproblematikken. Dette var eit perspektiv Roland hadde arbeidd jamt og trutt med sidan 1980-talet. I 1983 gav han ut boka *Sosialt nettverk som pedagogisk begrep*, ei teoretisk og definitorisk analyse av nettverksomgrepet og i kva grad omgrepet kan brukast innan pedagogikken. Nettverk var også temaet for boka *Elevkollektivet* frå 1995, ei bok skriven for lærarar om dei sosiale relasjonane mellom elevane i klassen og ikkje minst korleis desse relasjonane påverkar åtferda til elevane. I tillegg framhevar han korleis den gode læraren både er omsorgsfull og har autoritet ovanfor elevane sine, utan at det betyr at han/ho er autoritær.⁷²⁸ Eit par år seinare disputerte Roland med avhandlinga *School Influences on Bullying* ved Durham University i Storbritannia. Også her er hovudtemaet relasjonar mellom lærarane og samspelet elevane imellom i klassen, kopla opp mot mobbing. I undersøkinga han gjennomførte, fann han indikasjonar på at lite mobbing kan hengja saman med godt sosialt klima i klassane, altså gode relasjonar.⁷²⁹

I 1989 grunnla Erling Roland Senter for atferdsforskning (SAF) ved dåverande Stavanger Lærerhøgskole. Berre tre år seinare, i 1992, fekk SAF nasjonal status som spesialpedagogisk kompetansesenter.⁷³⁰ I følgje historia om senterets første 20 år, var SAFs hovudopdrag etter 1992

å bistå kommuner og fylkeskommuner med høyt kompetent og fortrinnsvis forskningsbasert støtte og veiledning, med sikte på å sikre barn og unge med ulike typer funksjonsvansker kvalitativt god opplæring. Innenfor området sosiale og emosjonelle vansker og problematferd delte SAF i starten det faglige ansvaret med Lillegården og Rogneby kompetansesenter.⁷³¹

SAF utvikla raskt ein systemorientert og tverrfagleg tilnærming og strategi for arbeidet sitt, noko som gav seg utslag i den grunnleggjande forståinga at barns sosiale og emosjonelle vanskar var å finna på ulike arenaer barna oppheld seg i, som t.d. familien, klassen og skulegarden. Som følgje av dette blei også åtferdsvanskar først og fremst sett på som eit

⁷²⁷ Roland 1993: 27.

⁷²⁸ Roland 1995: 31.

⁷²⁹ Roland 1999: 235.

⁷³⁰ Sunnanå og Helgesen 2009: 17.

⁷³¹ Sunnanå og Helgesen 2009: 25.

relasjonelt problem. Dette passar naturlegvis som hand i hanske med Rolands nye tiltaksprogram mot mobbing.

1996-aksjonen – forløparen til ZERO

Som vi såg innleiingsvis, var 1995 eit år prega av debatt om mobbing, vald i skulen og normkrise. Mobbing blei debattert både på Stortinget og i regjeringa.⁷³² 15. mai 1995 kom justisminister Grete Faremo til Stortinget for å gi ei utgreiing om regjeringas tiltak mot vald. Statsråden hadde sjølv bede om å få koma, då kampen mot vald var eit av regjeringas "viktigste innsatsområder innenfor kriminalitetsbekjempelsen".⁷³³ Eitt av tiltaka for å førebyggja vald i skulen, var eit to-timars undervisingsopplegg for kvart klassetrinn gjennomført av politiet. I tillegg skulle regjeringa setja i gang eit utviklingsprogram om skulemekling som skulle "stimulere til holdingsdannende tiltak mot mobbing og vold i skolen".⁷³⁴ I august same år melde regjeringa i ei pressemelding at dei utvida handlingsplanen frå 1993, "Trygghet og nærhet i hverdagen", med mange nye tiltak, mellom anna aktiv støtte til ungdomstiltak i storbyane for å førebyggja rasisme, vald og mobbing.⁷³⁵

Som ein del av denne handlingsplanen, meldte *Aftenposten* 25. oktober 1995 at statsråd Gudmund Hernes til våren skulle lansera ein omfattande aksjonsplan mot mobbing.⁷³⁶ I følge avisa hadde Hernes sjølv tatt initiativ til denne nye offensiven mot mobbing og oppdraget gjekk til Erling Roland og Senter for atferdsforskning. På dette tidspunktet hadde Roland arbeidd med det nye tiltaksprogrammet sitt i over 10 år. Resultatet av oppdraget frå Kyrkje, utdannings- og forskingsdepartementet blei eit lærarhefte, *Mobbing i skolen – en lærerveiledning* av Erling Roland og Grete Sørensen Vaaland, artiklar skrivne for foreldre, materiell og kurs for elevråda, samt eit landsdekkjande

⁷³² I kjølvatnet av knivstikkinga i Skedsmo, arrangerte mellom anna Senterpartiet ein mobbedag i Stortinget der dei blant andre inviterte Dan Olweus og Erling Roland til å halda innlegg. *NTB Tekst* 18.01.1995, *BT*, 31.01.1995.

⁷³³ "Tiltak mot vold", tale til Stortinget av justisminister Grete Faremo, 15.05.1995.
https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/tiltak_mot_vold/id261259/ (lasta ned 08.05.15).

⁷³⁴ "Tiltak mot vold", tale til Stortinget av justisminister Grete Faremo, 15.05.1995.
https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/tiltak_mot_vold/id261259/ (lasta ned 08.05.15).

⁷³⁵ "Regjeringen øker innsatsen mot kriminaliteten", pressemelding Justisdepartementet, 18.08.1995.
https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen_oker_innsatsen_mot/id235139/ (lasta ned 13.10.15).

⁷³⁶ *Aftenposten*, 25.10.1995 og *Sunnanå og Helsgesen* 2009: 30. Reidar Sandal (AP) overtok som kyrkje, utdannings- og forskingsminister etter Gudmund Hernes 22.12.95. I forordet til Roland og Vaaland 1996, koplar Sandal denne offensiven mot mobbing med regjeringas handlingsplan "Trygghet og nærhet i hverdagen".

kompetansenettverk ”bestående av 350 ressurspersoner rekruttert fra skolens praksisfelt, PPT og universitets- og høgskolesektoren”.⁷³⁷

1996-programmet er bygd på tiltaka Roland kalla ”a system approach” som han hadde presentert i antologiane frå 1989 og 1993.⁷³⁸ Hovudfokuset var på læraren og spesifikt lærarens *rolle* i klassen. Ein lærar med stor tillit blant elevane har naturleg autoritet og dermed stor påverknadskraft. I følge Roland og Vaaland var det godt dokumentert at lærarar som ”opptrer med myndighet og omsorg, oppnår de beste resultater både faglig og sosialt”.⁷³⁹ I tillegg til å fremja godt leiarskap, handla programmet om å skapa gode relasjonar mellom lærar og kvar enkelt elev, i lærarkollegiet og til foreldra. Godt leiarskap betyr at læraren har gode rutinar i klassen, er godt forberedt, organiserer klassen godt og ikkje minst, at læraren gjennom åtfærd er eit godt førebilete for sosiale normer.⁷⁴⁰

Som vi har sett, var Roland oppteken av at elevane fekk ein god start på skulen, både i samband med den store overgangen frå barnehage til skule, men også frå barnetrinn til ungdomstrinn og til vidaregåande skular. Undersøkingar han hadde fått gjennomført i Rogaland, viste at skular som brukte eit såkalla kontinuasjonssjansprinsipp – der elevane fekk gå i klasse med andre ungar frå same grend eller bydel – hadde 40-50 % *meir* mobbing enn skular med det han kallar brotprinsipp.⁷⁴¹ Det siste gjekk ut på å anten velja tilfeldig kven som skulle gå i same klasse, eventuelt at klassane blei sett saman på bakgrunn av informasjon frå tidlegare institusjonar (barnehagar, barneskule, PPT-kontor). På skular som brukte brotprinsippet, blei etablerte og dårlege relasjonar brotne og elevane starta på nytt med blanke art. I tillegg var det enklare for læraren å påverka positivt med heilt ferske relasjonar elevane imellom, skriv Roland og Vaaland.⁷⁴²

Eit anna interessant poeng som blir framheva av forfattarane i heftet, er forskjellen på gute- og jentemobbing. Kjønnsaspektet hadde berre i liten grad vore tematisert tidlegare, trass i at Olweus i funna frå Bergensstudien fann at jenter som mobba brukte *meir* utspekulerte og indirekte metodar som sladder, ryktespreiing og manipulering av

⁷³⁷ Sunnanå og Helgesen 2009: 30, Roland and Munthe 1997b: 238, sjå også Rundskriv F-004-96 Mobbing i skolen (22.01.96). <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/F-004-96/id108062/> (lasta ned 07.05.15).

⁷³⁸ Roland 1989c og Roland 1993.

⁷³⁹ Roland og Vaaland 1996: 19.

⁷⁴⁰ Roland og Vaaland 1996: 21-22, Roland and Munthe 1997b: 239-240.

⁷⁴¹ Roland og Vaaland 1996: 23.

⁷⁴² Roland og Vaaland 1996: 23-24.

vennskapsrelasjonar, ved t.d. å "ta veninna frå nokon".⁷⁴³ I heftet frå 1996 stadfestar Roland og Vaaland desse forskjellane i gutars og jenters plaging (mobbing) av andre. Gutar plagar elevar i både eigen og andre klassar, medan jenter først og fremst plagar andre jenter i eigen klasse. Dette botnar i at gutar ofte er saman fordi dei held på med dei same aktivitetane – mange er kompisar fordi dei spelar fotball saman: "Når samværsmonsteret har et slikt hovedpreg, kan man velge et mobbeoffer som man ikke kjenner særlig godt. Mobbingen kan også være den aktiviteten man har felles", skriv forfattarane.⁷⁴⁴

Med jenter er det annleis, der er ofte relasjonen det viktigaste. Jenter er ofte saman fordi ein er venninner og aktiviteten kan gjerne vera underordna relasjonen:

Med dette som utgangspunkt har mobbingen størst effekt når den rettes mot en part som man har et forhold til, og gjerne mot en som ønsker å være sammen med plagerne. Da blir utstøtingen ekstra smertefull, og markerer tydelig hvem som hører til og hvem som ikke gjør det.⁷⁴⁵

Denne forma for mobbing er på mange måtar usynleg og mykje vanskelegare å oppdaga for lærarane, utan at Roland og Vaaland kjem med spesifikke forslag til korleis slik jentemobbing kan avdekkjast. Sjølve tiltaka mot mobbing ved ein eventuell mobbesituasjon, er meir eller mindre dei same som i 1983-kampanjen.

På siste side i heftet finst eit kort spørjeskjema som alle skulane blei anbefalt å nytta årleg for å følgja utviklinga av mobbeproblematikken. I skjemaet blir mobbing definert som:

Det er mobbing når én eller flere elever sammen, gjør vonde og ubehagelige ting mot en annen elev. Dette kan være å slå, sparke eller dytte. Det kan også være å erte eleven på en vond måte, eller å fryse eleven ut slik at han eller hun ikke får være sammen med de andre.⁷⁴⁶

Samanlikna med det relativt omfattande skjemaet til Olweus som inneheld rundt 40 spørsmål, er dette åtte spørsmål korte skjemaet svært beskjedent og måler primært *omfanget* (prevalens og frekvens) av mobbing og *kor* mobbinga går føre seg. I tillegg blei elevane bedne om å oppgi kjønn og klassetrinn. Spørjeskjemaet var lagt fram for

⁷⁴³ Olweus 1992a: 26.

⁷⁴⁴ Roland og Vaaland 1996: 10.

⁷⁴⁵ Roland og Vaaland 1996: 10.

⁷⁴⁶ Roland og Vaaland 1996: 57.

Datatilsynet, som presiserte at kravet om anonymitet måtte oppretthaldast.⁷⁴⁷ På linje med Olweusprogrammet, rår Roland og Vaaland skulane til å gjennomføra ei årleg undersøking for både å vita noko om utviklinga, men også for å synleggjera mobbeproblemet for elevar, lærarar og foreldre.

Om vi samanliknar 1996-aksjonen med den i 1983, var kanskje den største nyskinga eit kompetansenettverk som skulle støtta skulane i det lokale arbeidet. I ein artikkel frå 1997, utdjuvar Roland og Munthe at det i 1996 blei arrangert elevkonferansar i kvart fylke, der 1-2 elevar frå kvar skule var representerte. På desse konferansane blei elevane introduserte for antimobbematerialet som var utvikla for elevrådet, i tillegg til at dei blei kjende med dei utvalde ressurspersonane som skulle vera tilknytte dei ulike skulane.⁷⁴⁸

Dette kompetansenettverket av ressurspersonar var noko som var viktig for Roland og medarbeidarane hans, nettopp fordi erfaringa frå 1983-aksjonen hadde vist at mange av skulane kjende seg nokså hjelpelause då dei fekk kampanjen i fanget utan å ha nokon å konsultera. I løpet av våren 1996 blei 15-20 ressurspersonar frå kvart fylke invitert til ein to-dagars konferanse for å førebu arbeidet som støttespelarar for skulane. Men etter ei evaluering viste det seg at kompetansenettverket ikkje hadde fungert heilt etter planen. Fleirtalet av desse ressurspersonane arbeidde til dagleg som lærarar, og dei mangla både autoritet og/eller praktisk moglegheit til å assistera andre skular i distriktet i antimobbearbeidet deira. Mange opplevde dessutan at oppgåva som ressursperson blei ei privat tilleggsbelastning på toppen av ordinære arbeidsoppgåver, utan at dei fekk frigjort tid til dette arbeidet.⁷⁴⁹ Derimot viste evalueringa at dei av ressurspersonane som var rektorar eller skulepsykologar hadde vore i ein mykje betre situasjon for å rettleia andre skular og lærarar.⁷⁵⁰

I tillegg til materialet Roland og medarbeidarane hans utvikla til 1996-aksjonen, gav Roland ut boka *Mobbing. Håndbok til foreldre* i 1997.⁷⁵¹ Svært pedagogisk formidlar han mobbeproblematikken for foreldre med barn i barnehage- eller skulealder. Eit viktig poeng for er at foreldre må vera gode førebilete for barna sine, då ei av forklaringane på mobbing er sosial læring. Boka følgjer elles den "tradisjonelle oppskrifta" som så mange andre bøker

⁷⁴⁷ Rundskriv F-004-96 Mobbing i skolen (22.01.96). <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/F-004-96/id108062/> (lasta ned 07.05.15).

⁷⁴⁸ Roland og Munthe 1997b: 242.

⁷⁴⁹ Midthassel 1997: 14.

⁷⁵⁰ Roland 2000: 139.

⁷⁵¹ Roland 1997.

om mobbing: kva kjenneteiknar mobbing, kor stort er problemet, gode råd til førebygging, samt kva ein skal gjera om mobbing skjer.

Mobbingens psykologi

I 2007 gav Erling Roland ut boka *Mobbingens psykologi. Hva kan skolen gjøre?*, skriven for foreldre, studentar og dei som arbeidar med barn og unge. I boka samlar Roland trådane og presenterer norsk og internasjonal mobbeforskning: korleis blir mobbing definert, kva seier forskinga om omfang, om kjenneteikn, om aggresjon? Roland peikar på at forskinga innan mobbing har samla seg rundt to innfallsvinklar, der den eine er prega av personlegdomspsykologien og den andre av sosialpsykologien. Olweus er, som vi veit, representant for den første retninga, medan Heinemann, Pikas og Roland sjølv representerer den andre. Det desse fire har til felles, er at dei alle ser mobbing som ei form for aggresjon hos individet. Det som skil dei to retningane, er kva som er årsaka til aggresjonen: personlegdomen og oppvekstforhold eller sosiale situasjonar?

I boka lanserer Roland ein teori som han kallar "mobbingens psykologi".⁷⁵² Teorien er basert på forskinga hans gjennom nesten 30 år og inneheld tre aktørgrupper: plagarar, mobbeoffer og tilskodarar. Sentrale forklaringar i teorien er basert på sosialpsykologiske tilnærmingar som ser mobbing som interaksjon: kollektiv antagonisme, maktstimulans og reduksjon av hemningar internt i gruppa. Mobbing, i følgje Roland, er ei form for ubehageleg maktutøving, der "maktutøvelse for å se avmakt er en viktig stimulans ved mobbing".⁷⁵³ Plagarane vil gjerne bruka litt tid på å posisjonera seg rundt offeret og samstundes forvrenge eitt eller anna ved offeret som dei kan framheva som kritikkverdig.⁷⁵⁴ Dette minner om det Ola Agevall kallar for "individualiserande kategoriell eksklusjon", som vi skal sjå nærare på i det neste kapitlet.⁷⁵⁵ Etter kvart som mobbinga fortset over tid, vil det oppstå det Roland kallar sosial distanse, som handlar om at offeret, sett med mobbarane sine auge, blir mindre verdt ettersom tida går.⁷⁵⁶ Men også tilskodarane kan bli påverka av dei same mekanismane ved at dei blir passive tilskodarar: "Den enkelte tilskuer har en tendens til å tro at de andre

⁷⁵² Roland 2007: 70.

⁷⁵³ Roland 2007: 74.

⁷⁵⁴ Roland 2007: 75.

⁷⁵⁵ Agevall 2007a: 181.

⁷⁵⁶ Roland 2007: 76.

tilskuerne aksepterer eller støtter overgrepet, mens de selv faktisk tar større avstand fra hva de ser.”⁷⁵⁷

Tyngdepunktet i denne teoretiske modellen ligg heilt tydeleg innanfor sosialpsykologien og avstanden til Olweus si forskning er markant. Då denne boka kom ut, hadde Roland fleire tiårs erfaring med antimobbearbeid, noko den fylldige tiltaksdelen ber preg av. Tiltaka handlar først og fremst om tydelege vaksne og autorativ klasseleiing, men han presenterer også ei rekkje konkrete tips til førebyggjande arbeid i klasserommet og i friminuttet. Tiltaksdelen av boka er stila til ulike lesarar, føresette, lærar, rektorar og byggjer på mange av dei same prinsippa som Zero-programmet.

Foreldrerettleiing og forskingsstønad

Det var ikkje berre Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet som arbeidde med tiltak mot mobbing på denne tida. I 1995 starta Barne- og familiedepartementet *Nasjonalt program for foreldreveiledning* saman med Sosial- og helsedepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. ”Målsettingen med foreldreveiledningen er å sette i gang tiltak som kan støtte foreldrene i deres arbeid som oppdragere og omsorgspersoner for egne barn. Kunnskap fagfolk har om hva barn trenger for å få en god oppvekst, skal deles med foreldrene”, uttalte barne- og familieminister Grete Berget (Ap) under lanseringa.⁷⁵⁸ Som eg snart skal visa, vaks det fram ein liten skog av ulike tiltaksprogram på 1990- og 2000-talet, program som mellom anna hadde som mål å korrigera uønskt åtferd og rusproblem, og skapa sosial mestring. Dette foreldrerettleiingsprogrammet er bygd på *International Child Development Programme (ICDP)*, utvikla i 1985 av dei norske psykologane Karsten Hundeide og Henning Rye.⁷⁵⁹ Hovudmålet med ICDP er i følge utviklarane

å støtte omsorgsgivere, og gjennom det bidra til gode oppvekstvilkår for barn og ungdommer. Forskning viser at kvaliteten på foreldreomsorg er en viktig faktor i barns utvikling. For eksempel vil kombinasjonen av varme (kjærlighet og hengivenhet), kommunikasjon, regulering av barnet gjennom konsekvent disiplin og respekt for barnets psykologiske autonomi, bidra til god utvikling hos barnet.⁷⁶⁰

⁷⁵⁷ Roland 2007: 77.

⁷⁵⁸ Pressemelding frå Barne- og familiedepartementet, 30.08.1995.

https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/1700_fagfolk_pa_skolebenken-stor/id235105/ (lasta ned 30.09.15).

⁷⁵⁹ Sherr et al. 2011: 3.

⁷⁶⁰ Sherr et al. 2011: 4.

Dette er argument vi mellom anna har sett hos Dan Olweus i samband med kva som kan motverka aggressive gutar (barn). Som ein del av foreldrerettleiingsprogrammet gav Barne- og familiedepartementet ut både bøker, videoar, samtalehefte og ikkje minst ulike temahefte retta mot foreldre.⁷⁶¹ Heftet *Mobbing blant barn og unge. Informasjon og veiledning til foreldre* av Dan Olweus og Cecilia Solberg, var eitt av desse temahefta.

I dette heftet blir det presentert kjente fakta om mobbing, omfang, kvifor og kven som blir mobba, korleis mobbing kan oppdagast og ikkje minst kva foreldre kan gjera om eit barn blir utsett for mobbing. I tillegg er det ein del som handlar om kva skulen kan gjera for å førebyggja mobbing, ein del om Olweusprogrammet og til slutt ein del om korleis mobbing kan førebyggast av foreldre. Som vi har sett i tidlegare publikasjonar frå Olweus, er han heilt på linje med grunnleggjarane av foreldrerettleiingsprogrammet i dette spørsmålet:

*Mye kjærlighet og engasjement fra oppdragerens side, klare grenser for hva som er tillatt og ikke-tillatt oppførsel samt anvendelse av ikke-fysiske oppdragelsesmetoder, skaper ikke-aggressive, harmoniske, og selvstendige barn.*⁷⁶²

Parallelt med utviklinga av foreldrerettleiingsprogrammet, finansierte Barne- og familiedepartementet og delvis Justisdepartementet ulike forskingsprosjekt gjennom Norges forskingsråd, mellom anna forskingsprosjekt om vald og kriminalitet i barne- og ungdomsmiljøa. Også forskingsgruppa til Dan Olweus ved HEMIL-senteret (UiB) fekk midlar frå Barne- og familiedepartementet. Forskargruppa blei oppretta i 1995 med øyremerka midlar frå nettopp dette departementet for å "forske om og førebyggje mobbing og antisosial åtferd blant barn og ungdom", og i St.meld. nr. 17 (1999-2000) *Handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet*, blir forskingsgruppa presentert som eitt av regjeringas tiltak.⁷⁶³

⁷⁶¹ Olweus og Solberg 1997: 35. Eksempel på bøker og videoar som blei utgivne: Video: *Når du og jeg er sammen*. For foreldre om samvær med barn 0-6 år, Magne Raudalen (1997): *Det viktigste i barneoppdragelsen*, Amalia Carli og Monica Dalen (1997): *Adopsjonsfamilien. En veileder for adoptivforeldre*, Harald Tuen og Hilchen Sommerschild (1997): *Foreldre – til barns beste. Om barneoppdragelse før og nå*, Atle Dyregrov (1997): *Små barns sorg. Informasjon og veiledning til foreldre*, Elin Hordvik og Marianne Straume (1997): *Syke barn i familien. Informasjon og veiledning til foreldre*. Sjå baksida av heftet *Mobbing blant barn og unge. Informasjon og veiledning til foreldre* (Olweus og Solberg 1997).

⁷⁶² Olweus og Solberg 1997: 30. Kursiv i original.

⁷⁶³ *Statsbudsjettet 1996 – 2 millionar ekstra til kampen mot mobbing*, pressemelding frå Barne- og familiedepartementet, 04.10.1995 (https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/statsbudsjettet_1996_-_2_millionar/id235371/, lasta ned 07.06.2015) og St.meld. nr. 17 (1999-2000), s. 53.

Men trass i støtte frå politisk hald, Olweusgruppa blei aldri eit så viktig og sentralt miljø innan den norske mobbeforskinga som Dan Olweus sin posisjon innan det vitenskaplege feltet skulle tilseia. I staden er det miljøet rundt Erling Roland ved Senter for atferdsforskning som vaks fram som eit stadig viktigare og meir nyskapande kraftsentrum innan mobbeforsking og læringsmiljø. Som vi har sett, hadde forskingsmiljøet i Stavanger ei brei tilnærming til åtferdsforskinga, gjennom statusen som spesialpedagogisk kompetansesenter. Denne utviklinga blei forsterka 1. januar 2013, då Senter for atferdsforskning blei slått saman med Lillegården kompetansesenter i Porsgrunn til *Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning*, til dagleg kalla *Læringsmiljøsentret*. Læringsmiljøsentret ved UiS er i dag eitt av ti nasjonale senter underlagt Utdanningsdirektoratet (delegert frå Kunnskapsdepartementet).⁷⁶⁴

Nye tiltak, men verka dei?

Trass i foreldrerettleiingstiltak, kampanje mot mobbing og ny Opplæringslov som skulle sikra alle eit godt læringsmiljø, var det rundt årtusenskiftet ei stadig veksande uro over aukande barne- ungdomskriminalitet. Som eit ledd i denne uroa vedtok Stortinget 4. mai 1999:

Stortinget ber Regjeringen fremlegge en samlet plan for innsats og tiltak som bekjemper kriminelle handlinger blant barn og unge, herunder så vel reaksjoner som forebyggende tiltak og presentere denne for Stortinget på en egnet måte i løpet av 1999.⁷⁶⁵

Resultatet blei den nemnte St.meld. nr. 17 (1999-2000) *Handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet*. Målsetjinga for handlingsplanen var å sikra barn og ungdom trygge og gode oppvekstvilkår, og for å oppnå det måtte ein få bukt med problem knytt til vald, mobbing, kriminalitet, rus og rasisme.⁷⁶⁶ Mobbing blir i meldinga nemnt i samband med orda vald, kriminalitet, rus og rasisme, utan at det er spesifisert om dei ser på mobbing som ei kriminell handling.

Auka innsats i skulen var ein del av denne handlingsplanen frå regjeringa, noko dei allereie hadde varsla i ei melding frå året før, St.meld. nr. 28 (1998-99) *Mot rikare mål*. I denne meldinga var førebygging og mestring av negativ åtferd i skulen framheva som eitt av

⁷⁶⁴ <http://www.udir.no/Stottemeny/Om-direktoratet/Organisasjon/Nasjonalesentre/> (lasta ned 12.01.16).

⁷⁶⁵ St.forh. 1998/99 Del 7d, s. 3283 og 3299.

⁷⁶⁶ St.meld. nr. 17 (1999-2000), s. 106.

fire satsingsområde.⁷⁶⁷ I *Handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet* presenterer regjeringa ulike praktiske tiltak mot mobbing, vald, rasisme og bruk av rusmiddel som var sett i gang innan dette satsingsområdet. Mange av tiltaka var ulike program eller undervisningspakkar, som t.d. foreldrerettleiingsprogrammet nemnt ovanfor, LEV VEL – eit undervisningsopplegg om god oppvekst og førebygging i grunnskulen og eit nasjonalt program med skulemekling for å handtera konflikter.⁷⁶⁸

Talet på tiltaksprogram mot uønskt åtferd som var i bruk i den norske skulen auka kraftig utover på 1990-talet, anten det gjaldt å førebyggja rus, vald og mobbing eller betra sosiale ferdigheiter og sosialt klima i klassen. Ein del av programma var utvikla av forskarar ved utdanningsinstitusjonar, men overraskande mange av programutgivarane var direktorat, departement, kommunar, fylkeskommunar eller ulike organisasjonar.⁷⁶⁹

For å kvalitetssikra desse ulike programma som var i bruk i skulen, sette Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, i samarbeid med Barne- og familiedepartementet, på nyåret 2000 ned ei faggruppe som på forskingsbasert grunnlag skulle vurdere dei ulike programma.⁷⁷⁰ Faggruppa arbeidde effektivt og avleverte ein ferdig rapport i juni 2000.⁷⁷¹ Rapporten var heller nedslåande med tanke på kvaliteten på mange av programma som var i

⁷⁶⁷ St.meld. nr. 28 (1998-1999), s. 54.

⁷⁶⁸ St.meld. nr. 17 (1999-2000), s. 28-29.

⁷⁶⁹ Sjå Rapport 2000.

⁷⁷⁰ Følgjande systematisering og vurderingskriterium blei lagt til grunn for rapporten:

”• Hovedfokus: Har programmet en avgrenset og klar innretning mot et tema, problem- eller ferdighetsområde?

- Mål: Hvilke målsettinger har programmet, og i hvilken grad er disse i samsvar med hovedfokus, innhold, omfang, teoretisk forankring og implementering av programmet?
- Innhold, arbeidsmåter og organisering: Hvor godt er programmets innhold og arbeidsmåter beskrevet? Stilles det spesifikke krav til organiseringen ved den enkelte skole?
- Teoretisk, empirisk forankring: Hva er programmets teoretiske referanseramme, og hvordan er denne beskrevet? I hvilken grad er det samsvar mellom programmet og aktuell teori og empiri om atferdsproblemer, sosial kompetanse og effektive tiltak?
- Implementering: Hvordan er planene for gjennomføring av programmet og forankring i skolens virksomhet beskrevet? Er det utarbeidet klare implementeringsstrategier som det legges opp til at skolene skal følge?
- Spredning: I hvilket omfang brukes programmet?
- Evaluering: Er programmet eller tiltaket blitt evaluert?
- Evalueringsdesign: Hvilke problemstillinger tar evalueringen sikte på å gi svar på? Hvem er ansvarlig for evalueringen? Hva slags design er benyttet i evalueringen; kvalitativ, eksperimentell, kvasi-eksperimentell? Hvilke informanter har en benyttet?
- Evalueringsresultater: Hvilke resultater har tiltakene ført til? Hvilke faglige og forskningsmessige kvaliteter har evalueringen sett i forhold til de problemstillinger som har blitt reist?” Rapport 2000: 8-9.

⁷⁷¹ Faggruppa blei etablert 7. februar 2000 og avslutta arbeidet 1. juni same år. Thomas Nordahl ved Norsk institutt for oppvekst, velferd og aldring (NOVA) leia gruppa, som i tillegg hadde desse medlemmene: Paul Otto Brunstad (Norsk Lærerakademi), Niels Egelund (Danmarks lærerhøyskole), Oddrun Samdal, (HEMIL-senteret, UiB), Mari-Anne Sørli, Norsk institutt for oppvekst, velferd og aldring og Anne Kristin Bø (sekretær). Rapport 2000: 6.

bruk i norsk skule. Av 25 vurderte program var det berre Olweusprogrammet som blei anbefalt for vidare bruk i skulen *utan* behov for vidare evaluering.⁷⁷² Åtte program blei anbefalt med reservasjonar, der faggruppa framheva behovet for meir evaluering og vidareutvikling. Blant desse åtte finn vi mellom anna programmet til Erling Roland (forløparen til *Zero*), *Du og jeg og vi to*, *Skolemegling* og *Steg for steg*. Dei resterande programma blei delt inn i tre ulike kategoriar.⁷⁷³ Gruppa framhevar at mange av programma dei undersøkte var:

(...) utviklet med stor entusiasme, men kunnskapsgrunnlaget, innholdet og dokumentasjonen står ikkje alltid i forhold til ambisjonene. I flere av programmene etterlyser faggruppa et mer definert fokus, et bedre dokumentert empirisk og teoretisk fundament og en klarere påvisning av at programmene har innflytelse på atferden og kompetansen til barn og unge innenfor målområdene.⁷⁷⁴

Dan Olweus si grundige effekt- og evalueringsforskning på programmet gjennom studiane frå Bergen og seinare studiar i inn- og utland, førte til at Olweusprogrammet ikkje berre var i ein eigen klasse her i Noreg, men også internasjonalt. I 1999 blei Olweusprogrammet eitt av elleve godkjente problemåtferdsprogram i den amerikanske *Blueprints for Violence Prevention*-serien frå Blueprints-prosjektet ved Center for the Study and Prevention of Violence ved University of Colorado Boulder.⁷⁷⁵

Blueprints søkjer, vurderer, anbefalar og formidlar slike program etter eit sett kriterium og i kva grad dei har dokumentert effekt.⁷⁷⁶ I følgje heimesidene til prosjektet,

⁷⁷² Rapport 2000: 93.

⁷⁷³ Rapport 2000: 93.

⁷⁷⁴ Rapport 2000: 92-93.

⁷⁷⁵ Olweus, Limber and Mihalic 1999.

⁷⁷⁶ Blueprints har ulike sett med grunnkriterium for det dei kallar *lovande program* samt eit par tillegg for kvar av dei to høgare kategoriane *program*, *modellprogram* og *modell plus-program*:

"Promising programs meet the following standards:

Intervention specificity: The program description clearly identifies the outcome the program is designed to change, the specific risk and/or protective factors targeted to produce this change in outcome, the population for which it is intended, and how the components of the intervention work to produce this change.

Evaluation quality: The evaluation trials produce valid and reliable findings. This requires a minimum of (a) one high quality randomized control trial or (b) two high quality quasi-experimental evaluations.

Intervention impact: The preponderance of evidence from the high quality evaluations indicates significant positive change in intended outcomes that can be attributed to the program and there is no evidence of harmful effects.

Dissemination readiness: The program is currently available for dissemination and has the necessary organizational capability, manuals, training, technical assistance and other support required for implementation with fidelity in communities and public service systems. European programs have not undergone the Blueprints certification process to determine dissemination readiness.

Model programs meet these additional standards:

fungerer Blueprints som ein ressurs for "governmental agencies, schools, foundations, and community organizations trying to make informed decisions about their investments in youth programs. Its ultimate goal is to reduce antisocial behavior and promote a healthy course of youth development".⁷⁷⁷ Denne Blueprints-godkjenninga har nok vore ein særskild viktig døropnar for Olweusprogrammet i USA og ikkje minst ei stadfesting av at evalueringsarbeidet Olweus hadde gjennomført var ein viktig og riktig veg å gå. Som vi skal sjå seinare i kapitlet, blir evalueringsforskning berre viktigare og viktigare.

Manifest mot mobbing

Vi skal signere et manifest i dag, et papir. Bak dette papiret er det vibrerende barneskjebner, levende små fullverdige mennesker som ikke gis anledning til å våkne opp til skoledagen med lyst og glede. De våkner med ubehag og kanskje redsel, de gruer seg til skoleveien, utstøtelsen, plutselige overfall.

På vegne av disse barna forplikter vi oss. Fem underskrifter på ett manifest, ett felles mål, et løfte fra ansvarlige voksne om nullforekomst av mobbing innen to år.⁷⁷⁸

Med desse orda avslutta statsminister Kjell Magne Bondevik talen til *Konferanse mot mobbing* som blei arrangert 23. september 2002 i samband med at *Manifest mot mobbing 2002-2004* skulle underskrivast. Manifestet forplikta alle partnarane – regjeringa, barneombodet, Kommunenes Sentralforbund, Utdanningsforbundet, samt Foreldreutvalget for grunnskolen – å jobba aktivt mot mobbing i skulen. Målet var altså nullforekomst av mobbing innan to år og med på laget hadde statsministeren media, som gav kampanjen god dekning.⁷⁷⁹

Evaluation Quality: A minimum of (a) two high quality randomized control trials or (b) one high quality randomized control trial plus one high quality quasi-experimental evaluation.

Positive intervention impact is sustained for a minimum of 12 months after the program intervention ends.

Model Plus programs meet one additional standard:

Independent Replication: In at least one high quality study demonstrating desired outcomes, authorship, data collection, and analysis has been conducted by a researcher who is neither a current or past member of the program developer's research team and who has no financial interest in the program."

<http://www.blueprintsprograms.com/criteria> (lasta ned 23.10.15).

⁷⁷⁷ <http://www.blueprintsprograms.com> (lasta ned 23.10.15). Opphavleg evaluerte Blueprints

problemåttferdsprogram for ungdom (førebygging av vald, kriminalitet og rus), men har i dag utvida til også å vurderer program som handlar om fysisk og psykisk helse, sjølvkontroll og betre læring.

⁷⁷⁸ Tale av dåverande statsminister Kjell Magne Bondevik til opninga av Konferanse mot mobbing, Voksenåsen, Oslo, 23.09.2002. https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/konferanse_mot_mobbing/id266361/ (lasta ned 03.07.15).

⁷⁷⁹ VG, 23.09.2002, NTB, 23.09.2002.

Bakgrunnen for manifestet var at barneombudet rundt årtusenskiftet fekk eit aukande tal bekymra førespurnader frå barn og unge, skulefolk og lokalpolitikarar som alle handla om mobbeproblematikk.⁷⁸⁰ Med jamne mellomrom dukka det opp tragiske mobberelaterte hendingar som fekk merksemd i media, og det var nettopp ei slik sak i desember 2001 som fekk barneombod Trond Waage til å utfordra kyrkje-, utdannings- og forskingsminister Kristin Clemet (H) til å "målsette en "null-forekomst" av mobbing i norske skoler innen tre år".⁷⁸¹ På same tid innleidde barneombudet eit samarbeid med lokalaviser rundt om kring i landet for å få "et fokus på problemet og for å bli kvitt alle tabuene rundt mobbing".⁷⁸² Våren 2002 arrangerte så barneombudet saman med Utdanningsdirektoratet (Læringscenteret) erfaringskonferansen *I anstendighetens navn*, der målet var å få merksemd rundt og støtte for nulltoleranse i kampen mot mobbing.⁷⁸³

I følgje Tarja Tikkanen og Amund Junge, som har skrive evalueringsrapporten for den første manifestperioden, var det nettopp barneombudet som inviterte dei andre manifestpartane inn i arbeidet. Litt overraskande var det ikkje planlagt spesielle tiltak eller prosessar før manifestet blei underskrive, då initiativtakarane meinte det var viktigare å få underskrive manifestet først, for deretter å utnytte "drivkrafta" dette skapte.⁷⁸⁴ Både statsminister Bondevik, barneombod Trond Waage og utdannings- og forskingsminister Kristin Clemet var personleg engasjerte i manifestarbeidet og i mars 2003 kom dessutan Barne- og familiedepartementet med i arbeidet.⁷⁸⁵

Det var heller ikkje utarbeidd ei felles forståing av mobbeproblematikken då Manifest mot mobbing blei underskrive. Denne diskusjonen blei starta *etter* underskrivinga og blei på mange måtar ein offentleg diskusjon, ettersom media var særleg aktive i tida etter underskrivinga. For å få hjelp til å stramma inn denne diskusjonen, inviterte Utdanningsdirektoratet fagfolk til å bidra i dette arbeidet:

⁷⁸⁰ Tikkanen og Junge 2004: 47.

⁷⁸¹ VG, 13.12.2001. 1. januar 2002 skifta Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet namn til Utdannings- og forskningsdepartementet.

⁷⁸² Barneombudet sitert i Tikkanen og Junge 2004: 47, sjå også *Aftenposten* 16.01.2002.

⁷⁸³ Tikkanen og Junge 2004: 47-48. Nasjonalt senter for læring og utvikling (Læringscenteret) blei oppretta 01.09.2000 og var underlagt Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, men allereie i 2004 blei senteret lagt ned gjennom samanslåing med Utdanningsdirektoratet. Forvaltningsdatabasen, NSD <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/forvaltning/enhet/25628/endringshistorie> (lasta ned 03.11.15).

⁷⁸⁴ Tikkanen og Junge 2004: 49.

⁷⁸⁵ Tikkanen og Junge 2004: 48-49.

En ekspertgruppe eller et forskernettverk som nylig hadde blitt etablert som et rådgivende organ til Utdanningsdirektoratet for problematferd og sosial kompetanse, fikk mobbing som det første temaet sitt. Gruppen består av representanter fra 15 ulike ekspertmiljøer, og de som hadde erfaring og ekspertise innenfor mobbeproblematikken (NOVA, Olweus-gruppen/Hemil-senteret, SAF), fikk hovedrollen i Manifestarbeidet.⁷⁸⁶

Som så mange gongar før, ser vi at Olweus og Roland blir trekte med i utgreiingsarbeid når politikarane hadde behov for fagleg kompetanse. Og nettopp det at mobbeforskingstiljøet i Noreg var så lite, førte til at deira kunnskapsforståing stadig blei stadfesta via politisk handling, som igjen var med på å spreia dette bestemte perspektivet ut i skulen og i samfunnet.

I talen statsminister Bondevik heldt ved opninga av konferansen 23. september 2002 gjorde han det også kjent at alle kommunar i landet skulle få tilbod om å bruka Olweusprogrammet mot mobbing.⁷⁸⁷ Dette arbeidet var allereie starta året før, då Stortinget hadde løyvd pengar til at alle landets barne- og ungdomsskular skulle få tilbod om å ta i bruk programmet i løpet av dei næraste åra.⁷⁸⁸ HEMIL-senteret skulle etter planen læra opp rundt 50 olweusinstruktørar i løpet av det første året (2001/2002) og desse skulle gi vidare opplæring til minst fem nøkkelpersonar kvar, som så fekk ansvaret for å gjennomføra programmet på sin skule.⁷⁸⁹ Hausten 2003 melde Kunnskapsdepartementet i ein aktivitetsrapport for det første året av Manifest mot mobbing at 74 olweusinstruktørar var ferdig utdanna og at 46 nye var undervegs. Læringsssenteret stod for oppfølging og spreieing av Olweusprogrammet på vegne av barne- og familiedepartementet og utdannings- og forskingsdepartementet.⁷⁹⁰

Olweusprogrammet var altså allereie eit tilbod til alle landets kommunar frå hausten 2001, og våren 2003 blei tilbodet utvida med enno eit antimobbeprogram, etter at Læringsssenteret hadde gitt Senter for atferdsforskning i oppdrag å revitalisera mobbeprogrammet frå 1996/97, utvikla av Roland.⁷⁹¹ Alle grunnskulane i landet blei invitert

⁷⁸⁶ Tikkanen og Junge 2004: 50.

⁷⁸⁷ Tale av statsminister Kjell Magne Bondevik til opninga av Konferanse mot mobbing, Voksenåsen, Oslo, 23.09.2002. https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/konferanse_mot_mobbing/id266361/ (lasta ned 03.07.15).

⁷⁸⁸ *Aftenposten*/NTB 15.08.2001.

⁷⁸⁹ St.prp. nr. 1 (2001-2002) Tilråding frå Barne- og familiedepartementet, s. 89.

⁷⁹⁰ Aktivitetsrapport, Kunnskapsdepartementet, 24.09.2003.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/manifest-mot-mobbing---aktivitetsrapport/id106012/> (lasta ned 30.09.15).

⁷⁹¹ Pressemelding, Utdannings- og forskingsdepartementet, 10.04.2003,

https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/fokus_pa_lokal_innsats_mot_mobbing/id249317/ (lasta ned 08.10.15)

til å delta i programmet, som fekk namnet *Zero* etter nullvisjonen i Manifest mot mobbing. Basert på tidlegare erfaring og forskning, bygde Senter for atferdsforskning opp eit spesialpedagogisk støttesystem med eit kompetansenettverk på 48 personar som skulle gi skulane fagleg rettleiing og støtte ved innføringa av programmet. Prisen for å delta i *Zero*-programmet var mellom 12 000,- og 15 000,- kroner per skule.⁷⁹²

I aktivitetsrapporten frå 2003 blir det ikkje opplyst kva det kostar skulane å nytta *Olweus*-programmet, men i november 2002 stilte stortingsrepresentant Karita Bekkemellem (AP) spørsmål til utdannings- og forskingsminister Kristin Clemet om kva kostnader deltaking i *Olweus*-programmet innebar. Ministeren svara at statlege midlar dekkja opplæring og rettleiing av *olweus*-instruktørane i kommunen, medan utgiftene til materiell, frikjøp og vikarar, overnatting og reiser i samband med kurs måtte dekkjast av den enkelte kommune eller skule.⁷⁹³ Clemet viste elles til Utdanningskontoret i Hedmark, som i samarbeid med Læringscenteret hadde rekna seg fram til at kostnadene knytt til innføring av programmet var om lag 80 000,- for ein skule med 380 elevar og 50 lærarar. Det blei ikkje sagt eksplisitt, men spørsmålet verkar å ha kome på grunn av høge kostnader knytt til bruken av programma.

Liknande spørsmål om kostnadene ved innføring av *Olweus*-programmet kom også på lokalt plan. I Bergen kommune blei byråd for barnehage, skule og idrett, Ruth Grung (AP), spurt om det same av bystyrerepresentanten Yngve Sæterås frå SV. Byråden i Bergen svara som Kristin Clemet: instruktør-opplæringa (minus reise og opphald) var dekt av avsette midlar i statsbudsjettet, og at samla kostnader per skule i Bergen kommune ville koma på mellom 100 000,- til 250 000,- i innføringsperioden.⁷⁹⁴ Begge desse tala var betydeleg høgare enn talet Kunnskapsdepartementet hevda var kostnadene knytt til bruk av *Zero*.

Trass i relativt høge kostnader var det over 400 skular som tok i bruk *Olweus*-programmet i den første manifestperioden (2002-2004) og over 200 skular som hadde tatt i bruk *Zero*.⁷⁹⁵ Dette utgjorde om lag 19 % av alle grunnskular i landet.⁷⁹⁶ Andre

⁷⁹² Aktivitetsrapport, Kunnskapsdepartementet, 24.09.2003, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/manifest-mot-mobbing---aktivitetsrapport/id106012/> (lasta ned 30.09.15).

⁷⁹³ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=25731> (lasta ned 27.10.15).

⁷⁹⁴ http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK_filer/bystyr%5C0%5CVEDLEGG%5C2003902051-2.doc

⁷⁹⁵ Tikkanen og Junge 2004: 59.

⁷⁹⁶ Det totale talet på grunnskular i skuleåret 2003/2004 var 3209. Sjå <http://www.ssb.no/a/kortnavn/utgrs/arkiv/tab-2004-12-22-01.html> (lasta ned 30.06.2016).

og meir generelle skulemiljøprogram fekk også støtte gjennom manifestarbeidet, og blei i enno større grad tatt i bruk enn dei to "reine" antimobbeprogramma Olweusprogrammet og Zero. I perioden 2002-2004 brukte 1066 grunnskular og to vidaregåande skular *Dette er mitt valg 1 og 2*, 26 grunnskular og seks vidaregåande skular nytta *Kreativ problemløsning i skolen (Kreps)*, 359 skular brukte *MOT*, 523 skular brukte *Skolemegling*, heile 1434 skular nytta *Steg for steg* og 16 skular nytta *ConnectOSLO*.⁷⁹⁷ Eg har ikkje funne diskusjonar rundt kostnader av desse programma i denne perioden, men kostnader og tidsbruk er stadig tilbakevendande diskusjonar i samband med bruk av slike tiltaksprogram i skulen.

Desse programma var allereie etablerte program som hadde vore i bruk i skulen i fleire år då Manifest mot mobbing blei underskrive. Og nettopp det at manifestarbeidet knytte til seg eksisterande prosjekt, var i følge Tikkanen og Junge svært typisk for manifestperioden. Det var heller ikkje så overraskande, i og med at det ikkje fanst ein plan for arbeidet då manifestet blei underskrive.

Manifesteffekt

Ein meir indirekte verknad av manifestarbeidet, var at OECD (Organisation for Economic Co-operation and Development), Utdannings- og forskingsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og Universitetet i Stavanger arrangerte konferansen *Taking fear out of Schools* i Stavanger 5.-8. september 2004. I følge den korte konferanserapporten, var det ikkje tilfeldig at konferansen blei lagt til Noreg:

Over the last 25 years Norway has been at the heart of a growing worldwide movement aimed at researching and preventing school bullying. Many initiatives have been developed. The aim of the conference was to take stock of what we know, examine what can be done, and look at some options to further international co-operation.⁷⁹⁸

Konferansen samla verdas leiande mobbeforskarar frå 18 ulike land for å utveksla kunnskap om og tiltak mot mobbing, samt drøfta moglege internasjonalt samarbeid mot mobbing. Samanlikna med konferansen i Stavanger 17 år tidlegare, er det påtakeleg nivåforskjell. I 1987 var dei aller fleste lærarar og pedagogar som var *interesserte* i å få vita kva mobbing

⁷⁹⁷ Tikkanen og Junge 2004: 59.

⁷⁹⁸ OECD-rapport 2004, s. 1, <http://www.oecd.org/edu/skills-beyond-school/33868117.pdf> (lasta ned 06.11.15).

var, i 2004 var deltakarane faglege ekspertar på mobbing. I tillegg til stor fagleg tyngde, fekk konferansen politisk tyngde ved at både statsminister Kjell Magne Bondevik, utdannings- og forskingsminister Kristin Clemet og statssekretær Helge Ole Bergesen frå Utdanning- og forskingsdepartementet var til stades første dagen. Bergesen opna konferansen, statsministeren og OECD's Director of the Directorate for Education, Barry McGaw, heldt begge velkomsttalar, medan utdannings- og forskingsminister Clemet fekk æra av å fortelja forskarane om regjeringa sitt arbeid mot mobbing gjennom Manifest mot mobbing.⁷⁹⁹

Konferansen dekkja fire tema, og ikkje uventa var den første delen via å få oversikt over mobbeforskingas status: definisjonar, utbreiing, årsaker og verknader av mobbeproblemet. Eit anna tema var tiltak: ein del om ulike nasjonale politiske tilnærmingar til problemet og ein del om lokale initiativ mot mobbing. Avsluttingsvis drøfta delegatane internasjonalt samarbeid og nettverksbygging. Og det var nettopp innan dette siste temaet at det mest handfaste resultatet skulle koma. På ein OECD-konferanse 25. oktober 2004, presenterte Noreg eit forslag om å etablera eit internasjonalt nettverk for å utveksla kunnskap og samarbeida om arbeid mot mobbing i skulen. Forslaget fekk stor tilslutning, og Noreg fekk ansvar for å vera koordinator for arbeidet i 2005 og 2006.⁸⁰⁰ Utdannings- og forskingsdepartementet skulle utarbeida ein felles politikk og strategi for nettverket, medan Utdanningsdirektoraret fekk ansvar for den daglege drifta. I 2007 tok Slovakia over koordinatorrolla, men i følgje Aktivitetsrapport frå Manifest mot mobbing (2006-2008), blei nettverket lagt ned frå 1. januar 2009, utan at det blir grunngitt kvifor.⁸⁰¹

Under konferansen fekk professor David Galloway frå Durham University/SAF (UiS) i oppdrag å gi eit referat av inntrykka han sat att med etter konferansedagane. I referatet løftar Galloway blikket og ser tilbake på 30 års mobbeforsking og konkluderer sjølvreflekterande med at mobbeforskinga var kome til eit vegskilje, ein konklusjon han kom fram til på bakgrunn av tema som hadde vore debattert på konferansen.⁸⁰² Ein av desse debattane gjaldt viktigheita av grundig forskning på verknadene av programma, det fanst alt

⁷⁹⁹ Munthe et al. 2005: 7-8.

⁸⁰⁰ Artikkel av Kjell Magne Bondevik og Kristin Clemet i *Dagbladet*, 09.11.04.

⁸⁰¹ *Aktivitetsrapport*, Manifest mot mobbing (2006-2008), s. 4.

<http://www.fug.no/getfile.php/1078536.1542.bpfsyetusf/Aktivitetsrapport+fra+Manifest+mot+mobbing+%282006-2008%29.pdf> (lasta ned 09.11.15). Dessverre er den opphavlege sida for nettverket no overteke av heilt andre brukarar (<http://oecd-sbv.net>) og eg har ikkje funne noko om kvifor nettverket blei lagt ned.

⁸⁰² Galloway i Munthe et al. 2005: 127.

for mange program som ikkje verka, og til og med gjorde vondt verre, hevda Galloway.⁸⁰³ Og som eg kjem tilbake til i neste kapittel, skulle nettopp *vurdering* av dei ulike programma som var i bruk bli enno viktigare utover på 2000-talet.

Ein programmetta skule?

Det er liten tvil om at Manifest mot mobbing fungerte som ein katalysator for å få spreidd både Olweusprogrammet og Zero i den norske skulen, trass i at dette tiltaksarbeidet starta før manifestperioden. Gjennom Manifest mot mobbing fekk desse antimobbeprogramma ikkje berre ekstra mediemerksemd ettersom dei var dei to anbefalte programma i manifestarbeidet, men dei fekk også tilført ekstra midlar. Men det viktigaste var at bruken auka.⁸⁰⁴

Etter at den første manifestperioden var over i 2004, signerte statsminister Kjell Magne Bondevik sommaren 2005 eit nytt manifest som skulle gjelda fram til 2007.⁸⁰⁵ Det tredje manifestet blei derimot signert allereie året etter, i august 2006 av statsminister Jens Stoltenberg, som overtok etter Bondevik hausten 2005.⁸⁰⁶ Deretter blei det fjerde manifestet signert i 2009 og til slutt eit fireårig manifest frå 2011-2014/15.⁸⁰⁷ Trass i stadige fornyingar av Manifest mot mobbing, dalte både engasjementet og talet på skular som brukte dei anbefalte antimobbeprogramma i åra etter 2004, sjølv om den statlege støtta frå Utdanningsdirektoratet blei oppretthalden.⁸⁰⁸ I eit temanummer om innsats mot mobbing i skulen i tidsskriftet *Spor* i 2010, ser både Dan Olweus og Erling Roland nedgangen i samanheng med manglande politisk trykk og engasjement etter den første manifestperioden. Eit anna moment begge trekk fram, er den nye læreplanen frå 2006, *Kunnskapsløftet*, som

⁸⁰³ Galloway i Munthe et al. 2005: 128.

⁸⁰⁴ Tikkanen og Junge 2004: 115, NOU 2015: 2, s. 49 (note 38).

⁸⁰⁵ *Nytt manifest mot mobbing*, Utdannings- og forskingsdepartementet, 08.06.05, https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nytt_manifest_mot_mobbing/id234541/ (lasta ned 04.11.15).

⁸⁰⁶ *Nulltoleranse mot mobbing*, Kunnskapsdepartementet, 15.08.06 <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nulltoleranse-mot-mobbing/id100671/> (lasta ned 04.11.15).

⁸⁰⁷ *Manifest mot mobbing 2009*, 12.02.09. https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/manifest_2009_ok.pdf (lasta ned 04.11.15) og *Manifest mot mobbing 2011-2014/15*, 27.01.11, https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/manifest_mot_mobbing2011_2014_hefte_web.pdf (lasta ned 04.11.15).

⁸⁰⁸ *Spor* nr. 2, 2010, s. 6, http://www.korusnord.no/Global/Publikasjoner/Spor/Spor_2_10_LoRes.pdf (lasta ned 04.11.15).

kravde mykje tid og ressursar for lærarane.⁸⁰⁹ Olweus er den som utdjupar dette mest, han hevda i tillegg at det i skulen hadde utvikla seg ein skepsis til program med dokumentert effekt, samt "en viss overtro på effektiviteten til egne ideer og lokale opplegg".

I artikkelen "The broken curve: Effects of the Norwegian manifesto against bullying" frå 2011 gjentar Roland delar av desse argumenta i samband med at han presenterer effektane av manifestperioden. Dei viste seg å vera relativt kortvarige. I 1995 gjennomførte Senter for atferdsforskning (SAF) den første landsdekkjande *Skolemiljøundersøkelsen* i norsk grunnskule. Undersøkinga blei gjentatt i 1998, 2001, 2004 og 2008 og eit sentralt element var å undersøkje mobbing i skulen. Data frå desse undersøkingane var grunnlaget for både ein rapport i 2008 og artikkelen frå 2011, der Roland viser korleis tala på både mobbeoffer og mobbarar *auka* med litt over 30 % i perioden frå 1995 til 1998.⁸¹⁰ Mellom 1998 og 2001 auka desse tala på ny med 30 %, men undersøkinga frå 2004 viste ein *tilbakegang* på talet på mobbarar og mobbeoffer på rundt 30 % (tilbake til 1998-nivå).⁸¹¹ Etersom den første manifestperioden var mellom 2002 og 2004, konkluderer Roland med at det var resultatata av den som førte til reduksjonen. Men frå 2004 til 2008 auka tala igjen og særleg på ungdomsskulen, der det var ein auka på over 40 % både for mobbarar og mobbeofre.⁸¹² Sjølv om Roland ikkje kan forklara denne langvarige auken, konkluderer han med at:

Although bullying is related to the pupils' personalities (Olweus, 1993; Roland & Idsøe, 2001; Salmivalli & Nieminen, 2002), results from school-level efforts such as the Olweus and ZERO programs and other research have established that the amount of bullying is quite sensitive to the proximal context (Olweus, 2004; Parada, 2006; Roland et al., 2009; Roland & Galloway, 2002, 2004). An interesting and important conclusion is that this proximal context at school is sensitive to national school policy. Further, the results indicate that personal commitment demonstrated at the local level by the central national politicians, counts. This personal commitment was much more strongly demonstrated during Manifesto-I compared to the Manifesto-II period.⁸¹³

⁸⁰⁹ Spor nr. 2, 2010, s. 8-9 og 16, http://www.korusnord.no/Global/Publikasjoner/Spor/Spor_2_10_LoRes.pdf (lasta ned 04.11.15).

⁸¹⁰ Roland 2008: 2, Roland 2011: 386. Rapporten og artikkelen handlar om det same, men med litt ulik vinkling.

⁸¹¹ Roland 2008: 2., Roland 2011: 385. Roland nyttar litt andre svaralternativ enn Olweus. I kapittel 6 viser eg korleis han argumenterer med at brytepunktet for kva som er mobbing bør liggja ved svaralternativet "2-3 gongar i månaden" og oftare. Roland nytta brytepunktet "ukentlig og oftare". Definisjonen av mobbing er relativt lik Olweus sin.

⁸¹² Roland 2008: 5. I tillegg innførte Roland eit nytt spørsmål om mobilmobbing, og legg ein saman "ordinær" mobbing og mobilmobbing blir tilsvarande auke for ungdomsskuleelevar godt over 100 %. Erling Roland meiner denne kraftige auken i mobilmobbing ikkje kan forklarast med auka tilgang på mobiltelefonar, for allereie i 2004 hadde 90 % av ungdomsskuleelevane mobiltelefon. Roland 2008: 9.

⁸¹³ Roland 2011: 387-388.

Det var ikkje berre det personlege engasjementet som gjekk ned etter den første manifestperioden, som Olweus og Roland var inne på i intervjuet i *Spor* frå 2010, dalte også medieinteressa. Trass i dette fortsette skulane å nytta ulike tiltaksprogram i arbeidet for å betra skulemiljøet og for å motverka mobbing. Og det er fortsatt mange ulike program å velja mellom. *Rapport 2000* undersøkte heile 25 ulike program og tiltak for å redusera problemåtfærd og byggja sosial kompetanse, medan rapporten *Forebyggjende innsatser i skolen* frå 2006, som vi skal sjå på i det neste kapitlet, vurderte 13 ulike program. I 2012 søkte 10 program om offentleg støtte frå Utdanningsdirektoratet.⁸¹⁴

I ein av dei halvårlege undersøkingane NIFU gjennomfører på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, ønska direktoratet å få vita litt meir om bruken av førebyggjande program i den norske skulen. Resultatet viste at rett under 60 % av skulane hadde brukt eitt eller anna førebyggjande program i løpet av dei siste fire åra og at halvparten av skulane brukte det hausten 2010.⁸¹⁵ Forfattern av rapporten, Nils Vibe, identifiserte 14 ulike program som var i bruk i skulen og av dei som hadde brukt program dei siste fire åra, opplyste rundt 25 % at dei hadde brukt tre eller fleire program og i snitt nemnte skulane at dei nytta to ulike program.⁸¹⁶

Deltaking i slike program er både tid- og arbeidsintensivt for skulane som brukar dei. Med stadig fleire program som dekkjer stadig fleire problemområde, er ein nærliggjande tanke at skulane på eitt tidspunkt når eit mettingspunkt for kor mange ulike program dei klarer å halda gåande på ein gong. I neste kapitlet skal vi sjå at det kom ein reaksjon på nettopp denne programiveren rundt 2010.

Konklusjon

Forholdet mellom mobbeforskinga og politikken i Noreg har vore og er framleis tett kopla til den offentlege debatten i media. Mobbing kan få svært alvorlege konsekvensar for dei som blir utsett for det, og det moralske aspektet ved problematikken fører til eit visst handlingspress for politikarane, slik vi har sett det både i 1983 og i 1995.

Allereie i 1980 argumenterte Dan Olweus for at elevar har ein demokratisk rett til eit mobbefritt skulemiljø, noko som for alvor fekk gjennomslag med den nye kapittel 9a *Det*

⁸¹⁴ Rapport 2000, Nordahl mfl. 2006 og Utdanningsdirektoratet 2012.

⁸¹⁵ Vibe 2010: 44.

⁸¹⁶ Vibe 2010: 33.

psykososiale miljøet i Opplæringslova som blei lagt til i 2002. Vegen til ein endeleg paragraf var krokete og lang, og det er vanskeleg å sjå for seg at paragrafen ville vore på plass utan alle mediasakene om alvorlege mobbehendingar. Samstundes med at skulemiljøet fekk eit auka fokus gjennom lovfesta rettar for elevane, auka talet på program som skulle hjelpe skulane i arbeidet med å få eit godt skulemiljø. Mobbeforskingstiljøa rundt Dan Olweus i Bergen og Erling Roland i Stavanger har, som vi har sett i dette og tidlegare kapittel, nytt godt av at politikarane har hatt behov for deira ekspertkunnskap om problematikken, samt at dei begge utvikla nye program på bakgrunn av 1983-kampanjen. Kombinasjonen av at dei begge var mykje brukt som ekspertar av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet og frå 2004 Utdanningsdirektoratet, og at dei sat som utviklarar av dei anbefalte tiltaksprogramma, var at deira forståing av mobbeproblematikken nærast har hatt monopol i Noreg. I nabolandet Sverige utvikla forskinga seg noko annleis, noko eg skal drøfta i det neste kapitlet.

Kapittel 8:

Paradigmeskifte?

(...) I believe that policy and research on bullying may be approaching a turning point. If it can build on, or develop from, what has already been achieved it could have a profound influence on the quality of children's lives at school by improving not only how schools affect children's social development, but also how schools affect their intellectual development. In contrast, if policy and research on SBV [school bullying and violence] fail to develop from what has already been achieved, I fear that it may fade, and eventually fizzle out over the next five to ten years. There are two reasons: first, no area of educational policy and practice is static; if it does not develop, it fades. Second, as numerous delegates pointed out, teachers face innumerable pressures; if policy and research on SBV cannot incorporate some of these pressures, it will be replaced by them.⁸¹⁷

Desse tankane gjorde David Galloway seg då OECD-konferansen *Taking fear out of schools* nærma seg slutten i september 2004. Og på mange måtar skulle Galloway få rett – mobbeforskinga stod ved eit vegskilje på midten av 2000-talet – og nye vegar blei bygde både til høgre og venstre.

Den første delen av dette kapitlet handlar om å følgja desse ulike vegane utover på 2000-talet, først og fremst slik dei vaks fram innan svensk og dansk mobbeforsking. Nye perspektiv på mobbing hadde vakse fram i Sverige alt frå 1990-talet og i Danmark på 2000-talet. Som vi skal sjå i dette kapitlet, handlar mykje av kritikken mot den etablerte mobbeforskinga om metodebruk og eit relativt einseitig individualpsykologisk perspektiv på mobbing. Delar av denne kritikken botnar i at den nye generasjonen mobbeforskarar ikkje berre er psykologar og pedagogar, men også sosiologar, filosofar, idéhistorikarar, kjønnsforskarar og antropologar. Korleis skil den nye mobbeforskinga seg frå den tidlegare og etablerte forskinga? Kva er det nye i den svenske og danske mobbeforskinga? Som vi har sett i dei føregåande kapitla, var norsk mobbeforsking på 1990-talet i stor grad prega av teknovitskap. Er det same tilfelle med dei nye retninga mobbeforskinga tar i Sverige og Danmark?

Inkludert i kritikken mot den etablerte mobbeforskinga, var også ein kritikk av mobbeprogramma som jo er baserte på dei same perspektiva som forskinga. I den andre delen av kapitlet skal vi drøfta tiltaksprogramma, og særleg debatten rundt bruken av desse i

⁸¹⁷ Galloway i Munthe et al. 2005: 127. Min klammeparentes.

svensk og norsk skule. I kva grad er det ein samanheng mellom bruk og utvikling av tiltaksprogram på den eine sida og utvikling av alternative perspektiv på mobbing?

Dei danske mobbeforskarane Robin May Schott og Dorte Marie Søndergaard brukar nemninga "paradigme one" om tradisjonen etter Olweus og "paradigme two" om den nye retninga som fokuserer på mobbing som uttrykk for sosiale dynamikkar heller enn mobbing som individuell aggresjon.⁸¹⁸ Andre har kalla desse to perspektiva for "first-order" og "second-order", der skilelinjene er dei same.⁸¹⁹ Eg kjem i det følgjande til å nytta paradigme ein og to.

Ny svensk vitenskapelig interesse for mobbing

I samband med eit arbeid for å utforma nye læreplanar for den svenske grunnskulen tidleg på 1990-talet interesserte svenske styresmakter seg for mobbeproblemet. På Skolverkets tiltaksseminar i august 1992 blei det bestemt at ein del av dei årlege midlane kalla "stöd till lokal skolutveckling", skulle gå til å støtta særleg utsette grupper av elevar.⁸²⁰ Eitt av desse områda var arbeid mot mobbing. Også barnombudsmannen og Folkhälsoinstitutet viste aukande interesse for mobbing på denne tida og løyvde pengar til kunnskapsutveksling og førebyggjande arbeid.⁸²¹ På bakgrunn av diskusjonane i dei føregåande kapitla, er det interessant at den politiske interessa i Sverige i stor grad initierte prosjekt med mål å samla *kunnskap* om mobbing, og meir spesifikt, få eit overblikk over statusen på mobbeforskinga. Norske myndigheiter var i mykje større grad interessert i *direkte tiltak* for å hindra mobbing, samt å få oversikt over problemet, snarare enn å gå vegen via auka kunnskap. Kanskje hadde dette samanheng med at to av dei leiande mobbeforskarane budde i Noreg og dermed hadde ein ekspertisen på heimebane innanfor rekkevidde.

Men også i Sverige var det stor interesse for førebygging av mobbing. Pengane frå Skolverket gjekk mellom anna til å støtta prosjekt som skulle førebyggja, avdekkja og få i

⁸¹⁸ Schott og Søndergaard 2014: 2. Schott utdjuar paradigmeomgrepet i *Mobning – sociale processer på afveje* frå 2009: "Jeg benytter ikke termen paradigme i samme strenge forstand, som den ofte anvendes inden for naturvidenskaberne, hvor et paradigme referer til de fremherskende eksperimentelle og fortolkningsmæssige metoder." (Schott 2009: 232).

⁸¹⁹ Slee and Mohyla 2007: 105.

⁸²⁰ Skolverket 1994: 1.

⁸²¹ Hägglund 1996: 2-3.

gang handling mot mobbing i grunnskulen, og ein million svenske kroner blei fordelt til antimobbeprosjekt i 19 kommunar.⁸²² Ideen var at desse prosjekta skulle utarbeida modellar for arbeid mot mobbing, samt spreia kunnskap om dette arbeidet til andre skular.⁸²³ Skulane nytta ulike tilnærmingar til problematikken – nokre brukte Olweus si bok *Mobbing i skolan. Vad vi vet och vad vi kan göra* (1991) som utgangspunkt, andre brukte Anatol Pikas si bok *Så bekämpar vi mobbningen i skolan* (1989) og atter andre brukte andre modellar, utvikla sjølve eller av andre skular.⁸²⁴

Uavhengig av tilnæringsmåte og metode, meldte alle skulane som deltok om synlege resultat av arbeidet, men fleire peika på at Skolverket i framtida burde vera med å spreia denne kunnskapen og erfaringane skulane hadde opparbeidd seg. Dei nye svenske læreplanane som blei gjeldande i 1994 inneheldt begge eksplisitte formuleringar om mobbing: "Ingen skall i skolan utsättas för mobbning. Tendenser till trakasserier skall bekämpas. Främlingsfientlighet och intolerans måste bemötas med kunskap, öppen diskussion och aktiva insatser."⁸²⁵ I lys av dei nye læreplanane, fortsette Skolverket å løyva pengar til forskning på mobbing.

Ei av desse løyvingane resulterte i rapporten *Perspektiv på mobbning* frå 1996 av pedagogen Solveig Hägglund. Målet med rapporten var å "lyfta fram och diskutera delar av den "økologi", den sammanhang, i vilken skolmobbing initieras och vidmakthålles".⁸²⁶ Hägglund tar utgangspunkt i to hovudaspekt ved skulemobbing: kva rolle maktmønster og maktstrukturar spelar for problematikken og kva som er skulen si betydning for barns utvikling og læring. Mobbing skjer ikkje isolert, hevdar Hägglund, men i eit miljø der kommunikasjon og relasjonar er ein del av den enkelte skulen sitt unike særpreg: "Mycket förenklat kan man säga att mobbning är en form av kommunikation som säger något om relationen mellan de inblandade."⁸²⁷

Det teoretiske utgangspunktet for rapporten er økologi-omgrepet som Hägglund henta frå den amerikanske utviklingspsykologen Urie Bronfenbrenner. I den økologiske systemteorien hans, hevdar Bronfenbrenner at barnet utviklar seg innan eit komplekst

⁸²² Skolverket 1994: 5, Skolverket 1995: 3, Hägglund 1996: 3.

⁸²³ Skolverket 1995: 9.

⁸²⁴ Skolverket 1995: 9-10.

⁸²⁵ *1994 års Läroplan för det obligatoriska skolväsendet, förskoleklassen och fritidshemmet* (Lpo 94) og *Läroplan för de frivilliga skolformerna* (Lpf 94). Siter i Skolverket 1995: 3.

⁸²⁶ Hägglund 1996: 3.

⁸²⁷ Hägglund 1996: 9.

system av relasjonar på ulike nivå.⁸²⁸ Nærast barnet finst eit mikrosystem som inneheld familien, kameratflokk og skulen og lengst borte eit makrosystem der samfunnsideologi, politiske avgjerder, tradisjonar og kulturelle normer inngår. I tillegg finst det i følge Bronfenbrenner eit exosystem (t.d. kommunalpolitiske avgjerder) og eit mesosystem (t.d. nettverka mellom barnet og skulen).⁸²⁹

Dette teoretiske perspektivet fungerer først og fremst til å framheva korleis mobbeprobatikken er ein del av eit komplekst, sosialt system. Häggglund opnar dermed for å sjå på mobbing i eit mykje vidare perspektiv enn det som hadde vore vanleg tidlegare. Men ideane om mobbing og makt hadde Häggglund henta frå to svenske doktoravhandlingar frå 1990-talet som drøfta nettopp maktaspektet innan mobbeprobatikken.

Mobbing som uttrykk for makt

I 1993 disputerte psykologen Zelma Fors ved Göteborgs universitet med avhandlinga *Obalans i makt. Fallstudier av barnmobbing*. Fors tar i arbeidet utgangspunkt i Olweus sitt individualpsykologiske perspektiv, der årsakene til mobbing er å finna hos det enkelte individet, men også i *maktrelasjonane* mellom mobbar og offer, og mellom mobbar og vaksne.⁸³⁰ Eit teoretisk utgangspunkt hos Fors er omgrepsapparatet til den amerikanske psykologen Rollo May som deler maktrelasjonane inn i fem ulike grupper: utnyttande, manipulerande, konkurrerande, beskyttande og til slutt integrerande maktrelasjonar.⁸³¹ Fors sin studie er dermed ein kombinasjon av individualpsykologiske/utviklingspsykologiske tilnærmingar og objektrelasjonsteori, og ho samanfattar analysen av det empiriske materialet i tre ulike aspekt: relasjonen mellom offer og mobbar, offerets og mobbarens identitet og til slutt prosessen i den enkelte saka som hindrar mobbing.⁸³²

Metoden Fors nyttar for å undersøkje dette var ikkje gjennom kvantitative spørjeundersøkingar, som var den dominerande metoden innan paradigme ein. I staden går ho i djupna og undersøker fem ulike tilfelle av mobbing der ho intervjuar både mobbar og mobbeoffer, samt foreldre, lærarar og anna skulepersonale. Studien hennar viser at dei

⁸²⁸ Berk 2013: 26.

⁸²⁹ Häggglund 1996: 10-11. Også Erling Roland refererer til Bronfenbrenners økologiske systemteori, men då i samband med overgangar, t.d. frå barnehage til skule, som kan organiserast etter to ulike prinsipp: kontinuitetsprinsippet og brotprinsippet. Sjå Roland 2007: 117ff og kap. 7.

⁸³⁰ Fors 1993: 27.

⁸³¹ Fors 1993: 34.

⁸³² Fors 1993: 53.

fleste mobberelasjonane er av det manipulerande slaget – altså ein relasjon der mobbaren har kontroll over offeret. I tillegg finn ho at mobbeofra i tilfella ho analyserte, har ein identitet som er sterkt knytt til nettopp det å vera offer. Dei har lågare sjølvtilitt og har etter kvart utvikla eit sjølvbilde som handlar om at "det er noko med meg" som gjer at dei andre mobbar meg.

I dei fem mobbesakene ho undersøkte, finn ho at det var fire føresetnader som måtte vera på plass for å stoppa pågåande mobbing: 1) alle dei involverte partane må vera einige om at problemet er mobbing, 2) alle dei involverte må vera einige om at det er plagarane (mobbarane) som utfører dei negative handlingane og at det finst eit samspel mellom plagar og offer, 3) dei som plagar (mobbar), må få hjelp av vaksne til å ta personleg ansvar for desse negative handlingane, og 4) vaksne må hjelpa barn og ungdom med å forstå mobbingas dynamikk og særleg mobbingas maktaspekt.⁸³³

Som vi ser, byggjer både studien og tiltaksidene hennar dels på eksisterande forskning av Olweus og dels på eit relasjonsperspektiv. Dermed kan vi sjå avhandlinga hennar som ein overgang til den neste avhandlinga, som flytta forskingsfeltet enno eit hakk bort frå paradigme ein. Denne andre svenske doktoravhandlinga om maktaspektet ved mobbing, er skriven av psykologen Gunilla Björk. I 1995 forsvarte ho *Mobbning – Ett spel om makt* innan sosialt arbeid ved Göteborgs universitet.

Björk tar eit nokså krast oppgjær med den etablerte mobbeforskninga representert ved Olweus, som ho slår fast er den mest framtrédande og dels dominerande forskaren internasjonalt på feltet. Det er fleire ting Björk er misnøgd med hos Olweus. Kritikken hennar handlar dels om innsamlingsmetoden og dels om kjønnsperspektivet, ettersom Olweus i dei tidlege undersøkingane berre undersøkte gutar.⁸³⁴ Men den viktigaste innvendinga hennar er at ho ikkje er overttydd om at mobbing skuldast aggressiv åtferd hos det enkelte barn:

(...) tänk om mobbarens aggressiva beteende inte utgör ett tecken på den bristande kontakt med föräldrarna (...)? Tänk om mobbning, som ett exempel på ett aggressivt beteende, inte är en varningssignal över hovud taget?⁸³⁵

På same måte som Zelma Fors, er også Gunilla Björk si avhandling ein kvalitativ studie der ho går i djupna på eit fåtal ulike mobbesaker - ein såkalla "case-by-case"-modell.⁸³⁶ Som eit

⁸³³ Fors 1993: 232-233. Fors nyttar sjølv uttrykket plagar og ikkje mobbar.

⁸³⁴ Björk 1995: 30-31.

⁸³⁵ Björk 1995: 31.

interessant og i samtida uvanleg utgangspunkt, er Björk interessert i aktørane sine *subjektive* opplevingar i mobbesakene, og ho vel difor ikkje å presentera nokon definisjon på kva ho meiner med mobbing. Med utgangspunkt i det første intervjuet kontaktar ho deretter neste person, og så vidare til andre, for å få innsyn i mobbesakene frå ulike aktørar sitt perspektiv. Til saman enda ho i studien opp med sytten individuelle intervju og fire gruppesamtaler, fordelt på fire ulike tilfelle av mobbing. Det teoretiske grunnlaget for analysen hennar er den franske sosiologen Michel Croziers strategianalyse:

Fundamentet i en strategianalys är maktbegreppets användande, som på flera viktiga punkter skiljer sig från många andra uppfattningar. En första utgångspunkt är, att makt utvecklas som resultatet av en specifik och ömsesidig påverkansprocess i varje mänsklig relation. Men makt utvecklas samtidigt som en del av ett större socialt system, och hela tiden i samstämmighet med detta. Makt kan därför sägas vara lika mycket resultatet av en social process, som det fenomen, som skapar den sociala relationen, och utgör en del av denne process.⁸³⁷

Eit anna fellestrekk med Fors, er at også Björk ser mobbinga som ein del av eit større sosialt system der *relasjonar* er den sentrale faktoren. Usikkerheit er vidare eit sentralt omgrep i Björk sin teori: dei som er trygge i relasjonane sine, har mest makt og mest handlingsrom, medan dei som er usikre på om dei høyrer til i klassen eller gruppa, er dei som har minst makt og handlingsrom.⁸³⁸

Skulesituasjonen er heilt avgjerande i denne samanhengen ettersom klasserommet, i motsetnad til for eksempel familien, utgjer ei flytande ordning der det stadig blir kjempa ein kamp om å få høyra til. I følgje Björk er mobbing eitt av dei instrumenta som blir brukt for å stadfesta tilknytninga til klassen.⁸³⁹ Dermed ser ho ikkje på mobbing som ein konsekvens av ein konflikt, men som følgje av det sosiale maktspelet i klassen: "Spelen utgör en utmärkt form för detta slags bekräftelse, och skolan det slags organiserade samarbete, som spelen i sin tur kräver."⁸⁴⁰

⁸³⁶ Björk 1995: 36.

⁸³⁷ Björk 1995: 38-39.

⁸³⁸ Björk 1995: 45.

⁸³⁹ Björk 1995: 174.

⁸⁴⁰ Björk 1995: 189.

Mobbaren er den som er flinkast i dette spelet, den som klarar å utnytta denne usikkerheita og dermed auka eiga makt. Offeret er på den andre sida den som har færrest sosiale alliansar å støtta seg på og som dermed taper forhandlinga om makt.⁸⁴¹

Avhandlingane til Fors og Björk markerte starten på eit vitskapleg syn på mobbing som skilde seg frå det dominerande synet, og som skulle få avgjerande betyding for kva retning den svenske mobbeforskinga skulle ta. Det nye er dei sosialpsykologiske tilnæringsmåtane og kvalitative metodane. Tidlegare studiar var i mykje større grad prega av individualpsykologiske perspektiv og særleg kvantitative metodar. Men også introduksjonen og bruken av teori skil seg tydeleg frå den etablerte forkinga.

Triggermekanismar og sosiale system

Sosiologen Bjørn Eriksson, ein av forfattarane av Skolverket-rapporten nemnt i innleiingskapitlet, publiserte i 2001 ein artikkel om mobbing sett frå eit sosiologisk perspektiv. I artikkelen byggjer Eriksson vidare på forkinga til både Olweus og Björk og hevdar at både Olweus sin teori om aggressive tendensar hos enkeltindivid og Björk sin teori om mobbing som eit maktspel i skuleklassen peikar på viktige *triggermekanismar* som fortel oss noko om korleis mobbinga startar. Derimot synest han ikkje forklaringane deira gir oss tilfredsstillande svar på kvifor mobbinga blir gjentatt og gjentatt over tid.⁸⁴²

Eriksson framhevar at det finst to ulike sosiale system i ein skuleklasse. Det eine systemet er eit *administrativt system* – klassen er ei administrativ eining på skulen – inndelt etter bestemte organisatoriske prinsipp. I tillegg er klassen eit *sosialt system* med mange ulike uformelle sosiale band som bind elevane saman.⁸⁴³ I motsetnad til det administrative systemet, kan ingen krevja å få ta del i det sosiale systemet, sjølv om det i dei fleste tilfelle er slik at heile klassen tek del i dette systemet. Dei elevane som blir utestengde frå det sosiale systemet som følgje av mobbing, blir samstundes tvinga til å vera i klassen på grunn av det administrative systemet.⁸⁴⁴ I andre samanhengar, som til dømes på fritida, kan ein sjølv velja bort sosiale system som ikkje fungerer, men på skulen blir elevane tvinga til å delta. Alternativet er å byta skule, og det er for høg kostnad for dei fleste. I følgje Eriksson fungerer

⁸⁴¹ Björk 1995: 189-190.

⁸⁴² Eriksson 2001: 34.

⁸⁴³ Eriksson 2001: 26-27.

⁸⁴⁴ Eriksson 2001: 32.

denne interaksjonen mellom dei to systema som ein transformasjonsmekanisme, ein slags loop som gjer at mobbinga blir gjentatt og mobbeofferet blir sett ned på.

For å forklara det repetitive aspektet ved mobbing, dreg Eriksson inn ein klassisk teori som forklaringsgrunnlag – teorien om *den andre*. Eriksson hevdar at mobbaren brukar mobbeofferet som kontrast til seg sjølv, for å tydeleggjera kven han/ho er:

Vi behöver hela tiden upprätthålla och förstärka självbilden och detta gör vi genom att ställa den i opposition mot en konstruerad andre som vi kan ta avstånd från. Vår hypotes nu är att det är denna process som ger den fortsatta utdragna dynamiken till mobbingen, den process som kan vidmakthållas över mycket långa tidsrymder.⁸⁴⁵

Mobbing blir her sett på som ein del av stadige stadfestingar på eige sjølvbilde gjennom konstruksjonen av nokon andre som speglar ein motsats til ein sjølv. Seinare i kapitlet skal vi sjå at nettopp denne tråden blei plukka opp ein del år seinare.

Mobbing som sosial konstruksjon?

I eit festskrift til Björn Eriksson i samband med at han gjekk over i pensjonistane sine rekkjer, vidarefører Ola Agevall tanken om konstruksjonen av "den andre" og koplar det med sosiologiske teoriar om inne- og utestenging. Gjennom det han kallar *individualiserande kategoriell eksklusjon*, hevdar Agevall at offeret får tillagt avvikande trekk gjennom mobbinga: "Individer blir här inte exkluderade för att ett visst predikat passar in på dem. Snarare gäller det omvända: predikat selekteras och konstrueras så att de pekar ut en särskild person."⁸⁴⁶ Dette står i motsetnad til rasisme, som Agevall kallar *stereotyp kategoriell eksklusjon*. Dei to ekskluderingsformene opptrer saman med mobbing ved at barn adopterer kulturen utanfor klasserommet og skulen og på den måten reproduserer etablerte sosiale mønster.⁸⁴⁷ Som vi skal sjå, blei mange av desse tankane rundt ekskluderings- og inkluderingsmekanismar seinare plukka opp av eXbus-forskarane i Danmark.

Ein annan artikkel i festskriftet, skriven av Odd Lindberg, handlar om konsekvensar av mobbing knytt til skamrelaterte kjensler, som også var temaet i kapitlet han skreiv i

⁸⁴⁵ Eriksson 2001: 37.

⁸⁴⁶ Agevall 2007a: 181.

⁸⁴⁷ Agevall 2007a: 186.

antologien *Utstött – en bok om mobbning*, redigert av Christina Thors.⁸⁴⁸ Sistnemnte antologi samla fleire av dei leiande mobbeforskarane i Sverige, men også bidrag frå Dan Olweus og den finske mobbeforskaren Christina Salmivalli fekk plass.⁸⁴⁹ Fors, Hägglund og Marie Wrethander Bliding er kanskje dei tre svenske forskarane som på 2000-talet fekk mest å seia for kva retning den svenske mobbeforskinga skulle ta. Og alle tre bidrog med artiklar i antologien *Utstött*.⁸⁵⁰ Wrethander Bliding disputerte i 2004 ved Göteborgs universitet med avhandlinga *Inneslutandets och uteslutandets praktik: En studie av barns relationsarbete i skolan* og tre år seinare publiserte ho boka *Inneslutning och uteslutning – barns relationsarbete i skolan*, basert på avhandlinga. Gjennom eit skuleår tidleg på 2000-talet gjennomførte ho ein kvalitativ studie basert på observasjonar og relasjonsarbeid i ein fjerdeklasse. Resultatet av studien viste at skulen er ein svært viktig arena for barn for å læra seg å delta i sosiale samanhengar og at dei vaksne sine roller er vesentlege i denne læringsprosessen. Kunnskap om korleis barn formar relasjonar seg imellom er difor heilt avgjerande for å forstå korleis barn agerer i skulesamanhengar, oppsummerer Wrethander Bliding.⁸⁵¹

Artikkelen hennar i *Utstött* er basert på det same materialet, og i konklusjonen framhevar ho også viktigheita av eit sosiologisk perspektiv for å forstå mobbing:

Om man uppmärksammar skolans praktik och sociala situationer knutna till de sammanhang där de uppstår, i stället för barnens individuella egenskaper och karaktärer, kan mobbning betraktas som ett uttryck för och en konsekvens av barns samspel för att skapa relationer och social ordning i en grupp. Uteslutning av någon innebär också inneslutning av någon annan. Utifrån detta resonemang behöver man inta ett bredare perspektiv och se till helheten i sociala sammanhang när man vill försöka förstå det sociala livet i skolan.⁸⁵²

Denne argumentasjonen blir vidareført i boka *Mobbning – en social konstruktion?* som Wrethander Bliding skreiv saman med Gun-Marie Frånberg i 2011. Gjennom boka går forfattarane kritisk til verks og ser på problematiske sider ved den etablerte forskinga, men dessverre blir dei gode tilløpa til interessante diskusjonar ikkje følgt opp i djupna, og resultatet er ei fragmentarisk og noko overflatisk behandling av problematikken.

⁸⁴⁸ Lindberg 2007a, Lindberg 2007b, Thors 2007.

⁸⁴⁹ Sjø Olweus 2007b og Salmivalli & Willför-Nyman 2007.

⁸⁵⁰ Sjø Fors 2007, Hägglund 2007 og Wrethander 2007.

⁸⁵¹ Bliding 2007: 184-185.

⁸⁵² Wrethander 2007: 124.

Med unntak av Olweus, har svensk mobbeforskning i mykje større grad enn den norske vore prega av perspektiv som har betrakta mobbing som eit gruppefenomen. Som vi hugsar frå kapittel 3 var mellom anna Anatol Pikas nokså avvisande til Olweus si individualisering av mobbeomgrepet. Trass i at Olweus opphavleg er svensk, utførte store delar av forskinga si på eit svensk materiale og gav ut bøkene sine først på svensk, har han budd i Bergen sidan 1970-talet. Svensk mobbeforskning har ikkje på same måte som den norske vore prega av Olweus sitt individperspektiv, noko som kanskje skuldast Pikas sin iherdige kamp mot denne måten å sjå mobbing på.⁸⁵³ Kenneth Nordgren viser dessutan at Skolöverstyrelsen i eit skriftleg materiale frå 1986 legg seg meir på linje med Pikas og hans sosialpsykologiske perspektiv på mobbing:

Begreppet mobbning används normalt i betydelsen gruppvåld. De i motionerna angivna absoluta och relativa talen på mobbningens förekomst i grundskolan bygger på en undersökning vars definition av begreppet mobbning är mycket vidare än den sedvanliga innebörden av begreppet mobbning.⁸⁵⁴

Nordgren konkluderer med at "Olweus inte dominerade det politiska fältet och myndighetsfältet på samma vis som han gjorde inom det vetenskapliga fältet".⁸⁵⁵ Men trass i at Olweus dominerte den *vitskaplege* diskursen internasjonalt, verkar svenske mobbeforskarar å ha blitt påverka av den *politiske* diskursen som altså var meir tilbakehaldne til Olweus sine perspektiv. Vegene til sosiologiske tilnæringsmåtar til mobbeproblematikken verka dermed mykje kortare i Sverige samanlikna med Noreg.

Ein annan forskjell mellom Noreg og Sverige, er den aktive rolla Skolverket spelte for å fremja alternative perspektiv på mobbeproblematikken, noko vi skal sjå på i det følgjande.

⁸⁵³ Nordgren 2009: 72-73.

⁸⁵⁴ Utgreiing frå Utbildingsutskottet, Malöhus län, sitert i Nordgren 2009: 73.

⁸⁵⁵ Nordgren 2009: 72.

Skolverket som generator for ny mobbeforskning

Gjennom ei rekkje rapportar gjekk Skolverket på 2000-talet i bresjen for å få betre kunnskap om mobbing. Mot slutten av tiåret blei det også gjennomført studiar som kritisk vurderte tiltaksprogramma mot mobbing som var i bruk i svensk skule.

I 2002 kom den første av desse rapportane, den tidlegare omtalte *Skolan – en arena för mobbning. En forskningsöversikt och diskussion kring mobbning i skolan*. Rapporten var skriven av fire forskarar i sosiologi og sosialt arbeid ved Örebro universitet, og oppdraget deira frå Skolverket var å gå gjennom mobbeforskinga for å få grep om kva ein visste om mobbing. Som vi hugsar frå i innleiinga, plukka forskarane ut 116 vitskaplege artiklar/bokkapittel og analyserte dei ut frå sju ulike spørsmål som handla om definisjonar, metodikk, resultat og liknande.⁸⁵⁶

Det viktigaste funnet i rapporten var graden av homogenitet i forskingsfeltet, av forfattarane framheva som eitt av mobbeforskingas fremste problem: Forsking om mobbing i skulen gjer ingen forsøk på å generalisera problemrammene til andre sosiale institusjonar. Dermed går ein glipp av samanlikning med liknande institusjonar, og mobbeforskinga får heller ikkje nye impulsar frå forskinga på desse institusjonane.⁸⁵⁷

Resultatet viste at rundt 60 % av dei undersøkte artiklane var påverka av Dan Olweus si forståing av mobbing som ei aggressiv åtferd, kjenneteikna av ein asymmetrisk maktrelasjon der mobbaren/mobbarane forsøkte å skada nokon gjennom eksklusjon, fysiske eller psykiske overgrep.⁸⁵⁸ Grunnreferansen til definisjonen av mobbing i desse studiane er henta frå Olweus si bok *Mobbing i skolen. Hva vi vet og hva vi kan gjøre* frå 1992. Vidare fann dei at heile tre av fire artiklar var prega av kvantitative metodar. Av desse brukte to av fem studiar Olweus sitt spørjeskjema for å kartleggja mobbeproblematikken. Den resterande firedelen av artiklane nytta ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative metodar.⁸⁵⁹

Etter å ha presentert og argumentert for mobbeforskingas homogenitet over nesten 100 sider, er konklusjonen at dette kan kallast eit "mobbingsparadigme":

⁸⁵⁶ Eriksson mfl. 2002: 25.

⁸⁵⁷ Eriksson mfl. 2002: 18.

⁸⁵⁸ Eriksson mfl. 2002: 51.

⁸⁵⁹ Eriksson mfl. 2002: 96.

Disciplinen legitimerar vilka åtgärder och ansatser som är giltiga, vilken typ av data som kan ge underlag för slutsatser och vilka typer av data som endast är problemgenererade. Vidare vilka begrepp som och vilka problemformuleringar som är såväl giltiga som fruktbara.⁸⁶⁰

I motsetnad til mange definisjonar innan samfunnsvitskapane, der definisjonane kan fungera som "ett öppnande instrument gentemot en komplex verklighet", hevdar forfattarane at mobbedefinisjonen *avgrensar* rammene for kva type spørsmål som kan stillast, noko som også er med på å forklara homogeniteten.⁸⁶¹

Forskarane møtest

Rapporten genererte auka merksemd rundt mobbeforskning i Sverige, som mellom anna manifesterte seg i form av den første nasjonale konferansen om mobbing og krenkjande handlingar i skulen. Konferansen fekk tittelen "Vänskap vinner" og blei arrangert ved Örebro universitet 12.-13. august 2002.⁸⁶² Konferansestadene var nok ikkje tilfeldig, ettersom det var her Björn Eriksson og kollegane bak *Skolan – en arena för mobbning* heldt til. I konferanserapporten, *Vänskap vinner*, skriv mellom anna Eriksson i artikkelbidraget sitt at dei held på å byggja eit forskingsmiljø om mobbing ved Örebro universitet.⁸⁶³

Året etter blei det arrangert ein ny konferanse, denne gongen var det under leiing av Nordisk ministerråd. Konferansen *Nya forskningsperspektiv på mobbning* blei arrangert 24.-25. september 2003 i Stockholm og var eit resultat av Det nordiske skolesamarbeidet (NSS). I konferanserapporten står det at "en arbeidsgrupp inom det nordiska skolsamarbetet har tagit initiativ till olika aktiviteter på skolområdet med syfte att motverka mobbning, våld och racism".⁸⁶⁴ Konferansen hadde som mål å bidra til ein samla og kritisk gjennomgang av eksisterande forskning og å stimulera til nye initiativ innan mobbeforskinga.⁸⁶⁵ I tillegg hugsar vi frå innleiinga at konferansar er eitt av desse "romma" der vitskapen blir delt og spreidd

⁸⁶⁰ Eriksson mfl. 2002: 97.

⁸⁶¹ Eriksson mfl. 2002: 103-104.

⁸⁶² Konferansen var eit samarbeid mellom Arbetslivsinstitutet, Örebro universitet, Högskolan i Halmstad og Barnens rätt i samhället. Sjå Menckel 2002.

⁸⁶³ Eriksson 2002: 91.

⁸⁶⁴ Thelin & Williamson 2004: 7.

⁸⁶⁵ Det blei sendt ut invitasjonar til alle nordiske forskarar som arbeidde med mobbing og krenkande handlingar, samt til rådgivarar, politikarar og andre som løyver pengar til forskning på mobbing, men kvart land fekk berre stilla med 20 personar på konferansen. (Thelin & Williamson 2004: 27).

når forskarane møttest. Dette var i høgste grad tilfelle i Stockholm, der alle dei leiande nordiske mobbeforskarane samlast.

Første del av arbeidet til denne arbeidsgruppa var å kartleggja forskning og utviklingsarbeid i dei nordiske landa, og resultatet av dette arbeidet var rapporten *Mobbing i nordiske skolor. Kartlegging av forskning om och nationella åtgärder mot mobbing i nordiska skolor* skriven av pedagogen Gun-Marie Frånberg.⁸⁶⁶ Rapporten tangerer på fleire felt *Skolan – en arena för mobbing*, men der Eriksson og kollegane undersøkte mobbeforskinga *internasjonalt*, hadde Frånberg eit tydeleg og avgrensa *nordisk* perspektiv. I rapporten presenterer Frånberg først og fremst kva for nasjonale strategiar og skuleretta tiltak mot mobbing (t.d. tiltaksprogram) som har vore gjennomført i dei ulike nordiske landa, og i konklusjonen støttar ho seg mellom anna på forskinga til Wrethander Bliding. Frånberg er svært kritisk til Olweus si forståing av problematikken. Ikkje minst er ho skeptisk til Olweusprogrammet:

När kategorierna har definierats är det också lätt att finna individer som passar till beskrivningarna (Bliding, 2002). De som är utsatta pockar indirekt på att problemen tas på allvar och löses. Det som blir följderna av en sådan utveckling är ofta att de lösningar som växer fram grundas i orsaksförklaringar som gjorts tidigare.

Denna utveckling förklarar delvis varför Olweus-programmet har blivit så populärt. Hans positivistiska och psykologiska forskning uppfattas som den lösning som behövs för att kunna komma till rätta med problemet. Den är individinriktad, isolerad från sin kontext, grundar sig på enkla orsakssamband där individer med olika karaktärer är bärare av problemet (Bliding, 2002). Det som blir resultat av en sådan förenklad forskningsinsats är att den debatt som följer och åtgärdsprogrammen som skapas ofta blir av symtombehandlande karaktär. De lyckade resultaten kan också delvis förklaras med att Olweus själv genomför utvärderingar av sina egna program.⁸⁶⁷

Mobbing er eit komplekst fenomen og enkle løysingar finst ikkje, avsluttar Frånberg.

Løysingane ho peikar på, er derimot nokså tradisjonelle: kvalitetssikra skulane sine handlingsplanar mot mobbing, oppretta ein handlingsstrategi og kompetanseheving av lærarar og anna skulepersonale.⁸⁶⁸ Frånberg er skeptisk til kampanjar og handlingsmodellar som ho meiner gir kortsiktige effektar, i staden framhevar ho viktigeita av lærarens profesjonalitet som den viktigaste reiskapen for å få langsiktig effekt av mobbearbeidet:

⁸⁶⁶ Frånberg 2003.

⁸⁶⁷ Frånberg 2003: 63.

⁸⁶⁸ Frånberg 2003: 64-65.

Det er här det vetenskapliga förhållningssättet förtjänar att återigen lyftas fram. Att förhålla sig vetenskapligt till situationer är just att vara professionell. Det är det redskap som lärare behöver för att kunna förebygga. Upptäcka, hantera och förhoppningsvis lösa olika problemsituationer som är en del i skolans vardag. Det är när lärare uppträder professionellt som det finns en möjlighet att stävja mobbning och andra negativa beteenden och därigenom skapa den trygga tillvaro som elever har rätt att uppleva under sin skoltid.⁸⁶⁹

Andre del av arbeidet til arbeidsgruppa var altså å samla Nordens leiande mobbeforskarar til ein konferanse. Her blir det tydeleg at mobbeforskinga har tatt litt ulike retningar i dei ulike nordiske landa. Konferansen blei innleidd med at ein representant frå kvart av dei fem nordiske landa fekk halda eit lengre foredrag, medan det andre dagen var det tematiske diskusjonar organisert rundt sju ulike spørsmål.⁸⁷⁰ I konferansedokumentasjonen er det dessutan presentert ulike samandrag ("abstract") frå den samtidige mobbeforskinga i dei fem nordiske landa, men det er uklart om desse blei framført på noko vis.⁸⁷¹

Dei fleste samandraga er nokså handlingsorienterte og dreier seg om pågåande mobbeundersøkingar på skular eller om utprøving av tiltak mot mobbing. Tematisk er det påfallande at dei danske bidraga i større grad enn dei andre handlar om trivselen og miljøet rundt skulebarna, t.d. skulemiljøet, læringsmiljøet og undervisingsmiljøet.⁸⁷² Dei norske forskarane har større fokus på ulike tiltak mot mobbing, fleire av samanfatingane er knytt til forskning rundt antimobbeprogram og program for å utvikla sosial kompetanse hos skulebarn og barnehagebarn, i tillegg til at eitt av innlegga handlar om *Manifest mot mobbing*. Erling Roland argumenterer til dømes i sitt samandrag for å knyta den nordiske mobbeforskinga og antimobbearbeidet til OECD-initiativet han var involvert i, då denne konferansen i Stockholm blei arrangert året før OECD-konferansen i Stavanger. Også eit av dei danske samandraga set mobbing inn i eit større internasjonalt prosjekt, nærare bestemt ei stor dansk barnehelseundersøking som var det danske bidraget til eit internasjonalt forskingsprosjekt om skulebarns helse.⁸⁷³

Dei av dei finske og islandske samandraga som er publisert på engelsk eller svensk, handlar stort sett om praktiske tilnærmingar for å løysa mobbeproblemet i skulen, medan

⁸⁶⁹ Frånberg 2003: 67.

⁸⁷⁰ Dei fem føredragshaldarane var psykolog Christina Salmivalli frå Finland, adjunkt Vanda Sigurgeirdóttir frå Island, mannsforskar Kenneth Reinicke frå Danmark, psykolog Dan Olweus frå Noreg og pedagog Solveig Häggglund frå Sverige.

⁸⁷¹ Finland 5, Island 2, Danmark 6, Noreg 7 og Sverige 10 "abstracts".

⁸⁷² Thelin & Williamson 2004: 125-132.

⁸⁷³ Health Behaviour in School-Aged Children (HBSC), eit samarbeidsprosjekt med WHO. (Thelin & Williamson 2004: 127).

dei svenske bidraga skil seg ut ved at dei i større grad drøftar mobbing i eit overordna forskingsperspektiv.

Kort summert går det eit lite skilje mellom Finland, Island og Noreg på den eine sida, der forskinga i stor grad fell innanfor paradigme ein, medan det i dei svenske og danske bidraga er større vilje til å utvida perspektivet, både i forhold til kva forskinga problematiserer og med tanke på kva fagbakgrunn forskarane har.

Foredraga frå den første dagen av konferansen understrekte dette mønsteret. I Finland er det særleg forskargruppa rundt psykologen Christina Salmivalli ved Universitetet i Turku som har dominert mobbeforskinga. Salmivalli har tatt mobbeforskinga eitt steg bort frå Olweus sitt individperspektiv ved å framheva *gruppas rolle*, med eit særleg fokus på korleis elevgruppa er innebygd i den sosiale konteksten i klassen.⁸⁷⁴ I innlegget delte ho rollene i mobbesituasjonen inn i seks ulike roller, mot t.d. Olweus sine to (mobbar/offer):

The participant roles in bullying refer to student's ways of being involved in bullying. Besides *victims*, who are systematically attacked by others, and *bullies*, who have an active initiative-taking "ringleader" role in the process, *assistants of bullies* can be identified as those who eagerly join in the bullying when someone else has started it. *Reinforcers of bullies*, on the other hand, offer positive feedback to the bully by laughing, by encouraging gestures, or just by gathering around as an audience. *Outsiders* withdraw from bullying situations, without taking sides with anyone. The behaviour of *defenders* is clearly anti-bullying: they may comfort the victim, or actively try to make others stop bullying.⁸⁷⁵

Salmivalli og forskargruppa i Turku høyrer på mange måtar til innanfor paradigme ein, men utfordra og utvida den etablerte kunnskapen innan feltet.

Olweus presenterte ikkje så mykje ny forskning, men svarte indirekte på kritikken som låg innbakt i dei nye perspektiva Zelma Fors, Gunilla Björk og Solveig Häggglund hadde presentert dei seinare åra. Mellom anna framheva Olweus ein nyare studie han hadde gjennomført saman med dåverande stipendiat Mona Solberg, som konkluderte med at eit godt konstruert spørjeskjema var den beste metoden for å bestemma utbreiinga av mobbing.⁸⁷⁶ I tillegg argumenterte Olweus med at individperspektivet var svært viktig for å forstå mobbingsproblematikken og mekanismene som styrer mobbing. Belegget for dette synet var at han gjennom forskinga si hadde funne at mobbar og mobbeoffer representerte to svært ulike personlegdomar og veremåtar. Dessutan viste langtidsstudiar at både

⁸⁷⁴ Sjø Salmivalli et al. 1996.

⁸⁷⁵ Salmivalli i Thelin & Williamson 2004: 34.

⁸⁷⁶ Solberg og Olweus 2003.

mobbarane og mobbeofferne hadde stabile "roller" over tid, noko som også peika mot individuelle forklaringsmodellar, hevda Olweus. Mobbarane viste seg dessutan stabile ved at dei var overrepresenterte i kriminelle handlingar og asosiale veremåtar, samanlikna med elevar som ikkje mobba.⁸⁷⁷

Trass ulike forståingar av mobbing, trekte svensken Solveig Hägglund linjer til Olweus og poengterte at nordiske forskarar hadde eit særleg ansvar for å forvalta og vidareutvikla mobbeforskinga som nettopp Olweus hadde lagt grunnen for.⁸⁷⁸ Fram til 2000-talet hadde mesteparten av mobbeforskinga vore initiert av organisasjonar og politiske myndigheiter med fokus og ansvar for barns oppvekstmiljø. Dermed handla denne forskinga i stor grad om kartlegging og førekomst av mobbing i skulen, hevda Hägglund og oppsummerte:

I stor utsträckning har kunskapsbehov och frågor identifierats i ett politiskt-ideologiskt och/eller praktiskt sammanhang. Kontinuitet i kunskapsutvecklingen har upprätthållits genom politiska och praktisk/metodiska diskurser snarare än genom inomvetenskapliga processer. För kunskapsutvecklingens villkor kan detta vara ett problem.⁸⁷⁹

Her peikar Hägglund på ein del av dei same funna eg har peika på i tidlegare kapittel – mobbeforskinga har i stor grad blitt utvikla i skjeringsfeltet mellom vitskap, politikk og kommersielle interesser – teknovitskap, for å bruka Pickstone sitt omgrep. Og nettopp dette blir ekstra tydeleg i desse foredraga under konferansen. Olweus brukar tida på metodiske problem knytt til spørjeundersøkingsskjemaet som undersøker omfanget av mobbing – på sett og vis teknovitskapleg mobbeforsking. Denne forskinga er kjenneteikna av eit ønskje om å forbetra tiltaksprogrammet mot mobbing, noko eg kjem tilbake til seinare i kapitlet. Men først skal vi sjå kva dei danske mobbeforskarane kom fram til på slutten av 2000-talet.

⁸⁷⁷ Olweus i Thelin & Williamson 2004: 67.

⁸⁷⁸ Hägglund i Thelin & Williamson 2004: 82.

⁸⁷⁹ Hägglund i Thelin & Williamson 2004: 83.

eXbus

eXbus-prosjektet i Århus starta i 2007 og var forankra ved DPU Aarhus Universitet. Prosjektet var samansett av forskarar innan psykologi, filosofi, minoritetsforskning, jus, statistikk og samfunnsvitenskap, og gruppa hadde som mål å undersøka mobbingas "tilblivelsesprosesser og vesen", som det heiter i prosjektskildringa.⁸⁸⁰ På denne tida var mobbeforskninga i Danmark nokså avgrensa, og den vesle forskinga som fanst, var innan det etablerte paradigme ein. Teoretisk forskning på feltet fanst ikkje i Danmark, og eitt av måla forskarane sette seg, var å visa at mobbing er eit komplekst fenomen som krev avanserte analysereiskapar og omgrep, heilt i tråd med ein analytisk vitemåte.⁸⁸¹ I tillegg ønskte dei å utfordra det etablerte paradigmet dominert av Olweus sine perspektiv. Resultatet av fleire mindre delstudiar blei tre store antologiar, samt mange ulike artiklar, seminar og konferansar.

eXbus var nyskapande og tverrfagleg, særleg ved at forskarar med bakgrunn innan filosofi og jus var med og bidrog med sine perspektiv. Prosjektets leiar, Dorthe Marie Søndergaard, nytta omgrepet "social eksklusjonsangst" om dei sosiale prosessane blant skuleelevar som kan føra til mobbing. Omgrepet byggjer på ei sosialpsykologisk forståing av mennesket som eksistensielt avhengig av å bli inkludert sosialt – mennesket vil gjerne tilhøyra eit fellesskap.⁸⁸² Sosial eksklusjonsangst er noko som oppstår "når den sociale indlejring bliver truet, og håpet og længslen efter tilhør til et fællesskab trues".⁸⁸³

Søndergaard vil bort frå det ho hevdar er typisk for paradigme ein, nemleg at ein "i forbindelse med børns gensidige foragtproduktion bruger en skyldfokuserende tænketeknologi, der får både børn og voksne til at søge efter en skyldig aggressor og afmægtigt offer".⁸⁸⁴ Mobbing i følge Søndergaard, skjer når produksjonen av slik forakt mot enkelte barn aukar samstundes som empatien for det same barnet minkar meir eller mindre mellombels.⁸⁸⁵ Dette minner om det Olweus og Roland kallar for "svakkelse av hemninger eller sperrer mot aggressive tendenser", som eg har vore inne på tidlegare.⁸⁸⁶ I staden,

⁸⁸⁰ eXbus 2007: 2.

⁸⁸¹ Kofoed og Søndergaard 2009: 10-11.

⁸⁸² Søndergaard 2009: 29.

⁸⁸³ Søndergaard 2009: 29.

⁸⁸⁴ Kofoed og Søndergaard 2009: 9.

⁸⁸⁵ Søndergaard 2009: 44.

⁸⁸⁶ Olweus 1992a: 42-43, Roland 2007: 76-77.

hevdar Søndergaard, bør vi fokusera på dei sosiale prosessane og dynamikkane som oppstår mellom barna.

Men Søndergaard tar det eit steg vidare og dreg inn eit nytt omgrep, abjekt, henta frå Judith Butler, som igjen er inspirert av Julia Kristevas definisjon. Kristeva peikar på abjekt som noko som er utstøyt frå kroppen og dermed er annleis og skil seg ut, og Butler framhevar korleis abjektet er framandgjort gjennom utelukka. ⁸⁸⁷ Styrken ved å bruka abjektomgrepet om mobbing, er i følge Søndergaard, at "abjeksjon minder os om den afsky og den lyst til radikal forkastelse, måske ligefrem udslettelse, som gennemtrænger de fleste mobbepraksisser og giver dem en særlig karakter". ⁸⁸⁸ "Abjeksjonen" blir i mobbesamanheng ikkje eit individuelt forhold, men eit sosialt forhold som handlar om å understreka kven som er inne og kven som er ute av gruppa. ⁸⁸⁹

Det av bidraga i antologien frå 2009 som er mest uttalt skeptisk til den etablerte mobbeforskinga, er skrive av den amerikansk-danske filosofen Robin May Schott. Nettopp fordi Olweus har vore så dominerande innan mobbeforskinga, er det grunn til å vera kritisk mot forkinga hans, hevdar Schott, og peikar på fleire problematiske sider ved Olweus si forking. Det første ho framhevar, er Olweus sitt poeng om at mobbing er eit uttrykk for ein intensjon om å skada eit anna individ. Som eg viste i kapittel 3, er intensjonsomgrepet ein del av Berkowitz sin aggresjonsteori og noko Olweus har inkludert i si mobbeforsking. Schott har problem med å akseptera at alle som mobbar har ein felles intensjon og kva intensjonen i så fall skulle vera. Er den instrumentell – brukar mobbaren mobbinga for å oppnå noko heilt anna – t.d. posisjon i ei gruppe? Er då intensjonen å skada ein annan person eller å oppnå posisjon i gruppa, spør Scott retorisk. ⁸⁹⁰

Schott er dessutan svært kritisk til Olweus sin "åbenlyse præference for en individuelt orienteret analyse av begrebet mobning". ⁸⁹¹ Ved utelukkande å sjå mobbing som ein relasjon mellom "to fikserede typer – mobber og offer", overser han at barn kan skifta roller avhengig av situasjonen dei er i. ⁸⁹² Omtalen hans av barn og foreldre meiner ho dessutan er respektlaus: I følge Schott framstiller Olweus ofra som engstelege, usikre barn som har lett

⁸⁸⁷ Søndergaard 2009: 44.

⁸⁸⁸ Søndergaard 2009: 44.

⁸⁸⁹ Søndergaard 2009: 45. Som eksempel på abjektive utsagn, nemner Søndergaard: "'Hun er bare så klam' – 'er du klar over hvor irriterende han er' – 'det er fanme' hans egen skyld, han slog Thomas i går, og han lugter også helt vildt klamt'" Søndergaard 2009: 46.

⁸⁹⁰ Schott 2009: 235.

⁸⁹¹ Schott 2009: 234.

⁸⁹² Schott 2009: 235.

for å gråta, medan mobbaren – i tillegg til å vera over gjennomsnittet fysiske og sjølvsikre – blir framstilt som asosiale. Foreldre (og særleg mor) blir framstilt negativt ved at det er deira mangelfulle oppseding som er grunn til at enkelte barn kan bli mobbarar. Og heller ikkje lærarane går klar av Olweus sin radar, for dei gjorde relativt lite for å forhindra mobbing. Alt i alt, konkluderer Schott, har Olweus sin teori ”tilsynelatende mest til overs for den position, som indtages af forskeren, der kan designe et interventionsprogram for at sætte en stopper for det, dårlige forældre og udugelige lærere ikke har været i stand til at dæmme op for.”⁸⁹³ I staden for å sjå på mobbing som eit patologisk problem som 10 % av alle barn er fanga i, meiner Schott ein bør snu det heile på hovudet og i staden sjå på mobbing som eit fenomen som blir opplevd av alle barn i spesifikke gruppekontekstar.

Schott lanserer deretter mobbeforskingas tre ulike *definisjonsparadigme*. Olweus sin definisjon er det første. Det andre definerer mobbing som ei form for samfunnsmessig vald. Ulike forskarar hevdar dette standpunktet, mellom anna briten David P. Farrington, professor i psykologisk kriminologi og ein av forfatarane av Campbell-rapporten, som eg kjem inn på om litt. I ein svært grundig artikkel frå 1993 går Farrington gjennom mobbeforskinga, og hans eigen innfallsvinkel til problematikken er at mobbing må sjåast på som eit mikrokosmos av den samfunnsmessige valden.⁸⁹⁴ På mange måtar er dette eit allment akseptert syn, som særleg har blitt uttrykt av politikarar og media i den offentlege debatten både i inn- og utland heilt frå 1970-talet. Det er også innbakt i store delar av den etablerte forskningslitteraturen som definatorisk høyrer heime i paradigme ein, då mange mobbeforskarar, inkludert Olweus, er meir nyanserte enn Schott får fram.

Eit anna trekk Schott framhevar ved dette ”samfunnsorienterte” definisjonsparadigmet, er at mobbeproblematikken i større grad blir sett frå offerets synsvinkel. Dette kjem mellom anna til uttrykk ved at paradigmet ”kobler mobning med begreber som vold, totalitarisme, kriser og sociale og politiske omvæltninger, hvilket understreger, hvor forkastelig mobning kan være”.⁸⁹⁵ Men, avsluttar Schott, ved å plassera mobbing i ein krisekontekst, blir mobbing også i dette paradigmet stempla som eit avvik frå normal interaksjon.⁸⁹⁶

⁸⁹³ Schott 2009: 237.

⁸⁹⁴ Farrington 1993: 383.

⁸⁹⁵ Schott 2009: 242.

⁸⁹⁶ Schott 2009: 242.

Det tredje paradigmat Schott skisserer, spring ut av ein definisjon som hevdar mobbing skjer som følgje av undertrykkjande eller dysfunksjonell gruppedynamikk. I motsetnad til dei to førstnemnte paradigma, er ideen her at kjelda til dei problem som oppstår i klasserommet, er å finna i klasserommet.⁸⁹⁷ Schott viser til ein svensk magistergrad frå 2004 der forfattaren, Maria Heintz, definerer mobbing som ein slags gruppetenking (group-think). Handlinga fører til ei form for gruppesuggesjon der gruppas påverknad på det enkelte individ får dei til å handla mykje meir valdsamt og destruktivt enn dei elles ville gjort. Grappa tilbyr ei form for anonymitet for medlemmene, og dermed overtar enkeltindivid gruppas normer og oppnår ei sterk kjensle av tilhøyrse til grappa.⁸⁹⁸ Dette er kjente mekanismar innanfor sosialpsykologien og framheva av mange forskarar innan paradigmat ein, som til dømes Roland og Olweus.⁸⁹⁹

Avslutningsvis presenterer Schott eit forslag til ein ny definisjon på mobbing som eit sosialt omgrep. Definisjonen bør, i følgje Schott, betraktast meir som eit provoserande tankeeksperiment enn ein definisjon som skal vera universell gyldig:

Mobning finder sted i formelle institutioner som f.eks. en skole, hvor individer ikke uden videre kan træde ud af gruppen. Den kontinuerlige opbygning af uformelle grupper i kraft av inklusions- og eksklusionsmekanismer skaber mobningens sociale kontekst. Positionelle ændringer truer gruppens orden og afføder frygt og angst, eftersom alle medlemmer af gruppen kan risikere at blive ekskluderet. Mobning forekommer, når grupper reagerer på denne angst ved at projicere truslen mod gruppens indre orden over på bestemte individer, og disse individer systematisk ekskluderes som "andet". Selv om disse processer tilsyneladende gavner gruppen som helhed, berøves de individer, der mobbes, den sociale anerkendelse, de behøver for at kunne opretholde deres menneskelige værdighed. Således kan det at blive mobbet opleves som ens slags psykisk tortur.⁹⁰⁰

Fleire av momenta i denne definisjonen kjenner vi frå dei svenske forskingsbidraga eg presenterte tidlegare i kapitlet. Det viktigaste for Schott og resten av eXbus-prosjektet er å framheva at mobbing er ein prosess som oppstår blant alminnelege barn (ikkje patologiske, asosiale avvikarar) og i alminnelege grupper (ikkje dysfunksjonelle).⁹⁰¹ Med dette som utgangspunkt undersøker forskarane i eXbus-prosjektet mobbing frå mange ulike

⁸⁹⁷ Schott 2009: 243.

⁸⁹⁸ Schott 2009: 243.

⁸⁹⁹ Sjø t.d. Olweus 1992a: 42-43. Roland 2007: 76-77,

⁹⁰⁰ Schott 2009: 249.

⁹⁰¹ Schott 2009: 256.

innfallsvinklar gjennom eit stort empirisk materiale, undersøkt med både kvalitative og kvantitative metodar.⁹⁰²

Finn vi teknovitskapeleg mobbeforsking i eXbus-gruppa? Helle Råbøl Hansen, ein av eXbus-forskarane, lanserte i slutten av 2015 boka *Parentesmetoden - tænkestrategier mod mobning*. Boka tilbyr eit analyseverktøy til lærarar som vil arbeida med å koma til livs systematiske utstøyttingsprosessar og mobbemønster i skuleklassen: "Parentesen udtrykker en tænkt bevægelse, hvor der sættes parentes om enkeltindivider, og fokus rettes mod hele det sociale grundlag i klassen, som individerne agerer ud fra."⁹⁰³ Parentes-metaforen kan både tolkast bokstavleg og i overført tyding ved at det sosiale miljøet i klassen er viktigare enn individa i klasserommet, og ved at denne metoden set parentes rundt den eksisterande mobbeforskinga som har sitt utgangspunkt i nettopp individet. Forfattaren er tydeleg på at metoden ikkje er utprøvd og evaluert. Det er også usikkert i kva grad metoden vil bli seld som eit program og dessutan i kva grad andre interesser, til dømes skulepolitiske, har vore med å påverka utforminga av metoden. Uansett fekk eXbus-prosjektet og kritikken mot den etablerte forskinga stort gjennomslag i Danmark, og bidraget deira blir av danske skulehistorikarar omtalt som eit paradigmeskifte innan dansk mobbeforsking.⁹⁰⁴ Men kor står den internasjonale mobbeforskinga?

⁹⁰² Materialet inkluderer intervju med elevar, lærarar, foreldre, skuleleiarar og fritidspedagogar, det er observasjonar av situasjonar i skulen, i klubbar og foreldrearrangement om mobbing, dei har analysert skulestilar og teikningar av barn, sms-ar, e-postar, romanar, gjennomført spørjeundersøkingar og drive virtuelt feltarbeid på sosiale nettsider og dei har undersøkt skriftleg materiale som t.d. handlingsplanar om mobbing osv. Sjå Kofoed og Søndergaard 2009: 17, Kofoed og Søndergaard 2013: 12.

Funna i desse ulike studiane blei publisert i to danskspråklege antologiar, *Mobning – sociale processer på afveje* frå 2009 og oppfølgjaren *Mobning gentænkt* frå 2013. Året etter kom ein engelskspråkleg antologi med tittelen *School Bullying – New Theories in Context*, som både presenterer ein del av funna frå eXbus-prosjekta, men også har med forskarar frå Australia og USA som alle bidreg med forsking innan paradigme to. Schott and Søndergaard 2014: 9.

⁹⁰³ Presentasjon av boka på forlaget Dafolo. <http://www.dafolo.dk/Om-bogen.6354.aspx> (lasta ned 09.01.2016).

⁹⁰⁴ Sjå de Coninck-Smith, Rasmussen og Vyff 2015: 423.

Internasjonal mobbeforskning

Boka *The Nature of School Bullying. A Cross-National Perspective* frå 1999 samlar bidrag om mobbeforskning, antimobbearbeid og statistikk om skulemobbing frå 21 enkeltland i store delar av den vestlege verda: Europa, USA, Canada, Japan, Australia og New Zealand.⁹⁰⁵ For å sikra eit komparativt grunnlag, blei forfattarane bedne om å følgja ei bestemt oppskrift:

To first set the scene with an outline of their country and its school system; to discuss the terms used to describe bullying in their language, and the history of interest in the topic, to review the research done on bullying, such as surveys of its nature and extent; and to pay particular attention to any monitored interventions, their nature and their effects.⁹⁰⁶

Ettersom dei fleste forfattarane følgde denne oppmodinga, gir boka eit unikt innblikk i korleis mobbeforskninga har blitt spreidd frå starten i Skandinavia og korleis felles metodar for å måla mobbing har blitt brukt i dei fleste landa som har gjort mobbeundersøkingar. Som vi var inne på i kapittel 6, er eit gjennomgåande trekk ved boka at i dei aller fleste landa har ein eller fleire forskarar brukt Olweus sitt spørjeskjema, anten i original eller i omarbeidd form, noko som er gir ein indikasjon på at nettopp hans perspektiv og definisjon på mobbing er godt utbreidd.⁹⁰⁷ Olweus skreiv dessutan dei to første kapitla i boka – det om Sverige og det om Noreg.

I 2001 kom antologien *Peer Harassment in School. The Plight of the Vulnerable and Victimized*.⁹⁰⁸ Boka tar for seg forskning om offera for mobbing, eit perspektiv det har vore lite av innan mobbeforskninga, i følgje forfattarane. Tradisjonelt har det blitt forska mykje meir på den aggressive mobbaren og kva langsiktige konsekvensar det får for han eller ho som mobbar. I denne boka drøftar dei ulike forfattarane ulike omgrepsmessige og metodologiske utfordringar når ein forskar på mobbeoffer, årsaker og konsekvensar, samt utvida forståingar av mobbeprobatikk. Også i denne boka skreiv Olweus opningskapitlet, der han med eit kritisk blitt drøftar ulike sider ved mobbeforskninga.⁹⁰⁹

⁹⁰⁵ Smith et. al. 1999. Landa i Europa som representert i antologien er Sverige, Noreg, Danmark, Finland, England, Wales, Scotland, Irland, Frankrike, Italia, Spania, Belgia, Nederland, Tyskland, Sveits og Polen. Avslutningsvis er det dessutan tatt med eit felles kapittel om mobbing i utviklingsland, "The developing world" av Toshio Ohsako.

⁹⁰⁶ Smith and Morita 1999: 3.

⁹⁰⁷ Sjå kap. 6.

⁹⁰⁸ Juvonen and Graham 2001.

⁹⁰⁹ Olweus 2001.

I 2010 kom den hittil mest omfattande boka med internasjonalt perspektiv ut, *Handbook of Bullying in Schools – An International Perspective*.⁹¹⁰ Heile 93 ulike forfattarar bidreg i 41 kapittel. Brorparten er amerikanske og canadiske forskarar, men mange av forfattarane kjem også frå Europa, Australia og Japan. Igjen fekk Olweus æra av å skriva opningskapitlet. På same måte som i *Peer Harassment in School*, ser han tilbake på 40 år med mobbeforskning og kjem med betraktningar om forskinga, omgrepet og metodologien innan feltet. Mykje har skjedd sidan han starta studiane sine i 1970, men han konkluderer i begge antologiane med at han gjorde mykje rett då han valde å framheva det individuelle perspektivet:

Taking a retrospective perspective, I think it is fair to say that this project and later research (e.g., Olweus, 1978, 1993, 1994 Farrington, 1993) have shown that several of my early concerns were justified. For example, there is no doubt that students in a class vary markedly in their degree of aggressiveness and that these individual differences tend to be quite stable over time, often over several years, if no systematic interventions are introduced (Olweus, 1977, 1979).

Similarly, the research clearly shows that a relatively small number of students in a class are usually much more actively engaged in peer harassment or bullying than others, who are not directly involved in bullying at all or only in more or less marginal roles (Olweus, 1993, 2001).⁹¹¹

Handbook of Bullying in Schools er ein antologi som i tre delar drøftar *forskningsstatus* (kva veit vi om mobbing), *metodiske utfordringar* (korleis måler og vurderer vi mobbing) og til slutt *førebygging og tiltak* mot mobbing. Det kanskje tydelegaste trekket til boka, er breidda og mangfaldet i forskinga. Her finn vi kapittel om alt frå mobbing kopla til kjønn, sosial bakgrunn og etnisitet, makt, moral, tilknytning til foreldre, sosial status, og eit viktig nytt område innan forskingsfeltet: cyberbullying. Eit anna tydeleg trekk er at mobbeforskninga tilpassar seg den nasjonale konteksten der forskinga blir utført: amerikansk mobbeforskning er til dømes i mykje større grad prega av problemstillingar knytt til sosial bakgrunn, rus, kriminalitet, rase, etnisitet og immigrasjon, samanlikna med europeisk mobbeforskning. Andre forskarar drøftar mobbing sett i forhold til kjønn og seksualitet, noko også norske forskarar har vore innom.⁹¹² Felles for alle bidraga i boka er at dei stort sett held seg innan

⁹¹⁰ Jimerson, Swearer & Espelage 2010.

⁹¹¹ Olweus 2010b: 10. Ordlyden i *Peer Harassment in School* er så godt som identisk. Olweus 2001: 5.

⁹¹² Sjå Helseth 2007 og Roland og Auestad 2009. Den britiske utdanningsforskaren Neil Duncan kom alt i 1999 ut med boka *Sexual bullying: gender conflict in pupil culture*.

paradigme ein, trass i at mange av kapitla er med på å utvida horisonten for kva mobbeforskinga omfattar.

Eit anna påfallande trekk er korleis nesten alle artiklane i tiltaksdelen av boka er prega av teknovitskapleg forskning. Tiltaksprogram mot mobbing har vakse fram i svært mange vestlege land, og mange av artiklane handlar om utvikling og evaluering av tiltaksprogram.⁹¹³

Mobbeforskinga blir teoretisert

I 2008 blei det arrangert eit internasjonalt symposium om mobbing ved Tema Barn i Linköping. Symposiet resulterte i eit temanummer om mobbing i tidsskriftet *Children & Society* der alle dei utvalde artiklane utfordrar det etablerte paradigmet innan mobbeforskinga.⁹¹⁴ Artiklane drøftar mobbing ut frå eit sosialt perspektiv – mobbing er ikkje først og fremst eit individuelt problem, snarare eit problem med sosiale og kulturelle dimensjonar.

Eit eksempel på denne tilnærminga er artikkelen til den australske forskaren Bronwyn Davies, "Bullies as Guardians of the Moral Order or an Ethic of Truths?". Davies framhevar kor problematisk det er for lærarar å avdekkja mobbing, slik mobbing blir forstått innanfor paradigme ein. Lærarane må prøva å skilja kva som er "normale" konflikhtar elevane imellom, og kva som er uakseptabel åtferd, altså mobbing: "In identifying bullies, teachers are asked to make dubious distinctions between *individuals' characters* based on a reading of their intentions, and in turn, their relationship to the normative/moral order."⁹¹⁵ Mobbaren, i følge Davies, er altså ein elev som ikkje forstår eller aksepterer den "normative moralske orden" og som difor blir sett på som "den andre".⁹¹⁶ På bakgrunn av intervju med 24 lærarar om mobbeproblematikk, og inspirert av teoriar av mellom anna Judith Butler og Michel Foucault, utviklar Davies eit rammeverk for å forstå og motverka mobbing. I staden for å bli opplært til å tenkja innan ein fastlåst "normativ moralsk orden", bør skulen læra elevane til å posisjonera seg sjølv "as ethically reflexive beings made possible in the flow of

⁹¹³ Til dømes Twemlow et al. 2010, Olweus and Limber 2010, Porter et al. 2010, Salmivalli, Kärnä & Poskiparta 2010, Slee 2010, Robles-Piña, Norman and Campbell-Bishop 2010, Horne et al. 2010 og Rigby 2010.

⁹¹⁴ Danby and Osvaldsson 2011: 255.

⁹¹⁵ Davies 2011: 279.

⁹¹⁶ Davies 2011: 279.

relations with other in which the order is not fixed”.⁹¹⁷ Sagt på ein enklare måte – vi er alle ulike og vi må alle læra oss å tolerera ulikskapar.

Paul Horton frå Linköpings Universitet argumenterer også i sin artikkel ”School Bullying and Social and Moral Orders” for å flytta fokuset bort frå mobbing som ein fastlåst ”moralske orden” til å sjå på mobbing som interaktive gruppeprosessar.⁹¹⁸ Kollegaen frå same universitet, pedagogen Robert Thornberg, har også arbeidd mykje med mobbing innanfor paradigme to dei siste åra.⁹¹⁹ I artikkelen i spesialnummeret av *Children & Society* presenterer han kvalitative studiar på mobbing som viser breidda og kompleksiteten i denne nye tilnærminga til forskingsfeltet. Thornberg sorterer desse studiane i ulike grupper, eksempelvis forskning på den sosiale konstruksjonen av det avvikande barnet (inkludert stigmatisering av offeret og sosial mistilpassing), mobbing som sosial posisjonering (t.d. inne-/utestenging av grupper, jmf. eXbus), korleis kulturelle mønster og sosiale prosessar på skulen skapar mobbarar og til slutt dei som har forska på mobbing som er hemmeleg og fråskilt frå lærarane.⁹²⁰

Hausten 2015 kom det relativt ferske tidsskriftet *Confero – Essays on Education, Philosophy and Politics* med spesialnummeret *Essays on School Bullying: Theoretical Perspectives on a Contemporary Problem*. Redaktørane for utgåva, Paul Horton og Camilla Forsberg, skriv i innleiinga at:

Recently there has been an increasingly noticeable shift away from the individual focus of “paradigm one” towards a more complex consideration of the social, institutional and societal aspects of bullying, or what is now being called “paradigm two”. The aim of this special issue is to further develop the theoretical underpinnings of this second paradigm by addressing the issue of school bullying from different theoretical perspectives in order to illuminate its social, institutional and social aspects.⁹²¹

Bidragstytarane til dette spesialnummeret er forskarar med bakgrunn i kjønnsstudiar, pedagogikk, sosiologi og psykologi frå Europa, Australia, Japan og Canada.⁹²² Felles for artiklane er at dei er kvalitative, gjerne basert på intervju, observasjonar eller etnografiske

⁹¹⁷ Davies 2011: 284

⁹¹⁸ Horton 2011.

⁹¹⁹ Sjå publikasjonsliste på heimesida: <http://www.ibl.liu.se/medarbetare/thornberg-robert/publikationer> (lasta ned 16.02.2016).

⁹²⁰ Thornberg 2011: 258-264.

⁹²¹ Horton and Forsberg 2015: 9.

⁹²² Sjå t.d. Walton 2015, Sønndergaard 2015, Ringrose and Rawlings 2015, Yoneyama 2015 og Thornberg 2015.

studiar og at dei har eit mykje breiare tilfang av teoretiske innfallsvinklar, til dømes diskursstudiar, kjønnsstudiar og maktstudiar.

Den kanadiske utdanningsforskarer Gerard Walton hevdar i sin artikkel at mobbing er eit misforstått fenomen, for paradokset er at vi veit ikkje kva vi ikkje veit om mobbing:

The common refrain is that we need to keep finding gaps in the knowledge and fill them with better research-based approaches and strategies. In the case of bullying, more research is not better, contrary to research industry. In fact, I would argue, (...) instead of doing more research, we need stop our industry, take a step back, look at the problem in broad contexts rather than micromoments, and go back to the drawing board. A disavowal of the bullying orthodoxy is called for. In short, we need stop before we continue to think.⁹²³

Walton etterlyser i praksis eit paradigmeskifte innan mobbeforskinga, ein tematikk han også hadde skrive om i tidlegare artiklar.⁹²⁴ I kva grad han faktisk får ønsket sitt oppfylt, vil tida visa, men det er i alle fall eit tydeleg stemningsskifte innan forskingsfeltet, både når det gjeld teoriar, metodar og bidrag frå mange fleire forskingsfelt.

Som ein del av den aukande kritikken mot den etablerte forskinga, har det også vakse fram ei aukande skepsis til om tiltaksprogramma som er basert på den same forskinga faktisk verkar. Dette skal vi sjå nærare på i den neste delen av kapitlet.

Tiltak mot mobbing – verkar, verkar ikkje?

I 2007 sette den svenske regjeringa i gang ei satsing mot mobbing kalla "Utbildningsattsning mot mobbing" der ambisjonen var "att sprida kunskap om förebyggande och åtgärdande metoder, som är evidensbaserade och kvalitetssäkrade".⁹²⁵ Eitt av resultatane var den tidlegare omtalte rapporten frå 2009, *På tal om mobbning – och det som görs*, skriven av Gun-Marie Frånberg, Peter Gill, Kenneth Nordgren og Marie Wrethander Bliding. Delen av Nordgren er tidlegare omtalt, dei to andre delane inneheld høvesvis ei oversikt over ulike vitenskaplege perspektiv på mobbing og ein kritisk gjennomgang av antipobbeprogram som

⁹²³ Walton 2015: 30.

⁹²⁴ Sjå Walton 2005 og 2011.

⁹²⁵ Skolverket 2009: 5.

var i bruk i svensk skule på denne tida.⁹²⁶ Målet med denne programgjennomgangen var å utarbeida eit "oppslagsverk" der skuleleiarar og lærarar kan vurdera kva program som kunne passa for deira skule – eventuelt om dei i det heile hadde behov for eit program.

Frånberg og Wrethander Bliding står bak programdelen av rapporten, og som i tidlegare publikasjonar, stilte dei seg kritisk både til det dominerande perspektivet innan mobbeforskinga og til at tiltaksprogram blei brukt i skulen. Dette fargar også programgjennomgangen ettersom alle programma, med unntak av eitt, fell inn under dette paradigmet.⁹²⁷ I følge forfatarane er eit fellestrekk ved alle tiltaksprogramma at dei foreslår relativt enkle løysingar på eit komplekst problem. Vidare peikar dei på at alle desse åtte programma er utvikla med eit psykologisk teorigrunnlag, trass i at dei blir brukt i ein pedagogisk samanheng, som skulen jo faktisk er. Dessutan er det vanskeleg å måla effektane av programma ettersom problema ved dei ulike skulane varierer så mykje. Og ikkje minst meiner dei det er ein fare for at lærarane sin profesjonalitet blir tilsidesett ved at deira dømekraft blir erstatta med kommersielle program.⁹²⁸

Utvärdering av metoder mot mobbning

Eit anna resultat av regjeringssatsinga "Utbildningssatsing mot mobbning", var rapporten *Utvärdering av metoder mot mobbning*, som var ferdig i 2011. Også denne rapporten er utgiven av Skolverket og skriven av sju svenske forskarar, ingen psykologar, men dei fleste var kjent frå tidlegare rapportar frå Skolverket.⁹²⁹ På 39 skular blei det gjennomført både kvantitative og kvalitative undersøkingar der hovudproblemstillingane var å finna ut kva erfaringar lærarar, elevar og anna skulepersonale sat att med etter å ha arbeidd med tiltaksprogram mot mobbing, og korleis og på kva måte skulen sine innsatsar har vore effektiv for å redusera mobbing, krenkingar og diskriminering.⁹³⁰

⁹²⁶ Desse var, i alfabetisk rekkjefølge: Farstadmetoden, Friends, Komet, Lions Quest, Olweusmetoden, SET – Social och emotonell träning, Solmedling och StegVis. Frånberg och Wrethander 2009: 96.

⁹²⁷ Skolmedling (Skolemegling på norsk) definerer mobbing som ei uløyst konflikt, men referer til Olweus si forståing av mobbing. Frånberg och Wrethander 2009: 164.

⁹²⁸ Frånberg & Wrethander 2009: 194. Mykje av den same argumentasjonen blei gjentatt i Frånberg & Wrethander 2013.

⁹²⁹ Erik Flygare (sosiologi), Gun-Marie Fånberg (pedagogikk), Peter Gill (pedagogikk), Björn Johansson (sosiologi), Odd Lindberg (sosialt arbeid), Christina Osbeck (religionsvitskap), Åsa Söderström (pedagogikk).

⁹³⁰ Skolverket 2011a: 10. Forskarane nytta ein "longitudinell, kvasiexperimentell design, med individdata, där fyra grundskolor per program skulle ingå i utvärderingen tillsammans med åtta skolor som inte arbetade med något program och som skulle fungera som jämförelseskolor." Metodane dei nytta var spørjeskjema og intervju med skuleleiarar, lærarar og elevar. Skolverket 2011a: 11.

Rapporten fekk mykje mediemerksomheit både i Sverige og i Noreg, ettersom forfattarane konkluderte med at effektane av programma gjennomgåande var små. Dei meinte det var vanskeleg å måla effekten ettersom svensk lovgiving krev at skulane skal gjennomføra eit omfattande arbeid mot nettopp krenkande åtferd (som er den nye svenske terminologien for mobbing) og diskriminering. Kva som er effekten av dei lovpålagte tiltaka og kva som er effekten av tiltaksprogramma, blir dermed utydeleg. At alle dei 39 undersøkte skulane brukte meir enn eitt program samstundes, gjorde det ikkje enklare å måla effektane.⁹³¹

På same måte som i Noreg, er ofte avgjerda om at skulen skal ta i bruk eit program tatt av heilt andre enn dei som skal gjennomføra programarbeidet i praksis. Det er ikkje uvanleg at det er skuleleiinga eller kommunane som bestemmer kva program som skal brukast, noko som i følge forfattarane fører til at programbruken ofte er dårleg forankra hos lærarane og resten av personalet ved skulen.⁹³² Resultatet kan bli ei dårlegare gjennomføring, ettersom nesten alle programma krev at alle på skulen blir involvert i programarbeidet.

Det mest oppsiktsvekkjande med rapporten var likevel at forfattarane, på bakgrunn av dei små effektane, ikkje anbefalte svensk grunnskule å bruka tiltaksprogram mot mobbing. Hovudargumentet for dette var at lokale problem krev lokale løysingar. Ferdig utvikla modellar – mange av dei utvikla i heilt andre kontekstar – fungerte ikkje i svensk skule. Denne konklusjonen var strengt tatt ikkje særleg overraskande, ettersom to tidlegare rapportar frå Skolverket hadde konkludert med det same. Alt i 1994 var konklusjonen i rapporten *Att förebygga, upptäcka och åtgärda mobbning* at:

Det finns inga färdiga modeller, som kan sägas vara gångbara överallt. Man måste ta hänsyn till de lokala förhållanden, som varje skola arbetar under. Det beror på skolans ledning och personal och hela arbetsmiljön men också på elevsammansättningen och strukturen på upptagningsområdet.⁹³³

Kanskje kan delar av programma nyttast som inspirasjon til å utvikla spesielle tiltak på dei enkelte skulane, oppmodar forfattarane, stikk i strid mot programeigarane sine intensjonar og rettleiingar. Programeigarane er nemleg tydelege på at ettersom programma er

⁹³¹ Skolverket 2011a: 11.

⁹³² Skolverket 2011a: 19.

⁹³³ Skolverket 1994: 34.

forskningsbaserte, er det viktig at skulane følgjer prosedyrane og retningslinjene for programmet så tett som mogeleg for å kunna måla effektane av programmet i etterkant. Dette punktet gjer det i praksis uråd å angripa programeigarane dersom ein ikkje oppnår forventa resultat, då det så godt som alltid vil vera mogeleg å hevda at programmet ikkje blei implementert korrekt. Men kvar skule er nødvendigvis forskjellig, og for mange skular har det vore viktig å tilpassa programma til lokale forhold. Kanskje blir tiltaka på desse skulane ein suksess, men som ein konsekvens av at dei ikkje følgjer programmet til punkt og prikke blir det vanskeleg å måla kva som faktisk verka – dei spesifikke tiltaka i programmet eller dei lokalt tilpassa tiltaka.⁹³⁴ I staden for å nytta dyre program, rår forfattarane av rapporten skulane til å gjennomføra:

Ett systematisk arbete med kartlegging, utvärdering, elevs medverkan i planering och väl förankrade planer i enlighet med Skolverkets allmänna råd om att främja likabehandling och förebygga diskriminering, trakasserier och kränkande behandling är i linje med utvärderingens resultat och rekommenderas av Skolverket.⁹³⁵

Den underliggjande budskapet til forfattarane er at mange av tiltaka mot mobbing er ei form for "common sense" og at det dermed ikkje er nødvendig å betala dyrt for dei. Mange av dei same råda fanst allereie i det svenske skulesystemet i form av hefte og rapportar frå Skolverket, i tillegg til at lovverket dels dekkjer det same. Som vi hugsar frå kritikken av den første nasjonale kampanjen mot mobbing i 1983, var det mange av dei same argumenta som dukka opp då, utan at det sette ein stoppar for utviklinga her heime.

Og som vi no skal sjå, fekk denne skepsisen også ein viss feste i Noreg på 2000-talet. Alt i 2004/2005 var det ein liten disputt om antimobbeprogramma som var i bruk i den norske skulen.

"Den store norske mobbekrigen"

Hausten 2004 publiserte Dag Hareide, leiar i *Nordisk Forum for Megling og Konfliktåndtering*, fleire artiklar og kronikkar som kritiserte den etablerte norske mobbeforskinga.⁹³⁶ Innhaldet og budskapet var stort sett den same, men den mest

⁹³⁴ Sjå Lødding og Vibe 2010.

⁹³⁵ Skolverket 2011a: 25.

⁹³⁶ Sjå *Dagbladet* 19.10.04 (med tilsvar frå statsminister Bondevik og utdannings- og forskningsminister Clemet i same avis 09.11.04), Hareide 2004a og Hareide 2004b.

omfattande av desse var ein artikkel i *Skolepsykologi* med tittelen "En kritisk beretning om "Den store nordiske mobbekrigen"". Artikkelen er, som tittelen lovar, svært kritisk til den etablerte mobbeforskninga, som i følge Hareide, har vore prega av

(...) noen få dominerende forskere med en snever teoretisk og metodisk tilnærming. Fokus har vært på individet og deres egenskaper, metodene har vært kvantitative med en nesten fetisjistisk opptatthet av frekvens.⁹³⁷

Innhaldet er nokså sprikande, og Hareide sparkar i alle retningar, både mot det etablerte mobbeomgrepet, mot Olweus sitt individfokus, mot forskingsmetodane i paradigme ein og i kva grad det er mogeleg å måla mobbing, mot Manifest mot mobbing og særleg mot antimobbeprogram som Olweusprogrammet og Zero. Slike tiltaksprogram er prega av det Hareide kallar "kampanjepedagogikk"; pedagogiske program som er sentralstyrte, einsarta og lite fleksible.⁹³⁸ Trass i at han har fleire gode poeng og ønskjer å visa at det finst alternative perspektiv på mobbing, blir kritikken ustrukturert, lite vitskapleg og prega av sinne og synsing.⁹³⁹ I tillegg viser det seg at han ønskjer å koma med alternative løysingar på mobbeproblematikken ved å lansera eit konfliktmeklingsprogram. Som leiar i *Nordisk Forum for Megling og Konfliktåndtering* svekka det kritikken hans.

Hareide fekk også svar på tiltale. I det første nummeret av *Skolepsykologi* i 2005, kom det tre krasse motsvar. Ikkje heilt uventa skreiv både Dan Olweus og Erling Roland innlegg, men også to professorar i psykologi ved Universitet i Bergen reagerte.⁹⁴⁰ Hovudinnvendingane er at det ikkje er hald i kritikken til Hareide og at mekling i mobbesaker kan gjera ting verre fordi mobbing ikkje er ein konflikt. Kritikken mot Hareide er krass og etterlet han liten ære som synsar om mobbing. Ikkje heilt overraskande plasserer Olweus Gun-Marie Frånberg, som året før hadde skrive rapporten *Nya forskningsperspektiv på mobbning* for Nordisk råd, i same bås som Dag Hareide. Han avsluttar svaret sitt med eit par "resignerte sluttord", som han kallar det, der han også får plass til eit lite stikk til Frånberg:

⁹³⁷ Hareide 2004b: 19.

⁹³⁸ Hareide 2004b: 32.

⁹³⁹ Han refererer rett nok til arbeida til Christina Salmivalli, Zelma Fors, Gunilla Björk, Solveig Häggglund og Maria [sic] Bliding. Hareide 2004b: 24.

⁹⁴⁰ Larsen og Manger 2005, Olweus 2005b.

Vi som arbeider med forskning og tiltak mot mobbing, er naturligvis åpne for "annerledes" synspunkter på det vi driver med. Men når de bygger på manglende kunnskap om problematikken og tendensiøs fremstilling av fakta, er det høyst tvilsomt om de har noe å bidra med. Det sukket kan øvrig også gjelde den til dels sterkt forregnede rapporten om "mobbing i nordiska skolor" av pedagogen Gun-Marie Frånberg som Hareide gjerne referer til.⁹⁴¹

Campbell-rapporten

Etter ordskiftet i 2004/2005 var det relativt stille omkring bruken av antimobbeprogram i Noreg, men fire-fem år seinare blei debatten vekt til live igjen, først i 2009/2010 då rapporten *School-Based Programs to Reduce Bullying and Victimization* kom ut. Rapporten var skriven av kriminologane David P. Farrington og Maria M. Ttofi, begge ved Cambridge University. Bak utgivinga stod The Campbell Collaboration, som ifølgje egne nettsider er eit internasjonalt forskarnettverk som produserer "systematic reviews of the effects of social interventions in Crime & Justice, Education, International Development, and Social Welfare."⁹⁴² Nettverket har hovudkontor i Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten i Oslo og blant dei viktigaste bidragsytarane er Helsedirektoratet og Kunnskapsdepartementet.

Undersøkinga til Farrington og Ttofi er basert på evalueringsstudiar av antimobbeprogram frå 1983 til 2009, og dei søkte etter rapportar og artklar som inneheld minst ei forsøksgruppe som deltok i eit program med ei kontrollgruppe som ikkje deltok. Fire typar forskingsdesign blei inkludert i undersøkinga:

a) randomized experiments, b) experimental-control comparisons with before and after measures of bullying, c) other experimental-control comparisons and d) quasi-experimental age-cohort designs, where students of age X after the intervention were compared with students of the same age X in the same school before the intervention.⁹⁴³

Dei fann 622 studiar som handla om evaluering av mobbetiltak og av desse var det 89 artklar/studiar som blei inkludert i rapporten, som til saman handla om 53 ulike tiltaksprogram. 44 av desse 53 programma kunne visa til målbar effekt. Farrington og Ttofi konkluderer med at evalueringsstudiane av desse 44 programma viser ein gjennomsnittleg reduksjon i mobbeprosblematikk (både mobbar og offer) på rundt 20 %.⁹⁴⁴ Frå eit norsk

⁹⁴¹ Olweus 2005b: 49.

⁹⁴² The Campbell Collaboration, http://www.campbellcollaboration.org/about_us/index.php (lasta ned 18.12.15).

⁹⁴³ Farrington and Ttofi 2009: 6.

⁹⁴⁴ Farrington and Ttofi 2009: 6.

perspektiv er det særleg interessant at forfattarane fann at tiltaksprogram implementert i Noreg verkar betre enn i nokon andre land, noko dei trur har samanheng med at dette er eit problemfelt det har vore arbeidd med i norsk skule sidan 1980-talet.⁹⁴⁵ På bakgrunn av gjennomgangen av dei ulike evalueringsstudiane, konkluderer forfattarane med at det er behov for eit internasjonalt sertifiseringssystem (akkreditering) for antimobbeprogram etter gitte kriterium.

Ikkje alle blei like overtydde av analysane i Campbell-rapporten. Tre av mobbeforskarane i eXbus-prosjektet, Inge Henningsen, Helle Rabøl Hansen og Dorte Marie Søndergaard, skreiv ein kritisk kommentar til rapporten i 2010.⁹⁴⁶ Det er særleg utvalskriteria dei er kritiske til. Dei har ført til at ei rekkje studiar og ”mængder av forskningskundskap om det emne, de har i fokus” er utelatne, hevdar eXbus-forskarane.⁹⁴⁷ Som nemnt ovanfor, var utvalskriteriet at undersøkinga av programmet inneheld ei samanlikning av ei forsøksgruppe med ei kontrollgruppe – altså er programma valde ut på grunnlag av evalueringskriterium og ikkje på grunnlag av *innhaldet* i programma. Dei danske forskarane hevdar vidare at analysane ikkje er gode nok fordi studiedesignet påverkar effektane av programma. Då eXbus-forskarane sorterte effektstudiane etter studiedesign, fann dei at studiar baserte på randomiserte, kontrollerte forsøk gav ingen signifikant effekt, verken for mobbar eller mobbeoffer.⁹⁴⁸ Derimot viser alderskohorte studiar (som vi hugsar er det mest brukte designet på effektstudiane) i snitt sterkt signifikante effektar for både mobbarar og offer.⁹⁴⁹ Danskane undrar seg:

Der er f.eks. kun et ud af ni randomiserede studier, som viser en signifikant effekt på mobning, mens 7 ud af 9 interventionsprogrammer med alder-kohorte design gav signifikant positive resultater. Er dette et udtryk for faktiske effekter, eller er det sådan, at nogle af disse programmer blot fremstår som effektive, fordi det benyttede studiedesign (alders-horte [sic] designet) har lav validitet?⁹⁵⁰

Vidare saknar dei ein meir utfyllande diskusjon om akkurat dette i rapporten, og peikar på at det verkar som om lokaliteten, altså i kva land effektstudiane er gjennomført, har mykje å

⁹⁴⁵ Farrington and Ttofi 2009: 72.

⁹⁴⁶ Henningsen, Hansen og Søndergaard 2010.

⁹⁴⁷ Henningsen, Hansen og Søndergaard 2010: 1.

⁹⁴⁸ Randomiserte kontrollerte forsøk blir ofte kalla ”gullstandarden” innan evalueringsforskning. I slike studiar er det loddtrekning som avgjer kven som er med i forsøket og kven som er med i kontrollgruppa. Sjå Erikssen mfl. 2014: 72.

⁹⁴⁹ Henningsen, Hansen og Søndergaard 2010: 2.

⁹⁵⁰ Henningsen, Hansen og Søndergaard 2010: 3.

seia. Det er særleg dei alderskohorte effektstudiane i Noreg (av Olweus og Roland) som dreg opp snittet, medan randomiserte studiar i USA og Canada dreg ned.⁹⁵¹ Som eit avsluttande moment påpeikar Henningsen, Hansen og Søndergaard at forfattarane av Campbell-rapporten nytta mobbeomgrepet frå paradigme ein, noko som medførte at berre program innan denne forståinga av mobbing har blitt undersøkt. Dette kan i neste omgang bremsa ei vidare utvikling av kunnskapsfeltet, hevdar forskarane, særleg ettersom rapporten konkluderer med at det finst tilstrekkeleg robust kunnskap om mobbing til at det bør utviklast eit system for sertifisering av dei framgangsmåtar som rapporten har konkludert med er dei mest effektive.⁹⁵²

I boka *Evaluation as a Tool for Research, Learning and Making Things Better* frå 2014 blir denne kritikken igjen imøtegått av historikaren Eamonn Noonan, dåverande administrerande direktør for nettopp Campbell Collaboration.⁹⁵³ Noonan startar med å imøtegå kritikken om at store delar av mobbeforskingslitteraturen blei utelaten på grunn av utvalskriteria. Dessverre kommenterer ikkje Noonan utvalskriteria, i staden framhevar han at utvalskriteria var lagt på førehand og at den litteraturen som ikkje blei tatt med, ikkje oppfylte krava til påliteleg datagrunnlag.⁹⁵⁴ Vidare tilbakeviser Campbell-direktøren at studiedesignet synest å påverka resultata. Noonan framhevar at det finst ein samanheng mellom studiedesign og graden av effekt, men slik variasjon er eit velkjent fenomen innan kvantitativ forskning og reflekterer snarare at streng og nøyaktig design gir meir presise svar.⁹⁵⁵

Avsluttingsvis kommenterer den tidlegare direktøren kritikken frå eXbus-forskarane som gjekk på at Campbell-rapporten ikkje har undersøkt effektane av program innan paradigme to:

Firstly, a systematic review of necessity defines in advance the object of its inquiry, and offers guidance on effectiveness of the programmes or programme types which it actually examines. To accuse it of not speaking to another type of programme seems to miss the point. Secondly, there is nothing to prevent further reviews of newer programmes with an

⁹⁵¹ Henningsen, Hansen og Søndergaard 2010: 4.

⁹⁵² Henningsen, Hansen og Søndergaard 2010: 9.

⁹⁵³ Boka inneheld ein del av plenumsforedraga og innlegga frå *The 8th International Conference on Evaluation for Practice, Eval2012*, som blei arrangert i Pori, Finland.

⁹⁵⁴ Noonan 2014: 116.

⁹⁵⁵ Noonan 2014: 117.

emphasis on social context. On the contrary, it is reasonable to insist that these programmes also be evaluated on their record of improving or not improving the status quo ante.⁹⁵⁶

Denne disputten var ikkje ein sentral debatt i fagmiljøet. Det kritiske innlegget til dei danske forskarane er publisert på heimesida deira, og innlegget til Noonan var resultatet av eit innlegg på ein internasjonal konferanse om evalueringsforskning.

Ny norsk tiltaksdebatt og Djupedalutvalet

I 2010 blei det publisert ein NIFU-rapport under tittelen *”Hvis noen forteller om mobbing...” Utdypende undersøkelse av funn i Elevundersøkelsen om mobbing, urettferdig behandling og diskriminering*, skriven av forskarane Berit Lødding og Nils Vibe.⁹⁵⁷ Lødding og Vibe hadde gått gjennom tre årgangar Elevundersøkelsen for å prøva å finna kva som kunne forklara forskjellane mellom ulike skular med omsyn til mobbing, urettferdig behandling eller diskriminering.⁹⁵⁸ I tillegg skulle dei undersøka bruken av førebyggjande tiltaksprogram for å betra læringsmiljøet. Dette var ikkje ein effektstudie som analyserte effektane av bestemte program – som vi har sett er det noko programeigarane og -utviklarane tar seg av sjølve – denne studien påviste samvariasjon mellom omfang av mobbing frå 2007-2009 og bruk av program.⁹⁵⁹ Det interessante funnet, som også fekk mykje mediemerkeemd, var at Lødding og Vibe ikkje fann tydelege forskjellar i omfang av mobbing mellom skular som brukte program og skular som ikkje brukte program. Dei fann ein tendens til at skular som brukte Olweusprogrammet hadde mindre omfang av mobbing samanlikna med andre skular, og noko overraskande, tilsvarande større omfang av mobbing på skular som brukte programma PALS eller ZERO.⁹⁶⁰

⁹⁵⁶ Noonan 2014: 117. Eit meir nærliggjande problem, som ikkje blir nemnt, er at det ikkje finst så mange program innan paradigme to.

⁹⁵⁷ NIFU er forkorting for Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.

⁹⁵⁸ Lødding og Vibe 2010: 9. Elevundersøkelsen er Utdanningsdirektoratets årlege skulemiljøundersøking og er obligatorisk på 7. og 10. trinn (ungdomsskulen), samt på 1. trinn på vidaregåande.

⁹⁵⁹ Lødding og Vibe: 112.

⁹⁶⁰ Lødding og Vibe 2010: 111-112. Forfattarane sjølv spekulerer i om årsakene til at PALS og ZERO-programma kjem dårlegare ut, er at dei er relativt nye program og at dei kan vera tatt i bruk heilt nyleg nettopp på grunn av problem med mobbing. I så fall kan PALS- og ZERO-skulane hatt fleire elevar som mobbar i utgangspunktet, samanlikna med andre skular. Lødding og Vibe 2010: 113.

Kort oppsummert og basert på eit noko avgrensa datagrunnlag, fann dei at det var relativt lite mobbing på skular der elevane trivst godt og der elevane er godt motivert for læring.⁹⁶¹ Eit godt læringsmiljø reduserer omfanget av mobbing:

Når det er et godt forhold mellom lærere og elever, reduserer det omfanget av mobbing. Når elevene opplever at de får faglig hjelp og støtte fra lærere, medelever og foreldre, reduserer det omfanget av mobbing. Når elevene bidrar positivt til klassemiljøet, reduserer det omfanget av mobbing. Når elevene er motiverte for å lære, reduserer det omfanget av mobbing. Når undervisningen bygger på en gjensidig forpliktende relasjon mellom lærer og elev, reduserer det omfanget av mobbing.⁹⁶²

Med andre ord, i følge Lødding og Vibe, har tiltaksprogram liten nytteverdi. Dersom skulen alt har eit godt læringsmiljø, har tiltaksprogram liten effekt fordi det gode læringsmiljøet reduserer mobbing i seg sjølv og motsett, er læringsmiljøet dårleg vil nytten av å bruka program vera marginalt, hevdar forfattarane.

I kjølvatnet av presentasjonen av rapporten 18. januar 2011, let ikkje reaksjonane i media venta på seg. På bakgrunn av NIFU-rapporten, følgde Utdanningsdirektoratet det svenske Skolverket si avgjerd om å ikkje lenger anbefala bruk av tiltaksprogram mot mobbing.⁹⁶³ Dette skapte stor oppstandelse, særleg hos programeigarane i Bergen og Stavanger, og dei skreiv rasande lesarbreve om den låge kvaliteten på arbeidet til Lødding og Vibe.⁹⁶⁴ Kunnskapsminister Kristin Halvorsen valde å fortsetja løyvingane til tiltaksprogramma, men NIFU-rapporten opna likevel ein debatt om korleis desse programma blei evaluerte.⁹⁶⁵ Lødding og Vibes svarte den krasse kritikken i innlegget "Når bukken passer havresekken" i *Klassekampen* fredag 1. april 2011 og sette fingeren på eit problem få i Noreg hadde peika på tidlegare:

⁹⁶¹ Forfattarane understrekar at dei manglar to vesentlege typar data, først og fremst data som konkretiserer kva mobbinga går ut på slik at dei kunne ha kopla konkrete åtferdstypar mot læringsmiljøet, for det andre manglar dei kunnskap om omverda skulen er ein del av, miljømessig kontekst. Lødding og Vibe 2010: 13.

⁹⁶² Lødding og Vibe 2010: 122.

⁹⁶³ *Dagsavisen* 15.02.2011 og VG 15.02.2011.

⁹⁶⁴ Sjå "Konklusjoner på tynt grunnlag", debattinnlegg av Anne Arnesen, Wilhelm Meek-Hansen og Terje Ogden ved Atferdssenteret (Stavanger) i *Dagsavisen* 07.03.2011, "Mobbeprogram uten effekt?", kronikk av Dan Olweus og Kyrre Breivik ved UniHelse (Bergen) i *Klassekampen* 23.03.2011 og "Innsats mot mobbing i skolen: Virker – virker ikke?", kronikk av Anne Arnesen (Atferdssenteret) på nettsatden forebygging.no (Helsedirektoratet), <http://www.forebygging.no/Kronikker/2012-2011/Innsats-mot-mobbing-i-skolen-Virker--virker-ikke/> (Lasta ned 14.12.2015).

⁹⁶⁵ *NRK Nyheter* 27.03.2012, <http://www.nrk.no/norge/--mobbeprogrammene-virker-ikke-1.8051465>, (lasta ned 14.12.2015).

Vi opplever forsøk på å skandalisere våre forskningsfunn av representanter for grupper som har åpenbare interesser i hva slags konklusjoner vi trekker. Vi har ikke sett noen form for redegjørelse for disse egeninteressene. Det er et betydelig marked for produksjon og distribusjon av programmer mot problematferd, og forhåpentligvis kan reaksjonsmåtene innenfor denne virksomheten stimulere både til mer forskning og til kritisk journalistikk.⁹⁶⁶

Resultatet av denne debatten var altså at all kritikken frå Lødding og Vibe blei slått kraftig ned. Utdanningsdirektoratet utlyste ei ny undersøgning der dei ønskte "uavhengig forskning om hvordan programmer brukes, virker og påvirker skolen og skolehverdagen til de ansatte og elevene".⁹⁶⁷ Velferdsforskningsinstituttet NOVA vann anbodet, og i 2014 kom rapporten *Felles fokus*, som eg kjem tilbake til om litt. Men kritikken mot mobbeprogramma stilna ikkje heilt.

Våren 2012 kom boka *Krenkelse i skolen – mobbingens bakteppe* ut, skreven av læraren Jostein Alberti-Espenes. Alberti-Espenes går relativt hardt ut mot den norske mobbeforskinga, representert ved Olweus og Roland, som han mellom anna hevdar hindrar eit godt arbeidsmiljø for barn.⁹⁶⁸ Det er særleg definisjonen på mobbing Alberti-Espenes er ueinig i, fordi ordet mobbing stigmatiserer og er svært negativt for dei elevane og foreldra som blir involverte. "Mobbeforskernes arbeid har, tross de gode intensjonene, kun bidratt til å sementere en forståelse av mobbing som noe ondt og patologisk, noe aggressivt og mørkt ved barn", skriv forfattaren.⁹⁶⁹ Som eit alternativ lanserer Alberti-Espenes ein ny definisjon av mobbing, der han legg meir vekt på ordet "krenkelse":

Mobbing er gjentatt krenkelse som foregår på arenaer hvor de samme menneskene møtes jevnlig, og hvor de ansvarlige for arenaene ikke tar krenkelsene og krenkelsesopplevelsene på alvor og stanser dem slik loven krever.⁹⁷⁰

Han skil altså mellom *krenkelse*, som er enkelthandlingane, og *mobbing*, som er "gjentatt krenkelse". Det er ikkje heilt lett å sjå kva det er ved denne definisjonen som er så vesensforskjellig frå den mest brukte definisjonen, der mobbing blir definert som repeterte negative hendingar.⁹⁷¹ Men det som er nytt i denne definisjonen, er avgrensinga til bestemte

⁹⁶⁶ "Når bukken passer havresekken", debattinnlegg av Berit Lødding og Nils Vibe i *Klassekampen* 01.04.2011.

⁹⁶⁷ Sitert i eit intervju med Kristin Halvorsen i *Tidsskrift for Norsk psykologiforening* nr. 50, 2013, s. 853.

⁹⁶⁸ Alberti-Espenes 2012: 26.

⁹⁶⁹ Alberti-Espenes 2012: 31.

⁹⁷⁰ Alberti-Espenes 2012: 49.

⁹⁷¹ "Det er mobbing når ett eller flere individer, gjentatte ganger og over tid, blir utsatt for negative handlinger fra ett eller flere andre individer." Olweus og Roland 1983: 3.

arenaer og dei som er ansvarlege for desse, utan at det er er heilt tydeleg kva for arenaer det er snakk om. Dersom han med arena meiner skulen, er det tydeleg nok, men i kva grad det kan gå føre seg mobbing *utanfor* slike arenaer (t.d. på skulevegen), kjem ikkje fram av definisjonen.

Alberti-Espenes presenterer eit par gode innvendingar mot det eksisterande forskingsparadigmet i boka si, men kritikken druknar i synsing og kjensler, på same måte som kritikken frå Dag Hareide på midten av 2000-talet. Boka er full av referansar til meir eller mindre seriøse rapportar, nettstader, nyhendesaker og innimellom ei fagbok eller to. Alberti-Espenes er svært kritisk til antimobbprogramma og slår i alle retningar utan at han kan visa til belegg for kritikken. Rett nok baserer han delar av den på tidlegare nemnte rapportar som NIFU-rapporten til Løding og Vibe og dels dei svenske Skolverket-rapportane, men mange av referansane viser til ulike nettstader og avisoppslag.⁹⁷² Ikkje heilt uventa fekk Alberti-Espenes mykje mediemerksemd i samband med lanseringa av boka i mars 2012, og han har sidan med jamne mellomrom prøvd å skapa debatt i media med kronikkar av ulike slag.⁹⁷³

Felles fokus

Rapporten *Felles fokus - En studie av skolemiljøprogrammer i norsk skole* frå 2014 var resultatet av Utdanningsdirektoratets ønske om ei uavhengig gransking av tiltaksprogramma. Konklusjonane i rapporten er basert på ein litteraturgjennomgang, samt alle evalueringsstudiane som var lagt til grunn for å evaluera effekten av dei fire tiltaksprogramma som har fått implementeringsstønad frå Utdanningsdirektoratet: Olweusprogrammet, Zero, Respekt og PALS. I tillegg gjennomførte dei fire forfatarane av rapporten eigne empiriske studiar for å finna ut korleis programma blei brukt i praksis rundt omkring i skulane.⁹⁷⁴

⁹⁷² Sjå Alberti-Espenes 2012: 312ff.

⁹⁷³ Sjå t.d. "Mener støtte til mobbeprogrammer i skolen er bortkastede penger" (*Aftenposten* 04.03.2012); "Fordommende om mobbeprogrammer" (*Lektor Moens Blogg* 05.03.2012 – skriven av Erlend Moen, lærar, forfattar, blogger og medlem av Djupedalutvalet), <http://erlendmo.blogspot.no/2012/03/fordommende-om-mobbeprogrammer.html> (lasta ned 15.02.2016); "Kommunene kjøper omstridt mobbeprogram i pakkeløsning", *NRK Hordaland* 23.04.2012, <http://www.nrk.no/hordaland/selger-omstridt-mobbeprogram-1.8053935> (lasta ned 15.02.2012); "Gjør business på mobbing" (*BT*, 01.09.2013), "Gjør ikke business på mobbing" (*BT*, 10.09.2013).

⁹⁷⁴ I 2013 sendte dei ut ei spørjeundersøking til 455 skuleleiarar på Austlandet, i tillegg til at dei gjekk i djupna ved å intervjuar skuleleiarar og lærarar ved 11 skular som har brukt programma. Eriksen mfl. 2014: 8.

Forfattarane går grundig gjennom dei ulike evalueringsstudiane og finn at tre av programma, Olweusprogrammet, Zero og Respekt alle har nytta det same designet, såkalla alderskohort-design, første gong brukt av Olweus i den første Bergensundersøkinga. Grunnen til at desse evalueringsstudiane ikkje nyttar randomiserte kontrollerte forsøk, som er det vanlege designet innan evalueringsforskning, er at alle skular er pålagte å driva med eit aktiv arbeid for å betra skulemiljøet og dermed er det vanskeleg å finna kontrollgrupper.⁹⁷⁵

På bakgrunn av den omfattande evalueringsforskninga Olweus har gjennomført, var det kanskje ikkje så overraskande at NOVA-forskarane fann at effektstudiane av Olweusprogrammet er dei mest konsistente, i tillegg til at Olweusprogrammet er det programmet som kan visa til størst effekt og det programmet som har klart best empirisk dokumentasjon av effektane.⁹⁷⁶ Dei andre tre programma er det forska mykje mindre på, og særleg PALS manglar gode evalueringar.⁹⁷⁷

Det forskarane fann då dei undersøkte bruken av desse fire programma i norsk skule, er interessant:

Vi fant videre at skolene som bruker programmer basert på Olweus' definisjon og forståelse av mobbing (Respekt, Zero og Olweus-programmet), i praksis fremhever og benytter tiltak rettet mot klasseledelse, klassens helhetlige miljø, positive relasjoner mellom elever og mellom lærer og elev. Dette er i overensstemmelse med programmenes egenpresentasjon (se kap. 2), men fremstår som forskjellig fra den beskrivelsen av Olweus-programmet som Flygare og medforfattere gir i Skolverket (2009) og som Schott & Søndergaard (2014) legger til grunn for sin kritikk av Olweus-baserte programmer. Schott & Søndergaard skriver at mobbeteorien har «explicit and potentially disturbing consequences for schools' intervention programmes» (s. 6). Slik vi ser det, er bruken av disse programmene i praksis nokså frikoplet fra de såkalt individorienterte teoriene om mobbing.⁹⁷⁸

Ingunn Marie Eriksen og kollegane peikar her på forholdet mellom teori og praksis i tiltaksprogramma til mellom anna Olweus og Roland. Som vi hugsar frå kapittel 5, poengterte Erling Roland i Janusrapporten frå 1989 det manglande samsvaret mellom den teoretiske delen og tiltaksdelen i 1983-kampanjen.⁹⁷⁹ Manglande samsvar er kanskje tydelegast hos Olweus, som til forskjell frå Roland, i større grad forklarar mobbingas aggresjon med personlegdom og oppvekstforhold. Tiltaka i Olweusprogrammet er meir i

⁹⁷⁵ Eriksen mfl. 2014: 72.

⁹⁷⁶ Eriksen mfl. 2014: 64-65.

⁹⁷⁷ Eriksen mfl. 2014: 10.

⁹⁷⁸ Eriksen mfl. 2014: 132.

⁹⁷⁹ Roland 1989a: 147.

tråd med sosialpsykologiske teoriar, som først og fremst handlar om tiltak for å hindra at mobbing skjer i skulesamanheng.

Den mest openberre forklaringa på dette spriket er at det er vanskeleg og dels umogeleg med tiltak som rettar seg mot oppvekstforhold og personlegdom. Problema er dessutan mest synleg i skulesamanheng og difor er det staden tiltaka blir sett inn. I tillegg er det viktig å hugsa at Olweus si mobbeforskning først og fremst blei utført på 1970- og første halvdel av 1980-talet. Deretter har han først og fremst drive evalueringsforskning om effektane av programmet, eller teknovitskapleg forskning.

Men det som er mest interessant, er at denne undersøkinga viser at tiltaksprogramma verkar å fungera pragmatisk i forhold til det teoretiske grunnlaget. Kva perspektiv som er best for å forstå mobbeproblematikken er sjølvstøtt eit heilt anna spørsmål, og eit tilbakevendande spørsmål innanfor forskingsfeltet. Rapporten var dessutan grunnlagsmateriale for den første offentlege utgreiinga (NOU) om mobbing.

Å høre til

18. mars 2015 presenterte Djupedalutvalet resultatet av 19 månaders intenst utvalsarbeid, NOU 2015: 2 *Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt miljø.*⁹⁸⁰ Djupedalutvalet var sett ned av Regjeringa Stoltenberg hausten 2013 og hadde som mandat å

(...) vurdere de samlede virkemidlene for å skape et godt psykososialt skolemiljø, motvirke og håndtere mobbing og andre uønskede hendelser i skolen. Formålet med utredningen er å systematisere kunnskapen om hvilke faktorer som skaper et godt psykososialt læringsmiljø uten mobbing og andre former for krenkende atferd. Utredningen skal vurdere hvilke virkemidler, inkludert regelverket og forvaltningen av dette på ulike nivå, som er effektive for å forebygge og håndtere mobbing.⁹⁸¹

⁹⁸⁰ Utvalet blei sett ned av Regjeringa Stoltenberg 9. august 2013 og hadde denne samansetjinga: Fylkesmann i Aust-Agder Øystein Djupedal (leiar), generalsekretær Lars Arrhenius (Sverige), tid. FUG-leiar Christopher Beckham, stipendiat Hannah Helseth, rektor Ellen Inga O. Hætta, stipendiat Noor Jdid, utdanningsdirektør i Oppland Trond Johnsen, student Kristin Kulseth, professor Monica Martinussen, lektor Erlend Moen, advokat Harald Pedersen, oppvekstdirektør i Kristiansand kommune Arild Rekve, førsteamanuensis Jette Kofoed (Danmark) og student Cecilie Mathisen. NOU 2015: 2, s. 33.

⁹⁸¹ Mandat for Djupedalutvalet.

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/utvalg20styrer20og20rad/mandat-utvalg-mot-mobbing.pdf?id=2155493> (lasta ned 09.01.16).

Førti år etter at mobbing kom på dagsordenen for første gong, blei det altså sett ned eit utval som har som hovudmandat å finna ut korleis ein skal motverka og handtera mobbing i skulen. Korleis blir mobbeproblematikken framstilt i 2015?

Det første som slår ein er at utgreiinga har ei mykje breiare tilnærming til mobbing enn det som var tilfellet innan forskingsfeltet for 30 år sidan. Konteksten – skulekulturen, skulemiljøet og forholdet mellom lærarar og elevar – blir framheva, medan personlege karaktertrekk så godt som er unemnt. Av dei viktigaste tiltaka som blir framheva, handlar dei fleste om systemet:

- Å legge til rette for *en stor statlig satsning på Inkluderende skole* som blant annet inneholder skolebasert kompetanseutvikling. (...)
- *Endring av opplæringsloven kapittel 9a*. Kapittel 9a tydeliggjøres slik at skoleeierens og skolens plikter blir tydeligere. Det innebærer økt rettsikkerhet [sic] for eleven. (...)
- *Styrket håndheving av opplæringsloven*. Barneombudet blir førsteinstans for klager på krenkelser. (...)
- Måltrett innsats mot krenkelser, mobbing, trakassering og diskriminering for å forebygge og håndtere dette. Arbeidet med den digitale mobbingen må intensiveres. (...)
- *Styrking av skoleeierskapet*. (...) Skoleeierskapet er noe av det viktigste for å legge til rette for et godt psykososialt miljø. (...)
- *”Et lag rundt eleven”*. Mange yrkesgrupper i skolen og kommunen kan bidra til et bedre skolemiljø. (...)
- Det er behov for *ny forskning på kunnskapssvake områder* (...) ⁹⁸²

Som vi ser, handlar fleire av forslaga om rettstryggeiken til elevane, samt om å tydeleggjera ansvaret til skulane og skuleeigarane gjennom ei endring av Opplæringslovas § 9a. Dette passar godt inn i den juridiske diskursen Kenneth Nordgren framhevar i rapporten *På tal om mobbing – och det som görs* frå 2009. ⁹⁸³ Norske media har også gjennom fleire år gått i bresjen for ei juridisk tilnærming ved å presentera saker om elevar som ikkje blir tatt på alvor av skulen. Elevundersøkelsen 2013 understreka det same: Av dei elevane som svarte at dei hadde blitt krenka på ein eller annan måte, meldte mellom 18 og 24 prosent at skulen ikkje hadde gjort noko for dei. ⁹⁸⁴ Fleire undersøkingar, mellom anna av Barneombudet og *Bergens Tidende*, har dessutan vist at det er svært varierende om og i kva grad skulane faktisk gjer vedtak etter Opplæringslova § 9a-3 tredje ledd ved meldte mobbesaker. ⁹⁸⁵

⁹⁸² NOU 2015: 2, s. 20-21.

⁹⁸³ Nordgren 2009: 79ff.

⁹⁸⁴ NOU 2015: 2, s. 199.

⁹⁸⁵ *BT*, 14.04.2013 og NOU 2015: 2, s. 199. Ordlyden i § 9a-3 tredje ledd er: ”Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing,

Utvalet foreslår difor å spesifisera og tydeleggjera skulen sine plikter på dette feltet. Forslaget til ny lovtekst er svært omfattande og detaljer, og skulle det overleva, vil det bety klart auka ansvar for både kommunen, skuleleiarar og lærarar.⁹⁸⁶

Ein interessant og viktig forskjell frå den eksisterande lovteksten, er forslaget til tillegg i § 9a-1 *Retten til eit trygt psykososialt skolemiljø*: "Alle elevar har rett til eit trygt psykososialt skolemiljø som fremjar helse, trivsel, læring og sosial tilhøyrse. *Det er den subjektive opplevinga til eleven som er avgjerande for om ord eller handlingar er krenkjande.*"⁹⁸⁷ I dette nye forslaget er det altså eleven sine eigne oppfatningar av handlingane som avgjer om det er ei krenking eller ikkje. Ordet "krenkelse" blir av utvalet brukt som eit samleomgrep for "ord eller handlingar der en persons verdighet eller integritet blir krenket".⁹⁸⁸ Omgrepet omfattar alt frå enkeltstående ytringar eller handlingar til gjentekne episodar. Utvalsmedlemmene utdjuar vidare:

Begrepet krenkelse omfattar derfor også mobbing, vold, rasisme, trakassering og diskriminering siden alle disse omfattar enkeltkrenkelser. Krenkelser kan omfatte direkte ord og handlingar eller baksnacking, utfrysing, ryktespredning eller andre handlingar som har den effekten at en annen elev opplever ubehag. Dette kan for eksempel være enkeltstående negative utsagn om en persons klær, tro, dialekt osv.⁹⁸⁹

Mobbing er altså ein del av det å vera krenka og prinsippet om systematisk gjentakning over tid, som har vore ein svært sentral del av mobbedefinisjonen, er ikkje ein del av denne definisjonen.

Djupedalutvalet om mobbeomgrepet

Når utvalet innleiingsvis i NOU-en gjer greie for kva dei legg i definisjonen og forståinga av mobbeomgrepet, refererer utvalet først til definisjonen av Olweus og Roland frå 1983, men poengterer i tillegg at utvalet legg til grunn ei forståing av mobbing som eit symptom på eit

diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova."

⁹⁸⁶ Forslaget inneheld mellom anna paragrafar med krav om trygt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø for elevane, HMS-arbeid, involvering av elevar og foreldre i skulemiljøet, fastsetjing av ordensreglement, sanksjonar ved brot av ordensreglement, aktivitetsplikt ved mistanke eller kjennskap til krenkingar, aktivitetsplikt dersom lærarar krenkjer elevar, klagerettar, samt om oppnemning av ei eiga skolemiljøklagenemd, m.m. NOU 2015: 2, s. 379-382.

⁹⁸⁷ NOU 2015: 2, s. 379 (mi utheving).

⁹⁸⁸ NOU 2015: 2, s. 31.

⁹⁸⁹ NOU 2015: 2, s. 31.

dårlig psykososialt skulemiljø.⁹⁹⁰ Vidare blir det poengtert at mobbing ikkje åleine kan forklarast ut frå personlegdomstrekk, men består av ”komplekse sosiale prosesser som må ses i sammenheng med konteksten”.⁹⁹¹ Dette er som eit ekko av innleiinga til *Mobning – sociale prosesser på afveje* skriven av Jette Kofoed og Dorte Marie Søndergaard, og så var også Jette Kofoed medlem av Djupedalutvalet. Å *høre til* representerer dermed ei rørsle bort frå den etablerte forståinga av mobbing i tradisjonen etter Olweus og Roland, ved at utvalet i mykje større grad knyter seg ei forståing av problemet som er i tråd med dei svenske og danske forskarane sine standpunkt. Det vil bli interessant å sjå om dette vil få følgjer for måten politikken blir utforma i tida som kjem.

NOU-en blir avrunda med forslaget om den nye nasjonale storsatsinga *Inkluderende skole*, der ideen er at satsinga skal fanga opp dei fleste av dei nemnte tiltakspunkta ovanfor. Viktige område av satsinga skal vera etablering av eit partnerskap for *Inkluderende skole* der partnarane forpliktar seg og blir gjort ansvarlege: ”Sentrale innsatsområder i satsningen er skolebasert kompetanseutvikling, målrettede tiltak mot det psykososiale skolemiljøet, krenkelsar, mobbing, trakassering og diskriminering, involvering av elevar og foreldre og økt regelverkskompetanse og -etterlevelse.”⁹⁹² Igjen ser vi korleis interessene til politikarane og forskarane blir smelta saman i felles målsetjingar: symbiosen frå 1983 er like attraktiv i dag.

Inkluderende skole er ei langsiktig og forskingsbasert satsing, og utvalet foreslår at Utdanningsdirektoratet og Læringsmiljøsentret (Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning) ved UiS får det faglege ansvaret for å utarbeida ”et nasjonalt rammeverk for skolebasert kompetanseutvikling i samarbeid med andre relevante fagmiljøer”.⁹⁹³ Valet av institusjon for satsinga er ikkje så overraskande, etter som store delar av innhaldet i forslaget til *Inkluderende skole* er henta frå eit notat Djupedalutvalet hadde bestilt frå nettopp Læringsmiljøsentret i Stavanger.⁹⁹⁴

Eit prosjekt som blir knytt til denne nye satsinga, er det såkalla *Læringsmiljøprosjektet* ved Læringsmiljøsentret.⁹⁹⁵ Med utgangspunkt i mobbetala frå den årlege Elevundersøkelsen som kvart år blir gjennomført på oppdrag for

⁹⁹⁰ NOU 2015: 2, s. 32.

⁹⁹¹ NOU 2015: 2, s. 33.

⁹⁹² NOU 2015: 2, s. 357.

⁹⁹³ NOU 2015: 2, s. 357.

⁹⁹⁴ Læringsmiljøsentret 2014. NOU 2015: 2, s. 358-361.

⁹⁹⁵ NOU 2015: 2, s. 369. I følgje eit oppslag i *Aftenposten* 09.06.2016, er konsekvensen av denne satsinga at Læringsmiljøsentret ikkje lenger kan søkja om statleg stønad til programma Zero og Respekt, noko som fører til at programma ikkje lenger vil eksistera slik dei er i dag.

Utdanningsdirektoratet, laga Utdanningsdirektoratet i 2013 ei liste over 250 skular med vedvarande høge mobbeprobem. Eit tjuetals skular fekk tilbod om hjelp til mobbeprobemet. Læringsmiljøsentret sette deretter saman rettleiingsteam med forskarar og pedagogar som gav fagleg støtte og rettleiing til kommunar og skular som var med i prosjektet. Erling Roland og Gaute Auestad frå Læringsmiljøsentret har funne at desse tiltaka fungerer, medan tre eksterne forskarar frå NOVA som har evaluert tiltaket "Mållrettet støtte og veiledning til kommuner og deres skoler som har vedvarende høye mobbetall", konkluderer med at det er vanskeleg og for tidleg å seia om tiltaket har hatt effekt.⁹⁹⁶ Dette skuldast mellom anna utfordringar med utvalskriteria, då fleire av skulane som blei plukka ut på grunn av "vedvarande høge mobbetall" berre hadde hatt høge mobbetall i målingsperioden på tre år.⁹⁹⁷ Dermed er det vanskeleg å peika på om endringane er effektar av prosjektet eller utslag av "statistiske tilfeldigheter", konkluderer NOVA-forskarane.⁹⁹⁸

Som eg var inne på i det førre kapitlet, er arbeid med å betra læringsmiljøet eit felt Erling Roland og kollegaene bygde opp ved det dåverande Senter for atferdsforskning (no Læringsmiljøsentret) frå 1990-talet og utover.⁹⁹⁹ I dag sit dei med brei kompetanse innan forskning på kva som skapar gode psykososiale skulemiljø.¹⁰⁰⁰ Læringsmiljøsentret har i dag rundt 50 tilsette, medan Olweusgruppa ved Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest), UniHelse i Bergen, til samanlikning har 1,5 forskarstillingar, i tillegg til Dan Olweus sjølv.¹⁰⁰¹ Trass i at Olweusprogrammet framleis er eitt av dei mest brukte tiltaksprogramma i norsk skule, er det ei stund sidan Olweusgruppa var premissleverandørar innan forskingsfeltet.¹⁰⁰² I tillegg til Læringsmiljøsentret i Stavanger, er Atferdssenteret i

⁹⁹⁶ Roland og Auestad 2015: 34-35.

⁹⁹⁷ Seeberg, Eriksen og Bakken 2015: 77-78.

⁹⁹⁸ Seeberg, Eriksen og Bakken 2015: 77.

⁹⁹⁹ 1. januar 2013 blei SAF slått saman med Lillegården kompetansesenter til Læringsmiljøsentret – eitt av ti nasjonale senter underlagt Utdanningsdirektoratet.

¹⁰⁰⁰ I tillegg til antimobbeprogrammet Zero, har Læringsmiljøsentret utvikla skuleutviklingsprogrammet Respekt og skuleutviklingsstrategien Læringsmiljø og pedagogisk analyse (LP-modellen). Sjå Læringsmiljøsentret 2014 og <http://laringsmiljosenteret.uis.no/om-senteret/> og <http://laringsmiljosenteret.uis.no/forsking/> (lasta ned 12.01.16).

¹⁰⁰¹ Status sommaren 2015. I *Høringsuttalelse angående Djupedalutvalgets NOU 2015:2 Å høre til - virkemidler for et trygt psykososialt miljø*, av Dan Olweus, 22.06.2015, <https://www.regjeringen.no/contentassets/e26f018bd4ff4323ac64a28c07924199/professordanolweus.pdf> (lasta ned 15.02.2016).

¹⁰⁰² Men Olweusprogrammet var framleis i 2014 det mest brukte tiltaksprogrammet. Eriksen mfl. 2014: 149.

Oslo i dag eit viktig tyngdepunkt for forskning på mobbing, gjennom arbeidet med tiltaksprogrammet PALS, det nest mest brukte tiltaksprogrammet i norsk skule.¹⁰⁰³

Partnerskap mot mobbing

Eitt av dei første konkrete tiltaka som har kome ut av NOU 2015: 2 Å *høre til*, er at *Manifest mot mobbing* er blitt erstatta av *Partnerskap mot mobbing*. Den siste manifestperioden gjekk ut ved årsskiftet 2015/2016, og 15. januar 2016 signerte statsminister Erna Solberg partnerskapsavtalen på vegne av regjeringa saman med representantar for Sametinget, Utdanningsforbundet, Foreldretutvalget for grunnskolen, Foreldretutvalget for barnehager, Fagforbundet, KS, Skolenes landsforbund, Skolelederforbundet, Elevorganisasjonen, Norsk Lektorlag, Private Barnehagers Landsforbund og Kristne Friskolers Forbund på vegne av friskulane.¹⁰⁰⁴ Sametinget og dei fire sistnemnte organisasjonane var nye partnerar, samanlikna med *Manifest mot mobbing 2011-2015*.

18. april 2016 lanserte dessutan regjeringa tiltak mot mobbing på tre nye område: Kompetanseheving, støtte og rettleiing og lovendringar.¹⁰⁰⁵ Regjeringa vil mellom anna innføra ei aktivitetsplikt for skulane, styrka klagegangen, styrka elevane sine rettar, greia ut praksis om bruk av tvang og makt i skulen samt lovfesta ein heimel til å gi dagsbøter for skular som ikkje følgjer fylkesmannens pålegg i mobbesaker.¹⁰⁰⁶ To dagar etter lanseringa sendte regjeringa forslag om eit nytt kapittel om skulemiljø i Opplæringslova ut på høyring, der fleire av desse tiltaka er føreslått.¹⁰⁰⁷ Den viktigaste endringa i forslaget handlar om det departementet kallar ei ny, reindyrka aktivitetsplikt for den enkelte eleven:

¹⁰⁰³ Eriksen mfl. 2014: 149. I følge nettsidene deira, er "Atferdssenterets virksomhet forankret i avtalen som i 2003 ble inngått mellom Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Universitetet i Oslo om etablering og drift av et kunnskaps- og kompetansesenter; Norsk senter for studier av problematferd og innovativ praksis AS." <http://www.atferdssenteret.no/om-oss/category1248.html> (lasta ned 16.02.2016).

¹⁰⁰⁴ *Partnerskap mot mobbing. Sammen for et inkluderende lærings- og oppvekstmiljø 2016-2020.* <https://www.regjeringen.no/contentassets/95ef678cc8c7454fb45e3f57826dd461/partnerskapmotmobbing.pdf> (lasta ned 16.02.2016).

¹⁰⁰⁵ Pressemelding frå Kunnskapsdepartementet, 18.04.2016: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nye-tiltak-mot-mobbing/id2484384/> (lasta ned 26.05.2016),

¹⁰⁰⁶ *Oversikt over Regjeringens mobbepolitikk* (vedlegg 45-16 PM), <https://www.regjeringen.no/contentassets/ef826500760942e99fa3df703a6d57e6/oversikt-regjeringens-mobbepolitikk-vedlegg-45-16-pm.pdf> (lasta ned 26.05.2016).

¹⁰⁰⁷ Høringsnotat: *Forslag til endringer i opplæringsloven og friskoleloven (nytt kapittel om skulemiljø)*, 20.04.2016, <https://www.regjeringen.no/contentassets/5b19bede3b07465890b3c0f5de0f00e9/horingsnotat-enderinger-i-opplaringsloven-nytt-kapittel-om-skulemiljo.pdf> (lasta ned 26.05.2016).

Videre foreslår departementet en ny håndhevingsordning der fylkesmannen kan gripe inn ved brudd på aktivitetsplikten, og om nødvendig gi skoleeier tvangsmulkt for å sikre etterlevelse av aktivitetsplikten. Forslaget innebærer også enkelte andre forslag, som en plikt for skolene til å informere elever og foreldre om reglene om skolemiljø og endringer i regler om ordensreglement.¹⁰⁰⁸

Forslaget inneber altså ei juridisk innstramming for å sikra elevane raskare og betre handsaming av saker som mellom anna omhandlar mobbeproblematikk. Den førre paragrafen frå 2002 har ikkje heilt fungert etter intensjonane, mellom anna viste Djupedalutvalet at det var uklart for skulane kva situasjonar som kravde enkeltvedtak og at dei brukte svært lang tid på å utforma enkeltvedtaka korrekt. Dessutan viste det seg at ein del av desse vedtaka fungerte konfliktopprappande, heller enn dempende.¹⁰⁰⁹ Uansett utfall av høringsrunden og endeleg endring av Opplæringslova, ser vi at politikarane enno ein gong har sett i gang handling med ønskje om å sikra barn eit mobbefritt skulemiljø.

Konklusjon

Den svenske politiske diskursen blei aldri dominert av Dan Olweus sine perspektiv på mobbing, hevdar historikar Kenneth Nordgren i Skolverket-rapporten *På tal om mobbing – och det som görs*. I kva grad denne svenske politiske mobbediskursen var avgjerande for at svenske mobbeforskarar alt på 1990-talet begynte å utvida og utfordra det dominerande perspektivet innan forskingsfeltet, kan eg ikkje svara på innan rammene av denne avhandlinga. Det som derimot er sikkert, er at denne motstanden nok har vore ei medverkande årsak til at arven etter Olweus ikkje stod like sterk i svensk mobbeforsking som i den norske. Dette opna for at forskarar som Solveig Hägglund, Zelma Fors og Gunilla Björk alt på 1990-talet utvida forskingshorisonten med nye og heilt andre metodar og perspektiv på mobbing, som igjen bana vegen for ny sosiologisk forskning på 2000-talet.

Dei nye perspektiva på mobbeproblematikken fokuserer på problematiske maktrelasjonar og på konstruksjonen av og stadfestinga av offeret som "den andre", i staden for aggresjon som den bakanforliggjande årsaka til mobbing. Som eg har vist i dette kapitlet,

¹⁰⁰⁸ *Endringer i opplæringsloven og friskoleloven - Nytt kapittel om skolemiljø*. Høring, Kunnskapsdepartementet, 20.04.2016: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tittel/id2483904/> (lasta ned 26.05.2016).

¹⁰⁰⁹ Høringsnotat. *Forslag til endringer i opplæringsloven og friskoleloven (nytt kapittel om skolemiljø)*, s. 10, <https://www.regjeringen.no/contentassets/5b19bede3b07465890b3c0f5de0f00e9/horingsnotat-endringer-i-opplaringsloven-nytt-kapittel-om-skolemiljo.pdf> (lasta ned 26.05.2016).

har det svenske *Skolverket* vore ein viktig pådrivar for den alternative mobbeforskinga ved at dei har gitt alternative forskingsmiljø (ikkje berre psykologar og pedagogar) i oppdrag skaffa oversikt over forskingsfeltet, samt kritisk vurdere i kva grad tiltaksprogramma mot mobbing faktisk verkar. Den auka merksemda på mobbeproblematikken førte også til at mobbing blei flytta opp på eit nordisk nivå, i form av ein kunnskapsrapport og ein konferanse.

Fram til 2007 var dansk mobbeforsking eit heller smalt felt, men etter kvart som eXbus-prosjektet tok form, skulle det visa seg at også danskane ville bidra til å flytta mobbeforskningsfronten. Med tverrfaglege studiar, auka teoretisering og stor breidde i datainnsamlingane, har forskarane i prosjektet særleg bidrege til å tydeleggjere perspektivskiftet som no er på gang innan feltet. Med dei svenske temanummera om ny alternativ mobbeforsking og eXbus-boka *School Bullying – New Theories in Context* er desse alternative perspektiva flytta over i ein internasjonal kontekst der forskinga blir sirkulert, for å nytta Saunier sin terminologi.

Som ein konsekvens av kritikken mot forskinga innan paradigme ein, blei også tiltaksprogramma utvikla av dei same forskarane kritisert, særleg i Sverige på 2000-talet. Dei svenske rapportane fann at mobbeproblemet var relativt stabilt, uavhengig av om skulane brukte antimobbeprogram eller ikkje. Dette førte til ein tiltaksdebatt i Sverige som også flytta seg til Noreg, men her døydde debatten bort etter ei kort tid. Både Campbell-rapporten og NOVA-rapporten viste at norske tiltaksprogram, og særleg Olweusprogrammet, kunne visa til gode effektar ved bruk i skulen, og den statlege støtta og anbefalingane til dei norske tiltaksprogramma blei oppretthalden. Med den relativt ferske NOU 2015: 2 *Å høre til*, ser vi tendensar til at politikken flyttar seg bort frå paradigme ein og dei tilhøyrande tiltaksprogramma i måten dei omtalar mobbing på. Det som derimot er heilt tydeleg i utgreiinga, er at politikarane og forskarane framleis har veldig tette band seg i mellom og ikkje minst felles interesser.

Kapittel 9:

Konklusjon

*Stopp! Ikke mobb!
Dette her er kameraten min.
Ikke finn på noe tull.
Vennen min er god som gull.
Nå vil jeg bare si ifra.
En for alle – Alle for en.
Så nå vil jeg slå fast svart på hvitt:
Her er mobbefritt!¹⁰¹⁰*

For mange norske skulebarn er dette den aller første songen dei lærer når dei startar i 1. klasse som seksåringar. Songen blir gjerne akkompagnert med tilhøyrande handrørslar som signaliserer stoppteiknet og armene i kryss for å understreka budskapet i songen. Slik var det også då min eigen seksåring var på besøk på skulen ho nyleg har starta på. Førskuledagen, dagen då dei vordande skulebarna er på skulebesøk for å treffa medelevar og lærarar, starta med at fadrane deira – elevar på 5. trinn som skal passa ekstra godt på dei små førsteklassingane – song nettopp denne songen. Etter ei lita økt i klasserommet med læraren, kom førskulebarna ut igjen og framførte songen for forventningsfulle foreldre.

Mobbing er i dag eit svært sentralt problemfelt i norsk skule, og mobbeforskning er eit stort internasjonalt forskingsfelt som mellom anna produserer kunnskap om korleis slike overgangar frå barnehage til skule kan bli best mogeleg for seksåringane, og ikkje minst, korleis ein kan førebyggja mobbing. Forskingsfeltet definerer kva som er mobbing, kor stort problemet er, kva som kjenneteiknar partane i ein mobbekonflikt og kva ein kan gjera for å hindra mobbing. Hovudtematikken for denne avhandlinga har vore å drøfta korleis dette forskingsfeltet blei etablert, kva som har forma forskinga på feltet og korleis mobbeforskning har utvikla seg i dei 40 åra forskingsfeltet har eksistert. Kva har eg så funne ut?

¹⁰¹⁰ Tekst og melodi: Frode Skålevik. Songen blei laga til musikalen *Stopp! Ikke mobb!*, skriven av lærarane Helle-Ingunn Aaneland og Frode Skålevik ved Haga skole i Sola kommune og urframført i 2006. I dag kan skular over heile landet kjøpa cd-ar, notepakkar og rettane til å framføra denne og ein annan musikal om mobbing, <https://stoppikkemobb.com/om-oss/> (lasta ned 17.06.2016).

Forminga av eit problemfelt

Kvifor problematiserte Peter-Paul Heinemann mobbing i 1969? Michel Foucault hevda i eit seminarinnlegg på 1980-talet at problematisering er svar på ein konkret situasjon og ikkje konsekvens av ein historisk kontekst.¹⁰¹¹ Det er ikkje utenkeleg at det Heinemann opplevde då den svarte, adopterte sonen hans blei utestengt av dei jamaldra barna fordi han skilde seg ut, nettopp kan ha vore ei kjelde til problematisering. Den same åtferda såg nemleg Heinemann også i skulegarden, og kanskje var det desse to konkrete situasjonane som gjorde at han oppfatta denne spesielle åtferda som eit problem. Men om sjølve problematiseringa skjedde på bakgrunn av bestemte situasjonar eller episodar slik Foucault framheva, er den historiske konteksten viktig for å forstå kvifor problematiseringa fekk så rask og stort gjennomslag og stadfesting i det offentlege rommet.

Det skandinaviske barnet blei påverka av mange og store endringar i tida etter andre verdskrigen. Krigen hadde snudd opp-ned på fleire av dei rådande vitskaplege forklaringane innan medisinen og psykologien som handla om menneskeleg åtferd. Biologiske forklaringsmodellar måtte vika for teoriar som i mykje større grad la vekt på miljøets betydning, noko som også fekk konsekvensar for synet på barnet. John Bowlbys teori om morstilknytning, som handla om viktigheita av ei kjærleg og nærværande mor i barnets første leveår, fekk stort gjennomslag i Noreg på 1950-talet, om enn tilpassa norske forhold. I Sverige møtte Bowlbys teori meir motstand, særleg var svenske ekspertar skeptiske til den moraliserande tonen til Bowlby som plasserte far på sidelinja og til Bowlbys motstand mot bruk av institusjonar for barn. Barnepsykologien vann stadig terreng utover på 1950- og 60-talet gjennom framhevinga av altomfattande stadieteoriar som forklarte barnets såkalla "normale" utvikling etter eit generelt skjema og ivrig vidareformidla til foreldre gjennom oppsedingslitteratur.

Samstundes endra samfunnet rundt barna seg. Etterkrigstida var prega av ei aukande utbygging av velferdssamfunnet, der stadig fleire oppgåver blei overført frå familien til staten. Den obligatoriske skulegongen auka både i talet på timar og i lengde, og barna tilbake stadig meir av tida si i sosiale situasjonar som var definert av skulesystemet. Gjennom ulike skulereformer blei også innhaldet i skulen endra, noko som mellom anna innebar auka elevsamarbeid og auka medverknad for elevane. Parallelt med endringar innan

¹⁰¹¹ Foucault 1988: 17.

barnepsykologien, blei dei altomfattande universelle teoriane om barns utvikling erstatta av såkalla miniteoriar som i større grad framheva barnas eigenart og kompetanse.

1970-talet var altså ei brytningstid på fleire område. Og det var i dette skjeringspunktet Heinemann problematiserte mobbeåtferda. Ved å knyta mobbing til samtidige samfunnsutfordringar som urbanisering og auka arbeidsinnvandring, blei mobbing sett på som eit høgst aktuelt problem. Vidare knytte Heinemann mobbing til aggresjon blant barn, og dermed omfatta omgrepet noko allment og menneskeleg mange kjente seg att i. Ein annan, og i denne samanhengen ein enno viktigare konsekvens av koplinga til aggresjon, var at det opna for at aggresjonsforskarer Dan Olweus kunne adaptera omgrepet til si eiga forskning. Heinemann refererte til mobbing som ei gruppeåtferd (alle mot ein), men Olweus vrei innhaldet til også å inkludera individuell mobbing. Resultatet av denne vridinga var etableringa ein dualisme som skulle bli sjølve kjernen i mobbeforskinga: mobbar/offar.

Parallelt med at Olweus adapterte mobbeomgrepet på eiga forskning, etablerte han seg i toppsjiktet innan internasjonal aggresjonsforskning. Denne posisjonen innan eige fagfelt fungerte som ein dørøpna for introduksjonen av mobbeforskinga internasjonalt og er ei av fleire forklaringar på at han fekk ein så dominerande plass innan forskingsfeltet. Då mobbeomgrepet blei etablert i svensk offentlegheit vinteren 1970, hadde Olweus allereie klart det metodiske og teoretiske verktøyet som var nødvendig for å gjennomføra vitskaplege undersøkingar på mobbing. Resultatet blei boka *Hackkycklingar och översittare* (1973), den første vitskaplege studien av mobbing. Boka skulle få stor innverknad på mobbeforskinga, både fordi det var den første studien som alle difor refererte til, men også på grunn av det grundige og overbevisande vitskaplege arbeidet Olweus presenterte i boka. I 1978 kom boka også ut i engelsk utgåve.

Korleis blei innhaldet i mobbeomgrepet påverka av at forskarane kom på banen? Som professor i personlegdomspsykologi ved UiB forska Olweus på aggressive personlegdomstrekk, og meir spesifikt i kva grad desse trekk er stabile over tid. Dette individfokuset tok Olweus med seg inn i mobbeforskinga, der han særleg har vore oppteken av å finna ut kva som kjenneteiknar mobbaren og mobbeofferet, og ikkje minst kva som skapar aggressive barn. Her finn vi mellom anna røter tilbake til Bowlby, ved at Olweus framhevar morskjærleik som ein viktig faktor for å hindra utvikling av aggressivitet hos barnet. Andre faktorar som kan forklara aggressivitet, handlar om i kva grad foreldra har

nytta fysisk straff, i kva grad foreldra har regulert barnets aggressive åtferd og til slutt barnets medfødde temperament.

Dette fokuset på enkeltindividet og årsakene til individets aggressive disposisjonar, førte til faglege disputtar om innhaldet i mobbeomgrepet utover på 1970-talet. I offentlege diskusjonar, aviser og pedagogiske tidsskrift blei mobbeomgrepet brukt svært vidt, og som oftast i samsvar med Heinemanns forståing av mobbing som ei gruppeåtferd. Forskarar som Anatol Pikas og Ragnar Hauge engasjerte seg i debatten rundt nettopp innhaldet i omgrepet fordi dei var ueinige i Olweus sin definisjon. Til sjuande og sist var det Olweus som vann den *vitskaplege* definisjonen på mobbing, medan det var lite refleksjon rundt omgrepet slik det blei brukt i offentlegheita på 1970- og 80-talet.

Ein viktig premis for at politikarane kunne heva mobbing opp på det øvste politiske nivået på 1980-talet, var at mobbing var etablert som eit sosialt problem i den norske skulen. Korleis skjedde det? Under Arbeiderpartiets regjeringstid i etterkrigstida gjekk den norske skulen gjennom mange ulike reformer. Skulepolitikken i denne perioden var tydeleg prega av ein sosialpedagogisk tankegang som på mange måtar blei toppa med Mønsterplan 1974 (M74). Denne læreplanen for grunnskulen spegla dei radikale politiske strøymingane i tida og overlét mykje av ansvaret for undervisinga til læraren, både i form og i innhald.

I andre halvdel av 1970-talet var skulen prega av uro og ei kjensle av at den vestlege verda stod ovanfor ei normkrise og eit moralsk forfall. Mobbing blei i aukande grad sett på som eit symptom på at det tradisjonelle norske samfunnet var i oppløysing, grunna urbanisering, oppløyste familiestrukturar og påverknad frå massemedia – først og fremst TV. Dette var mange av dei same samfunnsproblema Heinemann hadde kopla mobbing til i Sverige knappe ti år tidlegare. Det problematiske skulemiljøet utvikla seg til eit viktig politisk tema i andre halvdel av 1970-talet og dei aukande mobbetala var ein sentral del av dette problemfeltet. Gjennom denne prosessen blei altså mobbing etablert som eit sosialt problem både i media, skulen og politikken.

Denne kjensla av normkrise og uro i skulen blei fanga opp av Høgre, som gjorde utdanningspolitikk til eitt av sine viktigaste satsingsområde mot slutten av 1970-talet. Sentrale politikarar gav ut bøker der dei hevda at dei urovekkande tilstandane i norsk skule skuldast at etterkrigstidas utdanningspolitikk under Arbeiderpartiet hadde feila grovt. Samstundes sveipa ein høgrevind inn over landet, som mellom anna gav seg utslag i den

såkalla anti-progressivismen, ei høgrevriding innan pedagogikken som var eit svar på den radikale reformpedagogikken frå tidleg på 1970-talet.

På 1970-talet var både samfunnsmessige og vitskaplege forklaringsmodellar i stor grad påverka av sosiologiske teoriar, men den konservative vridinga på 1980-talet av både politikken og pedagogikken framheva i større grad individets rolle. Denne understrekinga av individet betydning passa dessutan godt med Dan Olweus si forskning på mobbing, som på mange måtar hadde vore i utakt med samtida då han gav ut *Hakkekyllinger og skolebøller* tidleg på 1970-talet.

Handlingsplan mot mobbing: felles behov og motstridande interesser

Det som først og fremst skulle få innverknad på kva retning mobbeforskninga i denne situasjonen skulle ta vidare, skjedde i romjula 1982 då bladet Tromsø slo stort opp at tre gutar hadde tatt sine eigne liv etter langvarig mobbing. Saka skapte ein kraftig mediestorm som fungerte som ein katalysator for politisk handling. Dan Olweus og Erling Roland stod klare med kunnskap og forslag til løysingar for å koma mobbinga til livs. Politakarane var altså avhengige av forskarane for å forstå kva som skjedde og for å setja i gang tiltak, men på same tid var forskarane avhengige av politakarane for å få økonomisk stønad til masseundersøkingar og for å prøva ut anbefalte tiltak. Symbiosen skulle visa seg å bli fruktbar for begge partar.

I februar 1983 sette kyrkje- og undervisningsminister Tore Austad ned ei departementsstyrt aksjonsgruppe, der både Olweus og Roland var sjølvskrivne medlemmer. Olweus hadde få veker tidlegare delteke på eit folkemøte i Tromsø, der han hadde lansert eit handlingsprogram i ni punkt, og Roland hadde akkurat gitt ut eit bok om tiltak mot mobbing. Arbeidsgruppa blei einig om å setja i gang ein kampanje hausten same år med praktisk og skuleretta materiale for å motarbeida mobbing. I tillegg skulle det gjennomførast ei landsdekkjande undersøking for å kartleggja omfanget av mobbing i alle landets skular.

Vinteren 1983 var det ti år sidan Olweus publiserte den første boka si om mobbing. Sidan den gong hadde han forska jamt og trutt på problemet, mellom anna hadde han utvikla eit spørjeskjema for å avdekkja aggresjon og mobbing. Det var difor ikkje heilt uventa at det var Olweus som fekk oppdraget med å utarbeida eit spørjeskjema som skulle brukast i samband med den landsdekkjande undersøkinga. Undersøkinga blei gjennomført på alle

skulane i ei og same veke i september, medan KUDs aksjon mot mobbing blei lansert med stor mediedekning 1. oktober 1983.

I tillegg til mediedekninga, var innhaldet i aksjonen at alle skular fekk tilsendt eit eksemplar av lærarheftet *Mobbing – bakgrunn og tiltak*, skrive av Olweus og Roland, ein foreldrebrosjyre, samt ein videokassett med filmen *Mobbing. Scener fra barns hverdag*. Filmen skulle vera eit utgangspunkt for klassesdiskusjonar om mobbing. Kva konkrete tiltak skulane faktisk skulle gjennomføra, og viktigare, kven som skulle ha ansvaret for å setja i gang dette arbeidet, verka å ha vore underkommunisert frå aksjonsgruppa si side.

Som politisk markering var derimot aksjonen vellukka. Den relativt ferske høgreregjeringa (utvida til ei koalisjonsregjering med H, KrF og SP i juni 1983) fekk vist handlekraft innan eit politisk felt dei hadde investert mykje i, og mobbeforskarane fekk prøvd ut spørjeskjema og tiltakspakka i praksis. Den viktigaste årsaka til at 1983 er ein milepæl i mobbeforskingas og mobbepolitikken historie, handlar likevel om det som skjedde i etterkant av aksjonen.

17. desember 1984 presenterte statssekretæren i KUD resultatata frå den landsdekkjande undersøkinga året før. Resultatet var oppsiktsvekkjande: rundt 80 000 norske elevar, om lag 15 % av alle grunnskuleelevane var innblanda i mobbing.¹⁰¹² Olweus hadde stått for innsamlinga av data og analysane, og tala viste mellom anna at mobbinga var mest utbreidd på barneskulen. Det som skulle visa seg enno meir overraskande, var effekten av Olweus sitt utvida tiltaksprogram, som han hadde prøvd ut på 42 skular i Bergen og omland. Etter gjennomføringa viste undersøkingane ved skulane at mobbinga hadde blitt redusert med over 50 % etter to år. Olweus hadde undersøkt mobbing ved desse skulane ein gong før den nasjonale aksjonen og to gongar etter. I tillegg til at desse bergensskulane hadde gjennomført aksjonen, hadde skulane fått ekstra oppfølging og tilbakemelding av prosjektleiinga undervegs i perioden.¹⁰¹³

Parallelt med at Olweus fekk økonomisk støtte frå KUD for å gjennomføra den såkalla Bergensundersøkinga, der han altså evaluerte korttidseffektane av kampanjen, fekk Roland støtte for å gjennomføra ei undersøking av dei langsiktige verknadene av kampanjen i Rogaland. Og igjen skulle tala overraska: Roland fann at talet på mobbing hadde *auka* etter

¹⁰¹² *Aftenposten*, 18.12.1984.

¹⁰¹³ Sjø Olweus 1991b.

gjennomføringa av aksjonen.¹⁰¹⁴ Sjølv forklarte Roland dette med manglande oppfølging frå skulane – kampanjematerialet var blitt lagt bort og gløymt. Derimot nytta Roland studien, som var ein del av det såkalla Janusprosjektet, til å distansera seg noko frå det faglege innhaldet i den nasjonale kampanjen som han og Olweus hadde utarbeidd i fellesskap. Aksjonen var i stor grad prega av Olweus sine individualpsykologiske tilnæringsmåtar når det gjaldt å forklara årsakene til mobbing. Som eit alternativ til dette perspektivet, meisla Roland ut ei ny retning innan mobbeforskinga bygd på sosialpsykologiske forklaringar der mellom anna gruppa og klasseklimaet er viktige faktorar.

Kva var så dei meir langsiktige konsekvensane av 1983-aksjonen? Både Olweus og Roland utvikla kvar sine tiltaksprogram mot mobbing (*Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd* og *Zero*) basert på erfaringane frå gjennomføringa og evalueringa av KUDs kampanje. Olweus utvikla i tillegg eit eige spørjeskjema, *Olweus Bullying Questionnaire*, ei vidareutvikling av spørjeskjemaet som blei brukt i september 1983. I tillegg fekk både Olweus og Roland økonomisk støtte til å gjennomføra evalueringsstudiane, som var eit viktig grunnlag for den vidare utviklinga. Handlingsgruppa i regi av KUD gav Olweus og Roland ei mogelegheit til å få testa ut både spørjeskjema og tiltak på eit svært stort materiale. Dette gav dei eit empirisk forsprang det skulle ta andre mobbeforskarar år å henta inn igjen.

Etter ein tiårsperiode utan særleg politisk fokus på mobbeproblematikken, blei mobbing på nytt aktuelt etter grove valdsepisodar på midten av 1990-talet. På same måte som i 1982, var langvarig mobbing oppgitt som årsak til hendingane. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sette i gang ein ny offensiv, der Roland og Senter for atferdsforskning fekk ansvaret for å utvikla eit nytt antimobbeprogram. Samstundes fekk Olweus pengar frå Barne- og familiedepartementet til å oppretta Olweusgruppa, ei forskargruppe ved HEMIL-senteret, UiB, som skulle forska på mobbing og førebygging av mobbing.

Enno ein gong ser vi korleis denne symbiosen mellom politikarane og forskarane var fruktbar og førte til at noko skjedd: Politikarane involverte forskarane i nye tiltak og demonstrerte samstundes – til brei mediedekning – handlekraft i ei vanskeleg sak. Både Roland og Olweus fekk direkte økonomisk tilskot til forskargruppene sine, men enno viktigare var den indirekte støtta dei fekk gjennom auka etterspurnad etter tiltaksprogram.

¹⁰¹⁴ Sjø Roland 1989.

Ein viktig komponent i den politiske satsinga mot mobbing på andre halvdel av 1990-talet var at alle landets grunnskular blei anbefalt å ta i bruk eit antimobbeprogram.

For å kvalitetssikra dei ulike programma som hadde vakse fram i denne perioden, blei det sett ned ei faggruppe som skulle utarbeida ei forskingsbasert vurdering av dei. Rapporten var klar i 2000, og av dei 25 programma gruppa hadde vurdert, anbefalte dei berre Olweusprogrammet utan atterhald. Forfattarane av rapporten tilrådde vidare åtte andre program som hadde behov for fleire evalueringsstudiar.¹⁰¹⁵ I 2003 fekk dessutan alle landets skular, som ein del av den politiske satsinga *Manifest mot mobbing* tilbod om å ta i bruk Olweusprogrammet og litt seinare også Zero. Trass i at skulane måtte betala mesteparten av utgiftene for programma sjølve, tok over 400 skular i bruk Olweusprogrammet og 200 Zero under den første manifestperioden frå 2002 til 2004.¹⁰¹⁶

Valdsepisodane på midten av 1990-talet førte også til at mobbing blei inkludert i lovverket. Dette hadde Dan Olweus tatt opp med jamne mellomrom sidan 1980, og først etter 15 år blei prosessane sett i samband med revisjonsarbeidet av grunnskulelovene.¹⁰¹⁷ På grunn av stortingsval og påfølgjande regjeringsskifte, skulle det gå tre år før lova var klar, og då blei mobbing berre indirekte omtalt i formålsparagrafen.¹⁰¹⁸ Dette blei raskt kritisert og resultatet blei at mobbing blei inkludert i samband med endringar som blei lagt til Opplæringslova i 2002. Mobbing blei då inkludert i ein ny paragraf om det psykososiale miljøet i skulen (§ 9a-3), som krev at dersom tilsette ved skulen får kjennskap til mobbing eller anna krenkande åtferd, må vedkommande gripa inn.¹⁰¹⁹

Tiltaksprogram og teknovitskapleg mobbeforsking

Dei svenske forskarane bak Skolverket-rapporten *Skolan – en arena för mobbning*, slår fast at Olweus sitt perspektiv har dominert mobbeforskinga i fleire tiår. Dei to viktigaste årsakene til at det oppnådde denne dominerande posisjonen, finn vi i høg kvalitet på

¹⁰¹⁵ Disse programma var: Alternative skoler, Dette er mitt valg, Du og jeg og vi to, Kreativ problemløsning i skolen, Mobbing (seinare Zero-programmet), Problematferd - er det noe problem, Skolemegling og Steg for steg. Rapport 2000: 93.

¹⁰¹⁶ Tikkanen og Junge 2004: 59. Dette utgjorde om lag 19 % av alle grunnskulane i landet.

¹⁰¹⁷ Opplæringslova erstatta grunnskulelova, lov om vidaregåande opplæring, fagopplæringslova, privatskulelova, lærarutdanningslova og delar av vaksenopplæringslova.

¹⁰¹⁸ Sjette ledd i § 1-2. *Formålet med opplæringa, Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 1998*. Historisk versjon gjeldande frå 01.01.1999.

<https://lovdata.no/pro/#document/HIST/lov/1998-07-17-61-19990101?from=NL/lov/1998-07-17-61/> (Lasta ned 06.10.15).

¹⁰¹⁹ Lovdata, https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_9 (lasta ned 18.09.15).

forskinga kombinert med utstrekkt publisering og deltaking på konferansar i inn- og utland. Olweus var den første som gjennomførte store kvantitative undersøkingar på mobbing, men den avgjerande faktoren for spreinga og konsolideringa av den internasjonale mobbeforskinga på 1990-talet var suksesshistoria om Olweusprogrammet. Som ein vel etablert aggresjonsforskar var mange dører opne for Olweus, og desse nytta han til å spreia forskning om mobbing.

Eit anna viktig punkt i utbreiinga av mobbeforskinga, var den første internasjonale mobbekonferansen som blei arrangert i Stavanger i 1987. Roland var arrangør, og utan at han sjølv ein gong var til stades, blei Olweus si forskning delt og spreidd av deltakarane på konferansen. I etterkant av konferansen tok fleire av deltakarane Olweus sitt spørjeskjema med seg heim og brukte det for å undersøkje omfanget av mobbing i heimlandet. Dette spørjeskjemaet er i dag eitt av dei mest brukte på verdsbasis og inneheld mellom anna Olweus sin definisjon av mobbing.

Olweus sin dominerande posisjon internasjonalt, har dessutan også vore av stor betydning for forminga av den norske mobbeforskinga. Som ein naturleg autoritet bygde andre norske mobbeforskarar vidare på hans forskning og norsk mobbeforsking ligg difor godt plassert innanfor paradigme ein. Forskinga innan dette paradigmet tar utgangspunkt i at mobbing oppstår som følgje av aggressive individ, noko som dels blir forklart med problematiske heimeforhold og dels medfødde disposisjonar. Trass i dette, blir tiltaka først sett inn i skulen, noko som skuldast at det er der mobbing for alvor oppstår, men også fordi det er ein avgrensa arena som eignar seg godt for å setja inn relativt enkle tiltak. Ettersom årsakene til mobbing blir forklart med oppvekstforhold og medfødde eigenskapar, er alternativet til tiltak i skulen tiltak i den enkelte familie, noko dei fleste politikarar vegrar seg for, sjølv i ein velferdsstat som Noreg.

Interessant nok såg vi at forfattarane bak rapporten *Felles fokus* frå 2014 fann at tiltaksprogramma innan paradigme ein berre i liten grad var prega av det individpsykologiske perspektivet programma er bygd på. I staden retta tiltaka seg mot klasseleiing, klassemiljø og positive relasjonar elevane imellom og mellom elevar og lærarar.¹⁰²⁰ Dette spriket mellom teori og praksis har vore eit gjennomgåande trekk heilt sidan den nasjonale kampanjen i 1983, og framstår på mange måtar som ei pragmatisk løysing på eit komplisert

¹⁰²⁰ Eriksen mfl. 2014: 132.

problem. I den grad dominansen til Olweus og Roland og symbiosen mellom politikarar og forskarar har vore ein hemske for utviklinga innan norsk mobbeforskning, handlar det om at norsk mobbeforskning har vore noko einsidig. Ved å vera dominerande innan feltet, kan Olweus og Roland sin posisjon ha skugga for alternative forståingar som framhevar nettopp kompleksiteten i problematikken.

Eit viktig trekk ved mobbeforskinga, og særleg norsk mobbeforskning, er at mykje av forskinga handlar om å utvikla tiltak mot mobbing, ofte i form av program, samt å evaluera effektane av desse tiltaksprogramma. Olweus starta forskarkarrieren sin med å forska på metodar for å undersøkje aggresjon blant unge gutar, men har sidan 1990-talet meir eller mindre utelukkande drive med evalueringsforskning og forskning på Olweusprogrammet. Denne forskinga, som sameinar ulike aktørars interesser – forskaren, politikarane og programeigaren (senteret/forskargruppa/institusjonen) – har eg kalla for *teknovitskap*, eit omgrep henta frå John Pickstone si bok *Ways of Knowing*. Også Roland har drive med tilsvarande teknovitskapleg forskning på tiltaksprogramma Zero og Respekt, men ikkje i same omfang som Olweus.

Evalueringsforskning er naturlegvis særst viktig for å kunna dokumentera effekten av programmet, og særleg om ein vil nå opp i eksterne evalueringar av programeffektivitet. Olweusprogrammet har fått svært gode vurderingar i slike undersøkingar, både av det amerikanske *Blueprints for Violence Prevention*, men også i den norske rapporten *Felles fokus – en studie av skolemiljøprogrammer i norsk skole*.¹⁰²¹

Teknovitskapleg forskning har derimot ei komplisert bakside ved at dei ulike interessene ofte kan bli så samanvevde at det kan vera vanskeleg å skilja interessene frå kvarandre. Ikkje sjeldan sit dei same personane i alle ledd: som forskarar, utviklarar av tiltaksprogram og politiske rådgivarar. I tillegg utfører dei same forskarane og forskingsmiljøa evalueringsforskning som vurderer effekten av tiltaksprogramma. Manglande refleksjon rundt dette dilemmaet er eit gjennomgåande trekk ved mobbeforskinga og har berre unntaksvis vore påpeikt i den offentlege debatten. I tillegg til faren for samanblanding av roller, kjem dei politiske og kommersielle interessene inn i biletet, ved at politikarane løyver pengar til forskingssentra og oppmodar skulane til å kjøpa antimobbeprogram. Forholdet mellom forskarane, politikarane og produksjonen av tiltaksprogram i Noreg er

¹⁰²¹ Olweus, Limber and Mihalic 1999 og Eriksen m.fl. 2014.

altså tett og farga av gjensidig binding, og på utsida av denne symbiosen finn vi massemedia som fungerer som ein katalysator for å få ting til å skje.

Eit nytt paradigme?

Samanliknar vi den norske mobbeforskinga med den svenske og den danske, har vi sett at det utkrystalliserer seg visse forskjellar. Forskinga i nabolanda våre er i mindre grad prega av ei slik tett binding mellom forskarar og politikarar (teknovitskap), noko som kan ha vore avgjerande for at mobbeforskinga i Sverige og Danmark i mykje større grad har utvikla seg frikopla frå paradigme ein. Eit nytt paradigme, basert på andre metodar og teoriar, synest nemleg å ha hatt betre grobotn i desse to landa.

Korleis har så mobbeforskinga utvikla seg i Sverige og Danmark? På same måte som Utdanningsdirektoratet i Noreg, har det svenske Skolverket generert forskingsoppdrag for å kartleggja forskinga og tiltaksprogramma. Men til forskjell frå Noreg, har arbeidet i Sverige ført til eit kritisk oppgjær med den etablerte forskinga, og ikkje minst har det vakse fram ulike forskingsmiljø i opposisjon til forskinga i paradigme ein. I Danmark har det inntil nyleg ikkje eksistert noko framståande mobbeforskingsmiljø, noko som kanskje har gjort det enklare å starta med blanke ark og nye perspektiv. Nærleiken til den dominerande forskinga innan feltet kan vera ei av forklaringane på at det er relativt få alternative og kritiske stemmer innan norsk mobbeforsking. Eit framtidig generasjonsskifte kan endra på dette også i Noreg. Dei kritiske svenske stemmene er baserte på empiriske studiar, i motsetnad til dei få alternative stemmene i Noreg, som stort sett har vore basert på sekundærlitteratur.

Forskningsprosjektet eXbus ved DPU Aarhus Universitet oppfattar si eiga forsking som eit nytt paradigme innan mobbeforskinga, og arbeider mykje langs dei same linjene som dei svenske mobbeforskarane. eXbus-forskarane argumenterer sterkt mot den etablerte mobbeforskingas "skyldfokuserende tænketeknologi", der avvikande og aggressive barn får skulda for mobbinga.¹⁰²² I staden ser dei mobbing som eit uttrykk for sosial eksklusjonsangst som oppstår når den sosiale tilknytninga til gruppa blir trua. For dei danske forskarane er mobbing eit fenomen alle barn kan oppleve i gitte gruppekontekstar og som dermed ikkje er ei avvikande åtferd.

¹⁰²² Søndergaard 2009: 29.

Det som først og fremst skil den etablerte mobbeforskninga frå den nye, handlar om årsakene til mobbing. Olweus og Roland meiner aggressive barn er årsaka, men der Olweus forklarar aggressiviteten med barnets personlegdom og dårlege oppvekstvilkår, viser Roland til sosialpsykologien og dermed til gruppa sin påverknad, meir på linje med Peter-Paul Heinemann. Dei svenske og danske forskarane avviser at mobbing er ein underkategori av aggresjon og hevdar at mobbing oppstår som følge av eit spel om makt og interaktive gruppeprosessar (sosial ekskludering), ofte i klassesamanheng. Eit anna tydeleg skilje handlar om metode. Forskinga innan paradigme ein er i mykje større grad prega av kvantitative metodar, medan forskninga innan paradigme to oftare nyttar kvalitative metodar, gjerne i kombinasjon med kvantitative.

Inkludert i kritikken frå dei svenske og danske forskarane ligg også ei usemje om tiltaksprogramma som er utvikla innan paradigme ein. Den grunnleggjande kritikken handlar om at dei er ueinige med heile forståinga av problematikken, men også at tiltaksprogramma tilbyr altfor enkle løysingar på eit komplekst problem. Ei anna utfordring dei peikar på, er at etter kvart som mobbing har blitt akseptert som eit stort sosialt problem i skulen, er skulane pålagt antimobbearbeid frå sentrale skulestyresmakter. Dette arbeidet er ofte nokså likt og samanfallande med det tiltaksarbeidet programma tilbyr, noko som gjer det nærast umogeleg å skilja effektane av det lovpålagte arbeidet og programarbeidet.¹⁰²³

Som utanforståande utan bakgrunn i vitskapane som forskar på mobbing synest eg det verkar avgrensande å utelukka det eine eller det andre. Mobbing kan i enkelte tilfelle skuldast problematiske oppvekstvilkår og medfødde aggressive disposisjonar, andre gongar sosiale gruppedynamikkar. At vi nokon gong vil forstå mobbeproblematikken fullt ut, verkar nokså utopisk. Til det er feltet for komplisert. Ved å opna for andre og alternative tilnæringsmåtar til fenomenet, kan ein forstå nye sider ved mobbing som ikkje har vore belyst tidlegare. NOU 2015: *Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt miljø*, ber bod om at ei endring kan vera på gang, også i Noreg. Eit tydeleg trekk ved utgreiinga, er at utvalet har ei breiare tilnærming til problemet, der mobbing blir forklart ut frå forståingane innan både paradigme ein og paradigme to.¹⁰²⁴ Det kan tala for at paradigme ein er i ferd med å slå sprekker også i Noreg.

¹⁰²³ Sjø Skolverket 2011a: 11.

¹⁰²⁴ Sjø NOU 2015: 2, s. 33.

Kjelder og litteratur

Forkortingar i notane

Innst. S.	Innstilling til Stortinget
St.meld.	Stortingsmelding
St.forh.	Stortingsforhandlingar
St.prp.	Stortingsproposisjon
Ot.prp.	Odelstingsproposisjon

Utrykte kjelder

Riksarkivet (RA)

S-1500 Foreldreutvalet for grunnskolen

Eske D 11, mappe 7: Aksjonsgruppen mot mobbing

Eske D 22, mappe 4: Vedrørende mobbing

S-6148 KUD, Skoleavdelingen

Eske Da 158, mappe 3: Mobbing

S-6143 KUD, Grunnskoleavdelingen

Eske Da 259, mappe 4: Mobbing

Trykte kjelder og litteratur

Agevall, Ola (2007a). "Mobbing, interaction och meningsproduktion. Lokala kulturer, individuelle trakassier og kategoriell uteslutning" i Carleheden, M., Lidskog, R. og Roman, C. (2007). *Social interaction – förutsättningar och former*. Malmö: Liber.

Agevall, Ola (2007b). *The Career of Mobbing: Emergence, Transformation, and Utilisation of a New Concept*. Rapport nr. 29, 2008. Växjö universitet.

Aksjonsgruppen mot mobbing i Bærumsskolen (1978). *Undersøkelse om mobbing blant skoleelever i Bærum*. Bærum.

Alberti-Espenes, Jostein (2012). *Krenkelse i skolen – mobbingens bakteppe*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Andresen, Astri; Garðarsdóttir, Ólöf; Janfelt, Monika; Lindgren, Cecilia; Markkola, Pirjo; Söderlind, Ingrid (2011). *Barnen och välfärdspolitiken. Nordiska barndomar 1900-2000*. Stockholm: Dialogos Förlag.

Antman, Peter (1996). *Barn och äldreomsorg i Tyskland och Sverige*. Sverigedelen. Stockholm: Skriftserien Fakta/kunskaper nr 5. Socialdepartementet.

Archer, John (1988). *The behavioural biology of aggression*. Cambridge: Cambridge University Press.

Asmervik, Sverre (1974). *Eleven i dine hender*. Svolvær: Pedagogisk-psykologisk distriktssenter.

Austad, Tore (1981). *En skole for alle*. Oslo: J. W. Cappelens Forlag AS.

Baenninger, Rolf (1991). "Introduction: Aggression and its Targets" in Baenninger, Ronald (ed.). *Targets of Violence and Aggression*. Amsterdam: North-Holland.

Bandura, Albert (1973). *Aggression: a social learning analysis*. Englewood Cliffs, N. J.: Prentice-Hall.

Basalisco, Sergio (1989). "Bullying in Italy" in Munthe, Elaine & Roland, Erling (eds.). *Bullying – An International Perspective*. London: David Fulton Publishers.

Berk, Laura E. (2013). *Child Development*. 9th ed., International Edition. Boston: Parson.

Berkowitz, Leonard (1993). *Aggression: Its Causes, Consequences, and Control*. New York: McGraw-Hill.

Björk, Gunilla (1995). *Mobbning – ett spel om makt. Fyra fallstudier av mobbning i skolmiljö. Institutionen för socialt arbete*. Skriftserien 1995:5, Göteborgs universitet.

Björk, Gunilla O. (1999). *Mobbning – en fråga om makt?* Lund: Studentlitteratur

Bjørkly, Ståle (2001). *Aggresjonens psykologi. En analyse av psykologiske aggresjonsteorier*. Oslo: Universitetsforlaget.

Björkqvist, Kaj; Ekman, Kerstin & Lagerspetz, Kirsti (1982). "Bullies and victims: Their ego picture, ideal ego picture and normative ego picture" in *Scandinavian Journal of Psychology* 23 (1). Oxford: Blackwell.

Bliding, Marie (2004). *Inneslutandets och uteslutandets praktik: en studie av barns relationsarbete i skolan*. Göteborg Studies in Educational Sciences, 214. Göteborg: Acta Universitatis Gothoburgensis.

Bliding, Marie Wrethander (2007). Inneslutning och uteslutning – barns relationsarbete i skolan. Lund: Studentlitteratur AB.

Cole, James K., & Jensen, Donald D. (1972). *Nebraska Symposium on Motivation, 1972*. Lincoln, Neb.: University of Nebraska Press.

Cook, Harold J. (2007). *Matters of Exchange. Commerce, medicine, and Science in the Dutch Golden Age*. New Haven, CT: Yale University Press.

Cook, Harold J. (2012). "Moving About and Finding Things Oyt: Economies and Sciences in the Period of the Scientific Revolution" in *Osiris*, 27 (1). Chicago: The History of Science Society, The University of Chicago.

Cunningham, Hugh (1996). *Barn og barndom fra middelalder til moderne tid*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Danby, Susan and Osvaldsson, Karin (2011). "Bullying: The Moral and Social Orders at Play" in *Children & Society*, 25 (4). Oxford: Blackwell.

Davies, Bronwyn (2011). " Bullies as Guardians of the Moral Order or an Ethic of Truths?" in *Children & Society*, 25 (4). Oxford: Blackwell.

de Coninck-Smith, Ning; Rasmussen, Lisa Rosén og Vyff, Iben (2015). *Da skolen blev alles. Tiden efter 1970. (Dansk skolehistorie, bind 5)*. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag.

de Kruif, Niek (1989). "Bullying in the Dutch School System" in Munthe, Elaine & Roland, Erling (eds.). *Bullying – An International Perspective*. London: David Fulton Publishers.

deWit, Jan and Hartrup, Willard W. (eds.) (1974). *Determinants and Odrigins of Aggressive Behavior*. New Babylon studies in the social sciences; 22. The Hague: Mouton.

- Dollard, J., Mowrer, O. H., Miller, N. E., Doob, L. W., & Sears, R. R. (1939). *Frustration and aggression*. New Haven, CT: Yale University Press.
- Duncan, Neil (1999). *Sexual Bullying : Gender Conflict and Pupil Culture in Secondary Schools*. London: Routledge.
- Eg-Henriksen, Fride (2005). "Ulike som to dråper vann?" i Bore, Ragnhild Rein (red.) (2005). *Hundre års ensomhet? Norge og Sverige 1905-2005*. Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Egidius, Henry (2008). *Psykologisk leksikon*. Oslo: Aschehoug.
- Eriksen, Ingunn Marie; Hegna, Kristinn; Bakken, Anders og Lyng, Selma Therese (2014). *Felles fokus. En studie av skolemiljøprogrammer i norsk skole*. Rapport nr. 15/14. Oslo: Velferdsforskningsinstituttet NOVA (HiOA).
- Eriksson, Björn (2001). "Mobbing: en sociologisk diskusjon" i *Sosiologisk Forskning* 38 (2). Uppsala: Sveriges Sociologiförbund.
- Eriksson, Björn (2002). "Mobbing i en samhällelig och historisk kontext – uppslag till två forskningsprojekt" i Menkel, Ewa (red.) *Vänskap vinner. Om mobbing och kränkande behandling i skolan*. Halmstad: Högsolan i Harmstad.
- Eriksson, Björn; Lindberg, Odd; Flygare, Erik og Daneback, Kristian (2002). *Skolan – en arena för mobbing – en forskningsöversikt och diskussion kring mobbing i skolan*. Stockholm: Skolverket.
- Ertresvaag, Sigrun K. and Roland, Erling (2015) "Professional cultures and rates of bullying" in *School Effectiveness and School Improvement*, 26 (2). Routledge/Taylor & Francis.
- eXbus (2007). *Prosjektbeskrivelse. eXbus - Exploring Bullying in Schools*. Aarhus: Danmarks Pædagogiske Universitet.
http://exbus.dk/fileadmin/www.exbus.dk/omprojektet/subsites_exbus_20070330153940_pojektbeskrivelse_exbus_07.pdf (lasta ned 06.01.16)
- Farrington, David P. (1993). "Understanding and Preventing Bullying" in Tonry, Michael (ed.). *Crime and Justice. A Review of Research*, 17. Chicago and London: The University of Chicago Press.
- Farrington, David P. and Ttofi, Maria M. (2009). "School-Based Programs to Reduce Bullying and Victimization" in *Campbell Systematic Reviews* 2009:6. Oslo: The Campbell Collaboration.
- Fjeldstad, Wenche (1977). "Gruppevold i skolen – populært kalt mobbing" i *Skolepsykologi*, 12 (5). Seksjon for skolepsykologi.
- Flo, Karen-Marie (1992). *Mobbing – en lærerveiledning*. Oslo: Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

- Flygare, Erik (2002). "Mobbing i skolan – ett socialt problem med individuelle grundorsaker?" i Menkel, Ewa (red.) *Vänskap vinner. Om mobbing och kränkande behandling i skolan*. Halmstad: Högskolan i Halmstad.
- Fors, Zelma (1993). *Obalans i makt. Fallstudier av barnmobbing*. Psykologiska Institutionen, Göteborgs Universitet.
- Fors, Zelma (1994). *Makt, maktlöshet, mobbing*. Stocholm: Liber Utbildning.
- Fors, Zelma (2007). "Destruktiva maktrealitioner" i Thors, Christina (red.). *Utstött – en bok om mobbing*. Pedagogiska Magasinets skriftserie, nummer sex. Stockholm: Lärarförbundets Förlag.
- Foucault, Michel (1988). "On Problematization" in *History of the Present 4*, Spring 1988. Berkeley, CA: Program for French Studies, University of California, Berkeley.
- Frånberg, Gun-Marie (2003). *Mobbing i nordiska skolor. Kartläggning av forskning om och nationella åtgärder mot mobbing i nordiska skolor*. TemaNord 2003:508. København: Nordisk ministerråd.
- Frånberg, Gun-Marie og Wrethander, Marie (2009). "Om det som görs mot mobbing – analys av åtta program" i *På tal om mobbing – och det som görs*. Stockholm: Skolverket.
- Frånberg, Gun-Marie og Wrethander, Marie (2011). *Mobbing – en social konstruktion?* Lund: Studentlitteratur.
- Frånberg, Gun-Marie & Wrethander, Marie (2012). "The rise and fall of a social problem: critical reflections on educational policy and research issues" in *The Journal for Critical Education Policy Studies*, 10 (2). The Institute for Education Policy Studies (IEPS).
- Fure, Oddbjørn (1977). "Aksjonsgruppen mot mobbing i Bærumsskolen – Et forsøk på praktisk handling" i *Skolepsykologi*, 12 (5). Seksjon for skolepsykologi.
- Galloway, David and Roland, Erling (2004). "Is the direct approach to reducing bullying always the best?" in Smith, P. K., Pepler, D. J. and Rigby, K. (eds.). *Bullying in schools: How successful can interventions be?* Cambridge: Cambridge University Press.
- Goode, Erich and Ben-Yehuda, Nachman (2009). *Moral Panics. The Social Construction of Deviance*. Chichester: Wiley-Blackwell.
- Gregory, Robert J. (1992). *Psychological Testing. History, Principles, and Applications*. Boston: Allyn and Bacon.
- Grønlie, Tore og Flo, Yngve (2009). *Sentraladministrasjonens historie etter 1945. Bind 2: Den nye staten? Tiden etter 1980*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Haavind, Hanne (1987). *Liten og stor*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hacking, Ian (2006). "Making up people" in *London Review of Books* 28 (16), 17 August 2006. London.

Hägglund, Solveig (1996). *Perspektiv på mobbning*. Rapport nr. 1996: 14. Göteborgs universitet: Institutionen för pedagogik.

Hägglund, Solveig (2007). "Banal mobbning – en vardagsföreteelse i förskola och skola" i Thors, Christina (red.). *Utstött – en bok om mobbning*. Pedagogiska Magasinets skriftserie, nummer sex. Stockholm: Lärarförbundets Förlag.

Hagemann, Gro (2005). "Norske husmødre sent ut i arbeidslivet" i Bore, Ragnhild Rein (red.) (2005). *Hundre års ensomhet? Norge og Sverige 1905-2005*. Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.

Hareide, Dag (2004a). "'Mobber' – en diagnose?" i *Tidsskrift for Norsk psykologiforening*, 41. Oslo: Psykologiforeningen.

Hareide, Dag (2004b). "En kritisk beretning om "Den store nordiske mobbekrigen"" i *Skolepsykologi*, 6. Gran: Forum for psykologer i kommuner/fylkeskommuner

Hauge, Ragnar (1973). "Mobbing" i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, hefte 9/10. Oslo: Noregs pedagogiske landslag.

Hauge, Ragnar (1975). "'Skolebøllen' – en realitet eller myte?" i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, hefte 6. Oslo: Noregs pedagogiske landslag.

Heinemann, Peter-Paul (1969). "Apartheid". I *Liberal Debatt*, 22 (2). Uppsala: Sveriges liberala studentförbund.

Heinemann, Peter-Paul (1972). *Mobbning - gruppvåld mot barn och vuxna*. Stockholm: Natur och Kultur.

Heinemann, Peter-Paul (1973). *Mobbing. Gruppevold mot barn og voksne*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Helseth, Hannah (2007). *Kunnskapsstatus om kjønnsrelatert mobbing blant barn og unge*. Høgskolen i Nesna/Utdanningsdirektoratet.
http://www.udir.no/Upload/Satsningsomraader/5/Kunnskapsstatus_kjønnsrelatert_mobbing.pdf?epslanguage=no (lasta ned 25.11.15)

Helsvig, Kim G. (2001). *Mot en ny samfunnskontrakt? Universitetet i Oslo 1975-2011*. Universitetet i Oslo: Unipub.

Helsvig, Kim G. (2005). *Pedagogikkens grenser. Kampen om norsk pedagogikk ved Pedagogisk forskningsinstitutt 1938-1980*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

- Helsvig, Kim Gunnar (2014). *1814-2014. Kunnskapsdepartementets historie*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Hendrick, Harry (1994). *Child Welfare: England 1972-1989*. London: Routledge.
- Hendrick, Harry (2003). *Child Welfare. Historical dimensions, contemporary debate*. Bristol: The Policy Press.
- Henningsen, Inge; Hansen Helle Rabøl og Søndergaard, Dorte Marie (2010). *Hvad måler Campbell Collaboration? En kritisk kommentar til rapporten: 'School-Based Programs to Reduce Bullying and Victimization'*. Århus: eXbus. Open Access-artikkel: http://exbus.dk/fileadmin/www.exbus.dk/publikationer/exbus_om_campbell.pdf (lasta ned 20.11.14)
- Hohr, Hansjørg (1983). "Mobbing – en skisse til en struktur- og bevissthetsteoretisk tilnærming" i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, hefte 8. Oslo: Noregs pedagogiske landslag.
- Horne, A. M.; Swearer, S. M.; Givens, J. and Meints C. (2010). "Bully Busters: Reducing Bullying by Changing Teacher and Student Behavior" in Jimerson, S. R., Swearer, S. M. & Espelage, D. L. (eds.). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.
- Horton, Paul (2011). "School Bullying and Social and Moral Orders" in *Children & Society*, 25 (4). Oxford: Blackwell.
- Horton, Paul (2016). "Portraying monsters: framing school bullying through a macro lens" in *Discourse: Studies in the Cultural Politics of Education*, 37 (2). London: Routledge.
- Horton, Paul and Forsberg, Camilla (2015). "Essays on school bullying: Theoretical perspectives on a contemporary problem" in *Confero* 3 (2). Linköping University Electronic Press.
- Huesmann, L. Rowell (ed.) (1994). *Aggressive Behavior: Current Perspectives*. New York: Plenum Press.
- Innst. S. nr. 15 (1995-1996) *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om prinsipper og retningslinjer for tiårig grunnskole - ny læreplan*.
- Innst. S. nr. 144 (1995-1996) *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om forslag fra stortingsrepresentant Sigurd Manneråk om at det blir lagt fram en stortingsmelding om arbeids- og læringsmiljø for elever og lærere i grunnskole og videregående skole*.
- Jacobson, Ronald B. (2013). *Rethinking School Bullying: Dominance, Identity and School Culture*. New York: Routledge.

James, Allison and Prout, Alan (eds.) (1997). *Constructing and Reconstructing Childhood: Contemporary Issues in the Sociological Study of Childhood*. London: Routledge.

Jarning, Harald (2004). "Eva Nordland. Mellom psykologisk og samfunnsrettet pedagogikk" i Thuen, Harald og Vaage, Sveinung (red.) (2004). *Pedagogiske profiler. Norsk utdanningstenkning fra Holberg til Hernes*. Oslo: Abstrakt forlag.

Jordheim, Helge (2001). *Lesningens vitenskap: utkast til en ny filologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jordheim, Helge (2007). "Thinking in convergences – Koselleck on language, history and time" in *Ideas in history* 2 (3). Oslo: The Nordic Society for the History of Ideas.

Jimerson, Shane R., Swearer, Susan M. & Espelage, Dorothy L. (eds.) (2010). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.

Juvonen, Jaana og Graham, Sandra (eds.) (2001). *Peer Harassment in School. The Plight of the Vulnerable and Victimized*. New York, NY. The Guilford Press.

Kalliola, Satu (ed.) (2014). *Evaluation as a Tool for Research, Learning and Making Things Better*. Newcastle upon Tyne: Cambridge Scholars Publishing.

Kettunen, Pauli (2006). "The Power of International comparison – A Perspective on the Making and Challenging of the Nordic Welfare State" i Christiansen, Niels Finn (et al.) (2006). *The Nordic Model of Welfare – a Historical Reappraisal*. Copenhagen: Museum Tusulanum Press.

Kitterød, Ragni Hege og Bringedal, Kristin Horn (2012). "De fleste små barn går i barnehage" i *Samfunnsspeilet* 26 (1). Oslo: Statistisk sentrabyrå.

Kjeldstadli, Knut (1999). "Biologiens tid. Randbemerkinger om viten og venstrestat" i Rudeng, Erik (red.) (1999). *Kunnskapsregimer. Debatten om De nasjonale strateger*. Oslo: Pax forlag.

Kjus, Audun (2011). "Disiplin og straff i skolen 1920 – 1970" i *Museumsbulletinen* 67 (2). Oslo: Norsk folkemuseum, Norsk folkemuseums venner.

Klein, Malcolm W. (ed.) (1989). *Cross-National Research in Self-Reported Crime and Delinquency*. NATO Advanced Research Workshop on Self-Report Methodology in Criminological Research, Noordwijkerhout 1988. Dordrecht: Kluwer Academic Publishers.

Kofoed, Jette og Søndergaard, Dorte Marie (red.) (2009). *Mobning – sociale processer på afveje*. København: Hans Reitzels Forlag.

Kofoed, Jette og Søndergaard, Dorte Marie (red.) (2013). *Mobning gentænkt*. København: Hans Reitzels Forlag.

Koops, Willem (2012). "A discussion on bullying and cyberbullying: An introduction by the editor" in *European Journal of Developmental Psychology*, 9 (5). London: Psychology Press, Taylor & Francis Group.

Koselleck, Reinhart (2007). *Begreber, tid og erfaring. En tekstsamling*. København: Hans Reitzels Forlag.

Kuhn, Thomas S. (2007). *Vitenskaplige revolusjoners struktur*. Oslo: Bokklubben 2007.

Lagerspetz, K., Björkqvist, K., Berts, M. & King, E. (1981). "Group aggression among school children in three schools" in *Scandinavian Journal of Psychology* 23 (1). Oxford: Blackwell.

Lane, David A. (1989). "Foreword: Bullying in School: The Need for an International Approach" in Munthe, Elaine & Roland, Erling (eds.). *Bullying: An International Perspective*. London: Dacid Fulton Publishers.

Langslet, Lars Roar (1977). *Uro i skolen*. Oslo: J. W. Cappelens Forlag AS.

Larsen, Svein og Manger, Terje (2005). "Mobbing: Tåkelegging er neppe løsningen" i *Skolepsykologi*, 1. Gran: Forum for psykologer i kommuner/fylkeskommuner.

Larsson, Anna (2008a). "Mobbing: Ett socialt problem i tiden" i Pipping, Git G. *Texter till Thomas. Festskrift till Thomas Kihlberg april 2008*. Stockholm: SULF.

Larsson, Anna (2008b). "Mobbningsbegreppets uppkomst och förhistoria. En begreppshistorisk analys" i *Pedagogisk Forskning i Sverige* 13 (1). Göteborgs universitet.

Larsson, Anna (2010a). "Mobbningsfrågan i förändring. Efterkrigstydens synsätt på skolbarns kamratrelationer" i *Historisk Tidskrift* 130 (2). Stockholm: Svenska Historiska Föreningen.

Larsson, Anna (2010b). "Mobbing: ett tidsbundet socialt problem?" i *Socialvetenskaplig tidskrift* 17 (2). Umeå: Förbundet för forskning i socialt arbete (FORSA).

Larsson, Anna (2010c). "Skolgårdsfrågan. Asfalt, mobbing och framväxten av skolgården som ett politiskt och medialt problem" I Larsson, Esbjörn & Westberg, Johannes (red.) (2010) *Utbildningens sociala och kulturella historia. Meddelanden från den fjärde nordiska utbildningshistoriska konferensen*. Uppsala: Uppsala universitet. Institutionen för lärarutbildning. Forskningsgruppen för utbildnings- och kultursociologi

Larsson, Anna (2012). "The discovery of the social life of Swedish Schoolchildren" in *Paedagogica Historica: International Journal of the History of Education* 48 (1). London: Routledge.

Lerche, Christian (1973). *Oppgaver og muligheter for NAVF (Norges almenvitenskaplige forskningsråd)/ foredrag holdt på NAVFs årsmøte 14. nov. 1973*. Oslo: Særtrykk til Forskningsnytt.

Lindberg, Odd (2002). "Mobbing i ett sociologiskt och socialpsykologiskt perspektiv" i Menkel, Ewa (red.) *Vänskap vinner. Om mobbing och kränkande behandling i skolan*. Halmstad: Högskolan i Halmstad.

Lindberg, Odd (2007a). "Mobbingsoffrens erfarenheter av skam och skamrelaterade känslor. En teoretisk fördjupning" i Carleheden, M., Lidskog, R. og Roman, C. (2007). *Social interaction – förutsättningar och former*. Malmö: Liber.

Lindberg, Odd (2007b). "Skammen är det värsta" i Thors, Christina (red.). *Utstött – en bok om mobbing*. Pedagogiska Magasinets skriftserie, nummer sex. Stockholm: Lärarförbundets Förlag.

Lorenz, Konrad (1963). *Das sogenannte Böse: zur Naturgeschichte der Aggression*. Wien: Borotha Schoeler Verlag.

Lorenz, Konrad (1966). *On aggression*. London: Methuen.

Lorenz, Konrad (1967). *Aggression: Dess bakgrund och natur*. Stockholm: Norstedt.

Lorenz, Konrad (1968). *Den såkalte ondskap : om aggresjon hos mennesker og dyr*. Oslo: Cappelen.

Lorenz, Konrad (2002). *On aggression*. London: Routledge.

Lowenstein, C. F. (1978a). "Who is the bully?" i *Bulletin of The British Psychological Society* (31), s. 147-149. London: The British Psychological Society.

Lowenstein, C. F. (1978b). "The bullied and non-bullied child" i *Bulletin of The British Psychological Society* (31), s. 316-318. London: The British Psychological Society.

Lundh, Christer og Ohlsson, Rolf (1999). *Från arbetskraftsimport till flyktinginvandring*. Stockholm: SNS Förlag.

Læringsmiljøsentret (2014). *Å skape og opprettholde et godt psykososialt skolemiljø. Notat skrevet på bestilling fra Djupedals-utvalget*. Stavanger: Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning, UiS.

Lødding, Berit og Vibe, Nils (2010). "Hvis noen forteller om mobbing..." *Utdypende undersøkelse av funn i Elevundersøkelsen om mobbing, urettferdig behandling og diskriminering*. Rapport 48/2010. Oslo: Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU).

Magnusson, David and Endler, Norman S. (eds) (1977). *Personality at the Crossroads: Vurrent Issues in Interactional Psychology*. Hillsdale, NJ: Lawrence Erlbaum Associates, Publishers.

Mattsson, Åke; Schalling, Daisy; Olweus, Dan; Löw, Hans and Svensson, Jan (1980). "Plasma Testosterone, Aggressive Behavior, and Personality Dimensions in Young Male Delinquents" in *Journal of the American Academy of Child and Adolescent Psychiatry*, 19 (3). Baltimore, MD: Williams & Wilkins.

Meeuwisse, Anna og Swärd, Hans (2004). "Hvad er et socialt problem?" i Meeuwisse og Swärd (red.) *Perspektiver på sociale problemer*. København: Hans Reitzels Forlag.

Menckel, Ewa (red.) (2002). *Vänskap vinner. Om mobbning och kränkande behandling i skolan*. Halmstad: Högskolan i Halmstad.

Midthassel, Unni Vere (1997). *KUFs ressurspersoner mot mobbing – erfaringer og idéskisse*. Stavanger: Høgskolen i Stavanger, Senter for atferdsforskning.

Mobbing. En artikkelserie om gruppvåld mot avvikende barn (1970). Stockholm: Särtryck ur Dagens Nyheter, november-desember 1969.

Munthe, Elaine (1989). "Bullying in Scandinavia" i Munthe, Elaine & Roland, Erling (eds.). *Bullying – An International Perspective*. London: David Fulton Publishers.

Munthe, Elaine; Solli, Elin; Ytre-Arne, Elin og Roland, Erling (eds.) (2005). *A report from the conference Taking fear out of schools*. Stavanger: University of Stavanger, Centre for Behavioural Research.

Myhre, Jan Eivind (1994). *Barndom i storbyen. Oppvekst i Oslo i velferdsstatens epoke*. Oslo: Universitetsforlaget.

Mykletun, Reidar J. (1979). *Plaging i skolen: En undersøkelse av endel personlighetstrekk, bakgrunnsvariabler og tilpasning hos ungdomsskoleelever som plager andre eller selv plages i skolen*. Stavanger: Rogalandforskning

Nelson, Karin Zetterqvist (2009). "När Bowlby kom till Sverige. Från motstånd till erkännande: anknytningsteori i Sverige 1950-2000" i Markström, A-M., Simonsson, M., Söderlind, I. og Ånggård, E. (red.). *Barn, barndom och föräldraskap*. Stocholm: Carlsson Bokförlag.

Ness, Einar (red.) (1979). *Lærer – skole – samfunn. Festskrift til skolesjef Thorleif Øisang på 60-års dagen 8. februar 1979*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Noack, Turid og Svenn-Erik Mamelund (2007). "Skilsmisser før og nå: Som man måler får man svar" i *Samfunnsspeilet* 11 (3). Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.

Noonan, Eamonn (2014). "Perspective on Evidence-Based Practice in Social Care" in Kalliola, Satu (ed.). *Evaluation as a Tool for Research, Learning and Making Things Better*. Newcastle upon Tyne: Cambridge Scholars Publishing.

Nordahl, Thomas; Gravrok, Øystein; Knudsmoen, Hege; Larsen, Torill M.B. og Rørnes, Karin (red.) (2006). *Forebyggende innsatser i skolen. Rapport fra forskergrupper oppnevnt av Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet om problematferd, rusforebyggende arbeid, læreren som leder og implementeringsstrategier*. Oslo: Sosial- og helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet.

Nordgren, Kenneth (2009). "Talet om mobbning – ett historisk perspektiv". I *På tal om mobbning – och det som görs*. Stockholm: Skolverket.

Nordland, Eva (1979). "Oppdragelse til et fellesskap" i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, hefte 2. Oslo: Noregs pedagogiske landslag.

Notaker, Hallvard (2012). *Høyres historie 1975-2005. Opprør og moderasjon*. Oslo: Cappelen Damm.

NOU 1977: 6. *Ein samla offentlig politikk for oppvekstmiljøet*. Tilråding levert til statsministeren.

NOU 1978: 1. *Utredning om lov om oppvekstmiljø. En samlet offentlig politikk for oppvekstmiljøet*. Avgitt til statsministeren.

NOU 1981: 37 *Om skolemiljøet*. Avgitt til Kirke- og undervisningsdepartementet.

NOU 1995: 18 *Ny lovgivning om opplæring — «... og for øvrig kan man gjøre som man vil»*. Avgitt til Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

NOU 2015: 2 *Å høre til — Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*. Avgitt til Kunnskapsdepartementet.

Nybø, Reidun Kjelling (2007). *Fra tabu til tema. Selvmord i mediene*. Kristiansand: IJ-forlaget.

Olweus, Dan (1969). *Prediction of aggression (On the basis of a projective test)*. Stockholm: Scandinavian Test Corporation.

Olweus, Dan (1970). "Aggression from the perspective of personality psychology" in *Reports from the Institute of Psychology, University of Bergen, Norway*. No. 2, 1970.

Olweus, Dan (1972a). "Personality and aggression" in *Reports from the Institute of Psychology, University of Bergen, Norway*. No. 1, 1972.

Olweus, Dan (1972b). "Personality and aggression". In Cole, J. K., & Jensen, D. D. *Nebraska Symposium on Motivation, 1972*. Lincoln, Neb.: University of Nebraska Press.

Olweus, Dan (1973a). *Hackkycklingar och översittare: forskning om skolmobbning*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.

Olweus, Dan (1973b). "Personality factors and aggression: With special reference to violence within the peer group" in *Reports from the Institute of Psychology, University of Bergen, Norway*. No. 4, 1973.

Olweus, Dan (1974a). *Hakkekyllinger og skolebøller: forskning om skolemobbing*. Oslo: Cappelen.

Olweus, Dan (1974b). "Personality factors and aggression: With special reference to violence within the peer group" in deWit, Jan and Hartrup, Willard W. (eds.). *Determinants and Odrigins of Aggressive Behavior*. New Babylon studies in the social sciences; 22. The Hague: Mouton.

Olweus, Dan (1975a). "Development of a multi-faceted aggression inventory for boys" in *Reports from the Institute of Psychology, University of Bergen, Norway*. No. 6, 1975.

Olweus, Dan (1975b). "Öppna ögonen, Ragnar Hauge!" i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, hefte 6. Oslo: Noregs pedagogiske landslag.

Olweus, Dan (1976a). "Der 'moderne' Interaktionismus von Person und Situation und seine varianzanalytische Sackgasse" in *Zeitschrift für Entwicklungspsychologie und Pädagogische Psychologie*, 8 (3). Göttingen: Verlag für Psychologie.

Olweus, Dan (1976b). "Modern interactionism in personality psychology and the analysis of variance components approach. A critical examination" in *Reports from the Institute of Psychology, University of Bergen, Norway*. No. 6, 1976.

Olweus, Dan (1977a). "A Critical Analysis of the "Modern" Interactionist Position" in Magnusson, David and Endler, Norman S. (eds). *Personality at the Crossroads: Current Issues in Interactional Psychology*. Hillsdale, NJ: Lawrence Erlbaum Associates, Publishers.

Olweus, Dan (1977b). "Aggression and Peer Acceptance in Adolescent Boys: Two Short-Term Longitudinal Studies of Ratings" in *Child Development*, 48 (4). Blackwell Publishing.

Olweus, Dan (1977c). "Longitudinal studies of aggressive reaction patterns in males: A review" in *Reports from the Institute of Psychology, University of Bergen, Norway*. No. 2, 1977.

Olweus, Dan (1978). *Aggression in the schools/bullies and whipping boys*. Washington: Hemisphere Publ.

Olweus, Dan (1979). "Stability of Aggressive Reaction Patterns in Males: A Review" in *Psychological Bulletin*, 86 (4). Washington D.C: The American Psychological Association.

Olweus, Dan (1980a). "The consistency issue in personality psychology revisied – with special reference to aggression" in *British Journal of Social and Clinical Psychology*, 19 (4). The British Psychological Society.

Olweus, Dan (1980b). "Familial and temperamental determinants of aggressive behavior in adolescent boys: A causal analysis" in *Developmental Psychology* 16 (6). American Psychological Association.

Olweus, Dan (1980c). "Bullying Among School-Boys" in *Children and Violence: Edited proceedings of an International Symposium in Stockholm, May 14-16 1979*. Stockholm: Rädda Barnen.

Olweus, Dan (1981a). "Vad skapar aggressive barn?" I Telhaug, Alfred Oftedal og Vestre, Svein Egil (red.). *Normkrise og oppdragelse. Artikler om holdningsdannelse og normoverføring I hjem, skole og samfunn*. Oslo: Didakta Norsk Forlag AS.

Olweus, Dan (1981b). "Continuity in Aggressive and Withdrawn, Inhibited Behavior Paterns" in *Psychiatry and social science* 1. Oslo: Universitetsforlaget.

Olweus, Dan (1983a). "Low School Achievement and Aggressive Behavior in Adolescent Boys" in Magnusson, David and Allen, Vernon L. (eds.). *Human Development. An International Perspective*. New York: Academic Press.

Olweus, Dan (1983b). "Testosterone in the development of aggressive antisocial behavior in adolescents" in Van Dusen, K. T. and Mednick, S. A. (eds.). *Prospective Studies of Crime and Delinquency*. Dordrecht: Kluwer-Nijhoff Publishing.

Olweus, Dan (1984a). "Aggressors and their victims: bullying at school" in Frude, Neil and Gault, Hugh (eds.). *Disruptive Behaviour in Schools*. Chichester: John Wiley & Sons.

Olweus, Dan (1984b). "Stability in Aggressive and Withdrawn, Inhibited Behavior Patterns" in Kaplan, R. M., Konečni, V. J. and Novaco, R. W. (eds.). *Aggression in Children and Youth*. NATO ASI Series. The Hague: Martinus Nijhoff Publishers.

Olweus, Dan (1984c). "Development of Stable Aggressive Reaction Patterns in Males" in Blanchard, R. J. and Blanchard, D. C. (eds.). *Advances in the Study of Aggression, vol. 1*. Orlando, FL: Academic Press, Inc.

Olweus, Dan (1985). *Undersökning om mobbning bland 17 000 svenska elever*. Bergen: Universitetet i Bergen, Institutt for personlighetspsykologi.

Olweus, Dan (1986a). *Mobbning. Vad vi vet och vad vi kan göra*. Stockholm: Utbildningsforlaget.

Olweus, Dan (1986b). "Aggression and Hormones: Behavioral Relationship with Testosterone and Adrenaline" in Olweus, D.; Block, J.; Radke-Yarrow, M. (eds.). *Deveolopment of Antisocial and Prosocial Behavior. Research, Theories, and Issues*. Orlando, FL: Academic Press.

- Olweus, Dan (1987). "Bully/Victim Problems among Schoolchildren in Scandinavia" i Myklebust, Jan Petter og Ommundsen, Reidar (red.). *Psykologiprofesjonen mot år 2000: Helsepsykologi, samfunnspsykologi og internasjonale perspektiver. Minneskrift til Bjørn Christiansen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Olweus, Dan (1989). "Prevalence and Incidence in the Study of Antisocial Behavior: Definitions and Measurements" in Klein, Malcolm W. (ed.). *Cross-National Research in Self-Reported Crime and Delinquency*. NATO Advanced Research Workshop on Self-Report Methodology in Criminological Research, Noordwijkerhout 1988. Dordrecht: Kluwer Academic Publishers.
- Olweus, Dan (1990). "Bullying among schoolchildren" in Hurrelmann, K. and Lösel, F. (eds.). *Health Hazards in Adolescence*. Berlin: De Gruyter.
- Olweus, Dan (1991a). *Mobbning i skolan. Vad vi vet och vad vi kan göra*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Olweus, Dan (1991b). "Bully/Victim Problems Among Schoolchildren: Basic Facts and Effects of a School Based Intervention Program" in Pepler, D. J. and Rubin, K. H (eds.). *The Development and Treatment of Childhood Aggression*. Hillsdale, N.J.: Lawrence Erlbaum Associates.
- Olweus, Dan (1991c). "Victimization Among School Children" in Baenninger, Ronald (ed.). *Targets of Violence and Aggression*. Amsterdam: North-Holland.
- Olweus, Dan (1992a). *Mobbing i skolen. Hva vi vet og hva vi kan gjøre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Olweus, Dan (1992b). "Bullying Among Schoolchildren: Intervention and Prevention" in Peters, Ray; McMahon, Robert; Quinsey, Vernon (eds.). *Aggression and Violence Throughout the Life Span*. Newsbury Park, CA: Sage Publications.
- Olweus, Dan (1993a). *Bullying at School. What We Know and What We Can Do*. Malden, MA: Blackwell Publishing.
- Olweus, Dan (1993b). "Victimization by Peers: Antecedents and Long-Term Outcomes" in Rubin, Kenneth and Asendorpf, Jens (eds.). *Social Withdrawal, Inhibition, and Shyness in Childhood*. Hillsdale, NJ: Lawrence Erlbaum Associates, Publishers.
- Olweus, Dan (1994a). "Annotation: Bullying at School: Basic Facts and Effects of a School Based Intervention Program" in *Journal of Child Psychology and Psychiatry*, 35 (7). Oxford: Pergamon.
- Olweus, Dan (1994b). "Bullying at School. Long-Term Outcomes for the Victims and an Effective School-Based Intervention Program" in Huesmann, L. Rowell (ed.). *Aggressive Behavior: Current Perspectives*. New York: Plenum Press.

- Olweus, Dan (1995a). "Peer abuse or bullying at school: Basic facts and a school-based intervention programme" in *Prospects (Unesco): Quarterly review of education*, 25 (1). Paris: Unesco.
- Olweus, Dan (1995b). "Bullying or Peer Abuse at School: Facts and Intervention" in *Current Directions in Psychological Science*, 4 (6). Cambridge: Cambridge University Press
- Olweus, Dan (1996a). "Bully/Victim Problems at School: Facts and Effective Intervention" in *Reclaiming children and youth*, 5 (1). Lennox, SD: Starr Global Learning Network.
- Olweus, Dan (1996b). "Bullying at School: Knowledge Base and an Effective Intervention Program" in *Annals of the New York Academy of Sciences*, 794 (Issue: Understanding Aggressive Behavior in Children). Wiley-Blackwell.
- Olweus, Dan (1996c). "Bullying or Peer Abuse in School: Intervention and Prevention" in Dacies, G.; Lloyd-Bostock, S.; McMurrin, M. and Wilson, C. (eds). *Psychology, Law and Criminal Justice. International Developments in Research and Practice*. New York: Walter de Gruyter.
- Olweus, Dan (1997a). "Bully/victim problems in school: Facts and intervention" in *European Journal of Psychology of Education*, 12 (4). Lisboa: I.S.P.A.
- Olweus, Dan (1997b). "Bully/victim problems in school: Knowledge base and an effective intervention program" in *The Irish Journal of Psychology*, 18 (2). Galway: The Society.
- Olweus, Dan (1997c). "Tackling Peer Victimization with a School-Based Intervention Program" in Fry, Douglas and Björkqvist, Kai (eds.). *Cultural Variation in Conflict Resolution: Alternatives to Violence*. Mahwah, NJ: Lawrence Erlbaum Associates
- Olweus, Dan (1999a). "Sweden" in Smith, P. K. et al. (eds.). *The Nature of School Bullying. A Cross-National Perspective*. London: Routledge.
- Olweus, Dan (1999b). "Norway" in Smith, P. K. et al. (eds.). *The Nature of School Bullying. A Cross-National Perspective*. London: Routledge.
- Olweus, Dan (2001). "Peer Harassment. A Critical Analysis and Some Important Issues" in Juvonen, J. and Graham, S. (eds.). *Peer Harassment in School. The Plight of the Vulnerable and Victimized*. New York, NY: The Guilford Press.
- Olweus, Dan (2002). "Mobbing i skolan: Grundläggande fakta, ett effektivt åtgärdsprogram och en ny nationell storsatsning i Norge" i Menkel, Ewa (red.) *Vänskap vinner. Om mobbing och kränkande behandling i skolan*. Halmstad: Högsolan i Halmstad.
- Olweus, Dan (2004a). "Bullying at School: Prevalence Estimation, a Useful Evaluation Design, and a New National Initiative in Norway" in *Association for Child Psychology and Psychiatry Occasional Papers No. 23*. London: ACPP.

Olweus, Dan (2004b). "The Olweus Bullying Prevention Program: design and implementation issues and a new national initiative in Norway" in Smith, P. K., Pepler, D. J. and Rigby, K. (eds.). *Bullying in schools: How successful can interventions be?* Cambridge: Cambridge University Press

Olweus, Dan (2005a). "A useful evaluation design, and effects of the Olweus Bullying Prevention Program" in *Pychology, Crime & Law*, 11 (4). London: Routledge

Olweus, Dan (2005b). "Hareides mobbekritikk: Sterke meninger på svakt faglig grunnlag" i *Skolepsykologi*, 1. Gran: Forum for psykologi i kommuner/fylkeskommuner.

Olweus, Dan (2007a). *Olweus Bullying Questionnaire®. Standard School Report*. Center City: Hazelden Publishing.

Olweus, Dan (2007b). "Mobbing i skolan – fakta och åtgärder" i Thors, Christina (red.). *Utstött – en bok om mobbing*. Pedagogiska Magasinets skriftserie, nummer sex. Stockholm: Lärarförbundets Förlag.

Olweus, Dan (2010a). "Verdien av å redusere og forebygge skolemobbing" i Befring, Edvard; Frønes, Ivar og Sørli, Mari-Anne (red.). *Sårbare unge. Nye perspektiver og tilnærminger*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Olweus, Dan (2010b). "Understanding and Researching Bullying: Some Critical Issues" in Jimerson, S. R., Swearer, S. M. & Espelage, D. L. (eds.). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.

Olweus, Dan (2012). "Cyberbullying: An overrated phenomenon?" in *European Journal of Developmental Psychology*, 9 (5). London: Psychology Press, Taylor & Francis Group.

Olweus, Dan and Alsaker, Françoise D. (1991). "Assessing change in a cohort-longitudinal study in hierarchical data" in Magnusson, D.; Bergman, L. R.; Rudinger, G. And Törestad, B. (eds.). *Problems and methods in longitudinal research: Stability and change*. Cambridge: Cambridge University Press.

Olweus, D., Block, J. and Radke-Yarrow, M. (eds.) (1986). *Development of Antisocial and Prosocial Behavior. Research, Theories, and Issues*. Orlando, FL: Academic Press.

Olweus, Dan and Limber, Susan P. (2007). *Olweus Bullying Prevention Program. Teacher Guide*. Center City, Minnesota: Hazelden.

Olweus, Dan and Limber, Susan P. (2010). "The Olweus Bullying Prevention Program. Implementation and Evaluation over Two Decades" in Jimerson, Swearer & Espelage (eds.). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.

Olweus, D., Limber, S. and Mihalic, S. (1999). *Bullying Prevention Program. Blueprints for Violence Prevention, book nine*. Blueprints for Violence Prevention Series (D. S. Elliott, Series Editor). Boulder, Colorado: Center for the Study and Prevention of Violence, Institute of Behavioral Science, University of Colorado.

Olweus, Dan; Mattsson, Åke; Schalling, Daisy and Löw, Hans (1980). "Testosterone, Aggression, Physical, and Personality Dimensions in Normal Adolescent Males" in *Psychosomatic Medicine*, 42 (2). New York: The American Psychosomatic Society.

Olweus, Dan; Mattsson, Åke; Schalling, Daisy and Löw, Hans (1988). "Circulating Testosterone Levels and Aggression in Adolescent Males: A Casual Analysis" in *Psychosomatic Medicine*, 50 (5). New York: The American Psychosomatic Society.

Olweus, Dan og Roland, Erling (1983). *Mobbing – bakgrunn og tiltak*. Oslo: Kirke- og Undervisningsdepartementet (særtrykk til Norsk Skole).

Olweus, Dan og Solberg, Cecilia (1997). *Mobbing blant barn og unge. Informasjon og veiledning til foreldre*. Oslo: Pedagogisk forum.

O'Moore, Astrid Mona (1988). "Bullying in schools", Council of Europe Report. Strasbourg: Council for Cultural Co-operation.

Ot.prp. nr. 36 (1996-1997) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

Ot.prp. nr. 72 (2001-2002) *Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. Utdannings- og forskingsdepartementet.

Pickstone, John V. (1993). "Ways of Knowing: Towards a Historical Sociology of Science, Technology and Medicine" in *The British Journal for the History of Science*, 26 (4). British Society for the History of Science.

Pickstone, John V. (2001). *Ways of Knowing. A New History of Science, Technology and Medicine*. Chicago: The University of Chicago Univeristy Press.

Pickstone, John V. (2011). "A brief introduction to ways of knowing and ways of working" in *History of Science*, 49 (164). History of Science Society.

Pikas, Anatol (1975). *Så stoppar vi mobbning! Rapport frå en antimobbingsgrupps arbete*. Stockholm: Prisma.

Pikas, Anatol (1976). *Slik stopper vi mobbing! Rapport fra en svensk antimobbingsgruppes arbeid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Pikas, Anatol (1989). "The Common Concern Method for the Treatment of Mobbing" i Munthe, Elaine & Roland, Erling (eds.) (1989). *Bullying – An International Perspective*. London: David Fulton Publishers.

Pikas, Anatol (1998). *Gemensamt-Bekymmer-metoden. Handbok för ett paradigmskifte i behandling av skolmobbing*. Uppsala: AMA dataservice.

Porter, W.; Plog, A.; Jens, K.; Garrity, C. and Sager, N. (2010). "Bullying-Proofing Your Elementary School: Creating a Caring Community" in in Jimerson, S. R., Swearer, S. M. & Espelage, D. L. (eds.). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.

Prout, Alan and James, Allison (1997). "A New Paradigm for the Sociology of Childhood? Provenance, Promise and Problems" in James, Allison and Prout, Alan (eds) (2007). *Constructing and Reconstructing Childhood*. London: Routledge.

Rapport (2000). *Vurdering av program og tiltak for å redusere problematferd og utvikle sosial kompetanse*. Innstilling fra faggruppe oppnevnt av Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet og Barne- og familiedepartementet, juni 2000.
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kuf/rap/2000/0016/ddd/pdfv/111356-problematferd.pdf> (lasta ned 01.11.15)

Raundalen, Magne og Raundalen, Tora Synnøve (1979). *Er du på vår side! Rapport fra barnemiljøet, intervju med 4000 barn, foreldre og lærere*. Oslo: Universitetsforlaget.

Ravneberg, Bodil (2000). *Intelligensmåling i et organisasjonsteoretisk perspektiv*. Notat nr. 59. Bergen: Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, UiB.

Retterstøl, Nils, Ekeberg, Øivind og Mehlum, Lars (2002). *Selv mord – et personlig og samfunnmessig problem*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Rigby, Ken (2010). "School Bullying and the Case for Method of Shared Concern" in Jimerson, S. R., Swearer, S. M. & Espelage, D. L. (eds.). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.

Ringrose, Jessica and Rawlings, Victoria (2015). "Posthuman performativity, gender and 'school bullying': Exploring the material-discursive intra-actions of skirts, hair, sluts, and proofs" in *Confero 3* (2). Linköping University Electronic Press.

Robles-Piña, R. A.; Norman, P. and Campbell-Bishop, C. (2010). "McKay School Safety Program (MSSP): A Bilingual Bicultural Approach" in Jimerson, S. R., Swearer, S. M. & Espelage, D. L. (eds.). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.

Roland, Erling (1980). *Terror i skolen. Mobbing – ei empirisk undersøkning*. Stavanger: Rogalandsforskning.

- Roland, Erling (1983). *Strategi mot mobbing*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Roland, Erling (1984). "Mobbing" i Skaalvik. Einar M. (red.). *Barns oppvekstmiljø*. Oslo: Aschehoug/Tanum-Norli.
- Roland, Erling (1986). *Janusprosjektet. Rapport nr. 1 "Prosjektbeskrivelse"*. Stavanger: Stavanger lærarhøgskole.
- Roland, Erling (1989a). *Tre år senere. Langtidsvirkninger i Rogaland av KUD's landsomfattende aksjon mot mobbing*. Stavanger: Stavanger Lærarhøgskole, Senter for atferdsforskning (Janusprosjektet).
- Roland, Erling (1989b). "Bullying: The Scandinavian Research Tradition" in Tattum, D. P. and Lane, D. A. (eds.). *Bullying in Schools*. Hanley: Trentham Books.
- Roland, Erling (1989c). "A System Oriented Strategy Against Bullying" in Roland, E. and Munthe, E. (eds.). *Bullying – An International Perspective*. London: David Fulton.
- Roland, Erling (1993). "Bullying: a developing tradition of research and management" in Tattum, Delwyn (ed.). *Understanding and Managing Bullying*. Oxford: Heinemann School Management.
- Roland, Erling (1995). *Elevkollektivet*. Stavanger: Rebell forlag.
- Roland, Erling (1997). *Mobbing. Håndbok til foreldre*. Stavanger: Rebell forlag.
- Roland, Erling (1999). *School Influences on Bullying*. Stavanger: Rebell forlag.
- Roland, Erling (2000). "Bullying in School: Three National Innovations in Norwegian Schools in 15 years" in *Aggressive Behavior*, 26 (1). New York: Wiley-Liss.
- Roland, Erling (2002). "Aggression, Depression, and Bullying Others" in *Aggressive Behavior*, 28 (3). New York: Wiley-Liss.
- Roland, Erling (2005). "Dag Hareide på feil mobbespor" i *Skolepsykologi*, 1. Gran: Forum for psykologer i kommuner/fylkeskommuner.
- Roland, Erling (2007). *Mobbingens psykologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Roland, Erling (2008). "Mobbing i grunnskolen 2004-2009. Upublisert rapport. http://ansatt.uis.no/getfile.php/Nyhetsvedlegg/Mobbetrender_des08.pdf (lasta ned 01.10.15)
- Roland, Erling (2011). "The broken curve: Effects of the Norwegian manifesto against bullying" in *International Journal of Behavioral Development*, 35 (5). International Society for the Study of Behavioural Development: Sage Journals.

Roland, Erling og Auestad, Gaute (2009). *Seksuell orientering og mobbing*. Stavanger: Senter for atferdsforskning, UiS.

http://www.udir.no/globalassets/upload/rapporter/5/seksuell_orientering_og_mobbing_rapport.pdf (lasta ned 20.11.15)

Roland, Erling og Auestad, Gaute (2015). "Nasjonalt tiltak mot høye mobbetall" i *Bedre Skole 2/2015*. Oslo: Utdanningsforbundet.

Roland, E., Bru, E., Midthassel, U. V. and Vaaland, G. S. (2010). "The Zero programme against bullying: effects of the programme in the context of the Norwegian manifesto against bullying" in *Social Psychology of Education: An International Journal*, 13 (1). Dordrecht: Kluwer Academic Publishers.

Roland, Erling og Idsøe, Thormod (2001). "Aggression and Bullying" in *Aggressive Behavior*, 27 (6). New York: Wiley-Liss.

Roland, Erling and Midthassel, Unni Vere (2012). "The Zero program" in *New Directions for Youth Development*, No. 133. Hoboken, NJ: Wiley Periodicals.

Roland, Erling and Munthe, Elaine (eds.) (1989). *Bullying – An International Perspective*. London: David Fulton.

Roland, Erling and Munthe, Elaine (1997a). *The research tradition on bullying in school*. Centre for Behavioural Research, Stavanger College.

Roland, Erling and Munthe, Elaine (1997b). "The 1996 Norwegian Program for preventing and managing bullying in schools" in *The Irish Journal of Psychology*, 18 (2). Dublin: Psychological Society of Ireland.

Roland, Erling og Vaaland, Grete Sørensen (1996). *Mobbing i skolen – en lærerveiledning*. Oslo: Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet/Nasjonalt læremiddelsenter.

Roland, Erling og Vaaland, Grete Sørensen (2006). *Zero, SAFs program mot mobbing. Lærerveiledning*. Stavanger: Senter for atferdsforskning.

Rudberg, Monica (1983). *Dydige, sterke, lykkelige barn. Ideer om oppdragelse i borgerlig tradisjon*. Oslo: Universitetsforlaget.

Rust, Val D. (1989). *The Democratic Tradition and the Evolution of Schooling in Norway*. Westport, Connecticut: Greenwood Press, Inc.

Rønsen, Marit (2007). "Nordiske mødres inntog på arbeidsmarkedet" i *Samfunnsspeilet*, 11 (3). Kongsberg: Statistisk sentralbyrå.

Salmivalli, Christina; Lagerspetz, Kirsti; Björkqvist, Kaj; Österman, Karin and Kaukiainen, Ari (1996). "Bullying as a Group Process: Participant Roles and Their Relations to Social Status Within the Group". In *Aggressive Behavior* 22 (1). New York: Wiley-Liss.

- Salmivalli, C.; Kärnä, A. and Poskiparta, E. (2010). "From Peer Putdowns to Peer Support: A Theoretical Model and How It Translated into a National Anti-Bullying Program" in Jimerson, S. R., Swearer, S. M. & Espelage, D. L. (eds.). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.
- Salmivalli, Christina & Willför-Nyman, Ulrika (2007). "KiVa – ett forskningsbaserat antimobbingsprogram" i Thors, Christina (red.). *Utstött – en bok om mobbning*. Pedagogiska Magasinets skriftserie, nummer sex. Stockholm: Lärarförbundets Förlag.
- Sandin, Bengt (2011). "Children and the Swedish Welfare State: From Different to Similar" in Fass, Paula S. and Grossberg, Michael (eds.). *Reinventing Childhood after World War II*. Philadelphia: University of Philadelphia Press.
- Saugstad, Per (2009). *Psykologiens historie* (revidert utgave). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Saunier, Pierre-Yves (2013). *Transnational History*. Basingstoke: Palgrave MacMillan.
- Schott, Robin May (2009). "Mobbning som socialt begreb: Filosofiske refleksjoner over definitioner" i Kofoed, Jette og Søndergaard, Dorte Marie (red.). *Mobbning – sociale processer på afveje*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Schott, Robin May and Søndergaard, Dorte Marie (2014). "Introduction: new approaches to school bullying" in Schott and Søndergaard (eds.) *School Bullying: New Theories in Context*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Schrumpf, Ellen (2007). *Barndomshistorie*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Schön, Lennart (2012). *En modern svensk ekonomisk historia*. Stockholm: SNS Förlag.
- Sharp, Sonia and Smith, Peter K. (eds.) (1994). *Tackling bullying in your school: A practical handbook for teachers*. London: Routledge
- Sherr, L., Skar, A.-M., Clucas, C., von Tetzchner, S. Hundeide, K. (2011). *Evaluering av Program for foreldreveiledning basert på International Child Development Programme*. Norsk sammendrag. Rapport til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.
- Seeberg, Marie Louise; Eriksen, Ingunn Marie og Bakken, Anders (2015). *Evaluering av tiltaket "Målrettet støtte og veiledning til kommuner og deres skoler som har vedvarende høye mobbetall*. NOVA Rapport 3/2015. Oslo: Velferdsforskningsinstituttet NOVA.
- Skolverket (1994). *Att förebygga, upptäcka och åtgärda mobbning*. Projektredovisning, Dnr 93:677.
- Skolverket (1995). *"Kränk mig inte". Att förebygga, upptäcka och åtgärda mobbning*. Stockholm: Liber Distribution, Publikationstjänst.

- Skolverket (2009). *På tal om mobbning – och det som görs*. Stockholm: Skolverket.
- Skolverket (2011a). *Utvärdering av metoder mot mobbning*. Rapport 353 2011. Stockholm: Skolverket.
- Skolverket (2011b). *Vad fungerar? Resultat av utvärdering av metoder mot mobbning*. Forskning för skolan. Stockholm: Skolverket.
- Skolverket (2013). *Kränkningar i skolan – analyser av problem och lösningar*. Atologi 2013. Stockholm: Skolverket.
- Slagstad, Rune (1994). «Arbeiderpartistaten som skolestat» i *Nytt Norsk Tidsskrift*, 3-4/1994. Oslo: Universitetsforlaget.
- Slee, Phillip T. & Mohyla, Jury (2007). "The PEACE Pack: an evaluation of interventions to reduce bullying in four Australian primary schools" in *Educational Research*, 49 (2). London: Routledge.
- Slee, Phillip T. (2010). "The PEACE Pack: A Program for Reducing Bullying in Our Schools" in Jimerson, S. R., Swearer, S. M. & Espelage, D. L. (eds.). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.
- Smith, Lars og Ulvund, Stein Erik (1999). *Spedbarnsalderen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Smith, Peter K. (2014). *Understanding School Bullying. Its Nature & Prevention Strategies*. London: Sage Publications.
- Smith, Peter K. and Thompson (eds.) (1991). *Practical approaches to bullying*. London: David Fulton.
- Smith, P. K.; Morita, Y.; Junger-Tas, J.; Olweus, D.; Catalano, R. And Slee, P. (eds.) (1999). *The Nature of School Bullying. A Cross-National Perspective*. London: Routledge.
- Smith, Peter K. and Morita, Yohji (1999). "Introduction" in Smith, P. K. et al. (eds.). *The Nature of School Bullying. A Cross-National Perspective*. London: Routledge.
- Smith, Peter K., Pepler, Debra J. and Rigby, Ken (eds.) (2004). *Bullying in schools: How successful can interventions be?* Cambridge: Cambridge University Press
- Sommer, Dion (2003). *Barndomspsykologi. Udvikling i en forandret verden*. København: Hans Reitzels forlag.
- Sommerschild, Hilchen og Moe, Einar (2005). *Da barnpsykiatrien kom til Norge. Beretninger ved noen som var med*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Solberg, Mona and Olweus, Dan (2003). "Prevalence Estimation of School Bullying With the Olweus Bully/Victim Questionnaire" in *Aggressive Behavior*, 29 (3). New York: Wiley-Liss.

Stortingsmelding nr. 62 (1982-1983) *Om grunnskolen*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Stortingsmelding nr. 17 (1999-2000) *Handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet*. Barne- og familiedepartementet.

Stortingsmelding nr. 28 (1998-1999) *Mot rikare mål*. Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet.

Stortingsproposisjon nr. 1 (2001-2002). *For budsjetterminen 2002*. Utgiftskapitler: 0800-0868 Inntektskapitler: 3859-3860. Barne- og familiedepartementet.

Stugu, Ola Svein (2006). "Mot et urbanisert land? 1920-2000" I Helle, Knut (m. fl.) (2006). *Norsk byhistorie. Urbanisering gjennom 1300 år*. Oslo: Pax Forlag A/S.

Sunnanå, Sigmund og Helgesen, Sigmund (2009). "Senter for atferdsforskning. Det som var, det som er – og veien videre" i *Senter for Atferdsforskning gjennom 20 år: 1989-2009*. Universitetet i Stavanger: Senter for atferdsforskning.

Søndergaard, Dorte Marie (2009). "Mobning og social eksklusionsangst" i Kofoed, J. og Søndergaard, D. M. (red.). *Mobning – sociale prosesser på afveje*. København: Hans Reitzels Forlag.

Søndergaard, Dorte Marie (2015). "The dilemmas of victim positioning" in *Confero 3 (2)*. Linköping University Electronic Press.

Tattum, Delwyn P. and Lane, David. A. (eds.). *Bullying in Schools*. Hanley: Trentham Books.

Telhaug, Alfred Oftedal (1978). *Pedagogikk og politikk. Artikler om aktuelle problemer i norsk skoleutvikling*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S.

Telhaug, Alfred Oftedal (1980). "Den pedagogiske høgrebølgen og vår holdning til den" i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, hefte 9. Oslo: Noregs pedagogiske landslag.

Telhaug, Alfred Oftedal (1981a). "Erling Lars Dale – en angrende synder?" i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, hefte 1. Oslo: Noregs pedagogiske landslag.

Telhaug, Alfred Oftedal (1981b). "Trenger skolen moralsk opprustning?" i Telhaug, A. O. og Vestre, S. E. (red.). *Normkrise og oppdragelse. Artikler om holdningsdannelse og normoverføring i hjem, skole og samfunn*. Oslo: Didakta Norsk Forlag AS.

Telhaug, Alfred Oftedal (1982). *Norsk skoleutvikling etter 1945*. Oslo: Didakta Norsk Forlag AS.

- Telhaug, Alfred Oftedal (1986). "Fra Pedagogikk og samfunnsforandring til Oppdragelse fri fra 'mor' og 'far'". Forord i Dale, Erling Lars (1986). *Oppdragelse fri fra "mor" og "far": Pedagogikkens grunnlag i det moderne samfunn*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Telhaug, Alfred Oftedal (2008a). *Norsk skole i kulturkonservativt perspektiv. Formidling og polemikk*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Telhaug, Alfred Oftedal (2008b). "Reprise. Niels Christie – uten styrthjelm og knebeskyttere" i *Nytt Norsk Tidsskrift*, 3/2008. Oslo: Universitetsforlaget.
- Telhaug, Alfred Oftedal og Mediås, Odd Asbjørn (2003). *Grunnskolen som nasjonsbygger. Fra statspietisme til nyliberalisme*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Telhaug, Alfred Oftedal og Vestre, Svein Egil (red.) (1981). *Normkrise og oppdragelse. Artikler om holdningsdannelse og normoverføring I hjem, skole og samfunn*. Oslo: Didakta Norsk Forlag AS.
- Thelin, Annika Andrea og Williamson, Hazel (red.) (2004). *Nya forskningsperspektiv på mobbning. Dokumentation av en forskarkonferens om mobbning 24-25 september 2003 i Stockholm*. ANP: 2004:724. København: Nordisk Ministerråd.
- Thornberg, Robert (2011). "'She's weird!' – The Social Construction of Bullying in School: A Review of Qualitative Research" in *Children & Society*, 25 (4). Oxford: Blackwell.
- Thornberg, Robert (2015a). "The social dynamics of school bullying: The necessary dialogue between the blind men around the elephant and the possible meeting point at the socialecological square" in *Confero* 3 (2). Linköping University Electronic Press.
- Thornberg, Robert (2015b). "School Bullying as a Collective Action: Stigma Processes and Identity Struggling" in *Children & Society* 29 (4). Oxford: Blackwell.
- Thors, Christina (red.) (2007). *Utstött – en bok om mobbning*. Pedagogiska Magasinets skriftserie, nummer sex. Stockholm: Läraförbundets Förlag.
- Thuen, Harald (2008). *Om barnet. Oppdragelse, opplæring og omsorg gjennom historien*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Thuen, Harald og Vaage, Sveinung (red.) (2004). *Pedagogiske profiler. Norsk utdanningstenkning fra Holberg til Hernes*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Tikkanen, Tarja og Junge, Amund (2004). *Realisering av en visjon om et mobbefritt oppvekstmiljø for barn og unge. Sluttrapport til evaluering av Manifest mot mobbing 2002-2004*. Rapport RF – 2004/223. Stavanger: Rogalandsforskning.
- Tønnessen, Liv Kari B. (2011). *Norsk utdanningshistorie. En innføring med fokus på grunnskolens utvikling*. 2. utgave, Bergen: Fagbokforlaget.

Twemlow, S. W.; Vernberg, E.; Fonagy, P.; Biggs, B. K.; Nelson, J. M.; Nelson, T. D. and Sacco, F. C. (2010). "A School Climate Intervention that Reduces Bullying by a Focus on the Bystander Audience Rather than the Bully and the Victim: The Peaceful Schools Project of the Menninger Clinic and Baylor College of Medicine" in in Jimerson, S. R., Swearer, S. M. & Espelage, D. L. (eds.). *Handbook of Bullying in Schools. An International Perspective*. New York: Routledge.

Utdanningsdirektoratet (2012). *Vurdering av støtte til antimobbeprogram og læringsmiljøprogram*.

http://www.udir.no/globalassets/upload/mobbing/vurdering_laringsmiljo_og_antimobbeprogrammer.pdf (lasta ned 01.11.15)

Vibe, Nils (2010). *Spørsmål til Skole-Norge høsten 2010. Resultater og analyser fra Utdanningsdirektoratets spørreundersøkelse blant skoler og skoleeiere*. Rapport 40/2010. Oslo: NIFU

Vieira da Fonseca, M. M.; Garcia, I. F. and Pérez, G. Q. (1989). "Violence, Bullying and Counselling in the Iberian Peninsula" in Roland, E. og Munthe, E. (eds.). *Bullying – An International Perspective*. London: David Fulton.

Vik, Bjørnar Mortensen (2014). *For barna og samfunnet. Psykologi, barneoppdragelse og sosialpolitikk i Norge, ca. 1900-1975*. Avhandling for ph.d-graden, Universitetet i Bergen.

Vaaland, Grete S. and Roland, Erling (2013). "Pupil aggressiveness and perceptual orientation towards weakness in a teacher who is new to the class" in *Teaching and Teacher Education*, 29. Elsevier.

Walton, Gerard (2005). "Bullying Widespread": A Critical Analysis of Research and Public Discourse on Bullying" in *Journal of School Violence*. Taylor & Francis.

Walton, Gerard (2011). "Spinning our wheels: reconceptualising bullying beyond behaviour-focused approaches" in *Discourse: Studies in the Cultural Politics of Education*. Routledge.

Walton, Gerard (2015). "Bullying and the philosophy of shooting freaks" in *Confero 3 (2)*. Linköping University Electronic Press.

White, Sheldon H. (2003). "Developmental Psychology in a World of Designed Institutions" in Koops, Willem and Zuckerman, Michael (eds.). *Beyond the Century of the Child. Cultural History and Developmental Psychology*. Philadelphia, PA: University of Pennsylvania Press.

Whitney, Irene and Smith, Peter K. (1993). "A survey of the nature and extent of bullying in junior/middle and secondary schools" in *Educational Research*, 33 (1). London: Taylor & Francis Ltd.

Wrethander, Marie (2007). "Uteslutandets komplexitet och skapandet av kamratkulturer" i i Thors, Christina (red.). *Utstött – en bok om mobbning*. Pedagogiska Magasinets skriftserie, nummer sex. Stockholm: Lärarförbundets Förlag.

Yates, Colin and Smith, Peter K. (1989). "Bullying in Two English Comprehensive Schools" in Roland, E. og Munthe, E. (eds.). *Bullying – An International Perspective*. London: David Fulton.

Yoneyama, Shoko (2015). "Theorizing School Bullying: Insights from Japan" in *Confero 3* (2). Linköping University Electronic Press.

Øisang, Thorleif (1977). *En skole mellom ytterpunkter*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Aarland, Svein Otto (1986). *Alene eller sammen. Håndbok i forebygging av mobbing og vold*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Errata-liste

- Side 11 "viktigskapen" er retta til "viktigheita"
- Side 34 "fullkommen vakse menneske" er retta til "fullkomment vakse menneske"
- Side 43 manglande ord ("den") sett inn i setninga "(...) i staden blei den fordelt på fleire ulike arenaer"
- Side 47 enkel linjeavstand i siste avsnitt endra til halvannan linjeavstand
- Side 57 sett inn tabulatorinnrykk framføre "Ola Agevall viser (...)"
- Side 86 endra "iddentitetsskapande" til "identitesskapande" i sitatet
- Side 94 fjerna hermeteikn i slutten av sitatet
- Side 96 "arbeideplassar" endra til "arbeidsplassar"
- Side 109 "Kyrkje- og undervisningsminister Bjartmar Gjerde" endra til "kyrkje- og undervisningsminister Bjartmar Gjerde"
- Side 111 "Kyrkje- og undervisningsminister Kjølvs Egeland" endra til "kyrkje- og undervisningsminister Kjølvs Egeland"
- Side 118 "presset på at politikarane" endra til "presset for at politikarane"
- Side 135 "Kyrkje- og undervisningsminister Tore Austad" endra til "kyrkje- og undervisningsminister Tore Austad"
- Side 146 fjerna ekstra punktum etter sitatet "(..) omtrent like sterke individer."
- Side 148 "Kyrkje- og undervisningsdepartementet" endra til "kyrkje- og undervisningsdepartementet"
- Side 156 "Kyrkje- og undervisningsminister Tore Austad" endra til "kyrkje- og undervisningsminister Tore Austad"
- Side 189 "ancious" retta til "anxious"
- Side 214 note 783: "kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet" endra til "Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet"
- Side 270 fjerna ekstra mellomrom etter "då": "då den svarte"

